



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Kommunestyret
Møtestad: 1. etg., Volda samfunnshus
Dato: 31.05.2018
Tid: 14:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordfører



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 67/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 68/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 69/18	Planid 2016001 - reguleringsplan E39 Volda - Furene . Slutthandsaming av plan. Plan og bygningslova §12-12
PS 70/18	Planid 1519-2017002 -Detaljreguleringsplan for Volda Campus Arena - idrettshall på Jopllassen gbr 19/807. Slutthandsaming av plan.
PS 71/18	PlanId 2011009 - reguleringsplan turveg Rotevatnet, klage på planvedtak
PS 72/18	Årsmelding 2017 - Volda kommune
PS 73/18	Rekneskap 2017- Volda kommune
PS 74/18	Vidare utgreiing om framtidig legevakt- og ambulansesamarbeid. Lokalisering av ambulasestasjon
PS 75/18	Avhending av Bjørkedal skule
PS 76/18	Siril Bratten - søknad om fritak frå polititiske verv
PS 77/18	Orienteringssaker
OS 28/18	Samansetjing av fellesnemnda
OS 29/18	Årsmelding 2017 for Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne
OS 30/18	Protokoll frå kontrollutvalsmøte 15.05.2018 Grunngjeve spørsmål – interpellasjon
FO 7/18	Interpellasjon - Handlingsplan for plastforsøpling
PS 78/18	Delegerte saker frå avdelingane
DS 78/18	Igangsettingsløyve Gbr 10/27



VOLDA KOMMUNE

DS 79/18	Løyve til endring Gbr 11/49
DS 80/18	Løyve til endring og igangsetting Gbr 17/240
DS 81/18	Ferdigattest, Kusymrevegen 1 og 3 Gbr 17/180
DS 82/18	Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 17/204
DS 83/18	Igangsettingsløyve, riving av bustad Gbr 18/50
DS 84/18	Ferdigattest, Halkjelsgata 26 Gbr 19/518
DS 85/18	Løyve til tiltak, påbygg/ark Gbr 19/527
DS 86/18	Ferdigattest, garasje med bueining Gbr 19/93
DS 87/18	Løyve til tiltak, garasje Gbr 19/858
DS 88/18	Mellombels bruksløyve , turveg Gbr 29/46
DS 89/18	Ferdigattest, Mellombels bygning Gbr 30/196
DS 90/18	Ferdigattest, skinnvik bru Gbr 72/1
DS 91/18	Løyve til endring, garasje gbr 80/8
DS 92/18	Ferdigattest, tilbygg Gbr 103/2
DS 93/18	Løyve til tiltak, bustad og garasje Gbr 146/44
DS 94/18	Ferdigattest Gbr 103/2

Gruppemøte

Måndag 28.05.2018

AP	kl. 18:00-20:00	Møterom Dalsfjorden
V	kl. 20:00-22:00	Møterom Dalsfjorden
SP	kl. 19:30-21:30	Møterom Austefjorden
MDG	kl. 20:00-22:00	Biblioteket

Tysdag 29.05.2018

H	kl. 17:30-19:30	Møterom Austefjorden
FRP	kl. 17:00-22.00	Møterom Voldsfjorden

Onsdag 30.05.2018

SV	kl. 18.00-20.00	Møterom Voldsfjorden
KRF	kl. 19:30-21:30	Møterom Austefjorden

PS 67/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 68/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2016/11

Arkivkode: 2016001

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
82/18	Formannskapet	22.05.2018
69/18	Kommunestyret	31.05.2018

PLANID 2016001 - REGULERINGSPLAN E39 VOLDA - FURENE . SLUTTHANDSAMING AV PLAN. PLAN OG BYGNINGSLOVA §12-12

Handsaming:

Rådmannen kom med slik endring av tilrådinga frå administrasjonen:

..... revidert 9.mai 2018, og tilhøyrande plan sist datert 19.02.2018, vert godkjent....

Dan Helge Bjørneset kom med slikt framlegg på vegne av Høgre og FrP:

Om skissert framdriftsplan for bygging av VOLDA-tunnel blir følgt (prioritering/løyving i NTP), vert det mange år før denne tunnelen kan opnast for trafikk.

Då Kvivsvegen vart opna i juni 2014, vart E39 lagt gjennom sentrum i Volda utan nokon opprustning av dåverande fylkesveg, - noko som har skapt ein uholdbar og fårleg trafikksituasjon fleire stader i sentrum, ikkje minst mellom Småbåthamna og Elvadalen.

- 1. Kommunestyret ber ordføraren om straks å få i gang vidare drøftingar med Statens vegvesen, for å få fastsett korleis kryssinga av Øyraelva skal løysast. Det vert vist til møte i Volda formannskap den 2/10.2017, sak OS 140/17, der Vegvesenet tok del, og der eit samla formannskap avviste eit forslag om ei rundkøyringsløysing (Alt. B), men gav til kjenne at ein såg positivt på ei rein bruløysing (Alt. A).*
- 2. Ordføraren vert vidare beden om straks å få i gang samtalar med Vegvesenet med sikte på å få dette prosjektet finansiert med ekstra løyvingar frå «Programområdemidlar/riksvegar» noko Samferdselsdepartementet tidlegare har stadfest kan vere mogeleg.*

Ordføraren kom med framlegg om at framlegget frå Høgre og FrP, vert lagt fram for kommunestyret som eiga sak.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Høgre og Frp vart ikkje reist til votering. Formannskapet var samde om at framlegget vert lagt fram for kommunestyret som eiga sak.

Tilråding i formannskapet - 22.05.2018 til kommunestyret:

- 1. Formannskapet gjer om inkje sitt vedtak i sak PS62/18 frå møte den 17.04.2018.*
- 2. Reguleringsplan for E39 Volda -Furene slik det går fram av planomtale, regluringsføresegner og reguleringsplankart sist revidert 9.mai 2018, og tilhøyrande plan sist datert 19.02.2018, vert godkjent i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-12.*

Administrasjonen si tilråding:

- 3. Formannskapet gjer om inkje sitt vedtak i sak PS62/18 frå møte den 17.04.2018.*
- 4. Reguleringsplan for E39 Volda -Furene slik det går fram av planomtale, regluringsføresegner og reguleringsplankart sist revidert 9.mai 2018 vert godkjent i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-12.*

Vedleggsliste:

Formannskapssak PS 152/17, frå møte den 2.10.2017.

Planhefte dater 4. april 2018, justert 9. mai 2018

Reguleringsføresegner, sist justert 9. mai 2018

Reguleringsplankart, sist revidert 9. mai 2018

Merknader/Innspel ved offentlig ettersyn.

Innspel/korrespondanse med eigar av gnr 19 bnr 611, og justering i plankart ut frå dette

Uprenta saksvedlegg:

Tekniske panar/teikningar

Plan- og profildeikningar

Illustrasjonar

Andre uprenta vedlegg

- Originalmerknader samla i eige hefte
- Støyutredning for E39 Volda-Furene, Rambøll AS, mars 2017
- Vurdering av lokal luftkvalitet, Rambøll AS, mars 2017
- Borne- og studenttrakkregistrering, SVV 2016
- Kulturminnerapport, Møre og Romsdal fylkeskommune (under utarbeiding)

Samandrag av saka:

Framlegg til reguleringsplan for E39 – Volda –Furene («Voldatunellen») vart handsama av Formannskapet som sak 62/18 den 17.04.2018. Det vart i saka gjort fylgjande vedtak, tilråding til kommunestyret:

Reguleringsplan for E39 Volda -Furene slik det går fram av planomtale, regluringsføresegner og reguleringsplankart datert 10.april 2018 vert godkjent i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-12.

Prosjektleiar Astrid Eide Stavseng og Jonas Misund, frå Statens vegvesen, og Per Heltne, planleggar i Volda kommune, orienterte om saka.

I etterkant av møtet i Formannskapet vart det påvist ein del mindre manglar i dei data/kartbaserte filane tilknytt plan.

Etter gjeldande rutinar, godkjenning av plandata- sosi-filer for integrasjon i kommunen sin planbase og for utlegging på nett, kunne planen ikkje slutthandsamast før dette vart ordna. Vidare handsaming i kommunestyret vart difor utsett til desse feila vart retta opp.

Justeringane går fram av utdrag frå e-post som ligg ved saka.

Statens vegvesen har no gjort endringar i plankart og føresegner med grunnlag i dette.

Kommunen har etter handsaming av saka i formannskapet blitt kontakta av eigar av gnr 19 bnr 611, der ein hevdar å ikkje ha motteke utsendt informasjon tilknytt plansaka. Adresselister og postgang er sjekka ut, og alt av adresser og utsendingar ser ut til å stemme. Vi kan såleis ikkje sjå at det er gjort feil i førehandsvarsling eller ved utsending til offentleg ettersyn.

I samråd med Statens vegvesen er parten invitert til møte den 23.04.2018, og nytt møte den 27.04.2018. Møtet vart halde på Volda rådhus, og her møtte eigarane av 19/611, Magne Krøvel frå Statens vegvesen og underteikna.

Det vart orientert om tidlegare saksgang og korleis varslinga har blitt gjennomført. Huseigar opplyser at dei, sjølv om dei ikkje har motteke brev(?), er kjende med planane gjennom avisa, gjennom prat med naboar og ved kontakt frå partar i området som ynskjer avtale om kjøp av eigedom, i høve planar om samla planlegging/utbygging på området. Dei har likevel ikkje før no teke kontakt med kommunen/Statens vegvesen for å få meir informasjon om planane.

Eigar av gnr 19 bnr 611, gav i møtet tilbakemelding om at dei, ut frå den orientering og informasjon som dei no har fått, ikkje har grunn til merknader til saksgang/informasjon i saka.

Dei kom med fylgjande framlegg til konkrete endringar i plan ved eigedomen:

I plankart justert etter offentleg ettersyn vart planlagt ny tilkomstveg til eigedomane 19/611, 19/252, (f_SKV1 og f_SF2) ved ei mistyding lagt inn på hans eigedom.

Kommunen har i ettertid teke initiativ til oppretting av denne feilen, slik at planlagt veg og fortau no skal ligge utanfor hans eigedom. Plankartet vart foreslege endra som vist i skisse nedanfor, jf justert veg f_SF2 inn mot grensa til 19/611.



Plankartet er oppdatert og vart oversendt parten ved e-post, med ynskje om snarleg tilbakemelding.

Vi har ikkje motteke skriftleg tilbakemelding, men ved telefonsamtale i dag 15.05.2018, opplyser parten at han er godt nøgd med løysinga og har difor ikkje gjort nok meir med tilbakemelding. Vil sende tilbakemelding skriftleg ved e-post i dag etter arbeidstid.

Administrasjonen legg såleis no til grunn at endringa er akseptert og i samsvar med konklusjonar ved gjennomgang av merknader ved offentleg ettersyn.

Plandata vert tilfredstillande ivareteke, i høve krav til sosi-data.

Endringar som fylgje av dette er innarbeidd i plandokument motteke 9.05.2018.

Med vising til saksutgreiinga nedanfor, slik den låg føre ved handsaming av sak 62/18, den 17.04.2018, vert justert plan motteke 9.05.2018 fremja og tilrådd godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12.

Saksopplysningar/fakta:

Framlegg til reguleringsplan for E39 – Volda –Furene («Voldatunellen») vart sist handsama i formannskapet den 02.10.2017, som sak PS 152/17.

Prosjektleiari Astrid Eide Stavsen og Jonas Misund, frå Statens vegvesen, og Per Heltne, planleggar i Volda kommune, orienterte om saka., der det vart gjort slikt vedtak:

Reguleringsplan for E39 Volda -Furene slik det går fram av planomtale, ruleringsføresegner og reguleringsplankart datert 01.09.2017 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10

Saksutgreiinga frå Formannskapssak 152/17 ligg som vedlegg og bakgrunn til denne saka.

Offentleg ettersyn:

Etter dette har Statens vegvesen i samarbeid med kommunen gjennomført offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-10, med tilskrivning av partar og aktuelle høyringsinstansar og kunngjering i lokalpressa og på kommunen og statens vegvesen sine heimesider. Jf. Kunngjering /brev datert 6.10.2017.

I samband med høyringa vart det arrangert eit orienteringsmøte på Uppheim forsamlingshus 6. november kl. 18.00, og det vart gjennomført open kontordag på Volda rådhus 7. november kl. 12.00-17.00.

Planforslaget vart lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 09.10.-24.11. 2017 på Volda rådhus og hos Statens vegvesen i Ålesund. Plandokumenta var også tilgjengelege på heimesidene til kommunen og Statens vegvesen.

Merknader ved offentleg ettersyn, og endringar i plan som fylgje av desse:

Eg viser til oppdatert plandokument, Planhefte datert 4. april 2018 som er vedlegg til saka. Her er det gitt ein gjennomgang av alle innkomne merknader/innspeil ved offentleg ettersyn, og gitt vurderingar og forslag til justeringar i planomtale, plankart og føresegner. Nærare omtale av desse vert ikkje gitt her. Då dette er omtala i plandokumentet, men eg tek med dei endringar som merknadane har gitt grunnlag for.

Mørenett AS

Mørenett har høg- og lavspentkablari innanfor reguleringsområdet på Volda-sida som må leggast om før opparbeiding av ny rundkøyring. Det er planar om ei større omlegging av hovudnettet i regionen på sikt, ved å gå frå 66 kV nett til 132 kV nett, og har sett på ei løysing for å sikre ringmating til Volda sentrum ved å legge kraftige kablar frå Ryste

transformatorstasjon til Furene og vidare gjennom den nye tunnelen til Volda. Det er fleire alternativ til løysing, og Mørenett vil måtte få skriftleg løyve frå Statens vegvesen til å ev. legge ev. kablar gjennom den framtidige tunnelen.

Kommentar/vidare oppfølging:

• *Tematikken blir å følgje opp i vidare byggeplanlegging. Det må fattast eit eige vedtak i tilknytning til etablering av kraftige kablar gjennom tunnelen. Merknad er teken til vitande.*

NVE - Noregs vassdrags- og energidirektorat

NVE viser til at det innanfor planområdet er to vassdrag med årssikker vassføring, jf. Vassressurslova (VRL) §2. Det er Sagarelva ved Furene og Storelva (Øyraelva) i Volda. For Storelva er innspela ivareteke gjennom føremål i plankartet og føresegnene §§ 6.1 og 8.1. Sagarelva er ikkje regulert med same føremål i plankartet, og NVE rår til at plankart og føresegner vert endra til rett arealbrukskategori for Sagarelva og tilhøyrande kantsone.

Handtering av overflatevatn i anleggsperioden er omtala i planomtalen s. 28. I periodar med mykje nedbør er det skissert at noko av overflatevatnet vil først ut i Storelva (Øyraelva) og det skal etablerast system for avslamming før vatnet går i vassdraget. NVE kan ikkje sjå at krav til slike tiltak er nedfelt i føresegnene til planframlegget. Sjølv om det er sett krav til Ytre Miljøplan, jf. føresegnene § 11, rår NVE til at det vert sett særskilde krav til handtering av overflatevatn som skal først til vassdrag, jf. VRL §§ 5 og 47.

• I planomtale/ROS-analyse er det vist til aktsemdskart for flaum for Storelva (Øyraelva) i Volda. To utbyggingsområde er omfatta av aktsemdssona, og føreslege krav i føresegnene §§ 4.5 og 4.6 om avklaring av reell flaumfare i samband med detaljregulering. NVE peikar på at det i ROS- analysen er vist til område B1, medan det i føresegner og planomtale er vist til områda BKB4 og BKB5.

• For at planmaterialet skal vere enklare å tyde, rår NVE til at aktsemdssona for flaum også vert innarbeidd i plankartet som omsynssone med tilhøyrande føresegner.

• NVE rår vidare til at det vert stilt krav til vurdering av fare for erosjon langs vassdraget.

• Grunntilhøva i planområdet er skildra i planomtalen s. 15, men omfattar berre områda nær planlagde vegtiltak. I Volda dekkjer plankartet også område der NGU sitt lausmassekart viser marine strandavsetningar. Her kan det ikkje utelukkast førekomstar av kvikkleire, noko som plandokumenta må ta høgde for.

Det er føreslege krav om detaljregulering for utbyggingsområde som er omfatta av aktsemdssone for skred, og vist til NVE retningslinje 2/2011 og siste avsnitt i kap. 6.5.2 D. NVE reknar med det er ein skrivefeil og her er meint kap. 7.5.2 D.

Krav om utgreiing av reell fare i samband med detaljregulering er i samsvar med NVE sine retningslinjer, men NVE rår likevel at plandokumenta vert oppdatert slik at det også blir gjeldande for potensiell flaumfare, erosjonsfare og ustabile grunnforhold.

Kommentar/justeringar:

Øvre del av Sagelva ligg i planområdet som ein ordinær jordbrukskanal som etter vårt syn inngår som ein naturleg del av LNF-formålet. Kanalen vil bli lagt om og heilt eller delvis lagt i rør både som følgje av anleggstiltaka, og med tanke på permanent situasjon. Detaljane i dette vil bli fastlagt i prosjektering og i samråd med kommune og grunneigar. Det er difor vanskeleg å vise Sagelva/kanalen med eige arealformål i reguleringsplanen.

Konkrete krav til handtering av overvatn og drivevatn blir fastsett av Fylkesmannen i utsleppsløyve etter forureiningslova. Det vil vere uheldig dersom krav i reguleringsplanen ikkje samsvarar med eller strir mot Fylkesmannen sine krav. Bindinga mellom § 11.1 i føresegnene og kapittel 8.7 i planomtalen er elles gjort sterkare, jf. merknad frå Fylkesmannen.

Områdenemningane i ROS-analysen er retta opp.

Avgrønsinga av aktsemdssona for flaum er så grov, og berører så liten del av planområdet at det ikkje gir juridisk mening å vise den i planen, jf. illustrasjonen nedanfor. Reell flaumfare

må uansett avklarast i detaljregulering av områda, og i så måte uavhengig av korleis flaumfaren er synleggjort i områdeplanen.

Vurdering av erosjonsfare er tatt inn som eit moment i §§ 4.5 og 4.6.

Vurdering av grunntilhøve er tatt inn særskilt i §§ 4.5 og 4.6 for dei områda som ligg på marine strandavsetningar. Planomtalen er oppdatert i avsnitt 4.10.

Skrivefeilen er retta opp, og plandokumenta er oppdatert i samsvar med merknaden, jf. punkta ovanfor.

Avinor

• Høgderestriksjonane rundt Ørsta-Volda lufthamn er innarbeidd som omsynssone H190 og skildra i § 9.2 i reguleringsføresegnene etter innspel frå Avinor. Føresegna tek i vare hinderflatene (innflygingsflate og sideflate), lysbruk, bruk av kraner og anleggsmaskiner i anleggsperioden samt eventuelt krav om påmontering av hinderlys på lysmaster.

Kommentar

Merknad frå Avinor teken til vitande.gir ikkje grunnlag for justeringar i plan.

Sunnmøre kulturnæringshage AS

Sunnmøre Kulturnæringshage AS arbeider med forprosjekt for etablering av Volda Kunnskapspark i Ivar Aasen-bygget på campus. Kunnskapsparken planlegg å samlokalisere om lag 40 selskap, og vil vere både regional og nasjonal ressurs for bedrifter med utspring i fagutdanning og fagmiljø ved Høgskulen i Volda.

Dei påpeikar at gjennomføring av reguleringsplanen medfører at svært mange parkeringsplassar for Ivar Aasen-huset fell bort. Dette aukar behovet for gode løysingar til offentleg kommunikasjon.

Det lyt etablerast ny tilkomstveg til bygget, og ny hovudtilkomst med bil frå nord som vist i plankartet vil vere ei god løysing. Eksisterande tilkomst til Ivar Aasen-bygget via hovudinnkøyringa til campus i Elvegata bør oppretthaldast.

Dei fryktar villkryssing mellom dei to haldeplassane i Elvegata, sidan det ikkje er lagt opp til gangfelt.

Kommentar/forslag justeringar:

Ønske om endra tilkomst må løysast innanfor detaljregulering for campusområdet.

Når det gjeld tilrettelegging for offentleg kommunikasjon, er det gjort klare forbetringar i plassering og tilgjenge til busslommene samanlikna med dagens situasjon. Ein vil i prinsippet basere på at fotgjengarane og brukarane av offentleg kommunikasjon skal nytte den planfrie løysinga for mjuke trafikantar i Sjukehuskrysset. Det er vidare fullt mogleg å legge betre til rette for tenelege ferdsselsårer med påkopling til den planfrie kryssinga i detaljreguleringsplan for campus-området.

Villkryssing ønskjer ein i størst mogleg grad å unngå, ev. må ein etablere midtdele dersom dette vert ei utfordring for trafikksikkerheita. Merknaden gav ikkje grunnlag for endring i plan.

Gjertrud og Jostein Rotevatn, Svanhild I. og Tormod Mo, Nytunvegen 25 og 29

Dei poengterer at ut frå planlegging av to løp i tunnelen må gardstunet vest for innkøyringa løysast inn. Dei ønskjer at tilkomst til parkeringsplassen ved Ivar Aasen-bygget går syddover langs gangvegen.

Rotevatn og Mo viser til at Nytun er tilrettelagt for tilkomst til det nye mediebygget, i tillegg til trafikkauke til og frå Røysmyrvegen. Det blir dermed merkbar auka trafikk på vege. Dei er fornøgd med at det er teikna inn gangveg på sydsida av Nytun, men ønskjer gangveg på nordsida også, alternativt at gangvegen vert flytta til nordsida.

Rotevatn og Mo forventar at trafikkstøyen vert kraftig redusert, men at det likevel vert vurdert trong for lydbarriere mot tunnelopninga.

Kommentar:

Det er korrekt at med viste løysingar så må nemnde eigedom løysast inn.

Ny tilkomstveg til Ivar Aasen-bygget som er vist i plankartet er å sjå på som framlegg til løysing i samråd med kommunen, og vil bli nærare vurdert ved detaljregulering av område BOP1 m.fl. når ein har meir detaljert kunnskap om kva funksjonar og bygningar dette området vil få.

Når det gjeld supplerande gangveg på nordsida av køyrevegen til Nytun, er det lagt aktuelle målpunkt og samanhengande gang- og sykkelvegliner lagt til grunn for løysinga. Ut frå forventa trafikk, vil det ikkje vere behov for tosidig g/s-løysing langs Nytunvegen.

For spørsmål knytt til yttarlegare støyvurdering/tiltak, viser støyberekningane at det ikkje er grunnlag for å legge til rette for dette forbi dei nemnde bustadane, jamfør støysonekartet.

Merknaden gir ikkje grunn til endringar i planframlegget.

Are og Ola Halkjelsvik på vegne av Kirsti Halkjelsvik, Myravegen 6, gbnr. 19/205

Tilkomsten til gbnr. 19/34 er markert med avkøyrslø gjennom hagen sør for bustaden i Myravegen 6. Eigar av gbnr. 19/205 ønskjer at avkøyrslø til 19/34 blir flytta til nordsida av Myravegen 6 og til gangvegen.

Myravegen 6 vil få auka støybelastning sjølv om E39 vert senka forbi eigedomen.

Eigedomen ligg i gul sone på støysonekartet og dei føreset at tiltak blir gjort ved første utbygging. Dei påpeikar også at tiltak mot støy og ureining også må gjerast i byggefasen.

Kommentar/forslag til endring i plan:

Tilkomst til BKB4 er no flytta til nordsida av 19/205 via sørlege del av g/s-veg o_SGS4. Det er lagt inn breiddeutviding for å legge til rette for blanda trafikk på ei kort strekning, der køyrande vil få vikeplikt for mjuke trafikantar.

Støy og forureining, både i anleggstida og ved permanent tiltak, skal ivaretakast i samsvar med gjeldande forskrifter, jf. føresegnene. Løysingar for dette vert teke i samband med byggeplan for E39-prosjektet og i samband med vidare detaljregulering når det gjeld ny/framtidig bebyggelse på område BKB4. jf. Justeringar i plan.

Nettbuss Furene v/verneombod og tillitsvalde

Sjåførgruppa i Nettbuss er kritisk til løysinga som er planlagt for kollektivtrafikk i området ved Volda sjukehus, og seier at rundkøyringa på plankartet ikkje er vesentleg endra i forhold til dagens situasjon.

Sjåførgruppa er kritiske til om sikkerheita for passasjerar, pasientar, tilsette på sjukehuset og andre som ferdast i området rundt hovudinngangen blir godt nok ivarettatt slik planløysinga er tenkt. Dei stiller spørsmål ved om det er ønskeleg å ha tunge køyrety heilt inn til hovudinngangen på sjukehuset, og nemner mellom anna ubehag med eksos og støy, og at blindsona for dei 15 meter lange bussane utgjer ein sikkerheitsrisiko. Dei har også over lengre tid erfart at feilparkerte bilar kan medføre at bussen blir ståande. Sjåførgruppa påpeikar vidare kravet til universell utforming (UU) og korrekte høgder i høve heisanretning m.v.

Sjåførgruppa ønskjer at kollektivløysingane må vere framtidsretta, og meiner ein må tenke nye busslommer på begge sider langs ny veg mellom Kløvertunvegen og Heltnevegen eller i samband med nytt kryss i Kløvertunvegen. Dette vil medføre litt lengre gangavstand til sjukehuset, men ikkje lengre enn det som er vanleg på dei fleste sjukehus.

Dersom det ikkje er mogleg å løyse kollektiv på andre måtar enn å nytte rundkøyring ved hovudinngangen, ser sjåførgruppa det som ei betre løysing å halde fram med dagens utkøyring mot Heltnevegen sjølv om dei meiner dette langt frå er ideelt.

Sjåførgruppa meiner at dersom ein skal gjere kollektiv til eit alternativ til privatbil, bør ein sjå på moglegheitene for å opppnå kortare reisetider og avstandar. Dei ser føre seg ei korrespondanselomme i tilknytning til ny rundkøyring og høgskulen. Dette kunne opna for

framtidige løysingar med samanbinding av gjennomgåande linjer, lokaltrafikk og knutepunkt.

Kommentar

Merknaden gjeld primært framlagt løysing for kollektiv ved Volda sjukehus. Tre av merknadane, frå høvesvis Helse Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune og Nettbuss Furene v/tillitsvalde og verneombod, var kritiske til framlagt løysing for kollektiv ved Sjukehuset i Volda.

Det vart avhelde befaring og påfølgande møte med dei aktuelle partane og kommunen den 10.01.18. Der vart det sett på ei anna mogleg løysing som alternativ til løysing framlagt i plan. Alternativet betingar at bussen køyrer ut på Heltnevegen som i dag. Løysinga vart drøfta og vurdert i oppfølgande møte 25.01.18. Området er komplekst og trangt, og det er per i dag uklart om følgjene av ei framtidig utbygging av sjukehuset vil gjere løysingsalternativet mogleg.

Intensjonen med å ta med sjukehusområdet var å utbetre løysing for kollektivtrafikken samtidig med nødvendige omleggingar av lokalvegnettet i området. Statens vegvesen kan ikkje formalisere ei løysing gjennom reguleringsplan der bussen må over i motsett køyrefelt for å kome ut på Heltnevegen. Denne saka er så kompleks at den må løysast gjennom ein meir heilskapleg plan for eit større område. Kollektivløysing ved sjukehuset er difor teke ut av reguleringsplanen.

Reguleringsplanavgrensinga vil ikkje medføre endringar samanlikna med dagens situasjon når det gjeld køyretilkomst frå Kløvertunvegen.

Partane er orientert om at dei kan tilrettelegge for ny løysing innanfor eksisterande trafikkareal eller vidareføre praksisen som i dag, slik sjåførgruppa ser som eit betre alternativ til opprinneleg framlagt løysing.

Når det gjeld korrespondanselomme, tolkar vi det slik at dette er ønskjeleg i samband med tilrettelegging for haldeplassane i Elvegata i tilknytning til høgskulen. Det er i planen teke høgde for ordinære busslommer, i tråd med kollektivtilbodet som Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn, her under at knutepunktet ligg til busstasjonen i sentrum. Jf. Endra planavgrensing.

Helse Møre og Romsdal HF

Helse Møre og Romsdal HF v/Mona Aagaard-Nielsen er opptekne av tilrettelegginga for kollektiv ved Volda sjukehus. Planlagt løysing med rundkøyring og haldeplass kan etter deira syn bli lite hensiktsmessig for busstrafikken til og frå sjukehuset, samt mogleg hinder for anna trafikk som har behov for nærleik til hovudinnganen. Dei foreslår at rundkøyring-/snuplass for buss blir flytta litt lengre aust.

Kommentar

Utfordringa i dette området er, som sjukehuset også poengterer, at det er mange omsyn som skal takast i høve anna ferdsel og andre trafikantgrupper på eit relativt lite område. I andre innkomne merknader vert ein beden om å skrinlegge løysingsprinsippet av omsyn til trafikkikkerheit.

Kollektivløysing ved sjukehuset er no teke ut av reguleringsplanen, sjå kommentar til merknad frå sjåførgruppa i Nettbuss Furene ovanfor. Jf. Endra planavgrensing.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeskommunen påpeiker at dersom mjuke trafikantar skal ha same vilkår som dei køyrande, må tiltaka bli realisert. MRFK kan ikkje sjå at det i føresegnene er foreslått føringar som kan sikre opparbeiding av samanhengande ferdselsliner, og rår til at ein vurderer kva samanhengande gangliner som bør bli realisert samstundes med vegprosjektet, og utarbeider ei konkret rekkefølgjeføresegn som sikrar eit samanhengande ferdselsmønster på fortau, gang-/sykkelveg og sykkelveg.

Når det gjeld samferdsel/kollektiv, refererer fylkeskommunen til dagens rutetilbod i Volda.

Kollektivtrafikken tek omsyn til seks tyngdepunkt med rask framføring; Volda ferjekai, Volda rutebilstasjon–Moritzmarka, Volda vidaregåande skule/byggefeltet Klepp, Høgskulen i Volda, Volda sjukehus, byggefelta Bratteberg og Brenslene. Plasseringa av desse medfører, avhengig av trasèval, ulik reisetid. Bussane vil som hovudregel køyre dagens trasé forbi Furene mellom Ørsta og Volda for å få god betening av busstopp i Furene, på Egset og ved Volda ferjekai. For å få god og rask betening av sjukehuset og høgskulen ser fylkeskommunen føre seg ei alternativ løysing på dagens E39 i Volda sentrum (utanfor planområdet), slik at bussane slepp å køyre inn til Volda busstasjon før dei fortsett opp til sjukehuset og høgskulen, via Heltnevegen, Kløvertunvegen og Kårstadvegen tilbake til Volda busstasjon. Fylkeskommunen viser til at det i planforslaget er lagt opp til at bussane enten køyrer inn i rundkjøringa framfor sjukehuset eller stoppar med kantstopp i Kårstadvegen. Dei vurderer at bruk av rundkjøringa vil bli ein tidkrevjande flaskehals for bussane, samstundes som kantstoppa vil ha for lang avstand frå hovudinngangen for brukarane.

Fylkeskommunen rår difor til at kollektivtrafikken til/frå sjukehuset får ei løysing der bussane køyrer frå Heltnevegen inn i Kløvertunvegen med stopp ved hovudinngangen, og at Monsvegen og Bakkevegen eventuelt kan stengast mot Heltnevegen for å få eit meir oversiktleg trafikkbilde.

Kommentar

Opparbeiding av ferdselsliner for mjuke trafikantar er innarbeidd i føresegnene § 11, jf. også det same for etablering av trygge gangliner i anleggsperioden.

Møre og Romsdal fylkeskommune orienterer om rutetilbodet og dei prioriterte målpunkta på ruta, og at rutetilbodet primært vil følgje eksisterande E39 mellom Ørsta og Volda også i framtida.

Fylkeskommunen føreslår ei løysing for kollektivtrafikken til/frå sjukehuset som teoretisk sett er god, men som ikkje vil tilfredsstillе trafikksikkerheita. Stigninga i Heltnevegen er 12 % eller meir i dette partiet, og ein eventuell tilkomst frå Heltnevegen til sørsida av sjukehuset vil bli liggande i ei uoversiktleg kurve for køyrande nedover (i stor fart) på Heltnevegen. I tillegg vil ein m.a. måtte krysse g/s-vegen med syklistar som truleg også kjem i stor fart ned bakken.

Møre og Romsdal fylkeskommune har vore deltakande i oppfølging av problemstilling og prosess knytt til kollektivløysing ved sjukehuset som no er teken ut av planen, og ein viser her til kommentar til merknader frå sjåførgruppe/tillitsvald i Nettbuss Furene ovanfor. Jf. endra plangrense.

Reidar Haug, Vikebygdvegen 16

Haug blir berørt av prosjektet ved at dei blir nabo til ny rundkøyring i krysset mellom Vikebygdvegen og Heltnevegen. Han viser til at anleggsperioden og tiltaket vil generere meir trafikk gjennom rundkøyring, noko som vil påverke eigedomen frå to sider med auka støy, forureining og behov for sikring. Haug reknar med at deira rettar knytt til støyskjerming og kompensering av tapt eigedom og verditap på hus og eigendom er ein eigen prosess. Haug viser til at situasjonen for mjuke trafikantar vil betrast med dette prosjektet på sikt, men er bekymra for dei mjuke trafikantane i byggeperioden. Mange born nyttar vegane til ulike formål, og det er avgjerande at det blir laga gode, sikre og trygge løysingar frå dag ein. Haug har og eit ønskje om betre informasjon vidare, og ønskjer å ha ein kontaktperson for god dialog i byggeperioden. Han håper på godt samarbeid i den vidare prosessen.

Kommentar

Skjerming mot støy, både i anleggstida og som permanent løysing, vert ivareteke også for denne eigedomen i samsvar med reguleringsføresegnene og i tråd med gjeldande støyretningsline i arealplanlegginga. Dette vert å detaljere i byggeplan og avklarast i avtale med grunneigar i samband med grunninnløysing.

Sikkerheit for mjuke trafikantar vil bli søkt ivareteke best mogeleg gjennom utarbeiding av byggeplan og godt samarbeid med dei som bur og ferdast i området, også i anleggstida. Kontakt og dialog med berørte partar vil vere ein naturleg del av dette. Når det gjeld informasjon og dialog, vil dette vidareformidlast i dokumenta som skal vidareførast til byggeplanlegginga.

Statsbygg

Statsbygg meiner tiltaket er grundig utreda i plangrunnlaget og er positive til vektlegginga på gode løysingar for gåande, syklende og kollektivreisande. Statsbygg eig deler av området for Høgskulen i Volda der gbnr. 19/753 vert omfatta av planframlegget. Deler av parkeringsareal er sett av til busshaldeplass, GS-veg, anna trafikkareal og mellombels rigg- og anleggsområde. Tilkomst til campus aust for Hans Strøm bygget takast vekk. Ny lokalveg i området vil betre tilgjengelegheita på sikt, men også føre til meir trafikk og støy. Statsbygg sine verksemder i området vil påverkast i byggeperioden. Statsbygg sine eigedomar i Sjukehusvegen 6 (gbnr. 19/395, 19/396, 19/397) og Raudehuset (gbnr. 19/49) vert berørt. Deler av eigedomen sitt uteareal, tilkomst og parkering er avsett til mellombels anleggs- og riggområde.

For at ny tilkomst til campus frå Nytun skal kunne nyttast for framtidige bygg ved campus er det viktig at vegen handterer større køyrety for varelevering m.v.

Statsbygg føreset at bygningane i Sjukehusvegen 6 ikkje må rivast som følgje av tiltaket. Dei ber om at rigg- og anleggsområde vert så moderat som mogleg, og helst plassert lengst bort frå bygningane i det aktuelle området med omsyn til sjenanse og støy. Mellombels tilkomst og parkering for eigedomen må avtalast.

Eventuelle støytiltak for Sjukehusvegen 6 b) drøftast når byggetiltaket skal gjennomførast. Statsbygg seier at ein ikkje kan unngå at fotgjengarar kryssar vegen ved busshaldeplassen i Elvegata istadenfor å nytte GS-systemet lengre aust. Dei ber SVV vurdere fysiske hinder som gjer 'villkryssing' mindre attraktivt inntil ein eventuell fotgjengerovergang er på plass vest for haldeplassane.

SVV opplyser at byggetiltaket ikkje vil påføre meir vatn i bekken gjennom campus. Bekken toler ikkje større vassføring, dette er særskilt knytt til dimensjonering av brua inne på campus.

Slik planen føreligg er det behov for innløyising av gbnr. 19/49, erverv av areal på gbnr. 19/395, 19/396, 19/397 og 19/753, samt avtale om leige av areal til rigg- og anleggsområde.

Kommentar

Når det gjeld Statsbygg sine eigedomar, vil det som følgje av tiltaket vere behov for både permanent innløyising av eigedom og for å leige nødvendig areal til mellombelse rigg- og deponiområde.

Tilkomst frå Sjukehusvegen vert erstatta med ny tilkomst frå Nytun. Det vert her også lagt til rette for utvidingsareal til offentleg/privat tenesteyting som vil kunne kompensere for redusert p-areal.

Lenging av Nytun vil vere positivt for utviklinga på campus, og vegen vil vere dimensjonert for det nemnde behovet.

Når det gjeld Sjukehusvegen og tilhøvet til rigg- og anleggsområdet, er det eit siktemål å plassere dette med minst mogleg sjenanse for nærmiljøet, primært i høve til buande i området.

Reguleringsplanen legg opp til at støytiltak for Sjukehusvegen 6 b) blir avklara gjennom byggeplan og avtalar om innløyising av grunn før prosjektet skal gjennomførast.

Når det gjeld tilhøvet til etablering av fotgjengarkryssing i Elvegata, viser ein til innspel frå vegvesenet i samband med detaljregulering for Volda Campus Arena. Fysisk hinder for å begrense villkryssing i høve trafikksikkerheit i området, vil kunne vurderast.

Bekken som kryssar campus vert søkt ivareteke i samsvar med gjeldande reglar. Det er utarbeidd eigen flaumsikringsplan for området ovanfor Volda sentrum, der også omsynet til

denne bekken inngår. Ved overføring av flaumvatn frå denne bekken til Heltneelva vil det ut frå gjennomført flaumvurdering ikkje vere behov for ekstra tiltak her.

Dialog kring innløysing av areal som følgje av plan vert starta opp når plan er godkjent og det er tilført midlar til iverksetting av tiltaket. Ikkje grunnlag for endring i plan.

Høgskulen i Volda

Høgskulen i Volda er positive til Voldatunnelen og dei overordna løysingane som er foreslått i reguleringsplanen. Det er viktig at studentar og tilsette har ein trygg og god tilkomst til campusområdet, og dei er positive til at mjuke trafikantar er godt ivaretekt med løysingane som er vist. Høgskulen er bekymra for manglande gangtilkomst til Studentsamskipnaden og ber om at gang- og sykkelvegen på motsett side av campus vert ført heilt fram til plangrensa. Høgskulen etterlyser også fotgjengarfelt over Elvegata, og fryktar villkryssing i høve alternativet med å nytte «stjernebrua». Dei meiner at eit fotgjengarfelt over Elvegata vil betre tilkomsten til både busstoppet og Studentsamskipnaden.

Høgskulen er uroa over at det ikkje er planlagt ei løysing der ekspressbussar som køyrer E39 kan setje av/ta på passasjerar utan å køyre nedom Volda rutebilstasjon.

Ein bør vurdere eit kollektivstopp på E39-traseen mellom Rotsethorntunnelen og Voldatunnelen, slik at ein legg til rette for effektiv pendling til både høgskulen og sjukehus frå regionen. Høgskulen foreslår også ei form for «snu-løysing» via rundkøyringa i krysset Heltnevegen/Vikebygdegen.

Høgskulen er positive til at planen viser ny tilkomst til Berte Kanutte-bygget og det nye mediebygget via Nytun, og vidare at det er lagt til rette for tilkomst til Ivar Aasen-huset og framtidig kunnskapsark via Nytun. Dei peikar også på behovet for tilkomst til Ivar Aasen-huset via hovudinnkjørselen til campusområdet frå Elvegata.

Høgskulen nøgd med at ein har gjort ei grundig berekning av støyforhold, og at tiltak for å sikre tilhøva for undervisning i høgskulebygga nærast sjukehuskrysset skal vurderast.

Kommentar

Når det gjeld gangtilkomst til Studentsamskipnaden, er g/s veg no ført heilt fram til innkjørsel/plangrense slik at ein kan kome til Studentsamskipnaden utan å krysse i Elvegata. Fotgjengarkryssing i Elvegata og vidareføring av fortau ned til brua over Øyraelva må takast opp som eiga plansak, jamfør innspel frå vegvesenet i samband med plan for Volda Campus Arena.

I følgje Møre og Romsdal fylkeskommune, som har ansvar for kollektivtransporten, vil bussane gå via Volda sentrum (busstasjon/ferje m.v). og vil ha gode stopp ved viste busslommer i Elvegata.

Kollektivstopp på Austefjordvegen på strekninga mellom Rotsethorntunnelen og avkøyring til Myravegen er ikkje med i planen. Dette er basert på dei løysingar for kollektivtilbodet som Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn, og vil heller ikkje vere innanfor varsla planområde for E39 Volda-Furene.

Skulle dette bli endra over tid, vil stopp i Furene vere aktuelt. Kommunen opplyser at det alternativt vil vere rom for å etablere busslomme på Rotset, ved idrettsområdet. Alternative løysingar der bussen kan køyre av E39, setje av/ta på passasjerar, og returnere til E39, til dømes via rundkøyringa i krysset Heltnevegen/Vikebygdegen, er vurdert som ei lite aktuell løysing for framtida, då denne mellom anna vil seinke framdrifta for bussen.

Løysingar for tilkomst til Ivar Aasen-huset via Nytun og via hovudinnkjørselen til campusområdet frå Elvegata vil kunne sikrast ut frå vegsystema lagt inn i plan. Detaljar knytt til løysingar for dette og gjennomføring vil vere del av detaljregulering for området, og eigne investeringar for intern infrastruktur. Gjennomføring av slikt vegprosjekt fell utanfor E39-prosjektet. Støytiltak på undervisningsbygningane nærast E39 vert ivareteke gjennom gjeldande føresegner til plan, og detaljvurdert som del av byggeplanlegginga. Merknaden gir ikkje grunn til endringar i plan.

Lillian Lotsberg

Lotsberg skriv at intensjonen i planen om å utvikle eit forretnings- og bustadområde, blir hindra ved måten utnyttingsgraden er bestemt. Slik føresegnene står, vil maksimal utnytting vere 50 % av arealet x3. Men sidan forma på ei forretning og ein bustad er så ulik, vil ein ikkje kunne oppnå maksimal utnytting av kombinasjonen.

Dersom utnyttingsgraden i staden vert oppgitt i % BRA og ei maksimal kotehøgde tilsvarande 4 etasjar vil ein kunne oppnå både betre bustader og betre forretningar.

Vedlegg: sjå bilete i planomtalen.

Kommentar

Ei slik utnytting som Lotsberg viser til, er fullt ut mogleg å bruke for dette området med kombinert bebyggelse. Området har imidlertid blanda bebyggelse allereie i dag og det er uavklara korleis området skal utviklast vidare, - som samla utbyggingsområde eller delutbygging innanfor eksisterande eigedomstilhøve.

Kommunen vel å halde fast ved utnytting for området som angitt i plan, men har i føresegnene auka utnyttingsgraden til BYA 60 %. Det vert også teke inn ein utvida del av føresegn til plan som viser til nedfelte retningsliner i kommuneplan og kommunen sine vedtekter om krav til parkeringsdekning og krav til uteareal for bustader, jf. § 4.4 andre avsnitt. Jf. Justerte føresegner.

Vikebygdvegen 4 AS og V4-Mat AS

For Vb4/V4-Mat er det viktig å kunne bygge ny forretning og vere sikre på å få tilkomst til Vikebygdvegen fram til vegane i reguleringsplanen har blitt bygde. Dei ønskjer ei midlertidig godkjenning for avkøyring frå Vikebygdvegen til BKB3 ved ev. utbygging av ny butikk før ny endeleg tilkomst er etablert, denne kan alternativt kome mellom dagens Kiwi butikk (gbnr.19/211) og naboeigedomen gbnr. 19/252.

Når det gjeld BKB3, støttar dei at det kombinerte utbyggingsområdet er utvida. Vb4/V4-Mat ber om at utnyttingsgraden vert vurdert auka frå 50 % til minst 60 %. Ved å legge til rette for parkeringskjellar vil det framleis vere betydeleg grøntareal i området.

Vb4/V4-Mat meiner det er grunnlag for ei avvikande byggegrense for BKB3 samanlikna med veglova sine avstandar, sidan kryss/veg blir liggande betydeleg lågare enn bakkenivå. Dei ønskjer forutsigbarheit på dette punktet, slik at det kan leggest til grunn i detaljreguleringa. Vb4/V4-Mat forstår kart og føresegner slik at det er krav om felles detaljregulering for felt BKB3 jfr. § 4.3. Dei ønskjer stadfesta at kravet til felles plan kun gjeld BKB3, og at det ikkje er meininga at felt BKB1, 2 og 3 skal inngå i én felles plan, - jfr § 9.5.

Når det gjeld BKB1 og 2 ønskjer dei ikkje bustadar her, med unntak av bustadar for å dekke kommunen sitt behov for omsorg- og sosialbustadar, samt eventuelle erstatningsbygg for bustader som må rivast som følgje av framføring av veg i/til området.

Vb4/V4-Mat ber om at begrensinga m.o.t bustader i BKB1 og 2 vert tatt bort slik at det kan etablerast bustader tilsvarande som på BKB3. Lokalisering av omsorgs- og sosialbustader kan skje som bustader i hus som delvis også omfattar andre målgrupper. På desse to områda er utnyttingsgraden BYA 30 %, og dei ber om at utnyttingsgraden vert auka t.d. tilsvarande som for BKB3.

I overskriftene til §§ 4.2 og 4.3 er det ikkje presisert kva feltnummer det gjeld, samt at det ikkje er presisert i teksten at § 4.2 gjeld felt BKB1 og BKB2. Dei ber om ei presisering i overskrift og i føresegnene. Dei ønskjer også å få bekrefta at det berre er § 4.3 som er styrande for BKB3 m.o.t. arealformål, utnytting mv.

Dei reknar med at det vil vere rom for mindre justeringar av tilkomstveg til eigedomane i BKB3 ved detaljregulering av området. Dei ønskjer at vegarma nord frå samleveggen går langs eigedomsgrensa til 19/611.

Vb4/V4-Mat merkar seg at planen gir rom for etablering av forretningar arealmessig utover det forskrifta om detaljhandel gir rom for. Dette vil gjelde i endå større grad dersom også

utbyggingsområdet iflg. kommuneplanen vidare framover langs elva også blir «Kombinert bygge og anleggsformål». Det hadde vore bra om det frå kommunen si side vart signalisert litt klarare enn planen angir, dersom det er ønskjeleg at det vert satsa på å optimalisere moglegheitene for utbygging til forretningsformål i desse områda.

Vb4/V4-Mat seier at dei etter kvart vil ha spørsmål knytt til erstatning både m.o.t ulempe og grunnavståing, både som drivarar av forretningsverksemd og som grunneigarar.

Kommentar

Spørsmål om eventuell mellombels tilkomst og utbygging med tilkomst til Vikebygdvegen fram til vegar etter godkjent plan er på plass, må handsamast gjennom direkte søknad og ei konkret vurdering i høve til planlagt utbygging på området og konsekvensar i høve til godkjent vegplan. I utgangspunktet er ein positive til å legge til rette for ei snarleg utbygging på området. Dette må i tilfelle løysast ved dispensasjon frå plan, og gir ikkje grunn til endringar i plan eller føresegner no.

Utbyggingsområde for bustad/forretning/kontor BKB3, er i justert plan auka frå 50 % BYA til 60% BYA, og med tillate utbygging med inntil 3 etasjar.

Byggegrenser for område BKB3 er innlagt i revidert plankart og tilpassa sikt i kryssområda. Kommunen stadfestar at kart og føresegner set krav om felles detaljregulering for felt BKB3 jfr. § 4.3. , og at det ikkje er meininga at felt BKB1, 2 og 3 skal inngå i én felles plan, jfr. § 9.5.

Kommuneadministrasjonen finn med grunnlag i gjeldande overordna plan ikkje å kunne tilrå ei endring av formålet i dei aktuelle områda ut over det som går fram av gjeldande føresegner. Ein er elles samd i at lokalisering av omsorgs- og sosialbustader kan skje som bustader i hus som delvis også omfattar andre målgrupper.

Utnyttingsgraden for BKB1 og BKB2 er auka frå BYA 30 % til BYA 40 %.

Overskriftene til §§ 4.2 , 4.3 og 4.4 vert retta opp slik at det går klart fram kva areal det gjeld også i overskrifta.

Det vil vere rom for mindre justeringar av vegføringa for den nye tilkomstvegen for eigedomane som inngår i BKB3 ved detaljreguleringa av området. Om vegen kan leggest nærare inn mot grensa til 19/611 er vurdert ut frå planlagt arealbruk innan BKB3 og omsyn til vinkel og kurvatur i rundkøyringa.

Føresegnene § 4.6 gir begrensingar i forretningsdelen på områda BKB1-3. Utnyttingsgraden er derimot knytt til eit kombinert formål.

I framlegg til ny kommuneplan/arealdel er det framlegg om auka arealgrense for detaljhandel i den ytre sentrumskjerna, der også desse areala inngår. Plan er ikkje vedteken enno, men vi legg likevel inn justeringar i reguleringsføresegnene no som viser til slike endra føresetnader i kommuneplanen sin arealdel, jf. føresegnene § 4.6.

Når det gjeld spørsmål knytt til erstatning m.o.t ulempe og grunnavståing som ein ønskjer å få avklara, er dette problemstillingar som kommunen i samråd med Statens vegvesen vil ta tak i når det er stadfesta at tiltaket skal gjennomførast. Endringa er teke inn i justert plankart og justerte føresegner.

Svein Holmen, Heltnevegen 9

Holmen er redd framskrivningane av trafikktiltala på dei kommunale vegane i og utanfor planområdet er underestimerte, og at kryss og støytiltak innanfor planområdet kanskje er for dårleg dimensjonerte. Frå krysset og opp langs Heltnevegen er stigninga opptil 12,5%, dette meiner Holmen ikkje burde vere akseptert på ein såpass stor tilkomstveg. Han nemner også utfordringar vinterstid, og at det på glatte dagar ofte er kaos sjølv med «rennafart» heilt nedanfrå.

Støyberekningane bygg på ÅDT 6720 (år 2041) i nedre del av Heltnevegen og ÅDT 5150 frå Heltnevegen mot Kårstadvegen. Holmen trur ruta Kårstadvegen – Heltnevegen – Sjukehuskrysset – tunnelen vil bli ei av dei mest nytta rutene for lokaltrafikk til og frå Ørsta. Holmen er redd at trafikktiltala er for lave i krysset Heltnevegen/Kårstadvegen. Han hevdar at

vegen er justert 5-6m sørover i forhold til støykartet (skisse 1) For deira eigedom 19/736 vil då >65dB-sona kome nærare mot bustadhuset, og >50dB -sona vil dekke heile utearealet. Dei krev støy- og innsyns-skjerming langs heile aust- og nordgrensa på tomta (skisse 2).

Holmen viser til at han overtok eigedomen i 1992 og at dei med tida har vorte innringa av institusjonar og sterkt trafikerte vegar. Med forlenging av Kårstadvegen med stor gjennomgangstrafikk, vert eigedomen heilt omringa og avsondra frå det som er att av vanleg bustadmiljø. Holmen seier at tunet med dette vert mindre salgbart som familiebustad og anslår eit verditap.

I tillegg til kompensasjon for direkte påførte ulemper (støyskjerming/avkjøyrsløse) vil Holmen difor også krevje kompensasjon for verditap i høve marknaden. Han seier at eit slikt krav evt. vil bli fremja etter godkjenning av planen på grunnlag av meklarvurderingar.

Kommentar

Gatestandard er lagt til grunn for dimensjonering/tverrsnitt av dei aktuelle vegane, og dermed vil ikkje årsdøgntrafikken vere utslagsgivande. Kryssa er dimensjonert for vogntog. Ved berekna trafikkmengder vert uteområdet på eigedomen til Holmen dels liggande innanfor gul støysone. Det er i planframlegget no lagt inn støy-/innsynsskjerm langs både aust- og nordsida av eigedomen. Skjerm må nærare tilpassast i byggeplanlegginga i høve siktliner for kryss og avkjørsler.

Tilkomst til eigedomen er no plassert lengre vest, i tråd med grunneigar sitt ønskje.

Spørsmål om verditap på eigedomen som følge av tiltaket vert å ta opp i høve avtale om grunnavståing når tiltaket skal realiserast. Endringa er teke inn i justert plan.

Studentsamskipnaden v/Jan Henning Egset

Studentsamskipnaden er uroa for at tilkomsten til deira kontor i Elvegata 24 ikkje er betre ivaretatt i reguleringsplanen, og ønskjer at gang- og sykkelvegen sør for Elvegata vert ført heilt fram til plangrensa.

Dei ønskjer også at det vert laga fotgjengarfelt over Elvegata slik at det vert tryggare å krysse vegen.

Studentsamskipnaden eig tre hus i Vikebygdvegen som er regulert bort i planen. Dei påpeikar at det er viktig med ei rask avklaring på eventuell innløyning av eigedommane.

Fleire av samskipnaden sine hus i området er foreslått støyskjerma. Samskipnaden går ut frå at desse tiltaka vert gjennomført tidleg i vegprosjektet og at tiltak kan utførast i periodar som gir minst mogleg belastning for leigebuarane.

Samskipnaden peikar på at kollektivløyningar må legge til rette for at studentar som bur nær campus lettare kan nytte bussen.

Kommentar

I reguleringsplanen er no gang- og sykkelvegen ved busshaldeplassen på sørsida av Elvegata ført heilt fram til grensa for reguleringsplanen, slik at ein kan kome frå busstopp og «stjernebrua» til Studentsamskipnaden utan å krysse Elvegata.

Fotgjengarfelt over Elvegata i dette området vert ikkje lagt inn i planen. Spørsmålet har vore vurdert i samband med reguleringsplan for Volda Campus Arena. Statens vegvesen har gitt følgjande uttale:

«Statens vegvesen meiner den utlagde detaljreguleringsplanen ikkje løyser problem knytt til trafikkfarleg fotgjengarkryssing av E39 som følge av at blant anna studentsamskipnaden er lokalisert på feil side av vegen. Ei god løysing av gangtrafikk over E39 lar seg vanskelig løyse i denne reguleringsplanen sidan eksisterande passeringslomme ikkje kan sanerast bort. Trafikksikkerheitsomsyn tilseier at det ikkje kan etablerast overgangsfelt for nær opp til passeringslomma, og heller ikkje for nær busslommer. Tilrettelagt fotgjengarkryssing bør i dette området vurderast nærare i eigen plan for etablering av ny(e) fotgjengarovergang(ar), basert på regelverket i vegtrafikklova. Planen bør vurdere ei strekning på om lag 300m frå

kryss E39/Anders Vassbotnvegen til rundkøyringa i sjukehuskrysset.» Spørsmål om etablering av fotgjengarkryssing her er såleis ikkje tema i denne reguleringsplanen. Spørsmål om grunnavståing og eventuell innløyising av bortregulerte hus vert å ta opp når tiltaket skal realiserast, jf. elles reglane i PBL § 15-2.

Det er ikkje foreslått støyskjerming for dei aktuelle bygningane. I støyrapporten ligg nokre av bygningane i gul sone og er registrert som bygningar som skal vurderast. Dette vert ei vurdering i høve behov for fasademessige tiltak, og slik vurderingar vil bli gjort i samband med utarbeiding av byggeplan. Eventuelle tiltak vil bli søkt gjennomført tidleg i vegprosjektet og i periodar som gir minst mogleg belastning for leigebuarane.

Kollektivløyisingar er gjort nærare greie for i tilknytning til justert plan og ein viser til dette. Endringar går fram av justert plankart.

Gbnr. 19/34 - Elvegata 34 v/Are Halkjelsvik

Halkjelsvik ber om at tilkomsten til eigedom 19/34 vert flytta nord for Myravegen 6 ved at gangveg SGS4 har blanda formål dei første metrane, og at tilkomsten kan løysast i byggeperioden.

Halkjelsvik viser til at gbnr. 19/34 er sterkt råka av tiltaket. Bygningane er SEFRAK registrerte og nemnt særskilt i punkt 6.3.2 i planomtalen med vurderingar rundt flytting eller innløyising. 19/34 er også nemnt i punkt 6.10 der riving er sett på som alternativ på grunn av mellombels anleggsveg og påfølgande sykkelrampe. Grunneigarane er kjent med alternativa i planen, men vil kome tilbake på dette i samband med vedtak om gjennomføring og framtidig bruk av område 19/34 som del av BKB4. Uansett val vil infrastrukturen i form av vatn/avløp/straum og telekommunikasjon som i dag forsyner bygningane på 19/34 måtte endrast, og dei føreset at dette vert gjort etter nærare avtale i gjennomføringsfasen. Byggegrenser mot europaveg og kommunale vegar vert å ta vidare i detaljreguleringsplanlegginga.

Kommentar

Tilkomst til gbnr. 19/34/byggeområde BKB4 er no endra i plankartet, og plassert nord for gbnr. 19/205 (Myravegen 6), ved at gangvegen SGS4 har formål blanda trafikk dei første metrane frå kommunal veg. Ny tilkomst må etablerast i byggeperioden.

I forhold til formålet på BKB4 er det lagt til rette for ei transformering av området dersom grunneigarane ønskjer dette. Ein må forutsette at infrastruktur vert ivareteke ved vegutbygging ved at nemnde infrastruktur blir framført til arealet etter nærare avtale i gjennomføringsfasen.

Når det gjeld byggegrense mot veg er denne lagt inn i plankartet. Arealbruk internt på området bør takast med i ei nærare vurdering av byggegrenser i detaljreguleringa for BKB4.

Signe S. og Atgeir Almestad, gbnr. 19/252

Almestad ønskjer at den innregulerte tilkomstvegen til gbnr. 19/252 og gbnr. 19/229 og eventuelt også gbnr. 19/611 som skal erstatte tilkomst frå Vikebygdvegen vert lagt i bytet mellom gbnr. 19/252 og 19/611, og ikkje fullt ut inn på Almestad si tomt slik plankartet syner.

Almestad har også synspunkt på utnyttingsgrad i området. Dei ønskjer denne auka frå BYA 50 % til BYA 60 % sidan området er sentralt både for bustad og forretning.

Kommentar

Tilkomstveg til eigedomane gbnr. 19/252 og gbnr. 19/229 er no lagt i bytet mellom gbnr. 19/252 og 19/611

Utnyttingsgraden for området er endra til BYA 60% jamfør også andre merknader til planen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen seier innleiingsvis at det har vore ein lang prosess med fleire drøftingsmøter for å kome fram til ei løysing i Furene som ivaretek nødvendige omsyn til særleg hjortetrekke og landbruk. Etter deira oppfatning har prosessen gitt eit godt resultat, og ein har no funne fram til den kanskje best moglege løysinga for vegprosjektet.

Under tema natur- og miljøvern seier føresegnene punkt 2.3 at det skal settast opp viltgjerde rundt veganlegget i Furene, og at utstrekning og utforming av gjerdet skal fastsettast i samråd med kommunen og Fylkesmannen si miljøavdeling. Fylkesmannen minner om at ein også må sikre omsynet til viltet/hjortetrekke i anleggsperioden gjennom rekkefølgekrava som skal sikre at det er utarbeidd ein ytre miljøplan (punkt 10.1) Dette gjeld tiltak både i planområdet og utanfor planområdet. Tilsvarande for punkt 8.3, (bevaring naturmiljø, H560), siste avsnitt, som også må gjelde i anleggsperioden Fram til føresegnene er endra på dette punktet, har vi motsegn til planen.

Bustad gbnr. 14/1 i Furene ligg i gul støysone. Sidan vurdert skjerming ved utløpet av tunnelen sør for vegen vil ha svært begrensa effekt for berørte bustad, må det vurderast lokale tiltak for bustadhus og uteoppfallsareal i byggefasen. Det må sikrast i føresegnene at gbnr. 14/1 får tilbod om skjerming av uteplassar og fasadeutbetringar som sikrar tilfredsstillande støytilhøve. På Voldasida av tunnelopninga skal områda rundt detaljregulerast. Men sidan vegen er støykjelda, må det gå fram av områdereguleringa kva støytiltak som er naudsynt for at eksisterande bygningar får tilstrekkeleg gode støyforhold, og ev. kva gnr/bnr som skal få tilbod om lokale støytiltak. Plankart og føresegner må endrast slik at støykrava blir sikra, i samsvar med det som har kome fram gjennom den støyfaglege utgreiinga. Fylkesmannen har motsegn til planen inntil føresegner og plankart er endra i samsvar med dette.

Når det gjeld landbruk, er det i føresegnene punkt 6.1 nemnt landbruksføremål som LS. I plankartet står det LL, og dei legg til grunn at det er ein skrivefeil i føresegnene.

I føresegnene punkt 2.1, 3. avsnitt, står det at mellombelse område skal tilbakeførast til det føremålet som er vist på plankartet. Dette krev ei presisering. Der dei mellombelse områda gjeld dyrkajord, skal arealet tilbakeførast til dyrkajord, og ikkje berre til landbruksføremål, som er eit vidare begrep. Det må stillast krav i føresegnene til korleis dette skal gjerast for å sikre at resultatet blir fullgodt med opprinneleg areal. Dette gjeld også meir presise krav til tilsåing og helling på skjeringar og fyllingar, slik at ein sikrar at ein oppnår eit landbruksareal som er eigna til grasproduksjon der det er aktuelt. Fram til føresegnene oppfyller desse krava, har fylkesmannen motsegn til planen.

Det går ikkje fram av planomtalen kor mykje dyrka jord som går tapt på permanent basis. Dette bør gå fram av plandokumenta.

Når det gjeld samfunnstryggleik, viser Fylkesmannen til at den reelle skredfaren ikkje er vurdert. Delar av planområdet ligg innanfor aktsemdssone for skred. Fylkesmannen er samd med Statens vegvesen om at planen ideelt sett burde avklare den reelle skredfaren. I dette tilfellet argumenterer SVV med at den potensielle skredfaren likevel ivaretakast tilstrekkeleg gjennom m.a. krav til detaljregulering, og forbod mot tiltak innanfor aktsemdsområde inntil detaljregulering og avklaring av reell skredfare. Fylkesmannen ser at NVE sine retningslinjer i «Flaum- og skredfare i arealplanar» opnar for ein slik framgangsmåte for å ivareta tryggleikskrava i byggteknisk forskrift.

Planføresegnene knytt til omsynssone for skred omfattar ikkje tiltak i tryggleiksklasse S1. Det kjem ikkje fram av planen kvifor S1-tiltak er utelukka frå det same kravet som S2- og S3-tiltak. Dersom Statens vegvesen har avklart at den potensielle skredfaren mot planområdet er lågare enn 1/100 (tryggleikskravet for S1-tiltak), må dette kome tydelegare fram i planen. Fylkesmannen rår til at føresegna set krav om at det ikkje kan gjennomførast tiltak før området er detaljregulert og reell skredfare er avklart.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har motsegn til planframlegget inntil plankart og føresegner er endra slik det går fram av merknaden.

Kommentar

Tilhøvet til hjortetrekke har hatt særskilt merksemd ved planlegging av vegløyning i Furene.

Det er tatt inn rekkefølgekrav i ny § 11.3 som sikrar at tiltakshavar i samarbeid med kommunen etablerer eit system som fortløpande kan vurdere og iverksette risikoreduserande tiltak langs E39 i anleggsperioden som følgje av endra trekkmonster av hjort. Rammene for eventuelle tiltak blir nærare fastlagt i plan for ytre miljø. Det er vidare tatt inn krav om avskjerming av lyssetting av anleggsområdet. Utanfor anleggsområda gjeld krava i omsynssoner H560_# også i anleggsperioden. Endringane er klarert med fylkesmannen i høve til at det er fremma motsegn til planen på dette punktet.

Støyskjermer som er vurdert som aktuelle er lagt inn i plankartet. § 3.4 er endra slik at lokal skjerming blir sikra for dei eigedomane som ikkje kan skjermast med ordinær støyskjermer langs veganlegget.

Skrivefeilen LS er bytta ut med riktig kode LL.

Tilbakeføring av dyrka mark er presisert betre i § 3.1.

Omtalen av verknader for naturressursar i avsnitt 6.11 er supplert med tal for kor mykje dyrka jord som permanent blir omdisponert.

SI-tiltak er inkludert i § 9.6 i føresegnene. Jf endra plankart og føresegner.

Ørsta kommune

Ørsta kommune har handsama plansaka i Ørsta formannskap 28.11.2017, sak PS 154/17. Ein viser til vedlegg for komplett saksutgreiing.

Ørsta kommune skriv i sitt vedtak at planområdet burde vore utvida for å redusere risiko for ulykker og betre tilrettelegginga for kollektivtransport.

Vidare at arealformålet i viltkorridoren nord for ny E39 Volda-Furene må endrast til LNF naturføremål og bruken som anlegg og riggområde her må reduserast så langt som råd.

Kommentar

I Furene er planavgrensinga redusert samanlikna med kommunedelplanen frå 2014. Grensa i framlagd plan er lagt til søraust-sida av eksisterande E39. Utviding av planområdet er uaktuelt no.

Det er i samråd med Volda kommune konkludert med at ny regulering i Furene, som mellom anna har utfordringar knytt til kryssløysing/tilkomstar og betre tilrettelegging for kollektiv, bør gjerast gjennom ein eigen reguleringsplan.

I planomtalen/føresegnene delkapittel 6.9.2 går det fram at bruken som anleggs- og riggområde skal haldast på eit så begrensa omfang som råd er. Arealføremålet i viltkorridoren nord for ny E39 Volda – Furene er no endra til LNF – naturføremål. Bruken av dette området som anleggs- og riggområde vert å redusere så langt som råd. Omsynssone H_560 naturmiljø vil ivareta funksjonen som tilførselsområde til viltovergangen, sjå føresegnene § 9.3.

Konklusjon:

Etter avklaringar av motsegner fremja av NVE, Møre og Romsdal Fylkeskommune og Fylkesmannen er det berre mindre endringar i plan som ein fann naudsynt etter offentleg ettersyn.

Endringane er innarbeidde i justert planframlegg sist datert 4. april 2018.

Endringane er av mindre vesentleg karakter og ein finn ikkje at dette gir behov for nytt offentleg ettersyn. Planen kan såleis slutthandsamast av kommunen.

I tillegg til endringane i plankart og føresegner er det i planomtalen teke inn justert tekst knytt til alternative løysingar for massedeponi i Volda-området. Dette med grunnlag i pågåande vurdering av slike deponiareal i samband med planprosess – kommuneplanen sin arealdel. Jf. Planomtalen pkt. 6.14.4 og 6.14.5.

Økonomiske konsekvensar:

Dei økonomiske konsekvensane av tiltaket er i hovudsak gjennomgått i plandokumentet og eg viser til pkt 8. her , der dette er omtalt.

Samla kostnad for eit første byggesteg vil vere. 1142 mill kr.

Basert på ei førebels kalkyle i kommunedelplan på 900 mill kr., vart det i NTP for perioden 2019 - 28 sett av 600mill kr. i statlege midlar. Dette under føresetnad av at resten 300 mill kr vart finansiert ved bompengar.

Kommunestyra i Volda og Ørsta har gjort prinsippvedtak om slik bompengefinansiering.

Det er vidare i samråd med St. Vegvesen teke initiativ til utvikling av ein bompengepakke for Volda/Ørsta.

Det er etablert ei felles styringsgruppe og administrativ arbeidsgruppe for å utforme grunnlag for ein endeleg bompengepakke for Volda /Ørsta, der m.a. E39 Volda -Furene er det bærande element.

Dette arbeidet går paralelt med planprosessen. For å sikre statleg andel i finansieringa må også bompengesøknad vere innsendt og godkjent.

Dette kjem opp som eiga sak seinare.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Gjennom planløysinga vil ein oppnå eit betre hovudvegssystem og betre løysingar for lokaltrafikk, og gåande/syklende noko som vil vere positivt.

Fylkesmannen sitt skjema for ROS-vurdering er nytta og ligg ved plandokumentet.

Ras og flaum avklaring er gjennomført som del av planprosessen og teke omsyn til i tilhøyrande omsynssoner.

Det er gjennomført naudsynte vurderingar knytt til støy og luftkvalitet i området-Støyutredning for E39 Volda-Furene, Rambøll AS, mars 2017 og vurdering av lokal luftkvalitet, Rambøll AS, mars 2017.

Omsyn til avrenning frå veg og tunell både i anleggsfase og i høve til drift vert særleg teke omsyn til som del av plan/byggeplan.

Tunnellen er definert som eit eige brannobjekt og må ha si eiga tryggleiksklarering. Dette vil bli gjennomført i samband med bygginga. Alle forhold knytt til brann i tunnel vil då bli tatt i vare. I tillegg til tryggleiksutrustinga i tunnelen vil også tilgjengelege utrykkingsressursar verke inn på konsekvensar av tunnelbrann. I Volda er det tilgjengelege brannvernressursar om lag 600 meter frå tunnelportalen. Tilsvarende frå Ørsta-sida vil vere om lag 5,5 km til portal i Furene. Eventuell omkøyring går via dagens E39. Ambulansar lokalisert ved Volda sjukehus, sentralt i høve tunnelen. Konsekvensane av ein tunnelbrann kan vere svært store, avhengig av situasjon. Lengda på tunnelen forsterkar dette. Endeleg vurdering av om eksisterande utrykkingskapasitet er tilstrekkeleg, må skje i samband med tryggleiksklareringa.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Går som melding til Statens Vegvesen og planseksjonen -sektor Utvikling for kunngjering av planvedtak i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-12.

Fra: Per Heltne[Per.Heltne@volda.kommune.no]
Sendt: 09.05.2018 12:39:12
Til: Postmottak Volda
Tittel: VS: E39 Volda-Furene utsnitt - tilkomstveg

reg på sak 2016/11



Per Heltne

Fagansvarleg Plan

Utvikling

Direkte 70058717 Mobil 91151347

www.volda.kommune.no

Fra: Stavseng Astrid Eide [mailto:astrid.stavseng@vegvesen.no]
Sendt: 8. mai 2018 15:08
Til: Per Heltne <Per.Heltne@volda.kommune.no>
Kopi: Ingebrigtsen Berit <berit.ingebriquetsen@vegvesen.no>; Misund Jonas Furland <jonas.misund@vegvesen.no>
Emne: SV: E39 Volda-Furene utsnitt - tilkomstveg

Hei Per!

Alle endringar er utført frå vår side, tenkte vi ville avvente tilbakemelding frå Li Wei jf. tilbakemeldingsfrist fredag, men det er kanskje ikkje nødvendig?
I tilfelle de ønskjer dette oversendt no, må vi berre sette saman nytt planhefte før oversending.

Dersom de ønskjer at vi skal vere til stades på kommunestyret 31.05. er Jonas og disponible.
Høyrer frå deg

Mvh
Astrid

Fra: Per Heltne [<mailto:Per.Heltne@volda.kommune.no>]
Sendt: 8. mai 2018 14:53
Til: Stavseng Astrid Eide <astrid.stavseng@vegvesen.no>
Emne: SV: E39 Volda-Furene utsnitt - tilkomstveg

korleis ligg det då an med oppdatert plankart/dok, inkl sosifil?



Per Heltne

Fagansvarleg Plan

Utvikling


Direkte 70058717 Mobil 91151347

www.volda.kommune.no

Fra: Stavseng Astrid Eide [mailto:astrid.stavseng@vegvesen.no]
Sendt: 7. mai 2018 15:07
Til: he200802@gmail.com
Kopi: Per Heltne <Per.Heltne@volda.kommune.no>
Emne: E39 Volda-Furene utsnitt - tilkomstveg

Hei,

Viser til dialog og møte mellom dykk og repr. frå kommunen og Statens vegvesen 27.04.18, og sender som avtalt utsnitt av justert reguleringsplan. Planlagt tilkomstveg er no lagt utanfor dykkar eigedom.



Som avtalt med Per Heltne, er det fint om de kan stadfeste at de har motteke dette, og gi ei tilbakemelding ved å svare på denne e-posten til meg.

Gjerne snarast, og seinast fredag 11.05.

Dersom det er spørsmål eller behov for ytterlegare informasjon på noverande tidspunkt, kan eg kontaktast på e-post eller per tlf. 917 48 468.

På førehand takk for tilbakemelding!

Med helsing
Astrid Eide Stavseng

Seksjon: Plan- og prosjekteringsseksjonen

Postadresse: Statens vegvesen Region midt, Postboks 2525, 6404 MOLDE

Kontoradresse: Vestre Olsvikveg 13, ÅLESUND

Mobil: +47 91748468 **e-post/Skype:** astrid.stavseng@vegvesen.no

www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-midt@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?



REGULERINGSPLAN

E39 Volda - Furene

Volda kommune

Saksbehandling etter plan- og bygningslova

Melding om oppstart av planarbeid.....	7. april 2016
Vedtak om offentlig ettersyn i formannskapet, PS 152/17.....	2. oktober 2017
Offentlig ettersyn.....	9. oktober - 24. november 2017
Revidert etter innkomne merknader	4. april 2018



INNHALD

Planomtale

Reguleringsføresegner

Plan Volda	Blad 1/8
Plan tunnel	Blad 2/8
	Blad 3/8
	Blad 4/8
	Blad 5/8
	Blad 6/8
	Blad 7/8
Plan Furene	Blad 8/8
Plan Furene: Anlegg- og riggområder	Blad 8-1/8
Plan Furene: Sikringssoner.....	Blad 8-2/8
Plan Furene: Omsynssone bevaring naturområde.....	Blad 8-3/8

Planomtale

Framlegg til detaljregulering for E39 Volda–Furene i Volda kommune

Dato: 19.02.2017

Planfase: ETTER offentlig ettersyn

Nasjonal arealplan-ID: 2016001

Innhald	
1 Innleiing	4
2 Bakgrunn for planframlegget	5
2.1 Planområdet	5
2.2 Områderegulering	5
2.3 Bakgrunn for utarbeiding av planframlegget	5
2.4 Mål for reguleringsplanforslaget og ferdig vegprosjekt	5
2.5 Tiltaket og tilhøvet til forskrift om konsekvensutgreiing	6
2.6 Planstatus og rammeføresetnader for planarbeidet	6
2.6.1 Kommuneplan og kommunale delplanar	6
2.6.2 Anna planlegging i området	7
2.7 Tekniske føresetnader og standardvalg	8
3 Planprosess og medverknad	8
4 Skildring av eksisterande tilhøve i planområdet	9
4.1 Områdeskildring – planområdet sitt omfang og dagens arealbruk	9
4.2 Trafikktilhøve	10
4.3 Kollektivtrafikk	10
4.4 Teknisk infrastruktur	10
4.5 Landskapsbilde og bybilde	11
4.6 Nærmiljø og friluftsliv	11
4.7 Naturmiljø og naturmangfald	12
4.7.1 Dagsone Volda	12
4.7.2 Dagsone Furene	13
4.8 Kulturminne/kulturmiljø	14
4.9 Naturressursar	15
4.10 Grunnforhold	15
4.11 Naturfare	15
4.12 Støy	16
4.13 Luft	16
5 Skildring av planforslaget	17
5.1 Utforming av veganlegget	17
5.1.1 Volda	17
5.1.2 Furene	19
5.2 Arealbruksformål	20
5.2.1 Bygningar og anlegg	20
5.2.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	21
5.2.3 Grøntstruktur	21
5.2.4 Landbruks-, natur- og friluftsområde	21
5.2.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag	21
5.2.6 Omsynssoner	21
5.2.7 Områdeføresegn	21
5.3 Krav om detaljregulering	21
5.4 Vurderte alternativ	22
5.4.1 Volda	22
5.4.2 Furene	24
6 Verknader av planframlegget – arealbruk og løysingar	25
6.1 Trafikkforhold og framkomst	25
6.2 Samfunnsmessige tilhøve	25
6.3 Naboar	25
6.3.1 Berørte eigedomar	25
6.3.2 Innløysing av bygningar/eigedom	25
6.3.3 Avkøyrslar og andre nabotilhøve	26
6.4 Byggegrenser	26
6.5 Gang- og sykkeltrafikk	26
6.6 Kollektivtrafikk	26
6.7 Landskap	27
6.8 Nærmiljø/friluftsliv	27
6.9 Naturmangfald	27
6.9.1 Verknader i dagsonen i Volda	27
6.9.2 Verknader i dagsonen i Furene	28
6.9.3 Framande og uønska artar (nml 28)	29
6.10 Kulturminne og kulturmiljø	29
6.11 Naturressursar	29
6.12 Støy og vibrasjonar	29
6.12.1 Generelt	29
6.12.2 Furene	31
6.12.3 Volda	31
6.13 Luft	32

6.14 Massehandtering og deponi	33
6.14.1 Mengder	33
6.14.2 Regulerte areal for rigg og mellomlager.....	33
6.14.3 Deponi	33
6.14.4 Verknader av massedeponi	35
6.14.5 Andre alternativ for disponering av overskotsmasser.....	35
6.15 Tunneldrift	36
6.15.1 Driving av tunnelen.....	36
6.15.2 Avløpsvatn frå tunnelen	36
7 Risiko, sårbarheit og sikkerheit – ROS analyse	36
8 Gjennomføring av framlegg til plan	39
8.1 Framdrift og finansiering.....	39
8.2 Utbyggingsrekkefølge.....	39
8.3 Trafikkavvikling i anleggsperioden	39
8.4 Drift og vedlikehald	40
8.5 Oppfølgande undersøkingar	40
8.6 Omklassifisering av veg.....	40
8.7 Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA) og Ytre miljøplan (YM) for byggefasen.....	40
9 Samandrag av innspel og merknader med kommentar	41
9.1 Merknader ved oppstart av planarbeidet.....	41
9.2 Merknader ved høyring og offentleg ettersyn	45
10 Reguleringsføresegner – Reguleringsplan E39 Volda–Furene	54
11 Vedlegg	59
1. Framlegg til plankart, datert 01.09.2017	59
2. Illustrasjonar	59
3. Andre dokument	59

1 Innleiing

Statens vegvesen Region midt har i samarbeid med Volda kommune utarbeidd reguleringsplan for strekninga Volda–Furene på E39.

Tiltaket omfattar ny E39 mellom Volda og Furene, og inngår som eitt av fleire tiltak langs riksvegtrute 4a. Strekninga mellom Volda og Furene er ca. 6,5 km lang langs dagens veg. Tiltaket ligg i hovudsak i Volda kommune, men påverkar også Ørsta kommune. Planområdet strekkjer seg frå Volda, like sør for Sjukehuskrysset på E39 og endar nord i Furene, ved kryss mellom fv. 653 og E39. Strekninga er om lag 3 500 meter på E39. I tillegg inngår utbetring og omlegging av lokalveggar og løysingar for gange og sykkel i Volda.

Reguleringsplanen viser det konkrete prosjektet så detaljert at forma på tiltaket og bruk/vern av dei areala som blir råka av utbygginga kjem klart fram. Reguleringsplan er eit nødvendig rettsgrunnlag for gjennomføring av tiltak og utbygging, og gir grunnlag for eventuell ekspropriasjon av grunn.

Planen er utarbeidd som områderegulering i samsvar med Plan og bygningslova §12–2. Kommunen har gitt Statens Vegvesen løyve til å gjennomføre slik planlegging ved vedtak i Volda Formannskap i sak 56/17 den 18.04.2017.

Planprosess, teknisk planlegging og utarbeiding av reguleringsplankart og plandokumenta elles, er såleis gjennomført av Statens vegvesen i samråd med Volda kommune.

Oppstart av planarbeidet vart varsla 07.04.2016 og annonsert i avisene Møre og Mørenytt og på kommunen og vegvesenet sine heimesider, i medhald av plan- og bygningslova (PBL) § 12–8. Det vart samstundes sendt brev med varsel om oppstart til berørte grunneigarar, organisasjonar og offentlege myndigheiter, med frist for innspel og merknader til oppstartvarselet den 20.05.2016.

I februar 2016 vart det avhelde ein idèverkstad for prosjektet, med ei rekkje inviterte deltakarar frå Ørsta og Volda kommuner ved administrativ og politisk leiing, regionale faginstansar, representantar for næringsliv, samferdsel, beredskap og nokre særskilt berørte grunneigarar.

Den formelle handsaminga skjer i samsvar med PBL §§ 3–7 og 12–10. Formannskapet i Volda kommune gjorde vedtak om utlegging til offentlig ettersyn i møte 02.10.17, sak PS 152/17. Statens vegvesen la reguleringsforslaget ut til høyring og offentlig ettersyn i tida 09.10.–24.11.17.

Varsel om offentlig ettersyn vart kunngjort i avisene Møre og Mørenytt. Planen vart sendt til aktuelle organisasjonar, grunneigarar og andre berørte partar til uttale, samt kommunale og regionale organ som har sine fagområde å ivareta. Det vart avhelde eit ope møte og påfølgande open kontordag i Volda 6. og 7. november 2017.

Statens vegvesen har handsama alle merknader til planforslaget i samarbeid med Volda kommune, utført aktuelle justeringar i plandokumenta og sendt planen til kommunen for formell handsaming og endeleg reguleringsvedtak.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal hadde motsegn til reguleringsplanen på nokre punkt. Det er no gjort nødvendige justeringar, og fylkesmannen har dermed formelt trekt si motsegn til planen.

Planforslaget er noko redusert i omfang etter offentlig ettersyn i høve det opphavlege planområdet. Tilrettelegging for kollektiv ved Volda sjukehus er teke ut av reguleringsplanen. Årsaka er at ingen av dei vurderte alternativa er optimale som permanent løysing. I tillegg er det per dags dato uklart korleis framtidig arealbruk i og ved sjukehuset vil bli.

Kommunen sitt vedtak kan påklagast til Miljøverndepartementet jf. plan- og bygningslova § 12-12. Avgjersleretten i klagesaker er delegert til Fylkesmannen. Eventuell klage stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal og sendast til kommunen.

Spørsmål kan rettast til Statens vegvesen Region midt:
Astrid Eide Stavseng, tlf. 22 07 30 00, e-post:
astrid.stavseng@vegvesen.no

Eller til Volda kommune:
Per Heltne, tlf. 700 58 700, e-post:
per.heltne@volda.kommune.no

Plandokumenta omfattar:

Planhefte

Planomtale datert 01.09.2017, sist revidert 04.04.18

Reguleringsføresegner datert 01.09.2017, sist revidert 19.02.18

Reguleringsplankart datert 01.09.2017, sist revidert 19.02.18

Tekniske teikningar

Plan- og profildeikningar

Illustrasjonar

Vedlegg

- Originalmerknader samla i eige hefte
- Støyutredning for E39 Volda–Furene, Rambøll AS, mars 2017
- Vurdering av lokal luftkvalitet, Rambøll AS, mars 2017
- Borne- og studenttrakkregistrering, SVV 2016
- Kulturminnerapport, Møre og Romsdal fylkeskommune, 2017

2 Bakgrunn for planframlegget

2.1 Planområdet

Planområdet strekkjer seg frå Volda, ved Rotset, E39 og endar nord i Furene, ved kryss mellom fv. 653 og E39. Sjå nærare omtale i kapittel 4.



Figur 1 og 2 – Oversiktskart og prosjektområde E39 Volda–Furene (kjelde: www.finn.no)

2.2 Områderegulering

Reguleringsplanen er utarbeidd som ei områderegulering, jamfør plan- og bygningslova § 12–2. Grunnen til dette er at planen inneheld fleire område for bygningar og anlegg der detaljane i rammene for utbygging ikkje er avklart, og det er nødvendig å sette krav om seinare detaljregulering.

Areal sett av som område for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur er vist så detaljert i planen at dei gir direkte grunnlag for utbygging, jf. krava i Statens byggtkniske etat (no Direktoratet for byggkvalitet) sin temarettleiar HO–2/2006 om offentlege veganlegg og byggjesak. Desse areala har ikkje krav om detaljregulering.

Områdeplan er i utgangspunktet ein plantype kommunen skal utarbeide, men kommunen kan overlata til andre myndigheiter eller private å utarbeide forslag til områderegulering, jf. pbl § 12–2, andre ledd. Volda kommune ved formannskapet har i vedtak 18.04.2017, sak PS 56/17, samtykka i at Statens vegvesen legg fram planen som ei områderegulering.

2.3 Bakgrunn for utarbeiding av planframlegget

Strekninga Volda–Furene ligg innanfor Rute 4a som er ein del av riksvegen mellom Kristiansand og Trondheim, 'Ferjefri E39'. I tillegg til ein nasjonal funksjon som europaveg, er vegen viktig regionalt og lokalt for mange kommunar og lokalsamfunn.

Europaveg 39 går i dag frå Kvivsvegen gjennom Volda sentrum, Hovdebygda, Ørsta sentrum og langs Vartdalstranda til Festøya. Vegen har stor positiv verknad for regionen og kommunane med tanke på transport og kommunikasjon, næringsliv og verdiskaping, men inneber også mange negative miljøkonsekvensar i form av støy og lokal forureining. Dårlig standard og reduserte fartsgrensar på den gjennomgåande transportåra E39 er saman med venting/overfart på ferjestrekningane medfører lav transportfart langs E39. Ferjeleiet til sambandet Volda–Folkestad ligg i sentrum.

E 39 er viktig for næringsliv og sysselsetjing, som bindeledd mellom regionar og landsdelar, og ikkje minst som bindeledd mellom Volda og Ørsta. Tettstaden Volda har om lag 6 000 innbyggjarar, medan det sentralt i Ørsta bur om lag 6 500 innbyggjarar. Per i dag er det om lag 1000 personar som til dagleg pendlar frå Ørsta til Volda, og tilsvarande om lag 800 som pendlar frå Volda til Ørsta.

Dagens E39 frå Høgskulen i Volda til Furene går gjennom sentrum av Volda. Som for dei fleste sentrumsområde er det trangt og mange kryss. Bilistane opplever også at det er uklare vikepliktsreglar i enkelte kryss og dette går utover trafikkavviklinga.

Med tilrettelegging for ny E39 og kortare vegstrekning mellom Volda og Furene, vil store deler av gjennomgangstrafikken gå utanfor sentrum i ny tunnel, og dette vil gje auka handlingsrom for sentrumsutvikling i Volda.

2.4 Mål for reguleringsplanforslaget og ferdig vegprosjekt

Samfunns mål

I 2040 skal transportsystemet i korridoren vere effektivt, tilgjengeleg, påliteleg og ivareta behovet for kommunikasjon for bu- og arbeidsregionar (frå KVU Ferjefri E39 Skei–Bergsøya).

Effektmål

- Redusere reisetida på E39 mellom Volda og Furene
- Redusert ulykkesrisiko på strekninga mellom Volda og Furene for alle trafikantgrupper
- Betra tilrettelegging for kollektivtransport, gåande og syklende
- Ivareta miljø og landskap langs strekninga i samspel med nærområda. Her under:
 - Støytelhøve innanfor anbefalte grenseverdier i T–1442 langs ny E39. Redusere antall personer med innendørs støynivå over 38 dB og støyplage utendørs (SPI) langs dagens E39 gjennom Volda sentrum
 - I størst mogleg grad ivareta kulturminner og biologisk mangfald

Planen skal vise alle arealinngrep som er nødvendige i samband med bygging av nemnde tiltak. Dette gjeld hovudveg med fylling og skjering, avkøyrslar, driftsavkøyrslar, eventuelle støyskjermingsområde og busslommer. Reguleringsplanen gir heimel til å gjennomføre nødvendige tiltak i tråd med plan.

2.5 Tiltaket og tilhøvet til forskrift om konsekvensutgreiing

I samband med planlegging av kommunedelplan for E39 Volda–Furene, vart det utarbeidd ei konsekvensutgreiing. Tre hovudalternativ for ny E39 trasé er utgreidd. I kommunedelplanen vart trasé A3 endeleg vedteken. Alternativ A3 har lege til grunn for arbeidet med reguleringsplanen. Sjølv om det er gjort endringar i val av trafikale løysingar, har Volda kommune vurdert desse til at det ikkje er behov for ytterlegare konsekvensutgreiing.

Denne planomtalen inneheld ei vurdering av tiltaket sine verknader for miljø og samfunn i samsvar med plan- og bygningslova § 4-2, og vil såleis langt på veg skildre og vurdere konsekvensane av tiltaket. Verknadane av planlagde deponiområde er belyst særskilt i kapittel 6.14.4.

2.6 Planstatus og rammeføresetnader for planarbeidet

2.6.1 Kommuneplan og kommunale delplanar

Kommuneplan for Volda

Kommuneplanar består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Kommuneplan for Volda – Samfunnsdel 2016–2028 vart vedteken av Volda kommunestyre i mai 2016.

Gjeldande arealdel til kommunedelplanen er samansett av fleire delplanar. Den samla arealplanen vart godkjent i 1990, medan dei fleste delplanane er av nyare dato. Rullering av kommuneplanens arealdel er oppstarta, og frist for innspel til planprogrammet var i januar 2017. Administrasjonen opplyser at det ikkje er kome innspel som tilseier endra reguleringsføre mål i reguleringsplan for E39 Volda–Furene. Framlegg til ny arealdel for Volda kommune skal etter planen leggest fram i august 2017.


Kommunedelplan E39 Volda–Furene

«Kommunedelplan for E39 Volda–Furene med framlegg til arealbruk for tilgrensande område» vart vedteken i Volda kommunestyre 18.12.2014, sak PS 153/14. I kommunedelplanprosessen for ny E39 vart fleire traséalternativ vurdert.



Figur 3 – Vedtekte traséalternativ A3 i kommunedelplan E39 Volda–Furene


Tiltak i kommunedelplanen er vist å ta til på E39 like nord for brua over Øyrelva og føreset ei utviding av dagens rundkøring i Sjukehuskrysset. Vidare er vegen vist i dagsone rett nordover fram mot Nytun der den går inn i ein om lag 140 meter lang betongtunnel før den går inn i fjelltunnel som startar like før Kløvertunvegen. Planen omfattar bygging av ny lokalveg til Nytun, samt omlegging av tilkomst til høgskulen og til forretnings- og bustadområdet like aust for rundkøringa. Gang- og sykkelvegssystemet i kryssområdet er også vist omlagt, mellom anna med ei planskilt kryssing under E39 mellom rundkøringa og tunnelportalen.



Figur 4 – Kommunedelplan E39 Volda–Furene, utsnitt frå Volda

Det føreligg godkjend fråvikssøknad frå Vegdirektoratet sommaren 2015 i samband med etablering av rundkøring på riksveg, jf. NA-rundskriv 2015/15, *Nye føringar for hovedveger – Etablering av rundkøringar, omkjøringsveger og miljøgater.*


I Furene er tunnelportalen vist plassert omlag 130 meter sør–aust for dei næraste bygningane på eiendom gbnr. 14/1. Portalen er vist med ei lengde på omlag 65 meter inn til fjellpåhogget. Dagsona vidare inn mot eksisterande rundkøyring er vist med ei lengde på om lag 300 meter inkludert ei 100 meter lang bru. Vegen vert kopla til E39 via ei fjerde arm i rundkøyringa i Furene.



Figur 5 – Kommunedelplan E39 Volda–Furene, utsnitt frå Furene

Kommunedelplan for Volda sentrum 2009–2021

Kommunedelplanen for Volda sentrum vart vedtatt sommaren 2009. Den omfattar Volda sentrum, områda i Vikebygda til Ørsta grense og området Mork/Furene til Ørsta grense. Vedteken kommunedelplan for E39 Volda–Furene gjeld framfor kommunedelplan for Volda sentrum for det meste av arealet som inngår i framlegg til reguleringsplan, med unntak av noko areal nordvest for Sjukehuskrysset, og eit område inntil Heltnevegen sør for Volda sjukehus, sjå figur 6.



Figur 6 – Utsnitt frå kommunedelplan for Volda sentrum 2009–2021

Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø

Kommunedelplan for idrett-, nærmiljø og friluftsliv vart vedtatt i februar 2014 og er gjeldande i perioden 2014–18. Planen er eit samordnande styringsverktøy for kommunen i ansvarsområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Planen gir mellom anna signal om målsetting for fysisk aktivitet som helse og trivselsfremjande tiltak, den gir grunnlag for vurdering av ulike behov innanfor utbygging av anlegg og andre aktivitetsfremjande tiltak, og den gir ei samla oversikt over anlegg og aktivitet i kommunen.

Kommunedelplan for trafikktrygging


Gjeldande Trafikktryggingplan for Volda kommune (2007–2010) vart vedtatt i 2007. Planen omfattar ulike sider i vegforvaltning og trafikktryggleik på overordna og kommunalt vegnett. Planen fastset kommunen sine prioriteringar for aktiviteten i planperioden.

Volda kommune har sett i gong rullering av kommunedelplan for trafikktrygging.

2.6.2 Anna planlegging i området

Plan for hovudnett for sykkel i Ørsta og Volda

Det er utarbeidd ein plan for hovudnett for sykkel. Kommunedelplanen viser behov for tilrettelegging langs eksisterande E39 uavhengig av utbygging av tunnel mellom Volda og Furene.



Figur 7 – Hovudnett for sykkel, utsnitt Volda sentrum med omland

Planlegging i – og tilgrensande til planområdet

For følgjande godkjende planar i Volda kommune vert avgrensing av planområda endra som fylgje av at deler av planane inngår i ny plan:

- Kommunedelplan Volda sentrum, 18.06.2009
- Kommunedelplan E39 Volda –Furene, 18.12.2014
- Reguleringsplan Røysmarka, 02.03.1995
- Endring i sjukehusområdet, 08.04.1980
- Reguleringsplan Rv651 Øvre Rotset, 17.12.1998

Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Følgjande dokument er aktuelle for denne planen:

- Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging
- T-1442 (2016) Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegginga
- T-1520 (2012) Retningslinje for vurdering av luftkvalitet i areal- planlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen
- Nasjonale føringar for universell utforming, herunder NTP og handlingsplan

2.7 Tekniske føresetnader og standardvalg

Køyreveggar

Veg	Ny E39	E39 Tunnel	E39 Austefjordvegen	E39 Elvegata	Fv.45 Vikebygdvegen
Dimensjoneringsklasse:	H7-gate	T9,5	H1	Gate	Gate
Fartsgrense:	50/80 km/t	80 km/t	50 km/t	50 km/t	50 km/t
Dimensjonerande trafikk (ÅDT) / 2022	6400	6400	3300	9500	5700
Dimensjonerande trafikk (ÅDT)/ 2041:	9000	9000	4400	9500	8000
Dimensjonerande kjøretøy/kjøremåte:	VT/A	VT/A	VT/A	VT/A	VT/A


Figur 8 – Tabellen viser dimensjoneringsfaktorar som er lagt til grunn i planlegginga

Det var i kommunedelplan for E39 Volda– Furene lagt tunnelklasse C med tunnelprofil T10,5 til grunn. I bestillinga av reguleringsplan er det som utgangspunkt valt tunnelklasse D med tunnelprofil T10,5. Forskjellen på desse tunnelklassene er at tunnelklasse C kan brukast opp til ein årsdøgntrafikk på 8000, medan tunnelklasse D kan brukast opp til ein årsdøgntrafikk på 12000 og krev rømningstunnel, jf. handbok N500 Vegtunneler. Trafikkberekningar viser at årsdøgntrafikken i tunnelen vil vere omlag 9000 i år 2041, dette gjer at det er planlagt tunnelklasse D med to separate tunnellop.

3 Planprosess og medverknad

Organisering og framdrift

Planlegginga har vore jobba med gjennom ei prosjektgruppe bestående av representantar frå Volda kommune og Statens vegvesen. Tiltakshavar, dvs. vegvesenet, har gjennomført det praktiske planarbeidet i nært samarbeid med kommunen.



Figur 9 – Illustrasjon som viser prosjektorganisering

Planprosjektleiara har koordinert planarbeidet og har hatt dialogen med kommunale og regionale instansar. Frå kommunenadministrasjonen er det hovudsakleg planseksjonen som har medverka i planarbeidet, men også barnerepresentant i plansaker og teknisk sektor har bidratt i prosessen.

Den interne samarbeidsgruppa i Statens vegvesen har vidare bestått av personar med følgjande fagansvar: Vegplanlegging, formgiving og estetikk, utbygging, drift og vedlikehald, trafikkteknikk og

støy, eigedomsforhold og grunnverv, geologi og geoteknikk. Fagansvarlege for gange og sykkel har også bidratt i arbeidet.

Planar etter plan- og bygningslova vert handsama av Formannskapet i Volda kommune. Kommunestyret vert etter plan- og bygningslova førelagt planen for vedtak. Det har vore arbeidd etter følgjande framdriftsplan for reguleringsplanarbeidet:

Milepæl	Når/frist
Oversending til kommunen for høyring og utlegg til offentleg ettersyn	September 2017
Høyringsperiode	Oktober–november 2017
Medverknadsprosess/open kontordag	Oktober 2017
Godkjenning av reguleringsplan i kommunen seinast	April 2018

Figur 10 – Framdriftsplan for planprosessen E39 Volda–Furene

Informasjon og medverknad

Plan- og bygningslova stiller klare krav til medverknad i planarbeidet. For denne reguleringsplanen gjeld det hovudsakleg berørte naboar, Høgskulen i Volda inkludert Statsbygg og Helse Møre og Romsdal med representantar for Volda sjukehus, samt regionale planmyndigheiter.

Gjennom planprosessen har dei berørte fått anledning til å medverke ved fleire høve. I tillegg til dei formelle høyringsperiodane ved varsel om oppstart og ved høyring av planforslaget til offentleg ettersyn, har ein i perioden ved utarbeiding av planmaterialet hatt møter med berørte partar, og det har vore anledning til å kome med innspel til arbeidet.

Ved varsel om oppstart og når reguleringsplanen vart lagt ut på høyring, vart alle berørte grunneigarar og øvrige partar tilskrivne per brev. Kvar ein skild fekk då høve til å kome med skriftlege innspel til planarbeidet til ein fastsett frist. Kunngjeringar som gjaldt planarbeidet vart sett inn i avisene Møre og Mørenytt.

I høyringsperioden var kunngjering og aktuelle dokument tilgjengelege på heimesida til Volda kommune og på prosjektsidene til Statens vegvesen. I tillegg vart plandokumenta lagt tilgjengelege på rådhuset i Volda og i Statens vegvesen sine lokaler i Olsvika i Ålesund. Det har vore oppnemnt kontaktperson i kommunen og i Statens vegvesen som ein har kunne kontakta ved behov.

Det vart halde eit ope møte og ein open kontordag i høyringsperioden der det var høve å få orientering om planane for tiltaket. Berørte grunneigarar og naboar til planområdet vart spesielt invitert.

Plan- og bygningslova sine krav til medverknad vert sikra gjennom:

- Varsel om oppstart med høve til å kome med skriftleg uttale
- Høyring av reguleringsplan med høve til å kome med skriftleg uttale
- Ope møte/open kontordag i samband med høyring av reguleringsplanen
- Klagetilgang på planvedtaket

4 Skildring av eksisterande tilhøve i planområdet

4.1 Områdeskildring – planområdet sitt omfang og dagens arealbruk

Planområdet strekkjer seg frå Volda på E39 Austefjordvegen ved Mylnebrua til Morkaåstunnelen på fv. 653 i Furene.

Planområdet i Volda inkluderer Heltnevegen i aust opp til Volda Sjukehus og avgrensast i nordvest i krysset mellom Kårstadvegen og Dr. Halkjelsviksvegen.

Mot vest langs E39 (Elvegata) går planområdet til innkjørselen til Høgskulen i Volda. Det er teke med eit område frå krysset mellom Heltnevegen og Vikebygdvegen ned til Øyraelva som strekker seg bort til Mylnebrua.


Mykje av areala i Volda består av eksisterande vegar, bustad- og næringseigedomar og offentleg areal, men det er også noko dyrkamark i planområdet.



Figur 11 – Planavgrensing i Volda ved varsel om oppstart 01.04.2016

I Furene er planområdet avgrensa av E39 i nordvest og kommunegrensa i nordaust.

Planområdet i Furene består i dag av mykje dyrka mark og noko utmark. Det inkluderer også eit gardstun.




Figur 12 – Planavgrensing i Furene ved varsel om oppstart 01.04.2016

I Volda har gode trafikale løysingar for både bilistar og mjuke trafikantar vore premissgivande for planavgrensinga.

Planområdet sikrar også at det er nok areal for gode lokalvegsløysingar.

I nordvest har ein av same grunn teke inn meir areal i området ved Volda sjukehus. Utvidinga er klarert med Volda kommune og aktuell part.


I søraust er planen avgrensa ned mot Øyraelva.



Figur 13 – Planavgrensing i Volda 01.07.2017

I Furene er planavgrensinga justert ved industriområdet i Furene. Grensa er flytta til søraust-sida av eksisterande E39.

Det er i samråd med kommunen konkludert med at ny regulering i Furene, med mellom anna utfordringar knytt til kryssløysing/tilkomstar og tilrettelegging for kollektiv, bør gjerast gjennom ein eigen reguleringsplan.



Figur 14 – Planavgrensing i Furene 01.07.2017

Ved framlegging av reguleringsplanen til offentleg ettersyn, er plangrensene justerte slik at dei samsvarer med arealbehovet i planlegginga.

4.2 Trafikktilhøve

Europavegen og fylkesvegen i planområdet har i dag ei vegbreidde på 7.4 – 10.4 m. Dei kommunale vegane som er omfatta av planlegginga har ei vegbreidde på 7–8 meter.

Årsdøgntrafikken (ÅDT) på E39 gjennom planområdet i Volda er ved inngangen til 2017 registrert til om lag 2800 kjøretøy per døgn sørover på Austefjordvegen frå Sjukehuskrysset, medan det for E39 mellom Sjukehuskrysset og Volda sentrum er registrert 9000 køyrety/døgn. På Vikebygdvegen, fv. 45, er ÅDT om lag 5800 fram til avkøyring til Heltnevegen, og går vesentleg ned etter krysset.

På strekninga mellom Volda sentrum og rundkøyringa i Furene er det i dag ein trafikkmengde på 9500/døgn, medan det er om lag 9300 på strekninga frå rundkøyringa til Flyplasskrysset. Gjennom Morkaåstunelen nord for rundkøyringa er trafikken på nærare 3000 køyrety i døgnet (kjelde: Nasjonal vegdatabank NVDB).

Andelen lange køyrety er 9 % på E39 Austefjordvegen, 7 % frå Sjukehuskrysset retning sentrum og 5 % på fv. 45 Vikebygdvegen. For dei kommunale vegane er andelen lange køyrety om lag 2 %.

I Furene ligg andelen lange køyrety på 10 % på fv. 653 retning Morkaåstunelen/Eiksundsambandet, og på 7 % på dagens E39.

Fartsgrensene varierer gjennom planområdet. På E39 sørfrå gjennom Rotsethorntunnelen er fartsgrensa 80 km/t, og deretter ei kort strekning med 70 km/t inn mot Sjukehuskrysset, før det er 50-sone like før Sjukehuskrysset og på dagens E39 retning Volda sentrum og på dei lokale, kommunale vegane som er omfatta av reguleringsplanen.

I kryssområdet i Furene er fartsgrensa på E39 70 km/timen.

Det er innhenta opplysningar om registrerte politirapporterte trafikkulukker for siste fireårsperiode. Desse syner at det har vore to ulukker med lettare skade i og ved Sjukehuskrysset (kjelde: NVDB). Vi har ikkje ulukkesoversikt over dei kommunale vegane i planområdet.

4.3 Kollektivtrafikk


I planområdet er det fleire busshaldeplassar. Den mest nytta haldeplassen har ei tosidig løysing øvst i Elvegata ved Høgskulen. Denne haldeplassen fungerer for både gjennomgangs- og lokalbussruter. Vidare er det ei busslomme på austsida av Sjukehusvegen like ved avkøyrsla til parkeringsområdet ved Ivar Aasen-bygget på Høgskulen, men denne er svært lite nytta. Ved Volda sjukehus er det også ein busstopp for av- og påstigning ikkje langt frå hovudinngangen. Bussane køyrer deretter vidare via Heltnevegen.

I Furene er det eit kollektivknutepunkt i tilknytning til nærings-/industri- og bustadområdet like inntil dagens E39.

4.4 Teknisk infrastruktur

I planområdet er det teknisk infrastruktur i form av vatn, avløp og el-tele som vil verte berørt.


Det vil verte noko omlegging av den tekniske infrastrukturen spesielt i samband med bygging av nytt kryssområde og tunnel på Volda-sida.





Figur 15 – Illustrasjonen viser vatn og avløpskart i planområdet i Volda



Figur 16 – Illustrasjonen viser vatn og avløpskart i planområdet i Furene



Figur 17 – Illustrasjonen viser kabelkart frå Mørenett i planområdet i Furene



Figur 18 – Illustrasjonane viser kabelkart frå Mørenett i planområdet i Volda

4.5 Landskapsbilde og bybilde

Planområdet fell inn under landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet (NIJOS sitt nasjonale referansesystem for landskap). På Sunnmøre har denne eit vilt preg med bratte, alpine fjellformer i samspel med U-dalar og fjordar. Området er vegetasjonsrikt med gode tilhøve for jordbruk. Byggeskikken følgjer frå gamalt av den tradisjonelle vestlandske stilen, med liggande bordkledning og relativt små hus. Typisk er at tettstader ligg ytst ved dalmunningar ved fjorden, og vegnettet har tradisjonelt følgd fjordløpa og større dalar. Ferja er viktig for ferdselen, men tunnelar bind i stadig større grad fjordar og dalar saman.

Volda er lokalisert på austsida av Voldsfjorden, og tettstaden er ein typisk skålforma fjorddal. Volda sentrum og bebyggelsen er i hovudsak samla i den sør-vestvendte dalsida som vert avgrensa av fjorden i vest og av Rotevatnet i sør-aust. Frå vatnet renn Øyraelva gjennom eit grøntdrag ned til sentrum og ut i fjorden. Området er sterkt påverka av menneskeleg aktivitet (bustadfelt, landbruk, trafikk m.v.). Store delar av området er likevel ikkje utbygd, men vert dominert av dyrka mark som er tydeleg oppdelt med steingjerder og vegetasjonssoner, samt stiar og friluftsområde i tilknytning til Rotevatnet. I tillegg er kantvegetasjonen langs både Rotevatnet og Øyraelva viktige landskapselement som understreker elvekanten og strandsona i området.



Figur 19a – Bildet t.v. viser noko av busetnaden i Volda som strekker seg mellom fjorden i vest og fjella i nord, sett frå Rotsethornet. Rotevatnet ligg nede i dalrommet mot aust

Furene er del av eit dalområde som ligg mellom ein låg åsrygg på nordsida og eit fjellparti på sørsida. Furene ligg ca. 75 moh og består i hovudsak av vegar, industri- og forretningsbygg og eit oppdelt jordbrukslandskap. Forbi Furene går dagens E39. Langs E39 og like aust for planområdet ligg ei glattkøyringsbane og Ørsta/Volda Lufthamn. På nordsida av dalen dannar lia frå åsen bakanfor ein "låg vegg" i landskapsrommet. Det høgaste partiet på denne åsryggen ligg på om lag 120 moh. Lia består av blandingsskog lengst mot vest bak industriområdet, medan spreidde bustadar og Ivar Aasen-tunet dominerer lengre aust. Dei tydelege landskapsromma er først og fremst dyrka mark/kulturlandskap. Dette landskapet som består av kulturlandskap med spreidde gardsbygningar i samspel med kantvegetasjon og vegetasjonsområde, har gode visuelle kvalitetar.



Figur 19b – I Furene finn vi tradisjonelt jordbrukslandskap kombinert med industri- og næringsområde

Vegane i området er av ulik standard. For den køyrande vil opplevinga gå frå full fart i Rotsethorntunnelen, til brå retningsending når ein kjem til rundkøyringa i Volda, og fortset noko rolegare ned til Volda sentrum. Der må føraren ta omsyn til smalare vegar og bilar som kan rygge ut frå parkeringslommer rett ut i køyreveggen. Gatenettet i Volda sentrum snor seg mellom husa og opp bakkane, og er eit typisk særpreg ved dei mindre vestlandstettstadane. Gjennomfartstrafikanten held seg langs fjorden, passerer ferjekaia og køyrer rundt tettstaden opp til meir lettseleg trafikkbilde langs Ørstavegen mot Furene og vidare i god fart på rette vegar til Ørsta. Mot Furene ser den kjente sjåføren seg gjerne godt om for å ikkje treffe på hjorten, som har fått eigen viltovergang ved rundkøyringa i Furene. Spesielt trafikksituasjonen i Volda sentrum er utfordrande, der gåande, syklende, lokaltrafikanter, gjennomfartstrafikantar og besøkande skal dele på det avgrensa arealet som finst mellom hus og fjord. Det krev stor merksemd frå føraren, og ein reduksjon av mengda gjennomgangstrafikk vil vere med på å avlaste den noko uoversiktlege situasjonen i sentrum.

4.6 Nærmiljø og friluftsliv

Volda kommune hadde 9 102 innbyggjarar per 4. kvartal 2016 (kjelde: www.ssb.no). Av statistikken går det fram at det er særskilt mange kvinner og menn i alderen 20–24 år. Dette har samanheng med at Volda er studiestad for om lag 4 000 studentar på Høgskulen i Volda. Det er forventa ein auke i folketalet til 10 400 i år 2030, og framskrivningstala syner eit innbyggjartal på om lag 11 200 i 2040.

Høgskulen i Volda og sjukehuset er dei største arbeidsplassane i kommunen, og dei stadane som har størst dagleg besøk. Det er fleire viktige gangaksar innanfor området. Det er lagt til rette fleire møteplasser og felles uteområde rundt Høgskulen og sjukehuset. Desse har høg bruksintensitet og svært mange knyter identiteten til staden opp til institusjonane.



Figur 20 – Bildet t.v. er frå Sjukehuskrysset, medan bildet t.h. er frå Volda idrettspark

Friluftsområda langs Øyraelva og Rotevatnet har mange brukarar i alle aldrar. Årneset friluftsområde ligg i strandsona langs Rotevatnet. Årneset er tilrettelagt for variert friluftaktivitet og lek, med blant anna sandvolleybaner, turstiar, badeplass, og fasilitetar som toalett og parkering. Området er svært mykje nytta i sommarhalvåret, men også om vinteren blir området nytta til å gå på skøyter på vatnet og på ski og til fots rundt vatnet.

Frå Årneset og nedover langs Øyraelva er det opparbeidd turveg med møteplassar og benkar som er svært mykje brukt heile året. Vegane er populære til joggeturar og hundelufting, i tillegg til at dei knyter saman friluftsområdet med idrettsområda på andre sida av elva. Områda ved Rotevatnet og langs Øyraelva vert også nytta til uteskule og turterreng for både barnehagar og skular. Ved Mylnefallet, ved brua der E39 kryssar elva, er det eit kulturmiljø som representerer historia og som er viktige turmål også i pedagogisk samanheng. Volda idrettspark er viktig for barn og unge si fysiske utfolding og har betydning for skular, barnehagar og heile Volda. Her finn ein ballbaner, idrettshall og skatepark, i tillegg til turveg rundt Rotevatnet og langs elva. Ny aktivitetspark er under bygging i same området.

I samband med reguleringsarbeidet er det utført ei barnetrakkanalyse i planområdet i Volda. Fokuset har vore på ferdselsliner gjennom prosjektområdet. Gjennom arbeidet registrerte elevar ved barneskulane, ungdomsskulen og studentar ved høgskulen ferdselsliner og opphaldsområde, problempunkt og målpunkt. Hovudfunna frå barnetrakkanalysen kan oppsummerast slik:



Figur 21 – kjelde: www.barnetrakk.no

- Dei aller fleste gruppene brukar vegane rundt dagens rundkøyring ved høgskulen når dei skal til både skule og fritidsaktivitetar. Gangvegen langs Vikebygdvegen og Elvegata i aust–vest–retning er hovudtrasé, men også Sjukehusvegen er viktig for gåande og syklende. Målpunkta er hovudsakleg skulane nord for Elvegata og idretts- og friluftsområda ved Årneset/Rotevatnet.
- Aktivitetsområda som er mest nytta til lek og opphald er skuleområda ved høgskule, ungdomsskule og barneskular, turveg langs elva, ballbanar, skatebane og Årneset/Rotevatnet.
- Område som blir oppfatta som utrygge er alle kryssingspunkt over E39 (både der det er gangfelt og ved «villkryssing»), kryssing av Vikebygdvegen for gåande til Rotevatnet, Sjukehusvegen og gangfelt ved Kiwi/rundkøyring.

Barnetrakkregistreringane fortel at for gåande og syklende er hovudretninga aust–vest over rundkøyringa, men også målpunkta ved idretts- og aktivitetsområda ved Rotevatnet gir betydeleg ferdsel diagonalt mot søraust. Registreringane er med på å danne bakgrunn for utforming av kryssløysning på ny E39 mellom Volda og Furene.

I nærføring til reguleringsområdet ligg Furene næringsområde. Dette er eit industriområde som dei siste åra har fått stadig aukande del av handel- og servicereitta funksjonar. Området i Furene langs eksisterande E39 har ein sentral funksjon som knutepunkt både for kollektivtrafikk, og som knutepunkt i arbeidsreisesamanheng.

Aust for planområdet retning Ørsta ligg Ørsta–Volda lufthamn, Hovden. Det er per 8 daglege flyingar til/frå flyplassen. Ved enden av flyplassen aust for planlagt E39 ligg ei glattkøyringsbane. Denne vert nytta til køyreopplæring.


4.7 Naturmiljø og naturmangfald

Omtalen av naturverdiane i området er i hovudsak basert på konsekvensutgreiinga av kommunedelplanen for E39 Volda–Furene, supplert med oppdateringar frå kommunane, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og data i Naturbase.

4.7.1 Dagsone Volda

Naturtypar

Øyraelva oppstrams brua er registrert i Naturbase som ein viktig (B) lokalitet av naturtypen *Viktig bekkedrag*. Hovudgrunnlaget for registreringa (2007) er at det er eit elveparti med ein liten bestand av elvemusling (sjå eige avsnitt). Elva har elles kantskog av gråor, dessutan hegg, bjørk, selje, platanlønn, ask og hassel, og her veks store bregner og høgstauder. Fuktige flomlaup hadde litt sumpvegetasjon. Det er registrert ein førekomst i Artskart av den framande og uønska arten hagelupin innanfor planområdet



Figur 22 – Naturtype Viktige bekkedrag

Figur 23 – Registrert strekning med elvemusling

Elvemusling

Basert på funn av 35 vaksne individ i 2009 er ein strekning av Øyraelva registrert i Naturbase som ein lokalitet med elvemusling. Elvemusling er ein norsk ansvarsart, og er registrert som sårbar (VU) i Norsk raudliste 2015.

Fisk

Øyraelva har ein liten bestand av laks og sjøaure. Det går også å opp i vassdraget. Ål er registrert som sårbar (VU) i Norsk raudliste 2015.

Vilt

Det er registrert oter i Øyraelva. Oter er registrert som sårbar (VU) i Norsk raudliste 2015.

4.7.2 Dagsone Furene**Naturtypar**

Det er ikkje registrert lokalitetar av verdifulle naturtypar innanfor planområdet eller influensområdet til tiltaket. Det er ikkje registrert framande og uønska artar innanfor planområdet i Furene.

Vilt

Det går eit svært viktig regionalt hjortetrekke gjennom Furene (sjå figur 24). Det bind saman ulike funksjonsområde, slik som beite-/yngleområde med meir snøfattige overvintringsområde. Det er vanleg at hjorten kryssar både Vartdalsfjorden og Voldsfjorden. I tillegg til det regionale trekkmonsteret er det truleg også mykje lokalt, dagleg trekk over E39 mellom beiteområde og kvileområde.



Figur 24 – Ei regionalt viktig trekkroute for hjort går gjennom Furene (Kjelde: Kommunedelplan for E39 Volda–Furene)

Tidlegare kunne hjorten trekke forbi Furene på "brei front", men den utbygginga som har skjedd dei siste tiåra (flyplass, glattkøyringsbane, næringsbygg, rundkøyring m.m.) har ført til at kryssingsområdet er betydeleg redusert. Samtidig har hjortebestanden auka.

For å lette kryssinga og redusere faren for påkøyringar vart det etablert ein viltovergang i 2009 ca. 150 meter nordaust for rundkøyringa. Volda kommune overvaka overgangen med video i 2010 og 2011. Sjølv om viltovergangen sannsynlegvis er smalare enn optimalt (21 m), vart det registrert 10 dyr som passerte på eitt døgn i månads skiftet november/ desember 2010, og 31 dyr i løpet av en periode på 8 døgn. I 2011 vart det registrert over 1000 kryssingar. Det er ikkje registrert kryssingar av vegen innanfor ein avstand av 200 m frå viltovergangen, noko som også indikerer at den fungerer godt.


Viltkameraet er sett opp att i byrjinga av mars 2017, og planomtalen vil bli oppdatert med ev. nye registreringar før vedtak av planen.

I figur 26 nedanfor er det vist registrerte påkøyrslar i Hjorteviltregisteret for perioden frå januar 2009 til mars 2017. Med blått er vist trekkkorridoren over viltovergangen i Furene. Her er det ikkje registrert påkøyrslar i perioden. Med raudt er vist to trekkkorridorar ved Ekset der påkøyrslene er konsentrert. Før 2009 er det kun registrert to påkøyrslar ved Ekset, ingen der viltovergangen vart bygd. Registreringane er truleg mangelfulle så tidleg.


Andre tal frå Volda kommune viser at i jaktseasonen 1993–1994 vart det køyrt på 5 dyr i Furene-området, med ei total avskyting i kommunen på 212 dyr. Vel ti år seinare og fram mot i dag er avskytinga i kommunen auka til over 400 dyr, medan påkøyrslene totalt for området ser ut til å ha gått ned. Figur 25 viser registreringane. Dette kan indikere at viltovergangen har hatt effekt for heile området Furene/Egset.

Men samtidig tyder fellingstala i følgje kommunen på at hjortebestanden på Berkneshalvøya har gått ned dei seinare åra. I resten av kommunen har avskytinga halde seg oppe. I kva grad utbygging og auka aktivitet i Furene har vore med på å strupe bestanden på Berkneshalvøya er usikkert.

Med den trafikken som er dokumentert over viltovergangen er det uansett liten tvil om at han er med på å redusere risikoen for påkøyrslar på E39 mellom næringsområdet i Furene og flyplassområdet ved Hovden, og at han er viktig for å oppretthalde det regionale trekket gjennom området.



Figur 25 – Fellingar totalt i Volda kommune og påkøyrslar ved Egset/Furene. Blå line syner felte dyr, medan raud line syner påkøyrslar på Egset/i Furene



Figur 26 – Hjortepåkøyrslar registrert i Hjorteviltregisteret frå 2009 til mars 2017



Figur 27 – Trekkruter registrert i Furene. (Kjelde: Fylkesmannen/kommunen)

4.8 Kulturminne/kulturmiljø

Det eksisterer ingen kjende automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Det finnst automatisk freda kulturminne utanfor planområdet, mot Heltane, nord og sør for Volda sentrum og mot Klippa. Alle desse ligg slik til at dei korkje vert direkte eller indirekte påverka av dette tiltaket. Fleire bygningar i planområdet er registrert i SEFRAK, sekretariatet for registrering av faste kulturminner i Noreg. Nokre av desse er registrert som bygningar som skal vurderast etter kulturminnelova § 25 dersom dei kan bli råka av tiltaket. Fylkeskommunen har opplyst om at husmannsplassen på Kleppheim har ein kulturhistorisk verdi som dei ønskjer ein skal legge til rette for å ivareta i det vidare planarbeidet.

Fleire offentlege institusjonsbygg, som sjukehus, lærarskule og høgskulen er lokalisert aust for sentrum, i Røyslid. Bustadområda har også utvikla seg i denne retninga, og på Rotset.

I strandsona langs Rotevatnet finst fleire eldre naust med særeigen arkitektur. Elvadalen, med Øyraelva, er eit historisk område i forhold til industriverksemnd som har vasskraft som energi- kjelde. Det finst spor etter fleire anlegg, med kanalar, murar og restar etter bruer og sagbruk. Ved Mylnefallet er det samla dømme på bygg og installasjonar som representerer historia.

Kulturmiljøet ved Furene, i området ved Liaskaret og Åsen er knytt til jordbruket sitt kulturlandskap. Landbruksareala og gardsbygningane ligg i eit belte oppunder Nivskollen, mellom E39, Nakkane, og Åsen på nordsida av dalen. Området på kvar side av dalen oppfattast som ganske einskaplege kulturmiljø som ligg i sin opphavelege kontekst med fleire mindre gardsanlegg. Fleire tun vert dominert av nyare bygningar, og tunforma er berre til dels bevart.

Det vart gjennomført arkeologisk registrering i planområdet hausten 2016. Den arkeologiske registreringa resulterte ikkje i funn av hittil ukjente automatisk freda kulturminne.



Figur 28 – Bilder av naust ved Rotevatnet og frå Mylnefallet

4.9 Naturressursar

Landbruk

Volda kommune har eit landareal på 525 km². Samla er det i dag 104 landbruksføretak med til saman 15 145 dekar jordbruksareal i drift i kommunen. Den fulldyrka marka vert så godt som utelukkande brukt til engdyrking.

Geologiske ressursar og vassressursar

Lausmassar

I følge NGU sin grus- og pukkdatabse ligg det ingen utnyttbare avsetjingar av grusressursar innanfor området.

Mineralressursar

I følge NGU sin database over mineralressursar finst det ingen registrerte førekomstar av malm (metall), naturstein eller industrimineraler innanfor planområdet. Dei mineralressurs- førekomstane som ligg nærast planområdet er i Liaskarområdet. Dette er ein førekomst av ulike jernmetall. NGU si mineraldatabase gir ingen utfyllande informasjon om Liaskarførekomsten og ein kan gå ut ifrå at den ikkje er økonomisk viktig.

Vassressursar

Ettersom lausmassane i mesteparten av influensområdet består av morene er potensialet for uttak av grunnvatn lite. Det er kun i den avgrensa breelvavsetjinga ved Rotevatnet i utkanten av influensområdet at det kan finnast grunnvassressursar av ein viss storleik. I følge NGU si grunnvassdatabase Granada ligg det ingen grunnvassbrønner til bruk for vassforsyning i eller i nærleiken til influensområdet. Det er registrert energibrønner nord for planområdet for traséalternativa i Volda. Det er ikkje uttak av overflatevatn til vassforsyningsføremål innanfor planområdet.

4.10 Grunnforhold

På lausmassekart frå NGU er området med veg i dagen i Volda, markert som morene. Dette blir stadfesta av grunnboringane, men det kan vere eit lausare humushaldig lag over morenen. Grunnboringane langs Sjukehusvegen viser 7,5–8,8 meter lausmasse over berg ved planlagt rundkøyring. 200 meter lengre oppe langs Sjukehusvegen er det 2–3 meter til berg, og ved Kløvertunvegen er det rundt 5 meter.

Refraksjonsseismikk utført vinteren 2017 viser at det er tilsvarande forhold langs det austlege løpet. Seismikkprofilen går lengre oppover enn grunnboringane og viser at djupna til berg blir mindre på oppsida av Kløvertunvegen.

Den vestre delen av reguleringsområdet kjem litt inn på det området som er markert som marin strandavsetning på lausmassekartet frå NGU. I området med marin strandavsetning har SVV tidlegare utført boringar ved Skjærvagarden (Porsemyrvegen vest), for ny bru over Øyraelva ovanfor småbåthamna, og i utfyllingsområdet sør for småbåthamna. Ingen av boringane avdekkjer sensitiv eller kvikk leire.

For Furene viser lausmassekartet frå NGU myr/torv på den nedre delen av området og morenedekke oppover i Lia. Grunnboringane viser at myrlaget på flata mellom eksisterande E39 og Torvmyrvegen er opp til 2 meter djupt. Under myra er det eit lag med silt/sand og nedover mot berget blir lausmassen tolka som morene. Ved Torvmyrvegen ligg berget rundt 10 meter under terreng.

I forskjeringsområdet viser boringane opp til 16 meter lausmasse, i påhoggsområdet 10–12 meter. Lausmassen er 0,5–1,0 meter matjord/vegetasjonsdekke over fast lagra masse, tolka som morene. Refraksjonsseismikken samsvarer med boringane. Rundt terrengkote 95 viser seismikken ei grop i bergoverflata. Dette samsvarer med området der boringane viser 16 meter lausmasse.


Bergoverdekninga til tunnelen er god langs heile tunnelen og grunnundersøkingar er difor berre utført ved påhoggsområda. Bergmassen i planområdet er typisk for store delar av Sunnmøre, gneisbergartar av noko ulik samansetning. Nokre svakare soner er identifiserte og alle av dei er steile og orienterte på tvers av tunnelen, noko som er ei gunstig orientering for drivinga av tunnelen. Dei svake områda er ikkje forventa å vere svakare enn at tradisjonell driving og sikring er tilstrekkeleg.

4.11 Naturfare


Aktsemdskart for skred er generert frå hellinga til terrenget og angir område som skal vurderast for naturfarar. I denne reguleringsplanen kjem to aktsemdssonar inn i reguleringsområdet.

I Volda er det ei aktsemdssone for jord- og flaum-skred som kjem ned mot påhuggsområdet, sjå figur 29. Sona er omtala nærare i kapittel 7.


Ved Furene er det ei aktsemdssone for snøskred som går ned mot påhuggsområdet (figur 30). Løsneområdet i denne fjellsida er skogkledt og vendt mot nordvest. Skogkledt fjellside indikerer at det ikkje har gått større snøskred dei siste tiåra. Snøskred frå nordvestvendt fjellside krev at det bles frå mellom sør og øst for å danne snømengder som kan lage store skred. Mykje nedbør i form av snø frå denne vindretninga er svært sjeldan og kun vindtransport av snø på bakken vil ikkje vere tilstrekkeleg for å lage store skred. Det er ikkje fare for at snøskred skal komme ned på veg oftare enn akseptkriterier tillet. Aktsemdssona er ikkje vurdert nærare i kapittel 7.



Figur 30 – Aktsemdskart for snøskredfare ved Furene (kjelde: NVE Atlas)



Figur 31 – Aktsemdssone for flaumfare frå Øyraelva markert med blå skraver (kjelde: NVE Atlas)



Figur 29 – Aktsemdskart for jord- og flaumskred nord for påhogget i Volda (kjelde: NVE Atlas)


Aktsemdskart for flaum (figur 31) viser at tilgrensande areal til planområdet potensielt kan vere utsett for flaum frå Øyraelva. Flaumfaren må vurderast nærare i samband med eventuelle detaljreguleringar til utbyggingsføremål på desse areala.

4.12 Støy

Figur 32 og 33 gir eit bilde på korleis støytilhøva knytt til vegtrafikk på i planområdet er i dag. Raud sone har støynivå L_{den} over 65 dB. Gul sone har støynivå L_{den} mellom 55 – 65 dB. Støymogrepa er nærare forklart i kapittel 6.12.



Figur 32 – Vegtrafikkstøy i Furene i dag (kjelde: GisLink)



Figur 33 – Vegtrafikkstøy i Volda i dag (kjelde: GisLink)

4.13 Luft

Luftforurensning består av ei blanding av ulike gassar og partiklar. I Norge er det først og fremst svevestøv og NO_2 som gir dårleg luftkvalitet. Vegtrafikk bidreg mest til høge nivå av svevestøv. Den viktigaste kjelda til svevestøv er asfaltslitasje, hovudsakleg forårsaka av piggdekkbruk. Vegtrafikk er også hovudkjelde til utslepp av NO_2 i norske byområde.

Retningsline for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520) gir føringar for vurdering av luftkvalitet i arealplanlegging. Statens vegvesen har i tillegg sine interne krav gitt i Interne råd for bruk av retningslinje T-1520 (Statens vegvesen og Vegdirektoratet, 2013) og Handbok N500 Vegtunneler (Statens vegvesen og Vegdirektoratet, 2016).

Vedlegg 3 i Handbok N500 omhandlar forhold knytt til ytre miljø i samband med reguleringsplanarbeidet for vegtunneler. Luftkvaliteten i områda nær tunnelmunningane skal i utgangspunktet vurderast i høve til retningslinje T-1520. Eventuelle behov for avbøtande tiltak som etablering av ventilasjonstårn skal vurderast dersom tunnelmunningane befinn seg i områda der menneske kan bli eksponert. Luftkvaliteten skal då vurderast i høve luftkvalitetskriteriane i tillegg til T-1520.


Det er så langt vegvesenet kjenner til ikkje tidlegare utarbeidd luftsonekart i tråd med T-1520 langs eksisterande E39 gjennom Volda sentrum til Furene eller gjennomført målingar av lokal luftforureining langs denne strekninga. I samband med denne reguleringsplanen har Statens vegvesen fått dokumentert lokal luftkvalitet ved områda nær dei planlagte tunnelmunningane i Volda og i Furene, sjå kapittel 6.13.

5 Skildring av planforslaget

5.1 Utforming av veganlegget

5.1.1 Volda


Planløysingar og aktuelle tiltak i planområdet i Volda er vist i oversiktsskissa under. I det vidare vil vi omtale og illustrere dei enkelte elementa.




Figur 34 – Oversiktsskisse, ny situasjon i Volda. Fjellpåhogget vil kome ved pel ca. 160.

Utforming av E39, tunnel og veg

Det er planlagt to tunnellop med eit 9,5 meter breitt profil i kvart løp. Vegbreidda er i dette profilet 7,5 meter, pluss 1 meter bankett på kvar side. Sjølv køyrefelta er 3,5 meter, og i tillegg er det 0,25 meter skulder på kvar side inn mot bankett. I tunnelen er det planlagt havarilommer for kvar 250 meter. E39 til dei to påhogga er dimensjonert etter vegstandard H7 i handbok N100. Det er køyrefelt på 3,5 meter og skulder på 1,5 meter. Inn mot tunnelane må vegen tilpassast.



Figur 35 – Handbok N500, tunnelstandard T9,5



Figur 36 – Handbok N100, vegklasse H7

Utforming av kryss mellom E39, Elvegata og Vikebygdvegen

Krysset er utforma som rundkøyring med fire vegarmar. Sjølv krysset er senka ned i terrenget, om lag 6 meter. E39 frå nord er fire-felts veg og dei tre andre vegarmane i krysset er to-felts vegar. Alle vegane inn mot rundkøyringa er utforma med gateprofil og kantstein. Rundkøyringa har ein ytre diameter på 50 meter og rundkøyringa har to køyrefelt. Sentraløya i rundkøyringa har ein diameter på 26 meter.



Figur 37 – Utforming av kryss mellom E39, Elvegata og Vikebygdvegen

Utforming av planfri kryssing for mjuke trafikantar i kryssområdet mellom E39, Elvegata og Vikebygdvegen

Den planlagte kryssinga for mjuke trafikantar er utført med bruløysing over rundkøyringa som illustrert i figur 38. Løysinga er universelt utforma og vil vere inndelt i eigne felt for gåande og syklende. Breidda på ferdselsarealet varierer, men er tilstrekkeleg til etablering av tosidig fortau og to-vegs sykkelfelt. Brua er ei stålbru med betongdekke og er tilpassa til eksisterande terreng med ein funksjonalitet som gjenspeglar ferdselsmønsteret til gåande og syklende i området. Brua har to stålsøyler i enden av kvar 'arm' og to i midten av rundkøyringa. Siktforholda er vurdert for alle trafikantgrupper. Søylene skal plasserast på betongsoklar rett over terreng, og endeleg plassering må avklarast i byggeplanfasen.




Figur 38 – Prinsipp «stjernebru» løysing for gåande og syklende i Sjukehuskrysset, illustrasjon: Rambøll AS

Utforming av kryss mellom Vikebygdvegen og Heltnevegen

Krysset er utforma som ei rundkøyring med fire vegarmar og har ein ytre diameter på 40 meter. Sentraløya har ein diameter på 26 meter og det er eitt køyrefelt i rundkøyringa med breidde 6,5 meter.

Det blir etablert ny tilkomst til bustad- og næringsområdet sør for fylkesvegen via ny arm frå rundkøyringa.


Det er planlagt fortau på alle vegarmane og kryssing i plan for mjuke trafikantar.



Figur 39 –Nytt kryss fv. 45 Vikebygdvegen og Heltnevegen

Utforming av forlenging av Kårstadvegen

Kårstadvegen er planlagt forlenga frå krysset med Dr.Halkjelsvikvegen mot aust til Heltnevegen, der ein del av Kløvertunvegen vil gå inn i Kårstadvegen. Vegen er utforma som gate og har køyrebanebreidde på 3 meter, samt skulderbreidde på 0,25 meter. Det er planlagt fortau med tre meters breidde for mjuke trafikantar. Frå Heltnevegen fram til ny veg til Nyttun er det lagt til rette for fortau på begge sider av vegen, vidare langs Kårstadvegen er det fortau på eine sida. Det blir opparbeidd ny tilkomst til gbnr. 19/736 og det blir regulert ny tilkomst til gbnr. 19/239 som er eit kontor- og administrasjonsbygg tilhøyrande Helse Møre og Romsdal.



Figur 40 – Forlenging og utbetring av Kårstadvegen frå Heltnevegen

Tilrettelegging for etablering av kantstopp

I Kårstadvegen er det lagt til rette for å kunne etablere kantstopp for kollektiv.




Figur 41 – Tosidig kantstopp for kollektiv i Kårstadvegen

Høgresvingefelt på Heltnevegen

I krysset med Heltnevegen og Kårstadvegen er det lagt til rette for eit høgresvingefelt på Heltnevegen.

Høgresvingefeltet er teke høgde for i planen for å oppnå auka trafikktryggleik i krysset med fare for påkøying bakfrå når ein kjem ned bakken i Heltnevegen.




Figur 42 –Høgresvingefelt på Heltnevegen inn mot Kårstadvegen

Utforming av ny veg til bustadområdet ved Nytun og Høgskulen i Volda

Det er planlagt ny veg til bustadområdet på Nytun og til Høgskulen frå Kårstadvegen.

Vegen er planlagt med køyrebanebreidde på 2,75 meter og skulder på 0,25 meter. Det er lagt til rette for eit 3 meter breitt fortau på eine sida av vegen.




Figur 44 – Veg til Nytun og Høgskulen

Utforming av nytt kryss mellom Kårstadvegen og Dr. Halkjelsviksvegen

Krysset mellom Systervegen, Kårstadvegen, Kløvertunvegen og Dr. Halkjelsvikvegen er planlagt ombygd til T-kryss.

Systervegen vil bli fysisk stengt frå Kårstadvegen, og blir omklassifisert til gang- og sykkelveg. Alle bustader i Røysmyrvegen, Systervegen, Nytunvegen og Sjukehusvegen vil få køyretilkomst frå forlenging av Kårstadvegen, sjå oversiktsillustrasjon, figur 43.



Figur 43 – Kryss mellom Kårstadvegen og Dr. Halkjelsvikvegen

5.1.2 Furene


Utforming av E39 tunnel og veg i Furene

I Furene vil fjelltunnelen gå over i ein 200 meter lang betongtunnel før vegen i dagen først inn mot den eksisterande rundkøyringa ved Morkåstunnelen i Furene. Vegen blir utforma etter Handbok N100, vegklasse H7, som fire-felts motorveg.

Betongtunnelen blir dekt til med lausmasser med helling på 1:8. Fyllinga (og anleggsområdet) vil bli planta til nord for fyllingstoppen for å sikre vilttrekk til/frå viltovergangen lengst nord i området. Sør for fyllingstoppen vil tilbakefyllinga bli sådd eller planta til avhengig av om grunneigar ønskjer å opparbeide arealet til grasmark eller ikkje. Det vil bli sett opp viltgjerde langs ny E39.



Figur 45 – Løysing i Furene vist på flyfoto med eksisterande situasjon




Figur 46 – Fylling over betongtunneler i Furene. Fjellpåhogg for det vestre løpet vil kome ved pel ca. 3390–400 for det vestre løpet.

Utforming av rundkøyring i Furene

Eksisterande rundkøyring på E39 i Furene vil bli endra ved at det vert etablert to køyrefelt i sirkulasjonsarealet.


Diameteren på sentraløya vert redusert, og deleøyane inn til rundkøyringa vert omgjort for å tilfredsstille krava i Handbok N100 som gjeld avbøying i til- og fråfart i rundkøyringa.




Figur 47 – Ny rundkøyring i Furene

Tilhøvet til eventuell forlenging av Torvmyrvegen

Torvmyrvegen er ikkje ein del av reguleringsplanen for E39 Volda–Furene. Dei tekniske løysingane som ligg til grunn for vedtatt kommunedelplan var utforma slik at det ikkje stenger for ein eventuell seinare reguleringsplan for Torvmyrvegen. Endra planløysing i Furene krev difor at ein må syne korleis Torvmyrvegen kan utformast. Figur 48 viser Torvmyrvegen lagt i kulvert nær rundkøyringa og i kulvert under vilttrekket. I samtalar med kommunen og fylkesmannen er dette vurdert som ei gangbar løysing.



Figur 48 Eventuell forlenging av Torvmyrvegen



Figur 49 – 3D-illustrasjon av løysing i Furene sett i fugleperspektiv frå Hovden

5.2 Arealbruksformål

Nedanfor følgjer ein gjennomgang av dei ulike arealbruksformåla.

5.2.1 Bygningar og anlegg

Bustader, B

Formålet gjeld i hovudsak eksisterande bustadområde, område med nemningar B1–B5.

Offentleg eller privat tenesteyting, BOP

Område BOP1 er offentleg areal som vert nytta av Høgskulen til utdanningsføremål eller anna offentleg formål. Eksisterande offentlege areal i BOP1 er eigd av Volda kommune. I tillegg er tunområde på gnr. 19 bnr. 29 no inkludert i dette planområdet/formålet.

Område BOP2 er offentleg areal som ein ser som mogleg utvidingsareal til utdanningsfunksjon eller anna offentleg formål. Området er i dag i privat eige, del av gnr. 19 bnr. 1.

Område BOP3 er offentleg areal som også kan nyttast til utdanningsføremål eller anna offentleg formål. Området er eigd av Statsbygg og Helse Møre og Romsdal.

Område BOP4 gjeld mellom anna eksisterande kontor-, utdannings- og driftsfunksjonar til Helse Møre og Romsdal, Sjukehuset i Volda.

Kombinert byggje- og anleggsformål, BKB

Område BKB1 og BKB2 kan nyttast til kombinert byggje- og anleggsformål.

Innanfor området kan det etablerast bygg til offentleg og privat tenesteyting og næringsbygg (kontor). Det er ikkje ynskeleg med etablering av bustadar her, med unntak av bustadar for å dekke kommunen sitt eige behov for omsorgs- og sosialbustadar.

Område BKB3 kan nyttast til bustader, forretning og kontor.

Område BKB4 kan nyttast til bustader og kontor.

Område BKB5 omfattar næringsmiddelbedrift Johs. Jakobsen.

5.2.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg, SKV

Omfattar offentleg veg, felle privat veg og privat køyreveg. På plankartet og i reguleringsføresegnene er det skilt mellom offentleg og anna køyreveg.

Avkjørsler frå offentleg veg er regulert som del av formålet med eigarform offentleg.

Vedlikehaldsansvaret ligg likevel på brukaren, jf. § 9 i «Forskrifter om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler frå offentlig veg».

Fortau, SF

Omfattar offentleg fortau.

Gang-/sykkelveg, SGS

Omfattar offentleg gang- og sykkelveg.

Annan veggrunn – teknisk anlegg, SVT

Omfattar sideareala til vegen. Areal kan nyttast til skjering, fylling, grøft, siktsone, rekkverk, murar og eventuell støyskjerming. På plankartet og i reguleringsføresegnene er det skilt mellom offentleg og anna (privat) areal.

Leskur, SP

Omfattar leskur i tilknytning til kollektivhaldeplass.

Kollektivhaldeplass, SKH

Omfattar haldeplassar for buss.

5.2.3 Grøntstruktur

Område G1 sør for fv. 45 langs Øyraelva er regulert til grøntstruktur. Arealet skal fylle fleire formål, mellom anna kantvegetasjon langs vassdrag (naturtype *Viktig bekkedrag*), buffer mellom vassdrag og utbyggingsområde og friområde/rekreasjon. Området kan leggest til rette med turveg og mindre bygg/anlegg som tener friluftformål. Område G2 og G3 vil vere buffersone mellom veg og bustader i sentrale kryssområde.

5.2.4 Landbruks-, natur- og friluftsområde

Landbruksformål, LL

Omfattar landbruksareal i Furene.

Naturformål, o_LNA

Omfattar areal i kommunalt eige søraust for viltovergangen i Furene. Arealet er sett av som o_LNA for å vise at naturomsyn (vilt) er prioritert. Området skal ligge urørt etter tilstelling ved anleggslutt.

5.2.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag

Naturområde i sjø og vassdrag, VNV

Omfattar ei lita strekning av Øyraelva under Mylnebrua i Volda.

5.2.6 Omsynssoner

Sikringssone tunnel, H190

Omfattar doble tunneløp på nivå 1 mellom Volda og Furene.

Sikringssone frisikt, H140

Formålet er å ivareta siktkravet ved inn- og utkøyning frå kryss på køyreveg. Sikttrikantane er i samsvar med handbok N100, og skal haldast fri for sikthinder som til dømes skog og bygningar.

Faresone ras- og skredfare, H810

Omfattar ei aktsemdssone for jord- og flaumskred som kjem ned mot påhuggsområdet i Volda.

Omfattar også ei teoretisk sone for snøskred som går ned mot påhuggsområdet i Furene, sjå 4.11.

Omsynssone bevaring kulturmiljø, H570

Omfattar ei sone med eldre bygningsmasse i form av ein tidlegare husmannsplass. Omsynssona skal sikre at det vert teke omsyn til den bevaringsverdige bebyggelsen.

Omsynssone bevaring naturområde, H560

I Furene er det vist to omsynssoner som skal sikre at det ikkje blir gjennomført tiltak som kan vere til hinder for vilttrekk i området. Sør for ny E39 er det mindre strenge vilkår enn på nordsida.

5.2.7 Områdeføresegn

Mellombels anleggs- og riggområde

Område merka # omfattar alt areal som kan nyttast til mellombels anleggsbelte, rigg- og deponiområde, med tilhøyrande føresegner om bruk, utforming og istandsetting. Dette er areal som er naudsynt for å gjennomføre utbygginga, men som ikkje inngår i det ferdige anlegget. Arealet vil bli tilbakeført i samsvar med underliggende arealformål.

5.3 Krav om detaljregulering

Det er i føresegnene stilt krav om detaljregulering for følgjande område, jf. kapittel 2.2. Konkret arealbruk, utnytting, høgder og andre formål må avklarast gjennom eigen detaljreguleringsplan.

Formål	Nemningar
Bustadområde	B1, B3, B4
Kombinert formål	BKB1, BKB2, BKB3, BKB4,
Offentleg eller privat tenesteyting	BOP1, BOP2, BOP3, BOP4

Kombinert nærings- og bustadbygging, framtidig

Det er i reguleringsplanen lagt til rette for ny arealbruk på eit område aust for Sjukehuskrysset, sør for Vikebygdvegen. I områda med nemning BKB3 er det i dag eksisterande bustadbebyggelse og næringsaktivitet, medan områda BKB1 og BKB2 ligg i tilknytning til eksisterande bebyggelse, sør og aust for BKB3.

Områda BKB1 og BKB2 skal regulerast samtidig (gjennomføringssone H810_1).

Område BKB3 skal regulerast samla (gjennomføringssone H810_2).

Planlagt tilkomst mot sør i kryss/rundkøyring ved Heltnevegen på fv. 45 skal vere hovudtilkomst til områda. Planen skal også sikre framtidig tilrettelegging av tilkomst til friområdet ved Øyraelva og Rotevatnet. Det vert ikkje tillate utbygging før detaljreguleringsplan er vedteken og ny tilkomst er etablert.

5.4 Vurderte alternativ

I godkjent kommunedelplan og i prosessen knytt til utarbeiding av reguleringsplan, har ein vurdert fleire løysingsalternativ. Dette gjeld både for hovud- og lokalvegnett og også løysingsalternativ for mjuke trafikantar i og gjennom planområdet.

Under følgjer ein gjennomgang av dei alternativa som har vore oppe til diskusjon i reguleringsplanprosessen i tillegg til dei valde løysingane som er skildra ovanfor. Alternativa er vurdert opp mot faktorar som trafiksikkerheit, framkomst, tilgjengelegheit, økonomi og generelt i høve til målsettingane for prosjektet.


5.4.1 Volda

Vurderte alternativ for Sjukehuskrysset

Rundkøyring, jf. Kommunedelplan E39 Volda–Furene

I kommunedelplanen vart det lagt til grunn ei løysing med rundkøyring i plan og etablering av ein undergang med tilhøyrande gang- og sykkelvegssystem for mjuke trafikantar på ny E39 mellom rundkøyringa og tunnelportalen. Det vart lagt til grunn kryssing i plan på dei andre vegarmane.


Vi veit frå bornetrakkundersøkinga at dagens rundkøyring i Sjukehuskrysset med kryssing i plan, er eitt av dei punkta som flest opplever som utrygge. Bilane kan ha høg fart inn til rundkøyringa og det er usikkerheit knytt til bruken av blinklys. Ein ønsker difor primært å sjå på andre løysingar for kryssing av vegen.



Figur 50 – Utsnitt frå Kommunedelplan E39 Volda–Furene

Alternativ med rundkøyring i dagens terrenghøgde og planfri kryssing for mjuke trafikantar


For å få ei kryssing for mjuke trafikantar er det to moglegheiter, den eine er å byggje bru over vegen og den andre er å føre dei mjuke trafikantane under vegen i kulvertar. Det er krav frå Statens vegvesen si handbok N100 om stigning, sikt og kurvatur på gang- og sykkelveggar. Desse krava gjer at eit system med kulvertkryssing er arealkrevjande og krev ramper som her strekker seg heilt til Heltnevegen i aust før ein når att terrenget. Figur 51 viser ei skisse for kor lange rampane vert for ei løysing med kulvertar under vegen. Denne løysinga er vurdert opp mot valt løysing med senka veg og dei mjuke trafikantane i bru over krysset i dagens terrenghøgde.



Figur 51 – Rundkøyring i dagens terrenghøgde med kulvertløysing for mjuke trafikantar

Alternativ med toplans-kryssløysing for køyrande

Alternativ der rundkøyring i Sjukehuskrysset er senka og trafikken til og frå Volda sentrum i Elvegt. (E39)/Vikebygdvegen (fv. 45) er ført over rundkøyringa i bru. Alternativet er forkasta med begrunnelse i at rampane frå rundkøyringa opp mot kryssområdet ved Heltnevegen blir for korte til å få til ei forsvarlig fletting av trafikken. Løysinga er også veldig kompliserande for dei mjuke trafikantane med fleire bruer over kryssområdet eller ei løysing med å lede gåande og syklende mot krysset ved Heltnevegen for kryssing i plan.



Figur 52 – Fv. 45 i bru over E39

'Hjulbru'–løsning for mjuke trafikantar i Sjukehuskrysset

Innleiingsvis i arbeidet med å finne ei god løysing for mjuke trafikantar, vart det vurdert eit konsept etter same prinsipp som Tjensvollkrysset i Stavanger, i form av ei 'hjulbru'. 'Hjulbrua' koplar saman dei fire tilkomstpunkta for gåande og syklande med ein sirkulær konstruksjon som har ein indre radius på 30 meter. Over køyrevegane består konstruksjonen av åtte hovudspenn som er inntil 35 meter lange. Beresystemet er i stål, grunna lange spenn. Rekkverket på inn- og utside av brua vil inngå i hovudberinga til brua (ei stålkasse), og vil vere godt synleg for både køyrande og mjuke trafikantar.




Figur 53 – Brukonsept «hjulbru» som løysing for gåande og syklande i Sjukehuskrysset. Illustrasjon: Rambøll AS

Tidleg i prosessen kom det opp eit alternativ til 'hjulbru'–løysinga, ei 'stjernebru', som vart eit reelt alternativ til denne løysinga, og naturleg å samanlikne med. I den samanhengen vart 'hjulbru'–konseptet forkasta til fordel for 'stjernebru'–konseptet, der sistnemnde kom betre ut, hovudsakleg med omsyn til betre fleksibilitet for dei mjuke trafikantane, men også kostnadmessig og med omsyn til landskapet.

Variant av hjulbru – i betong

Bru etter same prinsipp som vist ovanfor, men bygd i betong. Løysinga skaper mellom anna fysiske skiljer mellom gåande og syklande, og vil i tillegg vere tyngre å drifte om vinteren.



Figur 54 – Variant av hjulbru i betong. Illustrasjon: Rambøll AS

Variant av 'stjernebru'–konseptet

Det er sett på ein variant av 'stjernebrua' med armar som ikkje er begrensa av 20 meter radius for sykkelvegen. Alternativet inneheld dei same konstruktive prinsippa som den tilrådde 'stjernebrua', men er ikkje yttarlegare bearbeidd i denne fasen. Varianten vil også ivareta god flyt for gåande og syklande på brua, og vil vere slankare, sidan det vert mindre overflateareal. Dette vil igjen medføre ein noko redusert kostnad. Varianten må alternativt vurderast nærare i skisseprosjekt–fasen i samband med byggeplanlegginga.



Figur 55 – Variant av 'stjernebrua' – eit mindre arealkrevande alternativ som kan vurderast for nærare prosjektering. Illustrasjon: Rambøll AS

Kryssløysing mellom fv. 45 Vikebygdvegen og Heltnevegen

I krysset mellom Heltnevegen og Vikebygdvegen er X-kryss forkasta av trafikktryggleiksårsaker. Det er difor vurdert kryssløysingar med rundkøyring som kryssalternativ. Rundkøyring gir større trafikktryggleik enn ei løysing med bruk av X-kryss.

Plassering og storleik på rundkøyringa vil gje ulike utslag og konsekvensar for omgivnadane. I kommunedelplanen er det vist til ei rundkøyring som har ein ytre diameter på 30 meter.

Undergang/planfri kryssing nedst i Heltnevegen

Heltnevegen har trafikkfall som framskrevne er større enn 6000 i ÅDT, Det er difor vurdert kryssing av Heltnevegen i dette krysset ved å føre dei mjuke trafikantane i kulvert. Dette var ei løysing som vart gjennomgått i ei trafiksikkerheitsvurdering og forkasta grunna fare for «villkryssing».

Eventuell løysing med sykkel i tunnelen

Innleiingsvis i planarbeidet, både i oppstartsmøte med kommunen og på idéverkstaden som fann stad i februar 2016, kom det innspel om eventuell tilrettelegging for sykkelløysing i tunnelen mellom Volda og Furene.

Ei eventuell tilrettelegging for syklande i tunnelen vil vere lang, heile 3,5 km. Vidare vil den krevje separat løysing parallelt med køyrebana. Årsaken til dette er støy- og luftforureining frå køyretøya. Vegvesenet er også av den oppfatning at sykkeltunnelen ikkje vil appellere til alle brukargruppene, og det vil bli ei kostbar løysing samanlikna med å legge til rette for eit godt gange- og sykkelsamband i dagen, jf. Plan for hovudnett for sykkel i Ørsta og Volda.

Forslag til lokalvegløysing i Kommunedelplan E39 Volda–Furene

I kommunedelplanen vart det fremma eit forslag til løysing for lokalvegnettet, basert på at tilkomst via Sjukehusvegen ikkje vil vere mogleg i framtida. Figur 56 syner direkte vegsamband mellom Heltnevegen og Kårstadvegen, der Sjukehusvegen forbi Nytun er kopla på og med ei forlenging av vegen til nordsida av Høgskulen. Denne løysinga inneber at krysset mellom Systervegen, Kårstadvegen, Dr.Halkjelsvikveg og Kløvertunvegen må byggast om. Det som er skissert i KDP er ei rundkøyring. Ei rundkøyring i dette krysset vil krevje mykje meir areal enn vist i skissa og den må og flyttast meir mot sørvest enn vist i skissa. Løysinga vil ikkje gi ei god løysing for kollektivtransport til og frå sjukehuset.



Figur 56 – Utsnitt frå kommunedelplan E39 Volda–Furene med forslag til lokalvegssystem mellom Heltnevegen og Kårstadvegen og retning Nytun-området og Høgskulen

5.4.2 Furene

Kommunedelplan E39 Volda–Furene

I kommunedelplanen er det lagt til grunn ei løysing med dagsone på om lag 300 meter, inkludert ei 100 meter lang bru. Tunnelportalen er vist plassert omlag 130 meter aust for dei næraste bygningane på eiendom gbnr. 14/1. Portalen er vist med ei lengde på omlag 65 meter inn til fjellpåhogget.

I prosessen med utforming av kommunedelplanen var eit viktig tema om planen skulle vise ei forlenging av Torvmyrvegen eller ikkje. Omsyn til vilttrekk var ei av fleire problemstillingar som vart drøfta. Utfallet vart at Torvmyrvegen vart tatt ut av kommunedelplanen, men den tekniske løysinga vart utforma slik at den i seg sjølv ikkje ville stenge for å forlengje Torvmyrvegen i tråd med skissa i figur 57.

I reguleringsplanen har ein valgt å gå bort frå løysinga i kommunedelplanen. Heile tunnelen er senka, og dette utgjer 8–10 meter lenger tunnel samanlikna med løysing vist i kommunedelplanen. Vidare er tunnelportalane trekt fram til om lag midt på brua vist i kommunedelplanen, jf. Gjennomgangen i avsnitt 5.1.2. For Furene-området vil dette vere positivt for både hjortetrekke, landskapet og tilrettelegging av landbruksarealet.



Figur 57 – Utsnitt i Furene frå Kommunedelplan E39 Volda–Furene, illustrert med eventuell forlenging av Torvmyrvegen frå flyplassområdet

6 Verknader av planframlegget – arealbruk og løysingar

6.1 Trafikkforhold og framkomst

Statens vegvesen har gjennomført ein trafikktryggingssrevisjon (TS-revisjon). Ein TS-revisjon er definert som ein systematisk og uavhengig gransking av trafikktryggingssforhold i ein vegplan. Denne skal sørge for at nye vegar byggd i samsvar med nullvisjonen, kunnskap om trafiksikker vegutforming og krav i vegnormalane, samt øvrige regelverk. Revisjonen skal luke ut uheldige løysingar, feil og manglar på dei ulike plannivåa før anlegget blir byggd.

6.2 Samfunnsmessige tilhøve

Ein stor del av befolkninga blir direkte eller indirekte råka av tiltaket, då influensområdet omfattar delar av dei tettast befolka områda i kommunen.

Reisetida mellom Sjukehuskrysset i Volda og etablert rundkøyring i Furene blir halvert ved etablering av tunnelen. I dag er reisetida om lag 5 minutt langs dagens strekning via Volda sentrum, medan reisetida vil vere om lag 2,5 minutt gjennom ny tunnel.

6.3 Naboar

6.3.1 Berørte eigedomar

Ei rekkje eigedomar blir berørt av tiltaket i større eller mindre grad. Bustadhus som må løysast inn er vist til i kapitlet under. Vidare vil etablering av vegar og gang- og sykkelvegar, samt støyskjerming medføre behov for å erverve areal frå både offentlege og private eigedomar.

6.3.2 Innløysing av bygningar/eigedom

Det er med bakgrunn i løysingar og planframlegg vurdert at minimum sju bustadhus må løysast inn ved realisering av tiltaket. Dette gjeld gbnr. 19/29, tre bustadhus på gbnr. 19/45, vidare gbnr. 19/49, 20/14 og 20/53. Bakgrunn for desse vurderingane er i hovudsak at bustadhusa kjem i konflikt med framlagde løysingar for høvesvis køyrevegar/kryssløysingar og etablering av gang- og sykkelvegar i planområdet.

Det er gjort vurderingar av korvidt ein kan behalde tunet på sørvest-sida av Sjukehuskrysset, gbnr. 19/34. Bygningane er SEFRAK-registrerte, og det har vore drøfta om det er mogleg å flytte bustadhuset lengre vekk frå vegen for å bevare tunet. På ei anna side er det kjent at behovet for omlegging av E39 i anleggsperioden vil kome nettopp i dette området, og det er usikkert om ein klarer å bevare gardstunet.



Figur 58 – Bustader og bygningar som må løysast inn er markert med raudt kryss

6.3.3 Avkøyrslar og andre nabolihøve

Av omsyn til trafikktrygging, er det planlagt ei omlegging av tilkomst til eigedomane langs fv. 45 Vikebygdvegen mellom Sjukehuskrysset og avkøyringa til Heltnevegen. Eksisterande eigedomar og framtidige etableringar i byggeområdet sør–aust for Sjukehuskrysset vil få tilkomst frå ny samleveg planlagt som ei arm sør/sør-vest frå ny rundkøyring ved avkøyring til Heltnevegen frå Vikebygdvegen.

6.4 Byggegrenser


Byggegrensa langs Europavegen skal følgje veglova § 29, dvs. 50 meter målt frå senterline. Dette inneber inga endring i høve dagens situasjon. For kommunale vegar er tilsvarende byggegrense 15 meter. Byggegrenser langs veg kan nærare vurderast for dei områda der det vert stilt krav til detaljreguleringsplan.

For områda BKB3 og BKB4 som ligg inntil europavegen og fylkesvegen, er byggegrense vist i plankartet. Dette for å gje meir føreseielege rammer for detaljregulering sett i høve til at køyrevegen vert seinka.

6.5 Gang- og sykkeltrafikk

Prosjektet prioriterer gåande og syklande høgt, og dette gjenspeglar seg i ferdselsundersøkingar blant born og unge som har vore gjort i planprosessen, samt val av løysingar og tenleg plassering av desse. I

staden for 'tradisjonelle' undergangar for mjuke trafikantar, er det i dette prosjektet lagt til rette for at ny trasé for E39 vert senka i terrenget og gåande og syklande dermed kan bevege seg planfritt og i eksisterande terrenghøgde over køyrevegane i det mest trafikkerte krysset, Sjukehuskrysset. Langs Vikebygdvegen og Elvegata vil gang- og sykkelveg vere markert med separate baner. Sykkelbanen vil ligge ytst mot køyrevegen og fotgjengarar får inste bane. I senter på gang- og sykkelbrua vil det bli etablert såkalla 'shared space', sambruksareal, for syklistar og gåande. Ved at brukarane deler brua utan fysiske skilje vil dei gåande og dei syklande måtte vise merksemd kring ferdsele til kvarandre. For at sambruksområdet skal fungere på ein god og trafiksikker måte, må syklistane redusere farten og ta omsyn til fotgjengarane. Brua vil vere lett tilgjengeleg, og vil gje god flyt i begge aksane, nord-sør og aust-vest, mellom anna fordi det vil vere ei breiddeutviding ved bruendane i overgangen til gang- og sykkelveg i dei fire tilkomstpunkta.



Figur 59 – Skisse som syner løysing med sambruksareal ('shared space') for gåande og syklande på brua

6.6 Kollektivtrafikk

Tilrettelegging for gode kollektivløysingar har vore drøfta med kommunen og representant frå samferdselsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune ved fleire høve. Behov og ønskjer innanfor planområdet har vorte kartlagt, og løysingane i planforslaget er i tråd med desse.

Det er frå samferdselsavdelinga informert om at all busstrafikk, truleg med nokre få unntak, også i det vidare vil gå via Furene og langs eksisterande E39 til rutebilstasjonen i Volda sjølv med den nye tunnelen på plass. Det vil, som i dag, vere tosidige busslommer langs Elvegata i området ved Høgskulen. Det er også lagt til rette for kantstopp like aust for krysset på Kårstadvegen/Kløvertunvegen ved Systervegen og Dr. Halkjelsvikvegen for å betre kollektivtilbodet til bustadområda nord og nordvest for planområdet. Det er vurdert til at det innanfor planområdet ikkje vil vere behov for fleire haldeplassar på strekninga frå Høgskulen via Vikebygdvegen og Heltnevegen til Kårstadvegen.

I Furene vil det ikkje kome kollektivtiltak innanfor planområdet. I endeleg utteikna reguleringsplan har ein redusert planomfanget til ei avgrensing på sørsida av E39, sidan det no er avklart at det ikkje skal leggast til rette for tiltak på eksisterande E39 gjennom denne reguleringsplanen.

6.7 Landskap

I Volda er det valt eit prinsipp for kryssløysninga som inneber at biltrafikk blir senka ned i terrenget medan gåande og syklande blir prioritert med veg på høgde omtrent tilsvarande dagens terreng ved rundkøyring. Dette inneber at det store landskapsrommet grovt sett ikkje får store endringar, og ein unngår den visuelle barrieren som ei heva to-plansløysning ville kunne gje. Senking av køyrevegen inneber imidlertid at ein grev seg inn i terrenget, og murar og skråningar gjev store inngrep i sideterrenget. Det vil vere viktig å finne gode måtar å utforme desse på, slik at dei blir minst mogleg dominerande i landskapet. Skråningane må såast eller plantast til for å sikre eit grønt preg på anlegget, som passar til det omkringliggende området.

Murane i tilknytting til veganlegget bør primært vere av lokal naturstein som gjev rett farge og lokal identitet. Farten i rundkjøringa er låg, og detaljar i materialbruk blir lettare synleg. Det er difor viktig at dimensjonen på steinen ikkje er for stor og at kvalitet blir prioritert.

Tunnelportalane og murar i tilknytting til desse bør gjerne ha eit uttrykk som gjenspeglar området: på Voldasida vil portalen ha eit meir urbant uttrykk enn på Furene-sida. I Furene bør tunnelportalen ha eit formspråk som harmonerer med dei runde formene på portalen til Morkaåstunnelen.

Vegen i Furene ligg oppå dagens dyrkamark. Nær tunnelmunninga vil vegen ligge godt nede på dagens terrengnivå, medan den nær rundkjøring ligg om lag 3 meter over. Vegskråningar skal tilsåast slik at vegen framstår som godt integrert i terrenget og får eit lite dominerande uttrykk. Over tunnelportalen vil det bli overdekning nok til at området kan nyttast til framtidig landbruksareal. Nytt terreng over tunnel vil ha ei helling på omlag 1:8 mot dyrkamarka, slik at anlegget visuelt vil ligge godt i landbrukslandskapet. Skråninga på andre sida av tunnelen bør ha tilnærma lik helling for å gje eit balansert uttrykk på veganlegget ved tunnelen.

Reiseopplevinga gjennom tunnel i staden for gjennom Volda sentrum vil bli dramatisk endra. Ein vil spare tid ved å køyre trygt og sikkert den kortaste strekninga gjennom fjellet i ein lys og moderne tunnel. På den andre sida får ein ikkje opplevd Volda sentrum på vegen, som jo er ei heilt anna reise.

6.8 Nærmiljø/friluftsliv

Løysninga i rundkøyring i Volda prioriterer gang- og sykkeltrafikk på øvre nivå, slik at dei mjuke trafikantane kan bevege seg i alle retningar utan å måtte skifte retning, fil eller fart. Det er nytta maksimal stigning på 1:20 på gangvegen for å ivareta universell utforming. Ved å legge gang- og sykkelbanen som eit kryss over rundkøyring styrkar vi dei ganglinene som folk flest nyttar.

Barnetrakkregistreringane viste at hovudferdselen gjekk aust-vest gjennom rundkøyring, og at idrettsområdet og friluftsområdet ved Årneset/Rotevatnet var viktige målpunkt for born og unge. Ved å lage ei diagonal kryssing over rundkøyring blir det skapt ei effektiv og trafikksikker kryssing av vegane som følgjer dei mest brukte ganglinene. Dette oppfordrar til sykling framfor køyring, og born og unge

kan ferdast mellom dei viktigaste friluftsområda med redusert behov for kryssing av trafikkert veg. Tilkomsten til turvegen langs elva blir betra ved at ein slepp å krysse køyreveg i plan.

Volda er ein høgskulestad med eit relativt kompakt og avgrensa sentrum, der alt skulle ligge til rette for høg sykkelandel. Potensialet for auka sykkelbruk er likevel stort her, og valet av kryssutforming i kombinasjon med eigne sykkelfelt langs Vikebygdvegen og Elvegata skulle oppmuntre til at fleire tek sykkelen i bruk til både arbeid, skule og fritid.

Lokalklimatisk kan gang- og sykkelbru over biltrafikken vere utfordrande. Vind vil trekkje ned under gangbanen og bilane kan virvle opp støv når det er tørt og forårsake vassføyk når det regnar. Bevisst utforming av rekkverk kan påvirke denne effekten.

Senking av biltrafikken til eit lågare nivå og vidare gjennom tunnel vil ta bort gjennomgangstrafikken i Volda sentrum, forutan dei som skal benytte ferjesambandet til/frå Volda til enten Folkestad eller Lauvstad. Biltrafikken opp Sjukehusvegen vil forsvinne. For bebuarane i nærmiljøet kring rundkøyring, langs Sjukehusvegen og i Volda sentrum vil ny trafikksituasjon gje ei forbetring. Mindre støy og eksos vil vere positivt for nærmiljøa.

Ved Furene vil den nye vegen mellom rundkøyring og tunnel gå gjennom landbruksområde og vil i liten grad påvirke friluftslivet. For nærmiljøet vil ny veg fram til tunnel føre til auka støy, men samtidig vil Ørstavegen til Volda bli avlasta. Bebuarane langs denne vegen vil oppleve ei betring i nærmiljøet sitt, med tanke på mengde trafikk og medfølgjande støy og støv. Truleg kan mindre biltrafikk langs denne vegen oppmuntre fleire til å nytte sykkelen inn til Volda enn i dag.

6.9 Naturmangfald

6.9.1 Verknader i dagsonen i Volda

Utbygginga av ny E39 vil ikkje gi direkte inngrep i Øyraelva med kantsone. Indirekte påverknadsfaktorar kan vere overflateavrenning frå anleggsområdet i byggeperioden. Handtering av overflateavrenning og akutt forureining vil vere eit viktig tema for ytre miljø-planen (YM-plan) før anleggsstart. Det aller meste av anleggsområdet vil drenere inn mot tunnelen, og overflatevatn vil normalt bli ført til sjø i eigen leidning (nml §§ 11 og 12). Ved store nedbørmengder må overskytande overflatevatn pumpast til Øyraelva. Det vil bli etablert system for avslamming av overflatevatn for å handtere slike situasjonar. Siktemålet er å hindre slameepisodar som går ut over episodar som naturleg kan oppstå i slike vassdrag, og som elvemusling og laks/aure vil tole. I flaumsituasjonar bidrar vassføringa i seg sjølv til å hindre nedslamming. I periodar med normal og lite vassføring vil det ikkje bli partikkelutslepp til Øyraelva, og ein unngår utslepp i periodar der elva vil vere meir utsett for nedslamming.

Elvemusling er ein raudlista norsk ansvarsart. Bestanden i Øyraelva er liten og svak, og har liten betydning regionalt og nasjonalt. Det vil likevel vere viktig å oppretthalde stammen i Øyraelva ut i frå lokale omsyn, og at bestanden kan ta seg opp att dersom negative påverknadsfaktorar i vassdraget kan minke i framtida. Tilsvarande gjer seg også gjeldande for laks og aure. Statens vegvesen Region midt meiner kunnskapsgrunnlaget om naturverdiar og verknader på naturmangfald i området er tilstrekkeleg til å vedta planen, jf § 8. I arbeidet med YM-plan og byggeplan må ein vurdere om det er behov for å

flytte elvemusling frå potensielt påverka strekning til strekning oppstrøms anleggsområdet. Ein vil i YM-planen ha eit betre bilde av kapasiteten for avslamming og kva ein kan vente av partikkelutslepp. Dette må også ligge til grunn for søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova. Førre var-prinsippet (nml § 9) må ha tyngde i vurderingane i vegvesenet og hos Fylkesmannen.


Det vil ikkje bli vesentlege utslepp av drivevatn frå tunneldrivinga. Driving skjer i all hovudsak frå Furene-sida. Drivevatn vil bli reinsa og ført i lukka leidning til sjø. I driftsfasen vil vaskevatt frå tunnelen bli reinsa i sedimentbasseng i tunnelen, og ført i eigen leidning til sjø i Volda.

6.9.2 Verknader i dagsonen i Furene

Vilttrekk

Utbygginga vil få verknader for vilttrekket i området. Som omtala i kapittel 5.1.2 har vi gått bort i frå løysinga som er vist i kommunedelplanen, med ei lang bru mellom tunnelpåhogget og rundkøyringa. Hjort til/frå områda sør for ny E39 måtte med den løysinga gå under brua for å komme til/frå viltovergangen, eventuelt aust for tunnelportalen.

Med ny løysing er veglinja senka, og det vil bli støypt betongportalar frå fjellpåhogget og nesten fram til midten på brua som var vist i kommunedelplanen. Betongportalen vil bli dekt til med jordmasser med eit fall på 1:8. Sørskråningen over portalen kan opparbeidast til dyrka areal, medan nordskråningen vil bli planta til med stadeigne treartar.



Figur 60 – Utforming av veganlegget i Furene. Viltgjerde markert med lysegrønt

For å sikre at det ikkje blir sett i verk tiltak som kan vere til hinder for vilttrekk er arealet nærast viltovergangen sett av til Naturformål LNA. Dette arealet skal ligge urørt. Området er i hovudsak i kommunal eige, men omfattar også noko privat areal for å få ei tenleg avgrensing. I tillegg er det lagt inn to omsynssoner (Bevaring naturmiljø, H560) i planen. Nord for tunnelane (H560_1) skal det ikkje etablerast bygg eller anlegg som kan hindre dyreliv i å vandre fritt i området. Vegetasjonen i området skal bevarast. Plukkhogst av ved eller tømmer er tillate. Området skal ikkje grøftast eller dyrkast.

Sør for tunnelen (H560_2) skal det ikkje etablerast bygg eller anlegg som kan hindre dyreliv i å vandre fritt i området. Ordinær landbruksdrift er tillate.



Figur 61 – Omsynssoner H560 Bevaring naturområde ved Furene (utsnitt)

Planlagt løysing vurderer vi som vesentleg betre enn løysinga i kommunedelplanen. Dette gjeld særleg i tilfelle brua i kommunedelplanen skulle kombinerast med ein mogleg Torvmyrveg. Utbygginga av anlegget vil likevel kunne verke negativt på trekk av hjortedyr i området. Vegstykket i dagen mellom rundkøyringa og tunnelportalen vil stenge for fritt trekk nord/sør langs eksisterande E39, og det er ikkje sikkert dyr som kjem inn mot rundkøyringa frå sør og søraust og tenker seg vestover vil dreie aust og over tunnelportalen før dei går mot viltovergangen. Nokre dyr kan tenkast å dreie sørover mot Haukåsen eller Ekset og krysse der. Samtidig vil trafikken her bli halvert etter utbygging, noko som vil redusere risikoen for påkøyrslar.

Veganlegget vil komme på toppen av andre aktivitetar og utbyggingar i området, og er med på å forverre ei utvikling som over fleire år har gjort Furene til ein flaskehals for trekkande hjortevilt

(nml § 10). I lys av bestandssituasjonen representerer trekkssituasjonen i Furene likevel ein relativt liten trusselfaktor mot stammene av hjortevilt både lokalt og regionalt. Men verdien av best mogleg trekkvilkår kan ikkje vurderast isolert ut i frå risiko for skade på naturmangfald. Dyrevelferd og trafikktryggleik må vege tungt når tiltaket skal vurderast og planleggast.

Vi trur planlagt løysing vil oppretthalde trekkaktiviteten over viltovergangen så langt det lar seg gjere innanfor rimelege kostnadsrammer (nml §§ 11 og 12). Statens vegvesen Region midt meiner kunnskapsgrunnlaget om naturverdiar og verknader på naturmangfald er tilstrekkeleg til å vedta planen, jf § 8. Sjølv om det er noko usikkert korleis tiltaket vil påverke trekkforholda for hjortevilt i Furene, gir ikkje tiltaket så stor risiko for skade på hjorteviltstammene at føre-var-prinsippet (§ 9) får tyngde.

I anleggsperioden vil byggeaktiviteten truleg forstyrre trekket i Furene. I så fall kan det bli meir kryssing andre stader, til dømes lenger sør. Trekkaktiviteten i anleggsperioden må følgjast opp, og ved behov må ein vurdere å til dømes forsterke skilting/varsling og justere fartsgrenser i område med auka trekk. Aktiviteten i anleggsområdet nord for ny E39 må ta særlege omsyn til vilttrekk til og frå viltovergangen. Lyssetting må avskjermast slik at områda utanfor anleggsområda blir opplyst i minst mogleg grad. Det er tatt inn krav i føresegnene som skal sikre desse omsyna, men plan for ytre miljø må utdjupe temaet, og eventuelt fastsette supplerande tiltak.

Avrenning/forureining

Drivevatn frå tunneldrivinga vil bli reinsa i samsvar med utsleppsløyve frå Fylkesmannen. Reinsa drivevatn vil deretter bli ført til bekk og vidare ned Sagelva til sjø ved Ekset. Når det gjeld overflateavrenning frå anlegget er det relativt flatt i området, og det ligg godt til rette for å avgrense overflateavrenning og akutt forureining til bekken og Sagelva. Handtering av overflateavrenning og akutt forureining vil vere eit viktig tema for ytre miljø-planen før anleggsstart. Det er ikkje registrert særskilte naturverdiar i Sagelva, men det vil vere viktig å minimere utslepp av partiklar og stoff av omsyn til dei kvalitetane elva har (nml §§ 11 og 12). I driftsfasen vil vaskevatn følgje fallet mot Volda, der det blir reinsa og ført til sjø i eigen leidning.

6.9.3 Framande og uønska artar (nml 28)

I naturmangfaldlova kapittel IV, Fremmede organismer, § 28 (krav til aktsomhet) står det mellom anna at: «Den som setter i verk virksomhet eller tiltak som kan medføre spredning eller utslipp av levende eller levedyktige organismer til steder der de ikke forekommer naturlig, skal i rimelig utstrekning treffe tiltak for å hindre dette.»

Før anleggsstart skal framande og uønska artar kartleggast, jf. Artsdatabanken rapport «Fremmede artar i Norge – med norsk svarteliste 2012» (ev. seinare revisjonar). Ved funn skal førekomstane bli fjerna, og det skal gjennomførast tiltak som hindrar spreiding med plantemateriale, lausmassar, utstyr eller anna.

6.10 Kulturminne og kulturmiljø

Tiltaket får ingen konsekvensar for automatisk freda kulturminne då det ikkje er registrert slike tett opp mot eller innanfor planområdet.

Det vil verte ein direkte konflikt med to av dei tre SEFRAK-registrerte bygningane på gbnr. 19/34. Her vert det behov for å anleggje ein mellombels anleggsveg og påfølgjande sykkelrampe som skal etablerast vil komme rett gjennom tunet. Som følgje av dette må truleg alle dei tre bygningane på eigedomen rivast. Det er våningshuset og eit uthus som ligg i direkte konflikt med planlagt sykkelrampe medan låa vert liggande tett på ferdig anlegg.

Tiltaket vil ikkje kome i direkte konflikt med husmannsplassen Kleppheim på gbnr. 19/37, og det vert i samsvar med kommunedelplanen lagt på ei omsynssone for bevaring kulturmiljø her.

6.11 Naturressursar

Jordbruk

Utbygginga vil netto legge permanent beslag på 5,6 dekar dyrka mark. I dette er medrekna ein liten skalk med dårleg arrondering som blir liggande att nord for E39 inn mot rundkøyringa. Vi ser ikkje at det er stor verdi i å ta vare på dette arealet. Dyrkamark som forsvinn ved tunnelområdet blir til dels erstatta ved at overdekning over tunnel og sideområdet blir lagt med fall på ca 1:8 og kan nyttast til tilbakeføring av matjord/nydyrking.

Planframlegget fører elles til at om lag 83,5 dekar dyrka jord kan verte beslaglagt til rigg- og deponiområde i anleggsperioden. Etter at anlegget er ferdigstilt, skal areala førast tilbake til sitt opphavlege formål som LNF-areal. I anleggsperioden vil tiltaket få vesentleg betydning for tilgang til dyrkamark i planområdet, men tilbake i ein permanent situasjon, vil tiltaket etter vår vurdering ha mindre betydning for drifta på dei to gardsbruka som blir berørt.

Det skal sikrast at jordpakking, endra arrondering og endra jordsamansetjing ikkje reduserer kvaliteten på landbruksjorda ved tilbakeføring til LNF-areal. Ved fjerning av matjord og undergrunnsjord for mellomlagring og tilbakeføring skal det sikrast at jordsjiktet blir sortert og lagt tilbake i rett rekkefølge. For å avgrense ugrasetablering og gi betre resultat av lagringa bør lagra jord såast til manuelt med passande frøblanding.

6.12 Støy og vibrasjonar

6.12.1 Generelt

Støy

Gjeldande retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442/2016, skal leggast til grunn ved arealplanlegging og handsaming av enkeltsaker etter plan- og bygningslova. Retningslinja gjeld ved planlegging av ny støyande verksemd, etablering av nye bustadar eller annan busetnad med støyfølsame bruksføremål ved eksisterande eller planlagt støykjelde og ved utviding eller oppgradering

av eksisterande verksemd når endringa er så vesentleg at det er krav om ny plan etter plan- og bygningslova.

I samsvar med T-1442 skal støy bereknast, og det skal kartfestast ei inndeling i to støysoner: Raud sone nærast støykjelda (L_{den} over 65 dB), angir eit område som ikkje er eigna til støyfølsame bruksføremål, og etablering av ny støyfølsam busetnad skal unngåast. Gul sone (L_{den} 55 – 65 dB) er ei vurderingssone, der støyfølsam busetnad kan oppførast dersom støyreducerande tiltak gir tilfredsstillande støyforhold. For øvrige område vil det normalt ikkje vere nødvendig å ta omsyn til støy.

Tabell 62 viser berekningsføresetnadane for dei ulike vegane både i Volda og Furene. I støyberekningane er trafikktalet for år 2041 med og utan reguleringsplan/tiltaket brukt.

Vegnamn	ÅDT 2016	ÅDT 2025	ÅDT 2041	ÅDT 2041 uten tiltak	Fartsgrense	Lange kjt %	
Systervegen	3800	0	0	5100	50	0	A
Kløvertunvegen	400	460	520	520	50	0	B
Sjukehusvegen	3840	0	0	5150	50	2	C
Heltnevegen opp til ny veg	1300	5800	6720	1800	50	2	D
Heltnevegen fra ny veg og nordover	1200	1380	1570	1620	50	2	E
Vikebygdvegen vestfor Heltnevegen	5700	6800	7950	7700	50	5	F
Vikebygdvegen øst for Heltnevegen	4600	5300	6000	6000	50	5	G
E39 vest	9500	7500	9500	12750	50	7	H
E39 sør	3300	3800	4300	4300	50	9	I
Ny veg fra Heltnevegen til Kårstadvegen	0	4200	5150	0	50	2	J
E39 nord i tunnel	0	7500	9000	0	50	7	K
Ny vegparsell		500	500		50	0	L
E39 sørvest fra RK i Furene	9230	4000	4600	12500	70	7	M
E39 nordøst fra RK i Furene	9090	10450	12300	12300	70	7	N
Fv653 nordvest fra RK i Furene	2940	3380	4000	4000	80	10	O

Figur 62 – Vegtrafikkdata som er lagt til grunn for støyberekningane



Figur 63 – Vegar med benemning jf. trafikktalet i figur 62 (Rambøll 2017)

Berekningane er gjennomført i henhold til støyretningsline T-1442 (2016) og er skildra i vedlagt støyrapport. Resultata er presentert i støysonekart med raud, gul og kvit soneinndeling. Det er i tillegg utført punktberkingar på den mest utsette fasaden for alle dei aktuelle bygningane.


Dei kraftigaste vibrasjonane i byggefasen kjem frå sprengingar av forskjering til tunnelen, og frå bygging av sjølve tunnelen. Vibrasjonane vil avta gradvis ettersom overdekkinga til tunnelen aukar. Største tillatte vibrasjonar frå sprengingsarbeidet blir regulert av '*NS8141 Vibrasjonar og støt – Veileidende grenseverdier for bygge- og anleggsvirksomhet, bergverk og trafikk*'.

Vibrasjonar

Dei kraftigaste vibrasjonane i byggefasen kjem frå sprengingar av forskjering til tunnelen, og frå bygging av sjølve tunnelen. Vibrasjonane vil avta gradvis ettersom overdekkinga til tunnelen aukar. Største tillatte vibrasjonar frå sprengingsarbeidet blir regulert av '*NS8141 Vibrasjonar og støt – Veileidende grenseverdier for bygge- og anleggsvirksomhet, bergverk og trafikk*'.

6.12.2 Furene

Beregning for Furene, vist i figur 64 under, er utført for å kartlegge støyfølsame bygninger som er berørt av planen. Ein bustad på gbnr. 14/1 er berørt av tiltaket.




Figur 64 – Støysonekart for Furene berekna 4 meter over terrenget med støjkilder innanfor tiltaksområdet, år 2041 (Rambøll 2017)

Det er vurdert skjerming ved utløpet av tunnelen på sørsida av vegen, men tiltaket viser seg å ha svært begrensa effekt for den berørte bustaden. Difor må det i byggefasen vurderast lokale tiltak for bustadhuset og uteopphaldsareal.

6.12.3 Volda


Beregning for Volda, vist i figur 65 under, er utført for å kartlegge støyfølsame bygninger som er berørt av planen. Illustrasjonen viser at 30 bustader vert berørt av tiltaket.



Figur 65 – Støysonekart for Volda berekna 4 meter over terrenget med støjkilder innanfor tiltaksområdet, år 2041 (Rambøll 2017)

Det er vurdert skjerming langs veg som tiltak for å redusere støy på utsette fasadar og uteopphaldsareal. Berekningshøgde er både 4 meter og 1,5 meter over terrenget.

I figur 66 under er aktuelle skjermar vist med plassering og skjermhøgde 2–2,2 meter, berekningshøgde 1,5 meter over terrenget. Berekningshøgda vert nytta for å vurdere uteopphaldsareal på bakkenivå, og som vi kan sjå i figuren, vil skjermene bidra til at uteareal på bakkeplan vert skjerma mot støy. Skjerplassering og utstrekning er vist med blå strek.



Figur 66 – Støysonekart for Volda målt 1,5 meter over terreng. Plassering og utstrekning av aktuelle skjermar vist med blå strek (Rambøll 2017)

Planlagt skjerming vil redusere støybelastning på fasadar og uteareal. I reguleringsplanen er den sørlegaste av skjermene på austsida av Heltnevegen regulert inn, medan resterande er skjermar som kan vurderast i byggeplanlegginga.

I vidare planlegging må dei utsatte støyfølsame bygga vist i tabell figur 67 vurderast nærmare for å sikre at krav til innandørs lydnivå frå utandørs støykilder og lydnivå på uteplassar vert ivaretekne. Lokale tiltak som isolering av fasade/vindauge og uteoppfallsareal knytt til kvar enkelt eigedom vil vere aktuelt for mange av bustadane uavhengig av støyskjermar langs veg.

	Adresse	Gnr	Bnr	Bygningstype	Antall bueningar	Høgast L _{den} uten skjerm	Vurdering av tiltak i byggeplan
A	Joplassvegen 4	19	97	Enebolig m/hybel/sokkelleil.	2	67	Skjerm langs veg/lokale tiltak
B	Elvegata 34	19	34	Våningshus	1	69	Flytting av bygg/Skjerm langs veg/lokale tiltak
C	Myravegen 6	19	205	Enebolig	1	54	Nei, ikkje over grenseverdi
D	Vikebygdvegen 2	19	10	Våningshus	1	57	Skjerm langs veg/lokale tiltak
E	Vikebygdvegen 8	19	252	Enebolig	1	61	Skjerm langs veg/lokale tiltak
F	Vikebygdvegen 10	19	229	Enebolig	1	63	Skjerm langs veg/lokale tiltak
G	Vikebygdvegen 16	20	33	Enebolig	1	64	Skjerm langs veg/lokale tiltak
H	Vikebygdvegen 18	20	39	Enebolig	1	64	Skjerm langs veg/lokale tiltak
I	Vikebygdvegen 20	20	41	Enebolig	1	64	Skjerm langs veg/lokale tiltak
J	Heltnevegen 3 A	19	715	Studenthjem/studentboliger	12	57	Lokale tiltak
K	Heltnevegen 3 C	19	715	Studenthjem/studentboliger	12	58	Lokale tiltak
L	Heltnevegen 5 A	19	755	Studenthjem/studentboliger	16	60	Lokale tiltak
M	Heltnevegen 9	19	736	Enebolig	1	65	Skjerm langs veg/lokale tiltak
N	Heltnevegen 7 B	19	755	Studenthjem/studentboliger	16	58	Lokale tiltak
O	Vikebygdvegen 13 A-D	20	476	Andre småhus med 3 boliger	4	62	Skjerm langs veg/lokale tiltak
P	Vikebygdvegen 13 E-H	20	476	Andre småhus med 3 boliger	4	62	Skjerm langs veg/lokale tiltak
Q	Nygardsvegen 2	20	79	Bo- og behandlingssenter	1	64	Skjerm langs veg/lokale tiltak
R	Nygardsvegen 1	20	57	Enebolig	1	65	Skjerm langs veg/lokale tiltak
S	Nygardsvegen 3	20	58	Enebolig	1	56	Skjerm langs veg/lokale tiltak
T	Bakkevegen 2	20	62	Enebolig	1	62	Skjerm langs veg/lokale tiltak
U	Bakkevegen 1	20	67	Enebolig	1	60	Lokale tiltak
V	Sjukehusvegen 8 B	19	487	Enebolig	1	54	Nei, ikkje over grenseverdi
W	Kløvertunvegen 4	19	162	Boligblokk på 3 eller 4 etg	7	56	Lokale tiltak
X	Kløvertunvegen 2	19	162	Boligblokk på 3 eller 4 etg	6	55	Nei, ikkje over grenseverdi
Y	Kårstadvegen 26	19	692	Enebolig	1	52	Nei, ikkje over grenseverdi
Z	Kløvertunvegen 10	19	254	Del av rekkehus	1	57	Lokale tiltak
Æ	Kløvertunvegen 8	19	239	Bo- og behandlingssenter	0	63	Lokale tiltak
Ø	Dr Halkjelsvikvegen 2	19	622	Annet sykehus	0	55	Nei, ikkje over grenseverdi
Å	Sjukehusvegen 6 B	19	395	Annen bygning for bofellessk	30	53	Nei, ikkje over grenseverdi
Skole 1	Joplassvegen 6 A	19	753	Univ./høyskole	0	61	Lokale tiltak
Skole 2	Joplassvegen 12	19	752	Annen univ./høyskolebygg	0	57	Lokale tiltak
Furene	Ørstavegen 380	14	1	Våningshus	1	58	Lokale tiltak

Figur 67 – Punktberäkningar på støyfølsame bygningar i Volda og i Furene (grunnlag frå Rambøll rapport 2017-3-22, tabell 5)

Yttarlegare skildring og informasjon er å finne i vedlagt Støyutredning for E39 Volda–Furene (Rambøll, mars 2017).

6.13 Luft

Det er utarbeidd ei detaljert vurdering av lokal luftkvalitet som er vedlagt denne planomtalen. Det er i rapporten gjort ei vurdering av lokal luftforureining i og ved tiltaksområda ut frå spreingsberäkningar, der forureininga er vurdert opp mot gjeldande regelverk (sjå kapittel 4.13).

For å kunne vurdere lokal luftkvalitet ved områda som blir berørt av ny E39 mellom Volda og Furene er det gjennomført spreingsberäkningar for svevestøv (PM₁₀, PM_{2,5}) og nitrogendioksid NO₂ i tråd med gjeldande regelverk og Statens vegvesen sine interne rettleiarar. Trafikkinformasjon for år 2025 i tabell figur 62 ovanfor er lagt til grunn for luftberäkningane. Resultata er presentert som luftsonekart med gule og raude soner i henhold til grenseverdiane i T-1520 gitt i tabellen under. I tillegg er det som vedlegg til rapporten vist luftsonekart i henhold til dei enda strengare grenseverdiane i luftkvalitetskriteriane som gjeld for tunnelar.

Tabell 1. Anbefalte grenser for luftforurensning og kriterier for soneinndeling ved planlegging av virksomhet eller bebyggelse. Alle tall i $\mu\text{g}/\text{m}^3$ (mikrogram/ m^3) luft.


Komponent	Luftforurensningszone ¹	
	Gul sone	Rød sone
PM ₁₀	35 $\mu\text{g}/\text{m}^3$ 7 døgn per år	50 $\mu\text{g}/\text{m}^3$ 7 døgn per år
NO ₂	40 $\mu\text{g}/\text{m}^3$ vintermiddel ²	40 $\mu\text{g}/\text{m}^3$ årsmiddel
Helserisiko	Personer med alvorlig luftveis- og hjertekarsykdom har økt risiko for forverring av sykdommen. Friske personer vil sannsynligvis ikke ha helseeffekter.	Personer med luftveis- og hjertekarsykdom har økt risiko for helseeffekter. Blant disse er barn med luftveislidelser og eldre med luftveis- og hjertekarsykdommer mest sårbare.

¹ Bakgrunnskonsentrasjonen er inkludert i sonegrensene.

² Vintermiddel defineres som perioden fra 1. nov til 30. april.

Figur 68 – Tiltrådte grenser for luftforurensning og kriterier for soneinndeling jf. Retningsline T-1520

Luftsonekarta utarbeidd i tråd med retningsline T-1520, viser at nedre grense for gul eller raud sone berre overstigast langs deler av vegbanen, like ved tunnelmunningane og langs dei sterkast trafikkerte vegstrekningane. Ingen bebyggelse eller busetnad er omfatta av raud eller gul sone. Figur 70 under viser utstrekninga av raud- og gul luftzone for PM₁₀ ved tunnelutløp i Volda.



Figur 69 – Utstrekning av raud- og gul luftzone for PM₁₀ ved tunnelutløp i Volda.

Vurderingane viser dermed at etablering av ny vegstrekning av E39 mellom Volda og Furene med toløps tunnel ikkje vil medføre dårleg luftkvalitet i områda nær tunnelmunningane, verken sett opp mot retningsline T-1520 eller luftkvalitetskriteriane. Med grunnlag i luftforurensningssituasjonen ved områda vil det difor ikkje vere behov for tiltak som ventilasjonstårn i tunnelen eller lokale skjermingstiltak.

Yttarlegare skildring og informasjon er å finne i vedlagt rapport, Vurdering av lokal luftkvalitet (Rambøll, mars 2017).

6.14 Massehandtering og deponi

6.14.1 Mengder

Tunnelbygging vil gje eit overskot av lause masser/«gråmasser» og tunnelmasse. Mengdene er avhengig av om det skal leggst til rette for eitt eller to tunneløp. Ein tek ved etablering av toløps-tunnel høgde for at tiltaket vil generere om lag 700 000 m³ overskuddsmasse til deponi som må ivareta på ein forsvarleg måte. Av desse vil om lag 550 000 m³ overskuddsmasser først ut i Furene, og tilsvarende om lag 150 000 m³ i Volda.

6.14.2 Regulerte areal for rigg og mellomlager

Reguleringsplanen legg til rette for rigg- og deponiområde i begge endar av tunnelen, hhv. på Røysmarka i Volda på gbnr. 19/1 og eit areal i Furene, hovudsakleg på gbnr. 11/5 og 14/4. Areal på Volda-sida vil primært verte nytta til brakkerigg og nødvendig lagring av utstyr. I Furene vil det også vere behov for brakkerigg og det blir noko mellombels lagring av masser som skal tilbakeførast til bruk i opparbeiding av ny E39. Knusing av masser kan også verte aktuelt.

6.14.3 Deponi

Saman med Volda og Ørsta kommunar har Statens vegvesen sett på ulike måtar å ta hand om tunnelmassene. Ein har vurdert områda både for permanent deponi og for mellombels lagringsområde, og også drøfta om det fins klarerte aktuelle utbyggingsprosjekt som kan nytte seg av massene.

Statens vegvesen har som målsetting at massene skal gå til samfunnsnyttige tiltak. Vidare er transportkostnader medverkande til vurderingane, likeeins vurderingar knytt til å kunne deponere i spreiddbygde område og dermed kunne ha drift og transport av masser også nattestid.

Det er avklart med kommunane at det i utgangspunktet er to område som allereie er klarerte for slik bruk, og som kan vere aktuelle for massedeponi;

- eitt område nord for Helgehorntunnelen i Ørsta kommune, Vikaura
- og eitt område like nord-aust for Rotsethorntunnelen i Volda kommune.

Vikaura i Ørsta kommune

Vikaura har tidlegare vore nytta til masselagring frå bygging av Eiksundsambandet, og det føreligg ein godkjent reguleringsplan for det aktuelle området, «Eiksundsambandet–Steinnesstranda–Sørheim–

Vikaura», vedteken i Ørsta kommunestyre 06.02.1998. Transportavstanden vil vere om lag 4 km frå tunnelopninga i Furene til avkøyring i Vikaura. I Vikaura vil ein kunne plassere om lag 400 000 m³ overskuddsmasser. Det vil frå kommunen si side ikkje bli stilt krav om ny reguleringsplan for området, men tiltaket vil kunne handsamast som ein dispensasjon frå rekkefølgekrav om tilstelling. Kommunen stiller som ein føresetnad at utvasking av finstoff og utrasing til sjø blir hindra før vidare utfylling tek til.



Figur 70 – Utsnitt frå reguleringsplan Eiksundsambandet – Steinnestranda–Sørheim–Vikaura (1989). Reguleringsplan for Vikaura småbåthamn er også vist i utsnittet (kjelde: Planinnsyn, Ørstakart.no)



Figur 71 – Flyfoto frå Vikaura

Eventuelt tilleggslager i Steinnesstranda i Ørsta kommune

Det vil vere behov for yttarlegare lagringsplass, og ein har sett på eit areal i Steinnesstranda innanfor den same reguleringsplanen, som er regulert til deponiformål og eventuelt kan takast i bruk. Kommunen opplyser at området no ligg innanfor bandleggingssona for Ørstafjordkryssinga, og det må i tilfelle gjerast ei ny arealbruksvurdering gjennom ny reguleringsplan for å få dette endeleg avklara.

Figur 72 – Utsnitt frå reguleringsplan Eiksundsambandet – Steinnestranda–Sørheim–Vikaura (1998) som syner aktuelt areal for deponi i Steinnesstranda.

Til høgre flyfoto over same området




Rotset i Volda kommune

På Volda-sida har ein behov for å lagre om lag 150 000 m³ overskotsmasse. Vegvesenet har i dialog med Volda kommune vurdert at det kan lagrast overskotsmasser på eit område innanfor reguleringsplan Næringsområde Øvre Rotset vedteken 13.11.2014.

Område merka I/L, F/K 16 og F/K 17 i figur 74 under kan nyttast til masselager. I høve opparbeiding av arealet til industriformål, er det føresett ei tidsmessig koordinering mellom aktuelt utbygging i området og driving av tunnel.




Figur 73 – Flyfoto over Rotset i Volda



Figur 74 – Næringsområde Øvre Rotset vedteken 13.11.2014. Område merka I/L, F/K 16 og F/K 17 kan nyttast til masselager

Det kan vere aktuelt å vurdere eit areal på vestsida av Austefjordvegen, dersom det ikkje let seg gjere å plassere overskotsmasser innanfor det regulerede næringsområdet nemnt ovanfor.

Arealet er i kommunedelplan for Volda sentrum (2009) vist som kombinert føremål med industri/lager, og det må i tilfelle utarbeidast ein reguleringsplan for området, eller søkjast dispensasjon frå plankrav, dersom dette området mellombels skal nyttast til masselagring.



Figur 75 – Utsnitt frå Kommunedelplan for Volda sentrum (2009). Det aktuelle arealet ligg i sørvest og er vist med dels lilla farge og dels skravur

6.14.4 Verknader av massedeponi

All fjellmasse som blir teke ut skal i prinsippet lagrast mellombels. På dei planlagte områda på Voldasida skal det kun vere massedeponi, ikkje pukkverk. Gråmasse vil måtte lagrast permanent, men noko av denne massen ser ein også for seg kan nyttast ved utbygging av området på Øvre Rotset.

Vikaura har frå før vore i bruk som område for massedeponi i samband med bygginga av Eiksundsambandet. Terrenget her er såleis allereie påverka av lik bruk, og det eksisterande deponiområdet vil gjenbrukast og supplerast. Fjernverknaden av massedeponiet sett frå andre sida av fjorden kan virke dominerande, samtidig som dette ikkje vil vere ei stor estetisk forverring av dagens situasjon. Det vil vere viktig å halde seg konsentrert til det planlagte området og følgje krav ift. miljøbelastning mot fjorden, slik at ein reduserer negative effektar både på land og i sjø. Reinsebasseng mot fjorden er aktuelt.

I Volda vil det planlagte deponiområdet på Øvre Rotset kunne ta imot nødvendig mengde massar for mellombels lagring. Det gjeld både jordmassar og sprengingsmassar. Området kan bli noko eksponert mot vatnet, og det er viktig at ein let ein dempende vegetasjonsbuffer bli ståande att mot aust. Området er regulert og tenkt utbygd, og ein ser for seg at også 'gråmassen' kan nyttast i den samanheng. Det vil seie at behovet for permanent lagring er minimalt. Ved avslutning av deponi for mellombels lagring skal området stellast til og avsluttast slik at det er eigna for vidareføring av regulert bruksformål i samråd med kommunen. Det kan vere aktuelt å anlegge sedimenteringsbasseng for å hindre avrenning til Rotevatnet.

Ved ein mogleg bruk av området sørvest for tunnelmunninga, på andre sida av Austefjordvegen, vil det vere behov for skjerming av massedeponiet. Dette er eit meir eksponert område, og krev at det blir teke større estetiske omsyn ved etablering av deponi. Kyrkjegarden ligg i nærområdet, og dette skal ein ta omsyn til både ved utføring av deponeringsarbeidet og ved estetisk utforming. Ein bør sette att eit belte av trevegetasjon rundt området, for å dempe effekten av oppfyllingsmassane. Etter bruk og ved avslutning av det mellombelse deponiet skal området tilbakeførast til opprinneleg situasjon.

Felles for alle områda er at terrenget skal jamnast til og tilbakeførast til opprinneleg situasjon, eller tilrettelagt for planlagt reguleringsformål, ved deponiets avslutning. Der det er ønskjeleg skal vekstjord med frøbank leggst til side før etablering av massedeponiet og sidan leggst tilbake med hensikt å få etablert ein stadeigen vegetasjon i etterkant. For permanente deponi skal terrenget formast og revegeterast på ein slik måte at deponimassane ikkje ligg som skjemmaende sår i landskapet.

6.14.5 Andre alternativ for disponering av overskotsmasser

Både Volda og Ørsta kommune er interesserte i å nytte seg av tunnelmasser, og har i møte skissert fleire tiltak der det kan vere aktuelle å nyttiggjere tunnelmasser, føresett at det tidsmessig skjer nokolunde parallelt. Det mest aktuelle vil likevel vere at kommunane kan disponere masser som mellombels vert lagra i deponi.

I høve reguleringsplan for Næringsområde Øvre Rotset i Volda, ønskjer kommunen å leggje til rette for industriområde der det er tiltenkt å nyttiggjere tunnelmasser (område I/L og F/K 16–17 i figur 73 over).

Volda kommune er i gang med revisjon av kommuneplanen sin arealdel, der spørsmål om areal for massedeponi/massehandtering også er tema.

Det er også i den samanheng lansert spørsmål om vidare etablering av utbyggingsareal i området Langemyra/Morkaåsen. Vert dette lagt til grunn i kommuneplan, vil det også kunne vere eit høgst aktuelt areal for massedeponi/massehandteringsareal for dei aktuelle tunnelmassene. Området vil då ha kapasitet til å lagre alle dei aktuelle massene som skal takast ut på Furene–sida.

Det vil vere behov for detaljregulering. Tilkomst til området vil eventuelt kunne kombinerast med planlagt ny tilkomstveg frå Furene.

6.15 Tunneldrift

6.15.1 Driving av tunnelen

Det er planlagt å ta ut forskjeringar og etablere tunnelportalar og lausmassetunnel frå Volda–sida. Deretter vil all driving av tunnelen gå frå Furene–sida. Ein har som målsetting å kunne laste om tunnelmasse inne i tunnelen ved å etablere ei nisje til dette formålet, og dermed unngå omlasting ute i Furene. Dette vil redusere støyande aktivitet i Furene vesentleg.

6.15.2 Avløpsvatn frå tunnelen

Ein skil mellom drivevatn, dreneringsvatn og vaskevatn frå tunnelen. Den nye tunnelen vil få eit gjennomgåande fall frå Furene til Volda på 1 % og det vil vere naturleg at vatnet vert ført til Volda–sida. Det er krav til reinsing av drivevatn og vaskevatn frå tunnel. Vegvesenet vil inngå ein avtale med Volda kommune om at sjøledning blir lagt saman med kommunen si nye kloakkledning før oppstart. Leiendinga skal nyttast til å føre reinsa vatn frå tunnel til sjø.

Drivevatn

Det må søkast om utsleppstillatelse for tunnelvatn til Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Drivevatnet frå tunnelen skal ha mellombels utsleppstillatelse før oppstart av tunneldrivinga og det skal føreligge permanent utsleppstillatelse før tunnelen vert opna.

Dreneringsvatn

Dreneringsvatn frå tunnelen vert behandla på same måte som anna dreneringsvatn/overvatn på veg i dagen.

Vaskevatn

Ved vasking av tunnelen, vil vaskevatnet verte slusa til eige sedimenteringsbasseng i tunnelen for ein periode. Deretter vert vaskevatnet ført vidare via pumpeanlegg til nemnde sjøledning. Dersom det vert stilt krav til yttarlegare reinsing, blir dette utført i tråd med lovverket.

7 Risiko, sårbarheit og sikkerheit – ROS analyse

Risiko er eit uttrykk for den faren ikkje-ønska hendingar representerer for eit menneske, miljø eller materielle verdiar. Risikoen er eit resultat av sannsynet (frekvensen) for og konsekvensane av ikkje-ønska hendingar. Sannsyn i denne samanhengen er eit uttrykk for kor hyppig ein kan rekne med at ei hending vil kunne skje. Konsekvens er i denne samanheng ei skildring av følgjene av ei hending. Sårbarheit er eit uttrykk for eit system si evne til å fungere og oppnå sine mål når det vert utsett for påkjenningar.

Ved vurdering av risiko, sårbarheit og sikkerheit er det gjort ein gjennomgang av sjekklista utarbeidd av Beredskapsseksjonen hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, versjon per 15.12.2016. Gjennomgangen er gjort i samarbeid med administrasjonen i Volda kommune, med brannetaten og kommunelegen.

		Er det knytt risiko til følgjande element? <i>Dersom JA – kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg. Grunngje NEI etter behov.</i>	Ja	Nei	Kommentar
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?	X		Aksemdsona for jord- og flaumskred når ikkje ned til tunnelpåhogget og E39. Når det gjeld områda for bustader og offentlege formål er reell skredfare ikkje vurdert. Reguleringsplanen er ein områdeplan med krav om detaljregulering for alle bustadområde og område for offentlig formål. Aktsemdsona er vist som faresone i reguleringsplanen. I føresegnene er det sett forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S2 og S3 innanfor faresona før områda er detaljregulert og reell fare er avklart. Ideelt sett burde reell fare vore avklart allereie i områdeplanen, men i og med at områdeplanen berre tar opp i seg etablert arealbruk meiner vi planen sikrar tryggleiksomsyna, og er i samsvar med NVE sin rettleiar 2/2011, siste avsnitt i 7.5.2-D.
	b	Er området utsett for større fjellskred?		X	
	c	Er det fare for flodbølger som følge av fjellskred i vatn/sjø?		X	
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		X	Vegvesenet sine geotekniske undersøkingar er dokumentert i ein eigen rapport omtala i kapittel 4.10. Grunnboringane viser morene i veganlegget. Vestlege delar av planområdet er markert som marine avsetningar. I detaljregulering av BKB4 og BKB5 må dette avklarast nærare.
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følge moglege av klimaendringar?		X	Delar av område BKB4 og BKB5 er omfatta av aktsemdssone for flaumfare, jf. figur 31 i avsnitt 4.11. Aktsemdssona er for grovt avgrensa i NVE sine kart til å vise i områdeplanen. I føresegnene er det sett krav om at reell flaumfare inkludert erosjonsfare må avklarast ved detaljregulering.
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekkar, overfløyming i kjellar osv?		X	Sjukehuskrysset er i dag eit kommunalt knutepunkt for kommunalt vatn og avløp. Ei senking av terrenget vil medføre at ein må legge om leidningsnett og mogleg installere ein pumpestasjon for kloakk. Dette vert å avklare nærare gjennom teknisk plan/byggeplan. Overflatevatn frå ei senka løysing må pumpast mot Rotset /Øyraelva. Løysinga bør være redundant med separat straumtilførsel då faren for mykje regn og straumutfall ofte kan samanfalle.
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		X	
	h	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følge av endra klima?		X	
	i	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		X	
	j	Anna (Spesifiser)?		X	
Omgjevnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjør spesiell fare (stup etc.)?		X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågare- liggande område?		X	
	d	Anna (spesifiser)?		X	
Vassforsyning	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?		X	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?			Haukåsen vasslag (privat) har vassinntak nær utløpet av tunnelen i Furene. Kommunen vil vurdere om tunnelen vil kunne påverke vassinntaket. Vasslaget sine abonnentar kan koplast til det kommunale vassverket, då mykje av leidningsnett er parallelt. Ein må mogleg installere ein pumpestasjon for å få tilstrekkeleg trykk til dei høgastliggande forbrukarane.
	c	Anna (spesifiser)?		X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4µT frå høgspenliner?		X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?		X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		X	
	d	Anna (spesifiser)?		X	
Samferdsel	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?		X	Det er ikkje definerte og skilta ulukkespunkt innanfor planområdet. I krysset mellom Heltnevegen og fv. 45 Vikebygdvegen skjer det mindre ulukker ved glatt vegbane. Krysset vert utbetra gjennom framlagd planløyning og risikoen minkar.
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?		X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X		Tankbilvelt ved transport av farlige gods kan ikkje utelukkast. Ein meir trafikkisikker veg vil redusere sannsyn og risiko.
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendingar?		X	

		Er det knytt risiko til følgjande element? <i>Dersom JA – kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg. Grunngje NEI etter behov.</i>	Ja	Nei	Kommentar
	e	Anna (spesifiser)?		X	
Miljø/ Landbruk	a	Vil planen/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?	X		Det er gjennomført berekningar for støy og luft i tråd med gjeldande retningsliner, sjå kapittel 6.12 og 6.13.
	b	Vil planen/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?	X		Anleggsperioden vil gi risiko for akutte hendingar som olje- og drivstofflekkasjar. Anlegget vil ha beredskap for å avgrense og samle opp utslepp.
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?	X		For områda i Volda er det ikkje nye landbruksareal som blir regulert. I Furene vil ein midlertidig disponere om lag 83 000 m ² av LNF-areal i anleggsperioden
	d	Anna (spesifiser)?		X	
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?		X	
	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålbrenning, skipsverft, gartneri etc.?		X	
	d	Anna (spesifiser)?		X	
Beredskap brann/ulukke	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X	Dette må tilførast i samsvar med gjeldande tunnelforskrifter.
	b	Har området dårlige tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		X	
	c	Anna (spesifiser)?		X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		X X X X	For tunnelen vil dette bli sikra gjennom gjeldande tunnelforskrifter. Hovudvassforsyninga til øvre Rotset går gjennom Sjukehuskrysset. Dette inkluderer også det framtidige industriområdet på Rotset. Også kloakken frå dei store bustadområda Heltne/Bratteberg går i dag gjennom eller nær Sjukehuskrysset. Desse må leggest om før utbygging vert sett i gong.
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X		Tunnel Volda–Furene. Ny tunnel er definert som eit brannobjekt og må ha si eiga tryggleiksklarering. Dette vil bli gjennomført i samband med bygginga. Alle forhold knytt til brann i tunnel vil då bli tatt i vare. I tillegg til tryggleiks-utrustinga i tunnelen vil også tilgjengelege utrykkingsressursar verke inn på konsekvensar av tunnelbrann. I Volda er det tilgjengelege brannvernressursar om lag 600 meter frå tunnelportalen. Tilsvarende frå Ørsta-sida vil vere om lag 5,5 km til portal i Furene. Eventuell omkøyning går via dagens E39. Ambulansar lokalisert ved Volda sjukehus, sentralt i høve tunnelen. Konsekvensane av ein tunnelbrann kan vere svært store, avhengig av situasjon. Lengda på tunnelen forsterkar dette. Endeleg vurdering av om eksisterande utrykkingskapasitet er tilstrekkeleg, må skje i samband med tryggleiksklareringa.
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	X		Sjukehuskrysset er også eit svært trafikert gangkryss for elevar som skal til barne-, ungdoms- og vidaregåande skular retning sentrum. Også på ettermiddagen er det mange born som nyttar gangsystemet for å kome bort til Volda idrettspark. Reguleringsframlegget tek høgde for langt sikrere trafikale løysingar for mjuke trafikantar, samanlikna med dagens situasjon. Det vil bli gjort ekstra tiltak for tilrettelegging for dei mjuke trafikantane i anleggsperioden.
	d	Anna (spesifiser)?		X	
Verksemds-risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		X	
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		X	
	d	Anna (spesifiser)?		X	
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		X	
	c	Anna (spesifiser)?		X	

8 Gjennomføring av framlegg til plan

8.1 Framdrift og finansiering

Framdriftsplanen legg opp til at reguleringsplanen skal vere godkjent i Volda kommunestyre seinast i april 2018, sjå oppsett i kapittel 3.

E39 Volda–Furene ligg inne i Nasjonal transportplan (NTP) med 900 mill. kroner i siste halvdel av perioden 2018–2029. I NTP er kostnaden basert på kommunedelplan (+–25 %) med eitt tunnellop, der andelen statlege midlar er 600 mill. kroner. I prioriteringa er det føresett at det vert tilslutning om delvis bompengefinansiert utbygging av prosjektet.

Nye trafikktalet har medført behov for å regulere for to tunnellop. Utbygging som vist i reguleringsplanen vil ha ein kostnad på 1815 mill. kroner ut frå kostnadsanslag i Statens vegvesen med ei detaljering på +–10 %.

Eit eventuelt første byggetrinn der ein legg eitt tunnellop til grunn, er kostnadsrekna til 1142 mill. kroner (+–10 %).

Realisering av prosjektet er avhengig av framtidig prioritering i Nasjonal transportplan (NTP), samt å få etablert ordning med bompengefinansiering i Volda kommune og Ørsta kommune. Det vert jobba med ein felles «samferdselspakke» der bompengedelen av utbygging av E39 Volda–Furene inngår, saman med ulike andre vegrelaterte tiltak i dei to kommunane.

Ein kan forvente at utbygging av tiltaket med omlegging av E39 i ny trasé i tunnel som vist i reguleringsplanen med to tunnellop vil ta om lag 3 år frå anleggsstart.

Skulle det bli trinnvis utbygging, er bygging som inkluderer ett-løps tunnel estimert til 2,5 år byggetid.

8.2 Utbyggingsrekkefølge

Utbygging av tiltaket bør gjerast samla, særskilt sidan lokalvegnettet vert betydeleg endra. I Volda må dei nye lokalvegane, inkludert løysingar for gåande og syklende, etablerast før ein kan starte bygging av tunnelane og kryssområdet med ny senka rundkøyring. Forlenging av Kårstadvegen til Heltnevegen, ny rundkøyring mellom Heltnevegen og Vikebygdvegen og vegarm frå denne rundkøyringa med omkøyringsveg til Elvegata, må vere etablert før ein kan starte utgraving og senking av dagens rundkøyring i Sjukehuskrysset.

Arbeidet på Volda–sida kan gå samstundes med at arbeidet vert oppstarta i Furene. Det meste av tunnelen vert drive frå Furene–sida mot Volda. I Volda vil ein sprengje seg inn om lag 300 meter i fjell slik at ein er komen forbi sjukehuset.

Eventuell trinnvis utbygging av tunnel

Reguleringsplanen legg til rette for etablering av doble tunnellop. Dersom det vert bestemt at tiltaket skal byggast ut trinnvis, vil ein rå til at det vestlege tunnellopet vert etablert først, grunna at dette er mest føreseieleg i høve til etablerte eigedomar på Volda–sida. Av hensyn til konstruksjon, byggeteknikk


og fare for rystingar, vil det vere tilrådeleg å bygge doble tunnellop om lag 380 meter inn på Volda–sida i det første byggetrinnet av hensyn til Volda sjukehus.

8.3 Trafikkavvikling i anleggsperioden

Trafikkavviklinga i anleggsperioden skal skje i samsvar med godkjent arbeidsvarslingsplan. Ein arbeidsvarslingsplan vil bli utarbeidd av entreprenør og skal godkjennast av Statens vegvesen.

Anlegget på Volda–sida ligg hovudsakleg innanfor eksisterande veg. Det vil verte nokre nye vegar på lokalvegnettet i Volda. I Furene vil ein også kome inn på eksisterande rundkøyring, og denne vil måtte tilpassast ei fjerde arm.

I Volda må tiltaket byggast ut utan at det blir stengt for trafikk på strekninga i lengre periodar. For å kunne starte bygging av tunnel frå Volda mot Furene må trafikken som i dag går på Sjukehusvegen leggast om slik at ein er sikra tilkomst til sjukehuset og bustadområda som vert råka av tiltaket. Kårstadvegen vert forlenga til Heltnevegen og ny rundkøyring i krysset mellom Vikebygdvegen og Heltnevegen vert etablert. Vegane sør frå denne rundkøyringa vert bygd fram til eksisterande E39 ved Mylnebrua, vidare til Elvegata vil det verte etablert ein omkøyringsveg over tunet aust for Johs. Jacobsen. Bustadområda ved Nyttun får tilkomst via Systemvegen til dei nyetablerte lokalvegane og den midlertidige omkøyringsvegen mot Volda sentrum. Med ein slik omkøyringsveg unngår ein fleire tiltak med mindre, midlertidige omkøyringar.



Figur 76 – Illustrasjon av midlertidig omkøyringsveg i Volda

I Furene vil det ikkje vere behov for omkøyringsvegane. Det blir etablert ei fjerde arm i rundkøyringa som vil gje tilkomst til utbyggingsområdet med tunneldriving. Riggområde og midlertidig deponi vil og få tilkomst frå denne arma i rundkøyringa. Det meste av tunnelen vert drive frå denne sida og dette arbeidet kan starte opp uavhengig av drift frå Volda–sida.

Tilhøvet til hjortetrekket i Furene

I Furene vil ein måtte ta særskilt omsyn til det etablerte hjortetrekket for å ivareta hjortetrekket best mogleg, jf. omtale i 6.9.2 og føresegnar. Aktuelle avbøtande tiltak kan vere eventuelle krav til anleggsstopp eller tidsavgrensing i trekkperiodar, redusert fartsgrense, krav om ledegjerder osv. Slike tiltak er ikkje berre viktig for hjortetrekket, men også for trafiktryggleiken, med omsyn til å redusere fare for kollisjon mellom hjort og køyrety.

8.4 Drift og vedlikehald

Drift og vedlikehald skal sikre at vegnettet er eigna til bruk for trafikantane og at vegnettet opprettheld funksjonen og den fysiske infrastrukturen i medhald av dei langsiktige måla for bruken av veganlegga.

Handbok R610 omfattar krav knytt til drift og vedlikehald av veg, bru, tunnel, sideområde og sideanlegg med utstyr og installasjonar. Drift og vedlikehald skal gjennomførast etter fastlagt strategi som inkludert driftsklasser.

Vinterdrift

Val av vinterdriftsklasse for ei samanhengande vegrute vert gjort med utgangspunkt i ÅDT på strekninga, i tillegg til forhold som mellom anna vegkategori (nasjonal/regional eller anna transportrute), trafikksamansetting (lette/tunge køyretøy/syklande/fotgjengarar) og vegstandard. Ei naturleg samanhengande transportrute skal driftast etter same vinterdriftsklasse.

For det nye veganlegget på E39 legg ein til grunn same vinterdriftsklasse som for E39 gjennom Volda i dag, vinterdriftsklasse B – DkB. Det skal med godkjende føreforhold vere bar veg (tørr eller våt). Hard snø/is tillatast utanom hjulspor i kortare tidsrom.

For dei nye gang- og sykkelvegane og stjernebrua vil det vere naturleg å vurdere høgste driftsklasse GsA, sidan området har og vil få ein aukande gang- og sykkeltrafikk.

For å oppnå kravet vil ein mest truleg etablere oppvarming av underlaget på stjernebrua for å halde gang- og sykkelarealet fritt for snø, alternativt nytte kost kombinert med saltløyning. Sidan stjernebrua og delar av g/s-vegane ligg over køyrevegane, kan det gi visse utfordringar for handtering av snø og slaps. Ein må unngå at snøhandtering ikkje medfører fare for eller nedfall av snø på trafikken under.

Sommardrift

Sommerdrifta vil i hovudsak vere reinhald, stell av grøntareal, reasfaltering og inspeksjonar/reperasjonar av dreosanlegg, skilt og andre element.

Tunnel

Det vert stilt høge krav til reinhald av tunnel, og då særskilt vegbanen, bankettar og andre stader der støv og skit lett samlar seg. Godt reinhald vil gje trafikantar ei positiv oppleving, samstundes som det bidreg til lav støvkonentrasjon og dermed best mogleg funksjon for dei installerte objekta i tunnelen.

8.5 Oppfølgande undersøkingar

Fram mot anleggsstart og i anleggsperioden vil det vere behov for å gjere oppfølgande undersøkingar. Eksisterande leidningsnett i området skal kartleggast. Behovet for framtidig leidningsnett må avklarast med kabeletatane og kommunen.

Det vil truleg vere behov for supplerande grunnboringar ved planlagt nedsenka rundkøyning i Sjukehuskrysset. I påhugsområda for tunnelen kan det også bli behov for ytterlegare undersøking av fjellkvalitet i form av boringar. Dette vil i tilfelle bli utført rett før bygging.

Det vil truleg bli gjennomført ytterlegare kartleggingar av elvemusling som grunnlag for å fastsette korleis ein skal sikre mot uheldige verknader i anleggsperioden. Uønska og framande artar skal kartleggast og handterast i samband med bygging. Det skal gjennomførast tiltak som hindrar spreiding med plantemateriale, lausmassar utstyr eller anna. Sjå elles kapittel 8.5 under om utarbeiding av ytre miljøplan.

8.6 Omklassifisering av veg

Som følgje av at E39 blir lagt i tunnel, får eksisterande europaveg ein ny funksjon og må endre status. Statens vegvesen rår til at vegsystemet vert omklassifisert til følgjande:

Så lenge kryssing av Nordfjorden ikkje er realisert, vil riksveg 651 behalde sin status som riksveg. Det er difor nødvendig at riksvegen knyter seg til E39 på eit nytt punkt som følgje av ny veg. Med omsyn til køyretida og krav om at riksvegar i hovudsak skal leggast utanfor sentrumsområder, rår vegvesenet til at strekninga frå Volda ferjekai til rundkøyning i Furene framleis skal vere riksveg, som ei forlenging av riksveg 651.

Vegen frå Volda ferjekai til rundkøyning i Sjukehuskrysset i Volda får ein ny funksjon. Veggen vil knyte E39 og riksveg 651 saman, og vil samstundes vere ein bindeveg som knyter Volda sentrum saman og til overordna veg. Veggen vert foreslått omklassifisert til fylkeskommunal veg som ei forlenging av fylkesveg 45.

Spørsmålet om omklassifisering skal ikkje avgjerast gjennom reguleringsplanvedtaket, men i eit eige vedtak.

8.7 Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA) og Ytre miljøplan (YM) for byggefasen

Sikkerheit-, helse- og miljøplan (SHA-plan) skal utarbeidast etter Byggherreforskrifta før ein fullfører konkurransegrunnlag for utbyggingsfasen. Tilsvarande krav gjeld drift og vedlikehald. SHA-planen skal ajourførast av byggherre fortløpande etter kvart som prosjektet utviklar seg og dersom nye moment kjem opp. SHA-planen skal m.a. innehalde ei risikovurdering, og spesielt påpeike farlege forhold for dei som oppheld seg på eller nær byggeplassen. Planen skal danne grunnlag for dei HMS-krav og føresetnader som vert sett til utførande entrepenør. Her inngår også utarbeiding av ein beredskapsplan.

Ein ytre miljøplan (YM-plan) skal utarbeidast før ein fullfører konkurransegrunnlag for utbyggingsfasen. Tilsvarande gjeld drift og vedlikehald. YM-planen skal utarbeidast som eit

hjelpemiddel heilt i starten av prosjekteringsarbeidet, i tråd med Statens vegvesen si handbok R760 «Styring av utbygging-, drifts- og vedlikeholdsprosjekt». Planen skal sikre at føringar og krav for ytre miljø blir ivaretatt. Mål og krav for tiltak og løysingar som skal gjennomførast som permanente eller mellombelse tiltak skal skildrast.

Viktige miljøtema for dette prosjektet vil vere:

- Støy
- Vibrasjonar
- Forureining av jord og vatn
 - Akutt forureining
 - Avrenning av overvatn
 - Reinsing av tunneldrivevatn
 - Utsleppsløyve etter forureiningslova
- Landskap
- Nærmiljø og friluftsliv
- Naturmiljø
 - Vurdere flytting av elvemusling i Øyraelva i anleggsperioden, jf. avsnitt 6.9.1
 - Sikre vilttrekk i Furene/Ekset i anleggsperioden, jf. avsnitt 6.9.2.
 - Kartlegge framande artar og fastsette tiltak i samsvar med Statens vegvesen sin strategi.
- Naturressursar
- Energiforbruk
- Materialval og avfallshandtering

9 Samandrag av innspel og merknader med kommentar

9.1 Merknader ved oppstart av planarbeidet

Planarbeidet vart kunngjort i avisene Møre og Mørenytt i april 2016.

Statens vegvesen mottok 13 merknader til varsel om oppstart. Under følgjer eit samandrag av merknadane, referert i kulepunkt, og med vegvesenet og kommunen sine kommentarar. Originalmerknadane ligg som vedlegg til planomtalen.

Opplysningsvesenets fond

- Opplysningsvesenets fond har ingen merknader til planen utover at dei håper planen let seg realisere.

Kommentar

- *Merknad vert teken til vitande*

Direktoratet for mineralforvaltning

- Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) viser til sin rolle som statleg fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar

- DMF viser til kommunedelplan for E39 Volda–Furene som seier at driving av tunnel mellom Volda og Furene vil gje eit behov for masseplassering på mellom 390 000 og 480 000 m³ steinmasser, men at det vil vere behov for å gjere meir detaljerte mengdeberekningar som viser naudsynt deponivolum for reine og forureina masser
- Direktoratet viser vidare til vurderingane knytt til rigg- og deponiområde og retningsliner i føresegnene som vil vere førande for vidare regulering.
- Det vert kommentert at tiltaket sine konsekvensar for samfunn og miljø skal gjerast greie for i plandokumenta.
- DMF kan ikkje sjå at planområdet kjem i nærleiken av registrerte mineralressursar.
- Dei påpeikar at massene skal sorterast og oppmodar til ein samfunnsmessig bruk.

Kommentar

- *Konsekvensane for samfunn og miljø vert gjort greie for i plandokumenta. Overskuddsmaeesne i prosjektet skal i størst mogleg grad nyttast på ein samfunnsmessig måte. Merknaden er teke til vitande.*

Aksel Farstad

- Som nabo til rundkøyringa der tunnelen skal starte på Volda–sida, påpeikar Aksel Farstad aukande biltrafikk siste åra, samt at det er veldig mange fotgjengarar og syklistar som passerer. Farstad nemner studentar til og frå bopel til høgskule og mange born som skal til og frå skule og fritidsaktivitetar med m.a. Volda stadion like i nærleiken.
- Biltrafikken vil truleg auke, og ein får ein veldig uheldig situasjon med blanding av alle trafikantgrupper.
- Farstad stiller spørsmål om ein kan ha separate løysingar, og lurar på om ein kan ha ei toplansløysing der ein legg vegen (E39) djupare, dvs. starte tunnelen før rundkøyringa eller like etter brua med vegen lagt i kulvert? Dersom ein får til noko slikt kan gangtrafikken gå over E39
- Farstad håper vegvesenet ser positivt på innspelet.

Kommentar

- *Løysingane for Sjukehuskrysset som er vist i framlegg til reguleringsplan syner ei løysing der mjuke trafikantar er heilt adskilt frå køyrande i og kring kryssområdet. Køyrevegen er senka og gang- og sykkelvegssystemet vert liggande om lag i plan med eksisterande terreng. Løysinga er i tråd med innspelet til Farstad. Merknad teken til følgje.*

Avinor

- Viser til tilsendt varsel om oppstart av reguleringsplan 05.04.2016. Avinor har i samband med kommunedelplanen for den aktuelle vegstrekninga hatt ein gd dialog med Statens vegvesen.
- Kommunedelplanen §15 som gjeld Hensynssone H190_2 – Sikringssone rundt flyplass, høyderestriksjoner, må videreføres i reguleringsplanen.
- I tillegg til høgderestriksjonane i medhald av restriksjonsplanen for lufthamna, jf. kap. 10 og 11 i Forskrift om utforming av store flyplasser¹, BSL E 3–2 av 06.07.2006, er det viktig at det ikkje oppstår farleg eller villeiande belysning i samband med innflyginga til bane 06 (frå vest) ved Ørsta–Volda lufthavn Hovden, jf. § 13–3 i ovannemnde forskrift BSL E 3–2.
- Dette gjeld ikkje berre den permanente lysbruken, men også belysning i anleggsfasen. Det er særleg viktig at det ikkje rettast lys vestover mot innflyginga til bane 06. Belysninga må i størst

mogleg grad vere retta nedover mot bakken. Det må påreknast at det må nyttast lave lysmaster mellom tunnelopninga og rundkøyninga i Furene for å unngå konflikt med høgderestriksjonsflatene.

- Med bakgrunn i ovannemnde forhold ber Avinor om at føresegna til hensynssone H190_2 får følgjande ordlyd:

Sikringszone rundt flyplass, høgderestriksjon og lysbruk (§ 11–8 a)

Innanfor området H190_2 er det ikkje tillate å etablere mellombels eller permanent anlegg (medrekna lysmaster) høgare enn høgderestriksjonene (innflygingsflate og sideflate) for flyplassen tillet. Avinor skal ha alle tiltak og planar (medrekna lysbruk) innanfor sona til gjennomsyn og godkjenne dei før utføring kan skje.

I ei anleggsperiode skal Avinor ved Hovden flyplass varslast på førehand, og vere kjent med all aktivitet og bruk av kraner og anleggsmaskiner. Avinor kan stille krav om at anleggsmaskiner og kraner må regulere sin aktivitet i samsvar med flytrafikken.

Vidare kan Avinor stille krav om at lysmaster skal påmonterast hinderlys.

- Dersom Statens vegvesen ikkje innarbeider ovannemnde hensynssone H190_2 med tilhøyrande føresegn i reguleringsplanen, vil Avinor seinare vurdere å fremme motsegn til planen i medhald av Plan- og bygningsloven § 5–4.
- Avslutningsvis ber Avinor om at kommunedelplanen sine retningsliner for reguleringsplanfasen følgast opp i det vidare arbeidet. For Avinor sin del gjeld det spesielt at den nye brua i Furene må ta omsyn til en eventuell framtidig forlenging av Torvmyrvegen. Denne vegen vil vere viktig for trafikkavviklinga til/frå flyplassen og næringsområdet på Hovden.

Kommentar

- *Merknad teken til følgje. Hensynssone knytt til høgderestriksjon og lysbruk vert lagt inn i føresegnene*
- *Når det gjeld den nemnde brua i Furene som er vist i kommunedelplanen, har ein gått vekk frå denne løysinga på reguleringsnivå. Avinor har vore orientert om prosessen knytt til endra løysing, og har samtykka til denne.*

Svanhild Iversen Mo og Tormod Mo

- Svanhild og Tormod Mo bur i Nytun 25 og har fleire merknader til lokalvegssystema ved tunnelinnslaget på Volda–sida
- Mo viser til forslaget der det er tenkt ei moglegheit til å føre all trafikk inn til parkeringsplassane aust og nord for Ivar Aasen–bygget gjennom ein del av Nytun.
- Ved ei rask opteljing fann Mo 100 parkerte bilar der, noko som vil føre til ein auke på minimum 200 passeringar i døgnet. Mesteparten på ei tid når skuleborna også vil vere gåande langs vegen.
- I tillegg kjem dagens trafikk, pluss meirtrafikk grunna stenging av Røysmyrvegen og også føring av den trafikken gjennom Nytun.
- Desse inngrepa i nærmiljøet vil utan tvil medføre ei verdiforringing av eigedomane.
- Mo er også spente på om trafikkstøyen vert sjenerande, og om det vert sett inn tiltak for å eliminere den.
- Med dette som utgangspunkt har Svanhild og Tormod Mo følgjande merknader:
 - Tilkomstvegen til parkeringsplassane ved Ivar Aasen bygget må gå i Sjukehusvegen heilt fram til noverande innkøyrsløp og ikkje gjere ein sving innom Nytun

- Det må byggast gangveg langs dei nye vegane
- I tillegg må det byggast lydbarriere og fysisk stenging mot nye E39
- Dette meiner Mo er absolutt beste løysinga både for dei som bur i området og for mjuke og harde trafikantar
- Mo har berre positive erfaringar med å vere nabo til Høgskulen, og håper det blir slik i framtida også.

Kommentar

- *Løysingane for området ved Sjukehuskrysset som er vist i framlegg til reguleringsplan syner etablering av ny tilkomstveg frå Nytun til Heltnevegen. Denne tilkomstvegen vil også løyse tilkomst til høgskulen sitt område ved Ivar Aasen bygget frå nord, og dels vere ei erstatning for tilkomst frå aust som vil måtte stengast. Tilkomst frå nord er også vist i kommunedelplan for E39 Volda–Furene.*
- *Reguleringsplanen ivaretek mjuke trafikantar på ein god måte, både på hovudvegane og langs dei kommunale vegane.*
- *Det vert utført støyvurderingar i denne fasen, berekna i tråd med støyretningsline T-1442. Ein legg opp til å gjere støyreducerande tiltak i byggeplanfasen.*

Gode Vegar AS v/Svein Sunde

- Svein Sunde i Gode vegar AS refererer Stortinget sin ambisjon om ferjefri E39 Skei –Grodås–Volda innan år 2032.
- Det vert også referert til føringar i plangrunnlaget for NTP 2018–2029, motorvegplanen, der det vert vist til at ein m.a. bør planlegge utbygging av nye tunneløp med omsyn til trinnvis utbygging og på einskilte strekningar dimensjonere for hastigheit 110 km/t. I dei fleste tilfelle velgast dimensjoneringsklasse ut frå forventa trafikkmengder 20 år etter opning, medan ein i dei samfunnsøkonomiske analysene har eit tidsperspektiv på 40 år.
- Kryssløysingar – Gode vegar v/Svein Sunde seier at det særskilt i Volda sentrum må fokuserast på ei anna løysing enn den skissa som ligg i kommunedelplanen. Å blande ein aukande E39 trafikk med ein aukande lokaltrafikk i Vikebygdvegen/sjukehuskrysset synest uheldig.
- Plangrenser – Gode vegar AS v/Svein Sunde seier at plangrensa i Furene bør gå noko lenger sør langs E39 for å legge til rette for å kunne etablere ny og meir direkte line mot etablert næringsområde. Mot nord må plangrensa gå inn i Ørsta kommune fram til Torvmyrvegen i aust og kryss mot Aasentunet i vest. Flyplasstilkomsten frå sør via Torvmyrvegen må inn som ein heilskapleg del av E39 Voldatunnelen.

Kommentar

- *Kulepunkt 1 og 2 vedkomande ferjefri E39 og føringar i plangrunnlaget for NTP vert tekne til vitande.*
- *I Sjukehuskrysset er det lagt til rette for etablering av rundkøyning med både lokaltrafikk og gjennomgangstrafikk. Lokaltrafikken er den dominerande trafikken i området. Krysset og køyrevegen er senka ned i terrenget slik at dei mjuke trafikantane kryssar planskilt på bru i dagens terreng.*
- *Når det gjeld plangrenser, har ein teke med det som er teneleg for tiltaket og kringliggande område. Det er avklart med kommunen at planlegging på eksisterande E39 vest for rundkøyninga inkludert deler av næringsområdet i Furene ikkje skal inngå sm del av denne reguleringsplanen. Det er heller ikkje aktuelt å legge Torvmyrvegen inn som ein del av dette prosjektet. Det er avklart at ei*

eventuell forlenging av Torvmyrvegen mellom Hovden flyplass og næringsområdet i Furene må regulerast av Volda og Ørsta kommuner. Det er i denne reguleringsplanen teke høgde for at eventuell Torvmyrveg kan gå under E39 i kulvert.

Vikebygdvegen 4 AS og V4–MAT AS (Kiwi Volda)

Vikebygdvegen 4 AS og V4–MAT AS (Kiwi) viser til motteke høyringsbrev 05.04.2016. Underteikna Atgeir Almestad og Arne Johan Rebbestad er representantar for eigarane og drivarane av Vikebygdvegen 4 og KIWI-butikken, og er opptekne av dei konsekvensane og moglegheitene som ein ny reguleringsplan har.

- Almestad og Rebbestad viser til at for ei daglegvareforretning er gode parkerings- og trafikktilhøve heilt avgjerande for å lukkast i konkurransen om kundane. Eit utvida Sjukehuskryss vil medføre eit betydeleg redusert parkeringsareal til eigedomen vår i Vikebygdvegen, samtidig som det vil forverre dei allereie vanskelege trafikkforholda knytt til våre avkøyringar til kiwibutikken.
- Vidare vert det vist til at med den relativt betydelege trafikkauken som vil kome i Sjukehuskryssset, og då ikkje minst med auka tungtransport kombinert med kortare avstand frå den utvida rundkjøringa til Vikebygdvegen 4, vil trafikkavviklinga for Kiwi Volda bli svært vanskelig og ei vesentleg ulempe for deira kundar og dermed også for drifta av butikken.
- Utifrå dei nemnde auka problema med tilkomst og parkeringstilhøve til forretningseigedomen, har Almestad og Rebbestad på vegne av styret framlegg til ei ny avkøyringsløysing som dei meiner vil kunne gi ein tilfredsstillande tilkomst til forretninga og eigedomen. Dette utan at dei blir skadelidande for dei endringane tiltaka med endra regulering no medfører for dei med tanke på forretningsdrift og eigedomsutvikling.
- Vedlagt originalmerknaden (sjå vedlegg til planomtalen) er ei planskisse utarbeidd av AG Plan og Arkitektur AS. Denne viser både ei endra avkøyringsløysing og korleis eigedomen kan utnyttast gitt dei rammene og føresetnadane som er gjort greie for.
- Almestad og Rebbestad ser på vegne av styret med forventning fram til å medvirke i det vidare planarbeidet.

Kommentar

- *Det har i løpet av planprosessen vore avhelde fleire møter med representantane frå Vikebygdvegen 4 AS og V4–MAT AS (Kiwi) der trafikale løysingar for Kiwi-butikken og området eller har vore på dagsorden.*
- *Det er i planframlegget lagt til rette for ny tilkomst m.a. til Kiwi-butikken via samleveg frå planlagt rundkøyring i kryssset mellom fv. 45 Vikebygdvegen og Heltnevegen. Planlagt tilkomst via ny kryssløysing og ny samleveg er også i tråd med overordna plan, og er lagt til grunn hovudsakleg av omsynet til trafikktryggleik på strekninga mellom Sjukehuskryssset og kryss Heltnevegen.*
- *I løysing for Sjukehuskryssset som er vist i framlegg til reguleringsplan, legg ein til grunn eit prinsipp med køyreveg og rundkøyring senka ned i terrenget med om lag 6 meter. Det er fleire positive konsekvensar ved val av ei slik løysing. Mellom anna vil mjuke trafikantar kunne bevege seg planfritt over Sjukehuskryssset i alle retningar og på dagens terreng, som alternativ til undergangar som ein av omsyn til trafikkntala ville måtte etablert på alle vegarmane i rundkøyringa. Støy og støv vil også verte redusert.*
- *Som nemnt vil løysinga vere negativ for Kiwi-butikken av omsyn til at tilkomsten for køyrande vert stengt, og at butikken truleg vert mindre synleg frå køyrevegen med omsyn til impulsive*

kundebesøk. På ei anna side, så vil tilgjengelegheita for gåande og syklende, m.a. frå høgskulen, verte langt betre og sikrare samanlikna med dagens situasjon.

Statsbygg

Statsbygg viser til varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for E39 strekning Volda–Furene.

- Statsbygg sine eigedomar, Campus Volda og Sjukehusvegen 6a og b, vert berørt av tunnelinnsлага. Bygningsmassen i Sjukehusvegen vil truleg måtte rivast.
- Statsbygg seier det er viktig at tilkomst til campus, både til fots, med sykkel og bil sikrast på ein god måte i den vidare planlegginga. Det er også viktig at vegutbygginga bidreg til gode løysingar som kan støtte opp under auka bruk av buss til og frå campus.
- Statsbygg ønskjer å verte involvert i det vidare planarbeidet.

Kommentar

- *Det er korrekt at Statsbygg sine eigedomar vert berørt av planlagt tiltak. Køyretilkomsten frå Sjukehusvegen aust på campus vil måtte stengast med bakgrunn i at ny E39 vert senka 5–6 meter. Det vert lagt til rette for ny tilkomst frå nord, i området ved Nyttun. Tilkomstløysingane for gåande og syklende vert betydeleg betre enn i dag, med planskilte løysingar i Sjukehuskryssset og tilrettelagde ferdselsårar basert på kartlagt ferdsel i området. Kollektivløysingane vert i praksis som i dag, men haldeplassen på dagens Sjukehusveg utgår som følgje av vegendringane.*
- *Det er per i dag uklart om Sjukehusvegen 6a vil måtte rivast som følgje av etablering av fjelltunnel i dette området og moglege setningsskadar som følgje av dette. Sjukehusvegen 6b vil bestå.*
- *Statsbygg har i stor grad vore involvert i planprosessen fram til utarbeidd planframlegg.*

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)

NVE viser til brev dagsett 5.4.2016 som gjeld oppstart av reguleringsplan for ny E39 Volda–Furene.

- Ved planlegging av veg bør ein ta omsyn til vassdrag innanfor planområdet. Kantsona langs vassdrag kan vere verdifull for friluftsliv og miljø.
- Vassressurslova § 11 stiller krav om at det skal oppretthaldast eit naturleg vegetasjonsbelte langs alle vassdrag.
- NVE rår til å nytte arealbrukskategorien Bruk og vern av sjø og vassdrag, jf. PBL §12–5 nr. 6, til å merke vassstreng og kantsoner. Vassdrag med kantsoner kan regulerast til "Natur og friluftsliv".

Kommentar

- *Merknad vert teken til følgje ved at arealbrukskategori Bruk og vern av sjø og vassdrag vert lagt inn i plankart og føresegner knytt til Øyraelva i Volda.*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader som dei ber om vert teke omsyn til i det vidare planarbeidet:

- Generelt – Målet med planarbeidet er å få eit plangrunnlag for å etablere E39 med tunnel på strekninga Volda–Furene, i samsvar med godkjent kommunedelplan.
- Hjortetrekket

- Hjortetrekket som går gjennom Furene er av dei viktigaste hjortetrekkene mellom dei høgareliggende indre stroka av Sunnmøre og nabofylka innafor, og vinterbeita på kysten. Trekkruta nyttast óg til meir lokale forflyttingar gjennom heile året.
- Planen utgjer eit omfattande veganlegg midt i trekkruta for hjorten, og difor er det viktig at tilførselsområda sikrast i plan som trekkområde slik at ein unngår ulykker med skade både på materiell, dyr og menneske. Ut frå dette burde planområdet vore noko større, og omfatta skogareala vest for det nye veganlegget. Dette for å gi hjorten naudsynt skjul og ro.
- Det er svært viktig at hjorten kan oppretthalde si trekkroute gjennom området, noko som krev god planlegging av viltundergangen. Dersom viltundergangen for hjort skal fungere, er der nokre viktige suksessfaktorar:
 - o faunapassasjen/viltundergangen må leggest i hjorten si etablerte trekkroute
 - o det må vere vegetasjon i botnsjiktet
 - o omkringliggende natur- og kulturmiljø må oppretthaldast. Eigne arealføremål vil vere omsynssone «trekkroute hjortevilt» over dyrkamark og «naturområde hjortetrek» for skogsareala.
 - o Ein må vere bevisst på lysbruken, dvs. at lyskjelda lyser opp vegbana og ikkje arealet kring brua/viltundergangen. Ei løysing kan vere integrert belysning i rekkverket på brua.
- I tillegg er det andre viktige tiltak som må planleggast:
 - o planting langs veg for at hjorten skal bli minst mogleg forstyrta av trafikken
 - o etablering av støyskjerm og voll
 - o effektive leiegjerder på begge sider av eksisterande veg
 - o ein god terreng- og landskapsplan for at gjennomføringa av tiltaka skal bli tilfredsstillande
 - o brua må vere lang nok og høg nok (openheitsindeks), jf. Staten vegvesen håndbok V134, Veger og dyreliv (2005) og Staten vegvesens rapport nr. 78, Faunapassasjer og andre tiltak rettet mot hjortevilt langs veg (2012)
- Anleggsperioden kan vere kritisk, og det er difor viktig at ein
 - o kortar inn anleggsperioden så godt det let seg gjere
 - o prøver å ta omsyn til sesongtrekk i anleggsarbeidet
 - o tenkjer nøye gjennom kvar riggområdet og massedeponiet skal plasserast, og kor lenge ein kan nytte massedeponiet
 - o nedsett fartsgrense i anleggsperioden i området der hjorten kan trekke over E39 m.a ved Haukåsen der ein veit at hjorten kryssar vegen
- Landbruk
 - På Furene–sida er planområdet prega av landbruk. Eit overslag viser at det er om lag 70 dekar fulldyrka jord innanfor planområdet. I tidligare kommunedelplanprosess har det gjentekne gongar blitt påpeika at tap av landbruksareal og ulemper for landbruksdrift må reduserast så godt det let seg gjere.
 - Som før påpeika, må bruløysinga vere slik at ein oppnår best mogleg samanheng i jordbruksareala.
 - Ein må også gi rom for ein gardsveg som ikkje brukar meir dyrka areal enn naudsynt.
 - I tillegg må ein sørge for at ein på ein tenleg måte kjem seg fram med landbruksmaskiner til dei ulike teigane.
 - Fylkesmannen legg til grunn at det er gjeldande kommunedelplan som ligg til grunn for detaljreguleringa, og at dei vedtekne løysingane i den planen framleis gjeld.

Kommentar

- *Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ein utfyllande merknad knytt til hjortetrekket i Furene. Innspela tek utgangspunkt i løysing vist i kommunedelplanen, der ny E39 ligg relativt høgt i terrenget og der ei om lag 100 meter lang bru med undergang skal ivareta hjorten si trekkroute.*
- *I reguleringsplanprosessen har ein i samarbeid med både fylkesmannen, kommune og berørte partar i nærområdet utarbeidd ei anna løysing for E39 som ivaretek både tilhøva for hjorten og hjortetrekket og landbruksareala på ein betre måte enn opprinneleg løysing (sjå skildring i kapittel 5). Fleire av momenta frå fylkesmannen er difor ikkje relevante i denne samanhengen.*
- *Landbruksareala i Furene er betre ivareteke i den nye løysinga, sidan løysinga ikkje er like arealkrevande som løysinga i KDP. Areala over lausmassetunnelane kan tilbakeførast til dyrkajord. Landbruket vil vere mindre skadelidande med løysinga som er lagt til grunn i reguleringsplanen.*
- *Rigg- og deponiområda er lagt inn i planen i samsvar med arealbruken vist i kommunedelplanen. Det er utarbeidd egne føresegner knytt til anleggsdrift og type verksemd for dei ulike delområda. Dette i høve både omsynet til hjortetrekket i Furene og i høve til støy. Rigg- og deponiområda skal tilbakeførast til permanent reguleringsformål vist i plankartet.*

Coop vest eigedom AS v/Arild Meisterplass

- Coop Vest Eigedom AS v/Arild Meisterplass viser til tidlegare innspel og minner om at det er avgjerande for Coop at innkøring til Myravegen vert oppretthalde i samband med regulering av E39 Volda–Furene.
- Coop Vest Eigedom AS har investert store summar i anlegget i Myravegen, basert på tidlegare signal om at innkøringa vert oppretthalde til eigedomen/området. Meisterplass viser til at med nytt anlegg med ei omsetting på over 60 millionar, vil både person- og tungtrafikk til anlegget krevje gode trafikk-løysingar. Han håper at Volda kommune og vegvesenet ser verdien i dette og finn gode og rasjonelle løysingar.

Kommentar

- *Innkøring til Myravegen frå E39 vert oppretthalde med bakgrunn i at det er forsvarleg sett med omsyn til dagens og framtidig årstdøgntrafikk (ÅDT). Tilkomsten vert flytta noko lengre sør for å sikre yttarlegare avstand til rundkøringa i Sjukehuskrysset.*
- *Tilkomsten kan verte stengt for allmenta som følgje av eventuell vesentleg auke i trafikken på Austefjordvegen/E39, eller dersom andre trafikkmessige tilhøve tilseier det.*

Møre og Romsdal fylkeskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader som ein ber om vert vurdert i det vidare planarbeidet:

- Automatisk freda kulturminne – Fylkeskommunen vurderer planområdet til reguleringsplan for E39 Volda–Furene til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne, som ligg skjult under markoverflata, og vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML).
- Kulturminne frå nyare tid – Innanfor planområdet er det først og fremst elva frå Rotevatnet ned til sentrum Volda og kulturminne langs elva som har verneverdi av nyare tids kulturminne, og må takast omsyn til. Fylkeskommunen vil elles påpeike den viktige endringa dette vert med tanke på korleis ein kjem til staden Volda. Før har ein kome langs etter fjorden, etter ein krokete, trong veg i

eit bratt landskap den siste biten til Volda opna seg med sitt tettbygde sentrum, med den markante kyrkja, og med bustadområda synleg opp etter dalen og skråningane bak sentrum. Dette er måten ein har brukt å komme til Volda, ganske lik måten ein kjem til mange bygder. No vert dette endra, ein kjem på ein måte inn midt i bygda, og kjem bakvegen ned mot sentrum og fjorden.

Dette er ei moglegheit for endring som Volda kommune må ta tak i og Vegvesenet legge til rette for. Med den vekst som skjer på større stader er det ønske om fortetting, og gode møteplassar med urbane kvalitetar, og tilrettelegging for fysisk aktivitet blant ungar og folk flest.

- Fylkeskommunen har elles følgjande kommentarar for det vidare planarbeidet:
 - Det må leggest opp til ein god måte å komme frå hovudvegen og ned til sentrum på, som vektlegg mjuke trafikantar og deira bruk av sentrum.
 - Elva som leder veg ned til sentrum, og er sentral i framveksten av staden Volda og vil kunne bli liggande som ein oase til oppleving for folk, utan dominerande biltrafikk.
- Mykje av dette er retta mot Volda kommune og andre planprosessar, men kan og vere viktig bakgrunn for vegvesenet når løysingane i vegutforminga skal detaljerast:
 - Volda er ein skulestad. Dette pregar staden og fører til mange nye unge menneske kjem hit kvar haust. Det er viktig at det blir lett å orientere seg i Volda, og at folk får ein fin velkomst. Utforming av vegsystem må legge til rette for mjuke trafikantar. Omlegging av vegen opnar i seg sjølv opp for meir bustader i eksisterande sentrum, og eit meir levande miljø der.
 - Mange moderne funksjonar krev store bygg med mykje parkering. Med tilkomst slik det er føreslått, kan Volda få ei fin moglegheit til å trekke slike funksjonar vekk frå strandlina, slik at desse ikkje tek fjordutsikta frå folk. Det er og viktig at det er ei god opning ned mot eksisterande sentrum, den gamle trehusstrukturen, kyrkja og fjorden frå hovudvegen E39. Rutebilstasjon plassert ved hovudvegen høyrer positivt ut.
 - Med ein ny tunnel frå Ørsta til Volda vil sjøsida bli mindre trafikkert, og kan bli utvikla til eit langt trivlegare areal å opphalde seg for born, for syklistar og eldre. Dette bør følgjast opp i kommunen sitt arbeid med andre planer.

Kommentar

- *Når det gjeld automatisk freda kulturminne, vart det gjennomført arkeologiske registreringar hausten 2016. Det er ikkje gjort arkeologiske funn i planområdet, i følgje førebels tilbakemelding frå fylkeskommunen. Endeleg rapport er ikkje klar på dette tidspunktet.*
- *For kulturminner frå nyare tid er det frå fylkeskommunen si side vist til Rotevatnet og miljøet langs Øyraelva. Vidare at ein må vere bevisst på at området vil verte hovudtilkomsten til Volda. Omsynet til estetikk og tilrettelegging for at mjuke trafikantar skal kunne bevege seg frå planområdet og til/frå Volda sentrum blir vektlagt.*
- *Planlagte tiltak vil ikkje berøre Rotevatnet eller Øyraelva reint fysisk, men det vert lagt inn ei strandsone med kantvegetasjon i fem meters breidde for å bevare vasstrengen.*
- *Det er i planframlegget lagt stor vekt på god tilrettelegging for mjuke trafikantar, og tilsvarende vekt på innbydande og estetisk gode løysingar som er universelt utforma.*

9.2 Merknader ved høyring og offentleg ettersyn

Høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplanen hadde merknadsfrist 24.11.2017, og Statens vegvesen mottok til saman 20 merknadar til høyringa. Eit nedkorta samandrag av kvar einskild merknad følgjer under. Her har ein hovudsakleg trekt ut dei momenta som omtalar ønskje om endringar i planen. Vi viser til vedlegg til planomtalen når det gjeld fullstendig innhald i merknaden, inkludert eventuelle utdjupande argument for endringsframlegga. Vegvesenet og kommunen sin kommentar følgjer under kvar merknad, samt korleis merknaden er vurdert planmessig.

Mørenett AS v/Norleif Nordal

- Mørenett har høg- og lavspentkablar innanfor reguleringsområdet på Volda–sida som må leggest om før opparbeiding av ny rundkøring. Det er planar om ei større omlegging av hovudnettet i regionen på sikt, ved å gå frå 66 kV nett til 132 kV nett, og har sett på ei løysing for å sikre ringmating til Volda sentrum ved å legge kraftige kablar frå Ryste transformatorstasjon til Furene og vidare gjennom den nye tunnelen til Volda. Det er fleire alternativ til løysing, og Mørenett vil måtte få skriftleg løyve frå Statens vegvesen til å ev. legge ev. kablar gjennom den framtidige tunnelen.

Kommentar

- *Tematikken blir å følgje opp i vidare byggeplanlegging. Det må fattast eit eige vedtak i tilknytning til etablering av kraftige kablar gjennom tunnelen. Merknad teken til vitande.*


NVE – Noregs vassdrags- og energidirektorat

- NVE viser til at det innanfor planområdet er to vassdrag med årssikker vassføring, jf. Vassressurslova (VRL) §2. Det er Sagarelva ved Furene og Storelva (Øyraelva) i Volda. For Storelva er innspela ivareteke gjennom føremål i plankartet og føresegnene §§ 6.1 og 8.1. Sagarelva er ikkje regulert med same føremål i plankartet, og NVE rår til at plankart og føresegner vert endra til rett arealbrukskategori for Sagarelva og tilhøyrande kantsone.
- Handtering av overflatevatn i anleggsperioden er omtala i planomtalen s. 28. I periodar med mykje nedbør er det skissert at noko av overflatevatnet vil førast ut i Storelva (Øyraelva) og det skal etablerast system for avslamming før vatnet går i vassdraget. NVE kan ikkje sjå at krav til slike tiltak er nedfelt i føresegnene til planframlegget. Sjølv om det er sett krav til Ytre Miljøplan, jf. føresegnene § 11, rår NVE til at det vert sett særskilde krav til handtering av overflatevatn som skal førast til vassdrag, jf. VRL §§ 5 og 47.
- I planomtale/ROS-analyse er det vist til aktsemdskart for flaum for Storelva (Øyraelva) i Volda. To utbyggingsområde er omfatta av aktsemdssona, og føreslege krav i føresegnene §§ 4.5 og 4.6 om avklaring av reell flaumfare i samband med detaljregulering. NVE peikar på at det i ROS-analysen er vist til område B1, medan det i føresegner og planomtale er vist til områda BKB4 og BKB5.
- For at planmaterialet skal vere enklare å tyde, rår NVE til at aktsemdssona for flaum også vert innarbeidd i plankartet som omsynssone med tilhøyrande føresegner.
- NVE rår vidare til at det vert stilt krav til vurdering av fare for erosjon langs vassdraget.
- Grunntilhøva i planområdet er skildra i planomtalen s. 15, men omfattar berre områda nær planlagde vegtiltak. I Volda dekkjer plankartet også område der NGU sitt lausmassekart viser marine strandavsetningar. Her kan det ikkje utelukkast førekomstar av kvikkleire, noko som plandokumenta må ta høgde for.

- Det er føreslege krav om detaljregulering for utbyggingsområde som er omfatta av aktsemdssone for skred, og vist til NVE retningslinje 2/2011 og siste avsnitt i kap. 6.5.2 D. NVE reknar med det er ein skrivefeil og her er meint kap. 7.5.2 D.
- Krav om utgreiing av reell fare i samband med detaljregulering er i samsvar med NVE sine retningslinjer, men NVE rår likevel at plandokumenta vert oppdatert slik at det også blir gjeldande for potensiell flaumfare, erosjonsfare og ustabile grunnforhold.

Kommentar

- Øvre del av Sagelva ligg i planområdet som ein ordinær jordbrukskanal som etter vårt syn inngår som ein naturleg del av LNF-formålet. Kanalen vil bli lagt om og heilt eller delvis lagt i rør både som følgje av anleggstiltaka, og med tanke på permanent situasjon. Detaljane i dette vil bli fastlagt i prosjektering og i samråd med kommune og grunneigar. Det er difor vanskeleg å vise Sagelva/kanalen med eige arealformål i reguleringsplanen.
- Konkrete krav til handtering av overvatn og drivevatn blir fastsett av Fylkesmannen i utsleppsløyve etter forureiningslova. Det vil vere uheldig dersom krav i reguleringsplanen ikkje samsvarar med eller strir mot Fylkesmannen sine krav. Bindinga mellom § 11.1 i føresegnene og kapittel 8.7 i planomtalen er elles gjort sterkare, jf. merknad frå Fylkesmannen.
- Områdenemningane i ROS-analysen er retta opp.
- Avgrensinga av aktsemdssona for flaum er så grov, og berører så liten del av planområdet at det ikkje gir juridisk mening å vise den i planen, jf. illustrasjonen nedanfor. Reell flaumfare må uansett avklarast i detaljregulering av områda, og i så måte uavhengig av korleis flaumfaren er synleggjort i områdeplanen.



- Vurdering av erosjonsfare er tatt inn som eit moment i §§ 4.5 og 4.6.
- Vurdering av grunntilhøve er tatt inn særskilt i §§ 4.5 og 4.6 for dei områda som ligg på marine strandavsetningar. Planomtalen er oppdatert i avsnitt 4.10.
- Skrivefeilen er retta opp.
- Plandokumenta er oppdatert i samsvar med merknaden, jf. punkta ovanfor.

Avinor

- Høgderestriksjonane rundt Ørsta–Volda lufthamn er innarbeidd som omsynssone H190 og skildra i § 9.2 i reguleringsføresegnene etter innspel frå Avinor. Føresegna tek i vare hinderflatene (innflygingsflate og sideflate), lysbruk, bruk av kraner og anleggsmaskiner i anleggsperioden samt eventuelt krav om påmontering av hinderlys på lysmaster.

Kommentar

- Merknad frå Avinor teken til vitande.

Sunnmøre kulturnæringshage AS

- Sunnmøre Kulturnæringshage AS arbeider med forprosjekt for etablering av Volda Kunnskapspark i Ivar Aasen-bygget på campus. Kunnskapsparken planlegg å samlokalisere om lag 40 selskap, og vil vere både regional og nasjonal ressurs for bedrifter med utspring i fagutdanning og fagmiljø ved Høgskulen i Volda.
- Dei påpeikar at gjennomføring av reguleringsplanen medfører at svært mange parkeringsplassar for Ivar Aasen-huset fell bort. Dette aukar behovet for gode løysingar til offentleg kommunikasjon. Det lyt etablerast ny tilkomstveg til bygget, og ny hovudtilkomst med bil frå nord som vist i plankartet vil vere ei god løysing. Eksisterande tilkomst til Ivar Aasen-bygget via hovudinnkøyringa til campus i Elvegata bør oppretthaldast.
- Dei fryktar villkryssing mellom dei to haldeplassane i Elvegata, sidan det ikkje er lagt opp til gangfelt.

Kommentar

- Sunnmøre kulturnæringshage orienterer om planlagt framtidig etablering av Volda kunnskapspark i Ivar Aasen-bygget på campus.
- Ønske om endra tilkomst må løysast innanfor detaljregulering for campusområdet.
- Når det gjeld tilrettelegging for offentleg kommunikasjon, er det gjort klare forbetringar i plassering og tilgjenge til busslommene samanlikna med dagens situasjon. Ein vil i prinsippet basere på at fotgjengarane og brukarane av offentleg kommunikasjon skal nytte den planfrie løysinga for mjuke trafikantar i Sjukehuskrysset. Det er vidare fullt mogleg å legge betre til rette for tenelege ferdselsårer med påkopling til den planfrie kryssinga i detaljreguleringsplan for campus-området. Villkryssing ønskjer ein i størst mogleg grad å unngå, ev. må ein etablere midtdeler dersom dette vert ei utfordring for trafikksikkerheita.

Gjertrud og Jostein Rotevatn, Svanhild I. og Tormod Mo, Nytnunvegen 25 og 29

- Rotevatn og Mo er svært tilfreds med at rundkøyringa er planlagt seks meter under bakkeplan. Dei poengterer at ut frå planlegging av to løp i tunnelen må gardstunet vest for innkøyringa løysast inn.
- Dei ønskjer at tilkomst til parkeringsplassen ved Ivar Aasen-bygget går syddover langs gangvegen.
- Rotevatn og Mo viser til at Nytnun er tilrettelagt for tilkomst til det nye mediebygget, i tillegg til trafikkaue til og frå Røysmyrvegen. Det blir dermed merkbar auka trafikk på vegen. Dei er fornøgd med at det er teikna inn gangveg på sydsida av Nytnun, men ønskjer gangveg på nordsida også, alternativt at gangvegen vert flytta til nordsida.
- Rotevatn og Mo forventar at trafikkstøyen vert kraftig redusert, men at det likevel vert vurdert trong for lydbarriere mot tunnelopninga.

Kommentar

- Det er korrekt at med viste løysingar så må nemnde eigedom løysast inn.
- Ny tilkomstveg til Ivar Aasen-bygget som er vist i plankartet er å sjå på som framlegg til løysing i samråd med kommunen, og vil bli nærare vurdert ved detaljregulering av område BOP1 m.fl. når ein har meir detaljert kunnskap om kva funksjonar og bygningar dette området vil få.
- Når det gjeld supplerande gangveg på nordsida av køyrevegen til Nytnun, er det lagt aktuelle målpunkt og samanhengande gang- og sykkelvegliner lagt til grunn for løysinga. Ut frå forventa trafikk, vil det ikkje vere behov for tosidig g/s-løysing langs Nytnunvegen.

- *For spørsmål knytt til yttarlegare støyvurdering/tiltak, viser støyberekningane at det ikkje er grunnlag for å legge til rette for dette forbi dei nemnde bustadane, jamfør støysonekartet.*

Are og Ola Halkjelsvik på vegne av Kirsti Halkjelsvik, Myravegen 6, gbnr. 19/205

- Tilkomsten til gbnr. 19/34 er markert med avkøyrsløse gjennom hagen sør for bustaden i Myravegen 6. Eigar av gbnr. 19/205 ønskjer at avkøyrsløse til 19/34 blir flytta til nordsida av Myravegen 6 og til gangvegen.
- Myravegen 6 vil få auka støybelastning sjølv om E39 vert senka forbi eigedomen. Eignedomen ligg i gul sone på støysonekartet og dei føreset at tiltak blir gjort ved første utbygging. Dei påpeikar også at tiltak mot støy og ureining også må gjerast i byggefasen.

Kommentar

- *I planframlegget er tilkomst til BKB4 vist sør for Myravegen 6 med enkelt pilsymbol. Dette for å signalisere ein mogleg hovudtilkomst til området som har krav til detaljregulering. Tilkomst til BKB4 er no flytta til nordsida av 19/205 via sørlege del av g/s-veg o_SGS4. Det er lagt inn breiddeutviding for å legge til rette for blanda trafikk på ei kort strekning, der køyrande vil få vikeplikt for mjuke trafikantar.*
- *Støy og forureining, både i anleggstida og ved permanent tiltak, skal ivaretaast i samsvar med gjeldande forskrifter, jf. føresegnene. Løysingar for dette vert teke i samband med byggeplan for E39-prosjektet og i samband med vidare detaljregulering når det gjeld ny/framtidig bebyggelse på område BKB4.*

Nettbuss Furene v/verneombod og tillitsvalde

- Sjøførgruppa i Nettbuss er kritisk til løysinga som er planlagt for kollektivtrafikk i området ved Volda sjukehus, og seier at rundkøyringa på plankartet ikkje er vesentleg endra i forhold til dagens situasjon.
- Sjøførgruppa er kritiske til om sikkerheita for passasjerar, pasientar, tilsette på sjukehuset og andre som ferdast i området rundt hovudinngangen blir godt nok ivaretaast slik planløysinga er tenkt. Dei stiller spørsmål ved om det er ønskeleg å ha tunge køyrety heilt inn til hovudinngangen på sjukehuset, og nemner mellom anna ubehag med eksos og støy, og at blindsona for dei 15 meter lange bussane utgjør ein sikkerheitsrisiko. Dei har også over lengre tid erfart at feilparkerte bilar kan medføre at bussen blir ståande. Sjøførgruppa påpeikar vidare kravet til universell utforming (UU) og korrekte høgder i høve heisanretning m.v.
- Sjøførgruppa ønskjer at kollektivløysingane må vere framtidsretta, og meiner ein må tenke nye busslommer på begge sider langs ny veg mellom Kløvertunvegen og Heltnevegen eller i samband med nytt kryss i Kløvertunvegen. Dette vil medføre litt lengre gangavstand til sjukehuset, men ikkje lengre enn det som er vanleg på dei fleste sjukehus.
- Dersom det ikkje er mogleg å løyse kollektiv på andre måtar enn å nytte rundkøyring ved hovudinngangen, ser sjøførgruppa det som ei betre løysing å halde fram med dagens utkøyring mot Heltnevegen sjølv om dei meiner dette langt frå er ideelt.
- Sjøførgruppa meiner at dersom ein skal gjere kollektiv til eit alternativ til privatbil, bør ein sjå på moglegheitene for å oppnå kortare reisetider og avstandar. Dei ser føre seg ei korrespondanselomme i tilknytning til ny rundkøyring og høgskulen. Dette kunne opna for framtidige løysingar med samanbinding av gjennomgåande linjer, lokaltrafikk og knutepunkt.

Kommentar

- *Merknaden gjeld primært framlagt løysing for kollektiv ved Volda sjukehus. Tre av merknadane, frå høvesvis Helse Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune og Nettbuss Furene v/tillitsvalde og verneombod, var kritiske til framlagt løysing for kollektiv ved Sjukehuset i Volda.*
- *Det vart avhelde befaring og påfølgande møte med dei aktuelle partane og kommunen den 10.01.18. Der vart det sett på ei anna mogleg løysing som alternativ til løysing framlagt i plan. Alternativet betingar at bussen køyrer ut på Heltnevegen som i dag. Løysinga vart drøfta og vurdert i oppfølgande møte 25.01.18. Området er komplekst og trøgt, og det er per i dag uklart om følgjene av ei framtidig utbygging av sjukehuset vil gjere løysingsalternativet mogleg.*
- *Intensjonen med å ta med sjukehusområdet var å utbetre løysing for kollektivtrafikken samtidig med nødvendige omleggingar av lokalvegnettet i området. Statens vegvesen kan ikkje formalisere ei løysing gjennom reguleringsplan der bussen må over i motsett køyrefelt for å kome ut på Heltnevegen. Denne saka er så kompleks at den må løysast gjennom ein meir heilskapleg plan for eit større område. Kollektivløysing ved sjukehuset er difor teke ut av reguleringsplanen. Reguleringsplanavgrensinga vil ikkje medføre endringar samanlikna med dagens situasjon når det gjeld køyretilkomst frå Kløvertunvegen.*
- *Partane er orientert om at dei kan tilrettelegge for ny løysing innanfor eksisterande trafikkareal eller vidareføre praksisen som i dag, slik sjøførgruppa ser som eit betre alternativ til opprinneleg framlagt løysing.*
- *Når det gjeld korrespondanselomme, tolkar vi det slik at dette er ønskeleg i samband med tilrettelegging for haldeplassane i Elvegata i tilknytning til høgskulen. Det er i planen teke høgde for ordinære busslommer, i tråd med kollektivtilbodet som Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn, her under at knutepunktet ligg til busstasjonen i sentrum.*

Helse Møre og Romsdal HF

- Helse Møre og Romsdal HF v/Mona Aagaard-Nielsen er opptekne av tilrettelegginga for kollektiv ved Volda sjukehus. Planlagt løysing med rundkøyring og haldeplass kan etter deira syn bli lite hensiktsmessig for busstrafikken til og frå sjukehuset, samt mogleg hinder for anna trafikk som har behov for nærleik til hovudinngangen. Dei foreslår at rundkøyring/snuplass for buss blir flytta litt lengre aust.

Kommentar

- *Utfordringa i dette området er, som sjukehuset også poengterer, at det er mange omsyn som skal takast i høve anna ferdsel og andre trafikantgrupper på eit relativt lite område. I andre innkomne merknader vert ein beden om å skrinlegge løysingsprinsippet av omsyn til trafikksikkerheit.*
- *Kollektivløysing ved sjukehuset er no teke ut av reguleringsplanen, sjå kommentar til merknad frå sjøførgruppa i Nettbuss Furene ovanfor.*

Møre og Romsdal fylkeskommune

- Fylkeskommunen påpeikar at dersom mjuke trafikantar skal ha same vilkår som dei køyrande, må tiltaka bli realisert. MRFK kan ikkje sjå at det i føresegnene er foreslått føringar som kan sikre opparbeiding av samanhengande ferdselslinjer, og rår til at ein vurderer kva samanhengande ganglinjer som bør bli realisert samstundes med vegprosjektet, og utarbeider ei konkret rekkefølgeføresegn som sikrar eit samanhengande ferdselsmønster på fortau, gang-/sykkelveg og sykkelveg.

- Når det gjeld samferdsel/kollektiv, refererer fylkeskommunen til dagens rutetilbud i Volda. Kollektivtrafikken tek omsyn til seks tyngdepunkt med rask framføring; Volda ferjekai, Volda rutebilstasjon–Moritzmarka, Volda vidaregåande skule/byggefeltet Klepp, Høgskulen i Volda, Volda sjukehus, byggefelta Bratteberg og Brenslene. Plasseringa av desse medfører, avhengig av trasèval, ulik reisetid. Bussane vil som hovudregel køyre dagens trasé forbi Furene mellom Ørsta og Volda for å få god betening av busstopp i Furene, på Egset og ved Volda ferjekai. For å få god og rask betening av sjukehuset og høgskulen ser fylkeskommunen føre seg ei alternativ løysing på dagens E39 i Volda sentrum (utanfor planområdet), slik at bussane slepp å køyre inn til Volda busstasjon før dei fortsett opp til sjukehuset og høgskulen, via Heltnevegen, Kløvertunvegen og Kårstadvegen tilbake til Volda busstasjon. Fylkeskommunen viser til at det i planforslaget er lagt opp til at bussane enten køyrer inn i rundkjøringa framfor sjukehuset eller stoppar med kantstopp i Kårstadvegen. Dei vurderer at bruk av rundkjøringa vil bli ein tidkrevjande flaskehals for bussane, samstundes som kantstoppa vil ha for lang avstand frå hovudinngangen for brukarane.
- Fylkeskommunen rår difor til at kollektivtrafikken til/frå sjukehuset får ei løysing der bussane køyrer frå Heltnevegen inn i Kløvertunvegen med stopp ved hovudinngangen, og at Monsvegen og Bakkevegen eventuelt kan stengast mot Heltnevegen for å få eit meir oversiktleg trafikkbilde.

Kommentar

- *Opparbeiding av ferdslinjer for mjuke trafikantar er innarbeidd i føresegnene § 11, jf. også det same for etablering av trygge gangliner i anleggsperioden.*
- *Møre og Romsdal fylkeskommune orienterer om rutetilbodet og dei prioriterte målpunkta på ruta, og at rutetilbodet primært vil følgje eksisterande E39 mellom Ørsta og Volda også i framtida.*
- *Fylkeskommunen føreslår ei løysing for kollektivtrafikken til/frå sjukehuset som teoretisk sett er god, men som ikkje vil tilfredsstille trafikksikkerheita. Stigninga i Heltnevegen er 12 % eller meir i dette partiet, og ein eventuell tilkomst frå Heltnevegen til sørsida av sjukehuset vil bli liggande i ei uoversiktleg kurve for køyrande nedover (i stor fart) på Heltnevegen. I tillegg vil ein m.a. måtte krysse g/s-vegen med syklistar som truleg også kjem i stor fart ned bakken.*
- *Møre og Romsdal fylkeskommune har vore deltakande i oppfølging av problemstilling og prosess knytt til kollektivløysing ved sjukehuset som no er teken ut av planen, og ein viser her til kommentar til merknader frå sjåførgruppe/tillitsvald i Nettbuss Furene ovanfor.*

Reidar Haug, Vikebygdvegen 16

- Haug blir berørt av prosjektet ved at dei blir nabo til ny rundkøyring i krysset mellom Vikebygdvegen og Heltnevegen. Han viser til at anleggsperioden og tiltaket vil generere meir trafikk gjennom rundkøyring, noko som vil påverke eigedomen frå to sider med auka støy, forureining og behov for sikring. Haug reknar med at deira rettar knytt til støyskjerming og kompensering av tapt eigedom og verditap på hus og eigendom er ein eigen prosess.
- Haug viser til at situasjonen for mjuke trafikantar vil betrast med dette prosjektet på sikt, men er bekymra for dei mjuke trafikantane i byggeperioden. Mange born nyttar vegane til ulike formål, og det er avgjerande at det blir laga gode, sikre og trygge løysingar frå dag ein.
- Haug har og eit ønskje om betre informasjon vidare, og ønskjer å ha ein kontaktperson for god dialog i byggeperioden. Han håper på godt samarbeid i den vidare prosessen.

Kommentar

- *Skjerming mot støy, både i anleggstida og som permanent løysing, vert ivareteke også for denne eigedomen i samsvar med reguleringsføresegnene og i tråd med gjeldande støyretningsline i arealplanlegginga. Dette vert å detaljere i byggeplan og avklarast i avtale med grunneigar i samband med grunninnløysing.*
- *Sikkerheit for mjuke trafikantar vil bli søkt ivareteke best mogeleg gjennom utarbeiding av byggeplan og godt samarbeid med dei som bur og ferdast i området, også i anleggstida. Kontakt og dialog med berørte partar vil vere ein naturleg del av dette.*
- *Når det gjeld informasjon og dialog, vil dette vidareformidlast i dokumenta som skal vidareførast til byggeplanlegginga.*

Statsbygg

- Statsbygg meiner tiltaket er grundig utreda i plangrunnlaget og er positive til vektlegginga på gode løysingar for gåande, syklende og kollektivreisande. Statsbygg eig deler av området for Høgskulen i Volda der gbnr. 19/753 vert omfatta av planframlegget. Deler av parkeringsareal er sett av til busshaldeplass, GS-veg, anna trafikkareal og mellombels rigg- og anleggsområde. Tilkomst til campus aust for Hans Strøm bygget takast vekk. Ny lokalveg i området vil betre tilgjengelegheita på sikt, men også føre til meir trafikk og støy. Statsbygg sine verksemder i området vil påverkast i byggeperioden. Statsbygg sine eigedomar i Sjukehusvegen 6 (gbnr. 19/395, 19/396, 19/397) og Raudehuset (gbnr. 19/49) vert berørt. Deler av eigedomen sitt uteareal, tilkomst og parkering er avsett til mellombels anleggs- og riggområde.
- For at ny tilkomst til campus frå Nytun skal kunne nyttast for framtidige bygg ved campus er det viktig at vegen handterer større køyrety for varelevering m.v.
- Statsbygg føreset at bygningane i Sjukehusvegen 6 ikkje må rivast som følgje av tiltaket. Dei ber om at rigg- og anleggsområde vert så moderat som mogleg, og helst plassert lengst bort frå bygningane i det aktuelle området med omsyn til sjenanse og støy. Mellombels tilkomst og parkering for eigedomen må avtalast.
- Eventuelle støytak for Sjukehusvegen 6 b) drøftast når byggetiltaket skal gjennomførast.
- Statsbygg seier at ein ikkje kan unngå at fotgjengarar kryssar vegen ved busshaldeplassen i Elvegata istadenfor å nytte GS-systemet lengre aust. Dei ber SVV vurdere fysiske hinder som gjer 'villkryssing' mindre attraktivt inntil ein eventuell fotgjengerovergang er på plass vest for haldeplassane.
- SVV opplyser at byggetiltaket ikkje vil påføre meir vatn i bekken gjennom campus. Bekken toler ikkje større vassføring, dette er særskilt knytt til dimensjonering av brua inne på campus.
- Slik planen føreligg er det behov for innløysing av gbnr. 19/49, erverv av areal på gbnr. 19/395, 19/396, 19/397 og 19/753, samt avtale om leige av areal til rigg- og anleggsområde.

Kommentar

- *Når det gjeld Statsbygg sine eigedomar, vil det som følgje av tiltaket vere behov for både permanent innløysing av eigedom og for å leige nødvendig areal til mellombels rigg- og deponiområde.*
- *Tilkomst frå Sjukehusvegen vert erstatta med ny tilkomst frå Nytun. Det vert her også lagt til rette for utvidingsareal til offentleg/privat tenesteyting som vil kunne kompensere for redusert p-areal. Lenging av Nytun vil vere positivt for utviklinga på campus, og vegen vil vere dimensjonert for det nemnde behovet.*

- Når det gjeld Sjukehusvegen og tilhøvet til rigg- og anleggsområdet, er det eit siktemål å plassere dette med minst mogleg sjenanse for nærmiljøet, primært i høve til buande i området.
- Reguleringsplanen legg opp til at støytiltak for Sjukehusvegen 6 b) blir avklara gjennom byggeplan og avtalar om innløyning av grunn før prosjektet skal gjennomførast.
- Når det gjeld tilhøvet til etablering av fotgjengarkryssing i Elvegata, viser ein til innspel frå vegvesenet i samband med detaljregulering for Volda Campus Arena. Fysisk hinder for å begrense villkryssing i høve trafikksikkerheit i området, vil kunne vurderast.
- Bekken som kryssar campus vert søkt ivareteke i samsvar med gjeldande reglar. Det er utarbeidd eigen flaumsikringsplan for området ovanfor Volda sentrum, der også omsynet til denne bekken inngår. Ved overføring av flaumvatn frå denne bekken til Heltneelva vil det ut frå gjennomført flaumvurdering ikkje vere behov for ekstra tiltak her.
- Dialog kring innløyning av areal som følgje av plan vert starta opp når plan er godkjent og det er tilført midlar til iverksetting av tiltaket.

Høgskulen i Volda

- Høgskulen i Volda er positive til Voldatunnelen og dei overordna løysingane som er foreslått i reguleringsplanen. Det er viktig at studentar og tilsette har ein trygg og god tilkomst til campusområdet, og dei er positive til at mjuke trafikantar er godt ivaretatt med løysingane som er vist. Høgskulen er bekymra for manglande gangtilkomst til Studentsamskipnaden og ber om at gang- og sykkelvegen på motsett side av campus vert ført heilt fram til plangrensa.
- Høgskulen etterlyser også fotgjengarfelt over Elvegata, og fryktar villkryssing i høve alternativet med å nytte «stjernebrua». Dei meiner at eit fotgjengarfelt over Elvegata vil betre tilkomsten til både busstoppet og Studentsamskipnaden.
- Høgskulen er uroa over at det ikkje er planlagt ei løysing der ekspressbussar som køyrer E39 kan setje av/ta på passasjerar utan å køyre nedom Volda rutebilstasjon.
- Ein bør vurdere eit kollektivstopp på E39-traseen mellom Rotsethorntunnelen og Voldatunnelen, slik at ein legg til rette for effektiv pendling til både høgskulen og sjukehus frå regionen. Høgskulen foreslår også ei form for «snu-løysing» via rundkøyringa i krysset Heltnevegen/Vikebygdegen.
- Høgskulen er positive til at planen viser ny tilkomst til Berte Kanutte-bygget og det nye mediebygget via Nyttun, og vidare at det er lagt til rette for tilkomst til Ivar Aasen-huset og framtidig kunnskapspark via Nyttun. Dei peikar også på behovet for tilkomst til Ivar Aasen-huset via hovudinnkjørselen til campusområdet frå Elvegata.
- Høgskulen nøgd med at ein har gjort ei grundig berekning av støyforhold, og at tiltak for å sikre tilhøva for undervisning i høgskulebygga nærast sjukehuskrysset skal vurderast.

Kommentar

- Når det gjeld gangtilkomst til Studentsamskipnaden, er g/s veg no ført heilt fram til innkjørsel/plangrense slik at ein kan kome til Studentsamskipnaden utan å krysse i Elvegata.
- Fotgjengarkryssing i Elvegata og vidareføring av fortau ned til brua over Øyraelva må takast opp som eiga plansak, jamfør innspel frå vegvesenet i samband med plan for Volda Campus Arena.
- I følgje Møre og Romsdal fylkeskommune, som har ansvar for kollektivtransporten, vil bussane gå via Volda sentrum (busstasjon/ferje m.v.) og vil ha gode stopp ved viste busslommer i Elvegata.
- Kollektivstopp på Austefjordvegen på strekninga mellom Rotsethorntunnelen og avkøyring til Myravegen er ikkje med i planen. Dette er basert på dei løysingar for kollektivtilbodet som Møre og

Romsdal fylkeskommune legg til grunn, og vil heller ikkje vere innanfor varsla planområde for E39 Volda–Furene.

- Skulle dette bli endra over tid, vil stopp i Furene vere aktuelt. Kommunen opplyser at det alternativt vil vere rom for å etablere busslomme på Rotset, ved idrettsområdet. Alternative løysingar der bussen kan køyre av E39, setje av/ta på passasjerar, og returnere til E39, til dømes via rundkøyringa i krysset Heltnevegen/Vikebygdevegen, er vurdert som ei lite aktuell løysing for framtida, då denne mellom anna vil seinke framdrifta for bussen.
- Løysingar for tilkomst til Ivar Aasen-huset via Nyttun og via hovudinnkjørselen til campusområdet frå Elvegata vil kunne sikrast ut frå vegsystema lagt inn i plan. Detaljar knytt til løysingar for dette og gjennomføring vil vere del av detaljregulering for området, og eigne investeringar for intern infrastruktur. Gjennomføring av slikt vegprosjekt fell utanfor E39-prosjektet. Støytiltak på undervisningsbygningane nærast E39 vert ivareteke gjennom gjeldande føresegnar til plan, og detaljvurdert som del av byggeplanlegginga.

Lillian Lotsberg

- Lotsberg skriv at intensjonen i planen om å utvikle eit forretnings- og bustadområde, blir hindra ved måten utnyttingsgraden er bestemt. Slik føresegnene står, vil maksimal utnytting vere 50 % av arealet x3. Men sidan forma på ei forretning og ein bustad er så ulike, vil ein ikkje kunne oppnå maksimal utnytting av kombinasjonen.
- Dersom utnyttingsgraden i staden vert oppgitt i % BRA og ei maksimal kotehøgde tilsvarande 4 etasjar vil ein kunne oppnå både betre bustader og betre forretningar.
- Vedlegg: Screenshot_20171123-003045.png; Screenshot_20171123-003027.png



Kommentar

- Ei slik utnytting som Lotsberg viser til, er fullt ut mogleg å bruke for dette området med kombinert bebyggelse. Området har imidlertid blanda bebyggelse allereie i dag og det er uavklara korleis området skal utviklast vidare, – som samla utbyggingsområde eller delutbygging innanfor eksisterande eigedomstilhøve.
- Kommunen vel å halde fast ved utnytting for området som angitt i plan, men har i føresegnene auka utnyttingsgraden til BYA 60 %. Det vert også teke inn ein utvida del av føresegn til plan som viser til nedfelte retningslinjer i kommuneplan og kommunen sine vedtekter om krav til parkeringsdekning og krav til uteareal for bustader, jf. § 4.4 andre avsnitt.

Vikebygdvegen 4 AS og V4–Mat AS

- For Vb4/V4–Mat er det viktig å kunne bygge ny forretning og vere sikre på å få tilkomst til Vikebygdvegen fram til vegane i reguleringsplanen har blitt bygde. Dei ønskjer ei midlertidig godkjenning for avkøyring frå Vikebygdvegen til BKB3 ved ev. utbygging av ny butikk før ny endeleg tilkomst er etablert, denne kan alternativt kome mellom dagens Kiwi butikk (gbnr.19/211) og naboeigedomen gbnr. 19/252.
- Når det gjeld BKB3, støttar dei at det kombinerte utbyggingsområdet er utvida. Vb4/V4–Mat ber om at utnyttingsgraden vert vurdert auka frå 50 % til minst 60 %. Ved å legge til rette for parkeringskjellar vil det framleis vere betydeleg grøntareal i området.
- Vb4/V4–Mat meiner det er grunnlag for ei avvikande byggegrense for BKB3 samanlikna med veglova sine avstandar, sidan kryss/veg blir liggande betydeleg lågare enn bakkenivå. Dei ønskjer forutsigbarheit på dette punktet, slik at det kan leggast til grunn i detaljreguleringa.
- Vb4/V4–Mat forstår kart og føresegnar slik at det er krav om felles detaljregulering for felt BKB3 jfr. § 4.3. Dei ønskjer stadfesta at kravet til felles plan kun gjeld BKB3, og at det ikkje er meininga at felt BKB1, 2 og 3 skal inngå i én felles plan, – jfr § 9.5.
- Når det gjeld BKB1 og 2 ønskjer dei ikkje bustadar her, med unntak av bustadar for å dekke kommunen sitt behov for omsorg- og sosialbustadar, samt eventuelle erstatningsbygg for bustader som må rivast som følgje av framføring av veg i/til området.
- Vb4/V4–Mat ber om at begrensinga m.o.t bustader i BKB1 og 2 vert tatt bort slik at det kan etablerast bustader tilsvarande som på BKB3. Lokalisering av omsorgs- og sosialbustader kan skje som bustader i hus som delvis også omfattar andre målgrupper. På desse to områda er utnyttingsgraden BYA 30 %, og dei ber om at utnyttingsgraden vert auka t.d. tilsvarande som for BKB3.
- I overskriftene til §§ 4.2 og 4.3 er det ikkje presisert kva feltnummer det gjeld, samt at det ikkje er presisert i teksten at § 4.2 gjeld felt BKB1 og BKB2. Dei ber om ei presisering i overskrift og i føresegnene. Dei ønskjer også å få bekrefta at det berre er § 4.3 som er styrande for BKB3 m.o.t. arealformål, utnytting mv.
- Dei reknar med at det vil vere rom for mindre justeringar av tilkomstveg til eigedomane i BKB3 ved detaljregulering av området. Dei ønskjer at vegarma nord frå samleveggen går langs eigedomsgrensa til 19/611.
- Vb4/V4–Mat merkar seg at planen gir rom for etablering av forretningar arealmessig utover det forskrifta om detaljhandel gir rom for. Dette vil gjelde i endå større grad dersom også utbyggingsområdet iflg. kommuneplanen vidare framover langs elva også blir «Kombinert bygge- og anleggsformål». Det hadde vore bra om det frå kommunen si side vart signalisert litt klarare enn planen angir, dersom det er ønskeleg at det vert satsa på å optimalisere moglegheitene for utbygging til forretningsformål i desse områda.
- Vb4/V4–Mat seier at dei etter kvart vil ha spørsmål knytt til erstatning både m.o.t ulempe og grunnavståing, både som drivarar av forretningsverksemd og som grunneigarar.

Kommentar

- *Spørsmål om eventuell mellombels tilkomst og utbygging med tilkomst til Vikebygdvegen fram til vegar etter godkjent plan er på plass, må handsamast gjennom direkte søknad og ei konkret vurdering i høve til planlagt utbygging på området og konsekvensar i høve til godkjent vegplan. I*

utgangspunktet er ein positive til å legge til rette for ei snarleg utbygging på området. Dette må i tilfelle løysast ved dispensasjon frå plan, og gir ikkje grunn til endringar i plan eller føresegnar no.


- *Utbyggingsområde for bustad/forretning/kontor BKB3, er i justert plan auka frå 50 % BYA til 60% BYA, og med tillate utbygging med inntil 3 etasjar.*
- *Byggegrenser for område BKB3 er innlagt i revidert plankart og tilpassa sikt i kryssområda.*
- *Kommunen stadfestar at kart og føresegnar set krav om felles detaljregulering for felt BKB3 jfr. § 4.3. , og at det ikkje er meininga at felt BKB1, 2 og 3 skal inngå i én felles plan, jfr. § 9.5.*
- *Kommuneadministrasjonen finn med grunnlag i gjeldande overordna plan ikkje å kunne tilrå ei endring av formålet i dei aktuelle områda ut over det som går fram av gjeldande føresegnar. Ein er elles samd i at lokalisering av omsorgs- og sosialbustader kan skje som bustader i hus som delvis også omfattar andre målgrupper.*
- *Utnyttingsgraden for BKB1 og BKB2 er auka frå BYA 30 % til BYA 40 %.*
- *Overskriftene til §§ 4.2 , 4.3 og 4.4 vert retta opp slik at det går klart fram kva areal det gjeld også i overskrifta.*
- *Det vil vere rom for mindre justeringar av vegføringa for den nye tilkomstvegen for eigedomane som inngår i BKB3 ved detaljreguleringa av området. Om vegen kan leggast nærare inn mot grensa til 19/611 er vurdert ut frå planlagt arealbruk innan BKB3 og omsyn til vinkel og kurvatur i rundkøyringa.*
- *Føresegnene § 4.6 gir begrensingar i forretningsdelen på områda BKB1–3. Utnyttingsgraden er derimot knytt til eit kombinert formål.*
- *I framlegg til ny kommuneplan/arealdel er det framlegg om auka arealgrense for detaljhandel i den ytre sentrumskjerna, der også desse areala inngår. Plan er ikkje vedteken enno, men vi legg likevel inn justeringar i reguleringsføresegnene no som viser til slike endra føresetnader i kommuneplanen sin arealdel, jf. føresegnene § 4.6.*
- *Når det gjeld spørsmål knytt til erstatning m.o.t ulempe og grunnavståing som ein ønskjer å få avklara, er dette problemstillingar som kommunen i samråd med Statens vegvesen vil ta tak i når det er stadfesta at tiltaket skal gjennomførast.*

Svein Holmen, Heltnevegen 9

- Holmen er redd framskrivingane av trafikkdata på dei kommunale vegane i og utanfor planområdet er underestimerte, og at kryss og støyttiltak innanfor planområdet kanskje er for dårleg dimensjonerte. Frå krysset og opp langs Heltnevegen er stigninga opptil 12,5%, dette meiner Holmen ikkje burde vere akseptert på ein såpass stor tilkomstveg. Han nemner også utfordringar vinterstid, og at det på glatte dagar ofte er kaos sjølv med «rennafart» heilt nedanfrå.
- Støyberekningane bygg på ÅDT 6720 (år 2041) i nedre del av Heltnevegen og ÅDT 5150 frå Heltnevegen mot Kårstadvegen. Holmen trur ruta Kårstadvegen – Heltnevegen – Sjukehuskrysset – tunnelen vil bli ei av dei mest nytta rutene for lokaltrafikk til og frå Ørsta. Holmen er redd at trafikkdata er for lave i krysset Heltnevegen/Kårstadvegen. Han hevdar at vegen er justert 5–6m sørover i forhold til støykartet (skisse 1) For deira eigedom 19/736 vil då >65dB–sona kome nærare mot bustadhuset, og >50dB –sona vil dekke heile utearealet. Dei krev støy- og innsyns-skjerming langs heile aust- og nordgrensa på tomta (skisse 2).
- Holmen viser til at han overtok eigedomen i 1992 og at dei med tida har vorte innringa av institusjonar og sterkt trafikerte vegar. Med forlenging av Kårstadvegen med stor gjennomgangstrafikk, vert eigedomen heilt omringa og avsondra frå det som er att av vanleg

bustadmiljø. Holmen seier at tunet med dette vert mindre salgbart som familiebusstad og anslår eit verditap.

- I tillegg til kompensasjon for direkte påførte ulemper (støyskjerming/avkjørsle) vil Holmen difor også krevje kompensasjon for verditap i høve marknaden. Han seier at eit slikt krav evt. vil bli fremja etter godkjenning av planen på grunnlag av meklarvurderingar.



Skisse 1



Skisse 2

Kommentar

- Gatestandard er lagt til grunn for dimensjonering/tverrsnitt av dei aktuelle vegane, og dermed vil ikkje årsgogntrafikken vere utslagsgivande. Kryssa er dimensjonert for vogntog.
- Ved berekna trafikkmengder vert uteområdet på eigedomen til Holmen dels liggande innanfor gul støysone. Det er i planframlegget no lagt inn støy-/innsynsskjermer langs både aust- og nordsida av eigedomen. Skjerm må nærare tilpassast i byggeplanlegginga i høve siktliner for kryss og avkjørsler.
- Tilkomst til eigedomen er no plassert lengre vest, i tråd med grunneigar sitt ønskje.
- Spørsmål om verditap på eigedomen som følgje av tiltaket vert å ta opp i høve avtale om grunnavståing når tiltaket skal realiserast.

Studentsamskipnaden v/Jan Henning Egset

- Studentsamskipnaden er uroa for at tilkomsten til deira kontor i Elvegata 24 ikkje er betre ivaretatt i reguleringsplanen, og ønskjer at gang- og sykkelvegen sør for Elvegata vert ført heilt fram til plangrensa.
- Dei ønskjer også at det vert laga fotgjengarfelt over Elvegata slik at det vert tryggare å krysse vegen.
- Studentsamskipnaden eig tre hus i Vikebygdvegen som er regulert bort i planen. Dei påpeikar at det er viktig med ei rask avklaring på eventuell innløyning av eigedommane.
- Fleire av samskipnaden sine hus i området er foreslått støyskjerma. Samskipnaden går ut frå at desse tiltaka vert gjennomført tidleg i vegprosjektet og at tiltak kan utførast i periodar som gir minst mogleg belastning for leigebuarane.
- Samskipnaden peikar på at kollektivløyning må legges til rette for at studentar som bur nær campus lettare kan nytte bussen.

Kommentar

- I reguleringsplanen er no gang- og sykkelvegen ved busshaldeplassen på sørsida av Elvegata ført heilt fram til grensa for reguleringsplanen, slik at ein kan kome frå busstopp og «stjernebrua» til Studentsamskipnaden utan å krysse Elvegata.

- Fotgjengarfelt over Elvegata i dette området vert ikkje lagt inn i planen. Spørsmålet har vore vurdert i samband med reguleringsplan for Volda Campus Arena. Statens vegvesen har gitt følgjande uttale: «Statens vegvesen meiner den utlagde detaljreguleringsplanen ikkje løyser problem knytt til trafikkfarleg fotgjengarkryssing av E39 som følgje av at blant anna studentsamskipnaden er lokalisert på feil side av vegen. Ei god løysing av gangtrafikk over E39 lar seg vanskelig løyse i denne reguleringsplanen sidan eksisterande passeringslomme ikkje kan sanerast bort. Trafikksikkerheitsomsyn tilseier at det ikkje kan etablerast overgangsfelt for nær opp til passeringslomma, og heller ikkje for nær busslommer. Tilrettelagt fotgjengarkryssing bør i dette området vurderast nærare i eigen plan for etablering av ny(e) fotgjengarovergang(ar), basert på regelverket i vegtrafikklova. Planen bør vurdere ei strekning på om lag 300m frå kryss E39/Anders Vassbotnvegen til rundkøyringa i sjukehuskrysset.» Spørsmål om etablering av fotgjengarkryssing her er såleis ikkje tema i denne reguleringsplanen.
- Spørsmål om grunnavståing og eventuell innløyning av bortregulerte hus vert å ta opp når tiltaket skal realiserast, jf. elles reglane i PBL § 15–2.
- Det er ikkje foreslått støyskjerming for dei aktuelle bygningane. I støyrapporten ligg nokre av bygningane i gul sone og er registrert som bygningar som skal vurderast. Dette vert ei vurdering i høve behov for fasademessige tiltak, og slik vurderingar vil bli gjort i samband med utarbeiding av byggeplan. Eventuelle tiltak vil bli søkt gjennomført tidleg i vegprosjektet og i periodar som gir minst mogleg belastning for leigebuarane.
- Kollektivløyning er gjort nærare greie for i tilknytning til justert plan og ein viser til dette.

Gbnr. 19/34 – Elvegata 34 v/Are Halkjelsvik

- Halkjelsvik ber om at tilkomsten til eigedom 19/34 vert flytta nord for Myravegen 6 ved at gangveg SGS4 har blanda formål dei første metrane, og at tilkomsten kan løysast i byggeperioden.
- Halkjelsvik viser til at gbnr. 19/34 er sterkt råka av tiltaket. Bygningane er SEFRAK registrerte og nemnt særskilt i punkt 6.3.2 i planomtalen med vurderingar rundt flytting eller innløyning. 19/34 er også nemnt i punkt 6.10 der riving er sett på som alternativ på grunn av mellombels anleggsveg og påfølgande sykkelrampe. Grunneigarane er kjent med alternativa i planen, men vil kome tilbake på dette i samband med vedtak om gjennomføring og framtidig bruk av område 19/34 som del av BKB4. Uansett val vil infrastrukturen i form av vatn/avløp/straum og telekommunikasjon som i dag forsyner bygningane på 19/34 måtte endrast, og dei føreset at dette vert gjort etter nærare avtale i gjennomføringsfasen.
- Byggegrenser mot europaveg og kommunale vegar vert å ta vidare i detaljreguleringsplanlegginga.

Kommentar

- Tilkomst til gbnr. 19/34/byggeområde BKB4 er no endra i plankartet, og plassert nord for gbnr. 19/205 (Myravegen 6), ved at gangvegen SGS4 har formål blanda trafikk dei første metrane frå kommunal veg. Ny tilkomst må etablerast i byggeperioden.
- I forhold til formålet på BKB4 er det lagt til rette for ei transformering av området dersom grunneigarane ønskjer dette. Ein må forutsette at infrastruktur vert ivareteke ved vegutbygging ved at nemnde infrastruktur blir framført til arealet etter nærare avtale i gjennomføringsfasen.
- Når det gjeld byggegrense mot veg er denne lagt inn i plankartet. Arealbruk internt på området bør takast med i ei nærare vurdering av byggegrenser i detaljreguleringa for BKB4.

Signe S. og Atgeir Almestad, gbnr. 19/252

- Almestad ønskjer at den innregulerte tilkomstvegen til gbnr. 19/252 og gbnr. 19/229 og eventuelt også gbnr. 19/611 som skal erstatte tilkomst frå Vikebygdvegen vert lagt i bytet mellom gbnr. 19/252 og 19/611, og ikkje fullt ut inn på Almestad si tomt slik plankartet syner.
- Almestad har også synspunkt på utnyttingsgrad i området. Dei ønskjer denne auka frå BYA 50 % til BYA 60 % sidan området er sentralt både for bustad og forretning.

Kommentar

- *Tilkomstveg til eigedomane gbnr. 19/252 og gbnr. 19/229 er no lagt i bytet mellom gbnr. 19/252 og 19/611*
- *Utnyttingsgraden for området er endra til BYA 60% jamfør også andre merknader til planen.*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

- Fylkesmannen seier innleiingsvis at det har vore ein lang prosess med fleire drøftingsmøter for å kome fram til ei løysing i Furene som ivaretek nødvendige omsyn til særleg hjortetrekktet og landbruk. Etter deira oppfatning har prosessen gitt eit godt resultat, og ein har no funne fram til den kanskje best moglege løysinga for vegprosjektet.
- Under tema natur- og miljøvern seier føresegnene punkt 2.3 at det skal settast opp viltgjerde rundt veganlegget i Furene, og at utstrekning og utforming av gjerdet skal fastsettast i samråd med kommunen og Fylkesmannen si miljøavdeling. Fylkesmannen minner om at ein også må sikre omsynet til viltet/hjortetrekktet i anleggsperioden gjennom rekkefølgjekrava som skal sikre at det er utarbeidd ein ytre miljøplan (punkt 10.1) Dette gjeld tiltak både i planområdet og utanfor planområdet. Tilsvarende for punkt 8.3, (bevaring naturmiljø, H560), siste avsnitt, som også må gjelde i anleggsperioden. Fram til føresegnene er endra på dette punktet, har vi motsegn til planen.
- Bustad gbnr. 14/1 i Furene ligg i gul støysone. Sidan vurdert skjerming ved utløpet av tunnelen sør for vegen vil ha svært begrensa effekt for berørte bustad, må det vurderast lokale tiltak for bustadhus og uteoppfallsareal i byggefasen. Det må sikrast i føresegnene at gbnr. 14/1 får tilbod om skjerming av uteplassar og fasadeutbetringar som sikrar tilfredsstillande støytilhøve. På Volda-sida av tunnelopninga skal områda rundt detaljregulerast. Men sidan vegen er støykjelda, må det gå fram av områdereguleringa kva støytiltak som er naudsynt for at eksisterande bygningar får tilstrekkeleg gode støyforhold, og ev. kva gnr/bnr som skal få tilbod om lokale støytiltak. Plankart og føresegner må endrast slik at støykrava blir sikra, i samsvar med det som har kome fram gjennom den støyfaglege utgreiinga. Fylkesmannen har motsegn til planen inntil føresegner og plankart er endra i samsvar med dette.
- Når det gjeld landbruk, er det i føresegnene punkt 6.1 nemnt landbruksføremål som LS. I plankartet står det LL, og dei legg til grunn at det er ein skrivefeil i føresegnene.
- I føresegnene punkt 2.1, 3. avsnitt, står det at mellombelse område skal tilbakeførast til det føremålet som er vist på plankartet. Dette krev ei presisering. Der dei mellombelse områda gjeld dyrkajord, skal arealet tilbakeførast til dyrkajord, og ikkje berre til landbruksføremål, som er eit vidare begrep. Det må stillast krav i føresegnene til korleis dette skal gjerast for å sikre at resultatet blir fullgodt med opprinneleg areal. Dette gjeld også meir presise krav til tilsåing og helling på skjeringar og fyllingar, slik at ein sikrar at ein oppnår eit landbruksareal som er eigna til grasproduksjon der det er aktuelt. Fram til føresegnene oppfyller desse krava, har fylkesmannen motsegn til planen.

- Det går ikkje fram av planomtalen kor mykje dyrka jord som går tapt på permanent basis. Dette bør gå fram av plandokumenta.
- Når det gjeld samfunnstryggleik, viser Fylkesmannen til at den reelle skredfaren ikkje er vurdert. Delar av planområdet ligg innanfor aktsemdssone for skred. Fylkesmannen er samd med Statens vegvesen om at planen ideelt sett burde avklare den reelle skredfaren. I dette tilfellet argumenterer SVV med at den potensielle skredfaren likevel ivaretakast tilstrekkeleg gjennom m.a. krav til detaljregulering, og forbod mot tiltak innanfor aktsemdsområde inntil detaljregulering og avklaring av reell skredfare. Fylkesmannen ser at NVE sine retningslinjer i «Flaum- og skredfare i arealplanar» opnar for ein slik framgangsmåte for å ivareta tryggleikskrava i byggteknisk forskrift.
- Planføresegnene knytt til omsynssone for skred omfattar ikkje tiltak i tryggleiksklasse S1. Det kjem ikkje fram av planen kvifor S1-tiltak er utelukka frå det same kravet som S2- og S3-tiltak. Dersom Statens vegvesen har avklart at den potensielle skredfaren mot planområdet er lågare enn 1/100 (tryggleikskravet for S1-tiltak), må dette kome tydelegare fram i planen. Fylkesmannen rår til at føresegna set krav om at det ikkje kan gjennomførast tiltak før området er detaljregulert og reell skredfare er avklart.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal har motsegn til planframlegget inntil plankart og føresegner er endra slik det går fram av merknaden.

Kommentar

- *Tilhøvet til hjortetrekktet har hatt særskilt merksemd ved planlegging av vegløyning i Furene.*
- *Det er tatt inn rekkefølgjekrav i ny § 11.3 som sikrar at tiltakshavar i samarbeid med kommunen etablerer eit system som fortløpande kan vurdere og iverksette risikoreduserande tiltak langs E39 i anleggsperioden som følgje av endra trekkmonster av hjort. Rammene for eventuelle tiltak blir nærare fastlagt i plan for ytre miljø. Det er vidare tatt inn krav om avskjerming av lyssetting av anleggsområdet. Utanfor anleggsområda gjeld krava i omsynssoner H560_# også i anleggsperioden. Endringane er klarert med fylkesmannen i høve til at det er fremma motsegn til planen på dette punktet.*
- *Støyskjermer som er vurdert som aktuelle er lagt inn i plankartet. § 3.4 er endra slik at lokal skjerming blir sikra for dei eigedomane som ikkje kan skjermast med ordinær støyskjermer langs veganlegget.*
- *Skrivefeilen LS er bytta ut med riktig kode LL.*
- *Tilbakeføring av dyrka mark er presisert betre i § 3.1.*
- *Omtalen av verknader for naturressursar i avsnitt 6.11 er supplert med tal for kor mykje dyrka jord som permanent blir omdisponert.*
- *Tatt til orientering.*
- *S1-tiltak er inkludert i § 9.6 i føresegnene.*

Ørsta kommune

- Ørsta kommune har handsama plansaka i Ørsta formannskap 28.11.2017, sak PS 154/17. Ein viser til vedlegg for komplett saksutgreiing.
- Ørsta kommune skriv i sitt vedtak at planområdet burde vore utvida for å redusere risiko for ulykker og betre tilrettelegginga for kollektivtransport.
- Vidare at arealformålet i viltkorridoren nord for ny E39 Volda–Furene må endrast til LNF naturføremål og bruken som anlegg og riggområde her må reduserast så langt som råd.

Kommentar

- *I Furene er planavgrensinga redusert samanlikna med kommunedelplanen frå 2014. Grensa i framlagd plan er lagt til søraust-sida av eksisterande E39. Utviding av planområdet er uaktuelt no. Det er i samråd med Volda kommune konkludert med at ny regulering i Furene, som mellom anna har utfordringar knytt til kryssløysing/tilkomstar og betre tilrettelegging for kollektiv, bør gjerast gjennom ein eigen reguleringsplan.*
- *I planomtalen/føresegnene delkapittel 6.9.2 går det fram at bruken som anleggs- og riggområde skal haldast på eit så begrensa omfang som råd er. Arealføremålet i viltkorridoren nord for ny E39 Volda – Furene er no endra til LNF – naturføremål. Bruken av dette området som anleggs- og riggområde vert å redusere så langt som råd. Omsynssone H_560 naturmiljø vil ivareta funksjonen som tilførselsområde til viltovergangen, sjå føresegnene § 9.3*

10 Reguleringsføresegner – Reguleringsplan E39 Volda–Furene

Plan-ID: 2016001
 Dato for planframlegg: 01.09.2017, revidert 04.04.2018
 Dato for eigengodkjenning: xx.xx.xxxx

§ 1 GENERELT

1.1 Plantype og planavgrensing

Reguleringsplanen er ein områdereguleringsplan etter plan- og bygningslova §12-2. Planavgrensing er vist på plankart datert 01.09.2017, målestokk 1:1000. Reguleringsføresegnene gjeld for områda innanfor plangrensa.

1.2 Føremål med planen

Hovudformålet med planarbeidet er å skaffe formelt plangrunnlag til å etablere ny E39 på strekninga mellom Volda og Furene.

1.3 Reguleringsføresmål

Planområdet er regulert til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (pbl §12-5 nr 1)

- Bustadar, B
- Offentleg eller privat tenesteyting, BOP
- Kombinert bygge- og anleggsformål, BKB
- Bustad/forretning/kontor, FKB
- Bustad/kontor, BKB
- Forretning/kontor/industri, BKB

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr 2)

- Køyreveg, SKV
- Fortau, SF
- Gang-/sykkelveg, SGS
- Gangveg, SGG
- Annan veggrunn – tekniske anlegg, SVT
- Leskur, SP
- Tekniske bygningar, STB
- Kollektivhaldeplass, SKH

Grøntstruktur

- Grøntstruktur, G

Landbruks-, natur- og friluftsområder samt reindrift (pbl § 12-5 nr 5)

- Landbruks-, natur- og friluftsområde, LS

Bruk og vern av sjø og vassdrag (pbl § 12-5 nr 6)

- Naturområde i sjø og vassdrag, VNV

Områdeføresegn (PBL § 12-7 nr 1)

- Anleggs- og riggområde, #1-4

Omsynssoner (pbl § 12-6)

- Sikringssone tunnel, H190_
- Sikringssone flyplass, H190_
- Bevaring naturmiljø, H560_
- Bevaring kulturmiljø, H570_
- Gjennomføringssone, H810_
- Ras- og skredfare, H310_

§ 2 PLANKRAV

For område BKB1, BKB2, BKB3, BKB4, BOP1, BOP2, BOP3 og BOP4 blir det stilt krav til detaljregulering, jf. §12-7 nr 11, før vidare byggetiltak eller deling av eigedom kan gjennomførast. For område B1 og B3 må detaljregulering vurderast ut frå omsøkt tiltak.

§ 3 FELLESFØRESEGNER

3.1 Landskapsbehandling og terrengbehandling

Området skal kartleggast for framande og uønska planteartar før anleggsstart. Ved funn skal førekomstane bli fjerna, og det skal gjennomførast tiltak som hindrar spreiding med plantemateriale, lausmassar, utstyr eller anna. Statens vegvesen sin strategi/handlingsplan for framande artar skal ligge til grunn for tiltaka.

Det nye veganlegget skal vere best mogleg tilpassa eksisterande terreng og omgjevnader. Alle skjeringar og fyllingar skal vere avslutta inn mot terreng, slik at sideområda blir estetisk godt utforma og slik at overgangen mot eksisterande terreng blir så naturleg som mogleg. Alle areal knytt til veganlegget skal bli stelt til og tilsådd/tilplanta. Alle sideareal skal vere sett i stand seinast i løpet av sommaren etter at veganlegget er ferdigstilt. Mellombelse område skal tilbakeførast til det føremålet som er vist på plankartet.

Nord for E39 ved Furene skal areala etter tilstelling gro att med naturleg revegetering.

Sør for ny E39 ved Furene skal dyrka areal tilbakeførast til dyrka mark. Der ny E39 går i tunnel følgjer grensa mellom nord og sør for ny E39 høgbrekket på overdekninga av betongtunnel/portal. Overdekninga skal sør for høgbrekket over tunnelen ha fall ikkje brattare enn 1:8 og opparbeidast til dyrka mark. Avgrensing/avslutning av dyrka areal mot lifoten og rundt portalen må tilpassast nærare og i samråd med grunneigar. Tilbakeført/nydyrka areal skal ha ein jordstruktur og dreneringsstatus som sikrar produksjonsevna til arealet. Utbygginga må gjennomførast på ein måte som minimerer/reparerer jordpakking, og hindrar innblanding av stein i dyrkingslaga. Matjord- og ev. strukturlag som blir fjerna for mellomlagring og tilbakeføring skal vere lagra kvar for seg, og bli lagt ut att i rett rekkefølge. Matjord skal lagrast i opp til to meter høge rankar.

Matjord og andre vekstmassar i område som blir rørt av utbygginga (inkludert mellombels rigg- og anleggsområde), skal takast av. Matjord og andre vekstmassar som skal brukast til tilbakeføring av området kan mellomlagrast i tiltaksområdet. Eventuell ny jord som blir tilført anlegget skal tilfredsstillere krav i Håndbok R761 – Prosesskode 1.

Murar skal vere oppført i naturstein og ha eit heilskapleg uttrykk på strekninga. Bekkeløp med kantsone som blir berørt i anleggsfasen skal settast i stand mest mogleg lik dagens situasjon. I Furene kan bekkeløpet/kanalen heilt eller delvis bli lagt om eller lagt i rør dersom det er naudsynt av omsyn til veganlegget eller landbruksdrift.

3.2 Kulturminne (plan- og bygningslova § 12–7 nr 2)

Dersom det under anleggsarbeidet blir oppdaga gjenstandar eller andre spor som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stansast og ein skal omgåande gi beskjed til Møre og Romsdal fylkeskommune, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd.

3.3 Vilttrekk

For å hindre vilt i å trekke over E39 og sikre at dei blir leia over viltovergangen skal det settast opp viltgjerde rundt veganlegget i Furene. Utstrekning og utforming av gjerdet skal fastsettast i samråd med kommunen og Fylkesmannen si miljøavdeling, jf. også figur 61 i avsnitt 6.9.2 i planomtalen.

3.4 Støy

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016) skal ligge til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen. Målet er å oppfylle grenseverdi 55 dB (Lden) på uteopphaldsplass og utenfor vindu til rom med støyfølsam bruk. For innandørs støynivå i bustader, skular, sjukehus og pleieinstitusjoner er ambisjonsnivået 30 dB (Leq24h). Naudsynte tiltak mot støy går fram av støyutgreiing for reguleringsplan E39 Volda–Furene, Rambøll AS, datert 22.03.2017, plassering og høgde på skjermar langs veg er vist på plankarta.

Støyfølsame bygg som etter dei fastlagte støytiltaka vist i plankarta likevel får eit støynivå over Lden 55 dB på uteplass eller over Leq24h 30 dB innandørs, skal få tilbod om lokal skjerming og/eller fasadetiltak i samband med gjennomføring av reguleringsplanen. Ei oversikt over kva eigedomar som i byggeplan vil verte nærmare vurderte for mulige støytiltak, går fram av figur 67 i planomtalen. Konkret utforming og utføring av lokale støytiltak blir avklart i samråd med den aktuelle eigaren, og eventuelt gjennom byggesaksbehandling dersom tiltaket er søknadspliktig. Ved fasadetiltak skal det sikrast tilfredsstillande ventilasjon i samsvar med byggteknisk forskrift til plan- og bygningslova.

For bygningar bygd før 1987 og der kostnadane med støytiltak blir uforholdsmessig høge, kan ein avvike frå grenseverdiane for innandørs støy med opp til 5 dB, tilsvarande krava i NS 8175 klasse D.

Støytiltak skal vere ferdigstilt før veganlegget blir opna for trafikk.

3.5 Universell utforming

Planlegging og utbygging skal basere seg på prinsippet om universell utforming og tilgjenge for alle.

3.6 Frisiktlinjer ved vegkryss

Innanfor frisiktlinje ved vegkryss skal det vere fri sikt i høgde 0,5 meter over tilstøytande vegplan.

3.7 Drenering, tilgang til kommunaltekniske anlegg

Innanfor byggeområda må utbyggar sørge for nødvendig drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt/privat leidningsnett etter godkjenning av kommunen. Innanfor planområdet kan kommunen gjennomføre nødvendig vedlikehald av kommunaltekniske anlegg. Så langt som mogleg, bør det leggast til rette for at overflatevatn kan sige ned i grunnen på eiga tomt.

3.8 Byggegrense langs offentleg veg

Byggegrense langs offentleg veg følgjer veglova § 29, andre ledd der byggegrensa ikkje er vist i plankartet. Byggegrenser langs veg kan nærare vurderast ved utarbeiding av detaljreguleringsplan for dei aktuelle områda, jf. § 2.

§ 4 BYGNINGAR OG ANLEGG

4.1 Bustader, B

Bruken av område B1, B2, B3, B4 og B5 skal etter utbygging av veganlegget kunne vidareførast som i dag, innanfor dei generelle rammer gitt i planføresegner, jf. fellesføresegner §2 og omsynssoner, jf. § 8.

For område B1 skal plan Del av Abeltun/Del av Langvatn og Abeltun framleis gjelde, og føresegnene i plan vidareførast.

Innanfor bustadområde B2 skal plan for Røysmarka framleis gjelde, og føresegnene i plan vidareførast. Utnyttingsgrad for området vert her sett til BYA maks 30%.

Før nybygging i områda B3 og B4 er det krav om ny detaljreguleringsplan. Ved ny plan skal det kunne tilretteleggast for konsentrert bustadbygging med blokkbebyggelse inntil 4 etg. (gesimshøgde inntil 12 m).

Innanfor bustadområde B1 vil det vere tillate å fortette gjennom utarbeiding av ny reguleringsplan. Område B1 skal då framleis nyttast til studentbustader med tilhøyrande fasilitetar. Bygningar i B1 kan i eventuell ny detaljreguleringsplan planleggast med inntil 3 etasjar (gesimshøgde inntil 9m).

Område B5 vert i plan avsett til bustadformål – frittliggande småhus. Eigedomen skal ha køyretilkomst frå Midtun. Maks grad av utnytting vert sett til BYA=30%.

4.2 Offentleg eller privat tenesteyting, BOP1–4

Område BOP1 og BOP2 er avsett til formål offentleg og privat tenesteyting for å sikre utvidingsareal for Høgskulen og kommunen sine behov for ulike utbyggingsformål. Herunder også omsorgs- og sosialbustadar m.v. Innanfor desse områda vert det ikkje tillate med ordinære bustadar utan i kombinasjon med slike formål. Innanfor området kan det også etablerast bygg for forretning/næring samlokalisert/integrert som del av bygg til offentleg/privat tenesteyting. Det skal utarbeidast detaljreguleringsplan for områda før utbygging. Områda kan ikkje byggast ut før etter at ny E39 er bygd ut.

Områda BOP3 og BOP4 er avsett til formål offentleg og privat tenesteyting for å sikre sjukehuset sitt behov for vidare utbygging. Innanfor disse områda vert det ikkje tillate med ordinære bustadar utan i kombinasjon med slike formål. Innanfor området kan det også etablerast bygg for forretning/næring samlokalisert/integrert som del av bygg til off./privat tenesteyting. Det skal utarbeidast detaljreguleringsplan for områda før utbygging. Område BOP3 kan ikkje byggast ut før etter at ny E39 er utbygd.

4.3 Kombinert bygge- og anleggsformål, BKB1–2

Innanfor området kan det etablerast forretning, offentleg og privat tenesteyting, næringsbygg (kontor). Det er ikkje ynskeleg med etablering av bustadar her, med unntak av bustadar for å dekke kommunen sitt behov for omsorg- og sosialbustadar, og eventuelle erstatningsbygg for bustader som må rivast som følgje av framføring av veg i/til området.

Områda ligg utanfor sentrumsområde i Volda og forskrifta om forbod mot detaljhandel gjeld. Områda skal regulerast i fellesskap, m.a for å sikre eigna trafikkkløysing for området basert på ny planlagt tilkomst.

Ved planlegging av området skal det sikrast løysing for vidareføring av samleveg med gangveg til områda aust for planområdet, på gnr. 20 bnr. 12 og 523 m.fl.

Området kan ha ein utnyttingsgrad på BYA 40 %. Bygningar på området kan ha byggehøgde på inntil 3 etg.

Det vert ikkje tillate utbygging før ny tilkomst er etablert.

Gjennom detaljreguleringsplan for området bør det vurderast å avsette ei byggegrense på minimum 10 meter mot grøntstrukturen sør for byggeområdet. Denne sona kan nyttast til uteopphaldsareal for ny bebyggelse. Dersom areal for parkering vert etablert i denne sona, bør areala utformast med vegetasjon og ta omsyn til grøntstrukturen som grenser til området.

4.4 Bustad/forretning/kontor, BKB3

Område BKB3 kan nyttast til forretning/kontor/bustad kvar for seg eller som felles utbygging.

Det skal utarbeidast samla detaljreguleringsplan for området før utbygging.

Området kan ha ein utnyttingsgrad på BYA 60 %. Bygningar på området kan ha byggehøgde på inntil 3 etg.

Ved detaljregulering skal det avsettast minste uteopphaldsareal slik føresett i teknisk forskrift, TEK17, og kommuneplanen sin arealdel/kommunen sine retningsliner for leik og uteopphaldsareal.

Minimum 50 % av slikt areal skal vere på på bakkenivå.

4.5 Bustad/kontor, BKB4

Område BKB4 kan nyttast til bustad/kontor kvar for seg eller som felles utbygging. Det skal utarbeidast samla detaljreguleringsplan for området før utbygging. Området kan ha ein utnyttingsgrad på BYA 40%. Bygningar på området kan ha byggehøgde på inntil 2 etg.

Ved detaljregulering skal det avsettast minste uteopphaldsareal slik føresett i teknisk forskrift, TEK17, og kommuneplanen sin arealdel/kommunen sine retningsliner for leik og uteopphaldsareal.

Minimum 50 % av slikt areal skal vere på på bakkenivå.

Delar av område BKB4 er omfatta av aktsemdssone for flaum, jf. figur 31 i kapittel 4. Aktsemdssona er for grovt avgrensa til å vise i områdeplanen. Reell flaumfare inkludert erosjonsfare må avklarast ved detaljregulering av området. Grunntilhøva må avklarast ved detaljregulering, jf. ROS-analyse.

4.6 Forretning/kontor/industri, BKB5

Område BKB5 kan nyttast til industri, kontor, forretning kvar for seg eller som felles utbygging.

Det skal utarbeidast samla detaljreguleringsplan for området før vidare utbygging på området.

Unyttingsgrad vert å fastsette gjennom detaljreguleringsplan. Bygningar på området kan ha byggehøgde på inntil 2 etg. Delar av område BKB5 er omfatta av aktsemdssone for flaum, jf. figur 31 i kapittel 4 i planomtalen. Aktsemdssona er for grovt avgrensa til å vise i områdeplanen. Reell flaumfare inkludert erosjonsfare må avklarast ved detaljregulering av området. Grunntilhøva må avklarast ved detaljregulering, jf. ROS-analyse.

4.7 Rikspolitisk bestemming for kjøpesenter

Innanfor område BKB1–3 er det ikkje tillate å etablere nye handelsverksemdar som kvar for seg eller samla utgjør eit bruksareal til detaljhandel med større areal enn det som er angitt i gjeldande kommuneplan/eller fylkesdelplan for senterstruktur, utan samtykke frå Fylkesmannen. Dette gjeld også utviding av eksisterande handelsverksemdar som fører til at samla bruksareal til detaljhandel blir auka ut over dette.

§ 5 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

5.1 Generelt

Innanfor trafikkområda skal det anleggast køyrevegar og gang- og sykkelsamband. I ein mellombels fase kan det anleggast køyrevegar, gang- og sykkelvegar og riggareal i tilknytning til utbygging av veganlegget.

5.2 Anlegg av trafikkområde

Anlegg av trafikkområde skal utformast etter byggeplan som detaljert viser utforming av veg, vegutstyr, skråningar og murar med meir. I samband med utarbeiding av byggeplan for vegar skal det lagast plan for nødvendige omleggingar av vatn- og avløpsleidningar. Før anleggsstart skal det utarbeidast ein plan for trafikkavvikling langs vegen i bygge- og anleggsperioden.

5.3 Køyreveg – offentleg, o_SKV

Veg merka o_SKV skal nyttast til offentleg køyreveg og byggast i samsvar med dei breidder som er vist på plankartet. Køyrevegen omfattar vegbane med skulder og kryssområde. Det er ikkje tillate med andre avkøyrslar til vegen enn dei som er vist på plankartet.

5.4 Køyreveg – felles, f_SKV

Køyreveg merka f_SKV1 er felles privat tilkomstveg på område BKB3, inkludert til eigedomane gbnr. 19/229, 19/252 og 19/611 i Volda. Køyreveg merka f_SKV2 er felles privat køyreveg til gbnr. 14/1 i Furene. Bruksrett på vegen må regulerast i privat avtale.

5.5 Køyreveg – privat, SKV

Veg merka med SKV er privat tilkomstveg.

5.6 Fortau – SF

Område merka SF skal nyttast til fortau.

5.7 Gang-/sykkelveg, SGS

Område merka SGS skal nyttast til offentleg gang- og sykkelareal. Gang-/sykkelveg merka o_SG5 og o_SG6 kan merkast opp med separate felt for syklande og gåande.

5.8 Gangveg, SGG

Område merka SGG skal nyttast til gangveg.

5.9 Anna veggrunn – tekniske anlegg, SVT

Område merka SVT kan nyttast til skjering, fylling, grøft, rekkverk, mur, viltgjerde og snøopplag langs køyrevegen. Teknisk infrastruktur som rør, kablar og slukar kan også vere plassert innanfor arealet.

Grunnerverv skal skje i samsvar med godkjent reguleringsplan. Mindre endringar innanfor område regulert til veg vil kunne førekome som følgje av uføreseielege forhold som til dømes grunnforhold eller feil kartgrunnlag.

Areal som ikkje blir nytta til vegføremål kan tilbakeførast som tilstøytande eller opprinneleg føremål etter avtale med grunneigar.

5.10 Leskur, SP

Område merka o_SP kan nyttast til leskur tilhøyrande haldeplassfunksjonen.

5.11 Teknisk bygg, STB

Område merka o_STB kan nyttast til teknisk bygg tilhøyrande veganlegget. Bygget skal ha eit stadtilpassa uttrykk som innordnar seg i landskapet.

5.12 Kollektivhaldeplass, SKH

Område merka o_SKH skal nyttast til offentleg kollektivhaldeplass.

§ 6 GRØNTSTRUKTUR (pbl § 11–7 nr 3)**6.1 Grøntstruktur G**

Gjeld område G1, G2, G3.

Innanfor område for grønntstruktur merka G1 skal det ikkje settast i verk tiltak som reduserer område sin verdi som grønntdrag langs Øyraelva. Vegetasjonen langs elva og langs sumpige flømløp skal bevarast. Elles i området kan vegetasjonen skjøttast og tynnast. Enkle turveggar og mindre bygg og anlegg som tener friluftsliv/rekreasjon kan etablerast.

§ 7 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (LNF) (pbl § 12–5 nr 5)**7.1 Landbruksføremål LL**

Område merka LL skal nyttast til landbruksføremål.

7.2 Naturføremål LNA

Område merka LNA er naturområde som skal sikre at vilt kan trekke inn mot viltovergangen over E39. Området skal ligge mest mogleg urørt. Nødvendige tiltak for å sikre viltomsyn er tillatt.

§ 8 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL § 12–5 nr 6)**8.1 Naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner, VNV**

Område merka VNV er elvestrekning der det ikkje er lov med tiltak som er i strid med vassressurslova kapittel 2.

§ 9 OMSYNSSONE (PBL § 12–6)**9.1 Sikringssone tunnel, H190_**

Sikringssone langs tunnel har ei utstrekning som vist i plankarta. Det er ikkje tillate å utføre sprenging, boring i fjell, peleramming eller andre arbeid som kan skade tunnelen eller innreiinga av desse. Før slike arbeid kan utførast, må det innhentast løyve frå Statens vegvesen. Dette gjeld også private tiltak over tunnelen som for eksempel boring etter grunnvatn eller jordvarmeanlegg.

9.2 Skringssone rundt flyplass, høgderestriksjon og lysbruk, H190_ (PBL § 11–8 a)

Innanfor område H190_1 og H190_2 er det ikkje tillate å etablere mellombels eller permanent anlegg (medrekna lysmaster) høgare enn høgderestriksjonane (innflygingsflate og sideflate) for flyplassen tillet. Avinor skal ha alle tiltak og planar (medrekna lysbruk) innanfor sona til gjennomsyn og godkjenne dei før utføring kan skje.

I anleggsperioden skal Avinor ved Hovden flyplass varslast på førehand, og vere kjent med all aktivitet og bruk av kraner og anleggsmaskiner. Avinor kan stille krav om at anleggsmaskiner og kraner må regulere sin aktivitet i samsvar med flytrafikken. Vidare kan Avinor stille krav om at lysmaster skal påmonterast hinderlys.

9.3 Bevaring naturmiljø, H560_

Omsynssonene H560_ skal sikre at hjortevilt og andre artar har gode vilkår for å nytte viltovergangen til å krysse E39 i Furene.

Innanfor sone H560_1 skal det ikkje etablerast bygg eller anlegg som kan hindre dyreliv i å vandre fritt i området. Vegetasjonen i området skal bevarast. Plukkhogst av ved eller tømmer er tillate. Området skal ikkje grøftast eller dyrkast.

Innanfor sone H560_2 skal det ikkje etablerast bygg eller anlegg som kan hindre dyreliv i å vandre fritt i området.

Innanfor sone H560_3 skal det ikkje etablerast bygg eller anlegg som kan hindre dyreliv i å vandre fritt i området. Vegetasjonen i området skal bevarast. Området skal ikkje grøftast eller dyrkast. Nødvendige tiltak for å sikre viltomsyn er tillatt.

9.4 Bevaring kulturmiljø H570_

I område merka H570_1 skal det ved gjennomføring av tiltak som kan råke kulturmiljøet takast særlege omsyn til bevaringsverdig bebyggelse.

9.5 Gjennomføringszone H810_

Gjeld område H810_1 og H810_2. Delområde i gjennomføringszone H810_ skal planleggast under eitt gjennom utarbeiding av detaljreguleringsplan. Det vert ikkje tillate tiltak som kan vere til hinder for gode tilkomst- og infrastrukturlysingar før det er utarbeidd reguleringsplan for heile området som inngår i gjennomføringssona.

9.6 Ras- og skredfare, H310_

Faresona markerer aktsemdsområde for jord- og flaumskred. Innanfor faresona er det ikkje høve til å gjennomføre tiltak i tryggleiksklasse S1, S2 eller S3 før området er detaljregulert og/eller reell skredfare er avklart.

§ 10 OMRÅDEFØRESEGN (PBL § 12-7 nr 1)

10.1 Mellombelse anleggs- og riggområde

Områda kan nyttast til all verksemd som er nødvendig for gjennomføring av veganlegget, slik som mellombelse bygningar og anlegg, mellombels lagring og vidareforedling av massar, stadeigen vegetasjon, oppstillingsareal for bilar/maskinelt utstyr, knusing/foredling av masse m.v.

Når områda blir tatt i bruk, skal dei vere sikra på forsvarleg måte. Ved Furene skal lyssetting vere avskjerma mot tilgrensande område. Aktivitetar og anlegg med særleg skremmeeffekt på hjortevilt skal om mogleg vere lokalisert sør for ny E39. Matjord skal takast vare på for tilbakeføring av landbruksareal, jf. § 2.1.

I områda kan det ikkje settast i verk tiltak som er til hinder for gjennomføring av reguleringsplanen. Når veganlegget er ferdigstilt fell områdeføreseigna bort.

§ 11 REKKEFØLGJEKRAV (PBL § 12-7 nr 10)

11.1 Ytre miljøplan

Før anleggsarbeidet blir sett i gong skal det vere utarbeidd ein plan for ytre miljø som sikrar at føringar og krav for det ytre miljøet blir ivareteke på ein systematisk måte ved gjennomføring av prosjektet. Planen skal sikre omsyna som går fram av kapittel 8.7 i planomtalen, herunder ivaretaking av gangliner for mjuke trafikantar gjennom heile perioden (nærmiljø). Opplistinga i 8.7 er ikkje uttømmende.

11.2 Støy


Støytiltaka omfatta av § 3.4 skal vere ferdigstilt før veganlegget blir opna for trafikk.

11.3 Sikring av vilttrekk i anleggsperioden

Før anleggsarbeidet tek til skal tiltakshavar i samarbeid med kommunen etablere eit system som fortløpande kan vurdere og iverksette risikoreduserande tiltak langs E39 i anleggsperioden som følgje av endra trekkmonster av hjort. Rammene for tiltaka blir fastlagt i plan for ytre miljø.

11 Vedlegg

1. Framlegg til plankart, datert 01.09.2017
2. Illustrasjonar
3. Andre dokument
 - Originalmerknader samla i eige hefte
 - Støyutredning for E39 Volda–Furene, Rambøll AS, mars 2017
 - Vurdering av lokal luftkvalitet, Rambøll AS, mars 2017
 - Borne- og studenttrakkregistrering, SVV 2016
 - Kulturminnerapport, Møre og Romsdal fylkeskommune, 2017



Teiknforklaring

Område bestemmelser

- # Anlegg- og riggorråde
- a.1) Sikringssoner
 - H340 Frisikt
 - H190 Sikringszone tunnel
- a.3) Faresoner
 - H310 Ras- og skredfare
- c) Sone med angitte særlege omsyn
 - H570 Bevaring kulturmiljø
- e) Gjennomføringssoner
 - H810 Krav om felles planlegging

Linjetyper

- Grense for planen
- Formålsgrense
- Bru
- Grense for fareområde
- Regulert støyskjerm
- Frisiktlinje
- Bygningar som skal fjernast
- Regulert senterlinje
- Byggegrense
- Grense for angitt hensynssone
- Grense for gjennomføringssoner
- Grense for sikringszone
- Grense for bestemmelser

Symbol

- ↻ Brukar
- ↻ Avkjørsel - både inn- og utkjøring
- ↻ Tunnelåpning

1. Bygningar og anlegg

- B Bustader
- BOP Offentleg eller privat tjenesteyting
- BKB Kombiner byggje- og anleggsformål
- BKB Bustad/forretning/kontor
- BKB Bustad/kontor
- BKB Forretning/kontor/industri

2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- SKV Køyveveg
- SF Fortau
- SGS Gang-/sykkelveg
- SGG Gangveg
- SVT Annan veggrunn - teknisk anlegg
- SP Leskur
- STB Tekniske bygningar
- SKH Kollektivhaldeplass
Planområdet ligg i eit område med marin strandavsetning under marin grense, og ROS-analysen avdekkjer at det kan vere moglegheit for ustabil grunn i planområdet. Denne potensielle faren er ikkje avklart i planen. Vi minner om at den reelle faren skal avklarast på reguleringsplannivå, og skal ikkje utsettast til byggesaksnivå. Planområdet må oppfylle byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-3 sitt krav til tryggleik mot skred (inkludert kvikkleireskred). Tiltaket legg til rette for mykje personopphald, og TEK17 vil soleis stille strenge krav til tryggleik mot ustabil grunn. Fylkesmannen meiner faren for ustabil grunn ikkje er tilstrekkeleg avklart, og har motsegn til planen, jf. TEK17 § 7-3. Vi viser elles til NVE sin rettleiar (2014) «Sikkerhet mot kvikkleireskred».

Det går eit mindre vassdrag gjennom planområdet. ROS-analysen viser til ein mellombels rapport som tilrår førebygging av elva. Planføresegnene har derfor satt rekkjefølgjekrav til omlegging og førebygging av elva. Fylkesmannen meiner flaum- og erosjonsfaren frå elva ikkje er tilstrekkeleg sikra gjennom planen. Plankartet må vise flaum- og erosjonsutsett areal som ei omsynssone, og det må vidare knytast føresegner til omsynssona som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot flaum og erosjon i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 § 7-2. Dersom det er naudsynt å gjennomføre tiltak for å sikre planområdet tilstrekkeleg mot flaum og erosjon, må planen skildre sikringstiltaka, og sikre gjennomføringa av naudsynte tiltak. Fylkesmannen har motsegn til planen inntil flaum- og erosjonsfaren er tilstrekkeleg ivaretatt, jf. TEK17 § 7-2.

Konklusjon

Det er reist motsegn til planen frå NVE og Fylkesmannen som er knytt til at naturfare (kvikkleireskred, flaum- og erosjonsfare) ikkje er tilstrekkeleg utgreidd/vurdert. Vidare er det frå begge etatar knytt faglege merknader til høyringsutkastet. Dersom noko skulle vere uklart ber vi om at kommunen tar kontakt for nærare avklaring.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal , brev av 2.03.2018

«Trekking av motsegn

I vårt brev av 16.01.2018 fremja Fylkesmannen og NVE motsegn mot framlegg til reguleringsplan for Volda Campus Arena —idrettshall på Joplussen. NVE trekte si motsegn i eige brev av 16.02.2018.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Fylkesmannen fremja motsegn til planen på grunn av mangelfulle avklaringar av potensialet for ustabil grunn, flaum- og erosjonsfare i planområdet. Det er no gjort betre vurderingar knytt til desse potensielle farane. Med bakgrunn i dei nye avklaringane, og dei endringane

som er gjort i plankart og -føresegner, kan Fylkesmannen trekke våre motsegner innanfor fagområdet samfunnstryggleik.

Konklusjon

Med dette ligg det ikkje lenge føre motsegner frå NVE eller frå Fylkesmannen, og reguleringsplanen kan eigengodkjennast for vår del.»

Kommentar:

Merknaden og den varsla motsegna er grunnlagt i dei same tilhøve som var peika på av NVE. Ved brev av 2.03.2018 har Fylkesmannen med grunnlag i kommunen sin dialog mot NVE og NVE sin aksept av justert plangrunnlag trekt motsegn til plan.

Med grunnlag i desse endringane, som no er innarbeidd i justerte plandokument, datert 13.03.2018, er motsegner trekt og planen kan i høve dette godkjennast av kommunen.

Møre og Romsdal fylkeskommune, brev av 19.01.2018:

«Møre og Romsdal Fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader: Tettstadutvikling

Jf. dei føreslåtte reguleringsføresegna kan det innanfor BOP1 og 2 oppførast bygningar og installasjonar for offentleg eller privat tenesteyting, som til dømes; idrettshall, symjehall, kontor, undervisning m.m.

For Volda sentrum vil det vere vesentleg at det ikkje blir opna opp for funksjonar på Campus, som bør vere lokalisert nede i sentrum, til dømes kino. Føresegn § 4.1.1a må derfor etter vår vurdering vere avgrensa til aktuelle funksjonar og ikkje nytte m.m. Vi viser i denne samanhengen til at formålslista i kart og planforskrifta visar til fleire funksjonar enn det som planfagleg er ønskeleg og at ein derfor må prioritere arealformål på bakgrunn av utgreiingane i planarbeidet.

I vurderinga av innkomne innspel i planomtalens punkt 9.1.1. er ein arealbruk vurdert å ikkje svekke Volda sentrum. Det er argumentert med at funksjonane det er opna opp for berre er relatert til skule/undervisning, funksjonar som naturleg tilhøyrar campus.

Ettersom reguleringsføresegna ikkje er avgrensa i forhold til denne påstanden vurderer vi planforslaget å ikkje vere eintydig. Etter vår vurdering må planarbeidet både vere tilstrekkeleg utgreidd og føresegna bli meir konkret utforma.

Ved ein gjennomgang av planomtalens kapittel 7 Verknader av planforslaget, kan vi i denne samanhengen ikkje sjå at funksjonar det er opna opp for på Campus er utgreidd i forhold til funksjonar som vil vere viktig for sentrumskjernen i Volda. Vi må derfor på planfagleg grunnlag fremje motsegn til planforslaget inntil planforslaget er eintydig utforma og tilstrekkeleg utgreidd.

Konklusjon

Vi har på planfagleg og formelt grunnlag motsegn til planforslaget inntil føresegna konkret avgrensar kva funksjonar byggeområda på Campus opnar opp for.

Vi har på same grunnlag motsegn inntil forholdet mellom desse funksjonane på Campus og kva det er viktig å ha lokalisert i Volda sentrum, er tilstrekkeleg utgreidd.

Møre og Romsdal fylkeskommune , brev av 15.02.2018:

- avgrensa off. ettersyn

«Vi fremja ved offentleg ettersyn motsegn til planforslaget grunna etter det vi oppfatta som manglande avgrensingar av reguleringsføresegn § 4.1.1a. i forhold til funksjonar som bør vere lokalisert i sentrum. Vi har i ettertid motteke forslag til revidert føresegn som presiserer ramma i føresegna nærare.

Konklusjon

Vi har gjennomgått saka på ny og trekk vår motsegn til planforslaget.

Kommentar:

Motsegna var fremja på grunnlag av ei ikkje fullstendig uttømande ordlyd i reguleringsføresegnene §4. – AREALBRUK, pkt 4.1. – BYGNINGAR OG ANLEGG
Der det i § 4.1.1 Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)heitte fylgjande:

a) Innanfor BOP1 og 2 skal det oppførast bygningar og installasjonar for offentleg eller privat tenesteyting som t.d: idrettshall, symjehall, kontor, undervisning m.m.

Det er i merknaden sett krav om at denne føresegna vert meir konkret utforma, slik at det ikkje gjennom upresis nemning som m.m. opnar for bruksformål/funksjonar som M.R.Fylkeskommune meiner heller bør lokaliserast til sentrumskjernen.

Kommunen har i dialogen med Fylkeskommunen gjort framlegg om fylgjande endring av denne føresegna:

*a) Innanfor BOP1 og 2 kan det oppførast bygningar og installasjonar for offentleg eller privat tenesteyting – idrettshall og symjehall.
Idrettshall og symjehall kan også gje plass for naturleg tilhøyrande fasilitetar som klubblokale, treningssenter, fysioterapi, kontor, undervisning, og tilhøyrande lagerfunksjonar, samt parkeringskjellar.*

Endringa er som det framgår av brev av 15.02.2018 akseptert, og inneber at motsegna vedkomande dette er trekt.

Statens vegvesen, brev av 20.12.2017

*«I vår uttale datert 03.04.2017 til varsel om oppstart av reguleringsarbeid blei det varsla motsegn til planen dersom ikkje planavgrensinga for detaljreguleringsarbeidet vert utvida mot sør, slik at også europaveg 39 vert teke inn i planen. Dette vert grunna med at etablering av Volda Campus Arena kan utløyse svekka trafikksikkerheit på hovudvegen. Nytt planframlegg syner at planavgrensinga er i samsvar med vegvesenet sitt ønske.
Statens vegvesen meiner den utlagde detaljreguleringsplanen ikkje løyser problem knytt til trafikkfarleg fotgjengarkryssing av E39 som følge av blant anna studentsamskipnaden er lokalisert på feil side av vegen. Ei god løysing av gangtrafikk over E39 lar seg vanskelig løyse i denne reguleringsplanen sidan eksisterande passeringslomme ikkje kan sanerast bort. Trafikksikkerhetsomsyn tilseier at det ikkje kan etablerast overgangsfelt for nær opp til passeringslomma, og heller ikkje for nær busslommer. Tilrettelagt fortgjengarkryssing bør i dette området vurderast nærare i eigen plan for etablering av ny(e) fotgjenarovergang(ar), basert på regelverket i vegtrafikklova. Planen bør vurdere ei strekning på om lag 300m frå kryss E39/Anders Vassbotnvegen til rundkøyringa i sjukehuskrysset.*

Kommentar:

Problemstillinga knytt til manglande fotgjengarfelt i dette området ved Joplassvegen er godt kjende, og har vore gjenstand for drøftingar mellom kommunen og Statens vegvesen over tid. Innspel frå Høgskule, frå Studentsamskipnaden og andre vedkomande dette er registrert ved fleire høve.

At Statens vegvesen no vil ta sikte på ei avklaring av slik fotgjengarkryssing i eigen plan, der også tilgang til planlagde buss-stopp vert inkludert er positivt. Dette vil då vere basert på at dagens veg vert omklassifisert når Voldatunellen er bygd og E39 vert flytt dit.

Jf. Vegvesenet sin uttale der det heiter:

«Tilrettelagt fortgjengarkryssing bør i dette området vurderast nærare i eigen plan for etablering av ny(e) fotgjenarovergang(ar), basert på regelverket i vegtrafikklova. Planen bør vurdere ei strekning på om lag 300m frå kryss E39/Anders Vassbotnvegen til rundkøyringa i sjukehuskrysset.»

Merknaden gir ikkje grunn til endringar i plan.

Koordinator for ivaretaking av barn og unge sine interesser i plansaker, notat datert 11.01.2018.

«I pkt. 6.4 i framlegg til detaljregulering, står det om barn og unge:

Mykje av bakgrunnen for planarbeidet er å styrkje barn og unge sine vilkår når det gjeld fysisk fostring i og utanfor skuletida. Det er difor lagt vekt på å etablere gangveggar eller fortau slik at elevane kan ferdast trygt mellom skule og idrettshall. Anlegget er venta å bli eit populært samlingspunkt også for barn og unge.

Det er positivt at det er planlagt ein eigen inngang frå vest, slik at skuleelevane kan gå direkte inn i garderobedelen utan først å måtte gå rundt bygget og ned ein etasje. Det er samtidig viktig at det her vert lagt til rette for sykkelparkering under tak, i nærleik til denne inngangen.

Slik framlegget ligg i dag, er parkeringsplassar på terreng lagt i umiddelbar nærleik til hovudinngangen. I og med at hallen vil verte nytta av skulane i nærområdet på dagtid i virkedagane, er det grunn til å tru at det vil generere eit mindre parkeringsbehov. Det er viktig at det vert tatt omsyn til barn og unge som ferdast til og frå på ettermiddag/kveld og i helgar/feriar. Det er naudsynt med sykkelparkering under tak, samt at det leggast til rette for lading av el-syklar og –rullestol ved hovudinngangen. Området må samtidig vere oversikteleg overfor mjuke trafikantar, slik det vert trygt å ferdast til og frå for barn og unge og på ettermiddag/kveld.

I Statens vegvesen si handbok V122: Sykkelhåndboka, står det i pkt. 5.2 om dimensjonering: For å unngå at sykler parkeres vilkårlig bør man tilrettelegge sykkelparkering med tilstrekkelig kapasitet og på en slik måte at det innbyr til bruk.

I handbok V122 er det samtidig satt ei norm for minimum tal parkeringsplassar for sykkel for ulike institusjonar. Norm for parkeringsplassar for sykkel for kultur- og idrettsarenaer er satt til 2 plassar pr. 10 seter.

Området som er avsett til uteopphald må ha universell utforming. Det er positivt om ein legg til rette for aktivitet også ute, samt sitjeplassar og leikeapparat også ved hovudinngangen. I samband med søknad om oppføring av bygg skal det utarbeidast illustrasjonsplan for utforming av utearealet. Uteopphaldsarealet skal vere opparbeida i samsvar med illustrasjonsplan godkjent av kommunen før ein kan gi bruksløyve.

Når det gjeld busstopp, er det viktig at det vert plassert på ein slik måte at ein sikrar ein trygg overgang for barn og unge.»

Kommentar:

Gangveggar mot skulane vert oppretthaldne i plan. Det er sett rekkefylgjekrav som sikrar opparbeiding av desse.

Parkeringsplassar ved inngangsparti vert foreslått fjerna slik at det berre vert lagt til rette for HC-parkering og sykkelparkering her.

Krav om sykkelparkering er teke inn i plan i samsvar med dimensjonering gitt i framlegg til kommuneplan, arealdelen.

Er elles samd i at det vil vere gunstig å få etablert meir ope uteareal, særleg i området ved inngangspartiet, med sikte på tilrettelegge for attraktive uteområde med aktivitetsmulegheiter framfor parkeringsplass for bilar.

Ut frå slike omsyn burde ein søkje å få etablert meir parkering på andre deler av området, for å avlaste området ved planlagde inngangsparti for bilparkering, og heller gje betre plass

for parkeringsplassar for sykkel , og for å legg til rette for aktivitet også ute, med t.d. sitjeplassar og leikeapparat i området ved hovudinngangen.
I samband med søknad om oppføring av bygg skal det etter føresegnene pkt 6.2, utarbeidast plan for utforming av utearealet. Uteopphaldsareala skal vere opparbeida i samsvar med illustrasjonsplan godkjent av kommunen før ein kan gi bruksløyve.

Mørenett AS, e-post 4.12.2017:

For å straumforsyne denne idrettshallen må det settast av plass til ny nettstasjon. Før bygg med straumbehov større enn 1250 A (over 800 kW) skal nettstasjonen plasserast innvendig i bygning vegg i vegg med tavlerom.

Dersom straumbehovet er mindre enn 1250 A kan eit alternativ vere å sette opp ein frittstående nettstasjon, men også denne må plasserast så nær tavlerommet som mogleg. Det er viktig å ta høgde for også ein muleg framtidig symjehall ved dimensjonering av straumbehovet.»

Kommentar:

Merknaden vert teke omsyn til. I føresegnene til plan vert det teke inn bestemmelse med krav til innpassing av rom for trafo i utbyggingsprosjekt på området i samråd med straumleverandør/nettverkseigar. Slike bygg/anlegg skal som hovudregel plasserast i planlagde bygg.

Jf endring i reguleringsføresegnene § 6.2.

STATSBYGG , brev av 22.12.2017

«Statsbygg ga den 24.4.2017 uttalelse til varsel om oppstart av planarbeid. Merknadene er besvart av forslagsstiller i planomtalen. Vi omtaler disse forholdene som del av våre merknader til planforslaget i punktene under.

Statsbygg eier deler av campusområdet der Høgskulen i Volda (HVO) er leietaker.

Høgskulen er nærmeste nabo til eiendommen som skal detaljreguleres. Høyskolen har hovedadkomst og parkering via E39 og Joplassevegen. En bekk med viktig grøntdrag følger deler av høyskolens område og krysser vidare tomte som inngår i planarbeidet.

Tilbudene det legges til rette for med idrettshall og svømmehall gir en utvidelse av aktiviteter i campusområdet, og det er positivt at trafikale forhold, tilgjengelighet for gående, syklende og kollektivreisende har fokus i planarbeidet. Dette er tema som er viktige for at det totale campusområdet skal fungere som en god helhet.

Våre merknader til planforslaget:

Planområde:

I uttalelse til planoppstart ba Statsbygg om at planområdet utvides med adkomsten via E39 og Joplassevegen dersom tiltak på denne infrastrukturen var nødvendig som følge av planforslaget. I planomtalen oppgir forslagsstiller at tilrettelegging for buss har medført oppgradering av snuplass og kryss, og at plangrensa derfor er utvidet i samsvar med innspillet. Statsbygg er positive til endringen.

Eiendomsforhold:

Oppgradering av snuplassen i Joplassevegen berører Statsbyggs eiendom. Forslagsstiller legger opp til at Joplassevegen fortsatt skal være kommunal vei. Statsbygg ønsker dialog med kommunen for å avgjøre hvordan eiendomssituasjonen bør løses, eventuelt drøfte et makeskifte slik at kommunen eier infrastrukturen som skal være offentlig.

Adkomst og snuplass for buss:

Snuplassen i nordlig del av Jopllassvegen er utvidet for å gi bedre forhold for buss. Snuplassen ligger i samme område som i dag, men det går noe mer areal med til trafikkformål mot ny hall. Statsbygg ser at dette er et nødvendig tiltak for å gi bedre tilrettelegging for buss inn på området. I uttalelsen til planoppstart ba Statsbygg om at snuplass for buss i Jopllassvegen må planlegges slik at det også kan være av-/påstigning for buss til HVO/Berte Kanutte-bygget. Dette forholdet anses ivaretatt i planen. I gjeldende reguleringsplan for området, som også er gjeldende situasjon, er Jopllassvegen adkomst til campusfunksjoner på nordsiden av snuplassen (Berte Kanutte-bygget mv). Slik snuplassen er tegnet inn i plankartet er denne adkomsten tatt bort. Statsbygg ber om at planforslaget endres slik at dagens adkomst til campusområdet på nordsiden opprettholdes.

Parkering:

I uttalelse til planoppstart påpekte Statsbygg at det er stort press på parkeringsplassene som tilhører HVO og at dette ikke må forringes som følge av den planlagte utbyggingen. Forslagsstiller svarer dette ut i planomtalen med at parkeringsdekningen er løst på egen grunn når det gjelder daglig bruk og at ved større arrangementer vil disse plassene bli supplert med eksterne plasser i samsvar med kapittel 6.5. Det vil si at behovet for ca. 500 plasser ved store arrangementer dekkes ved 80 plasser innenfor planområdet (uten parkeringskjeller), mens 420 plasser dekkes ved å bruke plassene på høyskoleområde. Antallet eksisterende parkeringsplasser som planomtalen viser til på campus vil være lavere ved at en del plasser forsvinner ved gjennomføring av ny E39 Volda – Furene. Grusbanearealene som beskrives som aktuelle å aktivere som parkeringsareal anses å ikke være en ønsket arealbruk for campus. Statsbygg ser at forslagsstiller legger opp til i stor grad å bruke HVOs parkeringsplasser utenom dagtid, men sambruken og mulige konsekvenser for campusområdet er i liten grad vurdert. Statsbygg anmoder om at bruken av HVOs parkeringsplasser avklares og avtales med HVO, slik at løsningene blir akseptable for alle parter. Statsbygg ber videre om at det innarbeides tiltak som gjør parkeringsarealene innenfor planområdet mindre dominerende som del av hovedadkomsten til campusområdet (beplantning mv).

Byggehøyder:

Statsbygg bemerket i uttalelsen til planoppstart at byggehøyder må ta hensyn til eksisterende bebyggelse ved høyskolen. Forslagsstiller oppgir i planoppstart at byggehøyder er låst med kotehøyder i plan ut fra krav til nettohøyde i hallen og estimert høyde på takkonstruksjoner. Statsbygg forstår at hallen må ha en viss høyde innvendig for å ivareta funksjonen, men er opptatt av at terrengarbeider og utvendig utforming og materialbruk gjøres slik at volumet er mindre dominerende. Statsbygg vil bemerke at vedlegg snitt_a-e ikke er i samsvar med planomtale.

Planomtalen beskriver lavere sidebygninger som skal dempe for den ellers massive bygningskroppen. Snittet viser bare en massiv bygningskropp.

Bekken:

Bekken som krysser planområdet er en viktig del av grønnstrukturen gjennom campus. Statsbygg er opptatt av at bekken får en god utforming og opplevelsesverdi, og at den ikke bygges ned som følge av tiltaket. Videre vil vi understreke viktigheten av å planlegge tiltak som bidra til gjenetablering av biologisk mangfold, herunder gjenetablering av naturlig elvekant der det er mulig fremfor ensidig bruk av plastring med naturstein. Omleggingen av elva som vises i planforslaget må etableres på en måte som ikke gir flomproblemer for omkringliggende områder. Det er satt rekkefølgekrav til omlegging av bekken kun dersom svømmehallen etableres. Slik bekken går i dag ser det vanskelig ut å bygge idrettshallen uten å legge om bekkeløpet. I så fall, må omlegging av bekken også være rekkefølgekrav ved etablering av idrettshallen.

Adkomst bussholdeplass:

I planen reguleres også bussholdeplass på E39. I planomtalen vurderer tiltakshaver innspill fra Statens vegvesen om gangbru fra holdeplass til idrettshallen, men konkluderer med at gangfelt bør etableres. Statsbygg kan ikke se at gangfelt er lagt inn i planforslaget.

Forhold gående/syklende:

I planforslaget er det lagt opp til nye gangveger fra idrettshall/svømmehall til nærområdene i vest. Gangvegene legges delvis inntil den omlagte bekken. Gode forbindelser for gående og syklende er vesentlig for at byggeområdet skal fungere godt som del av det større campusområdet og dets omgivelser. Statsbygg er opptatt av at de nye gangvegene sikres etablert sammen med byggetiltaket.

Byggeperioden:

Joplassvegen er hovedadkomst til campusområdet. Statsbygg understreker at det må være en tilfredsstillende adkomst til campus i byggeperioden.

Vi ber om at våre merknader innarbeides i nødvendig grad i plandokumentene og tas med i videre reguleringsplanprosess og påfølgende gjennomføring.

Kommentar:

Avklaring av eigedomstilhøve mellom Statsbygg og kommunen som fylgje av endringar som planløyninga vil gje, blir å ta opp til drøfting når planen er godkjent. Planutforminga og dei endringar dei medfører synest det vere semje om.

Planframlegget vert justert slik at det vert adkomst til campusfunksjoner på nordsiden av snuplassen (Berte Kanutte-bygget mv). Jf. Justert plankart/illustrasjonsplan.

Parkering:

Etablering av busstilkomst og utviding av bussrundkøyring er godt motteke av Statsbygg.

Felles bruk av parkeringsplasser bør drøftast gjennom med grunnlag i vedteken plan.

Kommunen er elles samd med Statsbygg i at ein bør søkje å gjere parkeringsareala innafor planområdet mindre dominerande som del av hovedadkomsten til campusområdet (ivareta grøntstruktur, elveløp og beplanting mv).

Både planlagt idrettsbygg, intensjonen om symjehall og eit nytt mediabygg vil generere auka parkeringsbehov som må stettast. Innføring av betalingsparkering for området er under utgreiing og vil truleg redusere plassbehovet noko. Kanskje bør ein også sjå på andre meir perifere areal til parkering for å avlaste det sentrale området ved enden av Joplassvegen, det viktigaste inngang og vrimleområdet for studentar på campus.

Ynskje om eit meir bilfritt område på terreng i tilknytning til hovudtilkomst og i front av dei viktigaste hovudinngangane til Strøm/Åsen, Berte Kanutte og det planlagde mediebygget, talar for ei slik løysing.

Snitt som angir byggehøgde er sett på ut frå merkna den. Merkna den tyder på ein missforståing. Planomtalen kap.6.3 omtalar i tredje avsnitt side 17 høgdene på hallen og at avtrappinga gjeld vestsida (mot eksisterande busetnad). Denne avtrappinga (langs sjølve idrettshallen si vestre side) framgår av snitt C og D. For øvrig er sjølve idrettshallen i full høgde. Elles er også det lavare mellombygget og svømmehallen med på å bryte opp og halde nede volumet.

Også i kap7.4 i planomtalen er dei arkitektoniske grepa med å bryte opp volumet med lavare mellom- og sidebygg omtalt – men det er altså framleis sidebygget på vestsida som er omtalt – i tillegg til det lavare mellombygget.

Det vil vere ynskjeleg både ut frå terrengmessige tilhøve og for verknadane av bygningskroppen sett i høve til annan bebyggelse og uteområda, vere ynskjeleg å få senka

bygget best mogeleg i terrenget. Det er imidlertid berre mindre justeringar som vil vere aktuelt, då ein også må ta omsyn til universell utforming og terrengetilpassing mot veg og parkeringsareal. Dette må såleis vurderast nærare i byggesøknad.

Omsyn til bekken gjennom området er ivareteke gjennom plan, med tilhøyrande planomtale og føresegner. Jf. Omsynssone flaum m.m.

Bekken er ein viktig del av grøntstrukturen gjennom campus og skal vere det også for området ved idrettshall/symjehall.

Kommunen er til liks med Statsbygg opptatt av at bekken får en god utforming og opplevelsesverdi, og at den ikkje blir bygd ned som følge av planlagde byggetiltak. Nærare detaljering av utforming av bekken ved omlegging innan for området må skje i nært samarbeid mellom kommunen og Statsbygg/Høgskulen, der både omsyn til biologisk mangfald, og ivaretaking av naturleg elvekant vert vurdert. Detaljar knytt til utforming, materialbruk og dimensjonering som ikkje gir flomproblem for omkringliggende område, må også avklarast i fellesskap.

Slik bekken går i dag ser det vanskelig ut å bygge idrettshallen utan å legge om bekkeløpet. I så fall, må omlegging av bekken også være rekkefylgjekrav ved etablering av idrettshallen. Jf. Justerte reguleringsføresegner.

Bussløysing ved hovudvegen inngår i reguleringsplan for E39 og vert ivareteke der. I føresegnene er det lagt inn rekkefylgjebestemmingar som sikrar at dei nye gangvegane vist i plan vert etablert saman med byggetiltak på området.

I byggeperioden bør tilkomst til idretthallområdet kunne leggest heilt i sørkanten av Joplassvegen, og såleis vere minst mogeleg i konflikt med dagleg trafikk på campusområdet. Ei større utfordring vil det nok bli i byggefasen for nytt mediebygg og eventuell symjehallutbygging dersom idrettshallen då allereie er bygd.

Merknaden gir ikkje grunnlag for endringar i plan.

Høgskulen i Volda, brev av 11.01.2018:

Høgskulen i Volda er positive til bygging av Volda Campus Arena på Jopllassen fordi dette styrker aktivitetstilbodet i høgskuleområdet, og bidrar til at Volda blir ein meir attraktiv studiestad.

Høgskulen i Volda har følgjande kommentarar til reguleringsplanen:

Tilkomst og snuplass for buss

Høgskulen er positiv til at det er planlagt utviding av snuplassen i nordleg del av Joplassvegen slik at det blir betre forhold for buss, og at denne også kan nyttast til av-/påstiging for kollektivtrafikk til høgskulen og VCA. I dag er Joplassvegen tilkomst til sentrale campusfunksjoner på nordsida av snuplassen, men i plankartet er denne tilkomsten borte. Høgskulen ber om at planforslaget vert endra slik at dagens tilkomst til campusområdet og baksida av Berte Kanutte blir vidareført.

Parkering

I reguleringsplanen er det lagt opp til at VCA i stor grad nyttar høgskulen sin parkering utanom dagtid for å dekke kravet til parkeringsplassar. Høgskulen har stort press på sine parkeringar på dagtid og vurdere å innføre betalingsparkering på campus. Høgskulen ber om at kommunen stiller krav til forslagsstiller om å inngå avtale med høgskulen om bruk av parkeringsplasser og at den må inkludere eit samarbeid om eventuell betalingsparkering på campus og ved VCA.

I reguleringsplanen er det også lagt opp til å kunne aktivere grusbanene på høgskulens område nedanfor Henrik Kaarstad-huset for å dekke inn parkeringsbehovet ved store arrangement. Høgskulen motset seg dette. Tilkomsten til grusbanene er ikkje tilpassa særleg trafikk, og høgskulen fryktar smitteeffekt og villparkering på andre tidspunkt dersom det vert opna for parkering ved store arrangement.

Vidare skriv forslagsstillar at ein eventuell parkeringskjeller i utgangspunktet fordrar at dei andre aktørane i undervisningsclusteret som omkransar hallen bidrar til ei slik realisering. Leiinga vil melde at vi ikkje ser det som aktuelt å delta i bygging av parkeringskjeller. Av miljøomsyn meiner vi at den utfordringa høgskulen i dag har med parkering må løysast ved å redusere bilkøyning gjennom betalingsparkering og tilrettelegging for sykkel/kollektiv transport.

Tilkomst busshaldeplass E39

Høgskulen er bekymra over at gangfelt over E39 ikkje er tatt med i reguleringsplan for VCA. Tilkomsten til og frå den nye busshaldeplassen nord for Johs. Jacobsen AS er ikkje god. Det vil vere freistande for dei mjuke trafikantane å krysse E39 direkte. Dette vil gjelde både reisande til arrangement i VCA, studentar og tilsette på veg til HVO og trafikken mellom campus og studentsamskipnaden. Problemet ligg i planområdegrensa mellom reguleringsplan for E39 og reguleringsplan VCA og er ikkje handtert i nokon av desse.

Gang og sykkelveggar

Høgskulen er opptatt av tilrettelegging for at fleire skal gå eller sykle til campus, og ber om at ein sikrar ein heilskap for området ved at nye gangveggar vert kopla til nettverket på og rundt campus.

Estetikk

Høgskulen har i dag hovudinngang i enden av Joplassvegen og planlegg nytt mediebygg på tomte mellom Berte Kanutte og Strøm. Vi synes det er positivt at hovudinngangen til VCA er vendt mot høgskulen sitt område, og håpar estetikk vert vektlagt ved endelig utforming av bygget og uteområdet slik at området mellom bygningane vert hyggeleg og innbydande for studentar, tilsette og besøkande.

Høgskulen er uroa over volumet på bygningen slik det kjem fram i reguleringsplanen og vonar det er muleg å gjere det mindre dominerande ved å grave seg ned i terrenget og nytte visuelle verkemiddel i utforminga. Vi planlegg blant anna ein takterrase på det nye mediebygget som skal nyttast til fjernsynssendingar, og håper utsikta til VCA, Volda og Voldafjorden vil vere god reklame for bygda.

Byggeperiode

Då bygging av VCA kan komme samtidig som bygging av nytt mediebygg er det viktig med god planlegging av anleggsområdet, og at tilkomsten til høgskulen er tilfredsstillande i byggeperioden.

Høgskulen takker for invitasjon til å kome med merknadar til reguleringsplanen, og ser fram til ein god dialog i den vidare planlegginga og gjennomføringa.

Kommentar:

Planframlegget er justert litt ved planlagt bussrundkøyning for å ivareta eksisterande tilkomst til inngangen ved er Berte Kanutte og mot eksisterande bru.

Kommunen ser det som naturleg at Høgskulen/Statsbygg også har ei aktiv rolle i drøftingane om parkeringsdekning for området.

Samla sett vil det vere behov for meir parkeringsareal og avklaring av sambruk/vekselbruk av parkeringsareal i området ved dei planlagde utbyggingar som ein no legg opp til.

(Idrettshall/symjehall og nytt meidabygg).

Ynskje om å tilrettelegge meir av uteområda som grøntareal/park/aktivitetsareal og ikkje berre trafikk/parkeringsareal er også i alle si interesse.

Bussløysingar tilknytt hovudvegnettet må avklarast som del av reguleringsplan for E39 og kjem ikkje inn under denne reguleringsplanen.

Tilrettelegging for gåande/syklende er etter kommunen si vurdering godt ivareteke gjennom plan. Jf. Også tiltenkt sykkelparkering.

I byggeperioden bør tilkomst til idretthallområdet kunne leggest heilt til nedrekant av Jopllassvegen.

Merknaden gir ikkje grunnlag for endringar i plan.

Adv. Bjørn Kr. Hove, på vegne av eigar av gnr 19 bnr 779 og 884, brev av 14.12.2017:

Det vises til Volda kommunes vedtak 21. november 2017, samt tidligere innspill på vegne av Erik Røys 27. oktober 2017. Sistnevnte innspill fastholdes og gjøres til del av nærværende merknad, idet innen nå meddelt frist, dertil skal fremholdes følgende;

Ved forslaget vil Erik Røys' boligeiendom bli omkranset av gangveier. Selve beliggenheten nær inntil blant annet Høgskolen, gjør at gangtrafikken er betydelig og til korresponderende ulemper for boligeiendommen - både ute og inne. Som tidligere nevnt går det en gangvei over Høgskolearealet på oppsiden av våningshuset. Dessuten nyttes eiendommens gårdsvei som gangvei både av studenter og andre, i betydelig grad. Om der nå også skal komme en gangvei umiddelbart på nedsiden av våningshuseiendommen og helt inntil denne, vil Erik Røys' tunområde tilføres ulemper som ikke står i forhold til det som objektivt oppnås ved en slik løsning.

Det minnes i denne sammenheng om oreigningsloven § 2, 2. ledd og bestemmelsens imperativ. Videre at det ved reguleringsplanprosesser skal foretas slik gagn - skadevurdering som nedfelt ved bestemmelsen. Oreigningsloven § 2 annet ledd har slik ordlyd:

«Vedtak eller samtykke kan ikkje gjerast eller gjevast utan det må reknast med at inngrepet tvillaust er til meir gagn enn skade.»

Vedrørende praktiseringen av bestemmelsen minnes om at det under skadevurderingen skal legges en subjektiv vinkling til grunn (altså vil alle ulemper/skadeeffekter som subjektiv rammer Erik Røys og hans boligeiendom måtte vektlegges), mens gagnet skal vurderes på objektivt grunnlag- altså hva en objektivt oppnår ved løsningen. Ved gagnvurderingen skal sees bort fra søkerens spesielle interesser og alene vektlegges det som kan anses som en allmenn interesse.

De subjektive følgene (ulempene/skadene) av en slik ytterligere gangvei helt inntil Røys' tunområde/bolighus sier seg selv. De er subjektivt vurdert betydelige og skal vektlegges fullt ut under relevant vurdering.

Så vidt gjelder de objektive fordeler, gjør Erik Røys gjeldende at tjenlige gangveiløsninger kan oppnås ved alternativt trasevalg. Eksempelvis kan gangstiløsningen legges bak låven og så knyttes til den eksisterende gangveien på oppsiden av våningshuset over høgskolearealet og derfra videre ned til planlagt symje- og idrettshall. Et slikt alternativ vil være fullt ut tjenlig og dertil være en planfaglig god løsning. At det måtte bli en bagatellmessig lengre vei å gå for en del av de som slik skal nytte gangveien, gjør ikke at foreslått løsning kan legges til grunn som «tvillaust meir (til) gagn enn skade».

En noe kortere gangvei må vurderes som å være søkerens subjektive interesse, som det etter § 2, 2.ledd skal sees bort fra.

En viktig del av planprosesser er å lokalisere samt løse arealbrukskonflikter. Den løses her ved slik alternativ trase.

Foreslått løsning lar seg ikke forsvare ved konkret anvendelse av § 2, 2. ledd og skal samsvarende nektes.

*Vedrørende forståelsen av § 2, 2. ledd vil jeg bl.a. vise til Sandane/Keiseruds
Kommentarutgave til Oreigningsloven (Tano 1990).*

Kommentar:

I samband med planoppstart og planutforming var det frå same eigar også gitt tilsvarande innspel til planarbeidet, i høve gangveg mellom planlagt Idrettshall og Øyra skule. I Formannskapssak 199/17 (vurdering i høve utlegging til offentleg ettersyn) vart dette vurdert slik:

«Gangvegssystem:

Langs hovudvegen vert g/s-vegane vidareført som i dag. Det er vidare lagt til rette for fortausløyising på begge sider av Joplassvegen opp til og langs planlagt bygg. Desse når då også det interne gangsambanda i campusområdet.

Vidare er det planlagt ny gangveg frå bygget mot Porsemyrvegen/Volda Ungdomsskule og i nordre kant mot Øyra skule.

Dette vil kunne gje gode og direkte tilkomstar for desse viktige brukargruppene i idrettshallen.

I høve denne eine gangvegen, planlagt gangveg langs nordre kant, -mot Øyra skule, har kommunen motteke merknad frå nabo. Det gjeld Adv. Bjørn Kristian Hove, som på vegne av hus/tomte-eigar Erik Røys uttaler fylgjande i e-post den 27.10.2017:

Eg torer på slik bakgrunn be opplyst kvar i planprosessen ein no er?

Parten min motset seg framleggets løysing med gangveg over hans areal. Gangvegen vil utover å gå utover ei regulert boligtomt dessutan innebere nærføringsulemper utover det akseptable. I slik samanheng syner parten min til at der alt er ein gangveg på oppsida av våningshuset – mellom tunet der og Berte Kanutte-huset – og at den gangvegen like naturleg tek i vare aktuelt føremål.

Eg ber dette notert i saka og teke til følgje under den vidare planprosessen."

Kommunen gav i høve brevet førebelse tilbakemelding, jf e-post den 27.10.2017.

I sak 199/17 vart spørsmålet vurdert slik av kommunen:

«Når vi no har motteke endeleg framlegg til plan for området må ein også sjå nærare på denne løysinga og den eventuelle konflikt som gangvegløysinga kan medføre for naboar. Av omsyn til kortast muleg gangavstand og minst mogleg høgdeskilnad i slik ganglinje mellom skule og hall, finn eg det rett å tilrå at planlagt gangveg vert oppretthalden som vist.

Tunområdet på 19/779 er godt skjerma med vegetasjon/hekk, og tilsvarande løysing kan etablerast også for den ubebygde tomte, slik at nærføringsulempene vert minst mogleg.»



PLASSERING
PLANLAGT GANGVEG

Bilete frå området.

Kommunen held fast på løysinga med den regulerte gangvegen mot Øyra skule.

Gangvegen er viktig for å sikre god, kort og flat, gangtilkomst mellom Øyra skule og planlagt idrettshall/symjehall.

Mot eksisterande bustadeigedom er den planlagde gangvegen godt skjerma med hekk, og dette kan også om naudsynt forsterkast for å sikre mot mogelege ulemper frå vegen i form av støy og innsyn.

Den ubebygde tomte kan også skjermast mot eventuelle ulemper frå gangveg her.

Gangvegen vil bli liggande langs nordgrensa av denne eigedommen og det vil kunne bli etablert skjerma sone for uteplass både mot aust /sør og vest ved god planlegging av utbygging på denne tomte. T.d. vil trafikkareal og garasje vere naturleg å plassere mot planlagt gangveg.

Kommunen fin fordelane ved gangvegen større enn dei ulempene slik veg vil ha for tilgrensande eigedomar og held fast på vist planløyising.

Merknaden gir ikkje grunn til endring i plan.

Vurdering opp mot kommuneplan:

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.

Behovet for auka hall-kapasitet er sterkt påpeike i kommunedelplan for Fysisk aktivitet.

I fylgje M.R. Idrettskrets har Volda kommune den dårlegaste hallkapasiteten i fylket sett i høve til folketal og aktivitet.

Gjennom plan vil ein kunne legge til rette for slik tiltrengt utviding av hallkapasitet, som vil kunne dekkje idretten sine behov tilknytt hallaktivitetar, samtidig som ein vil gje gode tilbod til barne og ungdomstrinnet ved skulane i sentrum.

At planframlegget også legg til rette for mogeleg etablering av ny symjehall er særst viktig då bassenget ved Øyra skule er sanert bort, og eksisterande symjehall eigd av Statsbygg truleg vert lagt ned i løpet av få år.

Tilrettelegging for hall og ny symjehall vil elles kunne bidra til å -"Vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda, og å Utbetre kroppsovingfasilitetar ved Øyra skule og Volda ungdomsskule." slik det er lagt som viktige føringar i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Dette vil også vere viktig bidrag i høve til målsettinga i samfunnsplan om å :

- Styrke samarbeidet, stimulere og legge til rette for frivillige lag og organisasjonar, kultur og fritidsaktivitetar for alle.
- Utvikle nye arenaer for kultur og idrettsliv, og synleggjere tilboda lokalt og regionalt.
- Ivareta og styrke eldsjelene og stimulere fleire til deltaking i frivillig arbeid, omsorg, integrering med meir.

Slike anlegg vil klart også kunne bidra til at det vert enda meir attraktivt å busetje seg i Volda, og etablering vil også igjen vil ha positiv effekt på lokalt næringsliv og handel, der både utbygginga i seg sjølv og større arrangement med mykje publikum truleg vil slå positivt ut for utvikling i lokalt næringsliv.

Helse og miljøkonsekvensar:

Området er i overordna plan lagt ut til byggeformål.

Ingen kjende konflikter i området. Tiltaket vil medføre auka trafikk i/til området og vil gje auka press på parkeringssituasjonen i området. Det er i plan lagt til rette for den auka parkeringsbehovet på dagtid ved etablering av nytt parkeringsareal. Parkeringsbehov på kveld og helg er tenkt samordna med vekselbruk av eksisterande parkeringsareal ved høgskulen. Jf. Planomtalen.

Utbygging av tiltak etter plan vil kunne bidra til betra folkehelse, gjennom tilrettelegging for fysisk aktivitet og butrivsel.

Gode gangsamband sikrar trafikktrygge ferdselsårar mellom ulike aktivitetar i området. Bekken gjennom området vert teke vare på og gitt sentral plass i utforming av uteområde rundt planlagde bygg.

Nærare avklaring bli gjort gjennom plan og utbyggingsprosess, jf planføresegner.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vegløysing og annan infrastruktur:

Utbyggingsområdet er knytt til den eksisterande Joplassvegen, som også i dag er hovudtilkomst til Høgskuleområdet.

Vegen er etter planframlegget lagt om for å få tilfredsstillande kryssutforming mot Elvavegen (noverande E39). Vidar er vegen utvida i nord med utvida rundkøyringslomme tilpassa busstrafikk.

Her er det også lagt til rette for buss-stopp og p-areal for buss ved hallen.

Det er vist nytt gangvegssystem med direkte tilknytningar i retning Øyra skule (og mot Vidaregåande skule) og mot Ungdomsskulen.

Kommunal vassforsyning til området må oppgraderast - og overvatnet må anten førast via fordrøyningsanlegg til Djupegrova eller med nytt avløp til Øyraelva. Dette må avklarast nærare ved prosjektering av tekniske anlegg i samband med byggjesak/rammeløyvesøknad. Spillvatnet vert å knyte til offentleg nett langs sørlege plangrense, og her er det tilstrekkeleg dimensjonert for å takle aktuell utbygging.

Nærare avklaring av tilhøva knytt til vassforsyning og overvatn vert å kome attende til i samband med utarbeiding av endeleg teknisk plan for utbyggingsområdet. Dette er sett som vilkår i reguleringsføresegnene, jf pkt 4.1.1 l).

Det må også nærare avklarast om det vil vere behov for utbyggingsavtalar med kommunen i høve opprustingar av eksterne leidningsnett og elveløp, samt for omlegging av Joplassvegen/kryss med E39. Kommunen har i K-sak 19/18 den 1.03.2018 sagt fylgjande om dette:

«Det kan vere usikkerheitsfaktorar knytt til infrastrukturtiltak knytt til uteområde rundt hallen, og at det kan verte aktuelt at kommunen ev kan ta delar av dette som kommunalt prosjekt.»

Avfallshandtering

Ved søknad om rammeløyve /tiltak skal det visast korleis avfallshenting vert løyst. Vilkår knytt til dette er tatt inn i reguleringsføresegnene pkt 6.2 pkt. d, med slik ordlyd, før utlegging av plan:

Ved søknad om byggeløyve skal det visast løysing for søppelhandtering frå hallen og området tilknytt denne. Ordninga skal fortrinnsvis vere ved arrangement under bakken eller lokalisert inne i bygg.

Rekkefølgekrav

I føresegnene §6, er det teke inn fylgjande forslag til rekkefølgekrav:

- a) *SKV2 inkl. kryssløysing mot E39 samt snuplass/rundkøyring og parkeringsplassar skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for BOP1 og/eller BOP2.*
- b) *««Djupegrova» (VNV) skal omleggast og forbyggast i den grad det er naudsynt for å ivareta tryggleikssyn knytt til flaum/flaumskred for byggetiltak på områda BOP1 og BOP2, og seinast i samband med oppføring av symjehall på området.*
- c) *Tilstrekkjeleg vassforsyning inkl. brannsløkkevatn skal vere tilgjengeleg før det vert gjeve bruksløyve for BOP1 og/eller BOP2.*
- d) *Uteoppholdsareal BUT skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for BOP1 og/eller BOP2.*
- e) *Viste gangtilkomst etter plan skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for bygg i områda BOP1 og/eller BOP2.*

- f) *Før nybygg på områda BOP1 og BOP2 kan takast i bruk skal det vere på plass naudsynte avtalar om eventuell vekselbruk av p-plassar på dei to områda og høgskuleområdet/ Campus Arena.*
- g) *Før byggeløve vert gjeve skal det også vere avklara korleis tiltak knytt til opparbeiding av ekstern infrastruktur utløyser behov for utbyggingsavtalar med kommunen.*
- h) *Innanfor omsynssone flaum vist i plankartet kan det ikkje settast i gang byggetiltak i tryggleiksklasse F2 og F3 (TEK 17 §7-2) før sikringstiltak som ivaretek omsyna til tryggleik for flom, jf PBL §28-1, og TEK 17 § 7-2, er gjennomført med overføring av flaumvatn til Heltneelva*
- i) *Ved byggesøknad skal det ligge føre teknisk plan, der også plan for omlegging og forebygging av Djupegrova inngår. Omlegging og forebygging av bekken skal vere gjennomført i samsvar med godkjent plan før bygging av idrettshall eller symjehall kan settast i gang. Jf. framlegg til justerte føresegner, datert 13.03.2018.*

Parkeringsløyising:

Innan sjølve planområdet er det vist areal for til saman 35p-plassar for personbilar
I planomtalen er det sagt fylgjande om parkeringsbehov/dekning:

"I Kulturdepartementet sin rettleiar for planlegging og bygging av idrettshallar står følgjande om parkering:

«En tommelfingerregel kan være at antallet parkeringsplasser for bil innenfor en radius på 500m skal være 20% av antallet personer i anlegget. Det største behovet for parkeringsplasser vil normalt være på kvelder og i helger. Det bør vurderes om andre parkeringsplasser i området, for eksempel ved nærliggende skoler og bedrifter, kan benyttes for å dekke behovet for parkering ved de største arrangementene i anlegget»

På dagtid i virkedagane vil hallen i utgangspunktet verte nytta av skulane i nærområde. Dette betyr at brukarane av hallen i desse tidsroma i det vesentlege vil vere elevar, studentar og lærarar som har parkert ved skulen sin. På dagtid vil såleis hallen i liten grad generere eit parkeringsbehov.

Hallen vil imidlertid generere eit behov på kveldstid og i helgar/feriar dvs. når ordinær drift og parkeringsbehov i nærområdet i det vesentlege er fråverande. Med dette ligg det føre eit reelt grunnlag for å vurdere parkeringsbehovet basert på avvikande samtidsbruk.

Innanfor planområdet er det såleis satt av to parkeringsområde (SPP1 og 2) på terreng like ved hovudinngang, samt høve til etablering av parkeringskjellar under idrettshallen.

SPP1 er dimensjonert for 2 bussar og 2 HC-plassar, medan SPP2 er dimensjonert for ca 33 bilar.

Ein eventuell parkeringskjellar vil kunne ta ca 120 bilar. Samla parkeringskapasitet innanfor planområdet vil dermed kunne bli slik:

Med parkeringskjellar: 35 på terreng nord for hallen+ 120 i kjellar = 155 stk.

Utan parkeringskjellar: 35 på terreng nord for hallen +45 på terreng sør for hallen = 80 stk.

Ut frå avvikande samtidsbruk vil ikkje ein parkeringskjellar vere nødvendig for hallprosjektet isolert, men er teken med i plan som ei skissert løyising basert på ein ambisjon om vesentleg tilrettelegging for bilfri overflate i campus- og skuleområdet.

Eit garasjeanlegg vil t.d gjere det mogleg å konsentrere mykje av tilsettparkeringa for det samla undervisningsclusteret som omkransar hallen. Realisering av garasjeanlegget vil såleis i utgangspunktet fordre at dei andre clusteraktørane ynskjer å bidra til ei slik realisering t.d ved innføring av betalingsparkering eller anna direkte eller indirekte deltaking.

Legg ein til grunn kulturdepartementet si tilråding om 20% dekning, vil det ved store arrangement og 2500 personar i hallen vere behov for 500 parkeringsplassar.

Basert på oversikta ovanfor vil det då mangle ca 345 plassar dersom det vert bygd parkeringskjellar, eller 420 om denne ikkje vert bygt.

Figur nedanfor gjev ei oversikt over eksterne område som vil kunne nyttast, og som totalt sett har ein kapasitet på over 600 personbilar. Med dette er behovet for parkering ved store arrangement dekt med god margin uavhengig av om det vert bygt parkeringskjellar eller ikkje. Frå alle desse områda er det også opparbeidd eller planlagt opparbeidd fortau/gangveg til hallområdet som sikrar ein trygg tilkomst.

Det er elles ei målsetjing både lokalt og sentralt å fremje bruk av miljøvennleg transport. Eit godt utbygt gangvegssystem i kombinasjon med ei sentral, sentrumsnær plassering, legg tilhøva godt til rette for at heimepublikum kan la bilen stå ved større arrangement."



figur - Ekstern parkering

Administrasjonen sluttar seg i hovudsak til dei vurderingar som her er lagt til grunn med omsyn til parkeringsbehov og korleis dette kan løysast. Vekselbruk kan her gje svært stor effekt i høve arealutnytting og kapasitet.

I plan er det lagt grunnlag for moglege parkeringskjellar. I samarbeid med kommunen og Høgskulen og særleg ved innføring av betalingsparkering i området ville dette kunne vore ei god løysing som utløyse meir kapasitet og frigjorde areal på bakkenivå.

Ut frå ei kostnadsvurdering er det ikkje moglege å setje krav om parkeringskjellar for Idrettshallen. Det er heller ikkje avklara om det vert innført betalingsparkering i høgskuleområdet.

Kommunen finn at vist parkeringsareal i plan gjev tilstrekkeleg eigenparkering for idrettshallen sine behov på dagtid.

Ved utbygging av symjehall vil ein også kunne vurdere etablering av meir parkeringsareal sør for idrettshallen.

Alternativt bør ein vurdere å utvide parkeringsarealet for området med meitr areal i området aust for Åsenbygget og andre stader i campusområdet.

Dette bør ein sjå nærare på i vidare prosjektering .

Lokalisering av hallen i dette sentrumsnære området gir grunnlag for gode kommunikasjonar og gangavstand både i høve til skular, andre idrettsanlegg og store buområde, og kan såleis legge grunnlag for å gå og sykle til området og redusert bilbruk i kvardagen. Tilrettelegging for auka sykkelbruk er teke inn i føresegnene til plan. Slikt anlegg bør ligge sentralt ved hovudinngang, ha tilstrekkeleg kapasitet og vere under tak.

Samla sett finn vi at det i plan er lagt grunnlag for tilfredsstillande trafikkavvikling og parkeringsløyising, ved m.a. tidsmessig vekselbruk av samla p-areal elles i området.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

I planomtalen står det m.a. fylgjande om dette, jf pkt 7.4:

«Prosjektering, bygging og drift av ein evt. symjehall inkl. omlegging av «Djupegrova» er ei kommunal oppgåve. Det same gjeld framføring av vatn med tilstrekkeleg kapasitet og trykk. Det vil også vere naturleg at kommunen bidreg økonomisk til oppgradering av Jopllassvegen med kryss og snuplass - samt overtaking for drift og vedlikehald.

Når det gjeld eventuell bygging av symjehall på området må dette utgreiast som eiga sak. Planframlegget no legg berre eit arealmessig grunnlag for slik utbygging. Areal vist i illustrasjonsplan er henta frå standard-modellar for slike anlegg. «

Det vert no prioritert å få i gang ein eigen prosess med sikte på utforming av forprosjekt for ny symjehall, for å få betre avklara arealbehov og kostnader, samt mulegheitene for synergjar knytt til felles utbygging. Ma. kan det vere store mulegheiter knytt til energi-økonomisering i to slike anlegg bygd inntil kvarandre.

I høve søknaden finn ein også grunn til å vise til kommunestyret sitt vedtak den 24.11.2016, i sak PS 143/16, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret ser med positiv interesse på at Volda Campus Arena AS byggjer og driv idrettshall i Volda sentrum. Utgreiing av ny hall i kommunal regi vert å legge på vent til Campus Arena er avklart.*
- 2. Kommunestyret er innstilt på å gi investeringstilskot som årleg tilskot i 40 år tilsvarande renter og avdrag for eit lån på kr 30 millionar over 40 års nedbetalingstid.*
- 3. Kommunestyret er innstilt på at kommunen forhandlar om leige av lokale for kroppsøvings elevane i grunnskulen.*
- 4. Føresetnaden for å gå inn med investeringstilskot og leige kroppsøvingslokale er at det er gangavstand til Øyra skule og Volda ungdomsskule, samt at totaløkonomien i prosjektet er realistisk og herunder leigeprisen ligg på eit nivå som for alternative løysingar for kommunen. Vidare vil det vere ein føresetnad for kommunen at hallen kan planleggjast slik, dersom tomta gir rom for det, at den kan byggjast på med eit opplæringsbasseng med sambruk av fellesanlegg, garderober mv. Det må også avklarast om prosjektet skal ta omsyn til framtidig behov for symjeanlegg med 25M konkurransebasseng.*
- 5. Dersom Volda Campus Arena AS byggjer hallen på Jopllassen ved Høgskulen, så er Volda kommunestyre innstilt på å stille til disposisjon tomteareal under føresetnad av at prosjektet ikkje kjem i konflikt med utvikling av Høgskulen.*
- 6. Volda kommunestyre kjem attende til kva som skal skje med Voldahallen etter at utbyggingsplanane for ny hall i regi av Volda Campus Arena AS er klarlagt.*
- 7. Avtalen mellom grunneigar og Campus Arena As må vere kjend for Volda kommune innan avtalen vert inngått."*

I forslag til planutforming er det teke høgde for dei føresetnader som her er gitt.

Det er såleis avklara i prosessen at etablering av hall i området vil kunne dekkje kommunen sine behov knytt til Øyra skule og Ungdomsskulen.

Vidare er det opna for at ein hall i dette området også skal kunne nyttast av Vidaregåande skule og at Fylkeskommunen vil kunne gå aktivt inn i prosjektet. Høgskulen si rolle i høve til prosjektet er ikkje endeleg avklara, men det er klargjort at etablering av Idrettshall i det aktuelle område er akseptabelt sett i høve til Høgskulen sin campusplan.

Kommunestyret har seinare i sak 19/18 den 1.03.2018 gjort fylgjande vedtak knytt til økonomien i prosjektet:

«Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gjev Volda kommune garanti til Volda Campus Arena AS for eit lån pålydande kr. 45 000 000,- i Sparebank 1 Søre Sunnmøre, i samsvar med lånetilsegn datert 10.01.2018.

Garantien vert gitt på slike vilkår:

- 1. Garantien er ein sjølvskyldnargaranti*
- 2. Garantien gjeld for inntil 25 år*
- 3. Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet*

Volda kommune garanterer for forskotering av spelemidlar pålydande 29,6 mill kr.

Midlane vert finansiert med bruk av disposisjonsfond og vert utbetalt når tilskot er innvilga.

Volda kommune har som intensjon å etablere ein 20 års leigeavtale med Volda Campus Arena. Ein føresetnad for ein slik avtale og garanti for lånet er at Møre og Romsdal fylkeskommune forpliktar seg til tilsvarande langsiktig leigeavtale på 20 år.

Volda kommune garanterar for spelemidlar pålydande kr 29.6 mill - jfr Retningslinjer om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet pkt 2.2.4.»

I same kommunestyresak er det i teksten sagt fylgjande om eksterne infrastrukturiltak som det vil vere behov for tilknytt etablering av idrettshal/symjehall:

«Det kan vere usikkerheitsfaktorar knytt til infrastrukturiltak knytt til uteområde rundt hallen, og at det kan verte aktuelt at kommunen ev kan ta delar av dette som kommunalt prosjekt.»

Dei tiltak som her må etablerast for å gje god funksjonalitet og tryggleik for brukarar av området, og etterkomme rekkefylgjekrava i plan er m.a fylgjande:

Omlagging /justering av Joplassvegen x Elvegata.

Etablering/omlegging av gangtilkomst til hovudinngang Idrettshall/symjehall.

Etablering av snuplass /rundkøyring for buss.

Etablering av parkeringsareal for sykkel, personbilar og buss i samsvar med plan.

Omlagging og flaumsikring av bekken Djupegrova gjennom planområdet.

Etablering av gangveg mot Øyra skule.

Etablering av gangveg mot Volda Ungdomsskule/Opprusting av del av Røystunveg med gangveg.

Parkmessig opparbeiding av uteområde.

Naudsynt opprusting av vassforsyning til området. (dimensjonering for brannsikring m.v.)

Naudsynt oppgradering av tilførselsnett for overvatn og spillvatn.

Samla kostnad for slik opparbeiding er ikkje utarbeidd, då alle tekniske føresetnader ikkje er avklara enno. Det er sett i gang utgreiing knytt til dette. Volda Campus Arena AS har i dei kostnadsoverslaga som har vore presentert for hallen ikkje med infrastrukturkostnader.

Rådmannen oppfattar det slik at selskapet førest at kommunen tek ansvar for desse kostnadene. Dette må handamast i eiga sak og regulerast i ei eiga avtale med Volda Campus Arena AS. Uavhengig av kven som skal koste infrastrukturen er det viktig at desse anlegga inngår i felles entreprise, og ev med delt kontrakt dersom kommunen skal vere utbyggjar.

Kommunen sine kostnader knytt til drift av anlegget vert ei eiga sak sett i høve til leigekontrakt/brukstid i ferdig hall. Her vil også Fylkeskommunen og høgskulen sin bruk av hallen nærare avklarast før ein kjenner endelege kostnader.

I forslag til bruksavtale frå Volda Campus Arena er kommunen sin leige vurdert slik:

«Kommunale skular sin bruk er avgrensa til tidsramma måndag til fredag, frå kl. 08.00 til kl. 15.00 i skuleåret sine veke. Kommunale skular får rett til å bruke hallen 80 brukstimar pr. veke og Minisal/aktivitetssal 14 brukstimar per veke.

I samarbeid med eigar skal kommunale skular kome fram til ein bindande plan for brukar sin bruk av anlegget det påfølgande skuleåret, innan veke 25 kvart år. Udisponert tid innan kommunale skular si tidsramme tilfalle eigar i sin heilheit. Om skulen får eit endra behov for leige av hallen må avtalen reviderast før avtaleperioden er utløpt.

For den tida brukar sikrar seg ein rett til, på vegner av dei kommunale skulane, gjev brukar eit årleg driftstilskot på totalt 1.508.000 kroner. Driftstilskotet skal årleg justerast ifølge kommunal deflator. Pengane utbetalast med fire like beløp per år, utbetalt forskotsvis årleg i februar, mai, august og november.

Det er også ein intensjon at det skal bli inngått ein avtale der Volda kommune sikrar den organiserte barne- og ungdomsidretten i Volda retten til bruk av idrettshallen utanom ordinær skuletid.»

Forslag til leigeavtale vil verte fremja som eiga sak for kommunestyret.

Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen finn for sin del at planframlegget i all hovudsak har teke høgde for dei føresetnadane kommunen la til grunn i kommunestyresak 143/16, den 24.11.2016, og ved planoppstart, jf. referat frå oppstartmøte og Formannskapsak 33/17 frå møte den 21.02.2017.

Planutforming er i samsvar med gjeldande retningsliner, og prosess tilknytt planarbeidet er gjennomført i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12- 8.

Dei aktuelle behov for nærare utgreiing og avklaring av i høve infrastrukturtiltak er det i stor grad teke høgde for i justerte reguleringsføresegner.

Usikkerheita knytt til parkering er knytt til den samla utbygginga på området.

All avklaring av tilhøva knytt til vassforsyning og overvatn har det ikkje vore muleg å få fullstendig utgreidd før fremjing av plan, og vert å kome attende til i samband med utarbeiding av endeleg teknisk plan for utbyggingsområdet.

Framlegg til endringar nemnt ovanfor er teke inn i justert planframlegg 13.03.2018.

Planen vert med desse endringane tilrådd fremja for slutthandsaming i samsvar med plan og bygningslova §12-12.

Rune Sjugard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Går som melding til sektor Utvikling - plan, for kunngjering av plan.

Kopi:

Statsbygg

Høgskulen

Mørenett

P. Mulvik as

Volda Campus arena as

Oppvekstsjefen

Teknisk sektor


post@hoveco.no.....

FORSLAGSSTILLAR:
VOLDA CAMPUS ARENA
AS

PLANOMTALE:
FRAMLEGG TIL DETALIREGULERING FOR:

Volda Campus Arena – idrettshall på
Ioplassen gbnr.19/807 m.fl. – Volda.
PlanID: 1519-2017002

DATO 14.05.2018




mulvik
www.mulvik.no

Innhold

1	SAMANDRAG	3
2	BAKGRUNN	3
2.1	Målet med planen	3
2.2	Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold	4
2.3	Tidlegare vedtak i saka	4
2.4	Utbyggingsavtalar	4
2.5	Krav om konsekvensutgreiing	4
3	PLANPROSESSEN	4
3.1	Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram	4
4	PLANSTATUS OG RAMMER	5
4.1	Overordna planar	5
4.2	Gjeldande reguleringsplan	6
4.3	Tilgrensande planar/planar under arbeid	7
4.4	Temaplanar	7
4.5	Statlege planretningslinjer/rammer/føringar	7
5	SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE	7
5.1	Lokalisering	7
5.2	Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk	8
5.3	Stadens karakter	9
5.4	Landskap	9
5.5	Kulturminne og kulturmiljø	10
5.6	Naturverdiar	10
5.7	Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde	10
5.8	Landbruk	10
5.9	Trafikkforhold	10
5.10	Barn sine interesser	11
5.11	Sosial infrastruktur	11
5.12	Universelt tilgjenge	11
5.13	Teknisk infrastruktur	11
5.14	Grunnforhold	12
5.15	Støyforhold	12
5.16	Luftforureining	13
5.17	Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)	13
6	SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET	13
6.1	Planlagt arealbruk	13
6.2	Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål	14
6.3	Bebyggelsen si plassering og utforming	17
6.4	Bumiljø/bukvalitet	20
6.5	Parkering	20
6.6	Tilknytting til infrastruktur	22

6.7	Trafikkløysing	22
6.8	Planlagde offentlege anlegg	23
6.9	Miljøoppfølging	23
6.10	Universell utforming	23
6.11	Uteoppfallsareal	23
6.12	Landbruksfaglege vurderingar	23
6.13	Kollektivtilbod	24
6.14	Kulturminne	24
6.15	Plan for vatn og avløp samt tilknytning til offentlig nett	24
6.16	Avbøtande tiltak/løysingar ROS	24
6.17	Plan for avfallshenting	27
6.18	Rekkefølgjekrav	27
7	VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET	27
7.1	Overordna planar	27
7.2	Landskap og omgjevnader	27
7.3	Staden sin karakter	27
7.4	Estetikk	27
7.5	Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi	28
7.6	Tilhøvet til naturmangfaldslova	28
7.7	Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde	28
7.8	Trafikkforhold	28
7.9	Sosial infrastruktur	29
7.10	Universell tilgjengelighet	29
7.11	Energibehov – energibruk	29
7.12	ROS	29
7.13	Teknisk infrastruktur	29
7.14	Økonomiske konsekvensar for kommunen	30
7.15	Konsekvensar for næringsinteresser	30
7.16	Interessemotsetnader/konflikttema	30
7.17	Avveging av verknader	31
8	KONSEKVENSTUTGREIING	32
9	INNKOMNE INNSPEL TIL VARSEL OM PLANOPPSTART	32
9.1	Innspele (samandrag med kommentar)	32
9.1.1	Innspele 1: Møre og Romsdal fylkeskommune (datert 24.04.2017)	32
9.1.2	Innspele 2: Fylkesmannen i Møre og Romsdal (datert 24.04.2017)	32
9.1.3	Innspele 3: NVE (datert 21.04.2017)	32
9.1.4	Innspele 4: Røystunet burettslag (datert 30.04.2017)	33
9.1.5	Innspele 5: Statsbygg (datert 24.04.2017)	34
9.1.6	Innspele 6: Statens Vegvesen (datert 06.02.2017)	34
9.1.7	Aksel Farstad – gbnr. 19/97	35
10	AVSLUTTANDE KOMMENTAR	35

Vedlegg:

1. 2413 Plankart
2. 2413 Reguleringsføresegner
3. 2413 Sjekkliste ROS
4. 2413 Referat frå oppstartsmøte
5. 2413 Vedtak om planoppstart
6. 2413 Varslingsbrev med vedlegg
7. 2413 Varslingsannonse
8. 2413 Innspel/merknader til varsel om planoppstart
9. 2413 Sol-/skuggeanalyse (illustrasjon)
10. 2413 Arkeologisk rapport
11. 2413 Støyrapport
12. 2413 Landskap og omgjevnader
13. 2413 Eksisterande bebyggelse
14. 2413_901 Illustrasjonsplan (illustrasjon)
15. 2413_101 Snitt A (illustrasjon)
16. 2413_102 Snitt B (illustrasjon)
17. 2413_103 Snitt C (illustrasjon)
18. 2413_104 Snitt D (illustrasjon)
19. 2413_105 Snitt E (illustrasjon)
20. 2413_Fjernverknader_3D-modell (illustrasjon)

1 SAMANDRAG

På vegne av Volda Campus Arena AS i Volda fremjar ein med dette framlegg til detaljreguleringsplan for idretts- og symjehall på gnr.19 bnr.807 m.fl på Joplassmarka i Volda kommune. Planen med namnet «Volda Campus Arena – idrettshall på Joplassen gbnr.19/807 m.fl» har planID «1519-2017002», er utarbeidd i samsvar med overordna plan og så langt mogleg innkomne merknader. Det er nytta arkitektfagleg kompetanse m.a for å sikre at rammene i planen møter oppdragsgjevar sine behov utan unødig ulempe for omgjevnadane. Etter vårt syn er prosjektet optimalisert både gjennom val av bygningsform, plassering/ orientering på tomte, høgder m.m. Verknader av tiltaket er synleggjort gjennom ulike illustrasjonar.

Undervegs i prosessen har det vore samtalar og møte både med utviklingsavdelinga i kommunen, Statens vegvesen og Statsbygg for å finne gode løysingar. Vi vurderer med dette saka som tilstrekkeleg opplyst og ser fram mot ei positiv vidare handsaming.

2 BAKGRUNN

2.1 Målet med planen

Kapasitet og tilstand til eksisterande idretts- og symjeanlegg i Volda har utløyst behov for eit nyanlegg, og det har vore arbeidd lenge for å finne ein eigna stad for dette både i offentleg og privat regi. Gjennom skipinga av VCA ønskjer idretten i Volda å etablere eit slik anlegg på Joplassen/Røysmarka då dette arealet ligg sentralt plassert i høve både barneskulen, ungdomsskulen og høgskulen. I tillegg er plasseringa ved

E39 gunstig med tanke på tilkomst både for bil, buss og gåande. Anlegget er meint å skulle dekkje idretten sitt eige behov samt å kunne leigast ut til kommunen, fylkeskommunen, høgskulen og andre.

Volda Campus Arena vil bli ein moderne idretts-/fleirbrukshall med to speleflater og publikumskapasitet på 2000-2500. Anlegget vil oppfylle krav til eliteseriespel i handball og internasjonale krav for volleyball. Øvrige fasilitetar tilknytt hallen vil vere: møterom- kontor - undervisningsrom – klubblokale. I tillegg er det avsatt areal til ein evt. symjehall i kommunal regi. Anlegga blir primært brukt til skule/undervisning på dagtid og fritidsaktivitetar på kveldstid og i helgane.

Selskapet Volda Campus Arena AS er etablert med formål om etablering og drift av idrettsarena for hallidrettane i Volda. Selskapet si verksemd er ideell og økonomisk resultat/overskot i ei kvar form eller omfang skal tilkome selskapet sitt formål. Selskapet er eigd Volda Handballklubb (50%) og KFUM Volda Volley (50 %) som tilsaman har 500-600 medlemmar

Prosjektet legg til rette for at skulane i området kan oppretthalde eit godt og lovpålagt tilbod til elevane. Idrettshallen skal planleggast, byggast ut, eigast og driftast av VCA, medan ein eventuell symjehall vert eit kommunalt prosjekt.

2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold

Forslagsstillar er Volda Campus Arena AS (VCA) med Per Mulvik AS som plankonsulent og Nordplan AS som arkitekt. VCA eig gbnr.19/807 medan Volda kommune eig hovuddelen av det øvrige arealet innanfor plangrensa. Mindre område er i privat eige.

2.3 Tidlegare vedtak i saka

- 24.11.2016: K-sak 143/16: Vedtak i k-styret om mogleg vidare kommunal medverknad.
- 09.02.2017: Oppstartsmøte/førehandskonferanse.
- 21.02.2017: PS 33/17: Vedtak i f-skapet om oppstart av planarbeid.

2.4 Utbyggingsavtalar

I samband med opparbeiding av tekniske anlegg (veg, vatn og avløp) vil det bli inngått utbyggingsavtale med kommunen etter nærare avtale. Kunngjering av dette vil kome på eit seinare tidspunkt.

2.5 Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. Sidan både formål og avgrensing er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn, er det ikkje behov for konsekvensutgreiing – jfr. referat frå oppstartsmøte.

3 PLANPROSESSEN

3.1 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram

Formell saksgang i samsvar med reglane i plan- og bygningslova sikrar at kravet om medverknad vert ivareteke gjennom lovfesta høyringar og offentleg ettersyn. Det er ikkje sett krav om planprogram.

Oppstartsmøte

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 09.02.2017. Referat frå møtet er vedlagt.

Varsel om oppstart

Varsel om oppstart vart kunngjort i Møre og ved varslingsbrev datert 07.03.2017 med merknadsfrist 24.04.2017. Varslingsbrev og annonsetekst er vedlagt.

Grunna manglar i heimelshavarlista vart det 23.03.2017 sendt ut utvida varsling med frist 01.05.2017. Etter krav frå SVV om utvida planområde, vart det 07.07.2017 halde synfaring/møte for eigarane av gbnr. 19/97 som då vart naboar til tiltaket.

Innspel til varsel om planoppstart

Varsel om oppstart gav 6 innspel (vedlagt) som alle er vurdert og kommentert i planomtalen. Ein har også oppsummert og kommentert eigarane av 19/97 sine synspunkt ved synfaringa sjølv om det ikkje er levert inn formell skriftleg merknad.

Vidare saksgang

Etter handsaming av planframlegget i kommunen og vedtak om utlegging til offentleg ettersyn, vart framlegget sendt til berørte partar for uttale normalt med ein frist på 6 veker etter utsending.

Etter høyringsfristen vart framlegg til reguleringsplan evnt. justert i samsvar med innkomne innspel før endeleg kommunal handsaming. Nedanfor er ei enkel oversikt over planprosess med planlagt framdrift.

Planfase	Medverknad	Tid
Oppstartmøte	konsulent/kommunen	09.02.2017
Varsel om oppstart av planarbeid, med annonse i avis, kunngjering på kommunen si nettside og varslingsbrev til berørte partar.	konsulent	Varslingsbrev: 07.03.2017 / 23.03.2017 Kunngjeringsannonse: 11.03.2017 Merknadsfrist: 24.04.2017 / 01.05.2017
Vurdering av innkomne merknadar	konsulent	Mai 2017
Utarbeiding av planforslag	konsulent	Mai – oktober 2017
Oversending av planframlegg til kommunen	konsulent	Oktober 2017
Kommunal handsaming om utlegging til offentleg ettersyn/høyring (frist 12 veker).	kommunen	Oktober-november 2017
Offentleg ettersyn/høyring (6 veker)	kommunen	November - desember 2017
Handsaming av merknader og ev. godkjenning av plan.	kommunen	Desember 2017- januar 2018
<i>Ev . endring av planforslag og nytt kommunen/konsulent offentleg ettersyn.</i>		

4 PLANSTATUS OG RAMMER

4.1 Overordna planar

Kommuneplanen sin arealdel /kommunedelplanar


Planområdet ligg i PlanID: 2007010 - «Kommunedelplan for Volda sentrum» innanfor sona for unntatt rettsverknad. Det er dermed reguleringsplanen som har rettsverknad/er gjeldande for området.



Figur 1 Utsnitt fra gjeldende kommunedelplan inkl. plangrense ved varsling

4.2 Gjeldende reguleringsplan

Gjeldende plan for området er «Røysmarka – planID 1995002» der planområdet i hovudsak inngår i O7 avsett til offentlig bygg/undervisning. I tillegg er det lagt inn trasear vestover for å sikre gangsamband med skulane. I gjeldende plan er desse traseane regulert til bustadføremål, offentlig friområde og køyreveg.



Figur 2 Utsnitt fra gjeldende reguleringsplan inkl. plangrense ved varsling

Gjeldende plan set krav om utarbeiding av bebyggelsesplan før utbygging som skal vise plassering og utforming av bygningar, avkøyrslar, køyreveggar, gang- og sykkelveggar, parkeringsplassar, grøntareal m.m samt høgdeoppriss av nye bygningar i forhold til omkringliggende bygningar. Planen skal vidare ivareta omsynet til trafikkstøy frå E39 der naudsynte fysiske tiltak innarbeidast i plan. Sidan omgrepet

bebyggelsesplan er gått ut vurderast gjeldande plan som ein områdeplan med krav om detaljregulering før utbygging.

4.3 Tilgrensande planar/planar under arbeid

Området f.o.m Elvegata/Rv651/E39 og sørover ligg innanfor reguleringsplanen «Elvadalen» med planID 1997004. Aust for planområdet arbeider Statens vegvesen med reguleringsplanen «Furene-Volda». I dialog med SVV er grensa mellom planane, samt formålsgrenser og planformål avklart og samkøyr.

4.4 Temaplanar

Det føreligg etter vår kjennskap ingen temaplanar med relevans for saka.

4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar


Planarbeidet er basert på gjeldande plan- og bygningslov med forskrifter, rettleiingar samt andre aktuelle lover med forskrifter. I tillegg er SVV sine handbøker nytta ved utforming av vegar og kryss.

5 SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE


5.1 Lokalisering

Lokalisering

Planområdet ligg på gnr.19 bnr.807 m.fl på Jopllassen/Røysmarka like aust for sentrumskjernen i Volda.



Figur 3 Oversiktskart med avmerkt planområde.



Figur 4: Varsla plangrense (blå), justert grense (raud)

Avgrensing og storleik på planområdet

Varsla planområde utgjorde om lag 14,4 daa med slik avgrensing: Formålsgrænse for O7 i gjeldande områdeplan med stripetillegg vestover for å sikre nødvendig areal til sambinding mot skular og offentleg gangvegssystem. I tillegg til eigedomane 19/807, 821 og 978 innanfor O7 omfattar planområdet også gbnr.19/821, 978 samt delar av bnr. 600,601,602,604,883,884,887,889 m.fl.


Grunna krav frå SVV og i samråd med Statsbygg er plangrensa seinare utvida til også å femne om Joplassvegen med snuplass, samt del av E39/ Elvegata.

Justert område utgjør omlag 17,8 daa og ny nabo på gbnr.19/97 er etter avtale med kommunen orientert ved møte/synfaring.

5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Sjølvje planområdet er i hovudsak ubebyggt dyrkamark, medan nordre korridor vestover mot Øyra Skule kryssar gbnr.19/884, Røystunvegen og bustadtomt gbnr.19/883. Korridoren mot ungdomsskule i sør kryssar ein flik av bustadtomt gbnr.19/829, friområdet på gbnr.19/887 og Røystunvegen mot Porsemyrvegen. Friområdet er opplyst å tene som leikeplass for Sameiget Røystunet, men er ikkje utstyrt som leikeplass og ber heller ikkje preg av å vere i bruk.

Planområdet grensar mot bustadar i vest, høgskulebygg i nord og trafikkareal elles.



Figur 5: Ortofoto av varsla planområde og omgjevnader

5.3 Stadens karakter

Struktur/estetikk/byform/eksisterende bebyggelse

Vedlegg nr.12 og 13 viser eksisterende landskap og bebyggelse rundt planområdet med Berte Kanuttebygget i nord med si karakteristiske form, ubehandla lerkekledning og taktekking av sink. Vest for Berte Kanutte er nye Øyra barneskule no ferdigstilt med kvit betongfasade og flatt tak. Vest for sjølve planområdet – og inntil plangrensa - er det bustadar i form av eine-, 2- og 4-mannsbustadar med saltak og liggande kledning.

Joplassvegen i aust er teken inn i planområdet, og aust for tilgrensande parkeringsplassar for HiVolda ligg høgskulebygga «Hans Strøm» og «Ivar Aasen» - oppført som distriktshøgskule på 70-talet. Dette er enkle bygningar med flatt tak og fasader av betongelement.

Mellom Berte Kanutte og Lettbygget er det elles under planlegging eit høgskulebygg (Mediebygget) med eit moderne arkitektonisk uttrykk med m.a stort innslag av glas i fasaden.

5.4 Landskap

Topografi og landskap

Planområdet fell svakt mot sørvest med mellom 1:20 og 1:15. Gjennom tomte renn «Djupegrova» som munnar ut i «Øyraelva» ved enden av Røysbakken.



Figur 6: Dronefoto frå aust mot vest med krysset E39/Joplassvegen i nedre biletkant. I bakgrunnen frå venstre mot høgre: Volda ungdomsskule, Øyra barneskule og Berte Kanuttebygget (HiVolda).



Figur 7: Dronefoto frå nord mot sør med Berte Kanuttebygget i nedre biletkant, «rundkøringa» i enden av Joplassvegen og Statsbygg sine parkeringsplassar til venstre. Tvers over bilete bekken «Djupegrova» med kantvegetasjon.

Solforhold/lokalklima

Området vender mot sørvest, er svært solrikt og utan lokalklimatiske forhold ein treng å ta særleg omsyn til.

Estetisk og kulturell verdi

Gjennom området renn elva «Djupegrova» som kan tilleggast ein estetisk verdi - utover dette ingen.

5.5 Kulturminne og kulturmiljø

Ifølgje tilgjengelege kartbasar (www.kulturminnesok.no) er det ingen registrerte kulturminne i planområdet. I samband med utviding av Høgskulen vart det i 1994 gjennomført arkeologiske registreringar utan funn. På bakgrunn av dette har MR-fylke trekt tilbake kravet om arkeologiske registreringar

5.6 Naturverdiar

Kartbasar som www.naturbase.no avdekkjer ingen registrerte artar av forvaltningsinteresse i eller ved planområdet, men som nevnt ovanfor kan «Djupegrova» sjåast på som ein naturverdi.

5.7 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde

Sjølve planområdet har, etter det vi kjenner til, ingen særleg verdi som rekreasjonsområde.

5.8 Landbruk

I følgje www.skogoglandskap.no består planområdet av fulldyrka jord med lauvskog langs elvestrengen gjennom planområdet (Djupegrova).

5.9 Trafikkforhold

Avkørsle/tilkomst til planområdet

Planområdet både grensar til og omfattar delar av E39/Elvegata samt Joplassvegen. Sjølve byggeområdet får avkørsle frå Joplassvegen og krysset Joplassvegen/E39 vert oppgradert.

Vegsystem

Joplassvegen er ein 125m lang kommunal blindveg tilknytt E39/Elvegata og opparbeidd i samsvar med gjeldande plan fram til snuplassen («rundkøyiringa») ved Berte Kanuttebygget. Rundkøyiringa er dimensjonert for liten lastebil og regulert snuplass i enden av Joplassvegen er ikkje opparbeidd.

Joplassvegen tener som hovudtilkomst for tilsette og studentar ved Høgskulen, samt bustadeigedomen gbnr.19/97. Vegbreidda er 6m med 3m gang- og sykkelveg skilt frå køyrebana med ein 3m brei grønttrabatt. Vegen munnar elles ut i E39/ Elvegata som vidare austover er under omregulering i samband med SVV si planlegging av Voldatunnelen. E39 har fartsgrense 50km/t.

Trafikkmengde

I følgje Statens vegvesen har E39 ein ÅDT (årsdøgnsrafikk) på ca 9000 forbi planområdet og SVV ventar inga endring i dette som følgje av planlagd omlegging av E39. ÅDT for Joplassvegen er ikkje kjend, men som blindveg er trafikkmengda begrensa sjølv om det i periodar er fullt på parkeringsplassane.

Ulykkesituasjon/trafikktryggleik for mjuke trafikantar

I følgje SVV sin base er det ingen registrerte ulukker i eller ved krysset Joplassvegen/E39, men i rundkøyiringa omlag 150m lenger aust har det vore hendingar med ingen eller lettare personskade. I 2015 var det ein kollisjon utan personskade i krysset mellom Anders Vassbotnvegen og E39. Med gang- og sykkelveg både langs E39 og Joplassvegen vurderast tryggleiken for mjuke trafikantar som god og SVV sine planar for ny rundkøyiring vil venteleg auke tryggleiken der yttarlegare.

Kollektivtilbod

Det går ringrute og skulerute langs E39 sør for planområdet med busstopp for austgåande rute omlag 80m vest for krysset Joplassvegen/E39 og for vestgåande omlag 80m aust for krysset. Planendringa for E39 Volda-Furene inkluderer busslomme på begge sider av vegen i aust.

5.10 Barn sine interesser

Hovuddelen av planområdet har etter vår kjennskap ingen særleg verdi for barn og unge, men eit område på gbnr.19/887 regulert til offentleg friområde vert opplyst å fungere som nærleikeplass for bebuarane på gbnr.19/882 (Røystunet borettslag). Området er imidlertid verken opparbeidd eller utstyrt som leikeplass.

5.11 Sosial infrastruktur

Skulekapasitet/barnehagedekning

Ikkje relevant utifrå planlagt formål.

Butikk

Like aust for planområdet finnast nærbutikk – forøvrig kort veg til sentrum.

5.12 Universelt tilgjenge

Planområdet er ikkje universelt tilgjengeleg i dag, men ligg topografisk godt til rette for dette.

5.13 Teknisk infrastruktur

Vatn og avløp

I trasè for gang- og sykkelveg langs E39 ligg kommunale leidningar for både vatn, spillvatn og overvatn, men i følgje kommunen leverer vassleidningen for lite trykk og mengde til planlagt formål. Også overvassleidningen har for liten kapasitet og kommunen melder om at overvatn frå planområdet anten må førast i eiga leidning til «Øyraelva» eller via fordrøyningsanlegg til «Djupegrova». Spillvassleidningen kan tilknytast.

Trafo

Mørenett har som høyringspart ikkje kome med innspel. Ein legg difor til grunn at straumforsyning til området er eller blir ivarettatt.

Energiforsyning og alternativ energi, fjernvarme m.m

Planområdet er ikkje underlagt krav om tilknytning til fjernvarmenett.


5.14 Grunnforhold

Stabilitetsforhold

NGU sine lausmassekart syner at delar av planområdet ligg i sona for marin strandavsetning med stort sannsyn for marin leire.

Med grunnlag i tidlegare registreringar og dokumenterte grunnboringar i området vurderer vi området avklara set i høve til fare for kvikkleireskred. jf utsjekk i høve til rettleiar 7/2014, kap. 4.5 pt. 1-10, pkt 6.

- krav til vidare grunnundersøking - er berre knytt til byggegropsproblematikk og trong for utskifting av massar, som må knytast opp mot prosjektering/grunnlag for fundamentering, og såleis vil vere vilkår knytt mot byggesøknad.



Figur 8: Lausmassekart - NGU

Skredfare

NVE sine aktsemdkart syner at planområdet ikkje er utsett for skredfare.

5.15 Støyforhold

I følgje SVV sitt støyvarselkart ligg delar av planområdet i raud og gul sone for vegtrafikkstøy. Det er difor utarbeidd støyrapport (vedlagt) med tiltak innarbeidd i planframlegget. Resultatet av berekningane er vist som omsynssoner i plankartet som gul og raud støysone for hhv. 55-65dB og over 65dB.



Figur9: Utsnitt frå SVV st støyvarselkart

5.16 Luftforureining

Det er ingen kjende kjelder til luftforureining i eller ved området. Også vegstøv frå E39 vurderast til å liggje godt under grenseverdiane i «T-1520 retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging».

5.17 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Gjennomgang av ROS-sjekklista avdekte behov for avklaring av følgjande tema:

Vassforsyning:

a: Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?

Brann/ulukkesberedskap:

a: Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde/trykk)?

Naturgitte forhold:

d: Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?

e: Er området utsett for flaum eller flaumskred?

Omgjevnad:

c: Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?

For skildring og framlegg til løysing viser ein til kap.6.16 i planomtalen.

6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET

6.1 Planlagt arealbruk

Følgjande reguleringsformål inngår i planområdet:

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	Areal (daa)
Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)	8,88
Uteoppfallsareal)BUT)	0,61
Sum areal denne kategori:	9,49
§12-5. Nr. 2 – Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)	0,73
Fortau (SF)	0,55
Gang-/sykkelveg (SGS)	0,17
Gangveg/gangareal (SGG)	0,73
Køyreveg (SKV)	3,02
Parkeringsplassar (SPP)	1,43
Sum areal denne kategori:	6,65
§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur	Areal (daa)
Grøntstruktur (G)	0,92
Sum areal denne kategori:	0,92
§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	

Naturområde i sjø og vassdrag (VNV)	0,73
Sum areal denne kategori:	0,73
Totalt alle kategoriar:	17,80

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål

Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)

Innanfor BOP1 sine formålsgrenser, linjer for planlagd bebyggelse og byggjegranser kan det først opp bygning for offentlig eller privat tenesteyting som idrettshall evt. med parkeringskjellar eller parkeringsplassar på terreng sør for hallen.

I forprosjektet er 1. og 2. etg avsett til speleflate, garderober og øvrige fasilitetar relatert til bruk av idrettshallen, medan 3. og 4. etg. kan innehalde t.d kontor, undervisningsrom m.m.

Innanfor BOP1 er det elles høve til opparbeiding av avkøyrsløp til ein eventuell parkeringskjellar frå Joplassvegen, samt gangveggar og annan infrastruktur som naturleg høyrer til. Dette vert å detaljere i prosjekteringsfasen.

Innanfor BOP2 er det tilsvarende høve til oppføring av symjehall med både undervisningsbasseng og konkurransebasseng, samt garderober og tribuneanlegg. Hallen opparbeidast og driftast i kommunal regi. Bygningane skal elles ha «flate» tak og maksimal gesimshøgde i samsvar med plankart og føresegner.

Det leggst elles til grunn at BOP1 og 2 kan først opp uavhengig av kvarandre – dvs. i to byggjesteg – og fungere uavhengig av kvarandre. Det leggst m.a ikkje opp til sambruk at garderober.

Innanfor formåla kan det også etablerast gangveggar i tilknytning til og forlenging av regulerte gangveggar med breidder som gjer det mogleg å brøyte/frøse med traktor.

Plankartet viser byggjegranser samt linjer for planlagd bebyggelse (sosi-kode 1213). Bygga skal ligge innanfor byggjegransene, men kan fråvike linjer for planlagd bebyggelse med inntil 1 meter dersom detaljprosjekteringa syner behov for dette.

Uteopphaldsareal (BUT)

Området BUT er avsett til offentlig uteopphaldsareal. Arealet har breidde over 10m, svak helling, er adskilt frå biltrafikk og elles solrikt plassert vest for symjehallen. God avstand til E39 sikrar også at arealet er fritt for trafikkstøy. Ved ei evt. realisering av symjehall må Djupegrova leggst om og vil då bli opna opp og gjort meir synleg/tilgjengelig enn i dag, og slik sett fungere som eit viktig element i uteopphaldsarealet. BUT kan utstyrast med benkar, leikeapparat o.a. som naturleg høyrer til og skal opparbeidast med tilgjenge i samsvar med prinsippa for universell utforming.

Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)

Område langs køyreveggar avsett til grøft, snøopplag, trafikkøy m.m.

Fortau (SF)

Det er regulert inn fortau langs E39 tilpassa SVV si tilgrensande regulering. Grunna omlegging og utviding av krysset Joplassvegen/E39 er det foreslått fortau også langs første del av Joplassvegen der det i dag er gangveg adskilt frå køyreveg med grøntrabatt. Dette for å reduserer bandlegging av tilstøytande friareal.

Vidare er det også regulert inn fortau mellom Porsemyrvegen og Røystunvegen av omsyn til ungdomsskuleelevane sin tryggleik til og frå hallen. Vegtraseen er basert på gjeldande reguleringsplan med tillegg for fortau på nordsida.

Fortau opparbeidast med fast dekke, avvisande kantstein mot køyreveg og med breidder som vist på plankart. Ved kryssingspunkt/gangfelt skal kantsteinen ha vishøgde 2cm.

Gang-/sykkelveg (SGS)

SGS1 er eksisterande gang-/sykkelveg langs E39 frå vest med ei mindre omlegging inn mot krysset. Veggen er regulert med breidde som i gjeldande plan men med trasè i samsvar med dagens opparbeiding.

Gangveg/gangareal (SGG)

Øvrige gangveggar med formål å sikre skuleelevar og andre ein kort og trygg tilkomst til/frå hallen. Vegane opparbeidast i 3m breidde, asfaltert og tilrettelagt for brøyting med traktor.

Køyreveg (SKV)


Trafikktryggleiken er høgt prioritert i planarbeidet. Undervegs avdekte ein mellom at dagens passeringslomme ovanfor krysset E39/Jopllassvegen er feilplassert. For å bøte på dette – og slik auke tryggleiken i krysset – har vi både utvida og trekt krysset lenger mot aust slik at krava i vegnormalane (N100) blir stetta.

Ei vinkelrett tilknytning til E39 gjev også optimal oversikt ut frå krysset som saman med delvis kanalisering, fortau på begge sider samt gangfelt gjev trygge forhold også for mjuke trafikantar.

Eksisterande snuplass/rundkøyring i enden av Jopllassvegen er ikkje dimensjonert for buss, så i samråd med Statsbygg foreslår ein å utvide denne. Av omsyn til trafikktryggleik er det ønskeleg å unngå ryggande bussar eller andre store køyrety - difor er slike rundkøyringar å foretrekke.

Vegen mellom Porsemyrvegen og Røystunvegen er regulert inn basert på gjeldande plan med tillegg for fortau på vestsida. Traseen avvik frå opparbeidd veg, og er også noko breiddeutvida inn mot Porsemyrvegen grunna feil i gjeldande plankart. Vegen er no dimensjonert for lastebil.

Køyreveggar o_SKV1-4 er offentlege, medan avkøyrsløse til ev. parkeringskjellar eller parkeringsplassar på terreng – SKV5 - skal vere privat. Vegane opparbeidast med fast dekke og breidder som framgår av plankartet og normalprofil:



Figur 10: Normalprofil Jopllassvegen/o_SKV2

Parkeringsplass (SPP)

Det er sett av to område til parkering ved inngangssona: SPP1 mellom BOT1 og SKV2/Jopllassvegen er avsett for to bussar og to p-plassar for rørslehemma, medan SPP2 er avsett til syklar og ca 33 ordinære biloppstillingsplassar. Areala er private og skal asfalterast og oppmerkast.

Grøntstruktur (G)

Gjeld sideområde langs gangveggar til snøopplag, grøft m.m samt areal vest for hallen til ev. etablering av vegetasjonsskjerm mot bebyggelse.

Elv/bekk (VNV)

På skrå gjennom planområdet renn bekken «Djupegrova/Orgylelva». Bekken går open frå lukka kanal ved Sjukehusvegen, gjennom Campusområdet ved Høgskulen og til utløp i Storeelva(Øyraelva) ved Røysbakken.

Djupegrova/Orgjølvelva er ein bekk/elv som er sterkt påverka av kommunale utbyggingstiltak, bustadutbygging og vegar. Store delar av vassvegen er også lagt i røyr/kulvert forbi ulike utbyggingssområder og gjennom vegar/gater.

På ein del strekkingar er vassdraget viktig del av park og naturområde, t. d. gjennom Sjukehusparken og som her gjennom campusområdet for Høgskulen i Volda.

Bekken har ved fleire utbyggingar over tid blitt lagt om og tilpassa planlagt utbygging, t.d. både i Sjukehusområdet og i Campusområdet.

Intensjonen er i planarbeidet og i utbygging innan området å sikre vassdraget som eit viktig miljø og parkmessig trivselselement i området.

Det er ikkje knytt særskilte ålmenne interesser eller naturomsyn til vass-strengen. Det er ikkje fisk i bekken. Bekken har fyrst og fremst sin funksjon og betydning som park/naturelement og trivselsfremjande element i eit utbygd område og som del av sti/gangveg som ligg langs delestrekkingar av bekken.

For å gje bekken eit meir definert avgrensing og tilpassing til den parkmessige tilnerminga , vil bekken bli plastra med forebygging i naturstein gjennom heile planområdet.

Volda kommune har fått utarbeidd framlegg til flom-sikringsplan for områda ovanfor Volda sentrum. Multiconsultrapport - 130544 «Kartlegging av flomfare og flomtilpasnings-tiltak i Melshornsida» datert 29.06.2017. Rapporten omfattar også dette bekkeløpet.

Etter NVE-sitt ordinære aktsemdskart for flaum ligg planområdet ikkje i flomsone.

Den nye utgreiinga frå Multiconsult tilseier imidlertid at planområdet er utsett for flaumfare basert på utrekna 200-års flaum med påslag (40%). Omsynssona knytt til denne kartlegginga er teke inn i justert plankart.

I rapporten frå Multiconsult vert det konkludert med at beste løysinga for å sikre områda langs bekken, er å avlaste bekken for flaumvatn ved overføring av flaumvatn til Heltneelva, som så vert vidare forbygd/sikra. Når overføring av flaumvatn til Heltne-elva er gjennomført vil Djupegrova/Orgylelva berre få tilført vatn frå rørinntak i massefangsdam ovanfor bebyggelse, og tilsig frå tilgrensande nedbørsfelt nedanfor dette.

Bekken vil då ha relativt stabil vassføring langt under dagens flaumnivå.

Konklusjonen i rapporten er såleis at med slike tiltak vil det ikkje vere behov for sikringstiltak i området ut over vanleg drift og vedlikehald. (Eksisterande bruer og kulvertar har då tilfredsstillande kapasitet.).

Rektangulær kulvert ved Berte Kanuttebygget oppstrøms planområdet måler 2,0x0,7m =1,4m², medan tverrsnittet under brua i Røystun-vegen nedstrøms måler 1,5x1,0m =1,5m².

Med grunnlag i dette vert vist figur 11 lagt til grunn for omlegging og førebygging av bekken i kombinasjon med planlagt utbygging på området og nye gangveggar.

Gangveggar og elvestreng skal opparbeidast i samanheng med materialar som gjev høg estetisk og miljømessig kvalitet. For uteopphaldsarealet (BUT) vil dette verte eit viktig trivselskapande element.




Fig. 11. Prinsippnitt gjennom SGG/VNV

6.3 Bebyggelsen si plassering og utforming

Plassering og bygningshøgde


Bygningane plasserast innanfor byggjegranser og linjer for planlagd bebyggelse med maksimal byggjehøgde som framgår av føresegner og plankart. Maksimal byggjehøgde er angitt med koter. Ein viser elles til figur 12 og vedlagte illustrasjonar herunder terrengsnitt som illustrerer verknadane av tiltaket.

Linjer for planlagd bebyggelse er lagt innanfor gjeldande områdeplan si byggjegrænse mot E39 og ny grænse mot Joplassvegen justert i samsvar med endra vegtrasè. Elles gjeld at heishus i nødvendig grad kan overstige maksimal tillaten kote for gesims og at det innanfor formåls- og byggjegrænser tillatast fråvik frå regulert linje for planlagd bebyggelse med +/- 1m dersom detaljprosjekteringa syner behov for dette.


Bygningane er elles plassert på tomta utfrå tilgjengeleg areal (herunder omsynet til «Djupegrova»), tomte si form og fall på terreng. Dermed er det største volumet (idrettshallen) plassert lengst sør på tomte der det er best plass, medan det mindre arealkrevjande symjeanlegget er plassert nord på tomte. Dette gjev også nok areal til omlegging av Djupegrova som i dag kryssar området.

Innanfor arealet avsett til symjehall er det plass til både øvings- og konkurransebaseng, samt tribuner og egne garderober. Dette legg til rette for ei stegvis utbygging og samtidig bruk av dei to hallane.

For å spare flateareal i idrettshallen, har ein utnytta fallet på tomte til å fordele hovudfunksjonane i to etasjar. I første etasje er det planlagt garderobar, lager m.m i tillegg til sjølve speleflata.



Figur 12: Usnitt av illustrasjonsplan ved full utbygging




Illustrasjon utbygging i byggesteg

Det er også planlagt eigen inngang til dette nivået frå vest, slik at skuleelevane kan gå direkte inn i garderobedelen utan først å måtte gå rundt bygget og ned ein etasje. Dette vil også spare reingjeringskostnader og generell slitasje.

Hovudinngangen er lagt til andre etasje saman med café, klubblokale og mediaproduksjonsrom m.m. Plasseringa på nordsida av hallen er gjort for å kunne sjå hallen i samanheng med ein eventuell svømmehall mot nord. Ved ei ev. realisering av svømmehall vert inngangen liggande i eit innhjørne i lè for ver og vind frå vest. Parkeringsplassar på terreng er lagt i umiddelbar nærleik til inngangspartiet.

Over café og klubblokale i tredje og fjerde etasje er det tenkt utleige for ulike formål som t.d idrett, kontor, undervisning og annan offentleg/privat tenesteyting.




Etter vidare prosjektering, justering av byggegrenser og byggevolum, er det utarbeidd justert situasjonsplan som vist.

Ny - Illustrasjon utbygging av byggesteg 1, etter planjustering 15.05.2018

Hallen er elles dimensjonert i samsvar med internasjonale krav til volleyballbaner som m.a betyr 12,5m netto innvendig høgd. Hovudvolumet har difor den høgda som trengs for dette mot sør, aust og nord,

medan ein mot bustadhusa i vest legg til eit volum utanpå der høgda er trappa ned med ca 2 etasjar. Dette vil dempe høgdeverknaden mot busetnaden der.




Figur 13: Snitt – symjehall til venstre, lavt mellombygg og idrettshall med garasjekjellar til høgre (illustrasjon)


I sørvest er volumet trekt inn for ikkje å komme for nær bustadhuset på naboTomta, medan ein mot E39 går ut med full høgde då dette er signaturfasaden mot passerande der ein gjerne ser føre seg ein opplyst klatrevegg bak ein flott glasfasade.

Ein ser vidare føre seg bruk av solide og bestandige materialar – t.d ei mørkare trekledning - i dei to nedste etasjane medan ein vidare opp tenkjer kledning med eit mest mogleg skalanøytralt uttrykk som t.d ein heilt slett vegg utan mønster eller inndeling. Bruk av kvitt gjer skalaen så abstrakt at bygget vil verke mindre og lavare enn det er, og glas i fasaden gjev god kontakt mellom det som skjer inne i bygget og det som skjer ute. Dette vil også bryte opp dei store fasadane og få bygget til å sjå opnare og mindre ut.

Justerte høgder ved detaljprosjektering:



Snitt Nord-sør



Snitt aust- vest

Grad av utnytting (%-BYA)

For begge områda er det lagt til grunn slik grad av utnytting:

BOP1 og 2: %-BYA=100%.

Parkeringsplassar er avsett som eige formål og inngår ikkje i berekninga av utnytingsgrad.

Antal arbeidsplassar, antal m² næringsareal

Talet på arbeidsplassar generert av tiltaket avheng av kva funksjonar bygget vert fylt med og dette er ikkje avklart på noverande tidspunkt. Utover areal avsett til idrettsformål med tilleggsfunksjonar som garderover, kiosk, lager m.m, opererer forprosjektet med ca 330m² til undervisning og 250m² til kontorlandskap. Desse tala vert imidlertid høgst truleg endra i prosjekteringsfasen.

6.4 Bumiljø/bukvalitet

Barn og unge

Mykje av bakgrunnen for planarbeidet er å styrkje barn og unge sine vilkår når det gjeld fysisk fostring i og utanfor skuletida. Det er difor lagt vekt på å etablere gangveggar eller fortau slik at elevane kan ferdast trygt mellom skule og idrettshall. Anlegget er venta å bli eit populært samlingspunkt også for barn og unge.

Sol-/skuggeanalyse

Vedlagte sol/skuggeanalyse er basert på ei utbygging innanfor rammene i planframlegget, og syner kva verknadar tiltaket har på kringliggjande busetnad ved eit utval klokkeslett for datoane 20.mars og 21.juni. Basert på analysen har ein så lang det er mogleg redusert volum og høgd for å dempe verknadane.

6.5 Parkering




Antal, utforming og lokalisering av parkeringsplassar

I Kulturdepartementet sin rettleiar for planlegging og bygging av idrettshallar står følgjande om parkering: *«En tommelfingerregel kan være at antallet parkeringsplasser for bil innenfor en radius på 500m skal være 20% av antallet personer i anlegget. Det største behovet for parkeringsplasser vil normalt være på kvelder og i helger. Det bør vurderes om andre parkeringsplasser i området, for eksempel ved nærliggende skoler og bedrifter, kan benyttes for å dekke behovet for parkering ved de største arrangementene i anlegget»*

På dagtid i virkedagane vil hallen i utgangspunktet verte nytta av skulane i nærområde. Dette betyr at brukarane av hallen i desse tidsroma i det vesentlege vil vere elevar, studentar og lærarar som har parkert ved skulen sin. På dagtid i virkedagane vil såleis hallen i liten grad generere eit parkeringsbehov.

Hallen vil imidlertid generere eit behov på kveldstid og i helgar/feriar dvs. når ordinær drift og parkeringsbehov i nærområdet i det vesentlege er fråverande. Med dette ligg det føre eit reelt grunnlag for å vurdere parkeringsbehovet basert på avvikande samtidsbruk.

Innanfor planområdet er det såleis satt av to parkeringsområde (SPP1 og 2) på terreng like ved hovudinngang, samt høve til etablering av parkeringskjellar under vestre halvdel av idrettshallen. SPP1 er dimensjonert for 2 bussar og 2 HC-plassar, medan SPP2 er dimensjonert for ca 33 bilar. Ein eventuell parkeringskjellar vil kunne ta ca 45 bilar.


SPP1 – parkeringsareal

SPP2 – Bussparkering og Hc - plassar

Planlagt parkeringskjellar for ca. 45 bilar. (inkl 3 Hc-plassar.)

Samla parkeringskapasitet innanfor planområdet vil dermed kunne bli slik:
 Med parkeringskjellar: 35 på terreng nord for hallen + 45 i kjellar = 80 stk.

Ut frå avvikande samtidsbruk vil ikkje ein parkeringskjellar vere nødvendig for hallprosjektet isolert, men er teken med i plan som ei skissert løysing basert på ein ambisjon om vesentleg tilrettelegging for bilfri overflate i campus- og skuleområdet.

Eit garasjeanlegg vil t.d gjere det mogleg å konsentrere mykje av tilsettparkeringa for det samla undervisningsclusteret som omkransar hallen. Realisering av garasjeanlegget vil såleis i utgangspunktet

fordre at dei andre clusteraktørane ynskjer å bidra til ei slik realisering t.d ved innføring av betalingsparkering eller anna direkte eller indirekte deltaking.

Legg ein til grunn kulturdepartementet si tilråding om 20% dekning, vil det ved store arrangement og 2500 personar i hallen vere behov for 500 parkeringsplassar.

Basert på oversikta ovanfor vil det då mangle ca 375 plassar dersom det vert bygd parkeringskjellar, eller 420 om denne ikkje vert bygt.

Figur 14 gjev ei oversikt over eksterne område som vil kunne nyttast, og som totalt sett har ein kapasitet på over 600 personbilar.

Med dette er behovet for parkering ved store arrangement dekt med god margin uavhengig av om det vert bygt parkeringskjellar eller ikkje.



Figur 14: Ekstern parkering

Frå alle desse områda er det også opparbeidd eller planlagt opparbeidd fortau/gangveg til hallområdet som sikrar ein trygg tilkomst.

Det er elles ei målsetjing både lokalt og sentralt å fremje bruk av miljøvennleg transport. Eit godt utbygt gangvegssystem i kombinasjon med ei sentral, sentrumsnær plassering, legg tilhøva godt til rette for at heimepublikum kan la bilen stå ved større arrangement.

6.6 Tilknytning til infrastruktur

Vatn og avløp

I gangvegtraseen langs E39 ligg kommunale PVC-leidningar for vatn, spillvatn og overvatn med slike dimensjonar: 160mm, 250mm og 250mm. Kommunen opplyser i ein e-post at det vil bli mykje omlegging av leidningsnett i området pga E39 Voldatunnellen relatert til overvasshandtering og auka mengde/ trykk på vassforsyninga inn i området. Slik sonene er bygt opp i dag, vil det ikkje vere tilfredsstillande vasstrykk inn i området. Kommunen opplyser vidare at dei vil vurdere moglege løysingar der dei to prosjekta blir sett i samanheng, og kome tilbake på dette. Vi har difor sett krav i føresegnene om at løysingar m.o.t vassforsyning og overvasshandtering vert å avklare i samarbeid med kommunen. Når det gjeld spillvatn er tilbakemeldinga at eksisterande leidning kan tilknytast slik den ligg.

6.7 Trafikkløysing

Køyretilkomst

Tilkomst til planområdet vert via Joplassvegen som munnar ut i E39. Krysset vert utvida for buss, og trekt lenger aust slik at plasseringa vert korrekt i høve passeringslomma langs E39. Viser elles til kap. 6.2.

Utforming av vegar

Regulert kryss mot E39 er dimensjonert iht. vegnormalane med delvis kanalisering – jfr. kap.6.2.

Stigningsforhold

Joplassvegen fell svakt (3%) sørover mot krysset/E39, og justeringa mot aust endrar ikkje ved dette. Tilkomst frå Joplassvegen til parkeringskjellar vil kunne ha maksimal stigning 1:10.

Frisikt

I krysset mellom Joplassvegen og E39 er det vist frisktlinjer i plankartet i samsvar med N100. Frisktlinjene ligg innanfor vegformål og er difor ikkje vist med soner i plankartet.

Mjuke trafikantar

Aust for krysset er det langs E39 innregulert fortau i samråd med SVV si planavdeling. Sjølve krysset er delvis kanalisert med gangfelt som knyter fortauet saman med eksisterande gang- og sykkelveg på vestsida. Langs Joplassvegen er det dei første 40 metrane frå krysset og nordover regulert inn fortau i 3m breidde. Vidare nordover er det gangveg som før.

Felles tilkomstveggar, eigedomsforhold

Alle veggar, med unntak av avkøyrsløse til parkeringskjellar, regulerast som offentleg.

6.8 Planlagde offentlege anlegg

Planframlegget vil medføre behov for oppgradering av VA-anlegg i området – jfr. pkt. 6.6 – og omlegging av krysset mellom Joplassvegen/E39 samt oppdimensjonering av snuplass/rundkøyring i enden. Realisering av symjehall vil også bli ei kommunal oppgåve.

6.9 Miljøoppfølging

Det skal utvisast normalt omsyn til omgjevnadane.

6.10 Universell utforming

Krav:

Bygningar og uteareal opparbeidast i samsvar med gjeldande reglar for universell utforming.

Løysing:

I samsvar med Tek17.

6.11 Uteopphaldsareal

Offentleg uteopphaldsareal

Det er avsett eit område på ca 630m² for uteopphald i nordvestre del av planområdet. Arealet stettar krav til breidde, helling, solforhold m.m. og skal opparbeidast som grasbakke/plen ev. med fast dekke der naturleg. Området kan elles utstyrast med benkar, leikeapparat etc. etter behov. Arealet tener også som erstatningsareal for friområda som gjennom planframlegget vert omdisponert.

Tilkomst og tilgjenge

Arealet skal opparbeidast etter prinsippa om universell utforming i samsvar med gjeldande lovverk – synleggjort i byggjesaka. Det skal vere tilkomst til området både utanfrå og innanfrå bygningar.

Sesongbruk

Ikkje relevant ut frå planlagd bruk.

Krav om utomhusplan og rekkefølgekrav

Ved søknad om løyve til tiltak skal det utarbeidast situasjonsplan for tiltaket.

6.12 Landbruksfaglege vurderingar

Reguleringsformålet er i samsvar med overordna plan.

6.13 Kollektivtilbod

Gjennom oppgradering av kryss og snuplass blir Joplassvegen tilrettelagt for buss. Det er også regulert inn oppstillingsplass for to bussar like ved hovudinngangen. Med dette ligg tilhøva godt til rette for ev. kollektivtrafikk internt i planområdet. Forøvrig er det under regulering busslommer på begge sider av E39 om lag 80m aust for krysset.

6.14 Kulturminne

Inga endring som følgje av plan.

6.15 Plan for vatn og avløp samt tilknytting til offentleg nett

Ved søknad om løyve til tiltak skal det utarbeidast VA-plan for tiltaket.

6.16 Avbøtande tiltak/løysingar ROS

Gjennomgang av ROS-sjekklista avdekte behov for utgreiing av følgjande tema: **Naturgitte forhold:**

d: Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?

Kommentar:

Delar av planområdet ligg i NGU sine lausmassekart i sona for marin strandavsetning som kan innebere ustabile grunnforhold.

Det er i høve vurdering av grunntilhøva i planområdet vist til gjennomførte grunnboringar for Øyra skule (bygd i 2015-17), som også ligg i same området og delvis innanfor marin grense.

Det er ikkje så stor høgdeskilnad mellom desse prosjekta.

Planlagt idrettshall ligg med grunnplan ca på kote 46. Øyra skule har grunnplan på ca kote 46.85 Grunnboringane og rapport tilknytt desse er gjennomført på heile skuleområdet mellom ca. kote 52 og 42.

I området med marine strandavsetning i nært tilgrensande område har Statens VV tidlegare utført boringar ved Skjærvagarden (Porsemyrvegen vest), for dei to nye bruene over Øyraelva på E39, og i samband med planlegging av ny bry på dagens E39 ved Industrigarta. Det er også gjort omfattande grunnboringar av St.VV i samband med tunellpåhogg for Voldatunellen.


Alle desse grunnundersøkelsane er gjort utan at det er avdekka sensitiv grunn eller kvikk leire. Det er også registrert at det er relativt stabile masser i området, og at masselaget over fjell er relativt lite.

Volda ungdomsskule vart bygd i dette området i 1960. Det er heller ikkje då avdekka kvikkleireforekomstar.

Ut frå tidlegare registreringar/observasjonar og dokumenterte grunnboringar i området vurderer Kommunen såleis risiko og konsekvens knytt til mogeleg kvikkleireforekomst som liten, og vurderer området avklara sett i høve til fare for kvikkleireskred. jf utsjekk i høve til rettleiar 7/2014, kap. 4.5 pt. 1-10, pkt 6.

krav til vidare grunnundersøking - er berre knytt til byggepropproblematikk og trong for utskifting av massar, knytt opp mot prosjektering/grunnlag for fundamentering, og såleis bør kunne vere vilkår knytt mot byggesøknad.

Det er i føresegnene teke inn krav om vidare grunnundersøking i samband med prosjektering av bygg på området for å avklare grunnen sin stabilitet og bereevne i samsvar med PBL §28-1 og TEK 17 § 7-2, før byggeløyve vert gitt.



Område med tidlegare gjennomførte grunnboringar.

e: Er området utsett for flaum eller flaumskred?

Kommentar:

Volda kommune har under utgreiing kapasitet, tilstand og framlegg til sikringstiltak for sentrumselvane – herunder bekken «Orgylelva»/»Djupegrova» som går gjennom aktuelt planområdet.

Konklusjonane her går fram av rapport utarbeidd av Multiconsult for Volda kommune, Jf. Multiconsultrapport - 130544 – «Kartlegging av flomfare og flomtilpasningstiltak i Melshornsida» datert 29.06.2017.

I Multiconsultrapporten er det utarbeidd flaumsonekart for den aktuelle elva/bekken - Djupegrova (Orgyelva) - som viser at delar av planområdet er flaumutsett ved ein 200-års flaum pluss 40%.



Avdekka flaumsone er lagt inn i plankartet som omsynssone flaum, og gitt egne føresegner knytt til avklaring av flomfare i samsvar med tilråding i Multiconsultrapport 13054. Jf. Også rekkefylgjeføresegner.

Det er i rapporten tilrådd løysing for sikring mot flaum langs denne bekken ved at bekken vert avlasta for ekstra flaumvatn. Dette er planlagt gjort ved overføring av flaumvatn til Heltneelva som så vert vidare forbygd/sikra.

Når overføring av flaumvatn til Heltne-elva er gjennomført vil bekken her ha relativt stabil vassføring, med nivå lang mindre enn dagens flaumnivå.

Det skal etablerast massefangstdam med kanal til Heltne-elva ovanfor byggeområda. Vassføring mot Orgylelva vert då styrt ved dimensjonert rørintak i massefangstdammen, og tilføring av overvatn frå nedanforliggende nedslagsfelt.

I følgje Multiconsultrapporten vil ei slik overføring av flaumvatn frå Orgylelva til Heltneelva redusere behovet for forbygning langs Orgylelva heilt, og det vil ikkje vere naudsynt å utføre arbeid i Orgylelva ut over det som kan vurderast som vanleg driftsvedlikehald.

Løysing:

Omsynssone flaum vert teke inn i plankart i samsvar med registrering i Multiconsult rapport 13054. Det vert gitt føresegn til plan/omsynssone flaum, som sikrar gjennomføring av flaumsikringstiltak i samsvar med Multiconsultrapport 13054, og som ivaretek omsyn til tryggleik i samsvar med reglane i plan og bygningslova §28-1 og TEK 17.

Omlegging av bekken gjennom området for tilpassing til planlagt utbygging er teke inn i plan og krav om forbygging er nedfelt i føresegnene.

Vassforsyning:

a: Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?

Kommentar: kommunen melder at eksisterande vassleidningar til området har for lite trykk og kapasitet til å forsyne området. Som omtalt ovanfor planlegg kommunen oppgradering av det kommunale VA-nettet i området, og vassforsyning vert difor å sjå i samheng med dette arbeidet. Jfr. punktet ovanfor.

Løysing: Krav om at vassforsyning vert del av teknisk plan ved søknad er teke inn i føresegnene. Dette vert å avklare i samarbeid med kommunen.

Brann/ulukkesberedskap:

a: Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde/trykk)?

Kommentar: Viser til punktet ovanfor. Problemstillinga vert å avklare saman med kommune ved detaljprosjektering.

Løysing: Som over. Avklarast gjennom teknisk plan i samarbeid med kommunen.

Omgjevnad:

c: Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggende område?

Kommentar:

Ved avlasting av bekken for flaumvatn ved overføring til Heltne-elva, vil vassmengda bli så redusert at det ikkje er fare for flsum nedstrøms planområdet.

Bekkeløp, bruer og kanalar vil også på denne strekkinga ha tilfredsstillande dimensjonering. Det skal i samband med planlagt utbygging utarbeidast teknisk plan der også avlaup for dreinsvatn vert nærare avklara. Det skal her også vurderast om overvatn/dreinsvatn frå planområdet må fordrøyast før det evt. tilknytast elva. Eller alternativt førast til Øyraelva i eige rør.

Dette vert å sjå i samheng med dei store endringane av VA-infrastrukturen som er under planlegging i kommunal regi som følgje av regulering/planlegging av Voldatunnelen. Det er i føresegnene teke inn at overvasshandtering tilknytt byggeprosjektet vert del av teknisk plan ved søknad om tiltak i sam-arbeid med Volda kommune.

6.17 Plan for avfallshenting

Ved søknad om løyve til tiltak skal det visast korleis avfallshenting vert løyst. Det er ikkje sett av eige formål for renovasjon i planen.

6.18 Rekkefølgekrav

Jfr. føresegnene §6:

- a) SKV2 inkl. kryssløysing mot E39 samt snuplass/rundkøyring og parkeringsplassar skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for BOP1 og/eller BOP2.
- b) Del av planområdet ligg innanfor omsynssone flaum. Det kan ikkje setjast i gang bygging innan desse områda før naudsynte tiltak er gjennomført, som tek i vare krava om tryggleig for byggegrunn, jf PBL§ 28-1, og TEK 17, §7-2
- c) «Djupegrova» (VNV) skal omleggast og forbyggast så langt dette er naudsynt i høve utbygging av Idrettshall og symjehall. Forbygging skal utformast i samsvar med profil vist i fig. 11, jf pkt 6.2 i planomtalen.
- d) Tilstrekkjeleg vassforsyning inkl. brannsløkkevatn skal vere tilgjengeleg før det vert gjeve bruksløyve for BOP1 og/eller BOP2.
- e) Uteopphaldsareal BUT skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for BOP1 og/eller BOP2.

7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

7.1 Overordna planar

Planframlegget er i all hovudsak i samsvar med overordna plan/gjeldande områdeplan både m.o.t formål og utstrekning, men utviding og flytting av krysset mellom E39 og Joplassvegen gjev ein mindre reduksjon av regulert friområde på austsida som forøvrig er avklart med kommunen. Vidare bandlegg også regulert gangveg mellom Røystunvegen og idrettshallen delar av eit friområde.

Ingen av desse areala er opparbeidde eller på annan måte tilrettelagt for bruk og i tillegg er dei anten smale og/eller utsette for trafikkstøy frå E39 som gjer dei mindre eigna til opphald.

Uteopphaldsarealet BUT er regulert som offentleg og saman med dei positive verknadane av tiltaket elles kompensierende for denne reduksjonen.

7.2 Landskap og omgjevnader

Stor bygningsmasse vil alltid medføre endringar i landskap og for omgjevnadar sjølv med god terrengtilpasning og arkitektoniske grep for å bryte opp volum og høgd.

Sol-/skuggeanalysen viser skuggeverknad på fleire av tomtene i vest ved vårjamndøgn kl.09. Lav vårsol har slik verknad nærmast uavhengig av bygningshøgde. Seinare på dag og utover våren avtar skuggefeltet, men for gbnr.19/829 er det også i juni eit innslag av skugge bak huset kl.09.

For å illustrere fjernverknader/verknadar i høve landskap og omgjevnader, er det elles utarbeidd diverse 3D-illustrasjonar og terrengsnitt som syner forholdet mellom planlagde og eksisterande bygg, terreng m.m.

7.3 Staden sin karakter

Etter vår vurdering representerer prosjektet ei naturleg utviding av campusområdet som består av fleire store bygningar frå ulike tidsepokar og med ulik arkitektur. Tiltaket vil underbygge og forsterke inntrykket av eit sterkt og offensivt campus med ambisjonar for framtida.

7.4 Estetikk

Bygningsform og volum er eit produkt av brukarbehov og nasjonale/internasjonale krav til innhald, funksjon, areal, høgd m.m for slike bygg. Dette gjev bygningar med stort volum. Omsynet til estetikk er likevel så

langt mogleg ivaretatt gjennom terrengtilpasning og arkitektoniske grep som t.d å bryte opp volumet med lavare mellom- og sidebygg. Vidare er det sett krav i føresegnene om at det skal gjerast greie for material- og fargeval ved søknad om tiltak.

Bruk av glasfasader og mørkare treverk nedst, samt lyse og glatte overflater lenger oppe, vil dempe høgdeverknadane og «jorde» bygningane til terrenget. Det leggast også til grunn i føresegnene at bygningane skal ha høg materialkvalitet og spegle vår tids arkitektur.

7.5 Kulturminne og -miljø, ev. verneverdi

Inga endring.

7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova

Oppslag i www.naturbase.no og www.artskart.no viser at det verken i eller ved planområdet er registrert artar av forvaltningsmessig interesse. Ut frå dette konkluderer ein difor med at planlagd arealbruk ikkje kjem i konflikt med forhold knytt til natur og miljø – jfr. naturmangfaldlova §§8-12.

Langs bekken «Djupegrova», som deler planområdet i to, er det i dag tett skog som gjer den nærmast usynleg og utilgjengeleg. Når det no uansett er kravd forbygging gjennom området, ligg det godt til rette for ei omlegging slik vi har vist i plan. Ei slik omlegging legg tilhøva til rette for symjehall samtidig som bekken vert opna opp og gjort tilgjengeleg for ålmenta.

Bruk av kvalitetsmaterialar – herunder naturstein – vil saman med ei heilskapleg utforming langs regulerte gangstiar gjere bekken og områda rundt til eit estetisk tiltalende og viktig miljø- og naturelement.

7.7 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde

I kraft av anlegget sin funksjon er innandørsaktivitetane i fokus. For aktivitetar utandørs finnast det andre anlegg både ved skulane like ved og på stadion ca 500m lenger søraust. Uteopphaldsarealet avsett ved symjehallen vil nok mest bli nytta ved større arrangement og kan utstyrast med t.d benkar og leikeapparat.

7.8 Trafikkforhold

Vegforhold

Dei trafikale løysingane inn i planområdet blir som omtalt framanfor sterkt forbetra i høve dagens situasjon.

Oppgradering av Joplassvegen med kryss og snuplass dimensjonert for buss, legg tilhøva godt til rette også for store arrangement. I høgare divisjonar nyttar ein gjerne spelarbussar til/frå konkurransar, og desse vil lett kunne ta seg inn i området og nytte oppstillingsplassane ved hallen.

Trafikkauke/-reduksjon/-tryggleik

Trafikkauken som følgje av utbygginga vurderast som marginal bortsett frå ved større arrangement.

Dirigering internt i området og ved dei eksterne parkeringsområda vil då sikre god flyt i trafikken.

Utviding av krysset med vinkelrett tilknytning til E39, delvis kanalisering med gangfelt, samt flytting av krysset til korrekt plassering i høve forbikeyringsfeltet styrkar tryggleiken både for bilistar og mjuke trafikantar i høve dagens situasjon. Breiddeutviding og radius 15m i kurvene sikrar god flyt inn og ut av krysset også for buss.

Kollektivtilbod

Tilrettelegging for buss i planområdet gjer det mogleg også for lokalt rutebilselskap å legge ruta innom planområdet dersom dette skulle verte eit ønskje i framtida. Forøvrig er det busslommer langs E39 like ved både for vest- og austgåande rute. SVV har under regulering tosidig busslomme ca 80m aust for krysset.

7.9 Sosial infrastruktur

Eit framtidsretta idrettsanlegg som dette vil gjere skulestaden Volda meir attraktiv både for arbeidssøkande, studentar og andre som ser etter ein attraktiv stad å busetje seg. Gode fritidstilbod er for mange ein avgjerande faktor ved etablering og busetjing.

Dette vil igjen bidra til styrking av viktige funksjonar innan barnehage, skule og andre offentlege og private tenester i kommunen. For skulane i området vil VCA gjere det mogleg å oppretthalde eit lovpålagt tilbod om fysisk fostring i topp moderne lokale like utanfor skuleporten. Styrking av folkehelsa gjennom eit godt idrettstilbod vil også kunne slå positivt ut på kommunen sine helse- og sosialutgifter.

7.10 Universell tilgjengelighet

Gjeldande krav til universell utforming av bygg og uteområde leggst til grunn for tiltaket.

7.11 Energibehov – energibruk

Det leggst til grunn bruk av elektrisk oppvarming.

7.12 ROS

Gjennomgang av ROS-sjekklista avdekte behov for avklaring av følgjande tema:

Naturgitte forhold:

- d: Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?
- e: Er området utsett for flaum eller flaumskred?

Omgjevnad:

- c: Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?

Vassforsyning:

- a: Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?

Brann/ulukkesberedskap:

- a: Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde/trykk)?

Drøftingar med framlegg til løysing framgår av kap.6.16, og ei gjennomføring av tiltaka vil ha positive verknader også for områda i kring. Gjennomføring av flaumsikringsplan for området, jf Multiconsult rapport 13054, og forbygging og omlegging av «Djupegrova» vil, minimere risikoen for flaum i planområdet og for nedanforliggande områder. Oppgradering av sløkkevasskapasiteten vil styrke brannberedskapen i heile området.

7.13 Teknisk infrastruktur

Vatn og avløp

Kommunal vassforsyning til området må oppgraderast – og overvatnet må anten via fordrøyningsanlegg til Djupegrova eller med nytt avløp til Øyraelva. Dette vert ein del av prosjekteringa av tekniske anlegg i samband med byggesaka. Spillvatnet vert å knyte til offentleg nett langs sørlege plangrense.

7.14 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Prosjektering, bygging og drift av ein evt. symjehall inkl. omlegging av «Djupegrova» er ei kommunal oppgåve. Det same gjeld framføring av vatn med tilstrekkeleg kapasitet og trykk. Det vil også vere naturleg at kommunen bidreg økonomisk til oppgradering av Joplassvegen med kryss og snuplass – samt overtaking for drift og vedlikehald.

7.15 Konsekvensar for næringsinteresser

Jfr. punkt 7.9. Det er grunn til å tru at eit anlegg som dette vil gjere Volda enda meir attraktiv å busetje seg i, noko som igjen vil ha positiv effekt på lokalt næringsliv og handel. Større arrangement med mykje publikum vil truleg også slå positivt ut for lokalt næringsliv.

7.16 Interessemotsetnader/konflikttema

SVV si tilgrensande regulering inkluderer busslommer på begge sider av E39 like aust for krysset E39/Joplassvegen, men i merknad til planoppstart krev SVV at trygg tilkomst over E39 vert etablert innanfor VCA sin reguleringsplan t.d som gangbru med direktetilkomst til idrettshallen.

Etter å ha mottatt utspelet inviterte kommunen v/plansjef og rådmann til drøfting 21.april, og 09.juni fekk vi til eit møte/synfaring med SVV sin plansamordnar. Det vart då framlagt synspunkt på merknaden samt forslag til veg- og kryssløysingar som fekk god mottaking.

Konklusjonen vår etter møta er at gangbru over E39 av mange årsaker utgår som alternativ:

Ansvar:

Mellom anna meiner vi at trygg kryssing av E39 bør inngå som del av SVV sitt eige planarbeid i tilknytning til busslommene og ikkje påleggast ein ideell organisasjon som VCA med ekstremt stramme økonomiske rammer.

Behov:

Vi meiner vidare at ei slik gangbru heller ikkje står i forhold til behovet. Med unntak av gangbrua mellom kjøpesentra på Moa, er det vel kun ved Color Line Stadion i Ålesund at det finnst noko tilsvarende lokalt. Verken trafikkmengde eller forventta publikumstilstrøyming kan imidlertid samanliknast :

- ÅDT Ålesund: 23700
ÅDT Volda: 9000
- Kapasitet C.L.Stadion: 11000
Kapasitet VCA: 2500





Høgder og stigning:

Krav til 4,7m fri høgde over køyrebana saman med krav til universell utforming tilseier – utfrå gjeldande terreng - behov for ein svært lang «påkøyringsrampe» sør for E39. Om ein legg til grunn maksimal stigning 1:15 og kvilerepos for kvar meter i samsvar med Tek 17§8-6 nærmar det seg 80 meter.....

Konklusjon:

Verken av omsyn til behov, kost-/nytte, estetikk eller praktisk bruk er gangbru eit godt alternativ. Vi tilrår i staden gangfelt i tilknytning til busslommene i samsvar med tilråding i handbok V127 tabell 2.1:

Tabell 2.1 Anbefalinger for nye og eksisterende gangfelt

Skiltet fartsgrense	ÅDT	< 2000		2000 - 8000		> 8000			
		Kryssende i makstimen		< 40	> 40	< 20	> 20	< 10	> 10
		Akseptabelt fartsnivå							
	35 km/t	Yellow	Green	Yellow	Green	Yellow	Green		
	40 km/t	Yellow	Green	Yellow	Green	Yellow	Green		
	45 km/t	Yellow	Green	Yellow	Green	Yellow	Green		
	45 km/t	Red	Red	Red	Red	Red	Red		

E39/Elvegata - Volda
 ÅDT: 9000
 Fartsgrense: 50 km/t
 Kryssande i makstimen: >10

Ikke anbefalt gangfelt. Fremkommeligheten til gående med spesielle behov (barn, eldre og personer med nedsatt funksjonsevne) må imidlertid vurderes spesielt. Gangfelt kan eventuelt anlegges dersom det er et akseptabelt fartsnivå på stedet. Alternativt kan man vurdere tilrettelagt kryssing (se kapittel 6), eller finne alternative kryssingssteder.

Gangfelt anbefales som en del av gangnett, og som et fremkommelighetstil tak for gående på svært trafikkerte vegger. For vegger der akseptabelt fartsnivå overstiges, er det anbefalt å bruke fartsdempende tiltak.

Nye gangfelt anlegges ikke ved fartsgrense 60 km/t eller høyere. Dersom akseptabelt fartsnivå på 45 km/t ikke overstiges kan gangfelt anlegges (f.eks. ved rundkjøringer eller signalregulerte kryss). For vegger med høyt fartsnivå og hvor forholdene ligger til rette, anbefales planskilte løsninger (se håndbok N100).

Figur 13: Utsnitt frå handbok V127 «Kryssingssteder for gående» – tabell 2.1

Når det gjeld øvrige punkt i merknaden vurderer vi desse som imøtekomne:

Plangrensa er utvida og kryss/snuplass dimensjonert for buss. I tillegg har vi korrigert forholdet mellom kryss og forbikjøringsfelt slik at innbyrdes plassering harmonerer med krava i vegnormalane. Totalt sett meiner vi difor at trafiktryggleiken i området er godt ivaretatt både for mjuke og mindre mjuke trafikantar.

7.17 Avveging av verknader

Etter vår vurdering tek planframlegget i stor grad omsyn til merknadane slik det er gjort greie for framanfor:

- 1) Gjennom god terrengtilpasning, arkitektur som bryt opp bygningvolumet i ulike nivå, samt føringar for det arkitektoniske og estetiske uttrykket – ligg det til rette for eit godt prosjekt for idretts- og skulemiljøet i Volda som samtidig ivaretek estetiske omsyn.
- 2) Planframlegget er relativt detaljert der m.a maksimal byggjehøgde er satt i plankart og føresegnar saman med avgrensing i plan gjennom formålsgrenser, byggjegranser og linjer for planlagd bebyggelse. Dette gjev føreseielege rammer for utbygginga.
- 3) Den trafikale situasjonen er sterkt forbeta m.a ved etablering av snuplass for buss i enden av Joplassvegen samt oppgradert kryss mot E39. Justering av krysset mot aust, slik at forholdet mellom kryss og passeringslomme langs E39 blir korrekt, er også eit tiltak som aukar tryggleiken.
- 4) At bygningane skal ha høg arkitektonisk kvalitet m.o.t material- og fargevalg er nedfelt i reguleringsføresegnene.
- 5) Forøvrig er rammene for utbygginga definert slik i framlegget at ulempene for naboar er minimert til eit nivå som må kunne akseptast.

8 KONSEKVENSGREIING

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. Då både formål og avgrensing er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn er det ikkje behov for konsekvensutgreiing. Referat frå oppstartsmøte er vedlagt.

9 INNKOMNE INNSPEL TIL VARSEL OM PLANOPPSTART

I samband med søknad om oppstart av planarbeid kom det inn 6 innspel. Samandrag med kommentar følgjer her og alle innspel er i si heilheit vedlagt.

9.1 Innspel (samandrag med kommentar)

9.1.1 Innspel 1: Møre og Romsdal fylkeskommune (datert 24.04.2017)

Oppsummering av merknad:

- a) Fastsetje ein arealbruk som ikkje svekker Volda sentrum.
- b) Sikre tilstrekkeleg og eigna uteopphaldsareal.
- c) Gjennomføre arkeologisk registrering.

Kommentar:

- a) *Arealbruken konkurrerer ikkje med tilbod i sentrum, men gjev tvert i mot eit viktig supplement. Bruken av anlegget er relatert til skule/undervisning og idrett – funksjonar som naturleg høyrer til campus.*
- b) *Det er avsett eit offentleg uteopphaldsareal som eige formål nord på tomta. Området ligg godt skjerma for støy frå E39, har ei solrik plassering vest for symjehallen og stettar elles alle krav m.o.t minimumsbreidde, helning, tilgjenge m.m.*
- c) *Kravet om arkeologisk registrering er seinare trekt tilbake då slik registrering er gjennomført tidlegare.*

9.1.2 Innspel 2: Fylkesmannen i Møre og Romsdal (datert 24.04.2017)

Oppsummering av merknad:

- a) Om mogleg bør ein ta vare på elva gjennom området og ikkje legge den i rør.
- b) Ved evt. utandørs idrettsbaner må det gjerast ei støyfagleg utgreiing.

Kommentar:

- a) *Parallelt med planarbeidet har Multiconsult på oppdrag frå Volda kommune gjennomført ei tilstandsvurdering av sentrumselvene der ein for Djupegrova tilrår forbygging gjennom planområdet. Ved samtidig å legge om elveløpet som vist i plan får ein både plass til symjehall samtidig som plassering av elveløpet langs/inntil gangveggar og uteopphaldsareal synleggjer og løftar fram elva som eit viktig naturelement. Elva er i dag lite tilgjengeleg grunna tett vegetasjon på begge sider og vil med dette bli opna opp og gjort meir tilgjengeleg for ålmenta.*
- b) *Det er ikkje planlagt utandørs idrettsbaner. Vedlagte støyrapport gjeld vegtrafikkstøy frå E39.*

9.1.3 Innspel 3: NVE (datert 21.04.2017)

Oppsummering av merknad:

- a) Bekken sitt skadepotensiale for flaum og erosjon må vurderast også oppstraums planområdet.
- b) Viser til NVE sin kvikkleirerettleiar då planområdet ligg under marin grense. Dersom grunnforholda er kjende som uproblematiske må dette grunnjevast konkret i ROS-analysen.

Kommentar:

- a) *Jfr. kommentaren ovanfor. Endeleg rapport frå Multiconsult vert å legge til grunn i prosjekteringa av forbygninga og nytt elveløp. Mellombels rapport skisserer også tiltak lenger opp i fjellsida med*

overløp frå elva som sikrar ei maksimalvassføring uansett nedbør. Det vert opplyst at det skal etablerast ein massefangdam øvst i Orgylelva (ovanfor bustadfeltet Solhøgda) med overføringskanal austover mot Heltneelva. Inntaket skal utformast slik at ei minstevassføring vert sleppt mot

Orgylelva gjennom eit rør. Ifølgje Multiconsult vil ei slik overføring av flaumvatn frå Orgylelva til Heltneelva redusere behovet for forbygning langs Orgylelva betrakteleg, og det vil ikkje vere naudsynt å utføre arbeid i Orgylelva utover det som kan vurderast som vanleg driftsvedlikehald.

- b) I samband med bygging av nye Øyra skule like ved planområdet og innanfor same koteintervall vart det i 2013 gjennomført grunnundersøkingar. Desse viste djupne til berg på mellom 4,0-7,8m og at det under terrengnivå er eit topplag med laust lagra massar over eit lag faste massar som går over til svært faste massar (antatt morene) over antatt berg. I konklusjonen står det at massane under topplaget er telefarlege og vassømfintlege, men at dei ikkje vil by på setnings- eller stabilitetsproblem. Det er m.a.o ikkje påvist kvikkleire i området noko også kommunen sin prosjektleiar har stadfesta. Viser elles til ROS-analysen og krav i føresegner vedk. geoteknisk undersøkingar i samband med prosjekteringa.

Kommentar etter innspel/varsel om motsegn ved offentleg ettersyn:

Merknaden i brev av 20.12.2017 er teke omsyn til og planomtale, plankart og føresegner er oppdatert for å ivareta dei omsyn til tryggleik mot skred og flom som er peika på.

9.1.4 Innspel 4: Røystunet burettslag (datert 30.04.2017)

Oppsummering av merknad:

- Det må takast omsyn til eksisterande busetnad langs Røystunvegen med støyskjerming og m.o.t innsyn, trafikk og parkering.
- Må også takast omsyn til mjuke trafikantar frå Porsemyrvegen og opp til planområdet og at det kan bli noko auka biltrafikk i området.
- Frå Røystunvegen til Campus Arena må det vere sikra gangveg.
- Plassering av parkeringsareal må vere lengst mogleg vekk frå busetnad i Røystunvegen og helst i kjellar under hallen.
- Vestsida av hallen (mot eksisterande busetnad i Røystunvegen) kan nyttast til grøntareal ev. gangveg.

Kommentar:

- Fylkesmannen har i sitt innspel kravd støyvurdering dersom det leggst opp til utandørs idrettsbaner. Sidan det kun leggst opp til innandørs anlegg, vurderast difor ikkje støy frå desse som relevant utgreiingstema. Det leggst ikkje føringar for plassering av vindauge – og vindauge mot vest må påreknast.
- Vegstubben mellom Porsemyrvegen og Røystunvegen er regulert inn samsvar med gjeldande plan med tillegg for fortau på nordsida. Med dette er omsynet til skuleelevar og andre til/frå hallen teke i vare. Tiltaket vil elles ikkje generere meir biltrafikk i dette området då det ikkje er planlagt køyrbar tilkomst til hallen eller parkering frå denne sida.
- Det er innregulert gangveg frå Røystunvegen til hallen i samsvar med innspel.
- Parkeringsarealet på terreng er lagt til austsida av hallen og det er også lagt til rette for ein eventuell parkeringskjellar i samsvar med merknad. Dersom det ikkje vert bygt parkeringskjellar vil det kunne bli parkeringsplassar på terreng også sør for hallen.
- Vestsida av hallen er avsett til grøntareal og gangveg i samsvar med merknad. Arealet kan også nyttast til oppføring av vegetasjonsskjerm etter nærare avtale.

9.1.5 Innspel 5: Statsbygg (datert 24.04.2017)

Oppsummering av merknad:

- Adkomst via E39 og Joplassvegen er ikkje del av planområdet men bør takast inn dersom det vurderast behov for tiltak på denne infrastrukturen.
- Adkomst og parkering til HVO sitt område må ikkje forringast. Det er stort press på HVO sine parkeringsplassar.
- Byggehøgder må ta omsyn til eksisterande bebyggelse ved høgskulen.
- Dersom det planleggast snuplass for buss i Joplassvegen må det planleggast slik at den også kan være av/påstigning for kollektivtrafikk til HVO/Berte Kanuttehuset.

Kommentar:

- Krav om tilrettelegging for buss til planområdet har medført behov for oppgradering av snuplass og kryss. Plangrensa er difor utvida i samsvar med innspel.*
- Parkeringsdekninga er løyst på eigen grunn når det gjeld dagleg bruk. Ved større arrangement vil desse bli supplert med eksterne plassar i samsvar med kap. 6.5. Adkomst til området vert elles vesentleg oppgradert og ikkje forringa av planframlegget.*
- Byggehøgder er låst med kotehøgder i plan utfrå krav til innvendig nettohøgde i hallen samt estimert høgde på takkonstruksjonar (fagverk)*
- I samråd med Statsbygg er eksisterande snuplass/rundkøyring i enden av Joplassvegen - utvida og dimensjonert for buss i samsvar med merknad.*

9.1.6 Innspel 6: Statens Vegvesen (datert 06.02.2017)

Oppsummering av merknad:

- Joplassvegen og krysset mot E39 er truleg underdimensjonert m.o.t auka busstrafikk for framtidig bruksformål med konsekvens at bussar på veg inn i Joplassvegen kan bli ståande med bakenden ut i E39 om møtande buss er på veg ut i krysset. Dette må utgreiast i planen.
- Forbikøyringsfeltet sin funksjon må oppretthaldast uansett framtidig status på hovudvegen.
- Varsla plangrense mot sør må utvidast til også å gjelde E39 for å få vurdert ei tilfredsstillande trafikklysing inn og ut av Joplassvegen.
- Ny busslomme sør for E39 – slik SVV har under regulering – bør ikkje skje utan at det samtidig byggjast ei tilfredsstillande lysing for mjuke trafikantar si kryssing av hovudvegen. Ei slik lysing kan vere gangbru med direktetilkomst til det nye idrettsbygget med tilførselsrampe på eller ved eksisterande passeringsfelt. Sanering av passeringsfeltet vil medføre ei vesentleg svekking av trafiksikkerheita i området.
- Det vil truleg bli meir bil- og busstrafikk inn i området, og behovet for tilpassa snuplass for buss og parkeringsplassar for bil inne på området må takast i vare. Rutebussen bør få fast haldeplass inne på området. Det vert då ikkje aktuelt at busspassasjerar kryssar E39 til/frå busslomma.
- Planavgrensinga må utvidast mot sør slik at ny trafiksituasjon vert samordna med pågåande reguleringsarbeid for Furene-Volda og at trafiksikkerheita i området dermed vert teken i vare på tilfredsstillande måte. Varslar motsegn om ikkje denne utvidinga blir gjort.
- Forholda kring trafikkstøy må avklarast.
- N100 «veg- og gateutforming» må leggjast til grunn i planlegginga.

Kommentar:

- Innspelet er tatt til følge og krysset dimensjonert for buss i samsvar med N100.*
- Dagens forbikøyringsfelt er feilplassert (speilvendt) i høve eksisterande kryss. På bakgrunn av dette er nytt kryss trekt lenger aust slik at forbikøyringsfeltet sin funksjon ikkje berre er oppretthalden men også forbeta i høve dagens situasjon.*
- Utvida plangrensa i samsvar med merknad, samt kryssutviding for buss og korrekt plassering i høve forbikøyringsfeltet, vil gje ei tilfredsstillande trafikklysing inn og ut av Joplassvegen.*
- Forslaget om gangbru er diskutert internt, i møte med SVV sin sakshandsamar samt med plansjef og rådmann i Volda kommune. Utfrå ei totalvurdering er forslaget lagt bort: kostnader, estetikk/*

arkitektur, praktisk bruk, behov og at ein – som SVV sjølv skriv – bør behalde passeringfeltet ved krysset (jfr. pkt. d ovanfor).

SVV tilrår sjølv i handbok V127 tabell 2.1 bruk av gangfelt der vegen har fartsgrense 50 km/t, ÅDT>8000 og fleire enn 10 kryssande i makstimen. Det står m.a følgjande:

På veger med fartsgrense 50 km/t er gangfelt

- anbefalt o på viktige kryssingssteder o som del av et gangnett.
- o Som et fremkommelighetstiltak på svært trafikkerte veger.

Busslommene inngår i SVV sitt planområde for Furene-Volda og gangfeltet må difor regulerast inn i den planen – jfr. V127 kap. 3.1.3.

- e) Snuplassen i enden av Joplassvegen er oppdimensjonert for buss og i tillegg er det sett av to oppstillingsplassar for buss samt ca 35 biloppstillingsplassar ved inngangspartiet. Det er slik sett fysisk tilrettelagt for at rutebussen kan leggje ruta si innom området.
- f) Planområdet er utvida mot sør iht. innspel og plankartet tilpassa SVV sine tilstøytande formålsgrenser og planformål. Dette er gjort i samarbeid med SVV v/J.Misund som også har meldt tilbake at SVV har tilpassa plangrensa si til vår.
- g) Støy frå vegtrafikk er utgreidd i eigen rapport (vedlagt) og tiltak innarbeidd i planframlegget. h) N100 er lagt til grunn i planlegginga.

9.1.7 Aksel Farstad – gbnr. 19/97

Etter utviding av plangrensa austover, vart det halde møte/synfaring for eigarane av gbnr. 19/97 der ein presenterte prosjektet. Ein har ikkje motteke skriftleg innspel frå desse i etterkant, men det synest naturleg å kort oppsummere tilbakemeldingane som vart gitt under synfaringa.

- a) Er generelt positive til tiltaket, men parkeringskapasiteten for HVO opplevast som sprengt med det til følge at det vert parkert både langs vegar og på rabattar.
- b) Ønskjer at den store blodbøken vest for tomta vert bevart.
- c) Var kritisk til SVV sine planar om inngrep i hagen i samband med reguleringsplanen «Furene-Volda»

Kommentar:

- a) HVO sine parkeringsplassar vert ikkje yttarlegare belasta som følge av VCA sine planar. Det leggst opp til parkering på eigen grunn på terreng og i ein eventuell parkeringskjellar. Ved større arrangement leggst det til rette for ekstern parkering m.a ved ungdomsskulen.
- b) Blodbøken er iht. avtale innmålt, vist på illustrasjonsplan og blir truleg ikkje råka av vegomlegginga.
- c) SVV informerer om at planframlegget deira no er justert i samsvar med grunneigar sine ønskje.

10 AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Oppsummering av innkomne merknader gjev inntrykk av at prosjektet er relativt lite kontroversielt. Som omtalt innleiingsvis har det vore arbeidd lenge for ny idrettshall i Volda, og det er mange som har behov for eit nytt og moderne anlegg:

- Idretten i Volda har i mange år hatt underdekning av areal for hallidrett.
- Nyoppførte Øyra barneskule er utan innandørs kroppsøvingsareal.
- Ungdomsskulen har behov for fornya og større kroppsøvningsanlegg.
- Symjeanlegget frå 1961 ved idrettsbygget er i dårleg stand og skal fasast ut i 2020

Valget av Joplassmarka er ikkje tilfeldig:

- Nærleik til skulane: Vi meiner lokaliteten representerer ei framtidretta og berekraftig arealutvikling der sambruk mellom skule og idrett kan utløyse gode synergjar og stimulere til høg aktivitet både for barn og vaksne. Anlegget vil kunne bli ein viktig møteplass både på dag- og kveldstid.
- Trafikale tilhøve: Joplassen ligg sentralt ved etablerte gang- og sykkelveggar som gjer tilkomsten trygg for mjuke trafikantar. Plasseringa inntil E39 gjev også god, kort og trygg tilkomst til området både for bil, buss og utrykningskøyrety. Nærleik til den framtidige voldatunnelen er også gunstig.
- Utrykningsruter: Det er vidare ein stor fordel – særleg ved større arrangement – at hallen ligg plassert nær både brannstasjon og sjukehus dersom uhellet skulle vere ute.
- Kollektivtrafikk: Sentrumsnær plassering og busslommer for aust- og vestgåande rute like ved, opnar for redusert bilbruk til/frå hallen. Saman med eit godt utbygd nett av gangveggar ligg tilhøva godt til rette for at t.d heimepublikum kan la bilen stå ved større arrangement.

Konklusjon:

Idretten spelar ei viktig rolle for lokalsamfunna og ikkje minst for skulestaden Volda. Volda har i regional samanheng hatt ein leiande posisjon i hallidrettane - særskilt innan handball og volleyball. Det er stor underdekning på hallkapasitet som i dag berre dekkjer 1/3 av etterspurnaden.

Hallplanar har pågått i Volda i ca 25 år, og prosjektet er framfor alt viktig og sentralt for barn og unge sine oppvekstvilkår, der igjen for busetnad og næringsutvikling samstundes som ei slik satsing også er viktig og avgjerande for Volda sitt omdøme og posisjon som regional motor for utdanning.

Denne sentrale plasseringa legg på ein unik måte til rette for eit godt samspel mellom eit vidt spekter av brukarar. Anlegget vil kunne bli ein viktig sosial møteplass både for unge og vaksne, bidra til gode og trygge oppvekstvilkår, god folkehelse og ei framtidretta positiv samfunnsutvikling i Volda.

.



Teiknforklaring

Reguleringsplan PBL 2008

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg

- BOP Offentleg eller privat tenesteyting
- BUT Uteoppholdsareal

§12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- SKV Køyreveg
- SF Fortau
- SGS Gang-/sykkelveg
- SGG Gangveg/gangareal
- SVT Annan veggrunn - teknisk anlegg
- SPP Parkeringsplassar

§12-5. Nr. 3 - Grøntstruktur

- G Grøntstruktur

§12-5. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone

- VNV Naturområde i sjø og vassdrag

§12-6 - Omsynssoner

- H210 Raud sone etter rundskriv T-1442

- H220 Gul sone etter rundskriv T-1442
- H220 Flomfare
- H390 Marin grense

Linjesymbol


- RpGrense
- RpFormålGrense
- Eiendomsgrense som skal oppheves
- RpStøyGrense
- RpFareGrense
- Byggegrense
- Planlagt bebyggelse
- Regulert senterlinje
- Frisiktlinje
- Regulert kant kjørebane
- Regulert parkeringsfelt
- Regulert fotgjengerfelt
- Måle og avstandslinje

Punktsymboler

- Avkjørsel - både inn og utkjøring

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart: Volda kommune
 Dato for basiskart: 18.02.2016
 Koordinatsystem: UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84
 Høgdegrunnlag: NN1954



 Volda kommune	Detaljregulering for Volda Campus Arena - idrettshall Med tilhørende føresegner	Arealplan-ID: 1519-2017002
	Forslagstillar: Volda Campus Arena AS	

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

	SAKS-NR.	DATO	SIGN.
Dato		Revisjon	
Dato		Revisjon	
Dato	14.05.2018	Revisjon	Justert etter off. ettersyn
30 Kommunestyret sitt vedtak			
Ny 2. gongs handsaming			
Offentleg ettersyn frå			
2. gongs handsaming			
Offentleg ettersyn frå			
1. gongs handsaming			
Kunngjering av oppstart av planarbeid			
Oppstartsmøte.....			
PLANEN ER UTARBEID AV:		 Per Møvik AS, Holmen 7, 6100 Volda www.muluk.no	TEGNNR. DATO SIGN. 2413 001 05.10.2017 JMO
Stadfesting av at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak			
Dato	Plansjef		



Detaljreguleringsplan for Volda Campus Arena - idrettshall

Planidentifikasjon:

Kartnr. i kartarkivskap nr. 1

Eigengodkjenningsdato

Eigengodkjend av:

1519-2017002

dd.mm.åååå

Volda kommunestyre

Områdeomtale/plangrense:

Plangrensa er vist på plankartet, sist revidert 14.05.2018

§1. – GYLDIGHEITSSOMRÅDE

Desse føresegnene gjeld innanfor plangrensa som vist på plankartet. Innanfor grensa skal areala nyttast slik som planen (plankart og føresegner) fastset.

§2. – PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§3. – REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med § 12-5 og 12-6 i plan- og bygningslova (PBL av 2008) til følgjande føremål:

3.1. BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL §12-5 NR.1)

- 1160 Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)
- 1600 Uteopphaldsareal (BUT)

3.2. SAMFERDSLE OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5 NR.2)

- 2011 Køyreveg (SKV)
- 2012 Fortau (SF)
- 2015 Gang-/sykkelveg (SGS)
- 2016 Gangveg/gangareal (SGG)
- 2018 Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)
- 2082 Parkeringsplassar (SPP)

3.3. GRØNTSTRUKTUR (PBL §12.5 NR.3)

- 3001 Grøntstruktur (G)

3.4. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL §12-5 NR.6)

- 6610 Naturområde i sjø og vassdrag (VNV)

3.5. OMSYNSSONER (PBL §11.8 A.1 , §12-6)

- 140 Frisiktsone (H140)
- 210 Raud støysone (H210)
- 220 Gul støysone (H220)
- Omsynssone Marine avsettingar – rasfare (H310)
- Omsynssone flaumfare – (H320)

§4. – AREALBRUK

4.1. – BYGNINGAR OG ANLEGG

4.1.1 Offentleg eller privat tenesteyting (BOP):

- a) Innanfor BOP1 og 2 skal det oppførast bygningar og installasjonar for offentleg eller privat tenesteyting – idrettshall og symjehall.

Idrettshall og symjehall kan også gje plass for naturleg tilhøyrande fasilitetar som klubblokale, treningssenter, fysioterapi, kontor, undervisning, og tilhøyrande lagerfunksjonar, samt parkeringskjellar

- b) BOP1 og 2 kan byggast ut i separate byggjesteg.
- c) Bygningar skal plasserast innanfor regulerte byggjegranser og formålsgranser.
- d) Bygningar skal plasserast innanfor linjer for planlagt bebyggelse (sosi-kode 1213), men avvik på inntil +/-1m tillatast under føresetnad av at bygningen framleis ligg innanfor regulert byggjegrænse, formålsgrænse og avstandskrav iht. Pbl § 29:4. Entretak og overbygg ved inngangsparti, samt rømingstrapper, kan anleggast ut over gitt byggegrense så langt dei ikkje kjem i konflikt med underliggende bruksformål eller siktlinjer.
- e) Bygningane skal ha maksimal gesimshøgde som ikkje overskrider kote-høgden som er vist på plankartet avgrensa med linjer for planlagd bebyggelse:
 - a. BOP1: Hovudtak - mønehøgde c+61.75. og gesimshøgde c+61.0
Sidebygg vest –og aust c+59.5
Klatrehall –utbygg mot sør c+56.8
 - b. BOP2: c+63,2 (hovudtak), og mellombygg, c+59,5 (ev. sambinding mellom symje- og idrettshall).
 - c. Bygningshøgder angitt i pkt a og b er fastsett ut frå førebels byggprosjektering og byggplassering i terreng. Høgden kan i høve byggesøknad/søknad om rammeløyve vurderast avvike med inntil 1m, dersom det i vidare prosjektering/ grunnundersøkingar kjem fram nye moment som gir grunn til heving av bygget.
- f) Ev. heis- og trappehus samt ventilasjonsbygg på tak kan overstige maksimal gesimshøgde. Storleiken på desse bygningsdelane skal avgrensast til bygget sin funksjon.
- g) Grad av utnytting av tomta er bestemt av «tillate prosent bebygd areal» BYA slik:
BOP1 og 2: maks.%-BYA=100%
- h) Avbøtande tiltak for å stette krav til innandørs støy i samsvar med vegleiar 1442-retningslinjer for støy i arealplanlegging skal leggast til grunn for utbygging på området. JF. Sweco AS sin rapport knytt til vegtrafikkstøy (vedlegg nr.11, datert 20.09.2017).
- i) Bygningar og anlegg skal ha høg materialkvalitet og gjenspegle vår tids arkitektur med vektlegging på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning.
- j) Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningar/ anlegg. Farge- og materialvalg skal grunngjevast ved søknad.
- k) Parkering for bil og buss er avsett som eige formål som ikkje inngår i grunnlaget for BYA. Ev. parkeringsplassar på terreng skal inngå.
- l) Overvasshandtering og vassforsyning vert å avklare gjennom teknisk plan i samarbeid med kommunen før det vert gjeve løyve til tiltak. Bekken «Djupegrova» skal ikkje tilførast meir vatn utan godkjenning frå Volda kommune.
- m) Ved dei tre hovudinngangane skal det i område BOP1 etablerast sykkelparkering med til saman min. 80 plassar. Sykkelparkering skal som hovudregel vere under tak.

4.1.2 Uteoppfallsareal (BUT):

- a) BUT opparbeidast i samsvar med prinsipp for universell utforming, med grasdekke/ fast dekke, minimum ein benk og eit areal på 2x2m med fast dekke.
- b) Det tillatast oppført trimapparat, mindre anlegg for leik/leikeapparat og andre trivselsfremjande installasjonar som naturleg høyrer til.
- c) Arealet skal stette utformingskrav som gjeld for leikeplass m.o.t maksimal stigning, breidde m.m. og sikrast med gjerde mot Djupegrova.
- d) BUT er offentleg.

4.2. – SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.2.1 Køyrevegar (SKV)

- a) Vegar opparbeidast med fast dekke og breidder som vist i plankartet.
- b) SKV1-4 er offentleg, SKV5 privat.

4.2.2 Fortau (SF)

- a) Fortau opparbeidast med fast dekke og breidder som vist i plankartet.
- b) Skjering og fylling tillatast lagt utom formålsgrrensa.
- c) SF er offentleg.

4.2.3 Gang-/sykkelveg (SGS)

- a) Gang- og sykkelveg opparbeidast med fast dekke og breidder som vist i plankartet.
- b) Skjering og fylling tillatast lagt utom formålsgrrensa.
- c) SGS er offentleg.

4.2.4 Gangveg/gangareal (SGG)

- a) Gangvegar opparbeidast med fast dekke og breidder som vist i plankartet.
- b) Skjering og fylling tillatast lagt utom formålsgrrensa.
- c) SGG er offentleg.

4.2.5 Annan veggrunn - tekniske anlegg (SVT)

- a) Område langs vegar avsett til grøft, rabatt, trafikkøy, skjering, fylling, terrengmur, sikringsgjerde, autovern og øvrig teknisk anlegg knytt til vegen.
- b) SVT er offentleg.

4.2.6 Parkeringsplassar (SPP)

- a) Parkeringsplass for bilar, bussar og sykklar skal opparbeidast på områder avsett i plan.
- b) SPP1 skal opparbeidast for minimum to bussar og to personbilar tilpassa rørslehemma.
- c) 2 SPPskal opparbeidast for 32 personbilar
- d) Areal skal ha fast dekke og oppmerka plassar.
- e) Skjering- og fyllingsutslag, terrengmurar etc. kan leggest utanfor regulert område.
- f) SPP er privat.

4.3. – GRØNTSTRUKTUR

4.3.1 Grøntstruktur (G)

- a) Grøntområde langs gangvegar, bekk og tilgrensande eigedomar. Opparbeidast som grasbakke og/eller som vegetasjonsskjerm etter avtale med tilgrensande grunneigar.
- b) G1-5 er offentleg, G6 er privat.

4.4. – BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE

4.4.1 Naturområde i sjø og vassdrag (VNV)

- a) Omlegging av bekken «Djupegrova».
- b) Bekkeløpet skal forbyggast med naturstein og sikrast med klatresikkert gjerde.
- c) VNV er offentleg.

§5. – OMSYNSSONER

5.1. – OMSYNSSONER

5.1.1 Frisiktsone (H140):

- a) Innanfor frisiktsona skal det vere fri sikt på minimum 0,5m over nivået til tilstøytande vegar. Busker, tre, gjerde eller andre konstruksjonar som kan hindre sikta er ikkje tillate. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i sona dersom dei ikkje hindrar fri sikt.
- b) Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar vert fjerna.

5.1.2 Raud og gul støysone (H210/H220):

- a) For å sikre tilfredsstillande innandørs støynivå i samsvar med gjeldande retningsliner for trafikkstøy i Reguleringsplan, T-1442, må støyutsett fasade gje ein samla lydreduksjon på $R_w + C_{tr} = 32 \text{ dB}$ – jfr. støyrapport frå Sweco AS datert 20.09.2017.
- b) Varig opphald, eller areal tilrettelagt for uteopphald, leik og aktivitet, tillatast ikkje i raud sone utan støyskjerming.

5.1.3- Omsynssone marine avsetningar.

Før det vert gitt byggeløyve i området skal det gjennomførast vidare grunnundersøking som grunnlag for prosjektering av byggegrop og som då også avklarar omsynet til mogeleg kvikkleireskred, i samsvar med PBL §28-1 og TEK 17 kap. 7.

5.1.4 – omsynssone Flaum

Innanfor omsynssone flaum vist i plankartet kan byggetiltak i tryggleiksklasse F2 og F3 (TEK 17 §7-2), ikkje settast i gang før sikringstiltak som ivaretek omsyna til tryggleik for flom, jf PBL §28-1, og TEK 17 § 7-2, er gjennomført med overføring av flaumvatn til Heltneelva

(Jf. Førsetnader om tiltak i Multiconsult-rapport Rapport 130544 Kartlegging av flomfare og flomtilpassingstiltak i Melshornsida»).

Alternativt at det vert dokumentert ved fagleg utgreiing at tryggleiksomsyna i høve flaum/tryggleik for bygging i området er tilfredsstillande ivareteke ved alternativ løysing innanfor reglane i PBL §28-1, jf TEK 17 §17-2.

§6. – FELLESFØRESEGNER

6.1. REKKEFØLGJEKRAV

- a) SKV2 inkl. kryssløysing mot E39 samt snuplass/rundkøyring og parkeringsplassar skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for bygningar i BOP1 og/eller BOP2.
- b) ««Djupegrova» (VNV) skal omleggast og forbyggast i den grad det er naudsynt for å ivareta tryggleiksomsyn knytt til flaum/flaumskred for byggetiltak på områda BOP1 og BOP2, og seinast i samband med oppføring av symjehall på området.
- c) Tilstrekkjeleg vassforsyning inkl. brannsløkkevatn skal vere tilgjengeleg før det vert gjeve bruksløyve for BOP1 og/eller BOP2.
- d) Uteopphaldsareal BUT skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for bygningar i områda BOP1 og/eller BOP2.
- e) Viste gangtilkomstar etter plan skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for bygg i områda BOP1 og/eller BOP2.
- f) Før nybygg på områda BOP1 og BOP2 kan takast i bruk skal det vere på plass naudsynte avtalar med kommunen og Statsbygg/Høgskulen om eventuell vekselbruk av p-plassar på dei to områda og høgskuleområdet/ Campus Arena.
- g) Før byggeløve vert gjeve skal det også vere avklara korleis tiltak knytt til opparbeiding av ekstern infrastruktur utløyser behov for utbyggingsavtalar med kommunen.
- h) Innanfor omsynssone flaum vist i plankartet kan byggetiltak i tryggleiksklasse F2 og F3 (TEK 17 §7-2), ikkje settast i gang før sikringstiltak som ivaretek omsyna til tryggleik for flom, jf PBL §28-1, og TEK 17 § 7-2, er gjennomført med overføring av flaumvatn til Heltneelva.
- i) Ved byggesøknad skal det ligge føre teknisk plan, der også plan for omlegging og forebygging av Djupegrova inngår. Omlegging og forbygging av bekken skal vere gjennomført i samsvar med godkjent plan før bygg for idrettshall eller symjehall kan takast i bruk.
- j) Ordning for sykkelparkering skal vere vist i situasjonsplan tilknytt søknad om rammeløyve, og skal vere etablert før bygget kan takast i bruk.

6.2. PLANKRAV

- a) Ved søknad om løyve til tiltak skal det leggst fram nødvendig dokumentasjon herunder teknisk plan som m.a skal vise løysingar for kraftforsyning, vassforsyning og avløps-handtering frå planområdet. For heile planområdet skal det utarbeidast plan for overvassdisponering og lokal handtering av overvatn vurdert i samarbeid med kommunen.
Innpassing av trafo og andre anlegg knytt til kraftforsyning skal samordnast med straumleverandør/nettverkseigar og skal fortrinnsvis lokaliserast inne i eller i tilknytning til planlagde bygg
- b) Til søknad om rammeløyve skal det følgje med utomhusplan som m.a skal vise:
1. Bebyggelse og øvrige anlegg si plassering og høgd.
 2. Kotelinjer for eksisterande og framtidig terreng.
 3. Fylling/skjæring, forstøtningsmurar m.m
 4. Parkeringsareal/-løysingar – herunder løysing for sykkelparkering.
 5. Utforming og plassering av fellesområde, benkar, belysning, skilt m.m.
 6. Korleis krav til universell utforming utomhus vert stetta.
 7. Materialbruk på gangareal (type kantstein, dekke m.m)
 8. Ledelinjer, stigningsforhold på gangareal.
 9. Terrengmessig utforming og plan for vegetasjon/beplanting.
- c) Til søknad om rammeløyve skal det gjerast greie for korleis omsynet til estetikk og god arkitektur er teke i vare der det m.a gjerast greie for material- og fargeval på fasadane.
- d) Ved søknad om byggeløyve skal det visast løysing for søppelhandtering frå hallen og området tilknytt denne. Ordninga skal fortrinnsvis vere ved arrangement under bakken eller lokalisert inne i bygg.
- e) Til søknad om rammeløyve skal det ligge føre utgreiing knytt til korleis sikring mot tilslamming av bekken gjennom området, og tilføring av slam til Øyraelva kan ivareta i byggeperiode og etter utbygging.

6.3. TERRENGBEHANDLING

- a) Nødvendige terrenginngrep skal utførast mest mulig skånsamt og opne terrengsår skal i nødvendig grad tilsåast/tilplantast.
- b) Ev. utgravde massar skal leggjast på stader der dei ikkje verkar skjemmande.
- c) Ved varige opne utgravingar, som vegskjeringar, der høgdeforskjell mellom topp skjering og botn utgraving er større enn 1,5 m, bør det etablerast støttemur.

6.4. VEGETASJON

- a) Eksisterande vegetasjon skal bevarast der det er hensiktsmessig.
- b) Byggjearbeid skal utførast med omsyn til terreng og vegetasjon.


6.5. AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

- a) Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeida straks stansast og kulturminneforvaltninga varslast umiddelbart. Ansvar ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitteforhold forlengast.

Volda den.....

for - rådmann-

Per Heltne
Fagansvarleg plan
e.f.m



Teiknforklaring

- Fleirbrukshall
- Symjehall
- Takoverbygg inngang
- Mellombygg/garderober symjehall
- Sykkelparkering
- (Klatrevegg)
- Trafikkareal
- Overheng buss
- Gangveggar
- Parkeringsplassar
- Grønnstruktur
- Eksist. vegkant (og vegflate)
- Eksist. kant gang/sykkelveg (og flate)
- Omlagt elv/bekk (evt.kulvert)
- Eksist. bygningar (takflate)
- Regulert tomtegrense
- Byggegrense
- Regulert senterlinje
- Frisiktlinje i veikryss
- Parkeringsfelt bakkeplan
- Parkeringsfelt garasje
- Plangrense
- Måle-/avstandslinje
- Teiggrense
- Eksist. vegdekkekant
- Eksist. elv/bekkekant
- Kulvert
- Sikringsjerde
- Mur-/plastringsfot

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

Firma
 Firma: Per Mulvik AS
 Adresse: Holmen 7
 Postnr./stad: 6100 Volda
 Org.nr.: 941 987 516
 Sentral: 70 07 49 90
 Direkte: 70 07 49 94
 E-post: jan@mulvik.no

Prosjektnamn:
 Detaljregulering Volda Campus Arena - gbnr.19/807

Oppdragsgivar:
 Volda Campus Arena AS
 c/o SR Volda AS
 6100 Volda


Prosjekterande:

www.mulvik.no


Tittel: Illustrasjonsplan		Teikna av: JMO	
		Dato: 05.10.17	
		Kontr.av:	
		Dato:	
		Erstatter teikn.:	

Teikningstype:
 PLANILLUSTRASJON


Prosjektnr.: 2413	Teikn.nr.: 901	Målestokk: 1:1000	Rev.:
--------------------------	-----------------------	--------------------------	--------------




SKISSE SITUASJONSPLAN - VCA



SNITT A-A



SNITT B-B



Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Plan- og bygningslova § 28-1 fastset krav om sikker byggegrunn, og § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga.

Føremålet er å gje grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan òg oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

Klimaendringane er forventa å påverke framtidig risiko og sårbarheit, og ROS-analysen må difor vurdere konsekvensar av klimaendringane. Fylkesmannen har lagt ved nokre sjekkpunktar på siste side i dette dokumentet som kan vere til hjelp når klimatilpassing skal vurderast.

Bruk av sjekklista

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for, og oppsummering av, risiko og sårbarheit i arealplansaker. *Sjekklista er ikkje i seg sjølv ein ROS-analyse.* For å kvittere ut spørsmåla i sjekklista, må det gjerast sjølvstendige vurderingar. Dersom ein er usikker på om det føreligg risiko, skal det hentast inn fagkyndig vurdering. Alle står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gjev størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande vurdering av avdekte forhold. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker, jf. krava i pbl. § 28-1.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

Fylkesmannen har samla dokument og lenkjer til bruk i arealplanlegginga her:

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/>

GisLink gjev tilgang til kart- og faginformatjon til bruk i arealplanlegginga:

<http://www.gislink.no>

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Namn på tiltak/plan: *Detaljregulering for Volda Campus Arena – idrettshall - planID: 1519-2017002*

Naturgitte forhold		Er det knytt risiko til følgjande element? <i>Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg. Grunngje NEI etter behov.</i>	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?		X	
	B	Er området utsett for større fjellskred?		X	
	c	Er det fare for flodbølger som følge av fjellskred i vatn/sjø?		X	
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X		Delar av området ligg i sona for marin strandavsetning – jfr.NGU lausmassekart. Grunnundersøkingar like ved i 2014 avdekte stabil byggegrunn, men krav om kartlegging som grunnlag for prosjektering er teke inn i føresegnene.
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X		Mellombels rapport frå Volda kommune tilrår forbygging av elva «Djupegrova» gjennom området. Omlegging og krav til forbygging er teke inn i plan og føresegner.
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyming i kjellar osv?		X	
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		X	
	H	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følge av endra klima?		X	
	I	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		X	
j	Anna (Spesifiser)?				

Omgjevnad		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?		X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågare- liggande område?	X		Ved ev. tilknytning av overflatevatn til «Djupegrova» krev kommunen fordrøying alternativt eige avløp til Øyraelva. Dette er teke inn i føresegnene og vert å avklare i teknisk plan ved søknad.
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgende element?	Ja	Nei	Kommentar
Vass- forsyning	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?	X		Kommunen opplyser at eksisterande vass- og overvassleidningar manglar kapasitet, men at det vert arbeidd med oppgradering. Dette vert å avklare saman med kommunen som del av teknisk plan.
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			
		Er det knytt risiko til følgende element?	Ja	Nei	Kommentar
Kraft- forsyning	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4µT frå høgspenninger?		X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenningsterminaler?		X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgende element?	Ja	Nei	Kommentar
Samferdsel	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?		X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?		X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		X	
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendelser?		X	
	e	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgende element?	Ja	Nei	Kommentar
Miljø/ Landbruk	a	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?		X	
	b	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?		X	
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?	X		Formålet er i samsvar med overordna/gjeldande plan og med dette avklart i tidlegare fase.
	d	Anna (spesifiser)?			

Sjekkliste utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar	
	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		X		
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?		X		
	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålrensing, skipsverft, gartneri etc.?		X		
	d	Anna (spesifiser)?				

Brann/-ulukkesberedskap	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar	
	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	X			Jfr. punkt ovanfor. Kommunen arbeider med endringar i VA-nettet i samband med Voldatunnelen. Vert avklart i byggjefasen.
	b	Har området dårlege tilkomststruter for utrykkingskjøretøy?		X		
	c	Anna (spesifiser)?				

Sårbare objekt	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar	
	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		X		
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?		X		
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		X		
	d	Anna (spesifiser)?				

Verksemds risiko	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar	
	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		X		
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		X		
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		X		
	d	Anna (spesifiser)?				

Ulovleg verksemd	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar
	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		X	
b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		X		
c	Anna (spesifiser)?				

Sjekklista er gjennomgått den 1/9 - 2017 av sign:

Sjekkliste klimatilpassing

1. Flaumfare

a) Større vassdrag (vassdrag over 100 km²):

- Er det teke høgde for klimaframskrivingar i flaumsonekartlegginga?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre på resultatet av kartlegginga?
- Kan auka havnivå føre til auka flaumfare for planområdet (fare for kombinasjon av stormflo og flaum)?
- Har det vore tilfelle av isgang (som kan forverre flaumproblema)?

b) Bekkar og mindre elvar med bratt fall:

- Har det vore flaum ved tidlegare hendingar med intens nedbør?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre forholda?
- Er det planlagd utbygging 20 meter eller nærare ein vassdrag/bekk?
- Er bekkar lagt i røyr, og er det i tilfelle kapasitet til å ta unna auka nedbørsmengder?
- Har det vore endringar i arealbruken omkring elvar og bekkar som gjer at dei må finne andre løp ved flaum?
- Vil utbygginga kunne ligge i vegen for, eller stenge for, at elvar og bekkar kan endre løp?

2. Skred/erosjon

a) Er det lausmasser langs elv og/ eller sjø som kan vere utsett for erosjon?

3. Avløp

a) Har det vore problem med kapasiteten i avløpssystema ved tidlegare hendingar med intens nedbør?

b) Har det vore problem tilbakeslag?

c) Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør endre forholda?

d) Kan auka havnivå gi problem for avløpsanlegg (tilbakeslag)?

4. Havnivå/stormflo

a) Er berekninga av havnivåstiging og stormflo gjort i samsvar med prinsippa i rettleiaren «Havnivåstiging og stormflo» (DSB, september 2016)?

5. Infrastruktur (utanom vatn og avløp)

a) Kan auka fare for utfall av kritisk infrastruktur endre risiko- og sårbarheitsforhold for det aktuelle området?

6. Slagregn

a) Kan området vere sårbart for auka fare for slagregn?



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Torgeir Stensø

Arkivsak nr.: 2012/151

Arkivkode: 2011009

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
84/18	Formannskapet	22.05.2018
71/18	Kommunestyret	31.05.2018

PLANID 2011009 - REGULERINGSPLAN TURVEG ROTEVATNET, KLAGE OVER PLANVEDTAK

Handsaming:

Utviklingssjef Jørgen Vestgarden var til stades under handsaminga av saka.

Prøverøysting:

Det vart halde prøverøysting mellom alternativ ein og to i tilråding frå administrasjonen. Alternativ to fekk seks røyster, medan alternativ ein fekk tre røyster (Gunnar Strøm, Benedikte Holmberg og Jørgen Amdam).

Odd A. Folkestad kom med slik alternativ formulering til alternativ to punkt ein:

- 1. Kommunestyret har under handsaming av sak PS 42/17 den 27.04.2017 vedteke at ein ikkje vil nytte tvang som verkemiddel til sikring av grunn til turveg ved Rotevatnet. Arbeidet med reguleringsplanen vert derfor avslutta*

Dan Helge Bjørneset bad om punktvis røysting.

Røysting (ni røysteføre):

Det vart først røysta alternativt mellom alternativ tilråding frå administrasjonen punkt ein og to.

Alternativ to fekk seks røyster, alternativ ein fekk tre røyster (Gunnar Strøm, Benedikte Holmberg og Jørgen Amdam).

Punktvis røysting alternativ to:

Punkt 1 i tilrådinga frå administrasjonen fekk 0 røyster og fall.

Alternativt framlegg frå Odd A. Folkestad fekk seks røyster og vart vedteke, tre røysta imot (Jørgen Amdam, Gunnar Strøm og Benedikte Holmberg).

Punkt 2 i tilrådinga frå administrasjonen fekk fem røyster og vart vedteke, fire røysta imot (Jørgen Amdam, Gunnar Strøm, Dan Helge Bjørneset og Benedikte Holmberg).

Punkt 3 i tilrådinga frå administrasjonen fekk fem røyster og vart vedteke, fire røysta imot (Jørgen Amdam, Gunnar Strøm, Dan Helge Bjørneset og Benedikte Holmberg).

Tilråding i formannskapet - 22.05.2018 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret har under handsaming av sak PS 42/17 den 27.04.2017 vedteke at ein ikkje vil nytte tvang som verkemiddel til sikring av grunn til turveg ved Rotevatnet. Arbeidet med reguleringsplanen vert derfor avslutta*
- 2. Vedtaket i K-sak PS 42/17 den 27.04.2017 - om godkjenning av reguleringsplan turveg Rotevatnet vert av same årsak oppheva og planen skal ikkje gjelde.*
- 3. Det vert vist til pkt 1 og 2 og det føresettast at handsaming av mottekne klager på planvedtak i K-sak PS 42/17 den 27.04.2017 ikkje er naudsynt.*

Administrasjonen si tilråding, alternativ 1:

- 1. Det er avdekka nye moment som ikkje var kjende då reguleringsplanen for turveg ved Rotevatnet vart vedteken den 27.04.2017 i sak PS 42/17.
På bakgrunn av mottekne klager og ny kunnskap om oterbestanden i Rotevatnet vert føresegnene for reguleringsplanen endra ved at det vert sett nye vilkår om avbøtande tiltak. Dei konkrete vilkåra vert å ta inn i reguleringsføresegnene under §3.2.1 Turveg, som pkt. o, p, q, r, s, t, u, v:*
 - o. Før oppstart med bygging av turveg skal det gjennomførast kartlegging som avdekkjer såkalla favorittstader for oter. På grunnlag av kartlegginga skal ein vurdere om det er behov for å gjere mindre justeringar av traseen.*
 - p. Dersom det etablerast lys langs vegen skal delar av strekninga vere avslått på kvelds- og nattestid. Ein skal også vurdere eit lysregime som skuggelegg viktige kryssingspunkt for oteren. Nærare kartlegging av oteren sine favorittstader skal ligge til grunn for lysregimet/belysningsplanen.*
 - q. Ein skal vurdere behovet for informasjonsskilting langs turvegen der dei som ferdast i området vert oppmoda til å ta omsyn til oteren, særleg med tanke på om det har vore yngling.*
 - r. Eksisterande gras, plantar, buskar og tre skal i størst mogleg grad takast vare på. Ved bygging av turvegen skal dette vere eit førande prinsipp. Ein skal også vurdere å nytte vegetasjon bevisst for å legge til rette for at oteren lettare skal kunne krysse vegen einskilde stader. Kartlegging av oteren sine favorittstader skal ligge til grunn for ei slik vurdering. Ved nyplantingar skal det nyttast stadeigen vegetasjon.*

- s. *Dersom ein får meir detaljert kunnskap om hi eller ynglehi skal det ikkje settast opp benkar i nærleiken av desse. Nærare kartlegging av oteren sine favorittstader skal ligge til grunn for kvar ein plasserer benkar.*
 - t. *Turvegen skal byggast i etappar slik at viltet i området får ei gradvis tilvenning til ferdsele i området.*
 - u. *Viktige område for oteren skal leggest inn i artsdatabasen. Innhenta kunnskapsgrunnlag skal ligge til grunn for vurdering av framtidige tiltak i området.*
 - v. *Når turveganlegget er ferdig skal ein gjennomføre same type kartlegging av oteren sine favorittstader som før anleggsoppstart for å kunne dokumentere eventuelle endringar.*
2. *Endringane er av ein slik karakter, at det ikkje er grunnlag for nytt offentleg ettersyn.*
 3. *Saka vert å sende til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.*

Administrasjonen si tilråding, alternativ 2:

1. *Kommunestyret har under handsaming av sak PS 42/17 den 27.04.2017 signalisert at ein ikkje ønskjer å nytte tvang som verkemiddel til sikring av grunn til turveg ved Rotevatnet. Arbeidet med reguleringsplanen vert derfor avslutta.*
2. *Vedtaket i K-sak PS 42/17 den 27.04.2017 - om godkjenning av reguleringsplan turveg Rotevatnet vert av same årsak oppheva og planen skal ikkje gjelde.*
3. *Det vert vist til pkt 1 og 2 og det føresettast at handsaming av mottekne klager på planvedtak i K-sak PS 42/17 den 27.04.2017 ikkje er naudsynt.*

Vedleggsliste:

Klagebrev frå partane

Rapport oterbestand i Rotevatnet 28.11.2017

Referat tlf-møte Jiska van Dijk, NINA (Norsk Institutt for naturforskning) den 05.12.2017

Ny vurdering etter naturmangfaldslova, datert 28.04.2018

Planvedtak og saksutgreiing k-sak PS 42/17

Plankart

Planomtale rev 08.05.2018

Reguleringsføresegner rev 08.05.2018

Oversendingsbrev etter kommunestyrevedtak

Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan for Volda sentrum 18.06.2009

Naturfaglig vurdering 29.05.2012

Rapport arkeologisk registrering 21.06.2012

Samandrag av saka:

Det er motteke klage på kommunestyret sitt vedtak om godkjenning av reguleringsplan for turveg ved Rotevatnet.

Klagene er gjennomgått og det er funne grunnlag for å imøtekome desse på eit punkt som gjeld naturomsyn. Andre klagegrunnar frå partane er kommentert i tidlegare saksutgreiing/plandokument og vurderast som tilstrekkeleg ivaretekne i reguleringsplanen.

I klagene er det lagt fram dokumentasjon om sider ved naturmangfaldet i planområdet som ein ikkje fullt ut har hatt kunnskap om tidlegare. Som følge av dette har ein funne det naudsynt å få utarbeidd ein fagrapport der arten oter sin aktivitet i området er vurdert og å få avklart kva konsekvensar den planlagde turvegen i området vil ha for denne.

På bakgrunn av ny kunnskap om oteren sin aktivitet er reguleringsføresegnene no endra ved at det er sett opp 8 avbøtande tiltak som ein legg til grunn vil ivareta arten sine behov i vesentleg grad.

Reguleringsplanen er vurdert på nytt etter reglane i naturmangfaldslova og det er gjort ei avveging av tilhøvet mellom naturomsynet og omsynet til andre viktige samfunnsinteresser (folkehelse).

Dersom avbøtande tiltak vert gjennomført minimaliserast konsekvensane for viltet og ein vurderer det deretter slik at folkehelseomsyn i dette høvet bør vektast tyngst og at plan for turveg såleis kan realiserast.

Saka veert lagt fram med to alternative tilrådingar til vedtak. Bakgrunnen for dette er at kommunestyret i si handsaming av reguleringsplan for turveg ved Rotevatnet signaliserte at det ikkje er ønskjeleg å nytte tvangsmidlar ved eventuell sikring av grunn til vegen. Då det vurderast som utfordrande å kome til semje om frivillige avtalar på delar av planområdet, bør ein ta stilling til om ein skal halde fram arbeidet med reguleringsplanen og om ein derfor også skal oppheve planen.

Framlegg til vedtak alternativ 2 legg til rette for slik handtering av saka.

Saksopplysningar/fakta:

Volda kommunestyre gjorde i sak PS 42/17 den 27.04.2017 vedtak om eigengodkjenning av detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet (planId 2011009). I saka vart det gjort slikt vedtak:

I samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-12 vert detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet – slik det går fram av justert plankart datert 30.03.2017 og føresegner datert 30.03.2017 – godkjent.

Partane i saka vart i samsvar med PBL §12-12 varsla om vedtaket i brev datert 02.05.2017 med melding om rett til å klage. På førespurnad vart klagefristen lenga fram til 31.05.2017.

Det er motteke klage på kommunestyret sitt vedtak frå fleire av partane/ grunneigarane. Kopi av mottekne brev er vedlagt saka.

Klagene på vedtak om godkjenning av reguleringsplan turveg Rotevatnet er levert innanfor

lovbestemt frist og vilkåra for å handsame klagene er oppfylt, jf plan- og bygningslova §12-12, jf §1-9 og forvaltningslova kap.VI.

Innan klagefristen vart det sett fram 9 klager, desse er:

Bjørn Magnar Rotevatn, Per Martin Vikene, Siw Rotevatn Vikene, brev datert 21.05.2017

Tormod Utne, Audhild G Rotevatn, brev datert 22.05.2017

Magnus Eichinger Vassbotn, brev datert 21.05.2017

Monika Heltne Pøhlmann-Kairies, brev datert 22.05.2017

Roy Inge Heltne, brev datert 16.05.2017

Oddbjørg Egge, epost motteke den 24.05.2017

Greg. Rotevatn, Herdis Rotevatn, brev datert 23.05.2017

Norsk Ornitologisk foreining, brev datert 31.05.2017

Adv. Bjørn Kristian Hove brev datert 31.05.2017, på vegne av:

Hallgeir Heltne, Roy Inge Heltne, Ståle Solgard, Monika Pøhlmann-Kairies, Geir Rotevatn, Oddbjørg Egge, Greg. Rotevatn, Paul Robert Rotevatn, Bjørn Rotevatn, Knut Arne Solberg, Magnus Vassbotn, Audhild G Rotevatn og Tormod Utne, Siw Rotevatn Vikene og Per Martin Vikene.

Klagene er gjennomgått og kommentert. Moment i klagebrev som er utgreidd i planomtale eller i tidlegare saksutgreiing vert ikkje kommentert på nytt her.

Bjørn Magnar Rotevatn, Siw Rotevatn Vikene og Per Martin Vikene: brev datert 21.05.2017

- *Bruken av kan-formuleringar i reguleringsføresegna er å sjå på som saks-handsamingsfeil, jf. vegleiar for reguleringsplanar T-1490 s.47.*

Kommentar:

Etter kommunen si vurdering er dette ikkje sakshandsamingsfeil.

- *I planomtalen er det peika på fleire manglar og faktafeil. Vedtak om godkjenning av reguleringsplanen er gjort på feil faktagrunnlag. Gjeld m.a. tidlegare utarbeidd naturfagleg rapport.*

Kommentar:

Er tidlegare kommentert i planomtalen pkt. 4.7 og i saksutgreiinga knytt til godkjenningsvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)

- *Oteren er ikkje ivareteke i planen og det er ikkje gjort forsøk på å oppdatere kunnskapsgrunnlaget m.o.t til denne arten.*

Kommentar:

Kommunen har innhenta ny kunnskap om oteren sin aktivitet innanfor planområdet og ein har utarbeidd forslag om avbøtande tiltak. Dette vert nærare presentert og kommentert i eige avsnitt av saksutgreiinga.

- *Manglande oppfølging av forslag i naturfagleg rapport om avbøtande tiltak i området frå Bukta til utløpsosen av Storelva.*

Kommentar:

Er tidlegare kommentert i planomtalen pkt. 4.7 og i saksutgreiinga knytt til godkjenningssvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)

- *10 raudlista artar i området er ikkje omsyntekne. Naturmangfaldslova §9 Føre-var-prinsippet.*

Kommentar:

På bakgrunn av tilgjengeleg informasjon om naturmangfaldet innanfor planområdet er det ikkje dokumentert at det finst 10 raudlista artar her. Det vert vist til følgjande: *Naturtypekartlegging i Volda kommune* (Holtan & Jordal 2007) *Naturfaglig vurdering* (Miljøfaglig Utredning AS 2012), *Oterbestanen i Rotevatnet, Volda kommune og potensiell påvirkning frå turstu/turvei* (Multiconsult AS 2017), *Naturbase* (Miljødirektoratet) – 2 registreringar (ask og oter)

- *Omgrepet folkehelse som er nytta i planomtalen i samband med vurderinga etter naturmangfaldslova §10 - økosystemtilnærming, er ikkje relevant.*

Kommentar:

Ein er ikkje samd med klagar i dette.

- *Kommunen har ikkje belyst §10 økosystemtilnærming tilstrekkeleg og vurderingane er delvis gjort på feil grunnlag.*

Kommentar:

Er tidlegare kommentert i planomtale pkt 4.21. Det er elles utarbeidd ny vurdering etter naturmangfaldslova.

- *Kommunen har ikkje gjort tiltak for å dokumentere oteren sin aktivitet i planområdet.*

Kommentar:

Det er utarbeidd eigen rapport som dokumenterer oteren sin aktivitet i området.

- *Turvegtraseen er i konflikt med moldholer i området ved Bukta.*

Kommentar:

Er tidlegare kommentert i saksutgreiinga knytt til godkjenningssvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017). Omsynet til moldholer er også ivareteke i reguleringsføresegnene §3.2.1.1

- *I området Bukta vil de i flg råd frå profesjonell entreprenør vere behov for å grave ut myr i 2 til 4 meters djupne i 6 m breidde for å kunne nytte tyngre køyrety. Dette vil føre til at våtmarksområdet verte øydela og tørrlagt for all framtid.*

Kommentar:

Ein legg til grunn at turvegen kan byggast med lett anleggsteknikk dvs. ved å bruke geotekstilar/geonett under vegfundamentet - noko som reduserer behovet for masseutskifting til eit minimum. Slik byggeteknikk gjer også at konsekvensar for sigevatn vert minimalisert.

Det vil ikkje vere behov for å grave ut masse i meir enn maksimum 3,0 m breidde ved anlegg av turvegen.

- *Turvegen vil i stor grad hindre framtidig landbruksdrift på dei 16 bruka langs vatnet.*
Kommentar:
 Er tidlegare kommentert i planomtalen pkt 4.9 og i saksutgreiinga knytt til godkjenningsvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)
- *Mangel i opphavelig planomtale vil ha påverka fleire høyringsinstansar sidan dei har uttalt seg på feil grunnlag. Dette gjeld tidlegare formulering i planomtale der det har vore sagt at det ikkje er aktiv landbruksdrift i området.*
Kommentar:
 Planomtalen vart endra på dette punktet (pkt. 2.6) og den nye formuleringa har såleis lege til grunn for partane og høyringsorgana sine vurderingar ved nytt offentleg ettersyn.
- *Planområdet er på 87,8 da. Volda kommune ønskjer å omdisponere landbruksareal tilsvarande 11 fotballbaner med storleik som Ullevaal Stadion.*
Kommentar:
 Det vert vist til uttale frå landbruksmynde og til planomtalen pkt 4.9.
- *Har kommunen høve til å nytte føresegner som i praksis hindrar landbruksdrift på areala mellom turvegen og Rotevatnet jf reguleringsføresegnene §3.1a?*
Kommentar:
 Etter kommunen si vurdering, vil ikkje § 3.1.a hindre landbruksdrift på areal mellom turvegen og Rotevatnet.
- *Manglande vurdering av alternativ trasè i området Bukta.*
Kommentar:
 Er tidlegare kommentert i planomtalen pkt. 4.7 og i saksutgreiinga knytt til godkjenningsvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)
- *Moldholer i området Bukta er ikkje omsyntekne.*
Kommentar:
 Er tidlegare kommentert i saksutgreiinga knytt til godkjenningsvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017) og er ivaretekne i reguleringsføresegnene § 3.2.1.1
- *Paralell gangvegtrasè i Botnavegen gjer turvegen unødvendig.*
Kommentar:
 Opprustinga av Botnavegen vert ikkje vurdert til å vere eit tiltak som erstattar behovet for ein turveg ved Rotevatnet og det er ikkje gitt signal frå politisk mynde om endring av standpunkt vedkomande dette.
- *Beskrivelse av ulike alternativ og grunngjeving for desse ligg ikkje føre - sakshandsamingsfeil i høve rettleiar for reguleringsplanar.*

Kommentar:

Er tidlegare kommentert i planomtalen pkt. 4.19 og i saksutgreiinga knytt til godkjenningsvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)

- *ROS- analysa er feil på punktet om flaumfare – det er kjent at området ved elvane og Bukta er flaumutsett.*

Kommentar:

Det stemmer at ROS-analysen ikkje er heilt presis når det gjeld vurdering av flaumfare. Det kan oppstå situasjonar med fare for flaum i området kring elvane. Det vurderast likevel ikkje som faremoment for liv og helse og plasserast i sikkerheitsklasse F1, som tiltak der oversvømming har lite konsekvens. Planomtalen og ROS-analyse er retta opp på dette punktet.

- *Etter at ny plan no er utarbeidd skal denne vurderast etter forskrift om konsekvensutgreiing gjeldande frå 1 januar 2015.*

Kommentar:

Er tidlegare kommentert i planomtalen pkt. 3.3 og i saksutgreiinga knytt til godkjenningsvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)

Tormod Utne, Audhild G Rotevatn, brev datert 22.05.2017

- *Varsel og dokumentasjon av truga oterbestand er ikkje omsyneteke og gjort kjend for vedtakande mynde.*

Kommentar:

Det er utarbeidd ny rapport som stettar behovet for kunnskapsgrunnlag om oteren sin aktivitet i planområdet. Rapporten følgjer som vedlegg til saka og er kommentert i eige avsnitt.

- *«Naturfaglig vurdering» er utarbeidd på feilaktig premiss og konsulentane visste ikkje omfanget av tiltaket dei utreda for.*

Kommentar:

Er tidlegare kommentert i planomtalen pkt. 4.7 og i saksutgreiinga knytt til godkjenningsvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)

- *Reguleringsplanen burde ha vore vurdert etter forskrift om konsekvensutredninger jf §4*

Kommentar:

Ein viser til kommentar tidlegare i saksutgreiinga.

- *Naturmangfaldet er mangelfullt utgreidd*

Kommentar:

Ein viser til kommentar tidlegare i saksutgreiinga.

- *Naturressursar må greiast ut som eige tema slik temaet er definert i Handbok 140 (Statens vegvesen). Resultatet av slik utgreiing må legge premissar for planutforming med eventuelle avbøtande tiltak før eit nytt vedtak vert fatta.*

Kommentar:

Ein har ikkje nytta Statens vegvesen si Handbok 140 som grunnlag for utgreiing om naturressursar. Det vert vist til dei utgreiingane som er gjort og ein vurderer desse som dekkjande for behovet.

- *Miljøfaglig Utredning AS har ikkje greia ut ifrå korrekte fysiske utbyggingstiltak – m.a. for eit 6 meter breitt veganlegg - slik forskrifta krev av dei.*

Kommentar:

Er tidlegare kommentert i planomtalen pkt. 4.7 og i saksutgreiinga knytt til godkjenningssvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)

Sakshandsamar i kommunen har – bevisst eller ubevisst – begått ein grov sakshandsamingsfeil ved å unnlate å opplyse konsulenten om det konkrete utbyggingstiltaket sitt omfang.

Kommentar:

Er tidlegare kommentert i planomtalen pkt. 4.7 og i saksutgreiinga knytt til godkjenningssvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)

- *Realiteten er at dei skulle ha kartlagt konsekvensane av eit veganlegg på til saman seks meters breidde, tre meter vegbane for å tole brøytebilar, søppelbilar, pluss 1,5 skulder/skjæring på kvar side, samt gatelys.*

Kommentar:

Er tidlegare kommentert i planomtalen pkt. 4.16 og i saksutgreiinga knytt til godkjenningssvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)

- *Uklårheit om premissane for utarbeidd miljørapport gjer at ny rapport bør utarbeidast og leggest til grunn for politiske vedtak.*

Kommentar:

Kommunen tilbakeviser påstanden om feil premissar. Det ligg føre relevante utgreiingar av miljøkonsekvensane ved tiltaka heimla i reguleringsplanen.

Monika Heltne Pøhlmann-Kairies, brev datert 22.05.2017

- *Bygging av turveg gjennom kulturlandskapet vil øydelegge steingardar.*

Kommentar:

Det vert vist til § 3.2.1.f i reguleringsføresegnene.

- *Planlagt turveg vil hindre tilgang til vatnet og bli ei kjelde til søppel og skit i vatnet, på vegen og på gardane langs vegen.*

Kommentar:

Er tidlegare kommentert i planomtale og i saksutgreiinga knytt til godkjenningssvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)

- *Betre om vegen vert bygd 30 – 40 m frå vatnet.*

Kommentar:

Er tidlegare kommentert i planomtale pkt. 4.19 og i saksutgreiinga knytt til godkjenningssvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)

- *Turvegen vil ha skadeverknad for over 1000 da landbruksareal.*

Kommentar:

Ein viser til uttale frå landbruksmyndet.

- *Krav om at det skal kunne monterast grinder (led) på turvegen på kvar einskild teig slik det er gjort på sørsida av vatnet.*

Kommentar:

Er vurdert tidlegare. Temaet vil vere naturleg å ta opp under grunnforhandlingane, før planen vert gjennomført.

- *Fiskeretten til grunneigarane vert uavklart. Slik det vert no vil alle få høve til å stå kvar som helst langs vasskanten og fiske sjølv om grunneigarane framleis eig strandlina.*

Kommentar:

Etter kommunen si vurdering vil reguleringsplanen ikkje røre ved grunneigarane sine rettar i vatnet.

- *Livskvalitet og fridom på eigen grunn går tapt.*

Kommentar:

Ein har forståing for at det kan opplevast slik, men kommunen må vurdere arealbruken i det aktuelle området opp mot andre viktige samfunnsinteresser.

- *Naturvernkrava for vipe og oter o.a. artar må sikrast.*

Kommentar:

Er tidlegare kommentert i planomtalen pkt. 4.13 og i saksutgreiinga knytt til godkjenningssvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)

Det er utarbeidd eigen rapport som vedkjem oterens aktivitet i området og det er sett opp krav om gjennomføring av avbøtande tiltak i reguleringsføresegnene med omsyn til dette. (§3.2.1. § 3.2.1.o, p, q, r, s, t, u, v.)

- *Tilrådinga gitt frå Miljøfaglig Utredning om «generelt er det best å leggje stien tilstrekkeleg langt frå vatnet slik at det får stå igjen eit belte med skog mellom stien og vasskanten» er ikkje fylgd opp.*

Kommentar:

Ein viser til kommentar tidlegare i saksutgreiinga.

- *Grunneigarane veit best kva dei er tente med og av omsyn til næringsinteressene er det best å plassere turvegen minst 40 m frå vasskanten.*

Kommentar:

Er vurdert og kommentert tidlegare i saka.

- *Grunneigarane er skadelidande frå før då dei er råka av oreigning til byggefelt, nedgraving av kraftlinje, utbygging av Vikebygdvegen, «så laga vi til massevis med skogsvegar på vår bekostning som også blir brukt som turvegar».*

Kommentar:

Ingen kommentar.

- *Turveg på nord- og austsida av Rotevatnet er heilt overflødig og unødvendig og kommunen som strir med trong økonomi – har heilt sikkert meir naudsynte prosjekt å bruke pengar på.*

Kommentar:

Er kommentert i planomtalen pkt. 4.20.

- *Ikkje akseptabelt å gjennomføre turvegbygging ved først å rydde vegetasjon og å etablere sti som mellombels ordning.*

Kommentar:

Dette vil vere eit tema som vil vere aktuelt å ta opp under eventuelle grunnforhandlingar.

- *Protesterer på at det vert avsett friområde på nabogarden gbr 27/7.*

Kommentar:

Er handsama og vurdert tidlegare.

Roy Inge Heltne: brev datert 16.05.2017

- *Har kommunestyret hatt god nok informasjon til å kunne handsame saka på rett bakgrunn?*

Kommentar:

Planarbeidet har vore omfattande og det er gjort fleire vedtak knytt til tidlegare kommuneplanar som stadfester planmyndet sin prioritering av arealbruk i området. Knytt til desse prosessane og til sjølv reguleringsplanprosessen er det gjennomført offentleg ettersyn og høyringar og gjort vurderingar av framlagt informasjon ved tiltak heimla i planane.

Etter kommunen si vurdering er saka tilstrekkeleg opplyst.

Sakshandsamaren har vore den same frå starten av og er lagt fram på ein svært einseitig måte.

Kommentar:

Det er vanleg at sakshandsamaren følgjer saka sjølv om den går i fleire rundar. Planførebuing skjer gjennom faglege innspel med leiarar og samarbeidande organ.

- *Mange av påstandane er basert på synsing, ikkje faglege råd og dokumenterte fakta.*
Kommentar:
 Omtala tidlegare.
- *Det er nytta misvisande og feilaktige bildemateriale i saksopplysningane for å «marknadsføre» vegen.*
Kommentar:
 Er tidlegare kommentert i planomtale pkt. 4.3.2 og i saksutgreiinga knytt til godkjenningsvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)
- *Manglande vurdering av behovet for turveg og det er ikkje dokumentert at det er mange som ynskjer vegen.*
Kommentar:
 Ein viser til at turveg på nord- og austsida av Rotevatnet har lege inne i kommuneplanen lenge og er vedteken som del av kommunen sin planstrategi 2016-2020.
- *Naturfagleg vurdering har store hol og er lite tillitvekkande.*
Kommentar:
 Omtala tidlegare.
- *Konsekvensane for landbruket og øydelegging av dyrka mark er ikkje godt nok utgreidd.*
Kommentar:
 Er tidlegare kommentert i planomtalen pkt. 4.9 og i saksutgreiinga knytt til godkjenningsvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)
- *Det er ikkje gjort forsøk på å legge fram alternative løysingar.*
Kommentar:
 Er tidlegare kommentert i planomtalen pkt. 4.19 og i saksutgreiinga knytt til godkjenningsvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)
- *Viktige dokument, kostnadsrekning er halde borte frå saksutgreiinga.*
Kommentar:
 Er tidlegare kommentert i planomtalen pkt. 4.20 og i saksutgreiinga knytt til godkjenningsvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)
- *Planen er ikkje utforma i hht statleg vegleiar for tilrettelegging av turvegar, løyper og stiar (ikkje behovsprøvd i høve andre moglege turvegar, manglande tilkomstvegar, ikkje plassert sentralt i bustadområde, ikkje tilstrekkeleg avstand frå vatnet).*
Kommentar:

Turvegen sin plassering i høve avstand frå vatnet er tidlegare kommentert i planomtalen pkt. 4.19 og i saksutgreiinga knytt til godkjeningsvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017) Turvegen tenkjast bygd etter omlag same prinsipp som dei andre turvegane i Elvadalen og ved Årneset/Volda stadion. Staten har løyvd betydelege tilskot til alle desse og det vert lagt til grunn at turvegen vidare langs Rotevatnet også vil få ei utforming som fell innanfor tilrådingane i statleg rettleiar og at det derfor også er mogleg å motta tilskot til dette.

Magnus Eichinger Vassbotn, brev datert 21.05.2017

- *Folkehelsa er allereie meir enn godt nok skjøtt med tanke på turvegar ved Dinglavatnet, Rotevassætra, Botnasætra og Høgedalen. Folkehelse er ikkje relevant å nytte som argument.*

Kommentar:

Det vert vist til kommuneplanen sin samfunnsdel 2016 – 2028 samt kommunal planstrategi 2016-2020 (vedteken 26.05.2016) der arbeid med folkehelse er halde fram som eit overordna og førande prinsipp som skal ligge til grunn for utviklinga av kommunen.

- *Området langs nord- og austsida av Rotevatnet utgjer eit tilgjengeleg (med båt, kajakk o.l.) og svært attraktivt friluftsområde slik det er. Tilrettelegging med turvegbygging vil øydelegge området for ettertida.*

Kommentar:

Slik turvegen er planlagt vil han verte relativt lite eksponert for omgjevnadane som t.d. i ein synsvinkel frå ferdsel med båt. Turvegen vert vurdert til å ikkje vere til hinder for eller medføre redusert naturoppleving under ferdsel på Rotevatnet.

- *Moglegheitene til å bedrive friluftsliv i Volda sentrumsområde vil totalt sett ikkje verte styrka av tiltaket. Tvert imot, så vert det meir begrensa og smalare.*

Kommentar:

Dette er klagar si vurdering. Kommunen vurderer det annleis.

Oddbjørg Egge, epost motteke den 24.05.2017

Å bygge ein turveg, vil ved sida av å vere eit stort inngrep i naturen, og nær bustad, skape eit stort sår i sjela vår.

Etter å levd med «Turvegsaka» i mange år, har eg erfart at dei fleste i Voldasamfunnet har ei innstillig til prosjektet som «kjekt å ha», men at det absolutt ikkje er naudsynleg.

Her finnst flust av turstiar både i Vikebygda og elles i Volda som berre ventar på å bli tekne i bruk!! Slik situasjonen er i dag rundt Rotevatnet, har ein ei variert turløype,

anten ein vil gå, sykle eller jogge. Med nærleik til vatnet på nordsida, frå Vassbotnen til Rotevasskiftet, kjem her eit lenge etterlengta gangfelt.

Her må seiast at grunneigarane i dette området, har vore svært positive til grunnavståing, sjølv om det i stor grad vil berøre deira eigedom - men dei ser at dette er viktig for å trygge mjuke trafikantar.

Kommentar:

Ein har forståing for at einskilde kan oppleve reguleringsplanen og tiltaka som er nedfelt i denne som belastande, men i dette høve vurderast andre samfunnsinteresser som så viktige at det får konsekvensar for private. Opprusting av Botnavegen oppfattast ikkje som ei «erstatning» som gjer at turveg ved vatnet ikkje trengs.

Greg. Rotevatn, Herdis Rotevatn, brev datert 23.05.2017

- *I område som i planen er foreslått avsett til friluftsområde vil eksisterande rettar som jordbruk, beitebruk, vedhogst og bruk av eigne rydningsrøyser i praksis ikkje gjelde lenger.*

Kommentar:

Er tidlegare kommentert i saksutgreiinga knytt til godkjenningsvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)

- *Korleis kan ein drive beitebruk når vi ikkje får nytte gjerde?*

Kommentar:

Er tidlegare kommentert i planomtalen pkt. 4.17 og i saksutgreiinga knytt til godkjenningsvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)

- *Korleis kan vi drive vedhogst når der «forbod mot alle typar inngrep (§3.1.1a)?*

Kommentar:

Vedhogst vert ikkje vurdert som inngrep.

- *Kor skal vi gjere av overskotsstein frå jordbruksdrifta når vi ikkje får lov til å nytte eigne rydningsrøyser? Kan sakshandsamaren «knipse» vekk ein sjølv sagt rett, for ein kvar gardbrukar, å nytte eigne rydningsrøyser til gardsdrifta, på eigen gard og grunn?*

Kommentar:

Svar på dette er gitt tidlegare.

- *Reguleringsplanen legg opp til at det oppstår uklårheit i høve kven som har rettar og ansvar for skjøtsel og attgroing for dei områda som vert liggande mellom vatnet og turvegen (LNF-F).*

Kommentar:

Reguleringsplanen legg til grunn at eigarstatusen for områda som vert liggande mellom vatnet og turvegen skal vere uendra. Det vil vere grunneigarane som har rettar og ansvar for skjøtsel av desse.

- *Redde for at turvegen kan føre til at heile kulturlandskapet mellom Vikebygdvegen, Botnavegen og Rotevatnet vert tapt for matproduksjon for all framtid.*

Kommentar:

Det visast til landbruksfagleg uttale.

- *Reguleringsplanen bryt med statlege reguleringar og uttalar vedrørande jordvern.*

Kommentar:

Det visast til landbruksfagleg uttale.

- *Turvegen vil omfatte om lag 87 dekar ut av jordbruksjorda og vil medføre omfattande ulemper og skadeverknadar for jordbruksdrift for alle dei 19 gardsbruka vegen vil skjere gjennom.*

Kommentar:

Tidlegare kommentert i planomtale samt i saksutgreiinga knytt til godkjenningsvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)

- *Det er tvillaust at ein 6 m brei urban turveg med gatelys langs nordsida av Rotevatnet vil redusere verdien av kulturlandskapet han skjer av, og vil og føre til store skadeverknadar for natur- og miljø.*

Kommentar:

Tidlegare kommentert i planomtale pkt. 4.3.2 og 4.16 samt i saksutgreiinga knytt til godkjenningsvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)

- *Kan reguleringsplanen godkjennast når ein held han opp mot omsynet til jordbruksdrifta, jordvernet, kulturlandskapet og natur- og miljø?*

Kommentar:

Tidlegare kommentert i planomtale samt i saksutgreiinga knytt til godkjenningsvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)

Adv. Bjørn Kristian Hove, brev datert 31.05.2017

På vegne av:

Hallgeir Heltne, Roy Inge Heltne, Ståle Solgard, Monika Pöhlmann-Kairies, Geir Rotevatn, Oddbjørg Egge, Greg. Rotevatn, Paul Robert Rotevatn, Bjørn Rotevatn, Knut Arne Solberg, Magnus Vassbotn, Audhild G Rotevatn og Tormod Utne, Siw Rotevatn Vikene og Per Martin Vikene.

- *Kommunestyret voteringer 27 april 2017 slår fast at reguleringsplanvedtaket mangler gyldighet / er ugyldig då formannskapetets tilråding under pkt. 2 om at gjennomføring av arealplanvedtaket «tvillaust er meir til gagn enn til skade» fall (med 13 for og 14 røyster mot)*

Kommentar:

Etter kommunen si vurdering er vedtaket i sak PS 42/17 den 27.04.2017 om godkjenning av reguleringsplan turveg Rotevatnet, gyldig.

- *På slik bakgrunn ber ein om at Volda kommune nå kort og godt tar konsekvensen av kommunestyrets votering og legger bort denne plansaken.*

Kommentar:

Ein viser til at dette er presentert som eitt av to alternative framlegg til vedtak.

Norsk Ornitologisk foreining, brev datert 31.05.2017

- *Norsk ornitologisk foreining har ikkje fått tilsendt invitasjon om deltaking i planprosessen og representantar frå NOF har inntrykk av å vere halden utafør prosessane under utarbeiding av planane og i høyringsprosessen.*

Kommentar:

Norsk Ornitologisk foreining vart varsla ved brev (melding om vedtak – utlegging av plan til offentleg ettersyn), datert 10.12.2015. Brevet vart sendt til Norsk Ornitologisk foreining v/Olav Runde, Kveldsro 6096 Runde. I brevet vart partar og høyringsorgan invitert til medverknad og innspel.

- *I planomtale og saksdokumenta er det ikkje råd å finne referanse til eller kunnskap frå dei innspela og vurderingane foreininga hadde i første omgang eller til dei fagleg vurderingane og kritiske marknadane som var grunnlaget for formell klaga ved første gongs eigengodkjenning av planane.*

Kommentar:

Kommunen mottok ikkje innspel til planen frå NOF i samband med offentleg ettersyn. Innspel frå NOF er kommentert no.

- *NOF klagar på kommunestyret sit vedtak den 27.04.2017 med følgjande grunngjeving:*

Sakshandsamingsfeil:

Kunnskapsgrunnlaget §8 - naturmangfaldslova.

Det er tidlegare påpeika manglar i kunnskapsgrunnlaget i utarbeidd fagrapport og det må derfor i det minste kunne krevjast ei vurdering i høve til det som er påpeika og stilt spørsmålsteikn ved for å kunne grunngi kvifor konklusjonen likevel må kunne bli at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg.

Kommentar:

Kommunen har henta informasjon og kunnskap i samband med vurderingar knytt til planarbeidet frå følgjande kjelder:

Naturtypekartlegging i Volda kommune (Holtan & Jordal 2007),

Naturfaglig vurdering (Miljøfaglig Utredning AS 2012).

Oterbestanen i Rotevatnet, Volda kommune og potensiell påvirkning frå tursti/turvei (Multiconsult AS 2017).

Naturbase (Miljødirektoratet).

Det vert elles også vist til kommentarar ovanfor.

Etter kommunen si vurdering, har ein innhenta tilstrekkeleg informasjon om naturmangfaldet i området. Ein har også vurdert konsekvensane ved gjennomføring av planen.

Føre-var-prinsippet §9 - naturmangfaldslova.

Det er all grunn til å stille spørsmål ved vurderinga om at det ikkje ligg føre fare for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet når sjølve turvegprosjektet har som føresetnad ein veg i 3 m breidde, med grøfter og vegskuldrar i ei vegsone på 6 m fundamentert for traktor og tilrettelagt med veglys.

Tiltaket vil omfatte gjennomgripande påverknad av sigevatnet som vil medføre permanente endringar for vegetasjon og dermed også for dyrelivet.

Kommentar:

Turvegen er planlagt med netto breidde på 2,5 – 3,0 m – dette primært for at det skal vere mogleg at ulike brukargrupper (turgåarar/syklistar/barnevogn/rullestol/hest) kan møtast utan at det vert konflikt - samt at det skal kunne etablerast rasjonell driftsordning for anlegget.

Ein legg til grunn at turvegen kan byggast med lett anleggsteknikk dvs. ved å bruke geotekstilar/geonett under vegfundamentet og å legge drenerande massar over dette - noko som reduserer behovet for masseutskifting til eit minimum. Slik byggeteknikk gjer også at konsekvensar for sigevatn vert minimalisert. Det vil elles vere naudsynt å etablere stikkrenner som fører overflatevatn frå områda ovanfor vegen og ned til vatnet der det fell naturleg

Kunnskap innhenta vedrørande konsekvensar bygging, har vist at dei viktigaste vurderingane i høve føre-varprinsippet i naturmangfaldslova § 9 gjeld omsynet til einskilde vassfuglar samt oter. Det er ikkje er dokumentert raudlista fugleartar i området. Oteren er vurdert nærare i eige avsnitt i saksutgreiinga.

Økosystemtilnærming og samla belastning §10 – naturmangfaldslova

Manglar nøktern faktabasert vurdering i høve til det paragrafen tek sikte på. Dersom bruken av landskapet blir endra må det ha påverknad på økosystemet.

Kommentar:

Tidlegare kommentert i planomtale pkt. 4.21. og i ny vurdering etter naturmangfaldslova.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar §11 – naturmangfaldslova

Det bør vere eit minimum at det på fagleg og kunnskaspmessige grunnlag er gitt ei nøktern vurdering av kva miljøforringingar tiltak etter planen vil føre med seg og kva det i så fall vil innebere å avbøte eller avverge dette.

Kravet til prinsippvurdering av paragrafane i naturmangfaldslova må ha eit vesentleg høgare ambisjonsnivå enn det som er presentert i planomtalen og vedtaksgrunnlaget.

Kommentar:

Er tidlegare kommentert i planomtale pkt. 4.21.

- *Faktafeil og mangelfulle/misvisande vurderingar i planomtale. Det vert vist til mogleg ulik forståing mellom oppdragstakar og oppdragsgjevar om kor omfattande dei fysiske/tekniske inngrepa ville bli, jf. bruk av omgrepa «tursti» og «turveg».*

Kommentar:

Er tidlegare kommentert i planomtalen pkt. 4.7 og i saksutgreiinga knytt til godkjenningsvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)

- *Nyare og oppdatert kunnskap stadfester at konsulentfirmaet har feilvurdert førekomst og betydning av oter, og det er rapportert inn førekomst av fugleartar som i høgste grad set klare krav til både landskap og ferdsel (trane)*

Kommentar:

Det vert vist til at det er utarbeidd ny konsulentrapport for det som gjeld oteren sin aktivitet i området og denne er vurdert og kommentert i eige avsnitt i saksutgreiinga.

Observasjonar av trane i området, bør konkretiserast nærare ved å opplyse om tidspunkt og stad.

Vurdering:

I lys av dei mottekne klagen har ein gjennomgått plandokumenta for reguleringsplan turveg Rotevatnet på nytt. Det er avdekka moment i saka som ein ikkje hadde tilstrekkeleg kunnskap om på godkjenningstidspunktet for reguleringsplanen. På bakgrunn av ny fagrapport om arten oter sin aktivitet innanfor planområdet rår ein til at følgjande klager på reguleringsplanen vert teken til følgje:

Brev datert 21.05.2017, Bjørn Magnar Rotevatn, Siw Rotevatn Vikene og Per Martin Vikene

Brev datert 22.05.2017, Tormod Utne, Audhild G Rotevatn

Brev datert 22.05.2017 Monika Heltne Pöhlmann-Kairies

Klager frå partane som gjeld andre moment enn naturomsyn (oter) vert avvist fordi ein meiner at desse er tilstrekkeleg utgreidd, avklart og omsyntekne i reguleringsplanen.

Følgjande klager har etter kommunen si vurdering ikkje tilført nye moment til saka og bør avvisast:

Brev datert 21.05.2017, Magnus Eichinger Vassbotn,

Brev datert 16.05.2017, Roy Inge Heltne,

Brev datert 21.05.2017, Magnus Vassbotn

E-post motteke den 24.05.2017, Oddbjørg Egge

Brev datert 23.05.2017, Greg. Rotevatn, Herdis Rotevatn,

Brev datert 31.05.2017, Adv. Bjørn Kristian Hove på vegne av fleire grunneigarar,

Brev datert 31.05.2017, Norsk Ornitologisk foreining

Klagene frå tre av partane inneheld nye opplysningar som ein ikkje hadde kunnskap om på tidspunktet for kommunestyret si handsaming av saka. Konkret gjeld dette opplysningar om oter-lokaliteten i området.

På bakgrunn av opplysningar i klagene, har kommunen innhenta meir fagkunnskap om oteren og fått utarbeidd ein eigen rapport om arten sin aktivitet i området («*Oterbestanden i Rotevatn, Volda kommune og potensiell påvirkning frå tursti/turvei*» Multiconsult, 2017). Som konsekvens av informasjonen som kom fram i rapporten og for å ivareta arten sine behov i størst mogleg grad, er reguleringsføresegnene endra ved at det no er sett nye krav om avbøtande tiltak, jf § 3.2.1.o, p, q, r, s, t, u, v.

Det er gjort ei ny vurdering av reguleringsplanen etter vilkåra i naturmangfaldslova og dei einskilde avbøtande tiltaka er gjort greie for i denne. Vurderinga følgjer som eige vedlegg til klagesaka, men vert her presentert i eit samandrag:

Reguleringsplan turveg Rotevatnet er også tidlegare vurdert etter naturmangfaldslova (jf. planomtale datert 30.03.2017), men ny informasjon som er lagt fram om oterbestanden i området har gjort det naudsynt å komplettere kunnskapsgrunnlaget. Det vart difor bestilt ein rapport om «*Oterbestanden i Rotevatn, Volda kommune og potensiell påvirkning frå tursti/turvei*» (Multiconsult, 2017). Volda kommune har også hatt kontakt med Norsk institutt for naturforskning (NINA) i samband med saka. Det vert vist til referat frå tlf-møte med forskar Jiska van Dijk den 05.12.2017.

Oter (*Lutra lutra*) er klassifisert som VU (sårbar) i Norsk raudliste for artar 2015. Delar av areala som reguleringsplan turveg Rotevatnet femner om, er vurdert som verdifullt leveområde for oter.

Multiconsult sin rapport «*Oterbestanden i Rotevatn, Volda kommune og potensiell påvirkning frå tursti/turvei*» konkluderer med at dersom det ikkje vert gjort avbøtande tiltak vil bygging og etablering av turveg ha eit stort negativt omfang for oter og for naturverdiar som er viktige for deira leveområde og habitat. Multiconsult peikar på flytting av trassè, belysning og ferdselsregulering som aktuelle avbøtande tiltak.

På bakgrunn av erfaringar frå observasjon ved bynære oterhabitat og vurderingar relatert til forskning om oteren sitt levesett, meiner forskar Jiska van Dijk i Norsk institutt for naturforskning (NINA) at behovet for å gjere endringar i vedteken reguleringsplan for turveg ved Rotevatnet vil vere relativt moderat, og at det i dette høvet vil vere mogleg å sameine friluftsiinteresser/folkehelseomsyn og omsynet til viltet slik at desse kan fungere side om side. NINA viser også til avbøtande tiltak som bør implementerast i reguleringsplanen, knytt til m.a. nærare kartlegging av oteren sine favorittplassar, etappevis utbygging, og ivaretaking av randsoner.

Det er grunn til å tru at tidlegare, noverande og framtidige påverknadar samla sett vil kunne ha ein negativ påverknad for oterbestanden. Avbøtande tiltak bør difor implementerast i reguleringsplanen. Naturmangfald generelt og omsynet til oterbestanden spesielt bør vurderast særskilt også ved andre framtidige tiltak i området. Tiltakshavar vil bere kostnader for utredning, planlegging og gjennomføring av avbøtande tiltak.

For å unngå eller avgrense skadar på naturmangfaldet foreslår ein fylgjande avbøtande tiltak:

Før oppstart med bygging av turveg skal det gjennomførast kartlegging som avdekkjer såkalla favorittstader for oteren. På grunnlag av kartlegginga skal ein vurdere om det er behov for å gjere mindre justeringar av traseen.

Dersom det etablerast lys langs vegen skal delar av strekninga vere avslått på kvelds- og nattestid. Ein skal også vurdere eit lysregime som skuggelegg viktige kryssingspunkt for oteren. Nærare kartlegging av oteren sine favorittstader skal ligge til grunn for lysregimet/belysningsplanen.

Ein skal vurdere behovet for informasjonsskilting langs turvegen der dei som ferdast i området vert oppmoda til å ta omsyn til oteren, særleg med tanke på om det har vore yngling.

Eksisterande gras, plantar, buskar og tre skal i størst mogleg grad takast vare på. Ved bygging av turvegen skal dette vere eit førande prinsipp. Ein skal også vurdere å nytte vegetasjon bevisst for å legge til rette for at oteren lettare skal kunne krysse vegen einskilte stader. Kartlegging av oteren sine favorittstader skal ligge til grunn for ei slik vurdering. Ved nyplantingar skal det nyttast stadeigen vegetasjon.

Dersom ein får meir detaljert kunnskap om hi eller ynglehi skal det ikkje settast opp benkar i nærleiken av desse. Nærare kartlegging av oteren sine favorittstader skal ligge til grunn for kvar ein plasserer benkar.

Turvegen skal byggast i etappar slik at viltet i området får ei gradvis tilvenning til ferdsele i området.

Viktige område for oteren skal leggest inn i artsdatabasen. Innhenta kunnskapsgrunnlag skal ligge til grunn for vurdering av framtidige tiltak i området.

Når turveganlegget er ferdig skal ein gjennomføre same type kartlegging av oteren sine favorittstader som før anleggsoppstart for å kunne dokumentere eventuelle endringar.

Sjølv om det er vanskeleg å seie på førehand kor tilpassingsdyktig oteren er, er det grunn til å tru at med desse avbøtande tiltaka vil oteren også etter realisering av reguleringsplanen kunne nytte Rotevatnet og strandområda på nord og austsida av vatnet som sitt leveområde.

For å ivareta omsynet til oteren maksimalt går tilrådingane frå fagmiljøa ut på at turvegen bør leggest med større avstand frå vatnet. Frå kommunen si side har ein gjennom heile prosessen vore klar på at dersom det skal byggast turveg på nord- og austsida av Rotevatnet bør han arronderast i nærleiken av vatnet. Dersom vegen vert bygd med avstandar til vatnet på 25-30 meter eller meir vil mykje av intensjonen med vegen falle bort sett utifrå eit friluftslivsperspektiv. Dette fordi det vurderast som heilt sentralt for naturopplevinga at det oppnåast nær visuell og fysisk kontakt med vatnet for dei som ferdast gjennom området. Som ein har vore inne på i tidlegare kommentarar vil ei flytting av vegen lenger vekk frå vatnet i langt større grad også medføre fragmentering av landbruksareal noko som vurderast som uheldig.

Dersom slik flytting av vegtrase skal skje, må ein i så få fall gjere endringar reguleringsplanen og planen må leggast ut til nytt offentleg ettersyn.

Informasjonen som kommunen har innhenta for å komplettere kunnskapsgrunnlaget knytt til naturmangfaldet i området har gjort det utfordrande å finne løysingar som ivaretek dei ulike behova som gjer seg gjeldande fullt ut. Det er avdekka spesielle naturkvalitetar som må omsyntakast i arealbruken i området – samstundes som eit viktig folkehelse- og sentrumsutviklingsprosjekt som turvegen vil vere - ønskjast gjennomført i det same området.

Fordi ein ikkje ser openberre løysingar som vil ivareta fullt ut dei ulike omsyna som gjer seg gjeldande er ein kome i ein situasjon der naturomsyn og prioritering av tiltak som har betyding for folkehelse og trivsel for innbyggjarane må vegast opp imot kvarandre.

I kommuneplanen for Volda (samfunnsdelen) - vedteke 26.05.2016 er folkehelse halde fram som eit hovudtema og eit overordna og førande prinsipp for planar og tiltak som skal gjennomførast. Eitt av mange mål som er sett i kommuneplanen er at alle skal ha tilgang til natur- og friluftsliv i kvardagen. Nokre av verkemidla som er beskrivne her er å vidareutvikle gang- og stinettverket og sikre gode tilkomstar til natur- og friluftsområde samt å ha fokus på grønstruktur og kopling mot strategien «frå fjord til fjell».

Svært mange av innbyggjarane har eit aktivt tilhøve til friluftsliv. Friluftslivet er viktig for individet, og ferdsel og opphald i friluft er for mange ein viktig del av tilværet.

Friluftslivet har ein verdi i form av umiddelbar glede ved sjølve aktiviteten, rekreasjon, avkopling og samvær med andre. Dette gjer at friluftslivet har fleire direkte nytteverdiar, som betre helse og auka livskvalitet. Ettersom samfunnet nyttar store summar på reparerande helsetiltak er det viktig å utnytte potensialet friluftslivet har som helsefremjande aktivitet. Å bygge turveg ved Rotevatnet er eit konkret verkemiddel som ein trur vil fremje trivsel og elles ha ein førebyggjande helseeffekt hjå innbyggjarane i kommunen, ikkje minst fordi dette også vil utgjere eit låg-terskeltilbod tilrettelagt for alle og gjere det mogleg å sykle, gå og jogge i eit sentrumsnært friluftsområde. Ved eventuell realisering av turvegen vil ein gjere området tilgjengeleg for ålmenta og det vil framstå som eit attraktivt turområde tilknytt Rotevatnet.

Turveg på nord- og austsida av Rotevatnet utgjer vedteken arealbruk i kommuneplanen - seinast stadfest i kommunedelplan for Volda sentrum (2010), men har også vore inne som arealformål i fleire tidlegare kommuneplanar. For å følgje opp kommuneplanen har kommunestyret teke initiativ til og gjort vedtak om utarbeiding av reguleringsplan for området med sikte på bygging av turveg langs nord- og austsida av Rotevatnet. Historikken som ligg til grunn for reguleringsplanen viser såleis at dette har vore ei prioritert sak.

På bakgrunn av ny kunnskap om oteren sin aktivitet er reguleringsføresegnene no endra ved at det er sett opp 8 avbøtande tiltak som ein legg til grunn vil ivareta arten sine behov i vesentleg grad.

Reguleringsplanen er vurdert på nytt etter reglane i naturmangfaldslova og det er gjort ei avveging av tilhøvet mellom naturomsynet og omsynet til andre viktige samfunnsinteresser (folkehelse).

Dersom avbøtande tiltak vert gjennomført minimaliserast konsekvensane for viltet og ein vurderer det deretter slik at folkehelseomsyn i dette høvet bør vektast tyngst og at plan for turveg såleis kan realiserast.

Saka sitt tilhøve til kommuneplanen – samfunnsdelen.

Ein syner til kommuneplanen sin samfunnsdel 2016 – 2028 (vedteken 26.05.2016) der arbeid med folkehelse er halde fram som eit overordna og førande prinsipp som skal ligge til grunn for all utvikling i kommunen - jf mål og strategiar pkt 4.2. Reguleringsplanen for turveg kring Rotevatnet er eit konkret tiltak som vil ha positiv verknad for betre helse hjå innbyggjarane.

Helse og miljøkonsekvensar:

Tidlegare kommentert i saksutgreiinga knytt til godkjenningsvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017)

Økonomiske konsekvensar:

Er tidlegare kommentert i planomtalen pkt. 4.20 og i saksutgreiinga knytt til godkjenningsvedtaket av reguleringsplanen (kommunestyresak PS 42/17, handsama den 27.04.2017). Kostnadene med gjennomføring av tiltak etter planen vil først vere kjent når ein har fått innhenta anbod og fått inn prisar. Dette vert å gjere når kommunestyret har prioritert tiltaket med finansiering og ein har fått avtale om grunn med alle grunneigarane som er berørt av tiltaket.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen spesielle.

Konklusjon knytt til vedtaksframlegg, alternativ 1:

Rådmannen rår til at mottekne klager på reguleringsplan turveg Rotevatnet som gjeld naturomsyn vert teken til følgje og at det vert lagt inn avbøtande tiltak i reguleringsføresegnene som i større grad tek omsyn til oteren sine livsvilkår i området. Handsaming av klagesaka vert sendt over til fylkesmannen for endeleg avgjersle.

Konklusjon knytt til vedtaksframlegg, alternativ 2:

Kommunestyret sitt vedtak i sak PS 42/17 den 27.04.2017 signaliserer at det ikkje er vilje til å nytte tvang som tiltak for å sikre grunn til realisering av turveg ved Rotevatnet. Slik situasjonen er no vurderast det som utfordrande å kome i mål med frivillig grunnavståing i ein del av desse områda.

Rådmannen rår derfor til at vidare arbeid med planen vert avslutta og at vedteken plan vert oppheva. Dette også ut frå at kommunen ikkje bør bruke tid og ressursar på prosessar og prosjekt som ein ikkje har intensjon om å gjennomføre.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Bjørn Magnar Rotevatn, Botnavegen 18, 6104 Volda

Siw Vikene Rotevatn og Per Martin Vikene, Botnavegen 20, 6104 Volda

Roy Inge Heltne, Vikebygdvegen 67, 6104 Volda

Tormod Utne og Audhild G Rotevatn, Vikebygdvegen 200, 6104 Volda

Magnus Eichinger Vassbotn, Botnavegen 48 6104 Volda

Monika Heltne Pøhlmann-Kairies, Hundertpfundweg 7, D-81373 München, GERMANY

Oddbjørg Egge, Vikebygdvegen 132, 6104 Volda

Greg. Rotevatn og Herdis Rotevatn, Botnavegen 5, 6104 Volda

Adv. Bjørn Kristian Hove, Kongensgt. 23, 6002 Ålesund

Norsk Ornitologisk foreining v/Alv Ottar Folkestad

Sektor for Utvikling v/Torgeir Stensø

Klageinstans:



Til partar og rettshavarar

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2012/151	5503/2017	2011009	UTV/ TORGSTE	02.05.2017

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - MELDING OM POLITISK VEDTAK -
PLANID 2011009 - REGULERINGSPLAN TURVEG ROTEVATNET**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 27.04.2017, hadde føre ovannemnde som sak PS 42/17, der det vart gjort slikt vedtak:

I samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12 -12 vert detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet - slik det går fram av justert plankart datert 30.03.2017 og føresegner datert 30.03.2017 - godkjent.

Vedlagt fylgjer saksdokumenta knytt til reguleringsplanvedtaket. Kommunestyresaka, planbeskrivelse, plankart og føresegner.

Ein kan klage over planvedtaket til Fylkesmannen i Møre og Romsdal innan 3 veke etter kunngjeringa/motteke melding om vedtaket.

Klage skal vere grunngjeven, skal merkast med arkivsaknr 2012/151 og skal stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, og sendast til: Volda kommune, Postmottak, Stormyra 2, 6100 Volda eller ved e-post til postmottak@volda.kommune.no.

Godkjent reguleringsplan er bindande innanfor planområdet, for alle arbeid og tiltak etter Plan og bygningslova §20-1 og §20-2. Det same gjeld frådeling og annan bruk som kan vanskeleggjere gjennomføring av plan.

Krav om erstatning etter §15-3 eller krav om innløyasing etter §15-2 må vere sett fram seinast 3 år etter denne kunngjeringa, eller senast 3 år etter at eventuelle byggverk er fjerna. Slike krav skal ein rette til kommunen.

Spørsmål til saka kan rettast til Volda kommune, Sektor for Utvikling, telefon: 70058755

Med helsing

Torgeir Stensø
sakshandsamar

Vedlegg:

- 1 Planid 2011009 - Reguleringsplan turveg Rotevatnet - handsaming etter nytt offentleg ettersyn
- 2 Plankart

Postadresse:

postmottak@volda.kommune.no
Telefon:
70058755

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

- 3 Planomtale
- 4 Reguleringsføresegner

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Sektor for Utvikling, for kunngjøring av plan

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2012/151	5478/2017	2011009	SVK/ SONHAV	28.04.2017

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - PLANID 2011009 - REGULERINGSPLAN
TURVEG ROTEVATNET - HANDSAMING ETTER NYTT OFFENTLEG
ETTERSYN**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 27.04.2017, hadde føre ovannemnde som sak PS 42/17, der det vart gjort slikt vedtak:

I samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12 -12 vert detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet - slik det går fram av justert plankart datert 30.03.2017 og føresegner datert 30.03.2017 - godkjent.

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Torgeir Stensø - sakshandsamar

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Torgeir Stensø	Arkivsak nr.:	2012/151
		Arkivkode:	2011009

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
57/17	Formannskapet	18.04.2017
42/17	Kommunestyret	27.04.2017

PLANID 2011009 - REGULERINGSPLAN TURVEG ROTEVATNET - HANDSAMING ETTER NYTT OFFENTLEG ETTERSYN

Sindre Rotevatn reiste spørsmål om sin habilitet, han er grunneigar i planområdet, jf. fvl. § 6, 1.ledd, a. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

Røysting habilitet:

Sindre Rotevatn vart samrøystes kjent inhabil.

Vara Ivar-Otto Kristiansen tok sete.

Erlend Krumsvik, Krf, kom med slikt framlegg:

I samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12 -12 vert detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet - slik det går fram av justert plankart datert 30.03.2017 og føresegner datert 30.03.2017 - godkjent.

Volda Frp, ved Roald Espset, kom med slikt framlegg:

Med bakgrunn i innkomne merknader og dei tilhøva desse både direkte og indirekte synleggjer vert detaljreguleringsplan for turveg rundt Rotevatnet ikkje godkjent. Reguleringssaka vert å avslutte.

Idar Flo, Venstre, kom med slikt endringsframlegg:

I samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-12 vert detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet – slik det går fram av justerte plankart datert 30.03.2017 og føresegner datert 30.03.2017 – godkjent med unntak av området frå og med LNF – LF3 til og med GF3 («Bukta») der alternativ trase for turveg vil vere den oppgraderte Botnavegen.

Idar Flo trekte framlegget sitt.

Det vart halde gruppemøte.

Erlend Krumsvik trekte framlegget sitt.

Odd A. Folkestad bad om prøverøysting.

Prøverøysting:

Framlegget frå Frp fekk ni røyster, 18 røysta imot.

Tilrådinga frå formannskapet punkt 1 fekk 18 røyster, ni røysta imot.

Tilrådinga frå formannskapet punkt 2 fekk 13 røyster, 14 røysta imot.

Røysting (27 røysteføre):

Framlegget frå Frp fekk ni røyster og fall, 18 røysta imot.

Tilrådinga frå formannskapet punkt 1 fekk 18 røyster og vart vedteken, ni røysta imot.

Tilrådinga frå formannskapet punkt 2 fekk 13 røyster og fall, 14 røysta imot.

Vedtak i kommunestyret - 27.04.2017:

I samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12 -12 vert detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet - slik det går fram av justert plankart datert 30.03.2017 og føresegner datert 30.03.2017 - godkjent.

Sindre Rotevatn tok sete og vara Ivar-Otto Kristiansen gjekk.

Handsaming i formannskapet:

Sakshandsamar Torgeir Stensø møtte under handsaminga av saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen fekk sju røyster og vart vedteken. Sølvi Dimmen og Roald Espset røysta imot.

Tilråding i formannskapet - 18.04.2017 til kommunestyret:

- 1. I samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12 -12 vert detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet - slik det går fram av justert plankart datert 30.03.2017 og føresegner datert 30.03.2017 - godkjent.*
- 2. Kommunestyret konstaterer at gjennomføring av planen tvillaust er meir til gagn enn skade, jfr oreigningslova §2 og PBL kap. 16.*

Administrasjonen si tilråding:

- 1. I samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12 -12 vert detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet - slik det går fram av justert plankart datert 30.03.2017 og føresegner datert 30.03.2017 - godkjent.*
- 2. Kommunestyret konstaterer at gjennomføring av planen tvillaust er meir til gagn enn skade, jfr oreigningslova §2 og PBL kap. 16.*

Vedleggsliste:

Plankart datert 30.03.2017
Reguleringsføresegner datert 30.03.2017
Planomtale datert 30.03.2017
Formannskap-sak PS 196/15 den 08.12.2015

Brev frå Volda Golfklubb, datert 30.12.2015
Brev frå Volda Jeger og Sportsfiskarlag, datert 06.01.2016
Brev frå Norges vassdrags- og energidirektorat, datert 14.01.2016
Brev frå Statens vegvesen, datert 14.01.2016
Brev frå stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum, datert 18.01.2016
Brev frå Bjørn M Rotevatn, datert 01.02.2016
Brev frå Tormod Utne og Audhild G. Rotevatn, datert 26.01.2016
Brev frå Naturvernforbundet i Volda og Ørsta, datert 03.02.2016
Brev frå Greg. Rotevatn, datert 02.02.2016
Brev frå Landbrukskontoret Ørsta Volda, datert 05.01.2016
Brev frå Paul Robert Rotevatn, datert 04.02.2016
Brev frå Geir K Rotevatn, datert 07.02.2016
Brev frå Friluftsforeninga Volda, datert 07.01.2016
Brev frå Sindre Rotevatn, datert 07.02.2016
Brev frå Monika Heltné Poehlmann-Kairies, datert 07.02.2016
Brev frå Volda og Dalsfjord bondelag, datert 02.02.2016
Brev frå Volda og Ørsta Bonde- og Småbrukarlag, datert 07.02.2016
Brev frå Lene og Roy Inge Heltné, datert 05.02.2016
Brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 04.02.2016
Brev frå Dag Bratteberg, datert 06.02.2016
Brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 05.02.2016
Brev frå Eldrerådet, datert 16.02.2016

Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan for Volda sentrum 18.06.2009
Naturfaglig vurdering 29.05.2012
Rapport arkeologisk registrering 21.06.2012
Tettstadsanalyse for Volda sentrum 10.04.2007

Samandrag av saka:

I brev til kommunen datert 02.09.2015 har fylkesmannen gitt melding om at kommunestyret sitt vedtak i sak om godkjenning av reguleringsplan for turveg Rotevatnet, vert oppheva. Fylkesmannen si grunngjeving for dette er ei fastsett ugyldig reguleringsføresegn knytt til oppføring av naust. Opphevinga vart gjort som følge av klagesakshandsaming på kommunestyrevedtaket.

Etter nytt offentleg ettersyn er det no utarbeidd eit revidert planframlegg der m.a. reguleringsføresegnene er endra for det som gjeld vilkår for etablering av naust i friluftsområde.

Saksopplysningar:

Som følgje av klage frå partar knytt til Volda kommune sitt arbeid med reguleringsplan for turveg på nord- og austsida av Rotevatnet oppheva fylkesmannen kommunestyret sitt plangodkjenningsvedtak den 19.06.2014. Kommunestyret sitt vedtak er oppheva med følgjande grunngjeving:

”Som nemnt ovanfor finn fylkesmannen å måtte oppheve kommunen sitt reguleringsvedtak, på bakgrunn av at det er fastsett ei ugyldig reguleringsføresegn knytt til oppføring av naust, og ein finn difor ikkje grunn til å gå inn på ei nærare vurdering av dei momenta som elles er teke opp i klagen.

Det er utarbeidd ny og revidert plan som formannskapet i sak PS 196/15 den 08.12.2015 vedtok å legge ut til offentleg ettersyn - med høyringsfrist 08.02.2016.

Endringane som er gjort i planen etter offentleg ettersyn er følgjande:

- Reguleringsføresegnene er endra ved at vilkåret om at kvart av bruka som har rettar i vatnet kan føre opp 1 naust er teke ut. I staden er det lagt inn ei retningsline som gjeld naustbygging i området der eventuell slike etableringar skal skje på grunnlag av dispensasjonssøknad.
- I retningslinene for eventuelle naustetableringar er teksten endra for det som gjeld krav til utforming slik at dei skal byggjast i tråd med lokal byggjeskikk, med tradisjonell trekledning og torvtekte tak. Eventuelt kan også skifer/bølgjeblikk nyttast.
- Det skal innhenta naturfagleg rådgeving under anlegg av turveg ved bekk- og elvekryssingar (§3.1.2.1.d)
- Turvegen skal kunne kryssast med landbruksmaskiner av den som eig eller har bruksrett i området mellom vegen og vatnet (§3.1.2.1.g).
- Det kan oppsettast gjerde/led mellom turvegen og eventuelle beiteområde på oppsida av turvegen. (§3.1.2.1.k)
- Turvegtrasèen er flytta nokre meter i retning vekk frå vatnet i området nord for Bukta slik det er tilrådd frå fleire av høyringspartane.
- Moldholer skal omsyntakast i størst mogleg grad (§3.1.2.1.1)
- Nytt punkt i reguleringsføresegnene med generelle vilkår knytt til tilhøvet mellom naturmangfaldslova og kulturminnelova for det som gjeld gjennomføring av plan. (§2.5)
- Eksisterande drengrofter skal sikrast (§3.1.2.1.m)

Det er motteke i alt 22 merknadar til framlegget og desse er vurdert og kommentert i saksutgreiinga.

Innspel etter 3. gongs offentleg ettersyn:

Volda Golfklubb, brev datert 30.12.2015

Volda Golfklubb har stadig aukande aktivitet og nivået på spelarane blir betre og betre. Dette betyr at mange etter kvart slår langt. Ein golfball i full fart, dvs over 200 km/t, er livsfarleg. Vi ser tydeleg nå at det vil vere nødvendig med fysiske hindringar som gjerde e.l. slik at turgåarar, t.d. barn, ikkje kan stikke inn på bana og drivingrangen.

Kommentar:

Merknaden er kommentert i planomtalen (pkt 4.14).

Volda Jeger og Sportsfiskarlag, brev datert 06.01.2016

Øyravassdraget er eit vassdrag med anadrom fisk som Volda Jeger og Sportsfiskarlag har kultivert i lang tid. Ved opparbeiding av tursti rundt vatnet med kryssing av elvar og bekker, må ein ikkje hindre fiske i å gå opp i sideelvane for å gyte. Spesielt må ein ta omsyn ved legging av rør/ kulvert under turvegen, slik at desse ikkje vert fiskesperrar (unngå nivåforskjell i høve vatnet). Spesielt sjøauren kan gyte i forholdsvis små bekkar.

Kommentar:

Merknaden er imøtekome i planforslaget og vilkår som omhandlar dette er nedfelt i reguleringsføresegnene (§ 3.2.1.d).

Årneset friluftsområde er populært. Mange nyttar parkeringsplassen der som utgangspunkt - også for turar langs vatnet. Behovet for parkeringsplassar vil truleg auke ved ei realisering av ein turveg også på nordsida av vatnet. Ofte er parkeringsplassen i dag for liten. Ein bør difor ta høgde for ei mogleg utviding av parkeringsplassen nordover på Gnr 20 bnr 1.

Kommentar:

Framlegget om utviding av parkeringsplassen ved Årneset er registrert. Sidan det aktuelle området ikkje ligg innanfor planområdet for turvegen er det ikkje naturleg å gjere konkrete grep i samband med denne planprosessen.

Norges vassdrags- og energidirektorat, brev datert 14.01.2016

NVE har ingen merknader til planframlegget.

Statens vegvesen, brev datert 14.01.2016

Statens vegvesen har ut frå sitt ansvarsområde ingen merknad til at reguleringsplanen vert stadfesta.

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum, brev datert 18.01.2016

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved planlagd tursti ved Rotevatn i Volda kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Museet har derfor ingen merknader til reguleringa.

Bjørn M Rotevatn, brev datert 01.02.2016

Ber Volda kommune innhente stadfesting frå Miljøfaglig utredning på at deira rapport framleis er korrekt med slik skildring av tiltaket - regulert vegområde på 6 meter inkl. grøfter, med muligheter for belysning.

Kommentar:

Ein viser til e-postkorrespondanse mellom Volda kommune og Miljøfaglig Utredning AS v/ Geir Gaarder den 15 og 16 oktober 2015, orientert om i planomtalen (pkt 2.4).

Rapporten frå Miljøfaglig utredning er ikkje dekkande sidan han er laga på uklare premiss og har manglar i høve kunnskapsgrunnlaget (§8 i naturmangfaldslova)

Kommentar:

Ein viser til same e-postkorrespondanse mellom Volda kommune og Miljøfaglig Utredning AS. Utifrå rådmannen si vurdering har premissane for utgreiingsoppdraget vore tydeleg klargjort for konsulenten om at det konkrete omfanget av planlagde tiltak var etablering av turveg med maks breidde 3,0 m. Dette vert bekrefta i e-post frå Miljøfaglig Utredning AS til kommunen.

I saksutgreiinga er det ikkje vurdert konkret i kva grad avgjerda faktisk medfører at naturmangfaldet vert påverka, jfr naturmangfaldslova §7.

Kommentar:

§ 7 i naturmangfaldslova er fylgt opp ved at prinsipp i §§ 8-12 er lagt til grunn for planarbeidet.

Planframlegget følgjer ikkje råd frå miljørapporten vedrørande plassering av turvegen i høve avstand frå vatnet.

Kommentar:

Det endelege planframlegget imøtekjem rapporten ved at turvegtrasèen er flytta vekk frå vatnet i området Bukta. Dette er nærare kommentert i planomtalen (pkt. 4.7)

Sakshandsamar oppsummerer ikkje korleis han vurderer at naturmangfaldet vert påverka sidan råda ikkje vert følgde, så vi må då gå ut frå middels negativ verknad.

Kommentar:

Det vert vist til natur- og miljørapporten der desse verknadane er gjort greie for. Følgjande tilrådde avbøtande tiltak i hht rapporten er teken inn i planen:

- Turvegtrasèen er flytta slik at han i eit område ved Bukta no vert liggande lenger vekk frå vatnet enn opphaveleg.
- Det er sett krav om eigne metodar for kryssing av elvar og bekkar for å sikre at fisken kan gå uhindra gjennom kryssingspunktka og slik at slamavrenning til vatnet vert minimalisert. (reguleringsføresegnene §3.2.1.d)
- Det er sett krav om at det skal takast særleg omsyn under anleggsarbeid ved froskedammar i området Vassbotnen. (reguleringsføresegnene §3.1)

Ved å gjere desse tiltaka vert omfanget av dei tiltaka som reguleringsplanen legg til rette for vurdert som lite/inkje negativ, jfr natur- og miljørapporten pkt 3.2

Ein finn det naturleg i denne samanheng å kommentere at det er etablert tilkomstveg og parkeringsplass og eit relativt stort hestesportsanlegg 40 -70 m unna strandkanten i Bukta.

Undervegs i etableringa av hestesportsanlegget - som er privat - vil det kunne hevdast at natur- og miljøomsyn mangla tilsvarende fokus frå partane slik det frå deira side no er vektlagt i innspel til turvegeplanen, sjølv om dei fysiske inngrepa og aktiviteten i nærområdet til Bukta er relativt store også sett i høve den planlagde turvegen.

Oteren er også raudlista, og Miljøfaglig utredning AS har unnlatt å sette denne på artslista. Vi reknar med dette kan ha samanheng med at det berre er bestilt ei vurdering av fuglelivet – såleis ei mangelfull bestilling.

Kommentar:

Tilhøvet til oteren er vurdert i «Naturfaglig vurdering» eg er elles kommentert i planomtalen (pkt 2.4).

Føre-var-prinsippet i Nml §9 er sentralt i denne saka. Forvaltninga har plikt til å reagere og gjere nødvendige grep når det er risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet. Forvaltninga har også ei handlingsplikt der ein art eller naturtype går sterkt tilbake. I slike tilfeller må forvaltninga vurdere kva som skal gjerast for å unngå irreversibel skade på arten eller naturtypen. Dette er etter vår vurdering ikkje utført i handsaminga av turvegen.

Kommentar:

Kartlegginga som kommunen har fått gjennomført viser at det i dette høvet ikkje er fare for at sårbare artar/naturtypar vil gå tilbake.

Det er elles gjort ei tilføyning av eige punkt i reguleringsføresegnene (§2.5) der tiltakshavar pliktar å stanse arbeidet og å gje melding til overordna mynde dersom det under arbeid med gjennomføring av reguleringsplanen vert gjort funn som krev vurdering etter naturmangfaldslova eller kulturminnelova.

I denne saka er det altså 10 raudlista artar i området, og likevel vurderer ein at intensjonen med turvegen er viktigare enn naturmangfaldet. I denne saka har også kommunen fått motstridande faglege råd, men valt å ikkje ta omsyn til Norsk Ornitologisk Forening i førre handsaming av saka. Dette er også kommentert av Fylkesmannen. I slike situasjonar vil det vere naturleg å tillegge føre-varprinsippet i §9 meir vekt i saka, jfr rettleiaren frå Miljøverndepartementet.

Kommentar:

Kommunen festar lit til rapporten frå Miljøfaglig Utredning AS som er utarbeidd på grunnlag av registreringar gjort av kvalifisert ekspertise. Volda kommune vart tilrådd av fagorgan på fylkesnivå å nytte Miljøfaglig Utredning AS til dette oppdraget fordi dei hadde gode erfaringar med firmaet.

Rapporten konkluderer med at ei utbygging vurderast som **middels negativ** dersom han vert gjennomført slik planen var utforma på tidspunktet for rapportarbeidet. Om avbøtande tiltak vert følgd opp, blir vurdering for omfang og verknad **lite/inkje** negativ. På bakgrunn av dei avbøtande tiltaka som er gjort i planen og i reguleringsføresegnene, vil omfang og verknad vere **lite/inkje** negativ.

Ein støttar seg elles på innspel frå Norges naturvernforbund som finn rapporten grundig og dekkjande.

Vi saknar framleis ei vurdering av alternativ vegtrasé i planframlegget.

Kommentar:

Vurdering av alternative trasèar er kommentert i planomtalen (pkt 4.19).

Vegen vil i stor grad hindre framtidig landbruksdrift på dei 16 bruka langs vatnet. Dette er alvorleg, men tydelegvis ikkje viktig så lenge ein får realisert vegen. Nokre aktuelle problemstillingar som ikkje er drøfta er: Drikkevatt til dyra som nyttar Rotevatnet til vasskjelde, gjerdehald, grunder, vedlikehald av drengrofter og bandtvang. Vi forventar gode løysingsforslag til desse utfordringane.

Kommentar:

Vasskjelde for dyra, gjerdehald, grunder er kommentert i planomtalen (pkt 4.17 og 4.18). Vedlikehald av drengrofter vil måtte løysast konkret på dei stadane dette er aktuelt. Dersom det er drengrofter frå eigedomane som kjem i berøring med turveganlegget, vil sjølvsagt kostnadar med omlegging/tilpassing av eventuelle kryssingspunkt måtte dekkast av utbyggjar.

Det er også fleire moldholer i området som etter kva vi forstår er automatisk freda kulturminner. Dette er ikkje særskilt belyst i omtalen anna enn «Teke til vitande». På Rotevatn er det dyrkingsspor allereie frå før-romersk tid (tidfesta ved utgraving både ved Botnavegen og ved bygging på Åbakken, ved kjemperøysa). Det er ikkje tatt omsyn til dette i planen.

Kommentar:

Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennomført arkeologisk registrering innanfor planområdet. I brev frå fylkeskonservatoren datert 18.06.2013 vert det orientert om funn av eit førhistorisk dyrkingsslag – ID 169638. Registreringa er lagt inn i plankartet, men er frigjeve utan vilkår om vidare undersøking. Ut over dette avdekkjer registreringa ingen bevis på freda kulturminne innanfor planområdet.

Ein heil del nyare tids kulturminne vart identifisert under registreringa. Dei er ikkje freda men har likevel verdi som kulturarv og vil vere viktig å ivareta i samband med tilretteleggingstiltaka som reguleringsplanen opnar for. Dette gjeld også moldholene i området. Omsyn til desse er sett som vilkår i reguleringsføresegnene (§3.2.1.1).

Basert på tidlegare gjeldande forskrift såg ikkje Fylkesmannen eit direkte krav om konsekvensutgreiing, men han påpeika tydeleg forvaltninga sitt sjølvstendige ansvar. No er tidlegare vedtak oppheva, og saka vert handsama på nytt. Vi går då ut frå at det er forskrift om konsekvensutgreiing gjeldande frå 1. januar 2015 som skal nyttast i desse vurderingane ved ny handsaming. Vi ber på nytt om vurdering av konsekvensutgreiing i saka.

Kommentar:

Ein viser til at det ikkje ligg føre plikt til konsekvensutgreiing av planen. Dette er stadfest i brev frå fylkesmannen datert 02.09.2015.

Det vert lagt opp til vedtak utan at ein kjenner kostnadsramma for prosjektet. Vi ber dei folkevalde reflektere over kva framtidige kostnadar vedtaket medfører. Slik berekning vert også levert i uttale frå annan part i saka.

Kommentar:

Dei økonomiske konsekvensane av planen er vurdert og kommentert i planomtalen (pkt 4.20).

Tormod Utne og Audhild G. Rotevatn, brev datert 26.01.2016

Miljørapporten er laga på feil premiss, då tiltaket som skulle miljøvurderast sitt omfang ikkje vart opplyst (Miljøfaglig Utredning AS har utgreidd "sti", ikkje seks meter breitt veganlegg med gatelys).

Kommentar:

Viser til til vurdering av merknad frå Bjørn M Rotevatn. Merknaden er elles kommentert i planomtalen (pkt 2.4 og 4.7).

Det er kritiske mangler i sjølve naturutgreiinga, som gjer at tiltaket er i konflikt med kravet til kunnskapsgrunnlag etter NML Kap. II, § 8. Raudlista artar (virveldyr) har fast tilhald i våtmarksområdet på nordsida av vatnet og i vassdraga som vert kryssa av veganlegget, men dei er unndrege artslista i miljørapporten. . . . Om mangelen ikkje blir retta på kan det utløyse klagehandsaming hos Fylkesmannen, Sivilombodsmannen og dei delar av rettssystemet som ivaretek brot på miljølovar. Det er i NML lovfesta førevar-prinsipp som betyr at bevisbyrden for miljøforsvarlegheit ligg på den som vil gjere naturinngrepet. Når det manglar vesentleg kunnskap kan ikkje inngrepet bli tillate.

Kommentar:

Dersom det med "raudlista artar (virveldyr)" meinast oter (*Lutra lutra*), er denne registrert /kommentert i miljørapporten og elles i planomtalen (pkt 2.4 og 4.7).

Då sakshandsamar tinga rapporten, fekk konsulentane beskjed om "å fokusere på fuglelivet" (16.03.12). Også her har sakshandsamar lagt premiss for utgreiinga som gjer at rapporten inneheld alvorlege feil: truga dyreartar (VU) er definert vekk og blir ikkje sikra vern etter Bernkonvensjonen sine krav. A aktivt sjå bort ifrå dokumentasjon om dette, er særst alvorleg.

Kommentar:

Rapporten som kommunen har fått utarbeidd som kunnskapsgrunnlag for reguleringsplanarbeidet omfattar alle typar naturverdiar i området og dekkjer såleis både flora og fauna. I kommunikasjonen med Naturfaglig Utredning AS den 16.03.2012 er det frå kommunen si side sett fram eit ønskje om å ha fokus på fuglelivet i området, men det er samstundes presisert at også andre sider ved det biologiske mangfaldet ønskjast registrert. Slik rapporten og registreringa knytt til denne er gjennomført vil det kunne seiast at ingen truga artar i området er utelatne frå vurdering.

Styr unna automatisk freda kulturminne: På Rotevatn er det stadfesta dyrking av jord tilbake til førromersk tid (410-380 f.Kr), vi ber om at traseen vert styrt utanom dei hittil ikkje undersøkte moldholene aust for Rotevasselva (eldgamal teknikk for å utvide vekstsesong, inn

mot "Den vesle istid" i mellomalderen). Disse er med all sannsynlegheit eldre enn frå 1537 og automatisk freda etter Kulturminneloven Kap II, § 4.c.

Kommentar:

Moldholene er i omtalt i arkeologirapporten utarbeidd av fylkeskommunen og er oppgitt å vere i bruk fram til ca 1940, men rapporten identifiserer ikkje desse som automatisk freda i hht kulturminnelova. Objektene er likevel interessante og har stor verdi som kulturarv som det under arbeid med turvegen vil vere naturleg å ta størst mogleg omsyn til. Eiga føresegn som omhandlar dette momentet er teke inn i reguleringsføresegnene (§3.2.1.1)

Naturvernforbundet i Volda og Ørsta, brev datert 03.02.2016

Etter vårt syn vil den store verdien turvegen vil få for friluftsliv og folkehelse, vege tyngre enn belastninga den vil få på natur og kulturlandskap.

Kommentar:

Ein er samd i Naturvernforbundet si vurdering.

I dei naturfaglege vurderingane støttar vi rapporten frå Miljøfagleg Utredning AS frå 2012. Den finn vi grundig og dekkjande.

Kommentar:

Ein tek til vitande at Naturvernforbundet anerkjenner rapporten som er utarbeidd av Miljøfaglig Utredning AS.

Vi vil og støtte opp om dei avbøtande og kompenserte tiltaka i rapporten , og tek ikkje dei opp att her. Men vi vil legge vekt på forslaget om å trekke vegen lengre vekk frå vatnet ved Bukta. Omsynet til fuglelivet i Bukta bør gjere det mogeleg å vurdere ei vegline i oppkant av ridebana.

Kommentar:

Planframlegget er justert slik at ein imøtekjem dei avbøtande tiltaka som rapporten gjer framlegg om.

Vi vil sterkt gå imot lyssetjing av turvegen. Kunstig lys vil hemme naturmøtet i vandringsrunden rundt Rotevatnet. Skumring, stjernehimmelen og måneskin kan lett forsvinne der det er kunstig belysning.

Kommentar:

Kommentert i planomtalen (pkt 4.15).

Det må komme fysiske hinder for motorisert ferdsel, og turvegen må i bredde og utforming få omlag same standard som turvegen mellom Årneset og Volda stadion.

Kommentar:

Motorferdsel er kommentert i planomtalen (pkt 3.2.1.g).

Det er i planframlegget lagt opp til ei maksimal vegbreidde på 3,0 m. Det vil vere naturleg å dimensjonere vegen med noko større breidde enn slik det er gjort mellom Årneset og Volda stadion. Altså ein stad mellom 2 og 3 m.

Greg. Rotevatn, brev datert 02.02.2016

Korleis kan ein gangveg på nordsida av Rotevatnet «harmonere» med måla og retningslinene I kommuneplanen?

Kommentar:

I kommunedelplanen for Volda sentrum vedteken i sak 15/10 den 04.02.2010 seiast det følgjande om utvikling av området for det som gjeld om turvegelementet spesielt:

- ”Rotevatnet er både hjartet i det store løypenettsystemet og i seg sjølv attraktivt for m.a gåing, sykling, jogging og bading. Dette vil vere ein sær s viktig del av utviklinga når det gjeld grønstrukturen i tettstaden Volda. Derfor ser vi det som svært viktig å få på plass ein offentleg turveg langs nord- og austsida av Rotevatnet slik at ein får ei samanhengande rundløype rundt vatnet.” (pkt 7 s 32)

Gjerdeplikt.

Dersom turvegen vert bygd, vil han skjere over alle bytelinene mellom gardsbruka og opne opp heile landskapet for beitedyr.

Kommentar:

Gjerdehald er kommentert i planomtalen (pkt 4.17) og teke med som rekkjefølgjekrav i reguleringsføresegnene (§5.1).

Drikkevatn for beitedyr.

Turvegen vil, slik planen ligg føre, avskjere beitande husdyr frå drikkevasskjelda, Rotevatnet. Vil Volda kommune syte for at det vert lagt opp drikkevatn som erstatning for den tapte drikkevasskjelda?

Kommentar:

Kommentert i planomtalen (pkt 4.18) og teke med som rekkjefølgjekrav i reguleringsføresegnene (§5.1).

Drensgrøfter.

Drensgrøftene i kulturlandskapet gangvegen vil skjere av har, naturleg nok, avlaup til Rotevatnet. Vil Volda kommune bere ekstrakostnadene turvegen vil føre til med omsyn til å halde ved like drensgroftene som går til Rotevatnet?

Kommentar:

Alle drensgrofter som ein kjem i kontakt med under anlegg av turveg vil måtte først igjennom turvegtrasèen og knytast saman med avløpet nedanfor. Dreneringa vil såleis fungere som i dag. Det er naturleg at utbyggjar har tilsyn og vedlikehald med drenssystemet knytt til turvegen.

Rydningrøysene.

For å kunne drive jordbruk på steinrik morenejord, som vi har i Vikebygda, må overskotsstein frå drifta deponerast på rydningsrøysene. Desse ligg i stor mon i strandsona av Rotevatnet. Vil Volda kommune gi garantiar for at rydningsrøysene, som kvart bruk har i strandsona, kan brukast i framtida om ein turveg vert bygd?

Kommentar:

Sjølv om det er lang tradisjon for å nytte areal ved strendene ved Rotevatnet til rydningsrøyser, eksisterer det ikkje ein rett for bruka i område til å fortsette slik praksis. Generelt er deponering/fylling av masse - som vert vurdert som vesentlege terrenginngrep - underlagt søknadsplikt i kvart einskild tilfelle. (PBL § 20-1).

Etter reguleringskartet å døme, kjem den planlagde turvegen i konflikt med Moldholene søraust for ridebana på Vollane. Desse er å sjå på som automatisk freda, men er ikkje fanga opp i den arkeologiske rapporten. Dette mishøvet pliktar Volda kommune å rette opp

Kommentar:

Moldholene er i omtalt i arkeologirapporten som er utarbeidd av fylkeskommunen og er oppgitt å vere i bruk fram til ca 1940, men rapporten identifiserer ikkje desse som automatisk freda i hht kulturminnelova. Objektene er likevel interessante og har stor verdi som kulturarv som det under arbeid med turvegen vil vere naturleg å ta størst mogleg omsyn til. Ein viser elles til vilkår i reguleringsføresegnene (§3.2.1.1)

Landbrukskontoret Ørsta Volda, brev datert 05.01.2016

Landbruksfagleg vurdering:

Området turvegen går gjennom har stort potensiale for rasjonell jordbruksdrift. Området er sydvendt med rikt jordsmonn, god bonitet og høveleg helling. Areal som ikkje alt er oppdyrka er dyrkbare. Som sist har ein både sjølvstendig drift og areal som vert drive som leigejord. Dagens landbruksføretak er avhengige av leigejord, og dei fleste føretaka har meir leigejord enn eigd jord. Det er ingen ideell situasjon men diverre eit vilkår for å få økonomi i jordbruket. Uavhengig av kven som er drivar kan vi stadfeste at jordbruksareala i området er i drift. Pr. i dag er det 7 ulike føretak som har drift her. Det vert feil når ein i planomtalen omtalar at det ikkje er aktiv landbruksdrift i tradisjonell tyding. Ein har her tradisjonelt drift med beiting av sau, storfe og hest, i tillegg til at store delar av areala vert brukt til fôrproduksjon. Areal gjev med andre ord produksjon av kjøtt frå sau/storfe og grovfôr.

Kommentar:

Sett på bakgrunn av denne informasjonen vil ein kunne seie at opphøveleg formulering i planomtalen om at det ikkje er aktiv landbruksdrift i tradisjonell tyding, er misvisande. Dette er no retta opp. Merknaden er imøtekome.

Omsyn til jordbruksdrift:

Jordbruksareala vert brukt som beite eller til fôrproduksjon. Veglina er i hovudsak lagd i kanten av jordbruksareala, men nokre stader kan den skjere av mindre areal. Vegen vil gå langs areal med beitedyr/landbruksaktivitet. Forhold som må takast omsyn til og vurderast nærare er t.d.: drikkevatn for beitedyr, drengrofter som kryssar veglina, tilkomst til areala sør for veglina, gjerdehald, gjødsling med husdyrgjødsel, m.m.

Landbrukskontoret meiner at desse punkta må takast omsyn til i planforslaget :

- a) *Ein føreset at planen kjem nærare inn på korleis ein vil sikre drikkevatn til beitedyra som no hentar dette i vatnet (vasspostar).*

Kommentar:

Drikkevatn til beitedyr er kommentert i planomtalen (pkt 4.18).

Ei rekkje stader går drenggrøfter som vil krysse veglina. Desse må sikrast mot skade, i tillegg til at ein må supplere med nye stikkrenner.

Kommentar:

Alle drenggrøfter som ein kjem i kontakt med under anlegg av turveg vil måtte først igjennom turvegtrasèen og knytast saman med avløp nedanfor. Dreneringa vil såleis fungere som i dag. Det er naturleg at utbyggjar av turvegen har tilsyn og vedlikehald med drengsystemet knytt til turvegen.

Landbrukseigedomane må sikrast tilkomst til areala på nedsida av turvegen.

Kommentar:

Det vil vere naudsynt å sikre tilkomst for dei einskilde eigedomane i området fram til dei delane av eigedomane som vert liggande mellom vatnet og turvegen. Ein ser føre seg at kryssingspunkt med avkøyrslar kan avtalast der det er mest praktisk å etablere slike. Dersom området er nytta til beite vil det vere behov for grinder der avkøyrslene er lokalisert. Ordningane må avtalast nærare ved innspel frå den einskilde grunneigar der ein også ser til at finansiering og drift av tiltaka vert formalisert, t.d ved kompensasjon/erstatning.

I dag utgjer vatnet eit naturleg gjerde. Dette må erstattast med gjerde langs vegen.

Kommentar:

Gjerdehald er kommentert i planomtalen (pkt 4.17).

Jordbruksareala vert/kan verte gjødsla med husdyrgjødsel. Her må brukarane av vegen respektere at vegen går gjennom eit jordbruksareal.

Kommentar:

Noko av intensjonen med å tilrettelegge dette området for ferdsel er at kulturlandskapet kan eksponerast og opplevast på nært hald. Spreiing av husdyrgjødsel på jordbruksareala inngår som ein naturleg del av drifta i dette området og må aksepterast av brukarane.

Kommentar:

Omsyn til kulturlandskap:

Vegen vil gå gjennom eit viktig kulturlandskap med dyrka jord og beite. Klima gjer at ein i beita har varmekjære lauvtre som mange stader gjev fine jordbrukslandskap. Det må takast omsyn til verdifulle element i kulturlandskapet som steingardar, rydningsrøyser, naust, mv.

Vegen må og byggjast slik at det vert gode overgangar mot tilstøytande jordbruksareal slik at ein ikkje får ulemper knytt til drift av jordbruksareala.

Kommentar:

Turvegen tenkjast bygd som ein integrert del av kulturlandskapet og det vil vere eit poeng i seg sjølv å ivareta verdifulle element som nemnd i merknaden, nettopp for å gjere opplevinga ved å ferdast gjennom området rikare.

Vegtrasèen er i størst mogleg grad plassert i randsona mellom jordbruksareal og vegetasjonsbeltet langs vatnet og elles slik at han ikkje vert liggande langt inne på desse og resulterer i fragmenterte, urasjonelle driftseiningar.

Paul Robert Rotevatn, brev datert 04.02.2016

Dei økonomiske konsekvensane knytt til gjennomføring av reguleringsplanen er manglar realisme. Det er utarbeidd ei nøktern kalkyle der totalkostnadane ved vegen vert på kr 14,3 mill inkl mva.

Som skattebetalar til Volda kommune saknar eg eit sterkare fokus på økonomien og fokus på realisme i forhold til faktiske kostnader før prosjekt som dette vert trumfa igjennom/oppstarta. Det høyrer med til historia at ein nesten parallelt med turvegen som ein no vurderer å bygge har ein flott og belyst gangveg når den vedtekne Botnavegen vert bygd om kort tid slik det har kome lovnadar om.

Kommentar:

Økonomiske konsekvensar for kommunen er kommentert i planomtalen (pkt 4.20).

I saksdokumentet datert 08.12.2015(arkivsak 2012/151) er det på siste side tatt med eit avsnitt om økonomiske konsekvensar. I dette avsnittet går ein i stor grad vekk i frå ei strukturert og heilheitleg utbygging av vegen som er skissert i planomtalen. Det vert vist til at det viktigaste er å sikre seg grunn/areal og deretter kan ein ta resten stegvis. Dette vil være å halde innbyggjarane, inklusive grunneigarane for narr då ein går vekk i frå premissar knytta til ivaretaking av eksisterande næringsvirksomheit (hovedsak jordbruk), miljø og dyreliv, og ivaretaking av universell utforming for å nevne nokre få. All erfaring tilseier at ei stegvis utbygging sjeldan er den rimeligaste løysinga for ein utbyggar.

Kommentar:

Ein er samd i vurderinga av at ei stegvis utbygging av turvegen mellom Årneset og Botnasanden neppe er den rimelegaste løysinga. Dette er likevel den framgangsmåten som truleg vil fungere best både i høve kommunale løyvingar og i høve statleg medverknad/kostnadsdeltaking. Som tidlegare nemnd vurderast turvegprosjektet som realistisk og gjennomførbart. Den finansielle sida av tiltaket vil måtte vurderast/prioriterast i kommunen sine framtidige økonomiplanar og årsbudsjett.

Geir K Rotevatn, brev datert 07.02.2016

Jeg stiller spørsmål om det er avklart om det er tursti eller turveg som det planlegges- opprinnelig var det vel en fortsettelse av turstien langs elva ned til sentrum som var planlagt.

Kommentar:

Kommentert i planomtalen (pkt 4.16).

Jeg har fått høre at eierne av gårder på nedre Heltne leier bort grunn til denne stien for en lengre periode-hvorfor er ikke dette foreslått for grunneierne lenger fremover?

Kommentar:

I planprosessen er det ikkje signalisert korleis avtale om bruk av grunn konkret tenkjast løyst. Det som er viktig er at det sikrast varige rettar som gjer området disponibelt for dei aktuelle føremåla i reguleringsplanen. Sikring av grunn kan gjerast ved innløysing eller ved ulike former for bruksrettsavtalar/servituttavtalar. Spørsmål som dette må ein kome tilbake til under grunnforhandlingane.

Skal en vei eller tursti anlegges må det utarbeides alternativer der en tar hensyn til fortsatt husdyrhold langs vannet.

Kommentar:

Alternative trasèar er kommentert i planomtale (pkt 4.19).

Det synes som saksbehandler i liten grad har forsøkt å komme grunneierne i møte ved tidligere saksgang, kan det være at det fra dennes side har gått så mye prestisje i saken at en ikke makter å se på løsninger som både ivaretar turfolkets ønske og grunneiernes ønsker.

Kommentar:

Ein minner om at det er kommunestyret som har vedteke – først i to etterfølgjande kommunedelplanar - der plassering av turvegen har vore signalisert - dernest i særskild vedtak at reguleringsplan for turveg på nord- og austsida av Rotevatnet, skal utarbeidast. Det er såleis ikkje sakshandsamarar si rolle i saka som er avgjerande her.

Rådmannen si oppgåve er å vurdere ulike løysingar og å utgreie fagleg forsvarlege og grunnjevne framlegg til kommunen sine styrande organ med bakgrunn i dei ulike omsyna i merknadane som er mottekne frå partar og fagorgan m.fl.

Friluftforeninga Volda, brev datert 07.01.2016

FFV ser på turvegen rundt Rotevatnet som ei viktig lavterskel friluft- og folkehelseiltak. Området ved Rotevatnet (Volda stadion- Årneset-Rotevatnet) er eit område som etterkvart har tilbod om mange ulike aktivitetar, både for organiserte og uorganiserte og for innbyggjarar i alle aldrar.

Dette bør vere eit område ein utviklar vidare. Det ligg også nær bebyggelse slik at svært mange har lett tilgjenge. Turvegen vil vere eit viktig supplement til området,- ein vil kunne ferdast fritt utan biltrafikk og på ein turveg tilnærma utan stigning. Vi trur turvegen vil føre til at området vert endå meir brukt.

Eit slikt aktivitetsområde og med ein turveg som går langs vatnet er er svært viktige kvalitetar for ein tettstad som Volda, og ikkje minst: eit viktig friluft- og folkehelseiltak

Kommentar:

Merknaden samsvarer med dei vurderingane som ligg til grunn for kommuneplanen og for vedtaket om å utarbeide ein eigen reguleringsplan for området. Som tiltak for å fremje folkehelse og trivsel mellom innbyggjarane vil tiltaka nedfelt i planen ha svært stor positiv verknad.

Sindre Rotevatn, brev datert 07.02.2016

Sakshandsamar vil melde tilbake til besluttande mynde at planprosessen er gjort og gjort etter boka. Fordi konklusjonen egentlig er flagga i utgangspunktet, så meiner eg planprosessen ikkje framhevar konfliktene godt nok og ikkje vektar argumenta godt nok. Etter mitt syn er landbruket sine interesser, behov og brukskonflikter bagatellisert i planarbeidet.

Kommentar:

Konfliktane mellom landbruk og turvegbygginga er relativt inngåande drøfta i saka og det erkjennast at det finnast utfordringar som må løysast. Dømer på dette er:

- tilgang til vatn for beitedyra,
- gjerdehald, grinder
- drenering
- tilkomstordningar for grunneigarane til arealet nedom turvegen,

Alle desse elementa er økonomisk/praktiske/tekniske spørsmål som det er mogleg å finne ordningar på som ivaretek både landbruks- og friluftsiinteressene i området. Det er skissert konkrete løysingar (sjå planomtalen) korleis desse utfordringane kan handterast. Ved å gjennomføre tiltak - som skissert i planomtalen - vil eventuelle arealbrukskonfliktar verte relativt avgrensa.

Det vi treng for dette området er ei samla vurdering av korleis landbruksområdet skal disponerast framover. Vi vil ikkje ha klattvise reguleringsplanar som et opp landbruksområdet sakte, men sikkert.

Kommentar:

Ein viser til at regulering av areal til turveg baserer seg på føringane i kommuneplanen. I overordna plan har det fram til no ikkje vore signalisert behov for annan arealbruk enn LNF på mesteparten av areala mellom Rotevatnet og Vikebygdvegen/Botnavegen. Dersom det er aktuelt å disponere områda til bustadføremål, næringsføremål el.l. skal dette først avklarast i overordna plan.

Eg vil også nemne at når planområdet grensar til ei stor golfbane og eit stort hestesportanlegg, som begge må reknast som fritids-/friluftsiaktivitetar, så finn eg det pussig og kortsiktig at ikkje planområdet inkluderer i det minste desse to anlegga.

Kommentar:

Slik dette vert vurdert i ettertid hadde det nok vore eit føremun å inkludere også desse anlegga i planarbeidet knytt til turvegen.

Etter mitt syn tek ikkje planen og planområdet reelt sett inn over seg at dette er eit landbruksområde. Ein bagatelliserer det aktive landbruket i området og omdisponeringa av landbruksareal som i realiteten skjer i området. Politiske mynde bør sjå dette momentet og returnere planen med beskjed om å utvide planområdet til å gjelde heile området mellom Rotevatnet, Botnavegen/Vikebygdvegen og vest til Heltneelva.

Kommentar:

Det er rett at turvegplanen fører til omdisponering av landbruksareal. For denne eigedomen sin del utgjer dette ca 0,75 da (turvegareal).

Når det samstundes som det argumenterast for å bevare landbruksinteressene i området peikast på behov for å regulere alt areal mellom Rotevatnet, Botnavegen/Vikebygdvegen og vest til Heltneelva kan det oppfattast som eit resonnement i retning av at ein ønskjer å gå vekk ifrå LNF som arealbruk og over til annan utnytting. Eg minner om at sist vedtekne kommuneplan for området er klår på at arealbruken skal vere LNF. Dersom ein ønskjer at denne arealstatusen framleis skal gjelde vil det ikkje vere behov for å regulere, anna enn for å stadfeste kommuneplanen.

Alternativ arealbruk i dette området bør som tidlegare nemnt knytast opp mot overordna plan/kommuneplanen.

I punkt 2.6 Landbruk i plandokumentet står det at det ikkje er aktiv landbruksdrift («i tradisjonell forstand») på eigedomane. Dette er direkte feil, og eg undrar meg over kva ein meiner med «i tradisjonell forstand». På mitt bruk er det like aktiv drift som tidligare. Rett nok leiger eg vekk jorda til ein som driv aktivt jordbruk, men «aktiv landbruksdrift» kan ikkje vere definert av at det er eg eller den som til ei kvar tid eig, som driv det. «Aktiv landbruksdrift» er definert av aktiviteten, ikkje kven som eig der. Det er ei gåte for meg korleis ein snur dette til at det ikkje vert drive aktivt landbruk i området.

Kommentar:

Formuleringa i planomtalen om at det ikkje er aktiv landbruksdrift i tradisjonell tyding kan seiast å vere misvisande. Planomtalen er retta opp på dette punktet.

I vårt tilfelle er beitedyr sentralt og har alltid vore det i dette området. Planen peikar på dette, men viser i realiteten ikkje korleis brukskonflikta med beitedyr skal løysast. Beitedyra er store og vennlige, men urbane friluftsmenneske går ikkje nødvendigvis så godt sammen med dei. Derfor må avgrensingane mellom brukarar takast skikkelig på alvor. I tillegg er det faktisk slik at når ein avgrenser (gjerder inne), så skaper ein nye problem. Det er berre eit spørsmål om tid før nokon lar ei grind stå open og dyra kjem seg ut. Ein flokk dyr på nokre hundre kilo kvar vil kome til å bevege seg langs turvegen. På grunn av gjerda vil dei ikkje så lett kome seg nokon annan stad.

Kommentar:

Brukskonflikt beitedyr – ferdsel friluftsliv er kommentert i planomtalen (pkt 4.17).

Store beitedyr treng også store mengder vatn, det monnar ikkje med ei bøtte i ny og ne. Tilgangen må vere stor og kontinuerlig, og vatnet må vere godt, så her er tilgangen vi har til vatnet unik. Sjølv på vårt kant av landet, er det på sommarstid heilt vanlig at nede i vatnet er einaste tilgangen på skikkelig drikkevatt for dyra. Ein kan teoretisere om andre løysingar på behovet for drikkevatt for dyra, men dette blir berre tull og ressursløsing når vatnet alltid har vore der og fortsatt vil vere der. Denne tilgangen må oppretthaldast for beitedyra i området.

Kommentar:

Drikkevatt til beitedyr er kommentert i planomtalen (pkt 4.18).

Sakshandsamar vil forklare besluttande mynde at planstruktur og -prosess er på plass og landbruksinteressene har vorte høyrde. Problemet er at sakshandsamar framstiller landbruket som nærast ikkje-eksisterande og brukskonfliktene som minimale. Besluttande mynde bør returnere planen med beskjed om at det må revurderast om landbruksområdet skal disponerast på denne måten og forvitre sakte, men sikkert.

Kommentar:

Ein viser til at spørsmålet om arealbruk der ein legg til rette for etablering av turveg langs nord- og austsida av Rotevatnet er vurdert i overordna plan. Både i kommunedelplanen og i reguleringsplanprosessen for området er konsekvensane og konfliktområda knytt til landbruksinteressene avdekkja. Det er registrert at einskilde opplever reguleringa som eit hinder for vidare landbruksdrift og har otte for at brukskonfliktar oppstår. Planframlegget tek inn over seg desse momenta og peikar på løysingar som reduserer/hindrar desse.

Politisk mynde i kommunen har – til tross for at det er registrert latent konfliktmateriale knytt til ein slik plan - vedteke at reguleringsplan for turvegen skal utarbeidast.

Å definere området som friluftsområde er storsamfunnet sin litt avanserte måte å annektere eit område utan å gjere opp for seg. Samtidig kan kommunen i ein kvar samanheng hevde at det er nokon andre som eig området. Dette er naturlegvis vanskelig for grunneigar å akseptere.

Dersom ein meiner at interessene for å få gjort tiltaket er så stort at det er nødvendig å ta frå grunneigar råderetten til området og ansvaret for området, så får ein ha mot nok til overta ansvaret for området også. Vi ser mange eksempel på at kommunal eigedom forfell. Etter mitt syn er ein tent med å ordne dette på ein måte slik at private har eigedomsretten. Då må ein også ha fridomen og ansvaret. Ingen vil ha ansvar for noko som ein ikkje har fridom til å ta vare på.

Kommentar:

Ein går ut ifrå at det her meinast området som vert liggande mellom turvegtraséen og vasskanten i Rotevatnet. Dette området er i kommunedelplanen for Volda sentrum avsett til LNF – F (Landbruks-, natur- og friluftsområde der friluftsliv er dominerande). Som nemninga i arealstatusen i kommuneplanen tilseier vil dette framleis ligge som landbruksområde, men pga av at det ved strendene ved Rotevatnet knytast relativt store samfunnsverdiar til karakteren som friluftsområde, har ein valt å vidareføre LNF-F også i reguleringsplanen. I planframlegget vert det ikkje lagt opp til endring av eigarstatus.

Området er på mange måtar ein utvida del av vår hage. Vi er vane med dyra og lever greit saman med dyra når vi brukar området. Plandokumentet neglisjerer så glatt retten til det private rekreasjonsområdet, at det brukar eg ikkje tid på å argumentere for. Vi har denne muligheita og denne retten i dag. Vi deler den gjerne, mykje og med mange, men vi vil ikkje miste den. Som vanlig, nær sagt, registrerer vi at private rettar blir vegde og funne for lette, til og med neglisjerbare, samanlikna med ålmenta sine interesser.

Kommentar:

Ein innser at reguleringsplanen legg til rette for endringar for den einskilde grunneigar som grip inn i private verdiar etablert i området. Tilrettelagt turveg open for ålmenta vil medføre at private kvalitetar i form av skjerma strender, naustplassar o.l. vert meir tilgjengelege for andre enn eigarane. Kvalitetane i seg sjølve vert ikkje endra som følgje av planen, men konsekvensen vil vere at fleire vil kunne opphalde seg der og den «skjerma» bruken i dag vert noko redusert.

Dersom ein vil tillate at landbruksområdet vert delt opp og at landbruksområdet forvittrar sakte, men sikkert, så må ein i det minste gjere følgjande endringar i plandokumentet:

- 1. Beitedyr på gnr 27, bnr 10; beitedyr må ha kontinuerlig tilgang til vatn.*
- 2. Det er kommunen som skal ha gjerdeplikta, gjerdet skal vere dimensjonert og vedlikehalde for å halde dyra innanfor beitet, og ansvaret for det skal stå i reguleringsplanen.*

Kommentar:

Drikkevatt til beitedyr og gjerdehald er kommentert i planomtalen (pkt 4.17 og 4.18).

Ferdsle langs turvegen; turvegen vert lagt på den delen av arealet der det høver best å bevege seg på tvers av eigedomen. Det skal derfor spesifiserast i reguleringsplanen at vi har rett og mulighet til bevege oss med traktor langs vegen så langt vår eigedom strekker seg. Dette inneber også at på vår eigedom, 27/10, må vegen vere brei nok til ein traktor, og gjerdeplikta må inkludere plikt til å halde minimum 2 grinder på begge sider langs vår eigedom. Ei grind i eine enden er ikkje tilstrekkelig fordi ein ikkje kan bevege seg på tvers av området med traktor nedom vegen. Subsidiært kan ein vurdere å bygge kulverten (ref pkt 1) så høg at den køyrast gjennom med traktor. Husk, gode lesar, at vi har ikkje bedt om dette tiltakte. Det er kommunen som vil legge denne hindringa gjennom vårt område.

Kommentar:

I reguleringsføresegnene er det lagt opp til at turvegen kan kryssast med traktor for å kome til på områda nedanfor. (§ 3.2.1.g)

Det er elles sett reglar for at vegen kan byggast med maksimum breidde 3,0 m (reguleringsføresegnene § 3.2.1.a). I praksis vil den breidda som faktisk vert bygd vere avgjerande for om han kan nyttast til å køyre langs etter med traktor. Dersom vegen vert bygd med tilstrekkeleg breidde og fundamentering til at slike køyrety kan nytte han vil det vere aktuelt å opne for slik ferdsel knytt opp mot drifta av dei einskilde landbrukseigedomane.

Drenering; deler av området er vasstrekt fordi det myrlendt. Andre deler er vasstrekt fordi dyrkingsgrøfter endar akkurat i det området vegtraséen er tenkt lagt. I dag løyser naturen og fallet i terrenget dette. Ein veg vil avskjære fleire av dagens naturlige og tilrettelagde dreneringar. Dette er ikkje uløysleg, men det må gå klart fram av plandokumentet at alle endringar i terrenget som inneber vassproblem er kommunen sitt ansvar. Dette inkluderer også at avløp frå ny drenering ikkje vert plassert på min eigedom utan å gå heilt i vatnet. Også her vil motargumentet vere at dette skal takast «seinare». Nei, det skal ikkje det. Ansvaret for dette skal plassert no.

Kommentar:

Konkrete moment som vedkjem drenering på dei einskilde eigedomane vil måtte takast opp og løysast i samband med detaljprosjekteringa og vilkåra for dette må regulerast i avtale om bruk av grunn. Det er elles teke inn eit nytt punkt i reguleringsføresegna som omhandlar dette. (§3.2.1.m)

I reguleringsføresegnene § 3.1 er det elles sagt følgjande om dette:

«Kryssing av bekkar og elvar skal utførast med omsyn til omgjevnadane. Dei største elvane - som Rotevasselva, Storelva samt einskilde kanalar i Vassbotnen - skal kryssast med bru. Mindre bekkar kan kryssast med stikkrenner, rør eller kulvert.»

Detaljreguleringar; I reguleringsplanar er det ein sterk tendens til å ville regulere «den gode smak». Takvinklar, takdekke, veggjar og slike detaljar endrar seg over tid. Det må vere rom i reguleringsplanar til å kunne utforske og utvikle kva som er god smak. Eg gir ikkje konkrete endringsforslag, men oppmodar til at ein vurderer kor snevre rammer det egentlig er naudsynt å ha i reguleringsføresegner og i dette nye, artige omgrepet «retningsliner».

Kommentar:

Avgrensingar i høve storleik, bygningsvolum, kledning, fargar og takktekking er tekne med i retningslinene fordi dette utgjer eit viktig grep for å ivareta kulturlandskapet slik det er.

Kommunen har store økonomiske utfordringar. Kommunesammenslåing(ar) endrar neppe dette. Som grunneigar i området ser eg det ikkje som mi oppgåve å halde orden på kommunale budsjett, men denne turvegen vil verte svært kostbar. Det forbausar meg ikkje om vi er over 10 mill kroner for dette prosjektet. Eg betalar gjerne min skatt, men som innbyggjar ville eg ikkje like at dette blir prioritert føre endå viktigare basisoppgåver. Sakshandsamar argumenterer for at det er store tilskot å få til slike prosjekt. Men kven skal betale dei kanskje 50% som Staten ikkje betalar då?

Kommentar:

Økonomiske konsekvensar for kommunen er kommentert i planomtalen (pkt 4.20).

Monika Heltne Poehlmann-Kairies, brev datert 07.02.2016

Er Arbeidet med Botnavegen sett i gang? Kvifor er det ingen framgang der? Har kommunen brukt opp all kapasitet (både personal og økonomi) på å kaste bort pengar på ein turveg? Kommunen lova at Botnavegen skulle prioriterast. Kvifor har det ikkje skjedd noko syneleg her enno?

Kommentar:

Kommunen er i mål med reguleringsplan og prosjektering av ny veg til Vassbotnen (Botnavegen). Det er vidare sett av midlar på investeringsbudsjettet til bygging av vegen.

Når kjem Kommunen til å betale det den er skuldig – (sakskostnadane som vart kravde frå Advokat Hove for grunneigarane innan fristen i 2015)? Kvifor starta kommunen prosessen på nytt før den har gjort opp for seg frå siste omgang?

Kommentar:

Saksomkostnader som den einaskilde grunneigar har hatt til juridisk bistand i samband med klagesak til fylkesmannen, er utbetalt. Totalt er det utbetalt kr 40 968,-.

Kva kostar heile planarbeidet og omsetjinga av planen? Korleis vil Kommunen finansiere dette? Korleis vil kommunen erstatte krav frå grunneigarane – (det blir mest sansynleg ikkje aktuelt med løysningar for kvar enkelt)?

Kommentar:

Kostnader med planarbeidet inngår som del av dei ordinære oppdraga planseksjonen utfører. Det vert ikkje ført egne registreringar for tidsbruken i kvar einaskild oppgåve og ein har såleis ikkje oversikt over medgåtte kostnader for dette. Kostnader med bygging av turvegen er kommentert i planomtalen (pkt 4.20).

For det som gjeld erstatning av krav frå grunneigarar vil det først verte klargjort når eventuelle slike krav ligg føre.

Kva kostar vedlikehaldet av denne stien/vegen? Kva er kalkulasjonen av dette?

Kommentar:

Vedlikehaldet for turvegen vil i hovudsak omfatte brøyting, tøming av boskasser, kantslått, tilsyn med stikkrenner o.l. Det vil vere aktuelt å opprette rutiner der dette vert gjort rutinemessig, særleg i sommarhalvåret. Kalkyle for årleg vedlikehald: ca kr 30 000,- /år. Merknaden er kommentert i planomtalen (pkt 4.20).

Kor stort er arealet som blir berørt av planframlegget – (vennligst oppgje totalt areal i m²)?

Kommentar:

Sjøelve turvegarealet er på 14,56 da (2428m x 6m). Totalt areal innanfor reguleringsgrensene: ca 87 da (omfattar naturområde i vatn/elvar, friområde samt LNF-område mellom vatnet og turvegen).

Eg kan ikkje sjå at kommunen har forandra på Planomtalen til "Detaljreguleringsplan Turveg Rotevatnet" sidan 2012 bortsett frå at naustretten har vorte teken bort.

Kommentar:

Planomtalen er endra på ei rekkje punkt.

Eg ønskjer endeleg klarlegging om det til slutt er snakk om ein "Sti" eller ein "Veg".

Kommentar:

Kommunen har i planomtale, i saksutgreiingar, på plankart og i kontakt med partar og konsulterande organ nytta omgrepet turveg som nemning.

I reguleringsføresegnene § 3.1 er dette stadfest slik: «*innanfor føremålet turveg; T1 kan det byggast veg med breidde maksimum 3,0 m*».

Eg protesterer imot at det blir etablert eit ekstra "Friområde" på grannen sin grunn (gnr 27/bnr 7). Her har eg aldri blitt høyrte! Dessutan må trasévalget for vegen revurderast og fjernast minst 40m frå vasskanten.

Kommentar:

Friområdet GF1, GF2 og VFV1 er teke inn i planen fordi det er ønskeleg å kunne gjere einskilde tilretteleggingstiltak for friluftsliv på turvegstrekinga mellom Årneset og Botnasanden. Innanfor turvegarealet er det avgrensa moglegheiter for dette.

Avstand mellom turveg og vatnet er kommentert i pkt 10 ovanfor.

Eg kan ikkje sjå at planen frå 25.11.2015 er ny og ønsker ein verkeleg ny detaljreguleringsplan, der det er tatt med svar på alle spørsmål som er blitt stilte tidlegare av alle berørte partar og viser til vedlagde dokument, spesielt "Innspel+Merknadar+Protest til Planframlegget PLANID 2011009-Reguleringsplan Turveg Rotevatnet-Offentleg Ettersyn-Sak 191_12 Monika November 2012". Her har eg enno ikkje fått tilstrekkeleg svar på alle mine spørsmål.

Kommentar:

Planen er endra på fleire punkt: døme på dette er vilkår for naustbygging, flytting av turvegtrasè vekk frå vatnet i området Bukta, endring og komplettering av reguleringsføresegner på ei rekkje punkt.

Merknaden spesifiserer ikkje kva spørsmål som manglar svar.

Korleis sikrar Kommunen naturvernkrava når det gjeld raudlista arter som er berørte (t.d. vipe og oter)?

Kommentar:

Naturverdiar i området er kommentert i planomtalen (pkt 2.4).

Planen er i strid med stortingsmeldinga om friluftsliv. Planen er i strid med fleire overordna planer, mellom anna Kommunedelplanen for Volda sentrum. Planen grip i urettmessig form inn i landbruksareal (dei løysningane som har vorte framlagde er utilstrekkelege).

Kommentar:

Det er vanskeleg å sjå at planforslaget vil vere i strid med overordna plan/Stortingsmelding. Det visast ikkje til kva måte planen eventuelt er i strid med stortingsmelding og med overordna plan og det er derfor problematisk å vurdere/svare på påstanden.

Tek dei kommunale myndighetene og ordføraren på seg ansvaret for dei store negative verknadane som "Tiltaket turveg på nord og austsida av vatnet" har for denne og komande generasjonar? Og korleis vil dei overta dette ansvaret?

Kommentar:

Konsekvensane ved gjennomføring av reguleringsplanen er vurdert til å vere av relativt avgrensa både med omsyn til landbruksdrift og naturmiljø. For komande generasjonar av innbyggjarar i Volda vil tiltaka reguleringsplanen legg til rette for ha positive verknader for det som gjeld trivsel og folkehelse.

Volda og Dalsfjord bondelag, brev datert 02.02.2016

Volda og Dalsfjord bondelag ser positivt på utbygging av turvegen rundt Rotevatnet. Turvegen vil ha stor verdi for mange og vil i liten grad gå utover landbruksdrift. Det er likevel viktig at vegen vert lagt så nær vatnet som mogeleg, for ikkje å dele opp eigedomane meir ann naudsynt. Der det eventuelt er beitebruk, er det viktig med godt samarbeid med jordeigar og at det vert gjort avtalar om gjerdeansvar, grinder og eventuelt alternative drikkevasskjelder for beitedyr

Kommentar:

Innspelet bygg opp under vurderinga som er gjort undervegs i planarbeidet vedrørende konsekvensar for landbruket. Turvegtrasèen er plassert med avstand til vatnet som gjer at ein ikkje fragmenterer beite- og slåttemark, men samstundes slik at vegetasjonen langs vasskanten vert ståande att. Det vert også teke høgde for at gjerdehald, grinder og alternative drikkevasskjelder for beitedyr skal løysast. Dette kan skje ved oppretting av eigne avtalar/tekniske ordningar for dei områda der dette er aktuelt.

Volda og Ørsta Bonde- og Småbrukarlag, brev datert 07.02.2016

I reguleringsplanen sitt punkt 2.6 skriv ein "På dei eigedomane som er berørt av planarbeidet er det i dag ikkje aktiv landbruksdrift i tradisjonell tyding". Småbrukarlaget stillar spørsmålsteikn til korleis ein definerer "aktiv landbruksdrift i tradisjonell tyding", då det er driveplikt på eigedomane og dei som ikkje vert drivne av eigar er leigejord. Dessutan har dagens driftssituasjon mindre å seie for verdien av inntakte jordbruksareal i framtida.

Kommentar:

Å definere dagens landbruksdrift som ikkje aktiv i tradisjonell tyding kan seiast å vere upresist og ikkje dekkjande. Formuleringa i planomtalen er derfor endra og lyd no slik: «På dei eigedomane som er berørt av planarbeidet er det i dag 7 ulike føretak som har drift. Dette er tradisjonell drift med beiting av sau, storfe og hest, i tillegg er store delar av areal nytta til fôrproduksjon. Dei områda som vert beita utgjer for ein stor del leigeareal knytt til gardsdrift annan stad i bygda.»

Bygging av ein slik veg som skissert i planforslaget vil medføre ulemper for jordbruksdrift. Vegen vil vanskeleggjere vedlikehald og etablering av drenering på området. I tillegg vil beitedyr verte forhindra frå å nytte Rotevatnet som vasskjelde. Det er òg risiko for konflikter mellom beitedyr og hundar i eller utan band langs turvegen.

Kommentar:

Eksisterande dreneringsordningar i området vil kunne innpassast i turveganlegget ved å gjere fysiske tiltak i samband med bygginga av vegen.

Drikkevatt for beitedyra er kommentert i planomtalen (pkt 4.18).

Det reisast spørsmål om risiko for konflikt mellom beitedyr og hundar. Ein viser til at det i tida 1 april til og med 20 august gjeld bandtvang i heile landet. Dersom det viser seg at det oppstår konflikt ut over dette tidsrommet i det aktuelle området har kommunen høve til å vedta eiga forskrift som kan gjelde for turvegen. Dette vil ein i så fall kunne ta opp om situasjonen tilseier det.

Småbrukarlaget meiner gjennomføring av reguleringsplanen med anlegging av turveg på nordsida av Rotevatnet vil vere til sterk ulempe for notidig og framtidig drift på dei berørte jordbruksareala. I tillegg vil det føre til ei oppsplitting og forringing av verdifullt kulturlandskap. Allereie vedteken utbetring av Botnavegen dekker i våre auge behovet for tursti i området og areala bør derfor bevarast som i dag.

Lene og Roy Inge Heltne, brev datert 05.02.2016

Korleis vil kommunen syte for drikkevatt til beitedyr når det skal setjast opp langsgående gjerde langs vegen som hindrar all tilkomst til vatnet?

Kommentar:

Drikkevatt til beitedyr er kommentert i planomtalen (pkt 4.18).

Kven vil ha gjerdeplikt og plikt til vedlikehald av gjerde og grunder?

Kommentar:

Gjerdehald er kommentert i planomtalen (pkt 4.17).

Kven har ansvar for det som er planlagt omregulert til friluftsområde med tanke på stell og vedlikehald?

Kommentar:

Området mellom vatnet og turvegen vil framleis vere i privat eige og det er ikkje definert som eit offentleg ansvar å halde orden på desse areala. Dette vil som før ligge på grunneigaren. Erfaringane frå t.d sørsida av vatnet – der vegen også ligg like ved stranda er at ferdselen medfører relativt lite ureining. Det er likevel aktuelt å plassere ut boskassar og å etablere tømmerutinar slik at folk kan få kaste frå seg avfall i området.

Kvifor unnlet kommunen å leggje fram alternative løysingar som førebygg konflikter slik kommunestyret vedtok i sak 0102/04?

Kommentar:

Alternative løysingar som t.d å legge turvegen vesentleg lenger ifrå vatnet er vurdert men ikkje funne tilrådelege då slike løysingar vil medføre fragmentering av landbruksareal og reduksjon av naturopplevinga for dei som ferdist på turvegen.

Plasseringa av trasèen er elles gjort med basis i gjeldande kommuneplan og utført slik at det omfattar minst mogleg landbruksareal samstundes som det oppnåast ei viss nærleik mellom vasskanten og turvegen.

Kvifor vert det nytta biletemateriale for å marknadsføre vegen som ikkje stemmer med røynda? Det vert synt bileter av en veg som er betydeleg smalare og mindre skjæringar enn den som er planlagt bygd langs vatnet.

Kommentar:

Ein er samd i at bildematerialet som er nytta i planomtalen kan oppfattast som misvisande, men ein ser ikkje føre seg at det vil vere behov for å avvike i særleg grad ifrå prinsippet turvegen mellom Årneset og Volda stadion er bygd på når turvegen skal vidareførast langs nord- og austsida av Rotevatnet – anna enn i høve breidde.

Reguleringsføresegnene for turvegen opnar for at han kan byggast med noko større breidde enn bileta i planomtalen frå Årneset viser, men bileta er likevel vurdert som relevante for å illustrere korleis turvegen på nord- og austsida av Rotevatnet vil sjå ut. Teksten knytt til bileta i planomtalen er endra på dette punktet (planomtalen s.13)

I område som er særleg fuktige vil det truleg vere behov for noko meir grøfting og legging av stikkrenner enn ein det bileta ved Årneset syner.

Kvifor vert det fortsatt nytta feil mål på avstanden mellom vatnet og vegen sjølv om dette har yore påpeika fleire gongar? Vasslinja er høgare enn det som viser på dei karta som er lagt fram, og betydeleg høgare når vatnet "fløder". Dette er opplysningar som må vere velkjende etter som at den offentlege badeplassen Årneset årvist fløymer over.

Kommentar:

Turvegtrasèen er på denne aktuelle eigedommen plassert i høgde og avstand frå vatnet slik det er gjort på mange av dei andre teigane i planen. Ein føreset at vegen kan byggast innanfor regulert område i terrenghøgde som ligg over flaumnivå.

Det er ikkje planlagt tilkomstvegar mellom Vikebygdvegen og den planlagde turvegen. Korleis tenker planleggjaren dette? Er det planlagt å legge opp til at det er dyrkamarkene som skal nyttast som tilkomstveg. Ein veit vel at det vert resultatet?

Kommentar:

I planframlegget er det ikkje teke med tilkomstveg mellom byggefelta ovanfor og turvegen. Dette er eit moment som kan seiast å vere mangelfullt ivareteke i planen og det bør derfor spelast inn til den pågåande rulleringa av kommuneplanen.

Meinar kommunen verkeleg at den naturfaglege vurderinga frå Naturfagleg Utredning AS er god nok når dei ikkje er meir konkrete enn å " anta at utredninga omfattar veg"? Minner om at dette er ein plan med svært mange merknadar, mange med heilt anna syn enn denne utredninga konkluderar med. I ei så omfattande sak må ein kunne forvente ei utredning basert på viktigare ting enn antakelsar. Dette er useriøst.

Kommentar:

Kommunen har nytta konsulentfirma Naturfaglig Utredning AS til oppdraget med å kartlegge naturen innanfor planområdet. Firmaet har høg kompetanse på dette feltet og har elles knytt til seg lokal ekspertise som er godt kjent med naturkvalitetane i det aktuelle området. Ein har full tiltru til at rapporten er utarbeidd på ein forsvarleg og fagleg godt grunngjeve måte.

Vi har i alle år hatt dyr på beite i området ovanfor Heltne/Bratteberg. Kommunen har, etter dom, hatt gjerdeplikta mot utmark. Dette gjerdet vart oppsett tidleg på 80 talet og har hindra dyra å gå ned i byggefelta. Men kommunen har ikkje overholdt sine plikter med å

vedlikehalde gjerdet slik dei er forplikta til, til tross for fleire både munnlege og skriftelege henvendingar. Dette har fort til at vi har måtte gi opp å ha dyra på beite i dette området. Som kompensasjon for dette har vi dei seinare åra hatt beiteområde langs Rotevatnet på 4-5 eigedomar. Meiner kommuna det er moralsk rett å gi blaffen i å fylgje opp sine plikter og i tillegg nok ein gong øydelegge det vi prøver å drive til alle sitt beste ?

Kommentar:

Spørsmål som gjeld gjerdehald andre stader enn det som kan knytast til sjølve reguleringsplanen bør rettast til kommunen separat. Dersom det kan visast til at kommunen ikkje overheld sine plikter bør dette takast opp med ansvarleg fagavdeling.

Eit argument, pkt 4.11, som er brukt ved fleire høver er at "vegen er viktig for folkehelsa". At fysisk aktivitet er viktig for folkehelsa er vel udiskutabelt. Men ut over dette, er vår påstand at nettopp denne vegen skal bedre folkehelsa udokumentert synsing. Sidan planarbeidet vart oppstarta for mange år sidan, har det skjedd mykje i Volda. Det er mellom anna bygd eit nytt skogsvegnett i området Heltne, Bratteberg og Driveklepp. I tillegg er det satt opp tre "hukar / grinder" som har blitt ynda turrsti både for unge og eldre. Desse vegane er lett tilgjengelege utan bruk av bil for størsteparten av sentrumsinnbyggjarane, gode for alle brukargrupper, mogleg å byggje ut vidare med både med vegar og stiar uten konflikter og ikkje minst heilt gratis for kommunen. Har kommunen gjort ei nyare vurdering over behovet for vegen? Det vert også hevda at det er mange som vil ha vegen. Er det dokumentert? Vår påstand er at vegen som allereie er rundt vatnet dekkjer behovet til innbyggjarane.

Kommentar:

Det er ikkje gjort ny vurdering av behovet for turvegen då viljen til å realisere dette tiltaket er klart dokumentert både i kommuneplan, i tettstadsanalyse og i eige kommunestyrevedtak.

I pkt 4.10 vert det fokusert på born og unge sine interesser. Sitat: Det er viktig at born har lett tilgang til naturområder for å kunne bli trygge på å ferdast i naturen. Dette kan legge grunnlaget for gode haldningar for ferdsel og åtferd i naturen.

Er det å "skapa gode haldningar" å rasere naturen med vegbygging? Er det slik at ungane skal opplærast til å måtte ha veg for å kome seg på tur? Her må kommunen vere på kollisjonskurs med dei fleste friluftsansjonar med respekt for seg sjølv.

Kommentar:

Tiltaket som planleggast bygd skal tilpassast natur- og kulturlandskapet utan skjemma skjerdingar/fyllingar og vil verte ein estetisk integrert del av miljøet og kulturlandskapet langs vatnet.

Born og unge sine interesser.

Har kommunen vurdert born og unge sine interesser i høve det å ha sentrumsnær gardsdrift og moglegheit til å kunne sjå og besøke levande dyr i sitt nærmiljø opp mot ein veg?

Kommentar:

Ein viktig del av arbeidet med å legge til rette for vern og bruk av kulturlandskapet kan seiast å gjere det tilgjengeleg for ålmenta. Turvegen gjennom dette området vil truleg bidra til at

fleire kan oppleve kontakt med levande dyr og gardsdrift fordi ein kjem tettare på miljøet dette skjer på.

Merknad til "retningsliner for naustbygging":

Det vert lagt til grunn at "nausta skal byggast i tråd med lokal byggeskikk, med tradisjonell ståande kledning og med torvtak". Det har aldri yore tradisjon med torvtak på nausta langs vatnet. Det som er vanleg tradisjon er å bruke stålplater.

Kommentar:

Formuleringa i føresegnene er endra på dette punktet og lyd no slik:

«Nausta skal byggjast i tråd med lokal byggeskikk, med tradisjonell trekledning og med torvtekte tak. Eventuelt kan også skifer/bølgeblikk nyttast.»

Avslutningsvis vil vi krevje at dette planarbeidet vert no vert stoppa og vegplanane utsatt inntil kommunen endrar planane for området mellom Vikebygdvegen og Rotevatnet. Det er i dag LNF-område og skal det fortsatt vere det, så kan ikkje vegen byggast. Om kommuna likevel, mot all sunn fornuft, vel å presse gjennom denne planen vil vi krevje at også resterande areal på vår eiedom vert omregulert, då til framtidig bustadområde. Skal grunnlaget for gardsdrifta først øydeleggast så må kommunen legge til rette for andre bruksområder.

Kommentar:

Framlegg om endra arealbruk på tilstøytande areal må spelast inn til og løysast i overordna plan.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev datert 04.02.2016

I vårt høyringssvar av 04.12.2012, påpeika vi at vi sakna ei konkret vurdering av prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova. Vi kan framleis ikkje sjå at dette ligg føre

Kommentar:

Prinsippvurdering i høve naturmangfaldslova §§8-12 er gitt i planomtalen (pkt 4.21).

Når det gjeld naustbygging langs vatnet, ser vi at det er laga retningsliner som gir føringar for handsaming av dispensasjonssøknader. Retningsliner er som kjent ikkje juridisk bindande, og uavhengig av retningslinene må saka handsamast etter pbl. § 19-2.

Kommentar:

Merknaden er teken til vitande.

Vi rår ifrå at det er knytta retningsliner til planen som gir signal om at det kan bli opna opp for naustbygging. Det bør visast stor varsemnd med etablering av tiltak langs vatnet som svekker rekreasjonsverdiane området har for ålmenta. Etablering av tursti gjer området meir tilgjengeleg, og private tiltak bør avgrensast.

Kommentar:

Ein er samd med fylkesmannen i at det ideelle ville vere å avgrense naustbygging i området fordi slike etableringar vil vere med på å redusere rekreasjonsverdiane.

Det vert hevda at det finnast rettar til naustbygging langs Rotevatnet og ein kan kome i ein situasjon der det kjem søknadar til oppføring av naust knytt til landbrukseigedomane eller til friluftsføremål og at det derfor er trong for retningslinjer for handsaming av eventuelle slike. Søknadar om dispensasjon vil måtte handsamast i samsvar vilkåra i PBL §19.2. Retningslinjene er endra i samsvar med dette.

Dag Bratteberg, brev datert 06.02.2016

Kommunen motarbeider matprodusentane som ønskjer å drive landbruk langs Rotevatnet. Meiner at kommunen først og framst skal bruke sine midlar til lovpålagde teneseter som: helsetilbod, barnehagar, skule og eldreomsorg

Kommentar: Merknaden er teken til vitande

Møre og Romsdal fylkeskommune, brev datert 05.02.2016

Automatisk freda kulturminne.

Området vart arkeologisk registrert november 2012. Det vart gjort funn av eit førhistorisk dyrkingslag, ID 169638. Dyrkingslaget er frigjeve utan vilkår om vidare undersøking, viser til brev datert 23.04.2013.

Vi er nøgd med at ID 169638 er lagt inn i plankart med tilhøyrande føresegn §2.4 slik vi bad om i vårt fråsegn i same brev, og har såleis ingen merknader til det vidare planarbeidet. Saka har igjen vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum angående kulturminne under vatn, og viser også til tidligare fråsegn i saka dagsett 09.01.2012. Museet skriv i epost av 18.01.2016 at dei ikkje kjenner til kulturminne ved planlagd tursti ved Rotevatn i Volda kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Museet har derfor ingen merknader til reguleringa.

Kommentar: Merknaden er teken til vitande

Eldrerådet, brev datert 16.02.2016

Volda eldreråd ser svært positivt på ei realisering av turveg langs Rotevatnet. Det er eit lågterskeltilbod som har stor verdi for eldre.

Kommentar: Merknaden er teken til vitande

Vurdering og konklusjon:

Etter at framlegget til reguleringsplan for turveg Rotevatnet på nytt har vore lagt ut til offentleg ettersyn, har kommunen - etter å ha gjennomgått mottekne merknadar - gjort fleire endringar/justeringar av plankart, planomtale og reguleringsføresegner.

Det mest sentrale grepet som er gjort i planframlegget knytast opp imot fylkesmannen sin oppheving av kommunestyret si godkjenning av førre planframlegg.

Reguleringsføresegnene er endra på det punktet som gjeld naustbygging ved at det no vert gjort gjeldande ei retningsline for handsaming av søknadar om eventuelle slike etableringar innanfor planområdet.

Vidare har ein på grunnlag av mottekne merknadar flytta turvegtrasèen vekk ifrå vasskanten i området Bukta og det er lagt inn ei rekkje vilkår i reguleringsføresegnene som omfattar omsyn til naturmangfaldslova, kulturminnelova, naturkvalitetar, kulturmiljø, tilgang for grunneigarane til området mellom vatnet og turvegen, motorisert ferdsel m.m. Endring av turvegtrasèen i området Bukta er gjort for å ivareta naturverdiar på ein betre måte og er plassert innanfor varsla planområde ved oppstart. Denne endringa samsvarer også i med merknad frå grunneigar og det er vanskeleg å sjå at flyttinga medfører negative konsekvensar for landbruksdrifta.

Dei endringane som er gjort i plandokumenta er vurdert å vere relativt avgrensa i høve planframlegget slik det var utforma ved tidspunktet for utlegging til offentleg ettersyn. Fleire av endringane er til gunst for grunneigarane og dei fleste har positive konsekvensar for naturverdiar/ålmenne interesser og gir etter rådmannen si vurdering ikkje behov for utlegging til nytt offentleg ettersyn.

Det er framleis ein del moment av teknisk karakter som først kan finne si endelege løysing når detaljprosjekteringa av tiltaka ligg føre samt at grunnforhandlingar mellom det offentlege og eigarane av dei respektive eigedomane er fullført. Dette gjeld t.d. korleis drikkevatt for beitedyr, drenering, behov for gjerdehald/led i praksis skal ordnast.

Planomtalen skisserer løysingar på desse utfordringane og ein vonar at kommunen i planframlegget og dokumentasjonen knytt til dette no har gitt svar som – om ikkje alle partane er nøgde – syner at dei er gjennomførbare.

Sett opp imot den samfunnsmessige verdien tiltaka i reguleringsplanen legg til rette for i høve folkehelse, trivsel og naturoppleving for fleire tusen innbyggjarar i nærområda til Volda sentrum, bør dei relativt avgrensa negative konsekvensane ved turvegbygging langs nord- og austsida av Rotevatnet vere akseptable.

Eg syner også til samfunnsdelen i kommuneplanen (vedteken 26.05.2016) der arbeid med folkehelse er halde fram som eit overordna og førande prinsipp som skal ligge til grunn for utviklinga i kommunen. Reguleringsplanen utgjør eit godt grunnlag for investering i betre helse hjå innbyggjarane.

Reguleringsplan for turveg på nord- og austsida av Rotevatnet bør no kunne godkjennast med dei endringar som er gjort etter nytt offentleg ettersyn.

Helse og miljøkonsekvensar:

- For plantelivet er det ikkje negative konsekvensar.
- For fuglelivet vil meir ferdsel i området kunne føre til auka uro.
- Tiltaket vil utgjere ein viktig trivselsfaktor for innbyggjarane.
- Turvegen og friområda vil vere attraktive som leikeområde.
- Tiltaket vil utgjere eit attraktivt tur- og rekreasjonsområde.
- Arena for friluftslivsutøving (bading, fiskeing m.m.)

- Tiltaket vil medføre etablering av sosiale møteplassar.
- Tiltaket vil vere tilgjengeleg for alle og vere universelt utforma.
- Turvegen vil kunne nyttast som gang- og sykkelveg til og frå jobb/skule/butikk.

Økonomiske konsekvensar:

I nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområde er det frå regjeringa si side signalisert auka satsing på friluftslivsområde i og ved byar og tettstader.

Den nasjonale satsinga er fylgd opp med tilskotsordningar for å stimulere kommunar og friluftsråd til å gjennomføre prosjekt med tilrettelegging av slike område – særleg prioritert i denne ordninga er nettopp prosjekt som denne reguleringsplanen legg til rette for; turvegar med lågterskel-standard i nærområdet til stor befolkningsgruppe.

Etter søknad til Miljødirektoratet kan tilskotsordninga dekkje frå 50% og i nokre høve opp til 100% av kostnadane ved oppretting av grunnavtalar. Tilsvarende ordning gjeld for kostnader ved gjennomføring av tiltak t.d. ved sjølve bygginga av turveg.

Det er også mogleg å nytte seg av spelemiddelordninga, der tilskotet for slike prosjekt dekkjer inntil 50% av kostnaden.

For økonomien i Volda kommune, vil det på kort sikt vere ei utfordring å finne midlar til å gjennomføre eit prosjekt som dette som eitt samla tiltak. Det vil derfor vere fornuftig å avgrense kommunen sin innsats til i første omgang til å gjelde oppretting av avtalar på bruk av grunn/sikring av grunn og at ein ser sjølve tilretteleggingstiltaka i eit noko lengre perspektiv.

Når sikring av grunn er gjennomført kan tilretteleggingstiltak – turvegbygging o.a. gjennomførast etappevis tilpassa dei økonomiske rammer som til ei kvar tid gjeld. I første fase kan ein gjennomføre rydding av vegetasjon og etablere sti med mellombelse klopper og elvekryssingar i turvegtrasèen. Truleg vil slike enkle tiltak i betydeleg grad kunne organiserast gjennom dugnadar i samarbeid med lag, organisasjonar og einskildpersonar.

I neste fase kan turvegen byggast steg for steg etter kvart som dei økonomiske premissane ligg til rette for det.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje vurdert

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Sektor for Utvikling, for kunngjering av plan

Klageinstans:

Fylkesmannen



TEIKNFORKLARING

- Plandata**
- Reguleringsplan - Grønstruktur (PBL2008 §12-5 NR.3)**
 - GN Naturområde
 - TI Turveg
 - GF Friområde
 - Reguleringsplan- Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift (PBL2008 §12-5 NR.5)**
 - LNF-LP Fritilsformål
 - Reguleringsplan- Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL2008 §12-5 NR.6)**
 - VNV Naturområde i sjø og vassdrag
 - VEV Fritilsformål i sjø og vassdrag
 - VNS Naturområde i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone
- Planomriss
 Formålsgrænse

Kartopplysningar
 Kjelde for basiskart: Statens kartverk
 Dato for basiskart:
 Koordinatsystem: UTM sone 32 / EuroF89
 Høgdegrunnlag: NGO 1954

Ekvivalens 1:0 m
 Kartmålestokk 1:2700
 0 25 50 75 100 m

REGULERINGSPLAN ETTER PBL AV 2008
Detaljreguleringsplan turveg Rotevatnet
 Volda kommune MED TILHØYRANDE REGULERINGSBESTEMMELSER

Areaplan-ID
 Forslagstillar: Volda kommune
 Kartprodusent: Statens kartverk


SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA		SAKS-NR.	DATO	SIGN.
Kommunestyrevedtak:				
2. gongs handsaming	Formannskapet			
Offentleg ettersyn frå 10.12.2015 til 08.02.2016				
1. gongs handsaming	Formannskapet	PS 196/15	08.02.2015	tst
FM i Møre og Romsdal vedtak 02.09.15: oppheving av kommunestyrevedtak i sak PS 88/14 19.06.14.				
Kommunestyrevedtak:				
2. gongs handsaming	Formannskapet	PS 88/14	19.06.2014	tst
1. gongs handsaming	Formannskapet	PS 116/14	10.06.2014	tst
Offentleg ettersyn frå 19.10.2012 til 27.11.2012				
1. gongs handsaming	Formannskapet	PS 191/12	16.10.2012	tst
Kunngjering av oppstart av planarbeidet 07.12.2011				
PLANEN UTARBEIDD AV: Volda kommune, Sektor for Utvikling		PLANNR.	Teikn nr	SAKSH.
		2011009	30.03.2017	tst

Framlegg til

DETALJREGULERINGSPLAN TURVEG ROTEVATNET

Planid.: 2011009

Planomtale



Volda kommune
Sektor for Utvikling
Revidert: 08.05.2018

Innhald

1. Innleiing

1.1. Oppdragsgjevar.....	3
1.2. Egedoms - og eigartilhøve.....	3
1.3. Planleggar.....	4
1.4. Formål med planen.....	4
1.5. Handsaming.....	4
1.6. Gjennomføring av planen	5
1.7. Overordna planar, gjeldande reguleringsplan, og ev. andre juridiske tilhøve	5

2. Planområdet, eksisterande tilhøve

2.1. Beliggenheit og storleik – med oversiktskart.....	7
2.2. Landskap og vegetasjon, området sin bruk, innhald og tilhøve til omgjevnadar	7
2.3. Kulturminne og kulturmiljø	8
2.4. Naturverdiar	8
2.5. Rekreasjonsverdi	8
2.6. Landbruk	9
2.7. Tilkomsttilhøve og vegar innan planområdet.....	9

3. Planprosessen

3.1. Deltakarar i planprosessen.....	9
3.2. Kunngjering av igangsett planarbeid	9
3.3. Krav om konsekvensutgreiing	9

4. Skildring av planframlegget

4.1. Reguleringsformåla i planen – skildring av kvart formål og avgrensning av desse	10
4.2. Arealoppgåve	10
4.3. Arealbruk i planområdet; turveg m.m	12
4.4. Estetiske tilhøve	15
4.5. Terreng	15
4.6. Vegetasjon	15
4.7. Naturmangfald/biologisk mangfald– kunnskapsgrunnlag og miljørettslege prinsipp (jfr naturmangfaldslova § 8-12)	16
4.8. Universell utforming	18
4.9. Landbruksfagleg vurdering	19
4.10. Born og unge sine interesser	20
4.11. Folkehelseperspektiv.....	20

4.12. Parkering.....	21
4.13. Kartlegging biologisk mangfald.....	21
4.14. Konsekvensutgreiing golfbane	21
4.15. Lyssetting av turveg	22
4.16. 6 meter regulert vegområde	22
4.17. Gjerdeplikt, grunder	23
4.18. Vatn til beitedyr	23
4.19. Prinsipp for val av trasè	23
4.20. Økonomiske konsekvensar for kommunen	24
4.21. Prinsippvurdering i høve naturmangfaldslova §§ 8-12	25
5. Risiko- og sårbarheitsanalyse	27

1.1. Oppdragsgjevar

Volda kommune

1.2. Eigedoms - og eigartilhøve

Planområdet omfattar areal på Heltne, Rotevatn, Vassbotn og Rotset grunn lokalisert til nord- og austsida av Rotevatnet i Volda kommune. Det er registrert i alt 22 bruk som er omfatta av planarbeidet. I tillegg eksisterer det rettshavarar (naustrettar o.l).

Oversyn over eigedomar og heimelshavarar:

Gnr 28 Bnr 6	Heimelshavar:	Per Egil Nymark Vassbotn, Vikebygda 6104 Volda
Gnr 28 Bnr 1	Heimelshavar:	Svein Drabløs, Vogts Gate 45A 0477 Oslo
Gnr 28 Bnr 2	Heimelshavar:	Magnus Eichinger Vassbotn, Botnavegen 48 6104 Volda
Gnr 28 Bnr 4	Heimelshavar:	Bjørn Egil Vassbotn og Sølvi Vassbotn, Botnavegen 35 6104 Volda
Gnr 27 Bnr 16	Heimelshavar:	Knut Arne Solberg, Botnavegen 21 6104 Volda
Gnr 27 Bnr 1	Heimelshavar:	Bjørn Magnar Rotevatn, Botnavegen 18 6104 Volda
Gnr 27 Bnr 3	Heimelshavar:	Paul Robert Rotevatn, Botnavegen 7 6104 Volda
Gnr 27 Bnr 12	Heimelshavar:	Greg Rotevatn og Herdis Rotevatn, Botnavegen 5 6104 Volda
Gnr 27 Bnr 6	Heimelshavar:	Rune Rotevatn og Alice Ødegård Rotevatn, Botnavegen 6 6104 Volda
Gnr 27 Bnr 10	Heimelshavar:	Sindre Rotevatn, Vikebygdvegen 160 6104 Volda
Gnr 27 Bnr 11	Heimelshavar:	Oddbjørg Egge, Vikebygdvegen 132 6104 Volda
Gnr 27 Bnr 4	Heimelshavar:	Geir Kjetil Rotevatn, Prestegata 8 6004 ålesund
Gnr 27 Bnr 7	Heimelshavar:	Rune Rotevatn og Alice Ødegård Rotevatn, Botnavegen 6 6104 Volda
Gnr 20 Bnr 22	Heimelshavar:	Monika Heltne Pöhlmann-Kairies, Hundertpfundweg 7, D-81373 München, GERMANY
Gnr 20 Bnr 20	Heimelshavar:	Ståle Solgard, Talsetvegen 35, 6460 Eidsvåg i Romsdal
Gnr 20 Bnr 18	Heimelshavar:	Norunn Bjørke, Gullstølsbotn 19 5153 Bønes
Gnr 20 Bnr 6	Heimelshavar:	Roy Inge Heltne, Vikebygdvegen 67 6104 Volda

Gnr 20 Bnr 7 Heimelshavar: Per Heltne og Torild Skrede Heltne, Vikebygdvegen 62 6104 Volda

Gnr 20 Bnr 28 Heimelshavar: Hallgeir Heltne, Vikebygdvegen 42 6104 Volda

Gnr 20 Bnr 1 Heimelshavar: Henning Heltne, Vikebygdvegen 53 6104 Volda

Gnr 30 Bnr 8 Heimelshavar: Ragnar Aarflot jr, Rotset 6100 Volda

Gnr 30 Bnr 7 Heimelshavar: Cesilie Dahle Torbjørnson, Skrivarvegen 20 6100 Volda

1.3. Planleggar:

Volda kommune, Sektor for utvikling.

1.4. Formål med planen

Det skal utarbeidast detaljplan for å fastlegge arealformåla langs strandområda på nord- og austsida av Rotevatnet for m.a. å kunne legge til rette for friluftsliv, t.d. ved bygging av 2,4 km turveg.

Areala som vert liggande mellom turvegen og Rotevatnet inngår som del av planen og det skal fastleggast arealbruk for desse.

Planområdet omfattar også areal innanfor grensene til eksisterande reguleringsplan for Botnasanden der det er aktuelt å gjere mindre endringar.

1.5. Handsaming

Reguleringsplanen vert fremja som detaljplan iht PBL § 12-3 for å fylgje opp kommuneplanen sin arealdel. Planen vert handsama etter bestemmelsane i plan- og bygningslova og har følgjande forventta saksgang:

- Opphøveleg planforslag for detaljreguleringsplan turveg Rotevatnet vart godkjent av kommunestyret den 19.06.2014. Planvedtaket vart påklaga og fylkesmannen i Møre og Romsdal oppheva vedtaket (jfr brev datert 02.09.2015). Bakgrunnen for opphevinga var ei fastsett ugyldig reguleringsføresegn knytt til oppføring av naust.
- Det er deretter utarbeidd revidert planframlegg som er vedteke utlagt til offentleg ettersyn (formannskaps-sak 196/15 den 08.12.2015) Vedtaket er gjort kjend i lokalavisa og på kommunen si heimeside og planframlegget er lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Høyringsfristen var 08.02.2016.
- Det er motteke i alt 22 innspel/merknadar og desse er kommentert og vurdert av i saksutgreiinga. Planendringar som følgje av dette er innarbeidd.
- Planen gjekk til formannskapet for slutthandsaming før oversending til kommunestyret for eigengodkjenning.
- Volda kommunestyre gjorde i sak PS 42/17 den 27.04.2017 vedtak om eigengodkjenning av detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet. Vedtaket vart kunngjort i lokalavisa med opplysningar om klageadgang, erstatningar m.m og tilhøyrande fristar. Partar som er direkte berørt vart skriftleg orientert.
- Kommunen har motteke i alt 10 klagebrev på planvedtaket.

- Sak vedrørende klage er førebudd og klargjort for oversending til fylkesmannen for endelig avgjørelse.

Resymè av tidlegare saksforløp i turvegsaka:

07.12.2011 Varsla oppstart av planarbeid
14.03.2012 Oppstartsmøte, Høgtun – møte mellom partane og kommunen
16.10.2012 Vedtak om offentlig ettersyn, f-sak 191/12
19.10.2012 – 27.11.2012 Høyringsperiode
19.06.2014 Godkjenning av reguleringsplan K-sak 88/14
02.09.2015 Fylkesmannen opphevar kommunestyret sitt vedtak
08.12.2015 Vedtak om nytt offentlig ettersyn f-sak 196/15
27.04.2017 Godkjenning av reguleringsplan k-sak 42/17
31.05.2017 Klagefrist på planvedtaket - Kommunen mottok 9 klagebrev på planvedtaket
- Klagesak er førebudd for vurdering hjå fylkesmannen.

1.6. Gjennomføringen av planen


Planen legg til rette for vidare prosjektering av turveg og andre tiltak som tilrettelegg for friluftsliv. Tiltaka kan gjennomførast når avtale om bruk av grunn på dei einsskild eigeidomane er på plass.

Når grunn til turveg/friområde er sikra ved avtale vil prioriteringar i kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett avgjere når tiltak skal gjennomførast og det vil truleg vere aktuelt med utbygging gjennom fleire etappar og over fleire år. Inntil opparbeiding av turveg vert realisert, kan trasèen ryddast og nyttast som sti.

Kommunen kan pårekne betydeleg ekstern finansieringsbistand i form av tilskot både knytt til sikring av grunn og til konkrete tilretteleggingstiltak i planområdet.

1.7. Overordna planar, gjeldande reguleringsplan, og ev. andre juridiske tilhøve.

Planområdet er i kommunedelplanen for Volda sentrum inkludert Mork/Furene og Vikebygda - vedteken 18.06.2009 - lagt ut til arealføremåla hovudturveg, til LNF-F og til LNF-N.



Hovudmålsetting i kommunedelplanen:

Volda kommune skal, gjennom ei medviten tilrettelegging for idrett, friluftsliv og nærmiljøtiltak, medverke til auka fysisk aktivitet og gjennom dette også auke trivselen og livskvaliteten for alle aldersgrupper i alle delar av kommunen.

Særlege omsyn:

- Det er kommunen sitt ansvar å sikre areal til slike føremål.
- Det bør i planperioden i tillegg til tilrettelegging for dei ordinære idrettsanlegga, leggast særleg vekt på utvikling av nærmiljøtiltak i/ved bustadområda, utvikling av skuleområda som gode aktivitetsareal som kan stimulere til auka fysisk aktivitet. Utvikling av tur- og badeområde, tilrettelegging for mosjonsidrett og tiltak for fremjing av friluftsliv.
- Målet er å skape betre vilkår for alle typar fysisk aktivitet og tilbod tilpassa etter individuelle behov.
- Ved all planlegging og opparbeiding av anlegg for idrett og friluftsliv skal omsynet til universell utforming vere vurdert og så langt mogleg teke omsyn til.
- Omsynet til estetikk, miljø og landskap skal vektleggjast i all planlegging og utbygging.
- Det helsefremjande aspekt ved tilrettelegging av tiltak og utvikling av anlegg skal vektleggast.

Universell utforming innebærer ei inkluderande planlegging og utforming av produkt og omgjevnadar. Universell utforming legg til grunn mangfaldet av menneskje og tilstreber løysingar som kan nyttast av alle.


Hovudline i friluftspolitikken:

“Målsetjinga er å fremje det enkle friluftslivet – for alle, i dagleglivet og i harmoni med naturen. Friluftslivspolitikken legg hovudvekta på ein kjerne av ikkje konkurranseprega, ikkje motoriserte fritidsaktivitetar som går føre seg på allment tilgjengelege, naturprega område.”

Tettstadsanalyse.

Tettstadsanalyse er utarbeidd for å kunne nyttast som dokumentasjon på den fysiske utviklinga av tettstaden Volda, og analysa fungerer som ein kunnskapsbase.

Utdrag frå analysedelen i tettstadsanalyse:




«Rotevatnet er eit sentralt utgangspunkt for fleire typar friluftaktivitetar. Den etablerte gangvegen langs sørsida av vatnet gir tilgang til etablert stinett til Kalsethola og vidare til Rotsethornet. Ein alternativ sti til Rotsethornet fins ved Vassbotn i søraust.

Rotevatnet knyter saman grøntområda langs Øyraelva med grøntområda oppover langs Heltnelva, som er ein av dei viktigaste friluftskorridorane på nordsida. Lenger aust finn vi ein grøn korridor som leiar opp mot Dinglavatnet og Melshorn 807 m.o.h. Desse korridorane gir kopling mot eit etablert nett av stiar i skog- og fjellområda høgare oppe, jfr illustrasjon til høgare.

Manglande gangsamband langs nordsida av vatnet og mellom Elvadalen og sentrum representerer brot i den overordna grønstrukturen frå fjell til fjord.”

Utdrag frå visjonsdelen i tettstadsanalysa:



” I den overordna grønstrukturen er det særleg elvedraga med tilhøyrande vegetasjonsbelte som er viktig. Desse fungerer som bindeledd mellom fjella og fjorden. Dei kontinuerlige grøntbelta er òg viktige for det biologiske mangfaldet i området. Det er særst viktig at elvedraga vert bevarte og sikra mot nedbygging, samt forsterka ved mellom anna auka tilgjenge.

Som eit ledd i dette må ein få på plass kopling mellom grøntområdet Elvadalen og strandpromenaden i sentrum.

I tillegg er det viktig å etablere offentleg turveg langs nord- og austsida av Rotevatnet slik at ein får ei samanhengande rundløype rundt vatnet. Viktig fordi Rotevatnet både er hjertet i det store løypenettssystemet og i seg sjølv er attraktivt for mellom anna gåing, sykling, jogging og bading. Dette vil vere ein særst viktig del av utviklinga når det gjeld grønstrukturen i tettstaden Volda.”


2. Planområdet

Planområdet er lokalisert til nord- og austsida av Rotevatnet i Volda kommune og omfattar strandsona mellom Årneset i vest og Botnasanden i aust.

2.1. Beliggenheit og storleik

Planområdet er definert i kartet vist til høgre og har ein storleik på ca 87 da. Strekinga reguleringsplanen vil gjelde for er på ca 2,4 km og sjølve turvegen utgjer eit areal på ca 14,6 da.

Areal ved Botnasanden er teke med i planområdet for å fornye gjeldande reguleringsplan og for å kunne utvide området han gjeld for i noko grad.



Planområdet

2.2. Landskap og vegetasjon, området sin bruk, innhald og tilhøve til omgjevningane.

Planområdet består av landbruksareal med varierende bonitet og dyrkningsgrad. I hovudsak ein blanding av fulldyrka jord, blandingsskog med relativt høg bonitet, overflatedyrka jord, innmarksbeite samt einiskilde område med jorddekt fastmark. Delar av planområdet omfattar også areal i Rotevatnet.

På strekninga mellom Årneset og Botnasanden er det registrert 8-10 mindre naust av varierende bygningsmessig kvalitet. Nausta er i dei fleste høve knytt til dei eigedomane dei er lokalisert på og har verdi som private rekreasjonsområde og som utgangspunkt for bruken av Rotevatnet til fiske, bading o.a aktivitetar.

På Rotevatn grunn er det etablert ridebane på eit areal liggande 30-40m avstand ifrå vatnet. (merka med grøn skravur på kartet ovanfor).

2.3. Kulturminne og kulturmiljø

Det er oppretta kontakt med fylkeskommunen og fylkesmannen vedrørende aktuelle objekt som bør omsyntakast i høve automatisk freda kulturminne jfr kulturminnelova §9, samt med omsyn til kulturminne av nyare tid. Det er som følgje av dette gjennomført arkeologisk registrering, jfr rapport frå Møre og Romsdal fylkeskommune datert 09.01.2013.

Kulturminne med idnr 169638 skal avmerkast som bestemmelsesområde i planen. Dette er utført.

Kulturminne av nyare tid gjeld kulturlandskap, naust og steingardar m.m. er ivaretekne i plan/planføresegner.

Møre og Romsdal fylkeskommune tillet vedtak av reguleringsplan utan vilkår om vidare undersøking.

2.4. Naturverdiar

Oppslag i Naturbase viser at plantearten ask er einaste art av nasjonal forvaltningsinteresse som er registrert i planområdet og at ingen prioriterte naturtypar er registrert i denne basen.

Det vart ikkje gjort funn av raudlista fugleartar eller naturtypeavgrensingar under naturtypekartlegginga som vart gjort i området i 2007 (Holtan & Jordal).

For å sikre eit godt nok kunnskapsgrunnlaget for det som gjeld biologisk mangfald og for å greie ut eventuelle konsekvensar av reguleringsplanen har kommunen fått utarbeidd «Naturfaglig vurdering», datert 29.05.2012 (Miljøfaglig utredning AS).

I samband med utarbeiding av denne vurderinga er det gjennomført feltobservasjonar og det er ikkje registrert raudlista fugleartar i området og det er ikkje registrert anna enn triviell vegetasjon innanfor planområdet.

Oter – som er av nasjonal forvaltningsinteresse - er registrert i området. Dette er truleg individ som kjem opp langs Øyraelva på matsøk. Rapporten viser til at tiltaka reguleringsplanen legg til rette for ikkje vurderast som problematiske i høve arten sin aktivitet i vassdraget. Oteren er omtala to stader i rapporten frå Miljøfaglig Utredning – under kommentar som raudlista art og under tema verknadar på naturverdiane.

I området mellom Storeelva og Botnasanden er det registrert dammar for frosk og vassinnsekt.

Av fuglar er det tidlegare registrert fleire raudlista artar, slike som fiskemåse, strandsnipe, hønehauk, hettemåse, stare, dvergdukkar, vipe, makrellterne og åkerrikse. I hovudsak gjeld dette fugleartar på matsøk, men to av av desse artane vart då også registrert som hekkande ved vatnet (fiskemåse og strandsnipe). Desse observasjonane er som nevnt gjort for ein del år sidan og er ikkje funne att i seinare feltobservasjonar.

2.5. Rekreasjonsverdi

Slik tilhøva er i dag har strendene i området i hovudsak rekreasjonsverdi knytt til dei private interessene. Dei einskilde bruka har tilkomst til vatnet anten ved sti eller traktorveg og rekreasjonsverdien er gjerne knytt til bruk av naust og/eller rydda strand for bading, fising o.l. Einskilde stader er det etablert sti som kan nyttast til ferdsel langs vasskanten på tvers av teigane.

2.6. Landbruk

På dei eigedomane som er berørt av planarbeidet er det i dag 7 ulike føretak som har drift. Dette er tradisjonell drift med beiting av sau, storfe og hest, i tillegg er store delar av areal nytta til fôrproduksjon.

Dei områda som vert beita utgjør for ein stor del leigeareal knytt til gardsdrift annan stad i bygda. Delar av jordbruksareala i Vassbotnen er disponert til golfbane.

2.7. Tilkomsttilhøve og vegar innan planområdet

Slik tilhøva er i dag har planområdet tilkomst ifrå kvar ende; frå Årneset i vest og ifrå Botnasanden i aust.

3. Planprosessen

3.1. Deltakarar i planprosessen

I tillegg til heimelshavarar og rettshavarar er følgjande partar invitert til å delta i planprosessen: Møre og Romsdal fylke, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Statens vegvesen, Norges naturvernforbund, Norsk Ornitologisk Forening, Norges Handikapforbund, Vikebygda grendautval, Heltne Bratteberg grendalag, Rotset grendautval, Høgskulen i Volda, Fortidsminneforeninga, Volda Golfklubb, Ungdomsrådet, Eldrerådet, Kommunalt råd for funksjonshemma, Dalsfjord og Volda Bondelag, NVE, Volda- Jeger og Sportsfiskarlag, Volda Rideklubb, barnerepresentanten, Forum for natur og friluftsliv i Møre og Romsdal, VTI, dei ulike kommunale fagavdelingane.

3.2. Kunngjering av igangsett planarbeid, oppstartsmøte og utsending av førebels planskisse.

Knytt til planoppstart ved opphøveleg planframlegg (plan godkjent i juni 2014) vart det halde oppstartsmøte på Høgtun i Vikebygda der partane var invitert.

Partane hadde då fått tilsendt førebels planskisse samt brev der dei vart inviterte til drøftingar og til å kome med innspel i høve planarbeidet. Det vart i denne samanheng også gitt høve til å gjennomføre synfaring/møte med kvar einskild part. Oppstart av planarbeidet vart på vanleg måte kunngjort i lokalpressa og på kommunen si heimeside i tillegg til varsla i eige brev til partane.

Etter at fylkesmannen oppheva kommunestyret sitt godkjenningsvedtak er det utarbeidd revidert planframlegg som er vedteke utlagt til offentleg ettersyn (formannskaps-sak 196/15 den 08.12.2015)

Vedtaket er gjort kjend i lokalavisa og på kommunen si heimeside og planframlegget er lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Høyringsfristen var 08.02.2016.

Kommunestyret godkjente revidert reguleringsplan den 27.04.2017. Innanfor klagefristen mottok kommunen 9 klagebrev på dette vedtaket. Klagehandsaming er førebudd for vurdering hjå fylkesmannen.

3.3. Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter "Forskrift om konsekvensutgreiing" og etter PBL. Det er konkludert med at planlagde tiltak ikkje har så vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn at utarbeiding av planprogram og/eller konsekvensanalyse er naudsynt.

Ein viser og til fylkesmannen si vurdering i brev dater 02.09.2015 og legg dette til grunn for planarbeidet:

"Det følgjer av pbl. § 4-2 at for reguleringsplanar som kan få «vesentlige virkningar for miljø og samfunn» skal det utarbeidast ei konsekvensutgreiing. Kva for reguleringsplanar som vil omfattast av dette kravet er nærare presisert i Forskrift om konsekvensutredningar etter plan- og bygningslova av 26.06.2009, som var gjeldande på tidspunktet for utarbeiding av denne planen. Det følgjer av § 2 i forskrifta at reguleringsplaner som inneheld tiltak nemnt i vedlegg I alltid skal behandlast etter forskrifta. Fylkesmannen kan ikkje sjå at denne reguleringsplanen legg til rette for tiltak som er nemnt i vedlegg I i forskrifta, og det ligg såleis ikkje føre noko plikt til konsekvensutgreiing etter § 2.

I forskrifta § 3 er det vidare nemnt kva planar som skal vurderast nærare i hove til kriteria i § 4, og behandlast etter forskrifta dersom planarbeidet blir omfatta av eitt eller fleire av desse kriteria. Fylkesmannen kan heller ikkje sjå at denne reguleringsplanen legg til rette for tiltak eller verksemder som nemnt i vedlegg II. Vidare kan ein ikkje sjå at denne detaljreguleringa inneber endring av kommuneplanen, jfr. § 3 bokstav d). Planen vil såleis heller ikkje vere omfatta av denne regelen, og det er difor ikkje noko krav om konsekvensutgreiing".

4. Skildring av planframlegget

4.1. Reguleringsformåla i planen

- Grønstruktur (PBL § 12-5. nr 3), herunder areal for naturområde, turdrag, friområde og parkar.
- Landbruks-, natur- og friluftstformål (PBL § 12-5. nr 5) herunder område for jordbruk, skogbruk, reindrift, naturvern, jordvern, særlige landskapshensyn, vern av kulturmiljø eller kulturminne, friluftsområde m.m.
- Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (PBL § 12-5. nr 6) herunder område for ferdsel, farleder, fiske, akvakultur, drikkevatt, natur- og friluftsområder.

4.2. Arealoppgåve

Totalt areal innanfor plangrensa: 87,8 da.

Areala i reguleringsplanen er delt i følgjande område:

Område	Storleik (daa)	Arealbruk	Sosi-kode	Kommentar
LNF-LF1	5,3	friluftsområde	5130	Strandsona mellom vatnet og turvegen - på Heltne/Rotevatn grunn.

LNF-LF2	7,8	friluftsområde	5130	Strandsona mellom vatnet og turvegen - vest for Rotevasselva.
LNF-LF3	6,5	friluftsområde	5130	Strandsona mellom vatnet og turvegen - ved Ridebana/Bukta.
LNF-LF4	3,8	friluftsområde	5130	Strandsona mellom vatnet og turvegen- mellom Bukta og Storeelva.
LNF-LF5	3,8	friluftsområde	5130	Strandsona mellom vatnet og turvegen - i Vassbotnen sør for Storeelva.
T1	14,6	Grønstruktur, turveg	3031	2,4 km turveg mellom Botnasanden og Årneset.
GF1	1,9	Grønstruktur, friområde	3040	Friområde på gnr 27 bnr 7. På nordsida av turveg
GF2	0,6	Grønstruktur, friområde	3040	Friområde på gnr 27 bnr 7. På sørsida av turveg
GF3	3,9	Grønstruktur, friområde	3040	Friområde ved Botnasanden.
GF4	5,3	Grønstruktur, friområde	3040	Friområde ved Botnasanden.
VNS1	0,5	Bruk og vern av sjø og vassdrag, naturområde	6620	Utløpet av Rotevasselva.
VNV1	11,6	Bruk og vern av sjø og vassdrag, naturområde	6610	Naturområde i vatnet ved Bukta.
GN1	4,6	Grønstruktur, naturområde	3020	Naturområde på land ved Bukta.
VNS2	1,8	Bruk og vern av sjø og vassdrag, naturområde	6620	Utløpet av Storeelva.
VNS3	1,7	Bruk og vern av sjø og vassdrag, naturområde	6620	Utløpet av Høgedalselva.
VNS4	4,1	Bruk og vern av sjø og vassdrag, naturområde	6620	Nedre del av Høgedalselva inkl osen.
VFV1	1,7	Friluftsområde i sjø og vassdrag	6710	Område i vatnet på gnr 27 bnr 7.

VFV2	8,3	Friluftsområde i sjø og vassdrag	6710	Område i vatnet ved Botnasanden.
-------------	-----	----------------------------------	------	----------------------------------

4.3. Arealbruk i planområdet.

4.3.1. Landbruks- natur- og friluftsmål PBL § 12-5 nr. 5

Friluftsområde (LNF-LF1, LNF-LF2, LNF-LF3, LNF-LF4, LNF-LF5)

Områda omfattar areala mellom turvegen og vatnet. Det knytast ein del private interesser til desse områda då det på nokre av teigane er etablert naust og andre strandfasilitetar.

Av naturomsyn er det ikkje ønskeleg å gjere inngrep innanfor desse føremåla. Det er derfor lagt ned forbod mot alle typar inngrep, med unnatak av tiltak som er naudsynt for landbruksdrifta. Sistnemnde tiltak må vurderast særskild og alternative lokaliseringar må vurderast først. Landbrukstiltak må ikkje føre til reduksjon av området sin bruk som friluftsområde.

På fleire strekningar av strandsona er denne nytta til fylling av rydningsstein i samband med tidlegare dyrking og det er for nokre av desse behov for å tilbakeføre strandområda til opphavelig naturterreng. Eventuelle slike tiltak er det sett vilkår for i reguleringsføresegnene.

Eit sentralt prinsipp som ligg til grunn for reguleringsplanen er at det skal vere tilgang til vatnet frå turvegen. Det er derfor nedfelt i føresegnene forbod mot å montere gjerde eller fysiske hindringar mellom turvegen og friluftsområdet. Dette gjeld også skilting som privat område. Friluftsområda vil vere i privat eige, men prinsippet om fri ferdsel gjeld, jfr friluftlova.

Premissar for eventuell naustbygging i området er sett opp i eigne retningslinjer og følgjer planen som del av reguleringsføresegnene. I retningslinjene er det opna for at naust kan søkjast oppført, men på grunnlag av dispensasjonshandsaming frå reguleringsplan.

Begrensningar i høve utforming (farge, storleik, materialbruk) er sett fordi ein vurderer dette som eit viktig grep for å bevare eksisterande kulturlandskap.

4.3.2 Grønstruktur PBL § 12-5 nr. 3

Turveg (T1).

I planen er det lagt opp til at det skal byggast 2,4 km turveg på strekninga mellom Årneset og Botnasanden. I planføresegnene tillast vegen bygd med ei maksimal breidde på 3,0 m (§3.2.1.a).

Det er vurdert fleire alternative lokaliseringar av turvegtrasèen, men utgangspunktet for det endelege planframlegget finn ein i føringane i kommunedelplanen (Volda sentrum inkludert Mork, Furene og Vikebygda, vedteken 04.02.2010).

Undervegs i detaljplanprosessen er andre alternative trasèval vurdert og det er lagt vekt på at han bør leggast inn mot randvegetasjonen nede ved vatnet og ikkje splitte opp landbruksareal ved å verte plassert med større avstand frå vatnet. Samstundes er det

vurdert som viktig at eit vegetasjonsbelte mellom turvegen og vatnet - der dette finnast - bør stå att og vere urøyvd av inngrep.

Det er også lagt vekt på tilpassingar til naturverdiar t.d ved flytting av trasè i området Bukta.

Det er ønskeleg å bygge vegen med slik breidde at han vil fungere godt i høve ulike brukargrupper og vere open for ferdsel både med sykkel, hestar, barnevogner, rullestolar m.m og ein ser det som viktig at vegen er brei nok til at dei ulike brukargruppene kan møtast utan at det oppstår farlege situasjonar og at ferdsel i området opplevast som trygt t.d ved møte med sykkel i fart eller møte mellom hest og fotgjengarar med barnevogn.

Anbefalt gangbanebreidde i gjeldande føresegner for tildeling av spelemidlar er sett til 2,5 – 3,0 m, så det kan vere aktuelt å bygge vegen noko smalare enn maksimalgrensa som i reguleringsføresegnene er sett til 3,0 m.

Bakgrunnen for at det i planen er lagt opp til ei slik breidde er behovet for å kunne drifte anlegget rasjonelt. Det er aktuelt å etablere ordning med snørydding av trasèen og det vil vere behov for å kunne utføre tilsyn og skjøtsel av området med motorisert køyrety.

Turvegen tenkjast bygd med liknande standard som turveganlegget i området Årneset/Volda stadion/Elvadalen og vil når han er ferdig utgjere del av eit samanhengane turvegsystem mellom Volda sentrum og området kring Rotevatnet. Det er lagt opp til at vegen skal byggast med noko større breidde enn ved Årneset/Volda stadion.

Sjølve vegbreidda er avgrensa til maksimum 3,0 m. Samla regulert breidde for turvegkorridoren er på 6,0 m. Dersom vegen vert bygd med breidde 3,0 m vil det såleis vere att 1,5 m på kvar side til skulder, naudsynte grøfter, snøopplag, benkar o.l.

Vegen skal elles byggast med minimale skjeringar/fyllingar, med langsgåande grøfter i spesielt fuktige område og med stikkrenner som drenering under/gjennom vegen.



Bilete frå turvegen mellom Årneset og Volda stadion. Vegen mellom Årneset og Botnasanden bør byggast etter same prinsipp; med minimale skjeringar/fyllingar og der kantane vert planert og tilsådd.


Turvegen på nord- og austsida av Rotevatnet planleggast bygd med noko større breidde (2,5 – 3,0 m)

På bilete ser ein òg døme på kryssing av steingard, der endane er "repareert".



Kryssing av elvar og bekkar bør i hovudsak gjerast med bygging av bruer (ikkje rør/kulvert).

Det vil vere naturleg at bruene på turvegen mellom Årneset og Botnasanden vert bygd i ein litt "røffare" stil enn slik det er gjort i Elvadelen, men estetisk utforming og landskaps-tilpassing skal ha høg prioritet.



Normalprofil for turveg mellom Botnasanden og Årneset. Det vil ikkje vere behov for grøfting alle stader, så i hovudsak vil vegkantane planerast mot terrenget utan utan store skjeringar eller fylling omlag på same vis som andre turvegar i nærområdet.

Frrområde (GF1, GF2, GF3, GF4)

Innanfor dei areala som er avsett til frrområde er det aktuelt å kunne utføre terrengforming/planering og tilsåing, utlegging av flytebrygge m.m. På frrområdet ved Botnasanden vil det vere aktuelt å bygge parkeringsplass og sanitæranlegg. Andre tiltak i frrområda kan vere tilrettelegging for bading, roing, padling, segling, grilling m.m.



Bilete frå Årneset. I friområde knytt til turvegen mellom Årneset og Botnasanden vil liknande tiltak vere aktuelle.

Naturområde (GN1)

Innanfor område GN1 i Bukta er det lagt til grunn at dette utgjer eit spesielt sårbart og viktige naturområde.

På bakgrunn av dette er det i føresegnene nedfelt restriksjonar i form av forbod mot inngrep anna enn i den hensikt å tilbakeføre fyllingar til opphaveleg eller "naturleg" terreng med etablering av stadeigen vegetasjon. Dersom slike tiltak ønskjast gjennomført skal dei på førehand vere planlagt og godkjent av kommunen.

4.3.3 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner § 12-5 nr. 6

Naturområde (VNS1, VNS2, VNS3, VNS4)

Innanfor området av utløpsosen i Rotevasselva (VNS1), Storelva (VNS2), Høgedalselva (VNS3), nedre del av Høgedalselva (VNS4) er det lagt til grunn at desse er spesielt sårbare og utgjer viktige naturkvalitetar ved Rotevatnet.

På bakgrunn av denne vurderinga er det i føresegnene nedfelt restriksjonar i form av forbod mot inngrep anna enn i den hensikt å tilbakeføre fyllingar til opphaveleg eller "naturleg" terreng med etablering av stadeigen vegetasjon. Dersom slike tiltak ønskjast gjennomført skal dei på førehand vere planlagt og godkjent av bygningsmyndet.

Friluftsområde i vassdrag (VfV1, VfV2)

Områda omfattar areal i vatnet utanfor regulert friområde på gbr 27/7 og utanfor friområdet på Botnasanden. Innanfor desse areala skal det kunne leggest til rette for ulike friluftslivsaktivitetar, fylling av masser/terrengforming, tilsåing, planting av stadeigen vegetasjon, etablering av fiskeplassar, utlegging av flytebrygge, bygging av molo m.m. For tiltak som medfører endring av terreng gjeld krav om utarbeiding og godkjenning av detaljplan. Friluftsområda skal vere offentlege.

4.4. Estetiske tilhøve

Natur- og kulturlandskapet i området tilseier at alle tiltak som skal gjennomførast med basis i reguleringsplanen må ha høge krav til estetisk utforming.

4.5. Terreng

Endringar i terrenget som følgje av tiltak gjennomført med basis i reguleringsplanen skal vere minimale. Der tiltak vert gjennomført må overgangar til eksisterande terreng planerast og tilsåast. På areal avsett til friområde kan meir omfattande terrengendringar gjerast. Det visast til krav i reguleringsføresegnene.

4.6. Vegetasjon

Innanfor planområdet bør det ikkje innførast ny og framand vegetasjon.

4.7. Naturmangfald/biologisk mangfald.

For å greie ut eventuelle konsekvensar av reguleringsplanen har kommunen fått utarbeidd ei «Naturfaglig vurdering», datert 29.05.2012 (Miljøfaglig utredning AS).

I fleire av merknadane ved offentlig ettersyn er det stilt spørsmål ved ulike sider ved konsulentrapporten. Merknadar som gjeld dette temaet er tidlegare kommentert i klagesaka, men ein finn grunn til å orientere nærare om dette også i planomtalen. Rapportarbeidet vart oppstarta i april 2012 etter at kommunen i mars same år hadde teke kontakt med konsulentfirma Miljøfaglig Utredning AS og innhenta pristilbod på registrering av biologisk mangfald innanfor det aktuelle planområdet for turveg ved Rotevatnet.

Kontakten med konsulent vart oppretta på bakgrunn av råd gitt frå fagavdeling i Møre og Romsdal fylkeskommune.

I førespurnaden frå kommunen til konsulenten vart det poengtert at oppdraget gjaldt registrering av biologisk mangfald, spesielt med tanke på fugleliv men det vart også bedt om at andre sider ved det biologiske mangfaldet i området skulle vurderast i rapporten.

For å gi konsulenten eit betre grunnlag i arbeid med konsekvensvurderingane og for å synleggjere omfang og intensjonar i høve korleis ein såg føre seg turvegutbygging i området vart fleire illustrasjonar oversendt konsulentfirmaet. Illustrasjonane er utarbeidd i lesbar målestokk og angir m.a aktuell breidde for turvegen. Dei 4 illustrasjonane som vart oversendt omfatta heile planområdet mellom Årneset og Botnasanden er også forsynt med utheva beskrivande tekstar for å markere dei ulike planføremåla. Mellom anna er omgrepet turveg nytta, jfr utsnitt av kart sendt til konsulenten (sjå nedom).



At tiltaket som administrasjonen såg føre seg var ein turveg og ikkje ein sti vart elles formidla i telefonsamtalar mellom Miljøfaglig Utvikling AS og kommunen i tidsrommet før og medan rapporten var under utarbeiding.

Rapporten låg føre 29.05.2012.

Eit av spørsmåla som fleire har reist i høve planprosessen er om administrasjonen har gitt korrekte opplysningar om storleiken på tiltaka planframlegget legg til rette for og om konsulenten har forstått at det t.d. var ein turveg og ikkje ein sti som skulle ligge til grunn for planframlegget.

I ettertid er det sendt ein førespurnad til konsulenten for å få avdekka korleis han vurderer dette. Spørsmålet som vart stilt frå kommunen (14.10.2015) var slik:

“Eg viser til oppdrag utført av Miljøfaglig Utredning AS for Volda kommune i 2012 vedrørende kartlegging av biologisk mangfald knytt til utarbeiding av reguleringsplan for turveg ved Rotevatnet. Rapport frå dette arbeidet er levert kommunen den 31.08.2012.

I samband med handsaminga av reguleringsplanen har vi ønskje om å få ei tilbakemelding frå dykk vedrørende korleis oppdraget frå kommunen i si tid vart oppfatta. I rapporten frå Dykk nyttast omgrepet tursti som nemning på tiltaket som planleggast realisert og vi ønskjer å få avklara om det er slik at verknadar, avbøtande tiltak m.m - som det er gjort greie for i rapporten - ikkje dekkjer omgrepet/tiltaket turveg. Eg legg ved to av fire planskisser sendt deg den 22.05.2012 som grunnlag for det arbeidet som då var iverksett, der kommunen sine intensjonar med planarbeidet er målsett og illustrert”

Svaret frå Miljøfaglig Utredning AS (15.10.2015), var slik:

Akkurat skillet i begrepsbruk mellom "tursti" og "turveg" var nok ikke vi spesielt bevisst ved vår rapportering og vurdering, men indirekte antar jeg nok at våre vurderinger også omfattet det en vanligvis oppfatter som en turveg, dvs en viss grad av opparbeiding og tilrettelegging (vi nevner jo i vår rapport bl.a. anleggelse av bruer og bruk av rør ved kryssing av bekker, der særlig sistnevnte innebærer større inngrep enn en vanligvis tenker på ved anleggelse av turstier). Så etter min oppfatning bør dere betrakte vår rapport som en besvarelse på vurderingene også av turveg gjennom dette området.

Ut ifrå den kontakten som har vore mellom konsulent og kommunen som oppdragsgjevar før, under og etter at miljørapporten vart utarbeidd - er det rådmannen si vurdering at det er gitt tilstrekkeleg informasjon om omfanget av tiltaka som var signalisert nedfelt i planforslaget.

Konsulenten har etter rådmannen si vurdering såleis hatt turvande opplysningar om kva tiltak som var tenkt gjennomført innanfor planområdet for å kunne vurdere natur- og miljøkonsekvensane ved ei eventuell turvegbygging og med basis i dette også kunne gi fagleg kvalifiserte råd om eventuelle avbøtande tiltak.

*

Vurderingane i rapporten er utforma etter gjennomført feltarbeid/synfaringar i området, våren 2012 samt etter tidlegare observasjonar og kartleggingar i området.

Det er ikkje påvist verdifulle naturtypelokalitetar, raudlista plantar eller naturtypeavgrensingar og naturmangfaldet innan planområdet er samla vurdert å ha liten verdi.

Oter – som er av nasjonal forvaltningsinteresse - er registrert i området. Dette er truleg individ som kjem opp langs Øyraelva på matsøk.


Rapporten viser til at tiltaka reguleringsplanen legg til rette for ikkje vurderast som problematiske i høve arten sin aktivitet i vassdraget.

Omfanget av turvegbygging i området er vurdert å ha *middels negativ* verknad dersom vegen vert bygd slik planframlegget såg ut på det tidspunktet rapporten var utarbeidd.

Dersom avbøtande tiltak vert gjennomført vil ein kunne redusere verknadane til *lite/inkje* verknad.

Som avbøtande og kompensierende tiltak vert det peika på flytting av vegtrasèen lenger vekk ifrå vatnet i området Bukta/Storeelva, hindre spreiding av framande artar, bygge bruer over bekkar og elvar i staden for å legge rør, unngå å berøre froskedammar.

Rådet om flytting av trasèen er imøtekome i planframlegget for det som gjeld området Bukta. Endringa som vedkjem dette momentet er vist på kartet nedanfor:



Utsnitt av reguleringsplanen - området Bukta.

Raud linje viser turvegavgrensing i den opphavelige planen (godkjent av kommunestyret den 19.06.2014). Blå linje viser trasè foreslått i plan lagt ut til offentlig ettersyn (formannskapet i sak PS 196/15 den 08.12.2015). Som kartet syner er trasèen flytta ytterlegare lenger nord-aust i det endelege planframlegget. Slik flytting samsvarer med råd gitt i Naturfagleg vurdering (s.11) der slik justering er sagt å ville redusere forstyringa av vassfugl og gje eit tørrare terreng å bygge veg i.

Desse avbøtande og kompensierende tiltak er innarbeidd i planframlegget/ føresegnene:

- Tiltak for å hindre spreiding av framande artar, jfr reguleringsføregnene (§2.5).
- Flytta turvegtrasèen lenger vekk frå vatnet i området Bukta.
- Det er sett krav om at der større elvar og bekkar skal kryssast skal det det gjerast ved å nytte brukonstruksjonar, ikkje rør eller kulvert. (§3.2.1.f).
- Froskedammar skal visast spesielt omsyn i samband med vegbygging. (§3.2.1.i).

Avbøtande tiltak – foreslått i rapporten - er no i all hovudsak innarbeidd i planen og verknaden for natur og miljø vert derfor *lite/inkje*.

4.8. Universell utforming

Det vert vist til prinsippet om at universell utforming skal ivaretakast både i planlegginga og i krav til eventuelle framtidige byggetiltak jfr PBL §§1-1. Tiltak skal innanfor sin funksjon vere universelt utforma i samsvar med forskrift gitt av departementet jfr PBL §29-3. Ein føreset at PBL og byggteknisk forskrift (TEK 10) vert lagt til grunn for gjennomføring av tiltak etter denne planen.

Det mest sentrale tiltaket som er aktualisert i reguleringsplanen er bygging av turveg i ei strekning på ca 2,4 km. Turvegen må etablerast på ein slik måte at det med omsyn til stigningsgrad m.m, ivaretek dei krava som er stilt i teknisk forskrift (TEK 10).

4.9. Landbruksfagleg vurdering/konsekvensvurdering:

Det vert vist til uttale frå lokalt landbruksmynde, datert 04.02.2016.

Sitat:

« Området turvegen går igjennom har stort potensiale for rasjonell jordbruksdrift. Området er sydvendt med rikt jordsmonn, og bonitet og høveleg helling. Areala som ikkje alt er oppdyrka er dyrkbare. Som sist har ein både sjølvstendig drift og areal som vert drive som leigejord.

Dagens landbruksføretak er avhengig av leigejord, og dei fleste føretak har meir leigejord enn eigd jord. Det er ingen ideell situasjon men diverre eit vilkår for å få økonomi i jordbruket. Uavhengig av kven som er drivar kan vi stadfeste at jordbruksareala i området er i drift. Pr i dag er det 7 ulike føretak som har drift her. Det vert feil når ein i planomtalen omtalar at det ikkje er aktiv landbruksdrift i tradisjonell tyding. Ein har her tradisjonell drift med beiting av sau, storfe og hest, i tillegg til at store delar av areal vert brukt til fôrproduksjon. Areal gjev med andre ord produksjon av kjøt frå sau/storfe og grovfôr.

Omsyn til jordbruksdrift:

Jordbruksareala vert brukt som beite eller til fôrproduksjon. Veglina er i hovudsak lagd i kanten av jordbruksareala, men nokre stader kan den skjere av mindre areal. Vegen vil gå langs areal med beitedyr/landbruksaktivitet. Forhold som kan takast omsyn til og vurderast nærare er t.d. drikkevatn for beitedyr, drengrofter som kryssar veglina, tilkomst til areal sør for veglina, gjerdehald, gjødsling med husdyrgjødsel m.m.

Landbrukskontoret meiner at desse punkta må takast omsyn til i planforslaget:

- a) Ein føreset at planen kjem nærare inn på korleis ein vil sikre drikkevatn til beitedyra som no hentar dette i vatnet (vasspostar)
- b) Ei rekkje stader går drengrofter som vil krysse veglina. Desse må sikrast mot skade, i tillegg til at ein må supplere med nye stikkrenner.
- c) Landbrukseigedomane må sikrast tilkomst til areala på nedsida av turvegen.
- d) I dag utgjer vatnet eit naturleg gjerde. Dette må erstattast med gjerde langs vegen,
- e) Jordbruksareal vert/kan verte gjødsla med husdyrgjødsel. Her må brukarane av vegen respektere at vegen går gjennom eit jordbruksareal.

Omsyn til kulturlandskap

Vegen vil gå gjennom eit viktig kulturlandskap med dyrka jord og beite. Klima gjer at ein i beita har varmekjære lauvtre som mange stader gjev fine jordbrukslandskap. Det må takast omsyn til verdifulle element i kulturlandskapet som steingardar, rydningsrøyser, naust mv.

Vegen må byggast slik at det vert gode overgangar mot tilstøytande jordbruksareal slik at ein ikkje får ulemper knytt til drift av jordbruksareala.»

Dei ulike omsyna landbruksmyndet held fram i sin merknad til planframlegget som drikkevatn til beitedyr, ivaretaking av kryssande drengrofter, tilkomst for grunneigarane til arala mellom turvegen og vatnet, gjerde langs turvegen og gjødslingsproblematikk er vurdert og det er vist til gjennomførbare ordningar for dette i saksutgreiing, planomtale (pkt 4.17 og pkt 4.17) og reguleringsføresegner (§3.2.1.d, f, g, k, m).

Det vil vere naudsynt å sikre tilkomst for dei einskilde eigedomane i området fram til dei delane av eigedomane som vert liggande mellom vatnet og turvegen. Dersom området er nytta til beite vil det vere behov for gjerde samt grunder der avkøyrslar til eigedomane vert lokalisert.

Dei konkrete ordningane som skal gjelde for dei einskilde eigedomane kan først avklarast i samband med detaljprosjekteringa. Når dette er på plass kan vilkåra i grunnavtalar mellom partane utformast for dei aktuelle områda.

Turvegen skal byggast som ein integrert del av kulturlandskapet og det er eit poeng i seg sjølv å ivareta verdifulle element nettopp for å gjere opplevinga ved å ferdast gjennom området interessant og rikt.

Vegtrasèen er i størst mogleg grad plassert inntil randsona mellom jordbruksareal og vegetasjonsbeltet langs vatnet og elles slik at han ikkje vert liggande langt inne på desse og resulterer i oppsplitta, urasjonelle driftseiningar.

4.10. Born og unge sine interesser


Turvegen ved og rundt Rotevatnet ligg nær bustadfelt, barnehagar og skular, og er såleis ein viktig arena for sentrumsnært friluftsliv for alle. Det er viktig at born har lett tilgang til naturområde for å kunne bli trygge i å ferdast i naturen. Dette kan legge grunnlaget for gode haldningar til ferdsel og åtferd i naturen. Det er særleg viktig at born, unge og vaksne har høve til å vere fysisk aktive på ulike måtar. Turvegen vil ikkje krevje spesialisert utstyr for å kome seg på tur. Det einaste ein treng er gode sko og klede etter vêrtilhøva.



4.11. Folkehelseperspektiv

Turvegen kring Rotevatnet vil utgjere ein arena for rekreasjon og sansestimulering. Her vil vere tilgjenge for barnevogn, rullestol og sykkel. Alle som nyttar turvegen og nærleiken til vatnet, får ei oppleving med spanande naturinntrykk i trygg avstand frå motorisert ferdsel. Småbornsforeldre kan t.d. bruke vegen til fysisk aktivitet og rekreasjon medan borna er på trening på stadion.

Her er høve til å bade, ro, segle, fiske, ri, spele golf, fotball og frisbee/disk golf, og lære om flora, fauna, og lokale kulturminne. Ein samanhengande grønstruktur med turveg frå Voldsfjorden til Volda stadion, Årneset og rundt Rotevatnet, vil gjere området enda meir attraktivt. Attraktive turvegar og stiar kan bidra til at fleire vil vere fysisk aktive, noko som er svært viktig sett i eit folkehelse-perspektiv.



4.12. Parkering

Det er tilrettelagt parkeringsareal på friområdet ved Årneset i den vestlege delen av planområdet og det er aktuelt å etablere tilsvarende p-areal ved Botnasanden (friområdet som i planframlegget er kalla F4).

4.13. Kartlegging av biologisk mangfald

Under naturtypekartlegging som vart utført i 2007 (Holtan & Jordal) vart det ikkje registrert funn av raudlista artar eller naturtypeavgrensingar i planområdet. Heller ikkje i kartlegginga som vart gjort i 2012 – i samband med reguleringsplanarbeidet – vart det påvist verdifulle naturtypelokalitetar som t.d raudlisteartar i området.

I rapporten frå Miljøfaglig Utredning AS er det vist til at det tidlegare (ein del år attende) har vore gjort observasjonar av raudlista artar i området ved Rotevatnet. Desse er som nemnt ikkje registrert korkje i samband med naturtypekartlegginga i 2007 eller under synfaring/feltarbeid knytt til arbeidet med rapporten frå Miljøfaglig Utredning AS.

4.14. Golfbane


I planframlegget er turvegtrasèen plassert med avstand ca 20 m til greenen på hol 1 slik Volda Golfklubb peiker på som minimumsavstand. Vidare tryggleikstiltak ved drivingrangen og ved hol 1 vil det vere aktuelt å sjå på i samband med planrealisering, men ein vurderer det som overkomelege utfordringar å samordne golfbaneinteressene med bygging av turveg. Dersom det syner seg naudsynt må tryggleikstiltak iverksettast.



Golfklubben har sjølv eit ansvar for at aktiviteten deira ikkje fører til skade på personar som ferdast i området. Dette gjeld både i dag og når turvegen vert etablert. Dersom det viser seg at det vert konflikt av bruk av turvegen må ein setje inn tiltak for å hindre dette. Det kan vere aktuelt å setje opp informasjon om faremoment og eventuelt montere skjerming mellom turvegen og golfbanen, men ein føreset at både brukarane av golfbanen og av turvegen tek naudsynte omsyn slik at ein unngår farlege situasjonar.

4.15. Lyssetting av turveg

Planframlegget legg opp til at det kan leggest til rette for lyssetting av trasèen. Moderne LED-armaturar som er aktuelle å nytte er utforma slik at lyset vert konsentrert på sjølve vegtrasèen og har relativt avgrensa lysspreiing sidevegs. Dette reduserer i betydeleg grad tidlegare problemstillingar knytt til bruk av slike verkemiddel i naturområde der "lysurreining" kunne vere uheldig.



4.16. 6 meter regulert vegområde

I fleire av klagene er det stilt spørsmål ved kor omfattande turvegtrasèen vil verte. I planen er det sett av eit areal med breidde 6,0 m. Sjølve vegbreidda er avgrensa til maksimum 3,0 m. Då vil det vere att 1,5 m på kvar side til snøopplag, naudsynte grøfter o.l. Bakgrunnen for at det i planen er lagt opp til ei slik breidde er behovet for å kunne drifte anlegget rasjonelt. Det er aktuelt å etablere ordning med snørydding av trasèen og

det vil vere behov for å kunne utføre tilsyn og skjøtsel av området med motorisert køyretøy.

Noko av grunngevinga for å bygge vegen med slik breidde er at han vil vere open for ferdsel både med sykkel, hestar, barnevogner, rullestolar m.m og ein ser det som viktig at vegen er brei nok til at dei ulike brukargrubbene kan møtast utan at det oppstår farlege situasjonar og at ferdsel i området opplevast som trygt t.d ved møte med sykkel i fart eller møte mellom hest og fotgjengarar med barnevogn.

4.17. Gjerdeplikt, grunder

Spørsmålet om korleis behovet for gjerde og led (grunder) skal ordnast er eit tema som opptek fleire. Ved bygging av turvegen vil det vere naudsynt å etablere fysisk skilje langs dei delane av turvegen som grensar inn til område nytta som beite. Dette vil måtte løysast med langsgåande gjerde på oppsida av turvegen der det også må ordnast med led som mogleggjer tilgong for grunneigarane til dei delane av eigedomane som vert liggande ned mot vatnet.

Einskilde er opptekne av at det kan oppstå brukarkonfliktar ved at dyr som er gjerda inne kjem seg utanfor og kan representere faremoment for dei som ferdast på turvegen. Vurdert utifrå at slike ordningar med gjerde mot offentleg veg eller anna område med ferdsel har vore praktisert til alle tider og på mange stader utan at det er store problemerfaringar, bør dette vere mogleg å få til å fungere.

Vilkåra for gjerdehald må konkret fastsettast i grunnavtale for dei einskilde eigedomane og dette kan t.d løysast ved at det vert utbetalt godtgjerdsel/kompensasjon til kvar einskild grunneigar for å halde gjerde på sin grunn eller at det offentlege tek ansvar for oppsetting og vedlikehald.

4.18. Vatn til beitedyr

For nokre eigedomar sitt vedkomande er det opplyst at beitedyra har tilgang til drikkevatt frå sjølve Rotevatnet. Ved bygging av turvegen inkludert langsgåande gjerde vil ei slik ordning ikkje lenger vere praktisk gjennomførbar. Dersom det heller ikkje eksisterer naturleg vasskjelde som bekk eller elv i beiteområdet må vatn til dyra ordnast på annan måte. Vilkår som regulerer desse tilhøva må konkret fastsettast i grunnavtale og dette kan t.d løysast ved at det vert etablert vassuttak/vasspost frå offentleg vassleidning i dei einskilde områda. Oversyn over behova for slike ordningar får ein først når detaljprosjekteringa av turvegen er utarbeidd.

4.19. Prinsipp for val av trasè

Under planlegginga av turvegen har ein lagt til grunn at trasèen som hovudregel bør ligge i tilknytning til vatnet med ein avstand frå vasskanten som varierer frå 10 – 15 m og opp til 35 m. Vurderinga er gjort slik fordi ein då oppnår minst mogleg oppsplitting av lanbruksareal, ein får plassert turvegen inn mot kantvegetasjon ved vatnet og ein oppnår på denne måten ei gunstig forankring i kulturlandskapet. Til sist vil ei lokalisering av turvegen i nærleiken av vatnet utgjere er ein vesentleg faktor for friluftslivsopplevinga i området.

Innanfor ei slik ramme har ein i planframlegget forsøkt å ta dei omsyn så langt råd i høve naturkvalitetar, landbruk, kulturlandskap, private interesser samt friluftsliv.

Andre trasèval er vurdert, men desse er ikkje funne tilrådelege då dei anten fører til oppsplitting av av landbruksareal eller dei vert mindre interessante i høve friluftslivsinteressane.

Det må erkjennast at ein ikkje har oppnådd tilslutning om trasèvalet mellom ein del av partane, noko som i hovudsak truleg skuldast at fleire generelt er imot bygging av turveg i området.

4.20. Økonomiske konsekvensar for kommunen

Fleire av partane held fram kommuneøkonomi som eit moment som talar imot godkjenning av planen. Det vert hevda at det ikkje vil vere økonomisk grunnlag for å gjennomføre dei tiltaka som planen legg til rette for og at det vil vere feilprioritering av økonomiske resursar osv.

Om ein ser dette i eit langsiktig perspektiv vurderast det å bygge turveg mellom Årneset og Botnasanden – ei strekning på omlag 2,4 km – som fullt ut realiserbart. Vurderer ein erfaringane med bygginga av turveganlegga i Elvadalen og i områda ved Volda stadion er desse stegvis bygd med relativt avgrensa kommunale midlar. Dei einskilde prosjekta er finansiert med deltaking frå ulike statlege tilskotsordningar der det har variert frå 1/3 av totalkostnadane til opp mot full statleg finansiering – dømer på det sistnemnde er parkeringsplassen på Lidæidet og turveg i Flommen som er fullfinansiert med midlar løyvd frå Møre og Romsdal fylkeskommune/Miljødirektoratet.

Kommunar og interkommunale friluftsråd kan også søkje om støtte til tilrettelegging i statlige friluftslivsområde frå investeringsordninga "Tiltak i friluftsområde, kap. 1420 post 78". Ordninga omfattar støtte til opparbeiding av område, tilrettelegging, vedlikehald og skjøtsel. Aktuelle tilretteleggingstiltak er informasjonstavler, tilrettelegging for tilkomst som for eksempel, parkering, turveg, turstiar, toalett, renovasjonsordning, badebrygge, tilplanting, rydding av vegetasjon o.l.

Som aktuelt døme på korleis denne ordninga er nytta lokalt kan nemnast at kommunen i 2016 mottok tilskot til å dekkje 50% av kostnadane ved kjøp av ca 20 da friområde på Andaneset. Det vart her også gitt 50 % tilskot til tilretteleggingstiltak

Når reguleringsplanen er godkjent vil det vere aktuelt for kommunen å forhandle med grunneigarane om vilkår for bruken av grunn til friområda/turveg. Det er ikkje teke stiling til korleis dette skal/kan løysast, men avtalefesting av rettar eventuelt kjøp av grunn/kompensasjon for påført ulempe o.l. vil medføre kostnader for kommunen. Å stipulere grunnpris/leige er ikkje tilrådeleg i denne samanhengen då det kan ha konsekvensar for fastsetting av framtidig prisnivå.

Når det gjeld kostnadane med turvegbygging er det ikkje gjort nøyaktige kalkulasjonar, men erfaringstal tilseier ein pris på omlag kr 2200,- pr meter. På grunnlag av dette vil sjølve vegen ha ein byggeskostnad på omlag 5,3 mill. I tillegg kjem kostnader med bruer over Storelva, Rotevasselva og eit par mindre bekkar i området Vassbotnen. Samla kostnader til 2,4 km turveg mellom Vassbotnen og Botnasanden vert stipulert til omlag kr 7,6 mill.

Det vil også påløpe kostnader til drift av turveganlegget. Dette vil i hovudsak omfatte brøyting, tømning av boskasser, kantslått, tilsyn med stikkrenner o.l. Det vil vere aktuelt å opprette rutiner der dette vert gjort jamnleg, særleg i sommarhalvåret. Kalkyle for årleg vedlikehald: ca kr 30 000,- /år.

Staten har i samarbeid med kommunane sett i gong arbeid med ein nasjonal handlingsplan for sikring og tilrettelegging av friluftslivsområde. Volda kommune er med i dette arbeidet. Den statlege satsinga signaliserer betydeleg økonomisk deltaking både i

samband med oppretting av grunnavtalar og ved sjølve realiseringa av anlegg for slike prosjekt som dette.

Slik statusen for økonomien i Volda kommune er pr i dag, vil det vere ei utfordring å finne eigne midlar til å gjennomføre tiltaka som er nedfelt i planen. Det vil derfor vere fornuftig å avgrense kommunen sin innsats til i første omgang å gjelde etablering av avtalar på bruk av grunn/sikring av grunn og at ein ser sjølve tilretteleggingstiltaka i eit noko lengre perspektiv. Staten ved Miljødirektoratet har etablert tilskotsordning for å stimulere kommunar og interkommunale friluftsråd til å gjennomføre prosjekt med tilrettelegging av friluftslivsområde – særleg prioritert i denne ordninga er nettopp prosjekt som dette; turveggar av lågterskel-standard i nærområdet til stor befolkningsgruppe. Etter søknad til Miljødirektoratet kan ordninga dekkje frå 50% og i nokre høve opp til 100% av kostnadane ved oppretting av grunnavtalar. Tilsvarande ordning gjeld for kostnader ved gjennomføring av tiltak t.d. ved sjølve bygginga av turveg.

Når reguleringsplanen er godkjend og varige avtalar på grunnen er oppretta, vil kommunen kunne realisere tiltak etter kvart som økonomien tilseier at dette er mogleg. I mellomtida vil store delar av områda likevel kunne nyttast ved å etablere mellombelse og mindre kostnadskrevjande løysingar t.d. ved å rydde sti i turvegtrasèen.

4.21. Prinsippvurdering i høve naturmangfaldslova §§ 8-12

I fråsegn frå fylkesmannen datert 04.02.2016 knytt til siste offentlege ettersyn påpeikast det at saksdokumenta manglar konkret vurdering av prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova sett opp imot tiltaka reguleringsplanen tilrettelegg for. I samband med kommunestyret si handsaming av sak: Planid 2011009 – detaljreguleringsplan turveg Rotevatnet – eigengodkjenning (sak 88/14 den 19.06.2014) var dette ein del av saksutgreiinga og dei etterlyste vurderingane har såleis vore på plass og lagt til grunn for planvedtaket. Vurderingane vert gjengitt her.

§8 Kunnskapsgrunnlaget.

I tillegg til oppslag i Naturbase har kommunen innhenta kunnskapsrapport om naturmangfaldet i området der konsekvensar planframlegget har for natur og miljø er vurdert. I rapporten er det også gitt råd om avbøtande tiltak. Rapporten er utarbeidd av Miljøfaglig Utredning AS, som dokumenterer god fagkompetanse på konsekvensutgreiingar og kartlegging av miljøfaglege tema. Kunnskap om verknader av reguleringsplanen er på dette grunnlaget vurdert som tilstrekkeleg.

§ 9 Føre-var-prinsippet.

Det er tilstrekkeleg opplyst kva verknader reguleringsplanen kan ha for naturmiljøet og det ligg ikkje føre risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet som følgje av tiltak angitt i planen eller at ein manglar kunnskap om slike. Rapporten som er utarbeidd i samband med planarbeidet konkluderer med at naturmangfaldet innan planområdet samla sett er vurdert å ha liten verdi og at ei eventuell gjennomføring av planen vert vurdert å ha middels negative verknader. Dersom avbøtande tiltaka vert gjennomført, er verknad for naturmangfaldet vurdert til å vere liten/inkje negativ. Planframlegget er justert slik at ein imøtekjem i stor grad dei avbøtande tiltaka som rapporten gjer framlegg om. For ikkje å hindre oppvandring av fisk eller skade gyteområder vert Rotevasselva, Storelva og kanalane i Vassbotnen

kryssa med brukonstruksjonar utan fysiske tiltak som medfører endringar av sjøve elveløpet. Jmf reguleringsføresegnene (§3.2.1.d). Vidare er turvegtrasèen flytta i noko grad unna vasskanten i området Bukta.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning.

Tiltaka som reguleringsplanen legg til rette for vil endre bruken av landskapet i noko grad, men vil – slik ein vurderer det – ha avgrensa påverknad på økosystemet. Omfanget av ei eventuell bygging av turveg gjennom området vert vurdert som middels negativ, dette gjeld i hovudsak omsynet til einskilde vassfuglartar som kan verte uroa av framtidig ferdsel. Auka ferdsel med folk og dyr (hestar/hundar) vil kunne påverke einskilde fuglearter som hekkar eller nyttar området til næringssøk.

Verknaden av den samla belastninga for landskap, økosystem, naturtypar og artar er gitt ei tilstrekkeleg fagleg fundert vurdering. Den eventuelle negative påverknaden av økosystemet, kan settast opp mot verdien området og tiltaka har som framtidig folkehelsefaktor for innbyggjarane i området. I eit perspektiv der også menneskje er definert som ein del av økosystemet, vil ei tilrettelegging av aktivitetar som stimulerer til fysisk aktivitet og naturoppleving ha betydeleg positiv samfunnsverdi.

§ 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar.

Tiltakshavar har betalt utgreiing om planområdet sine naturverdiar der det er gitt anbefalingar om korleis naturverdiane best kan takast vare på. Tiltakshavar har i planframlegget gitt retningsliner for å avgrense eventuelle negative konsekvensar vedrørande naturmangfaldet og har til hensikt å fylgje dette opp under realisering av tiltak nedfelt i planen.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Slik planen med tilhøyrande føresegner er utforma vert skader på naturmangfaldet avgrensa til eit minimum. Dei einskilde tiltaka som planen legg til rette for skal gjennomførast med metodar som ivaretek omsyn til miljøet i tilstrekkeleg grad.

I førebels planskisse har lokal landbruksmynde konkretisert utfordringane som må avklarast mellom jordbruksinteressene og etableringa av turstien. Vidare planarbeid må søkje å finne ei avklaring på dei momenta som er lista opp.

Risiko og sårbarheitsanalyse.

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga:

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?		X
	e	Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus?	X	
	F	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endring i klima?	X	
	g	Er faren for radon vurdert i området?	X	
	h	Er det tatt omsyn til ein potensiell fare for radon (radonsperre)?	X	
	i	Anna (Spesifiser)?		
Omgivnad	a	Er det regulerede vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjere spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til oversymjing i lågareliggande område?	X	
	d	Anna(spesifiser)?		
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	X	
Brann/-ulykkesberedskap	a	Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	X	
	b	Har området gode tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?	X	

Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området:	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
Kraft-forsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?	X	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet ? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/forureina frå tidligare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Reguleringsføresegner Revidert: 08.05.2018

§1 – GYLDIGHEITSSOMRÅDE

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§2 – ANDRE BESTEMMINGAR

- §2.1 Føresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.
- §2.2 Universell utforming
Tiltak på offentlege areal skal i størst mogleg grad tilretteleggast etter prinsippet om universell utforming.
- §2.3 Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.
- §2.4 Automatisk freda kulturminne (idnr 169638) er avmerka som bestemmelsesområde i planen. Det er ikkje krav om vilkårsgranskning knytt til realisering av planen.
- §2.5 Tilhøvet til naturmangfaldslova og kulturminnelova.
Tiltakshavar pliktar å stanse arbeidet og å gje melding til overordna mynde dersom det under arbeid med gjennomføring av reguleringsplanen vert gjort funn som krev vurdering etter desse lovene.
Planting av framande vekstar er ikkje tillate.

§3 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med pbl til følgjande føremål slik:

§ 3.1 Landbruks- natur- og friluftsføremål PBL § 12-5 nr. 5

§3.1.1 Friluftsområde

- Innanfor føremålet **friluftsområde LNF-LF1, LNF-LF2, LNF-LF3, LNF-LF4, LNF-LF5**, er det forbod mot alle typar inngrep, med unntak av tiltak som er naudsynt for landbruksdrifta. Sistnemnde tiltak må vurderast særskild og alternative lokaliseringar må vurderast først. Slike inngrep skal godkjennast av kommunen etter søknad.
- Tiltak som vert gjennomført for å rydde og tilbakeføre strandområda til opphaveleg naturterreng kan gjerast, men etter godkjent plan.
- Det er forbode å settje opp gjerde eller fysiske hindringar mellom turvegen og friluftsområdet. Dette gjeld også skilting som privat område.
- Friluftsområda vil vere i privat eige, men prinsippet om fri ferdsel gjeld.
- Ved søknad om dispensasjon i områda LNF-LF1, LNF-LF2, LNF-LF3, LNF-LF4, LNF-LF5, skal følgjande retningslinjer leggast til grunn:

Retningslinjer:

Eksisterande rettar til bruk av områda mellom turvegen og vatnet skal gjelde. Slik rett kan også omfatte naust der slike ikkje allereie er oppført på vedkomande hovudbruk. Det må søkjast om dispensasjon til oppføring av naust.

Eventuelle nye naust innanfor friluftsområda **LNF-LF1, LNF-LF2, LNF-LF3, LNF-LF4, LNF-LF5** skal i størst mogleg grad samlokalisert med eksisterande naust.

Naust innanfor friluftsområda skal ikkje frådelast, men høyre til hovudbruka i området.

Storleiken på naust skal ikkje overstige 25 m² utbygd areal. Gesimshøgde skal ikkje overstige 2,0 m, Maksimal mønehøgde 3,0 m. Takvinkel mellom 30 og 35 grader. Nausta skal byggjast i tråd med lokal byggeskikk, med tradisjonell trekledning og med torvtekte tak. Eventuelt kan også skifer/bølgeblikk nyttast.

Farge: tradisjonell fargebruk t.d.: tjærebrunt, tradisjonell raud lødefarge, oker, jordfargar.

§3.2 Grønstruktur PBL § 12-5 nr. 3

§3.2.1 Turveg

- a) Innanfor føremålet **turveg; T1** kan det byggast veg med breidde maksimum 3,0 m.
- b) Tiltak skal tilretteleggast etter prinsippet om universell utforming. Dette medfører m.a etablering av akseptable stigningstilhøve, terskelfrie overgangar og skilting.
- c) Toppdekket skal etablerast med grus som er komprimerbar til fast overflate. Vegen skal ikkje asfalterast.
- d) Sidekantar skal planerast og tilsåast slik at overgangen mellom vegområde og tilgrensande areal; naturområde/dyrkamark/beite vert mest mogleg naturlege. Vegen skal opparbeidast med minst mogleg terrenginngrep. Behovet for grøfting og skjæring/fylling skal reduserast i størst mogleg grad.
Kryssing av bekkar og elvar skal utførast med omsyn til omgjevnadane.
Dei største elvane - som Rotevasselva, Storelva samt einskilde kanalar i Vassbotnen - skal kryssast med bru. Mindre bekkar kan kryssast med stikkrenner, rør eller kulvert. Sportsfiskarlaget skal kontaktast for rådgjeving før sistnemnde tiltak vert iverksett.
- e) Det skal takast særlege omsyn under anleggsarbeid ved froskedammar i området Vassbotnen.
- f) Der det er naudsynt å krysse steingardar skal endane som vender inn mot turvegen murast oppatt og istandsettast på fagmessig vis i tråd med lokal skikk/metode.
- g) Turvegen skal kunne kryssast - på avgrensa stad - med landbruksmaskiner av den som eig eller har bruksrett på den aktuelle teigen.
Motorisert ferdsel etter vegen anna enn til drift og vedlikehald er ikkje tillatt. Det kan oppsettast fysisk stengsel for å hindre ulovleg ferdsel.
- h) Det kan settast opp benkar innanfor vegområdet.
- i) Det kan leggast til rette for lyssetting av trasèen. Armatur og stolpekonstruksjon skal vere utforma slik at ein avgrensar lysspreiing sidevegs.
- j) Under anleggsarbeid med turvegen skal froskedammar i området Vassbotnen visast særlege omsyn.
- k) Mot eigedomar som vert nytta til beite kan det oppsettast gjerde som avgrensing mellom vegområdet og beiteområde på oppsida av vegen. Tilgang til den delen av eigedomane som vert liggande mellom turvegen og vatnet skal ordnast med led.
- l) Moldholer som er registrert i området skal omsyntakast i størst mogleg grad.
- m) Under bygging av turvegen skal eksisterande drengrofter sikrast mot skade.
- n) Turvegen skal vere offentleg.
- o) Før oppstart med bygging av turveg skal det gjennomførast kartlegging som avdekkjer såkalla favorittstader for oteren. På grunnlag av kartlegginga skal ein vurdere om det er behov for å gjere mindre justeringar av traseen.
- p) Dersom det etablerast lys langs vegen skal delar av strekninga vere avslått på kvelds- og nattestid. Ein skal også vurdere eit lysregime som skuggelegg viktige kryssingspunkt for oteren. Nærare kartlegging av oteren sine favorittstader skal ligge til grunn for lysregimet/belysningsplanen.
- q) Ein skal vurdere behovet for informasjonsskilting langs turvegen der dei som ferdast i området vert oppmoda til å ta omsyn til oteren, særleg med tanke på om det har vore yngling.
- r) Eksisterande gras, plantar, buskar og tre skal i størst mogleg grad takast vare på. Ved bygging av turvegen skal dette vere eit førande prinsipp. Ein skal også vurdere å nytte vegetasjon bevisst for å legge til rette for at oteren lettare skal kunne krysse vegen

einskilde stader. Kartlegging av oteren sine favorittstader skal ligge til grunn for ei slik vurdering. Ved nyplantingar skal det nyttast stadeigen vegetasjon.

- s) Dersom ein får meir detaljert kunnskap om hi eller ynglehi skal det ikkje settast opp benkar i nærleiken av desse. Nærare kartlegging av oteren sine favorittstader skal ligge til grunn for kvar ein plasserer benkar.
- t) Turvegen skal byggast i etappar slik at viltet i området får ei gradvis tilvenning til ferdsele i området.
- u) Viktige område for oteren skal leggjast inn i artsdatabasen. Innhenta kunnskapsgrunnlag skal ligge til grunn for vurdering av framtidige tiltak i området.
- v) Når turveganlegget er ferdig skal ein gjennomføre same type kartlegging av oteren sine favorittstader som før anleggsoppstart for å kunne dokumentere eventuelle endringar.

§3.2.2 Friområde

- a. Innanfor føremålet **friområde GF1, GF2, GF3 og GF4** kan det tilretteleggast for opphald, oppleving og aktivitet knytt til friluftsliv, herunder opparbeiding av rasteplassar og det kan gjerast skjøtsel av vegetasjon.
- b. Utsifting og påfylling av masser er tillate men skal gjerast i minst mogleg grad. Det kan tillast oppført mindre bygningskonstruksjonar som skal nyttast i samsvar med føremålet areala er regulert til, t.d. gapahuk, utstyrshytte.
- c. Eventuelle bygg skal utformast i samsvar med lokal byggeskikk med vekt på estetikk og naturtilpassing.
- d. Innanfor føremålet **GF4** kan det byggast parkeringsplass og sanitæranlegg.
- e. Friområda skal vere offentlege.

§3.2.3 Naturområde

- a. Innanfor **naturområda GN1, VNS1 og VNS2** er det ikkje tillate med inngrep anna enn i den hensikt å tilbakeføre fyllingar til opphavelig eller "naturleg" terreng med etablering av stadeigen vegetasjon.
- b. Inngrep må på førehand vere planlagt og godkjent av kommunen.

§ 3.3 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone § 12-5 nr. 6

§3.3.1 Naturområde

- a. Innanfor **naturområda VNS1 og VNS2** er det ikkje tillate med inngrep anna enn i den hensikt å tilbakeføre fyllingar til opphavelig eller "naturleg" terreng med etablering av stadeigen vegetasjon.
- b. Inngrep må på førehand vere planlagt og godkjent av kommunen.
- c. **Naturområda VNV1, VNS3 og VNS4** skal behaldast urørt og det er forbod mot alle typar inngrep.

§3.3.2 Friluftsområde

- a. Innanfor føremålet **friluftsområde i sjø og vassdrag; VFV1 og VFV2** skal det kunne leggjast til rette for ulike friluftaktivitetar.
- b. Aktuelle tilretteleggingstiltak er påfylling av masser/terrengforming, tilsåing, planting av stadeigen vegetasjon, etablering av fiskeplassar, grillplass, utsetting av benkar og bord, utlegging av flytebrygge, bygging av molo m.m.

- c. For tiltak som medfører endring av terreng gjeld krav om utarbeiding og godkjenning av detaljplan.
- d. Friluftsområda skal vere offentlege.

§ 4.1 Tilhøvet til naturmangfaldslova og kulturminnelova.

Tiltakshavarar pliktar å stanse arbeidet og å gje melding til overordna mynde dersom det under arbeid med gjennomføring av reguleringsplanen vert gjort funn som krev vurdering etter desse lovene.

§5.1 Rekkjefølgjekrav

Løysing for vatn til beitedyr, drenering, gjerde, led m.m skal avklarast før bygging av turveg kan iverksettast

Volda kommune, dato

ordfører

rådmann

PlanId 2011009 – Detaljreguleringsplan turveg Rotevatnet Vedlegg til saksutgreiing – klage over planvedtak

Vurdering etter naturmangfaldslova § 8-12 og § 14

Reguleringsplan for turveg Rotevatnet er tidlegare vurdert etter naturmangfaldslova (jf. planomtale datert 30.03.2017). I samband med klagehandsaming av planen kom det fram ny informasjon om oterbestanden i området. For å auke kunnskapsgrunnlaget vart det difor i tillegg til eksisterande kunnskapsgrunnlag bestilt ein rapport om «Oterbestanden i Rotevatn, Volda kommune og potensiell påvirkning frå tursti/turvei» (Multiconsult, 2017).

Volda kommune har også vore i kontakt med Norsk institutt for naturforskning (NINA) i samband med saka.

På bakgrunn av oppdatert kunnskapsgrunnlag knytt til reguleringsplan turveg Rotevatnet vurderer ein i det følgjande planen på nytt for det som gjeld tilhøvet til naturmangfaldslova - med særskild fokus på oter.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget.

«Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger.»

Oter (*Lutra lutra*) er klassifisert som VU (sårbar) i Norsk raudliste for artar 2015. Tidlegare var arten utbreidd over heile Noreg, men utbreiinga er i dag avgrensa til dei nordlege og sentrale delane av landet, og det er få individ i område sør for Bergen. Kunnskapen om oterbestanden si utvikling er basert på statistikk over påkøyrt otrar. Bestandsindeksen har stor usikkerheit då han mellom anna kan vere påverka av endringar i publikum si interesse for å ivareta og melde daude otrar. Ved å studere bestandsindeksen ser ein at bestanden auka relativt kraftig frå 1990-tallet og fram til ca. 2012, for så å flate ut.

Oteren er kjent for å halde til i kystområde, men kan også finnast i innlandet. Oteren er gjerne aktiv om natta og jaktar mellom anna på fisk, fugl, smågnagarar og frosk. Sjølv om oteren likar seg godt ved kysten er han også avhengig av ferskvatn for å vaske seg. Oter er ikkje strengt territorielle, og leveområda varierar i utstrekning. Oterfamiliar nyttar ofte mange hi og soveplassar omkring i leveområdet, og flyttar gjerne fram og tilbake mellom ulike lokasjonar. Dei lagar oftast hi sjølve; i jordbakkar, steinurer eller andre naturlege gøymestader. Vegfyllingar, moloar og andre kunstig anlagte steintippar nyttast også. Hiet plasserast aldri langt frå vatn. Ynglehiet ligg gjerne lenger frå vatnet, meir usjenert og gøymt enn det som nyttast som opphaldsstad og skjul.

Gode skinnprisar og skotpremiar var ein viktig orsak til nedgang i bestanden fram til oteren vart freda i 1982. I dag er det påkøyrslar, miljøgifter og drukning i fiskereiskap og oppdrettsanlegg som bidreg til størst dødelegheit.

Dato: 08.04.2018

Oteren er relativt tolerant for forstyrningar, så lenge desse ikkje direkte påverkar dei mest sårbare funksjonsområda for arten, som yngleområde og dagleie. Oteren kan til ein viss grad tole inngrep i leveområda, dersom ein tek i vare kantvegetasjon og ikkje reduserer næringstilgangen.

Basert på tilgjengeleg informasjon konkluderer rapporten til Multiconsult (2017) med at det er sannsynleg at ei familiegruppe av oter held til ved Rotevatnet. Det har ikkje vore mogleg å påvise hi, eller å sikkert konstatere om det faktisk føregår yngling i området. Biletemateriale, øvrige funn og observasjonar gir likevel sterke indikasjonar på at det går føre seg yngling i Rotevatnområdet, og rapporten inneheld ei avgrensing av sannsynlege viktige funksjonsområde for oteren (potensielle hiområde, viktige ernæringsområde og vandringsveggar). Ut frå dette er delar av den aktuelle reguleringa sitt planområde vurdert som eit verdifullt leveområde for oteren.

Dersom det ikkje vert lagt inn avbøtande tiltak konkluderer rapporten vidare med at det planlagde tiltaket vil ha eit stort negativt omfang for oter og naturverdiar som er viktige for deira leveområde og habitat. Orsaka til dette er samansett. I dei mest sårbare funksjonsområda for oteren, spesielt ved antatt yngleplass, vil auka ferdsel og forstyrningar frå menneskje vere ein betydelig negativ påverknad. I tillegg vil en trasé for turveg lagt tett på strandlinja føre til ein betydelig habitatfragmentering og reduksjon i habitatkvalitet. Multiconsult ser det likevel som sannsynleg at det vil vere mogleg å gjennomføre tiltaka som reguleringsplanen opnar for utan vesentlege negative verknadar på oterbestanden, dersom avbøtande tiltak utgreiast og implementerast i prosjektet. Multiconsult peiker på flytting av trasé, belysning og ferdselsregulering som aktuelle avbøtande tiltak.

Norsk institutt for naturforskning (NINA) viser til observasjonar av oterhabitat frå m.a. Nidelva i Trondheim, ved Lundesokna (Lundamo, Sør-Trøndelag) og Surna (Møre og Romsdal). Erfaringar derfrå syner at oteren har relativt godt utvikla evner til å tilpasse seg menneskeleg aktivitet og urbane tilhøve. NINA peiker også på avbøtande tiltak som bør implementerast i reguleringsplan for tursti Rotevatnet, knytt til m.a. nærare kartlegging av oteren sine favorittplassar, etappevis utbygging, og ivaretaking av randsonar. På bakgrunn av erfaringar frå observasjon av bynære oterhabitat og vurderingar relatert til forskning om oteren sitt levesett, meiner NINA behovet for å gjere endringar i vedteken reguleringsplan vil vere relativt moderat, og at det i dette tilfellet skal vere mogleg å sameine friluftsinteresser/folkehelseomsyn og omsynet til viltet slik at desse kan fungere side om side.

§ 9 Føre-var-prinsippet.

«Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.»

Multiconsult sin rapport konkluderer med at det er sannsynleg at Rotevatnet er eit verdifullt leveområde for oteren, og at tiltaket slik det er planlagt vil ha eit stort negativt omfang for oterbestanden i området. Volda kommune vurderer at det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva verknadar tiltaket kan ha for naturmiljøet.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning.

Dato: 08.04.2018

«En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.»

Det følger av § 10 at forvaltningsorganet skal legge vekt på påverknadsfaktorar som økosystemet "er" eller "vil verte" utsett for. Dette omfattar tidlegare, noverande og framtidige påverknadar.

Det er sannsynleg at etablering av turveg ved Rotevatnet vil berøre eit leveområde for oter. Andre tiltak som den seinare tida kan ha påverka oteren sitt leveområde er etablering av ridebane, golfbane og bygging av «ridebanevegen» langs Rotevasselva frå Botnavegen og ned mot Rotevatnet. Rotevasselva er i rapporten til Multiconsult markert som eit viktig ernæringsområde for oteren.

Andre framtidige tiltak som kan påverke oteren sitt leveområde er bygging av naust i området. I føresegnene for reguleringsplan turveg Rotevatnet er det opna for at det etter søknad kan byggast naust innafør det området Multiconsult i sin rapport har markert som viktig yngle-oppvekstområde. Kommunen har nyleg gitt byggeløyve til eitt naust innafør dette området.

Det er grunn til å tru at ny veg langs Rotevasselva, bygging av fleire naust i området og etablering av turveg langs Rotevatnet samla sett vil kunne ha ein negativ påverknad for oterbestanden. Avbøtande tiltak bør utredast og implementerast i reguleringsplan for Rotevatnet. Naturmangfald generelt og omsyn til oterbestanden spesielt bør vurderast særskilt ved framtidige tiltak i området.

§ 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar.

Tiltakshavaren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

Tiltakshavar vil bere kostnadar for utredning, planlegging og gjennomføring av avbøtande tiltak. Naturmangfoldslova sitt krav i §11 vurderast som oppfylt.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

Rapporten «Oterbestanden i Rotevatn» konkluderer med at turvegen vil kunne få eit stort negativt omfang for oterens leveområde dersom ein ikkje sett i verk gode og målretta avbøtande tiltak. Multiconsult foreslår tre avbøtande tiltak for å dempe den negative verknaden av turvegen.

Utdrag frå rapporten:

- **Nytt trasealternativ**
Det bør gjøres forsøk på å legge om traseen slik at den får større fysisk avstand til viktige oterbiotoper. For å kunne legge en ny trase som minimerer inngrep i viktige leveområder for oter kreves mer detaljkunnskap om oterens habitatbruk. Et generelt råd er å trekke veien lengst mulig unna vassdrag og kantsoner siden det er her man gjerne finner de høyeste naturverdiene for oter og andre viltarter. Det er også viktig å trekke tiltaket unna vassdrag for å redusere belastningen på vannmiljøet. Intakte, ufragmenterte kantsoner er viktig i ivaretagelsen av vannkvalitet.
- Tilpassa belysning av traseen

Belysning vil øke belastningen på naturmiljø ved økt ferdsel i en tid på døgnet da dyrelivet er ekstra sensitivt. Det vurderes som problematisk dersom det etableres en belysning som ensidig tar høyde for generelle krav for belysning av turstier og gangveier. Det bør etableres et spesifikt lysregime som skyggelegger viktige kryssingspunkt. I tillegg bør belysningen være avslått i mesteparten av døgnet mørke timer. Som regel vil dette kunne la seg kombinere med befolkningens ønske om belysning ettersom turgåing og mosjonering ofte foregår om kvelden (og i liten grad utover natten).

- Ferdseilsregulerande tiltak

Tiltaket medfører opplagt økt ferdsel av mennesker. Dette vurderes som uheldig i denne delen av vatnet som fungerer som et egnet refugium for viltarter, inkludert oter, i dette tettstedsnære landskapet. Man må vurdere ferdselsregulerende tiltak, for eksempel i de mørke timene av døgnet kombinert med tilpasset belysning og mørklegging av de mest sårbare områdene.

I tillegg til desse tre avbøtande tiltaka peiker Multiconsult på at ein ved vurdering av ny trase bør hente inn meir detaljkunnskap om oteren sin habitatbruk.

NINA peiker også på fleire avbøtande tiltak som bør vurderast. Dei peiker på at randsona mellom vatnet og den planlagde stien er ei viktig sone for oteren sin aktivitet og leveområde. Før oppstart bør ein difor kartlegge oteren sine favorittstader, og ut frå dette justere traseen med omsyn til favorittområda. Randsona mellom vatnet og den planlagde stien bør vere 25-30 meter, og steinrøyser, gras, plantar, buskar og trær som gir skjul for oteren bør ivaretakast. Ved utløpet av bekkar og elvar bør det også etablerast breiare randsoner mellom vatnet og turstien for å sikre at oteren kan skaffe seg mat utan å verte uroa.

Vidare bør turstien byggast i etappar, slik at det vert lagt inn ei viss tilvenningstid for viltet. Oteren vil gjerne flytte på seg når endringar i nærleiken av opphaldsområde skjer – og ofte kome tilbake når tiltak er gjennomført og ferdselen i området stabiliserer seg. Dersom det er aktuelt med lys langs vegen kan ein som eit avbøtande tiltak slå av lysa om natta. Når turveganlegget eventuelt er ferdig bør ein gjennomføre ei ny kartlegging av oteren sine favorittområde, for å dokumentere eventuelle endringar.

Vurdering av avbøtande tiltak

Turvegraseen er plassert i nær tilknytning til vatnet for å få god visuell kontakt med innsjøen. Dette er også i samsvar med tilrådinga frå landbruksmyndet som seier at turvegen bør leggest i utkanten av dyrka mark og beiteområde for å ikkje avskjere desse. Større justeringar av turvegen er difor ikkje ynskjeleg. Volda kommune ynskjer å kartlegge oteren sine favorittplassar nærare, for å få meir kunnskap om eventuelle yngleområde og liknande. Etter kartlegginga skal ein vurdere å gjere mindre justeringar av traseen.

Ved etablering av lys langs vegen skal deler av strekninga vere avslått på kvelds- og nattestid, til dømes mellom kl. 22.00–07.00. Ein skal også vurdere eit lysregime som skuggelegg viktige kryssingspunkt. Nærare kartlegging av oteren sine favorittstader skal ligge til grunn for lysregimet/belysningsplanen.

Belysning som vert slått av på kvelden vil fungere som eit ferdselsregulerande tiltak. Sidan oteren kan pare seg heile året og ungane vert fødde til ulike årstider er det vanskeleg å regulere ferdsel i yngleperioden. Kommunen kan likevel sette opp eit informasjonsskilt langs turvegen, og oppmode om at folk må ta omsyn til oteren, spesielt dersom dei har ungar.

Tre, buskar og anna vegetasjon er viktige element i oteren sitt leveområde; dei nyttar vegetasjon for å skjule og kvile seg. Eksisterande gras, plantar, buskar og tre skal i størst mogleg grad ivaretakast. Ved bygging av turvegen skal dette vere eit førande prinsipp. Tilsåing og nyplanting er viktige tiltak for å oppretthalde ei god randsone mellom turvegen og vatnet. Ein skal også vurdere å nytte vegetasjon bevisst for å legge til rette for at oteren lettare skal kunne krysse vegen enkelte stader. Nærare kartlegging av oteren sine favorittplassar skal ligge til grunn for ei slik vurdering. Ved nyplantingar skal det nyttast stadeigen vegetasjon. turvegen skal byggast i etappar slik at det vert lagt inn ei viss tilvenningstid for viltet.

Dersom ein får meir detaljert kunnskap om hi eller ynglehi skal det ikkje settast opp benkar i nærleiken av desse. Nærare kartlegging av oteren sine favorittstader skal ligge til grunn for kvar ein plasserer benkar. Kunnskap om viktige område for oteren skal leggest inn i artsdatatabasen, og nyttast som grunnlag for vurdering av framtidige tiltak i området.

Når turveganlegget er ferdig skal ein gjennomføre same type kartlegging av oteren sine favorittstader som før anleggsoppstart for å kunne dokumentere eventuelle endringar.

Oppsummering avbøtande tiltak:

- o. Før oppstart med bygging av turveg skal det gjennomførast kartlegging som avdekkjer såkalla favorittstader for oteren. På grunnlag av kartlegginga skal ein vurdere om det er behov for å gjere mindre justeringar av traseen.*
- p. Dersom det etablerast lys langs vegen skal delar av strekninga vere avslått på kvelds- og nattestid. Ein skal også vurdere eit lysregime som skuggelegg viktige kryssingspunkt for oteren. Nærare kartlegging av oteren sine favorittstader skal ligge til grunn for lysregimet/belysningsplanen.*
- q. Ein skal vurdere behovet for informasjonsskilting langs turvegen der dei som ferdast i området vert oppmoda til å ta omsyn til oteren, særleg med tanke på om det har vore yngling.*
- r. Eksisterande gras, plantar, buskar og tre skal i størst mogleg grad takast vare på. Ved bygging av turvegen skal dette vere eit førande prinsipp. Ein skal også vurdere å nytte vegetasjon bevisst for å legge til rette for at oteren lettare skal kunne krysse vegen einskilde stader. Kartlegging av oteren sine favorittstader skal ligge til grunn for ei slik vurdering. Ved nyplantingar skal det nyttast stadeigen vegetasjon.*
- s. Dersom ein får meir detaljert kunnskap om hi eller ynglehi skal det ikkje settast opp benkar i nærleiken av desse. Nærare kartlegging av oteren sine favorittstader skal ligge til grunn for kvar ein plasserer benkar.*
- t. Turvegen skal byggast i etappar slik at viltet i området får ei gradvis tilvenning til ferdselen i området.*

Dato: 08.04.2018

- u. *Viktige område for oteren skal leggest inn i artsdatabasen. Innhenta kunnskapsgrunnlag skal ligge til grunn for vurdering av framtidige tiltak i området.*
- v. *Når turveganlegget er ferdig skal ein gjennomføre same type kartlegging av oteren sine favorittstader som før anleggsoppstart for å kunne dokumentere eventuelle endringar.*

§ 14 Vektlegging av andre viktige samfunnsinteresser og samiske interesser.

Tiltak etter loven her skal avvegast mot andre viktige samfunnsinteresser.

Jamfør Multiconsult sin rapport vil utbygging av ein turveg, slik han er skissert i reguleringsplanen, kunne få negative konsekvensar for oterbestanden i området viss ein ikkje legg inn avbøtande tiltak for å redusere desse. NINA har også vurdert reguleringsplanen slik den er vedteken, og meiner at ved implementering av avbøtande tiltak skal det vere mogleg å sameine friluftsinnteresser/folkehelseomsyn og omsynet til viltet slik at desse kan fungere side om side.

På bakgrunn av ny informasjon har ein lagt inn avbøtande tiltak i revidert planomtale (dato 28.04.2018). Sjølv om det er vanskeleg å seie på førehand kor tilpassingsdyktig oteren vil vere er det grunn til å tru at med desse avbøtande tiltaka vil oteren framleis kunne nytte Rotevatnet som eit attraktivt leveområde.

Det er også fleire omsyn som talar for at realisering av planen vil ha store positive konsekvensar for andre samfunnsinteresser. Området vert ved tiltak angitt i reguleringsplanen tilgjengeleg for ålmenta og vil framstå som eit attraktivt turområde tilknytt Rotevatnet. Turvegen vil vere eit lågterskeltilbod for mange av Volda sine innbyggjarar, og auke moglegheitene for å kunne sykle, gå og jogge i eit sentrumsnært friluftsområde. I kommuneplanen er folkehelse halde fram som eit overordna og førande prinsipp for heile planen, og det er gjort vedtak om at helsefremjande og førebyggjande arbeid i kommunen skal prioriterast. Areal til turveg på nord- og austsida av Rotevatnet er vedteken arealbruk i kommuneplanen - seinast stadfest i kommunedelplan for Volda sentrum (2010), men har vore angitt som arealformål i fleire tidlegare kommuneplanar. For å følgje opp kommuneplanen har kommunestyret teke initiativ til og gjort vedtak om utarbeiding av reguleringsplan for området med sikte på bygging av den aktuelle turvegen og mange av Volda sine innbyggjarar har engasjert seg på ulike måtar for å realisere denne. Historikken som ligg til grunn for reguleringsplanen syner såleis at dette har vore ei prioritert sak.

Sjølv om verknadane av tiltaket framleis vil kunne ha negative konsekvensar for oteren vurderer ein at omsyn til friluftsinnteresser, rekreasjon, naturopplevingar og folkehelse samla sett vert vektlagt høgare enn eventuelle negative konsekvensar for oterbestanden.

Kjelder:

Artsdatabanken. (2017). Lutra lutra (Linnaeus, 1758). Henta 20.04.2018 frå <https://www.artsdatabanken.no/Rodliste2015/rodliste2015/Norge/48068>

Besøkscenter rovdyr. (2017). Oter. Henta 20.04.2018 frå <https://rovdyrcenter.no/rovdyr/oter/>

Bevanger, Kjetil. (2017). Oter Lutra lutra (Linnaeus, 1758). Henta 20.04.2018 frå Artsdatabanken: <https://artsdatabanken.no/Pages/182517>

Dato: 08.04.2018

Multiconsult. (2017). *Rapport: Oterbestanden i Rotevatn, Volda kommune og potensiell påvirkning frå tursti/turvei.*

Notat frå telefonmøte 05.12.2017. Norsk institutt for naturforskning (NINA) og Volda kommune.


RAPPORT

Oterbestanden i Rotevatn, Volda kommune og potensiell påvirkning fra tursti/turvei

OPPDRAKSGIVER
Volda kommune

EMNE
Oter

DATO / REVISJON: 28. november 2017 / 01
DOKUMENTKODE: 130979-01-RIM-RAP-01



Multiconsult

Denne rapporten er utarbeidet av Multiconsult i egen regi eller på oppdrag fra kunde. Kundens rettigheter til rapporten er regulert i oppdragsavtalen. Tredjepart har ikke rett til å anvende rapporten eller deler av denne uten Multiconsults skriftlige samtykke.

Multiconsult har intet ansvar dersom rapporten eller deler av denne brukes til andre formål, på annen måte eller av andre enn det Multiconsult skriftlig har avtalt eller samtykket til. Deler av rapportens innhold er i tillegg beskyttet av opphavsrett. Kopiering, distribusjon, endring, bearbeidelse eller annen bruk av rapporten kan ikke skje uten avtale med Multiconsult eller eventuell annen opphavsrettshaver.

01	28.11.2017	Endelig rapport	GTH, FGR	MKR	GRD
REV.	DATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV

RAPPORT

OPPDRAG	Oterbestanden i Rotevatn, Volda kommune og potensiell påvirkning fra tursti/turvei	DOKUMENTKODE	130979-01-RIM-RAP-01
EMNE	Oter	TILGJENGELIGHET	Åpen
OPPDRAGSGIVER	Volda kommune	OPPDRAGSLEDER	Morten Kraabøl
KONTAKTPERSON	Torgeir Stensø	UTARBEIDET AV	Gaute Thomassen, Finn Gregersen og Morten Kraabøl
TLF		ANSVARLIG ENHET	1085 Energi Naturressurser
E-POST			

SAMMENDRAG

På oppdrag fra Volda kommune har Multiconsult gjennomført en begrenset utredning av potensiell påvirkning fra en planlagt tursti/turvei på oter (*Lutra lutra*) ved Rotevatnet. Oterens tilstedeværelse og habitatbruk i området er vurdert ved hjelp av befaringer, intervjuer med lokalkjente og fotodokumentasjon fra viltkameraer. Dette er sammenholdt med eksisterende kunnskap om arten og vurdert opp mot antatt påvirkning fra tiltaket basert på plandokumentene.

Basert på tilgjengelig informasjon konkluderer utredningen med at det er sannsynlig at en familiegruppe av oter har tilhold i Rotevatn. Det har ikke vært mulig å påvise hiet med stor sikkerhet, eller å sikkert konstatere om det faktisk foregår yngling her. Skal man konstatere dette kreves mer inngående undersøkelser. Bildemateriale og øvrige funn og observasjoner i relevant område gir imidlertid sterke indikasjoner på at det foregår yngling i Rotevatnområdet. Videre har vi avgrenset viktige funksjonsområder for oteren (potensielt hiområde, viktige ernæringsområder og vandringsveger) og ut fra dette vurdert området som turstien/turveien skal løpe gjennom som et verdifullt leveområde for oteren.

Vår vurdering er at oterbestanden ved Rotevatnet bør verdsettes som en regional naturverdi, noe som tilsvarer middels stor verdi etter standard konsekvensutredningsmetodikk. Det planlagte tiltaket vurderes å ha et stort negativt omfang for oter og naturverdier som er viktige for deres leveområde og habitat. Årsaken til dette er sammensatt. I de mest sårbare funksjonsområdene for oteren, spesielt ved antatt yngleplass, vil økt ferdsel og forstyrrelser fra mennesker være en betydelig negativ påvirkning. I tillegg vil en trasé for tursti/turvei lagt tett på strandlinjen gi en betydelig habitatfragmentering og reduksjon i habitatkvalitet. Sammenlagt vil dette medføre en middels-stor negativ konsekvens i henhold til anerkjent konsekvensutredningsmetodikk (Vegvesenets håndbok v712).

For å redusere de negative konsekvensene tiltaket kan medføre for oterbestanden i området, anbefaler vi at det planlagte tiltaket justeres, og at man vurderer supplerende undersøkelser for å sikre en god innretning av justeringer og eventuelle avbøtende tiltak.

Vi anser det som sannsynlig at det vil være mulig å gjennomføre tiltaket uten vesentlige negative virkninger på oterbestanden dersom avbøtende tiltak utredes grundig og implementeres i prosjektet.

INNHOLDSFORTEGNELSE

1	Innledning	5
1.1	Bakgrunn.....	5
1.2	Oterens biologi	6
1.3	Mål og metode for oppdraget	6
1.4	Tidligere kunnskapsgrunnlag om naturmiljø	7
2	Resultater	9
2.1	Feltundersøkelsen – egne vurderinger	9
2.1.1	Viltområder - funksjonsområder.....	10
2.2	Intervjuer	11
2.3	Fotodokumentasjon.....	12
2.4	Gjennomgang av relevant vitenskapelig litteratur.....	14
3	Oppsummering av resultater og verdisetting	14
4	Vurderinger av virkningen av turstien/turvei	15
5	Avbøtende tiltak som bør vurderes	15
5.1	Nytt trasealternativ.....	16
5.2	Tilpasset belysning av traseen	16
5.3	Ferdselsregulerende tiltak	16
6	Oppfølgende undersøkelser	16
6.1	Merkestudier	16
6.2	Genetikkprosjekt.....	16
6.3	Gjennomføre en tilfredsstillende naturmiljøkartlegging	16
7	Referanser	16
8	Intervjuobjekter	17

FIGURER

Figur 1.	Kart over undersøkelsesområdet	5
Figur 2	Planområdet på Rotevatn avmerket.....	7
Figur 3.	Utdrag fra Naturbase 28.08.2017. For en nærmere beskrivelse av disse registreringene henvises til databasen.	8
Figur 4.	Utdrag fra Artskart 28.08.2017. For en nærmere beskrivelse av disse registreringene henvises til databasen. ..	8
Figur 5.	Viltkamerabilde tatt 05.05.2017	9
Figur 6	Nordøstsiden av Rotevatn med velutviklet og relativt urørt kantsone til vatnet.	10
Figur 7	Figuren viser antatt viktige funksjonsområder for oter, herunder ernæringsområder og antatt yngleområde. Hele leveområdet utgjøres av Rotevatn med omegn og nærliggende kystområder.	11
Figur 8	Store mengder steinrøyser gir skjul for oteren langs landet på nordøstsiden av Rotevatn.	12
Figur 9:	Et utvalg nattbilder tatt med viltkamera våren/sommeren 2017.	13
Figur 10:	Et utvalg dagbilder tatt med viltkamera våren/sommeren 2017.	13


1 Innledning

1.1 Bakgrunn

Rotevatn ligger i Volda kommune med tilløp til Voldsfjorden via Øyreselva (figur 1).

Volda kommune har i flere år arbeidet med planer for en tursti/turvei rundt vannet. Reguleringsplanen som skulle legge til rette for et slikt tiltak ble vedtatt i 2014, men vedtaket ble opphevet av Fylkesmannen i 2015. Fylkesmannen opphevet vedtaket med bakgrunn i en ugyldig planbestemmelse vedrørende rettighetshaveres anledning til å oppføre naust innenfor areal med reguleringsformålet friluftsområde. I etterkant av Fylkesmannens avgjørelse har kommunen utarbeidet ny reguleringsplan for tiltaket som ble behandlet i kommunestyret april 2017. Da det har kommet klager også til dette kommunestyrevedtaket har Volda kommune ønsket å styrke kunnskapsgrunnlaget innen visse områder.

I planarbeidet med tursti/turvei rundt Rotevatn har flere interessenter og rettighetshavere vært kritiske til kunnskapsgrunnlaget og vurderingene i den naturfaglige vurderingen av det planlagte tiltaket. Et element det har vært usikkerhet rundt er forekomsten av oter (*Lutra lutra*) i Rotevatn. Lokalkjente har hevdet at det er regelmessig forekomst av oter der turstien/turveien har vært planlagt. I den naturfaglige vurderingen er oter nevnt, men det er ikke utført konkrete undersøkelser for å kartlegge utbredelse eller spesifikt vurdere konsekvenser for arten. I rapporten står det at spor av oter er observert og at det trolig er snakk om «[...] individ på matsøk som kjem opp langs Øyraelva». Det står videre at stien trolig ikke vil medføre spesielle problemer for arten. Med bakgrunn i klager på kommunestyrevedtaket av 27. april 2017 rettet spesifikt mot tiltakets påvirkning på oter, ønsket kommunen å styrke kunnskapsgrunnlaget for dette temaet.



Figur 1. Kart over undersøkelsesområdet

1.2 Oterens biologi

Oter tilhører mårfamilien (mustelidae), en familie som blant annet også inkluderer snømus, mår, grevling og jerv. I Norge finner vi den eurasiske oteren (*Lutra lutra*) som har mørkebrun pels og en gjennomsnittlig kroppslengde på omkring 1 meter. Hanndyr kan nå en kroppsvekt på ca 9 kg. Oteren er nært knyttet til vann og er avhengig av vann for å kunne gjennomføre flere essensielle deler av sin livshistorie. Den har en strømlinjeformet kropp, med et avflatet hode og en tykk, avsmalende hale, og kroppsformen er derfor ideell for svømming. Oteren er en kjøtteter og jakter i elver, innsjøer og bekker hvor den overlever på en diett bestående av fisk og krepsdyr. Unntaksvis tar oter også mindre pattedyr og vannfugler som byttedyr. Oteren er nysgjerrig av natur, men den er i hovedsak nattaktiv og observeres derfor relativt sjelden av mennesker. Det er relativt vanlig at den etablerer seg i nærheten av menneskelig aktivitet og tettbebygde områder.

Den eurasiske oteren er utbredt i Europa, Asia og Nord-Afrika helt fra Atlanterhavet i vest til Stillehavet i øst, og helt fra Barentshavet i nord til Indonesia i sør. Den holder til både ved sjøen og ved ferskvann, men trenger tilgang til ferskvann for drikke. Oteren langs norskekysten kan reproducere hele året gjennom selv om hovedvekten av fødsler forekommer om sommeren og høsten.

1.3 Mål og metode for oppdraget


Volda kommune beskrev sitt behov for økt kunnskapsgrunnlag slik i epost av 7. juni 2017: «Som følge av klage på vedtak om godkjenning av reguleringsplan for turveg ved Rotevatnet ønsker Volda kommune å innhente ekstern kompetanse for utarbeiding av ei ny miljøfagleg rapport for det som gjeld arten oter (*Lutra lutra*) si utbreiing og aktivitet innanfor planområdet. Som del av rapporten ønsker ein også at det utarbeidast ei vurdering av kva konsekvensar ei eventuell turvegbygging i området vil ha for arten.»

For å svare ut en slik bestilling var det avgjørende viktig med en god feltbefaring. En av våre ansatte med viltkompetanse, biolog Finn Gregersen, undersøkte Rotevatn med tilløpsbekker og utløpselv den 21.-22. august 2017 (figur 2). Det vesentlige var å skaffe kunnskap om oterbestanden da en livskraftig oterbestand med et etablert hiområde innenfor tiltaksområdet kan komme i konflikt med tiltaket som planlegges. Planområdet for turstien/turveien hadde et spesielt fokus ved undersøkelsen (figur 2).

Følgende undersøkelsesopplegg ble gjennomført i felt: i) befaring av hele strekningen fra Øyreselvas os til sjø opp til et stykke opp i alle tilløpsbekker til Rotevatnet, ii) oppsett av viltkameraer på noen punkter, iii) leting etter spor og sportegn, iv) intervjuer med lokalkjente og v) innsamling av bilde og filmmateriale tatt av lokalkjente over flere år.

I felten ble områdets potensiale som oterhabitat vurdert. Dette inkluderer blant annet tilgang på laksefisk og annen føde, kvaliteten på kantsoner til vassdrag, våtmarker og skogen nær vassdragene, sammenbinding av ulike biotoper/funksjonsområder i landskapet og urørthet/forstyrrelsesgrad.

En begrenset gjennomgang av vitenskapelig litteratur ble foretatt for å se på momenter ved oterbiologi og interaksjoner med mennesker som kan være relevant for saken.



Figur 2 Planområdet på Rotevatn avmerket

1.4 Tidligere kunnskapsgrunnlag om naturmiljø

Det er lite naturmiljøinformasjon for området på Naturbase og Artskart (figur 3 og 4). Dette betyr ikke nødvendigvis at det ikke er verdier i området, men heller at det ikke er kartlagt godt nok eller at data ikke er lagt inn. Miljøfaglig Utredning gjorde en innledende undersøkelse i oppstarten av planarbeidet for turstien/turveien. Rapporten fra denne undersøkelsen omtaler imidlertid i liten grad oterforekomsten. Det ble her heller ikke gjennomført nødvendig feltarbeid for å avdekke oterforekomst og eventuell påvirkning på denne.

Gjennom planprosessen er det fra lokalt hold informert om at det er en oterbestand som yngler i Rotevatn og som har hatt tilhold her i lang tid. Dette har ikke blitt faglig vurdert, men det siste året har lokale interessenter montert opp viltkamera for å dokumentere tilstedeværelsen av oter (figur 5). Deler av disse observasjonene er også lagt inn i databasen Artsobservasjoner.

Det er fra før registrert at Rotevatn med Øyreselva er et vassdrag med forekomst av anadrom laksefisk, men tilløpsbekkene er ikke markert som anadrom strekning (http://lakseregister.fylkesmannen.no/a3_laksekart/Lakseregisteret). Det vurderes som overveiende sannsynlig at disse tilløpsbekkene er viktige oppvekst- og gyteområder for sjørørret og laks.



Figur 3. Utdrag fra Naturbase 28.08.2017. For en nærmere beskrivelse av disse registreringene henvises til databasen.



Figur 4. Utdrag fra Artskart 28.08.2017. For en nærmere beskrivelse av disse registreringene henvises til databasen.



Figur 5. Viltkamerabilde tatt 05.05.2017

2 Resultater

2.1 Feltundersøkelsen – egne vurderinger

Rotevatn og tilgrensende områder ble befart over to dager. Området ble synfart med kikkert og teleskop for å vurdere miljøkvaliteter og eventuelle observasjoner av oter. Det ble ikke observert oter, men det ble sett en del sikre spor og spor tegn etter arten. Det var heller ikke var forventet å se oter under befaringen da den som oftest er sky og nattaktiv, og arealbruken ofte er stor.

Rotevatn, med tilhørende kantskog, innløpsbekker og utløpselv fremstår som en rik og variert biotop i landskapet (figur 6). Kantsonen innehar en mosaikk av ferskvannslokalteter, naturtyper og viltbiotoper. En videre beskrivelse av dette var ikke en del av oppdraget, men det er vesentlig å vurdere andre naturmiljøkvaliteter når en vurderer habitatkvalitet for oter. Rotevatn er på grensen til en fuglesjø da den er produktiv og frodig. Den nordøstre delen av Rotevatn er skånet for ferdsel og inngrep i kantsonen og har en velutviklet kantskog og en stor grad av våtmark. Flere tilløpsbekker renner ut her og disse har alle bestander av laksefisk som antas å utgjøre en betydelig del av næringsgrunnlag for oter i området. Den nordøstre delen av Rotevatn er derfor med høy sannsynlighet et viktig ernæringsområde for oteren (figur 7).

Tidligere meddelelser indikerer at det muligens er en familiegruppe som holder til i dette området. Rotevatn utgjør, slik vi ser det et godt egnet leveområde med antatt egnede hiområder, fiskerike tilløpsbekker og tilgang til kysten via utløpselven gjennom Volda sentrum. Bilder tatt av lokalkjente i 2017 viser regulær opptreden av flere individer. Oterspor er registrert av lokalkjente oppover alle de større tilløpsbekker om vinteren (spor i snøen). Oteren er avhengig av ferskvann både til pelsvask, mat og drikke og det er ingen andre vann i nærheten. I lys av dette og mange viltkameraobservasjoner over lang tid (se under), vurderer vi det som overveiende sannsynlig at oteren både har fast tilhold i området

og at det foregår yngling her. Det er filmet og tatt bilder i ei steinrøys som sannsynligvis er hiplass eller dagleie for en familiegruppe over tid. Unger er konstatert ved hjelp av viltkameradokumentasjon. Ettersom hunnoter med avkom ikke beveger seg langt det første halve året, er dette en klar indikasjon på yngling nær Rotevatn.

For å sikkert verifisere om det foregår yngling må man samle inn og analysere DNA-materiale, merke dyr og gjennomføre en planmessig undersøkelse med viltkameraer.



Figur 6 Nordøstsiden av Rotevatn med velutviklet og relativt urørt kantsone til vatnet.

2.1.1 Viltområder - funksjonsområder

Ut fra befaring, viltkameradokumentasjon og intervjuer har vi utført en faglig vurdering av funksjonsområder for oter ved Rotevatn.

Vi har avgrenset et potensielt yngleområde på nordøstenden av Rotevatn der kantsonen er frodig og urørt og det er store mengder steinhauger/-røyser i strandsonen som kan fungere som godt egnede skjulplasser og ynglehi for oter (figur 8). Disse store ansamlingene av stein og blokk skyldes rydding av innmarka for stein og forekomsten av elveviftmateriale fra bekkene som munner ut her. Potensielle hiområder er lokalisert i strandsonen på nordøstsiden av Rotevatn (figur 7). Her ble det ved befaringen funnet ei steinrøys med spesielt mye spor og sportegn fra oter som kan være ynglehiet deres. Hele leveområdet består trolig både av kysten utenfor Volda og Rotevatn med omegn.

Oter er også avhengig av å vandre relativt fritt mellom ferskvann og kyst ettersom oteren daglig må drikke og vaske pelsen i ferskvann. Øyreselva som snor seg gjennom Volda sentrum og ligger godt neddykket i terrenget omgitt av velutviklet kantskog gjennom sentrum, fungerer trolig som en funksjonell vandringsvei for oter i området.

Hvorvidt hiområdet til oteren er ved kysten eller ved Rotevatn er ikke mulig å avgjøre basert på nåværende kunnskapsgrunnlag. Dersom familien har hi ved kysten må den passere gjennom Volda

sentrum daglig, og man ville forventet mange observasjoner i dette området. Oss bekjent er ikke det tilfelle.

Det er bestander av laksefisk i tilløpselvene og bekkene til Rotevatn og dette antas å være viktige ernæringsområder for oteren. Kantsonene til vassdragene her er, som rundt Rotevatns nordøstside, velutviklede. Her er det også muligens tilstedeværelse av elvemusling (blå markering figur 7).



Figur 7 Figuren viser antatt viktige funksjonsområder for oter, herunder ernæringsområder og antatt yngleområde. Hele leveområdet utgjøres av Rotevatn med omegn og nærliggende kystområder.

2.2 Intervjuer

Det ble foretatt intervjuer av et titalls brukere av området i forbindelse med befaringen, og flere av disse kunne meddele at de hadde sett oter, gjerne flere individer, både små og store, gjennom sesongen og over mange år. Observasjoner av oter strekker seg flere tiår tilbake i tid, noe som sannsynliggjør regulær forekomst over flere tiår. Berettelsene var svært detaljerte og mange, og underbygges av faktiske bilder og filmopptak som utvilsomt dokumenterer tilstedeværelse av oter med avkom.

Det har vært vanlig å se oteren på isen oppover f.eks. Storelva vinterstid. Som tidligere nevnt er det sterke indikasjoner på at det er yngleområde i Rotevatn som avmerket i figur 7.

Et av intervjuobjektene hadde gjort observasjon av oter i havna ved Volda sommeren 2017. Det er sannsynlig at det er familiegruppen som på et eller annet stadium trekker til kysten. Det kan for eksempel være snakk om trekk til andre områder i søk etter føde. Om dette er daglige turer eller trekk som foregår over lengre tid er usikkert.

En del av de lokalkjente som ble intervjuet oppga å aldri ha sett oter ved Rotevatn. Dette skyldes trolig det faktum at oteren er sky og nattaktiv, og selv ved fast forekomst i befolkede områder er det ikke vanlig å se den. Spesielt sky er moren med unger i yngletiden. Finn Gregersen var selv på leting etter oter ved de to befaringsdagene uten å få sett annet enn noen spor og sportegn.



Figur 8 Store mengder steinrøyser gir skjul for oteren langs landet på nordøstsiden av Rotevatn.

2.3 Fotodokumentasjon

Et betydelig volum av fotodokumentasjon samlet inn ved hjelp av viltkamera har blitt gjort tilgjengelig for oss (se figur 9 og 10). Materialet består av 145 stillbilder og 56 filmklipp, hovedsakelig fra antatt yngleområde ved Rotevatnet. Noe av materialet stammer også fra Rotevasselva nær utløpet til Rotevatnet. Filmklippene er i hovedsak 15 sekunder lange automatisk filmede klipp fra et viltkamera. Bildene og filmopptakene stammer fra tidsrommet 3. mai 2017 til 23. august 2017. Ut fra materialet er det tydelig at det er snakk om flere individer av oter. Det er også filmet ulik atferd, blant annet fødesøk, spising og soving/hvile.



Figur 9: Et utvalg nattbilder tatt med viltkamera våren/sommeren 2017.



Figur 10: Et utvalg dagbilder tatt med viltkamera våren/sommeren 2017.

2.4 Gjennomgang av relevant vitenskapelig litteratur

De europeiske bestandene av oter sett under ett hadde en dramatisk negativ bestandsutvikling i andre halvdel av 1900-tallet (se for eksempel Conroy & Chanin, 2000 og Prigioni m.fl. 2007). Denne utviklingen tilskrives en kombinasjon av kjemisk forurensning, unaturlig avgang som følge av jakt og påkjørsler og fragmentering og degradering av habitat. I Norge beskrives bestandsutviklingen som synkende allerede fra starten av 1900-tallet, men fra ca 1970 og 80-tallet har deler av landet hatt en positiv bestandsutvikling (Heggberget, 1996). Denne positive endringen startet først i Nord-Norge og bredte seg sørover langs kysten så langt som til Sogn og Fjordane. Undersøkelser som er gjennomført tyder på at bestandstettheten for oter i Norge sett under ett har vært relativt stabil fra 1990-tallet til ca 2010 (van Dijk m.fl. 2016). Etter dette økte bestandstettheten nokså markant et par år for deretter å gå ned igjen frem til 2015. Fra 1990-tallet og frem til i dag ser man at utbredelsen til arten øker relativt kraftig frem til ca 2012, for så å flate ut. Bestandsstatusen til oter i Norge er relativt usikker, noe som er en medvirkende årsak til at den har havnet på rødlista i kategorien sårbar.

Det er gjennomført flere studier av miljøfaktorer som påvirker tilstedeværelse av oter. Disse er i all hovedsak fra det kontinentale Europa, men funnene har relevans også for denne arten i Norge. Disse studiene har noe ulike funn, men også noen fellestrekk. En studie fra Ungarn indikerer at oterne er overaskende tolerante med hensyn til menneskelige forstyrrelser, men svært følsomme for degradering av den vassdragsnære vegetasjonen og reduksjon i vanndybde (Kemenes & Demeter, 1995). En annen studie fra Romania viser at tegn på tilstedeværelsen av oter ble funnet, også i områder med intensiv menneskelig aktivitet som for eksempel tilstedeværelse av vei og jernbane, fiske og tilstedeværelsen av beitedyr (Bouros, 2015). I en tredje studie fra Polen viste forskere at oter foretrekker vide elver med kantvegetasjon, mens tilstedeværelsen av bygninger og fysiske inngrep i elvestrengen påvirket sannsynligheten for tilstedeværelse av arten negativt (Romanowski m.fl., 2013).

En statusrapport for oter i Portugal peker på klimaendringer, endringer i kantvegetasjon, forurensning, vannuttak, redusert næringstilgang og menneskelige forstyrrelser som de viktigste truslene for oter (Pedroso m.fl., 2014). Flere av de samme faktorene påpekes av Heggberget (1996) som lister opp miljøgifter og annen forurensning, habitatfragmentering og ulovlig fjerning av oter som de viktigste truslene mot norske oterbestander.

Relevant forskningslitteratur, studier av bestandsutviklingen i Norge og generell kunnskap om oterbiologi gir oss en del nyttig informasjon for vurderinger knyttet til effekten av en planlagt tursti/turvei ved Rotevatnet. Oteren er relativt tolerant for forstyrrelser, så lenge disse ikke direkte påvirker de mest sårbare funksjonsområdene for arten som yngleområde og dagleie. Oteren kan til en viss grad tolerere menneskelige forstyrrelser og inngrep i sitt leveområde dersom man bevarer kantvegetasjon og ikke reduserer næringstilgangen.

3 Oppsummering av resultater og verdisetting

Ut fra egne feltundersøkelser, sammenholdt med intervjuer og videomateriale gjort tilgjengelig for oss, mener vi det er overveiende sannsynlig at en familiegruppe av oter har tilhold i Rotevatn. Oteren ser ut til å ha ulike funksjonsområder knyttet til Rotevatnet og bruker også kysten utenfor Volda som del av sitt leveområde. Bildemateriale og øvrige funn og observasjoner gir også sterke indikasjoner på at det foregår yngling i Rotevatnområdet. For å kunne verifisere dette må imidlertid mer inngående undersøkelser gjennomføres.

Vi har avgrenset viktige funksjonsområder for oteren på kart ut ifra feltarbeidet, intervjuer, fotomateriale og fagkunnskap om oter. Dette gjelder potensielt hiområde, viktige ernæringsområder og vandringsveger (figur 7). Når vi sammenholder funksjonsområdene for oteren med planområdet for tiltaket (figur 2) ser vi at dette i stor grad overlapper. Dette betyr at området som turstien/turveien skal løpe gjennom har en verdi for oterens vedkommende. I henhold til standard konsekvensutredningsmetodikk (Vegvesenets håndbok v712) vil slike funksjonsområder for oter få 2-4 viltvekter, noe som tilsvarer regionale naturverdier og dermed gir en middels stor verdi etter KU-metodikken.

4 Vurderinger av virkningen av turstien/turvei

En ny tursti/turvei av den størrelsen som skisseres i nåværende plan vil utvilsomt representere en betydelig endringsfaktor i viktige funksjonsområder for oteren. Traseen er plassert ytterst i en relativt urørt del av strandsonen stort sett hele veien, og oppå strukturene (steinrøysene) som er potensielt skjulested og habitat for oteren og andre arter. Dette er problematisk for oteren både fordi det vil føre til arealtap og økte forstyrrelser i strandsonen og fordi det bryter opp og forringer de kvalitetene som mange dyr søker etter, spesielt i yngletiden (fred og ro). Dette har et stort negativt omfang ovenfor oter og naturverdier som er viktig for å definere deres leveområde og habitater. Dersom vi kombinerer den middels store verdien for tema «oter» med dette store negative omfanget vil dette medføre en middels til stor negativ konsekvens i henhold til standard konsekvensutredningsmetodikk (Vegvesenets håndbok v712).

Konsekvensen er særlig knyttet til den økte ferdsele med påfølgende forstyrrelser i antatt sårbare områder, men også arealtapet og habitatkvalitetsreduksjonen i strandsonen er vesentlig.

Vår vurdering er derfor at en tursti/turvei av de dimensjonene som her er presentert vil kunne få et stort negativt omfang for oterens leveområde, yngleområde og ernæringsområde dersom man ikke iverksetter gode og målrettede avbøtende tiltak. Det finnes en rekke avbøtende tiltak som i betydelig grad kan redusere konsekvensen av tiltaket, herunder justering av trasé slik at dette i mindre grad kommer i konflikt med oterens leveområder.

For å kunne iverksette gode avbøtende tiltak kreves imidlertid et bedre kunnskapsgrunnlag. Det bør derfor gjennomføres en naturmiljøkartlegging med tilhørende målrettet feltarbeid for å avdekke naturtyper, viltbiotoper, rødlistearter og ferskvannslokaliteter etter spesifisert metodikk (etter Miljødirektoratets håndbøker). Denne kunnskapen er vesentlig dersom man ønsker å vurdere andre trasealternativer og justeringer av detaljer ved tiltaket.

5 Avbøtende tiltak som bør vurderes

Ulike typer avbøtende tiltak kan iverksettes for å dempe den negative virkningen av tiltaket. Det har ikke vært denne utredningens mandat å detaljere dette, men nedenfor beskrives kort enkelte tiltak som kan være aktuelle ved etableringen av turstien/turveien. Slik planlegging kan gjerne koordineres med overordnet forvaltningsmyndighet og i samarbeid med frivillige organisasjoner/lokalbefolkningen. Vi anser det som sannsynlig at det vil være mulig å gjennomføre tiltaket uten vesentlige negative virkninger på oterbestanden dersom avbøtende tiltak utredes grundig og implementeres i prosjektet.

5.1 Nytt trasealternativ

Det bør gjøres forsøk på å legge om traseen slik at den får større fysisk avstand til viktige oterbiotoper (figur 7). For å kunne legge en ny trase som minimerer inngrep i viktige leveområder for oter kreves mer detaljkunnskap om oterens habitatbruk.

Et generelt råd er å trekke veien lengst mulig unna vassdrag og kantsoner siden det er her man gjerne finner de høyeste naturverdiene for oter og andre viltarter. Det er også viktig å trekke tiltaket unna vassdrag for å redusere belastningen på vannmiljøet. Intakte, ufragmenterte kantsoner er viktig i ivaretagelsen av vannkvalitet.

5.2 Tilpasset belysning av traseen

Belysning vil øke belastningen på naturmiljø ved økt ferdsel i en tid på døgnet da dyrelivet er ekstra sensitivt (Kraabøl m.fl. 2017). Det vurderes som problematisk dersom det etableres en belysning som ensidig tar høyde for generelle krav for belysning av turstier og gangveier. Det bør etableres et spesifikt lysregime som skyggelegger viktige krysningspunkt. I tillegg bør belysningen være avslått i mesteparten av døgnets mørke timer. Som regel vil dette kunne la seg kombinere med befolkningens ønske om belysning ettersom turgåing og mosjonering ofte foregår om kvelden (og i liten grad utover natten).

5.3 Ferdelsesregulerende tiltak

Tiltaket medfører opplagt økt ferdsel av mennesker. Dette vurderes som uheldig i denne delen av vatnet som fungerer som et egnet refugium for viltarter, inkludert oter, i dette tettstedsnære landskapet. Man må vurdere ferdelsesregulerende tiltak, for eksempel i de mørke timene av døgnet kombinert med tilpasset belysning og mørklegging av de mest sårbare områdene.

6 Oppfølgende undersøkelser

For å være i stand til å planlegge en ny trase som minimerer naturmiljøinngrep må det innhentes mer detaljkunnskap om oterens habitatbruk.

6.1 Merkestudier

Radiotelemetri og GPS-merking for å avdekke familiegruppens arealbruk bør ideelt sett gjennomføres både før og etter tiltaket.

6.2 Genetikkprosjekt

For å avdekke stabiliteten i denne bestanden, antall dyr i bestanden og innblandingen av dyr utenfra kan det gjennomføres et genetisk studie. Metodikken består av å samle inn avføring og/eller hårprøver som analyseres.

6.3 Gjennomføre en tilfredsstillende naturmiljøkartlegging

Vi anbefaler at det gjennomføres en standard naturmiljøkartlegging i samsvar med sakens omfang og natur. Dette vil si en kartlegging i henhold til Miljødirektoratets håndbøker og retningslinjer beskrevet i Vannforskriftsarbeidet (se Vannportalen).

7 Referanser

Bouros, G. 2015. Assessing small hydropower plants impact on Eurasian otter. Case study: the Buzău River, Romania. *Studia Biologia*, 60(1): 119-135.

Conroy, J.W.H. & Chanin, P.R.F. 2002. The status of the Eurasian otter (*Lutra lutra*) in Europe - A review. I: Conroy J.W.H., Yoxon P., Gutleb A.C. (red), Proceedings of the First Otter Toxicology Conference. Journal of the International Otter Survival Fund, 1: 7–28

Heggberget, T. M. 1996. En kunnskapsoversikt for eurasiatisk oter *Lutra lutra*; grunnlag for en forvaltningsplan. NINA Oppdragsmelding, 439: 1-31.

Kemenes, I. & Demeter, A. 1995 A predictive model of the effect of environmental factors on the occurrence of otters (*Lutra lutra* L.) in Hungary. Hystrix, 7: 209–218.

Kraabøl, M., Gregersen, F, Bottheim, R.M. 2017. Virkninger av belysning på naturmangfold i Østensjøvannet naturreservat. Oppdragsrapport 130116-01-RIM-RAP-01

Olsen, O. & Gaarder, G. 2012. Naturfagleg vurdering av tursti rundt Rotevatnet i Volda kommune. Miljøfaglig Utredning notat 2012-30. 14 s. + vedlegg

Pedroso, N.M., Sales-Luis, T. & Santos-Reis, M. 2014. The Eurasian otter *Lutra lutra* (Linnaeus, 1758) in Portugal. Munibe Monographs. Nature Series. 3. 133-144.

Prigioni, C., Balestrieri, A. & Remonti, L. 2007. Decline and recovery in otter *Lutra lutra* populations in Italy. Mammal Review, 37: 71-79

Romanowski J., Brzeziński M., Żmihorski M. 2012 – Habitat correlates of the Eurasian otter (*Lutra lutra*) recolonizing Central Poland – Acta Theriologica. 58: 149–155

Van Dijk, J., May, R., Hamre, Ø. & Solem, M. I. 2016. Kartlegging av oterfallvilt for perioden 2011-2015 og verifisering av otertilstedeværelse i ulike deler av Norge. NINA Rapport 1229. 32 s.

8 Intervjuobjekter

Audhild Gregoriusdatter Rotevatn

Greg Rotevatn

Bjørn Magnar Rotevatn

Per Martin Vikene

Tormod Utne

Siw Rotevatn Vikene

Referat

tlf - møte 05.12.2017

Norsk institutt for naturforskning (NINA) v/ forskar Jiska van Dijk og
Volda kommune v/Torgeir Stensø

Grunnlagsdokument for møtet (oversendt til NINA):

Reguleringsplan turveg Rotevatnet (plankart)

Oterbestand i Rotevatnet, Volda kommune og potensiell påvirkning av tursti/turvei - Multiconsult AS
(rapport)

Bakgrunn for tlf - møtet:

I samband med innhenting av kunnskapsgrunnlag jf naturmangfaldslova §8 - knytt til reguleringsplan turveg Rotevatnet - har viltseksjonen i Miljødirektoratet anbefalt Volda kommune å ta kontakt med Norsk institutt for naturforskning v/forskar Jiska van Dijk i spørsmål om korleis aktuelle omsyn til arten oter kan takast.

Innspel/råd:

Erfaringar som er gjort m.a. ved Nidelva i Trondheim, ved Lundesokna (Lundamo, Sør Trøndelag), og Surna (Møre og Romsdal) viser at oteren har relativt godt utvikla evner til å tilpasse seg menneskeleg aktivitet og urbane tilhøve. Oteren opererer også ofte med alternative hi-stader og flytter gjerne fram og tilbake mellom ulike lokasjonar.

Ut ifrå erfaringar frå observasjon av bynære oterhabitat samt vurdering relatert til forskning om oterens levesett, vil behovet for å gjere endringar i vedteken *reguleringsplan turveg Rotevatnet* vere relativt moderat. Med sikte på ei betre tilpassing av oteren sin aktivitet og leveområde bør minimalt 25 til 30 meter randsoner mellom vatnet og den planlagde stien med innslag av steinrøyser, gras, plantar, buskar og trær som gir skjul for oteren ivaretakast. Ut frå tilsendt dokumentasjon kan det konkluderast med at tiltaka som reguleringsplanen legg til rette for synest å vere planlagt på ein måte som mogleggjer sameining av både friluftsiinteressar/folkehelseomsyn og omsynet til viltet slik at desse kan fungere side om side. Det er likevel verdt å nemne at det ved utløp av bekkar og elvar bør etablerast breiare randsoner mellom vatnet og turvegen, dette for å sikre at oteren kan skaffe seg mat utan å verte uroa.

Ut fra tilsendt dokumentasjon bør reguleringsplanen såleis kunne gjennomførast slik han er godkjent, utan store omleggingar av sjølve turvegtrasèen, så sant ovannemnde tilhøve vert ivareteke.

Før oppstart med turvegbygging bør ein gjennomføre kartlegging som avdekkjer favorittstadane for oteren. Dersom det vert gjort funn av slike stader og planlagt turvegtrasè vert liggande i eller inntil desse bør mindre justeringar av trasèen kunne gjerast. Slik kartlegging er gunstig å gjennomføre på snødekt terreng t.d. i januar eller februar månad, eventuelt supplert med kartlegging av aktivitetsteikn om hausten. Ekskrement, spor, matrestar og glidebanar i retning vatn er teikn ein ser etter ved slike feltobservasjonar/kartleggingar.

Turvegen bør byggast i etappar slik at det vert lagt inn ei viss tilvenningstid for viltet. Oteren vil gjerne flytte på seg når endringar i nærleiken av opphaldsområde skjer – og ofte kome tilbake når tiltak er gjennomført og ferdselen i området stabiliserer seg.

Frå ein fagleg ståstad og bortsett frå å gjennomføre kartlegging som avdekker favorittstadane for oteren helst to gongar (vinter og haust), synest det ikkje å vere grunnlag for å bruke ytterlegare resursar - enn det kommunen som planansvarleg allereie har gjort - på kartlegging av oterens habitatbruk. Kunnskapsgrunnlaget i hht naturmangfaldslova vert såleis vurdert som tilstrekkeleg dokumentert.

Når turveganlegget er ferdig bør ein gjennomføre same type kartlegging av oteren sine favorittstader som før anleggsoppstart for å kunne dokumentere eventuelle endringar.

Dersom det er aktuelt med veglys langs turvegen kan ein som avbøtande tiltak etablere ei ordning der lyset vert slått av om natta. Dette fordi oteren er mest aktiv på denne tida av døgret og kan verte forstyrra.

Trondheim/Volda 05.12.2017

Jiska van Dijk
forskar
Norsk institutt for naturforskning

Torgeir Stensø
sakshandsamar
Volda kommune

Bjørn M. Rotevatn, Siw Rotevatn Vikene og Per Martin Vikene
Botnavegen 16
6104 VOLDA

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Volda 21. mai 2017

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal

KLAGE PÅ PLANGODKJENNING TURVEG ROTEVATNET (Arkivsaknr 2012/151)

Viser til handsaming i Volda kommunestyre 27. april 2017. Vi klagar med dette på vedtaket som vart gjort. Informasjon om vedtak vart motteke 3. mai, og klagen er sett fram innan fristen.

Reguleringsføresegna og bruk av «kan»-formulering:

Viser til veileder for reguleringsplaner T-1490 s.47:

For å unngå for stort tolkningsrom må bestemmelser være skrevet i 'skal'-form. Det må gå klart frem hvilke formål de skal gjelde for, og det bør vises til rett hjemmel for formålet (jf. pbl § 12-5).

Bruken av kan-formuleringar skal ikkje førekome i reguleringsføresegna då vilkåra for tiltak ikkje er opplyst. Det er for grunneigarane i område uklart kva kriterier kommunen legg til grunn ved vurdering om det vert gjeve løyve til tiltak. Viser som døme til § 3.1.1., bokstav b, *Tiltak som vert gjennomført for å rydde og tilbakeføre strandområdet til opphavelig naturterreng kan gjennomførast, men etter godkjent plan.* Er det berre ein plan for rydding som vert krevd? Og kva type plan skal det vere?

Bruken av kan-formulering i føresegna skal ikkje førekome. Då vil det i praksis vere ei «retningslinje» og ikkje ei føresegn. Dette er sakshandsamingsfeil frå kommunen.

Manglar i planomtalen.

Vi viser til utkast til ny rettleiar for reguleringsplanar datert 15.02.2017

(https://www.regjeringen.no/contentassets/0f066ff0c1b84446bc7a886402dca611/reguleringsplannveileder_15feb2017.pdf)

Formålet med planbeskrivelsen: Alle reguleringsplaner utarbeidet etter plan- og bygningsloven av 2008 skal bestå av plankart, bestemmelser og planbeskrivelse. Planbeskrivelsen skal inngå i kommunens planregister sammen med plankart og reguleringsbestemmelser, og den må være oppdatert når det gjelder den planløsningen kommunestyret har vedtatt. Planbeskrivelsen skal inngå i planforslaget som sendes på høring. Mangler ved planbeskrivelsen vil kunne være en saksbehandlingsfeil.

Vi meiner at i planomtalen for turvegen rundt Rotevatnet er det peika på fleire manglar og faktafeil. Vedtaket som Kommunestyret har gjort er såleis basert på eit sviktande faktagrunnlag som vi meiner absolutt kunne ført til eit anna vedtak hadde kommunestyrerepresentantane vore gjort merksame på dette. Fakta som er påpeika frå grunneigarane er nærmast bagatellisert av

administrasjonen og dette strid også mot Kommuneloven § 23 nr. 2 som seier at *Administrasjonssjefen (herunder rådmannen) skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet...* Vi kan ikkje sjå at dette har blitt gjort i denne saka og klagar derfor på vedtaket då det er gjort vedtak på feil faktagrunnlag.

Naturmangfaldslova §8 kunnskapsgrunnlaget - vurderingar knytt til naturfagleg rapport

I den nye planomtalen forsøker sakshandsamar å klargjere eitt av punkta det var tvil om i førre handsaming. Det er no sendt e-post til Miljøfaglig utredning AS med spørsmål om korleis dei vurderte oppdraget sidan omgrepet tursti i stor grad var nytta. Selskapet «antar» at vurderingane også omfattar det ein vanlegvis oppfatar som turveg. Selskapet unnlèt framleis skrive ei tydleg stadfesting om at rapporten vart utarbeidd på grunnlag av planlagd turveg der inngrepet til saman omfattar 6 meter breidde inkl. skuldrar og grøfter.

Vi har i e-post frå sakshandsamar 10. juli 2014 fått stadfesta at skriftleg spesifisering **ikkje** var sett opp i samband med bestillinga. Breidda på turvegen er såleis ikkje spesifisert på anna enn skisser over planområdet.

I samband med bestilling av rapporten 16. mars 2012 spesifiserer sakshandsamar i kommunen at ein først og fremst ønskjer fokus på fuglelivet. Det er også notert at andre sider av det biologiske mangfaldet kan vere fornuftig å få registrert. Av tilbodet frå Miljøfaglig utredning AS 02. april 2012 går det fram at ein vil kontrollere offentlege kjelder, og i tillegg vil det vere nødvendig med supplerande feltarbeid, både retta mot naturtypar og våtmarksfugl. Pattedyr er ikkje nemnt.

I samband med førre klagehandsaming sendte vi fotodokumentasjon av oter henta frå viltkamera vi sette ut etter vedtak vart gjort. Vi hadde også vitneobservasjonar av ynglande oter i området. I samband med kommunestyret si nye handsaming av saka i 2017 har vi også denne gongen sett ut viltkamera. Kommunen har ikkje gjort tiltak i tidsrommet mellom 2014-2017 for å innhente ny kunnskap knytt til den raudlista oteren som er dokumentert. Vi har nye fotografi og video som dokumenterer oter **3. mai, 5. mai, 6. mai, 9. mai, 16. mai, 18. mai og 19. mai**. Av bilete og video går det fram at det er otrar av ulik storleik. Eit utval bilete er vedlagt, og video vert sendt inn i samband med klage frå Tormod Utne og Audhild Gregoriusdotter Rotevatn. Video viser tydleg at det er fleire ulike otrar.

Ein fellesnemnar er også at dei nytter same inngangsparti i steinfyllinga som turvegen skal krysse. Etter vår vurdering er dette såleis ikkje streifdyr som rapporten antyder, men at turvegen er planlagd **midt gjennom den raudlista oteren sitt habitat**. Dette nemner ikkje rapporten i det heile, og det er heller ikkje gjort nye forsøk på å oppdatere kunnskapsgrunnlaget i samband med den nye saka. Dette kan ha samanheng med kva oppdrag kommunen faktisk bestilte frå Miljøfaglig utredning AS.

I denne saka har kommunen framleis valt å ikkje ta omsyn til faglege råd frå Norsk Ornitologisk foreining i førre handsaming av saka. Dette kombinert med manglande spesifisering av tiltaket, og vår vedlagde dokumentasjon på raudlista oter som har habitat i området, gjer at vi meiner at den naturfaglege rapporten ikkje er dekkande kunnskapsgrunnlag etter naturmangfaldslova §8. Kommunen har prøvd å belyse nokre av punkta i ny planomtale, men bestillinga er framleis gjort på uklare premiss.

Naturmangfaldslova §9 Føre-var-prinsippet

Basert på dei siste endringane i planen konkluderer kommunen med at tiltaket er venta å ha – liten/inkje negativ verknad på naturmangfaldet. Eitt av argumenta i denne vurderinga er at ein har flytta traséen noko lenger unna vasskanten i området Bukta. I kapittel 5 i naturfagleg rapport går det fram at avbøtande tiltak er å legge stien tilstrekkeleg langt frå vasskanten særleg i området frå Bukta til utløpsosen av Storeelva. Miljøfaglig utredning skriv «*Om avbøtande tiltaka vert følgd opp, blir vurdering for omfang og verknad for vassfugl lite/inkje negativ.*» Slik justering av trasé er ikkje gjort i saka anna enn ved eit lite område i Bukta. Etter vår vurdering er det feil å nytte liten/inkje negativ verknad sidan traséen ikkje er justert slik rapporten skildrar.

Forvaltninga har plikt til å reagere og gjere nødvendige grep når det er risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet. Forvaltninga har også ei handlingsplikt der ein art eller naturtype går sterkt tilbake. I slike tilfelle må forvaltninga vurdere kva som skal gjerast for å unngå irreversibel skade på arten eller naturtypen. Dette er etter vår vurdering ikkje utført i handsaminga av turvegen. Vi tenkjer då både på fuglelivet, oter og landskapet i Bukta.

I denne saka er det altså 10 raudlista artar i området, og likevel vurderer ein at intensjonen med turvegen er viktigare enn naturmangfaldet. Samtidig har kommunestyret i sitt vedtak valt å ikkje følgje administrasjonen si tilråding med tanke på oreigning. Vi må då forstå kommunestyret slik at dei vurderer at planen er meir til skade enn til gagn. I denne saka har også kommunen fått motstridande faglege råd, men valt å ikkje ta omsyn til Norsk Ornitologisk Forening i førre handsaming av saka. Dette er også kommentert av Fylkesmannen i samband med tidlegare klage. I slike situasjonar vil det vere naturleg å tillegge føre-var-prinsippet i §9 meir vekt i saka, jf rettleiaren frå Miljøverndepartementet.

Naturmangfaldslova §10 Økosystemtilnærming

I planomtalen vel kommunen å vurdere dette punktet basert på ein definisjon der også menneske er definert som ein del av økosystemet, og at dermed folkehelse veg opp for dei negative verknadane. I følgje rettleiar frå Miljødepartementet er økosystem definert slik : «Et mer eller mindre velavgrenset og ensartet natursystem der samfunn av planter, dyr, sopp og mikroorganismer fungerer i samspill innbyrdes og med det ikke-levende miljøet». Kommunen si vurdering av punktet er såleis ikkje i samsvar med rettleiar frå Miljøverndepartementet, og ei slik framstilling kan også ha påverka beslutningstakar. Folkehelse er ikkje relevant i denne vurderinga etter §10.

I planomtalen vert det elles skrive at: «Verknaden av den samla belastninga for landskap, økosystem, naturtypar og artar er gitt ei tilstrekkeleg fagleg fundert vurdering.» Vi ønskjer å framheve spesielt to punkt vi reagerer på i forhold til dette.

- Oter:
 - Den raudlista oteren er tidlegare nemnt i klagen, og vi legg ved ny dokumentasjon. Kommunen har ikkje gjort tiltak for å dokumentere dette sjølve i perioda 2014-2017.
- Bukta:
 - Ved Bukta går planlagd trasé rett gjennom myrområde, og også over moldholene i området. Det er også området ved bukta som har rikast fugleliv. Det er teke inn eit punkt i reguleringsføresegnene der det går fram at moldholene skal omsyntakast i størst mogleg grad. **Likevel har ein lagt traséen rett over fleire av desse.** Vi har gjort målingar som viser djupne frå 2 til 4 meter i området. Vi har hatt dialog med profesjonell entreprenør om saka. Han opplyser at dersom veg skal kunne nyttast slik planomtalen viser til tyngre køyretøy må all myr i

traséen gravast opp og fyllast med berande masse. Det er openbart at eit inngrep på 6 meter i Bukta – med 2-4 meters djupne får store konsekvensar. Når ein i tillegg skal kombinere dette med belysning langs traséen **vil heile våtmarksområdet verte øydelagt og tørrlagt for all framtid**. Fuglelivet slik vi kjenner det i dag, vil aldri bli det same.

Med bakgrunn i vurderingane ovanfor meiner vi at kommunen ikkje har belyst §10 Økosystemtilnærming tilstrekkeleg, og vurderinga er delvis gjort på feil grunnlag sidan ein ikkje har fylgt definisjonen frå departementet.

Landbruk og kulturlandskap

Konsekvensane for landbruket er kommentert i fleire tidlegare klagar og innspel i høyringsrundane. Vi reknar med desse følgjer saka til Fylkesmannen. Likevel unnlét ein å svare på problemstillingane i utgreiingane – men løyser saka i staden ved å sette det som rekkefølgekrav i føresegnene. Vegen vil i stor grad hindre framtidig landbruksdrift på dei 16 bruka langs vatnet.

Vi ber også om at Fylkesmannen legge merke at kommunen sin tidlegare omtale av landbruket var feil då dei tidlegare har skrive at det ikkje er aktiv landbruksdrift i området. Dette er no justert til at det er tradisjonell drift i ny planomtale. **Ein slik mangel i opphaveleg planomtale vil sjølvsagt også ha påverka fleire høyringsinstansar sidan dei då har uttalt seg på eit feil grunnlag**. I kva grad dette også har påverka Miljøfagleg utredning er vanskeleg å seie, men det tyder på at kunnskapsgrunnlaget har vore mangelfullt.

Totalt areal innanfor plangrensa er **87,8 da**. Dette er eit svært stort inngrep.

Jordvern er ikkje ei særinteresse, men ei samfunnssak. Regjeringa har laga ein nasjonal jordvernstrategi som Stortinget handsama 08.12.2015. I vedtaket fastsette Stortinget eit mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord må vere under 4000 dekar. Det er kommunen og fylkeskommunen som må sørge for at dette målet vert nådd.

I Prop. 127 S (2014–2015) i samband med jordbruksoppgjeret går det fram at ca 2000 da er nedbygd i Møre og Romsdal knytt til vedtak i samband med plan og bygningslova i tidsrommet 2007-2013. Dette tilsvarer ca 300 da årleg. No ønskjer Volda kommune med denne planen å omdisponere eit areal tilsvarande 11 fotballbaner med storleik som Ullevål stadion. Dette er eit enormt inngrep i høve landbruket og kulturlandskapet.


Kommunestyret har også i siste vedtak stadfesta at vegen **IKKJE** er til meir gagn enn skade, og det er såleis ikkje opna for oreigning. Likevel legg ein opp til reguleringsføresegner som hindrar landbruket, og bøndene vert pålagde å vurdere alternativ lokalisering av tiltak i staden for området ved vatnet.

Slik vi forstår plan og bygningslova sitt krav ang ekspropriasjon kan ikkje dette nyttast for anna enn sjølv turveg-traseen. Paragrafen kan ikkje nyttast når det gjeld grunn som i planen er sett av til landbruk slik store deler av området utanom traséen er (LNF-område). Likevel legg kommunen slik avgrensing i bruken. Sidan kommunestyret har stadfesta at planen **IKKJE** er meir til gagn enn til skade ber vi Fylkesmannen vurdere om kommunen har høve til å nytte føresegner som i praksis hindrar all landbruksdrift mellom turveg og Rotevatnet. Vi siktar blant anna til §3.1a som medfører at vi må søkje kommunen for alt landbruksrelatert arbeid. Dette medfører at vi også må søkje kommunen om å felle eit tre ved Rotevatnet.

Alternativ vegtrasé

Vi saknar framleis ei vurdering av alternativ vegtrasé i planframlegget. Det er skrive at andre traseval er vurdert, men desse er ikkje funne tilrådelege då dei anten fører til oppsplitting av landbruksareal eller dei vert mindre interessante i høve friluftssinteressene. Punktet om friluftssinteresser må etter vår vurdering vere irrelevant i vurderinga i høve naturmangfaldslova. Vi meiner alternativ trasé er nødvendig for å unngå området ved Bukta. Dette er også påpeika av Naturvernforbundet i høyringsrunda.


Nedanfor er utsnitt frå planframlegget som viser at vegen går rett gjennom området Miljøfagleg utredning AS er mest opptatt av å ta vare på. **I våtmarksområdet ved moldholdene er ikkje trasé justert i det heile, og vegen går rett gjennom desse.** Vi meiner det er underleg at ein ikkje har lykkast med eit anna traséval. Dersom dette har samanheng med at planområdet ein har til rådvelde i kommunedelplanen frå Bukta til Storelva ikkje opnar for å ta nødvendige omsyn, kan ikkje dette forsvare dei store øydeleggingane.



Vi ønskjer også å opplyse om at utbetring av Botnavegen no er i gong. I og med at Botnavegen også får gangveg får vi altså to meir eller mindre parallelle gangveggar rundt Rotevatnet som vedlagt skisse viser. Jamt over vil vegane ligge ca 200 meter frå kvarandre. Med bakgrunn i dei store øydeleggingane turvegen vil medføre både for naturmangfald og landbruk ser vi ikkje at folkehelseargument kan vege opp for dette. Dette er nærare skildra i dei ulike vurderingane våre knytt til naturmangfaldslova, blant anna dei store øydeleggingane inngrepet vil medføre i Bukta. Tidlegare situasjon var annleis då Botnavegen mangla gangveg.

Vi ber Fylkesmannen vurdere saka i nytt perspektiv med parallell gangveg. Vurderingane må sjåast i samanheng med nasjonal jordvernstrategi og større kunnskap om naturmangfald som blant anna oter-dokumentasjon syner. Samtidig er vurderinga av økosystem delvis basert på folkehelse som vert heilt feil i denne vurderinga.

Skisse over parallell gangveg:



Vi viser igjen til utkast til ny rettleiar for reguleringsplanar datert 15.02.2017

Mulighetsvurderinger (s.42)

I noen reguleringsplaner vil mulighetsvurderingene og medvirkningsprosessene kunne ha stor interesse for berørte og bør inngå i planbeskrivelsen når planen legges ut til høring og offentlig ettersyn. Berørte vil da kunne få mer informasjon om hva som har vært vurdert (alternativer), og hvorfor planforslaget er utformet som det er.

Mulighetsvurderingene vil også kunne være til nytte i planbeskrivelsen som følger den vedtatte planen, dersom de er med på å begrunne den vedtatte planløsningen.

Beskrivelse av planløsning med eventuelle alternativer Beskrivelsen av planløsningen er en viktig del av planbeskrivelsen og må på en god og presis måte beskrive hva den faktiske planløsningen omfatter. Det vil i de fleste reguleringsplaner være nødvendig med referanse til planformål, hensynssoner og bestemmelser for å gi en fullverdig beskrivelse av planløsningen. I beskrivelsen av planløsning bør det gå frem hvordan ulike interesser og hensyn er ivarettatt på en etterrettelig og etterprøvbart måte. Beskrivelsen av planløsning skal ikke være et «salgsdokument», men gi en ryddig og relevant beskrivelse.

I de reguleringsplanene der det følger med alternative løsninger til høring og offentlig ettersyn, må det gis en beskrivelse av de ulike alternativene som legges ut. Når planen er vedtatt må beskrivelsen av planløsning være rettet mot det vedtatte alternativet. De andre alternativene kan legges inn i mulighetsvurderingene dersom dette vurderes som hensiktsmessig.

Dette er heller ikkje gjort i denne saka. Beskrivelse av ulike alternativ og grunngeving ligg ikkje føre. **Vi meiner kommunen si handsaming knytt til alternativ trasé medfører sakshandsamingsfeil.**

Feil i risiko og sårbarheitsanalyse

I detaljreguleringsplanen er det gjennomført ROS-analyse. Det er kryssa «nei» på alle punkt i sjekklista. Det er ei kjent sak blant grunneigarane at området er flaumutsett i områda ved elvane og Bukta – og den skisserte vegen vil vere berørt av dette. Vi ønskjer å understreke at ROS-

analysen såleis er feil på punktet ang flaumfare – og at det er sakshandsamingsfeil i saka. Vi viser til offentlege kart frå NVE om flaumfare, desse er eintydige.

Konsekvensutgreiing

Basert på tidlegare gjeldande forskrift såg ikkje Fylkesmannen eit direkte krav om konsekvensutgreiing, men han påpeika tydeleg forvaltninga sitt sjølvstendige ansvar. Etter at tidlegare vedtak vart oppheva er det utarbeidd ny plan. Vi går då ut frå at det er forskrift om konsekvensutgreiing gjeldande frå 1. januar 2015 som skal nyttast i desse vurderingane ved ny handsaming. Vi ber på nytt om vurdering av konsekvensutgreiing i saka.

I samband med den nye planen er det no definert at det er aktiv landbruksdrift i planområdet. Samtidig har kommunestyret stadfesta at inngrepet er meir til skade enn til gagn ved å seie nei til punktet om oreigning. Vi ber Fylkesmannen vurdere krav til konsekvensutgreiing sett i samanheng med dette nye infrastrukturiltaket. Vi tenker då spesielt på vurderinga knytt til Vedlegg III:

h) større omdisponering av landbruks-, natur- og friluftslivsområder eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet,

Avslutningsvis

Volda kommune har i mange år arbeidd for å få regulert ein turveg rundt Rotevatnet. Dette arbeidet har dei «heimla» i kommunedelplan for Volda sentrum der turvegen er innteikna med raudt strek rundt vatnet for å vise ei svært grovteikna linje. Plan- og bygningslova krev sjølvstendig at det skal utarbeidast reguleringsplan for turvegen før ein kan gå vidare.

Intensjonen med «krav om reguleringsplan» er bla. å kunne framskaffe mest mogleg informasjon om *ideen om ein turveg*. Plan- og bygningslova krev vidare at alle grunneigarar og berørte partar skal høyrast i saka. Kommunen har gjort jobben sin og sendt saka på høyring til oss, men sett fullstendig vekk frå KVIFOR dei i det heile har sendt saka på høyring. Saka vert sjølvstendig sendt på høyring til oss som bur her for å få tak på den kunnskapen om området som ikkje er dokumentert. Alle kan leite opp i artsdatabanken og finne det som er registrert. Og i dette tilfellet, når grunneigarane reagerer, peikar på fleire faktafeil i saka, naturmangfald, landbruksinteresser, kulturminner osv. vert innspela bagatellisert og avfeia.

Er det slik å forstå at planarbeid berre er eit «nødvendig onde» for Volda kommune for å få kome i gang med prosjekta? Kan vi bruke det som står i arealdelen og som er vedteke på svært grove estimat og skjønnsom grunnlag for å presse gjennom eit reguleringsplanarbeid? Er det verkeleg slik å forstå at sidan det er vedteke i arealdelen så skal det gjennomførast utan å ta grunneigarane på alvor når dei kjem med sine innspel?

Vi er svært skuffa over kommunen si manglande evne og vilje til å finne løysingar som gagnar landbruket og som ikkje skadar naturmangfaldet. Det er høve til å snu i ei sak som dette, og det vil også vere det ansvarlege å gjere av kommunestyret som skal ta vare på alle i lokalsamfunnet, inkl. dei utan ei røyst.

Bjørn M. Rotevatn
Per Martin Vikene
Siw Rotevatn Vikene

Vedlegg:
Fotodokumentasjon av oter mai 2017

Dokumentasjon av oter – fotografi mai 2017. Alle bilete er stempla med dato og klokkeslett. Video vert levert i annan klage frå Tormod Utne og Audhild Gregoriusdotter Rotevatn.











Tormod Utne/Audhild G. Rotevatn
Vikebygdvegen 200
6104 VOLDA

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Volda 22. mai 2017

Klage på vedtak om turveg Rotevatnet, sak PS 42/17 27.04.2017

Underteikna er komande drivarar av Ivergarden, gnr 27/12, som vert råka av vedtaket. Vi har rettsleg klageinteresse fordi den foreslåtte turvegen går over eigedomen. Vi leverte høyringsfråsegn til reguleringsplan turveg Rotevatn, saksnr 2012/151, den 26.01.2016. Saka vart handsama i Volda kommunestyre 27.04.2017, og vi reknar oss som part i saka, sjølv om vi ikkje har motteke noko melding om vedtak m/klagefrist.

Etter plan- og bygningslova §§ 12-12, jf. §§ 1-9 kan kommunestyret sitt endelege vedtak påklagast. Fylkesmannen er klageinstans, men klagen vert stila til Volda kommune med kopi til Fylkesmannen. Hvis kommunen held fast ved vedtaket etter klagen, skal saka sendast til Fylkesmannen.

1. Naturmangfald og naturfagleg vurdering

Reguleringsplanen vil få store konsekvensar for kultur- og jordbruksområdet nordaust for Rotevatnet i Volda. Det planlagde veganlegget - med seks meter breidde, brukonstruksjonar og veglys - vil utan tvil få konsekvensar for naturmangfaldet (sjå dokumentasjon seinare i klagen). Difor må tiltaket bli vurdert opp mot føresegnene i naturmangfoldlova (NML). Som Fylkesmannen peikar på i si motsegn og oppheving av førre vedtak av 02.09.2015, skal prinsippa i NML §§ 8-12 leggjast til grunn som retningsliner. Dette treng ikkje vere utslagsgivande, men merk at det i kommunestyret denne gongen var eit fleirtal (14 mot 13) som meinte plana ikkje var meir til gagn enn til skade. Dette inneber mellom anna at kommunen per i dag ikkje har grunnlag for å gå til oreigning. Med den pågåande bygginga av gangveg langs Botnavegen, parallelt med turvegen (90-200 meter ved sidan av), er det ikkje lenger grunnlag for å hevde at samfunnsomsynet kan vege tyngre enn omsynet til naturmangfaldet. Politikarane i Volda har snudd i denne saka og det gjer at NML blir endå meir vesentleg å oppfylle.

Det som ikkje har endra seg, er naturrapporten til kommuna. Dei legg same, gamle rapport frå Miljøfagleg Utredning AS til grunn, som er basert på ein dags befarung og skriven i 2012, etter bestilling av sakshandsamar Torgeir Stensø.

I kommuna si reguleringsplan om naturmangfald/biologisk mangfald heiter det at *“Det er ikkje påvist verdifulle naturtypelokalitetar, raudlista plantar eller naturtypeavgrensingar og naturmangfaldet innan planområdet er samla vurdert å ha liten verdi”*.

Dette er ei grov fordreiing av verkelegheita. Det er minst ni raudlista fuglearter i dette naturområdet (Naturfagleg Utredning AS). Dessutan er ikkje den truga oterbestanden (raudlista, VU) nemd, korkje i miljørapporten si artsliste (s. 16-17) eller i kommunedelplanen som kommunestyret har vedteke. Våre varsel og dokumentasjon av førekomsten er ikkje teke omsyn til og gjort kjend for vedtakande mynde. Mangelen på ei fagleg god konsekvensutgreiing kan få særslv alvorlege miljøkonsekvensar, og kommuna set seg med ei slik sakshandsaming sjølv i fare for å skade raudlista artar.

Kommuna peikar på at dei gjennom miljørapporten “Naturfagleg vurdering av natursti rundt Rotevatnet i Volda kommune” (29.05.2012) har utreda konsekvensar for natur og miljø langs vatnet. Men rapporten er blitt til på feilaktige premiss, og dokumentasjon viser at konsulentane ikkje visste omfanget av tiltaket dei utreda for.

Miljøfagleg Utredning AS har nemleg ikkje utreda ut ifrå korrekte fysiske utbyggingstiltak, slik forskrifta krev.

Reguleringsplanar som inneheld tiltak nemnd i vedlegg II (veg i pkt. 24) i Forskrift om konsekvensutredningar skal verte vurdert etter forskrifta si § 4. I § 4 står det at planer skal konsekvensutgreiast hvis dei

- *a) er lokalisert i eller kommer i konflikt med viktige inngrepsfrie naturområder eller utgjør en trussel mot truede naturtyper, truede arter eller deres leveområder, mot prioriterte arter eller deres funksjonsområder, mot utvalgte naturtyper, eller mot andre områder som er særlig viktige for naturens mangfold.*
- *f) innebærer større omdisponering av landbruks-, natur- og friluftslivsområder eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet.*

Vi meiner det konkrete tiltaket ikkje er tilfredsstillande greia ut på overordna plannivå. Vi meiner plana fell inn under både punkt a) og f) i lova. Utgreiinga av naturmangfaldet er mangelfull. I tillegg må naturressursar greiast ut som eit eige tema slik temaet er definert i Håndbok 140 (Statens vegvesen). Resultatet av slike utgreiingar må legge premissa for planutforminga med eventuelle avbøtande tiltak før eit nytt vedtak vert fatta.

Miljøfagleg Utredning AS har ikkje greia ut ifrå korrekte fysiske utbyggingstiltak, slik forskrifta krev av dei. Dei har fått i oppdrag å sjå på konsekvensane av ein “sti” og ikkje eit veganlegg på opptil seks meters breidde med gatebelysing og større brukonstruksjonar gjennom naturområdet (sjå td. reguleringsføresegner, § 3.1, s. 29). I planverket illustrerte kommuna stien ved å bruke bilete av eksisterande sti i Elvadalen på 1,5 meter, mens vegen faktisk er av ein heilt annan dimensjon. Som det heiter i lovteksten: “Fokuset i konsekvensutredning for reguleringsplaner (detaljregulering) vil være på *virkningene av det konkrete utbyggingstiltak som det reguleres for.*”

Her har Volda kommune sin sakshandsamar - bevisst eller ubevisst - begått ein grov sakshandsamingsfeil ved å unnlata å opplyse konsulenten som det konkrete utbyggingstiltaket sitt omfang.

Bestillinga av 16.03.2012 dokumenterer at Volda kommune ikkje har opplyst om *det konkrete utbyggingstiltak*, og kommunen sin planleggjar Torgeir Stensø bekreftar i ein annan epost at konsulentane ikkje fekk vite noko om vegen sitt fysiske omfang. Likevel er konsulentane sine konklusjonar om sti, brukt for å legitimere veganlegget i reguleringsplanen, trass i at dette først vert gjort synleg i Detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet av 06.05.2014, to år etter at miljørapporten vart skriven. Realiteten er at dei skulle ha kartlagt konsekvensane av eit veganlegg på til saman seks meters breidde, tre meter vegbane for å tole brøytebilar, søppelbilar etc, pluss opptil 1,5 meter skulder/skjæring på kvar side, samt gatelys - som openbart vil vere til skade for raudlista fugleartar og oterbestanden i rydningsrøysene kloss inntil.

Lagt ved klagen er kommuna si tinging av utgreiinga (epost frå T. Stensø av 16.03.2012), slik at Fylkesmannen sjølv kan sjå dokumentasjonen av det sviktande premisset. Vi viser elles til den følgjande, ytterlegare stadfestinga av uklårheita i epost frå Stensø til Per Martin Vikene av 10.07.2014: *“Då rapporten om biologisk mangfald for nord- og austsida av Rotevatnet vart tinga var det ikkje sett opp skriftleg spesifikasjon der aktuelle tiltak eller konkret arealbruk i planen, som t.d. breidde på turvegen, omfang av friområde, er beskrive i detalj.”*

Veganlegget som no er vedteke, vil ha heilt andre konsekvensar for miljømangfaldet enn den “råsa” som konsulentane fekk i oppdrag å vurdere konsekvensane av.

Var den korrekte storleiken på tiltaket faktisk opplyst? Nei, etter Fylkesmannen si oppheving av førre vedtak har Volda kommune prøvd å få ei avklaring av om rapporten er dekkjande for tiltaket, men klarer på ingen måte å stadfeste dette.

No er det særst viktig at Fylkesmannen går inn i ei nærare vurdering av om krava i naturmangfaldloven (NML) er oppfylt. På spørsmål frå kommuna til Miljøfagleg Utredning AS (14.10.2015), med svar 15.10.2015, stadfester faktisk konsulentane usikkerheit rundt om premissane var korrekte og til stade:

*“Akkurat skillet i begrepsbruk mellom “tursti” og “turveg” var nok ikke vi spesielt bevisst ved vår rapportering og vurdering, men **indirekte antar jeg nok** at våre vurderinger også omfattet det en vanligvis oppfatter som en turveg, dvs en viss grad av opparbeiding og tilrettelegging [...]”*
(Vår utheving)

Naturmangfaldloven set strenge krav til kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet. Då kan ein ikkje byggje på **indirekte antakelsar** og tru. Uklårheita om premissane blir her stadfesta i så stor grad at ein bør gjennomføre ei ny miljøutgreiing som byggjer på ei faktisk og dokumentert kunnskap om tiltaket sitt fysiske omfang. Det er i dag avdekka så stor tvil om kommunen har oppfylt dei juridiske krava på dette punktet at ein ny rapport bør liggje til grunn for politiske vedtak.

I kommunestyret er det våren 2017 så stor tvil rundt samfunnsnytta ved denne parallelle turvegen at dei stemte imot rådmannen sitt forslag om at vegen tvillaust var til meir gagn enn skade. Tilrådinga om at *“Kommunestyret konstaterer at gjennomføring av planen tvillaust er meir til gagn enn skade, jfr oreigningslova §2 og PBL kap. 16.”* fall i kommunestyret 27.04.2017. Det er ikkje lenger grunnlag for å oreigne grunn frå dei rundt 20 grunneigarane,

og dermed vil krava til NML få endå større betydning av di “andre samfunnsomsyn” elles kunne vege tyngre enn omsynet til naturmangfald.

Ei ny konsekvensutgreiing bør skje etter forskrifta, om eit politisk vedtak skal ha legitimitet. Kravet til dette ligg på utbyggjar.

Dessutan har ny dokumentasjon av fast oterbestand i sjølve traseen, samt alderen på miljørapporten gjort den innhaldsmessig delvis utdatert (sjå neste punkt).

2. Truga, raudlista pattedyr (VU) er unndrege artslista

Den norske oterbestanden er særst betydningsfull og utgjer om lag 25 prosent av den europeiske totalbestanden. Difor har Noreg eit spesielt forvaltningsansvar for oteren (*Lutra lutra*), som både er omfatta av Bernkonvensjonen og CITES (Washingtonkonvensjonen). Fram til 1970 var den jaktbar, men vart freda utover på 70-tallet og totalfreda i 1982 gjennom ratifiseringa av Bernkonvensjonen. Etter fredinga tok bestanden seg opp, men har hatt ein negativ trend særleg i perioda 2006-2010. Då den norske lista over truga dyreartar vart oppdatert i 2015, vart han kategorisert som truga og sårbar (SU). I Noreg indikerer bestandsindeksen ein nedgang større enn 30% dei siste tre generasjonane (23 år), som er bekymringsfullt. Globalt er oteren klassifisert som NT (nær utrydningstruga) pga ein pågåande bestandsnedgang, ifølgje Artsdatabanken. Det kviler difor eit særleg ansvar på Noreg for ikkje å påverke bestanden negativt.

Oteren er i hovudsak solitær og nattaktiv, men i område der han ikkje blir forstyrra kan han vere døgnaktiv, noko vi opplever i kulturlandskapet rundt Rotevatnet og i vassdraga nord og aust for innsjøen. Han er ein særst god symjar og kan dykke i opptil fem minutt om gongen. Her er han fotografert på dagtid i 2014, i Rotevasselva, akkurat der Volda kommune ynskjer å leggje turvegtraseen:



Bushnell

07-14-2014 10:02:52

Stor sett er han nattaktiv, men her nede ved vatnet på gnr 27/12, er han trygg nok til å ferdest også i dagslys, slik vi ser på neste foto:



I holromma i rydningsrøysene langsmed vatnet, som delvis er eit resultat av århundrer med jordbruk i området, finn han ideelle hi og skjulestader. Det same finn han i gamle murar og hellarar langs Rotevasselva og andre vassdrag som ender opp i Rotevatnet. Her har han

hulrom med inngong under vatn. Dei hia vi ser på desse bileta og filmen som er lagt ved klagen, ligg klin inntil traseen til turvegen (ca 5 meter).

Dette ser vi godt på foto- og videomateriale som her, der den forsvinn ut og inn av hi i røysene:



Oterhannen sitt revir kan vere opp til 20 km langs ei elv eller strand. Hoa sitt revir er mindre, og ligg vanlegvis inn i reviret til ein hann. På bileta og videoane kan ein tydeleg sjå at det er



Synnøve Vassbotn Folkestad har lagt til 3 nye bilder.

12. mar. kl. 17:37 · 21

Møtte en litt artige kar i skogen i dag 😊



forskjellige individ som held til i røysene i traseen. Det er altså ikkje einiskilde streifdyr det er snakk om.

Heile året kan vere paringstid for oter, og hoa føder ofte 2-3 ungar. Dei er blinde og tannløse ved fødselen, med sølvgrå pels. Etter to-tre månader er dei symjedyktige med vasstett pels. I turvegområdet vart det sommaren 2014 sett ynglande oter. Ei familie på fire dyr vart observert i Rotevasselva på veg ned til vatnet. Her kan dei i dag halde til utan fare for å møte turgåarar, bilar, lause og faste hundar eller gatelyst.

Det er i det hele tatt fleire, uavhengige observasjonar av arten i våtmarkssona i og rundt Rotevatnet. I denne teksten finn vi eit par eksemplar der folk har tatt bilete av

dei, i tillegg kjem sær mange observasjonar utan at dei er fanget på kamera.

Både i høringsrunder og klageprosesser har administrasjonen i Volda kommune blitt gjort oppmerksom på at raudlista artar har tilhald i våtmarksområdet, men dette har ikkje blitt tatt omsyn til. I den reguleringsplanen som kommunestyret fekk seg førelagt, ligg den same naturrapporten til grunn som vart laga tilbake i 2012. Her finst ikkje *lutra lutra* på artslista, og politikarane kan dermed ha vedteke ein plan utan å kjenne kunnskapsgrunnlaget.

Då sakshandsamar Torgeir Stensø tinga rapporten frå Geir Gaarder, fekk konsulentane i oppdrag "å fokusere på fuglelivet" (16.03.12). Truleg er det difor pattedyr er halde unna artslista i utgreiinga. I så fall er dette særskilt beklageleg, fordi vedtaket fører til at ein art vi er forplikta til å verne om gjennom ratifisering av Bernkonvensjonen og Washingtonkonvensjonen, får habitatet sitt øydelagd.

Det er med andre ord kritiske manglar i sjølve naturrapporten også, som gjer at tiltaket er i konflikt med kravet til kunnskapsgrunnlag etter NML Kap. II, § 8. Lovverket skal sikre at slike vedtak vert tatt på korrekt kunnskapsgrunnlag, og kommunen har fått handfast dokumentasjon om artsobservasjonar i prosessen utan å ta det inn i saksgrunnlaget før vedtak er fatta. At dei definerer vekk oter som "tilfeldige streifdyr", er ein påstand som neppe held fagleg vatn.

Grunneigarar og kjentfolk hjelper gjerne til i ei ny, objektiv kartlegging, jfr § 8 i NML. Det er som kjent i NML lovfesta føre var-prinsipp som inneber at bevisbyrda for miljøforsvarlegheit ligg på den som vil gjere naturinngrepet. Når det manglar vesentleg kunnskap, kan ikkje inngrepet gjennomførast. Sakshandsamar har her lagt premiss og føringar for utgreiinga - og dermed for beslutningsorganet - som gjer at rapporten inneheld kritiske feil: truga dyreartar (VU) er definert vekk.

Oteren ved Rotevatnet er registrert i Artsdatabanken. Her følgjer meir dokumentasjon.

Oterbestand er foto- og videodokumentert desse dagane:



elnaboogie



14 liker

elnaboogie Skulle hente vatn til hestane. Fant dinne skapningen. Stor fasinasjon fram til den såg mej og

Dato	Tidspunkt	Klokkeslett	Dokumentasjon
14.07.2017	dag	10.02	foto
13.08.2014	dag	ukjent	foto
12.03.2017	dag	ukjent	foto
03.05.2017	natt	00.08	video + foto
03.05.2017	natt	00.15	video
05.05.2017	natt	00.11	video + foto
05.05.2017	natt	00.12	video + foto
05.05.2017	natt	02.49	video + foto
06.05.2017	natt	00.16	video + foto
06.05.2017	natt	02.36	video + foto
09.05.2017	natt	00.54	foto
09.05.2017	natt	00.57	foto
09.05.2017	natt	04.08	foto
09.05.2017	kveld	21.32	foto
18.05.2017	kveld	23.44	video
19.05.2017	natt	01.49	foto
19.05.2017	morgen	05.45	video + foto
19.05.2017	dag	15.51	foto

I tillegg kjem mange observasjonar der dei ikkje er fanga på film.



Det er tvillaust regelmessig eller fast tilhald av raudlista *lutra lutra* i sjølve traseen til turvegen. At den ikkje er ført i artslista er ein kritisk mangel i beslutningsgrunnlaget til politikarane, noko som gjer at dei kan ha kome i skade for å gjere eit ulovleg inngrep i habitatet, jfr Bernkonvensjonen. Hi/skjulestad ligg som de ser av naturfilmen klin inn i traseen.

Etter at miljørapporten til Volda kommune vart skriven, vart det i Noreg i 2012 starta opp eit pilotprosjekt for å kartleggje innlandsoteren i regi av NINA. Dette seier noko om behovet for meir kunnskap om arten, men også at kommunen sin tidsbruk her går i disfavør av naturmangfoldet og truga artar.

I kommunen si reguleringsplan om naturmangfald/biologisk mangfald heiter det at *“Det er ikkje påvist verdifulle naturtypelokalitetar, raudlista plantar eller naturtypeavgrensingar og naturmangfaldet innan planområdet er samla vurdert å ha liten verdi”*.

Dette er utan tvil feil.

NB! Vedlagte naturfilm er ein del av denne klagen, sjå den via lenka i vedleggslista.

Med vennleg helsing,



Tormod Utne



Audhild Gregoriusdotter Rotevatn

Vedlegg: Kopi av bestilling av miljørapport, epost av 16.03.2012
Høyringsfråsegn reguleringsplan turveg Rotevatnet, saksnr 2012/151
Dokumentasjon av oter, film publisert her: <https://youtu.be/Zy5w-BBlef0>

Vedlegg I

Torgeir Stensø

Fra: Torgeir Stensø
Sendt: 22. mai 2012 12:37
Til: Geir Gaarder
Emne: SV: Oppdrag for Volda kommune
Vedlegg: Vassbotnen.pdf

Hei

Sender deg planutkast for Reguleringsplan Turveg Rotevatnet og ber om ein førebels uttale i lys av rapportoppdraget Dykkar.

mvh

Torgeir Stensø
Avd for kart, oppmåling og byggesak
Volda kommune

tlf.: 700 58755 fax: 700 58751
E-post: torgeir.stenso@volda.kommune.no
Postadresse: Rådhuset, Stormyra 2 6100 Volda
Kontoradresse: Spinneriet, Industrigata 12
Heimeside: www.volda.kommune.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Geir Gaarder [<mailto:gaarder@mfu.no>]
Sendt: 10. april 2012 11:23
Til: Torgeir Stensø
Kopi: Oddvar Olsen
Emne: Re: SV: Oppdrag for Volda kommune

Hei!

Takker så mye for positiv tilbakemelding! Vi satser da på å gjennomføre prosjektet som beskrevet. Oddvar Olsen vil, som nevnt i tilbudet, være sentral ved gjennomføringen av mye av arbeidet, så jeg regner med at han tar kontakt ved ev behov. Skulle det dukke opp planendringer, spesielle problemstillinger som vi bør være oppmerksom på, eller annet av potensiell interesse, så regner jeg også med at dere tar kontakt, enten direkte med Oddvar eller meg.

mvh Geir Gaarder
Miljøfaglig utredning AS, Gunnars veg 10, 6630 Tingvoll Telefon 97978420
e-post: gaarder@mfu.no
www.mfu.no

Den 10. apr. 2012 kl. 10.56 skrev Torgeir Stensø:

> Hei

>

> Viser til motteke tilbod om kartlegging av biologisk mangfall og melder med dette ifrå om at tilbudet er akseptert. Ta kontakt med undertekna dersom det oppstår spørsmål som må avklarast frå kommunen si side.

>

> mvh
>
>
> Torgeir Stensø
> Avd for kart, oppmåling og byggesak
> Volda kommune
>
> tlf.: 700 58755 fax: 700 58751
> E-post: torgeir.stenso@volda.kommune.no
> Postadresse: Rådhuset, Stormyra 2 6100 Volda
> Kontoradresse: Spinneriet, Industrigata 12
> Heimeside: www.volda.kommune.no
>
>
>
>
> Fra: Geir Gaarder [<mailto:gaarder@mfu.no>]
> Sendt: 2. april 2012 13:44
> Til: Torgeir Stensø
> Kopi: Oddvar Olsen
> Emne: Re: Oppdrag for Volda kommune
>
> Hei!
> Vedlagt følger da vårt forslag til prosjektgjennomføring. Håper dette virker greit og beklager at det tok litt tid.
>
> mvh Geir Gaarder
> Miljøfaglig utredning AS, Gunnars veg 10, 6630 Tingvoll Telefon
> 97978420
> e-post: gaarder@mfu.no
> www.mfu.no
>
>
> _____
> This email has been scanned by the Symantec Email Security.cloud service.
> For more information please visit <http://www.symanteccloud.com>
> _____
>
>
>
> Den 16. mars 2012 kl. 09.02 skrev Torgeir Stensø:
>
> > Hei
> >
> > Viser til tlf-samtale om eit aktuelt oppdrag for Volda kommune.
> > Som nevnt i samtalen gjeld dette kartlegging av biologisk mangfald i eit område ved Rotevatnet i Volda kommune der det no er igangsett reguleringsplanarbeid.
> > Det er først og framst tilhøvet til fuglelivet i området ein ønskjer fokus på, men det bør samstundes vurderast om ikkje også andre sider ved det biologiske mangfaldet det kan vere fornuftig å få registrert.
> > Eg forstår det slik at det er aktuelt å gjennomføre oppdraget i samarbeid med Oddvar Olsen. Vi ber om at pristilbodet omfattar heile oppdraget - også den delen Oddvar står for.
> >
> > Kart som syner planområdet for reguleringa er vedlagt.
> >
> > Ta kontakt dersom noko er uklart eller om du treng fleire opplysningar.
> >
> >
> >
> > mvh

> >
> >
> > Torgeir Stensø
> > Avd for kart, oppmåling og byggesak
> > Volda kommune
> >
> > tlf.: 700 58755 fax: 700 58751
> > E-post: torgeir.stenso@volda.kommune.no
> > Postadresse: Rådhuset, Stormyra 2 6100 Volda
> > Kontoradresse: Spinneriet, Industrigata 12
> > Helmeside: www.volda.kommune.no
> >
> >
> >
> >
> >
> > <Planområde Reguleringsplan turveg Rotevatnet.pdf>
>

This email has been scanned by the Symantec Email Security.cloud service.
For more information please visit <http://www.symanteccloud.com>

Tormod Utne/Audhild G. Rotevatn
Vikebygdvegen 200
6104 Volda

Vikebygda 26.01.2016

Volda kommune

Høyringsfråsegn reguleringsplan turveg Rotevatnet, saksnr 2012/151

Vi har fleire vesentlege merknader, jfr klage av 23.07.2014, som enno ikkje er realitetshandsama av Fylkesmannen, då kommuna sjølv felte planen ved å bruke feil reguleringsføresegn. Desse står ved lag.

I denne høyringsrunda vil vi påpeike følgjande:

1. For det første er miljørapporten laga på feil premiss, då tiltaket som skulle miljøvurderast sitt omfang ikkje vart opplyst (Miljøfaglig Utredning AS har utgreidd "sti", ikkje seks meter breitt veganlegg med gateløys). Fylkesmannen har og påpeika denne kritiske svakheiten, om rapporten er dekkande for tiltaket. Konsulent Gaarder i MU stadfester faktisk denne uklårheita i epost av 15.10.2015, og sår ytterlegare usikkerheit om rapporten er dekkande: "...indirekte **antar** jeg nok at våre vurderinger også omfattet det en vanligvis oppfatter som en turveg,..." (vår utheving). Antakingar er ikkje nok, det er strenge krav til kunnskapsgrunnlaget i Naturmangfoldlova (NML). Om ikkje ein ny, uhilda miljørapport vert utarbeidd, vil dette garantert bli juridisk prøvd.
2. Det er kritiske manglar i sjølve naturutgreiinga, som gjer at tiltaket er i konflikt med kravet til kunnskapsgrunnlag etter NML Kap. II, § 8. Raudlista artar (virveldyr) har fast tilhald i våtmarksområdet på nordsida av vatnet og i vassdraga som vert kryssa av veganlegget, men **dei er unndrege artslista i miljørapporten**. Arten vert jamnleg observert og er dokumentert med m.a. foto. Dette er Volda kommune gjort merksame på, utan at dei tek omsyn til det. Grunneigarar og kjentfolk bistår gjerne i ei ny, objektiv kartlegging, jfr § 8 i NML. Om mangelen ikkje blir retta på kan det utløyse klagehandsaming hos Fylkesmannen, Sivilombodsmannen og dei delar av rettssystemet som ivaretek brot på miljølovar. Det er i NML lovfesta føre var-prinsipp som betyr at bevisbyrden for miljøforsvarlegheit ligg på den som vil gjere naturinngrepet. Når det manglar vesentleg kunnskap kan ikkje inngrepet bli tillate. Då sakshandsamar tinga rapporten, fekk konsulentane beskjed om "å fokusere på fuglelivet" (16.03.12). Også her har sakshandsamar lagt premiss for utgreiinga som gjer at rapporten inneheld alvorlege feil: truga dyreartar (VU) er definert vekk og blir ikkje sikra vern etter Bernkonvensjonen sine krav. Å aktivt sjå bort ifrå dokumentasjon om dette, er særskilt alvorleg.
3. **Styr unna automatisk freda kulturminne:** På Rotevatn er det stadfesta dyrking av jord tilbake til førromersk tid (410-380 f.Kr), vi ber om at traseen vert styrt utanom dei hittil ikkje undersøkte moldholene aust for Rotevasselva (eldgamal teknikk for å utvide vekstsesong, inn mot "Den vesle istid" i mellomalderen). Desse er med all sannsynlegheit eldre enn frå 1537 og automatisk freda etter Kulturminneloven Kap II, § 4.c.

Med vennleg helsing,

Tormod Utne og Audhild G. Rotevatn
Komande drivarar av gnr. 27/12

vert sendt via e-post til postmottak@volda.kommune.no og fmmrpostmottak@fylkesmannen.no

Til Fylkesmannen i Møre og Romsdal
v/ Postmottak Volda Kommune
Stormyra 2
6100 Volda

og

Volda Kommune
Stormyra 2
6100 Volda

München, 22.05.2017

**Gjeld klage på Detaljreguleringsplan Turveg Rotevatnet. Arkivsak 2012/151.
Sak PS 42/17 27.04.2017 eigengodkjend detaljreguleringsplan turveg Rotevatnet.**

Eg er ein av de berørte grunneigarane (gnr 20/bnr 22) og vil med dette på det sterkaste protestere og klage mot vedtaket Arkivsak 2012/151 av generelle, miljøvernmessige, jordvernmessige, og landbruksmessige samt kulturlandskapsmessige grunnar.

KULTURLANDSKAP:

- Planleggaren skriv at vi ikkje får lov til å bruke rydnignsrøysane, som det alltid har vorte gjort, utan løyve frå kommunen. Men samtidig skal steingardane øydeleggast til fordel for ein turveg (eller er det då kanskje plutseleg snakk om ein tursti igjen?). Dette står etter mi meining i strid med vern av kulturlandskap.
- Akkurat i vårt tilfelle har vi hatt store vansker med å bevare kulturlandskapet og det er ofte fleire nabogardar som blir brukte til fellesbeite for å få eit brukbart beiteareal, siden det som er igjen av jorda etter diverse tidlegare oreigningar er for lite for kvar enkelt.
- I planprosessen vart det skrive at „Ein viktig del av arbeidet med å legge til rette for vern og bruk av kulturlandskapet er å gjere det tilgjengeleg for ålmenta.“ Dvs. at kven som helst bør ha rett til å trekke over markane og strandområda våre og det blir da av Kommunen kalla „vern av kulturlandskap“!
- Eg har ein annan forståelse av rettmessig og omsynsfullt planarbeid.

JORDVERN & LANDBRUK:

- Eg synst at det er rart korleis saker vert handsama i Volda. På den eine sida skal all grunn som ligger nedanfor Vikebygdvegen vernast som landbruksområde og delvis som naturvernområde, og derfor er det ikkje lov å bygge fleire hus i dette området eller skilje frå tomter, men på den andre sida skal det byggast veg som går tvers gjennom dette verneverdige området. Den planlagde veggen kutter av tilgangen til vatnet og kan bli ei kjelde til søppel og skit i vatnet, på veggen og på gardane langs veggen. Eg ser bygging av ein turveg med 3-6m bredde over eit arealet som er landbruksområde og delvis naturvernområde som ein tydeleg konflikt med lov og regelverk.
Dersom det skjer at denne veggen vert bygd, så meiner eg at det ville vere betre om han låg i ein avstand til vatnet på minst 30 - 40 m. Der ligg det alt straumleidningar som av og til må sjåast etter og der allereide har vorte gjort eit inngrep i landbruksareala.

- Planområdet til denne vegen er på ca. 230 da og har ei lengde på ca. 2,4 km. Men det området den øydelegg er mykje større. Eg fattar ikkje relasjonen når eg ser på kva det heile så øydelegg. Denne vegen omfattar ikkje berre dei omtala 230 da – ein må ta i betrakning heile landbruksarealet nedafor Vikebygdvegen og Botnavegen. Eg tippar på at det arealet som blir skada heller omfattar over 1.000 da og dette berre for å få ein veg som er 2,4 km lang. Kvifor er all grunn mellom Vikebygdvegen og Vatnet i Kommuneplanen verna som landbruksområde og kvifor blir det gjort eit unntak i vernesona i akkurat dette tilfellet, som øydelegg eit av dei siste samanhengande landbruksareala i Volda fullstendig. Kanskje det er behov for aktivt landbruk i framtida slik som ein ser det andre stader i verda!
- Viss turvegen blir bygd, fører dette til store innskrenkingar for landbruksdrifta i dag og i framtida! Planen grip i urettmessig form inn i landbruksareal. (Dei løysningane som har vorte framlagde er utilstrekkelege.)
Vi har og ein del dyr som beiter på eigedomane. Eg er sterkt imot at det ikkje skal vere mogleg å ha grunder langs arealet der det er beitedyr. Kommunen vil ha gjerde på kvar gard som sperrar av tilgangen til vatnet for beitedyr og grunneigarar. Og så finne dei på noko så heilt bor i natta som å lage kunstige drikkevasskjelder ovanfor det planlagde gjerde for å erstatte drikkevasskjelda for dyra/beitedyra. Der er grunder på sørsida av vatnet. Kvifor blir grunneigarane ulikt behandla - berre fordi dei er på nordsida? Eg vil ha dei same rettighetene som grunneigarane på sørsida.
- Eg har ikkje funne noko om korleis fiskeretten kan sikrast for grunneigarane. Inntil i dag har grunneigarane åleine hatt denne fiskeretten på sin eigen grunn. I framtida skal, slik som eg har forstått planframlegget, alle få høve til å stå kvar som helst langs heile vasskanten og fiske sjølv om grunneigarane framleis eig (?) strandlina.
- Denne delen av eigedomen tett ved vatnet har ved siden av bruken som beiteareal vorte og vert nytta av familien til fritid og bading i generasjonar. Dersom det no skal bli offentleg tilgjengeleg mister vi livskvalitet og fridom på eigen grunn. Verdien av eigedomen i det heile vil gå tydeleg ned både reint materielt og immaterielt sett. Ein skal vel få kjensle av at kommunen er „kjekk“ dersom den berre tek eit mindre areal, sjølv om dette kanskje er av størst betydning for oss alle dersom det handlar om tilgjenge til vatnet for både menneske og dyr og evtl. fiskerett og naturvern ved vatnet.

MIJØVERN & NATURVERN:

- Nettopp på vår grunn ligg det eit lite naturområde/biotop og mindre elveløp nær vatnet. Sameleis er det ellers på mange av dei andre eigedomane. Dette ville bli skada av vegen og vil heller ikkje vere særleg god undergrunn til å bygge veg på.
- Kommunen må sikre naturvernkrava når det gjeld raudlista arter som er berørte (t.d. vipe og oter)! Vipa som er observert ved vatnet er registrert som raudlisteart og hekka før ved fremste delen av Rotevatnet. Før Årneset og området rundt Årneset vart tilgjengeleg for „ålmenta“ fanst det ei mengd vipar som hekka i og ved årneset. Nå er dei borte! Kvifor det?
Eg krever at dei tapte naturverdiane blir tekne alvorleg omsyn til og ikke berre sett opp som ei uinteressant liste. Eg reknar med at også mange andre arter kjem til å forsvinne dersom „ålmenta“ tek overhand rundt Rotevatnet.
- Kommunen har i denne Planomtalen ikkje gått inn for konklusjonen til Miljøfagleg Utredning AS: „Genrelt er det best å leggje stien tilstrekkeleg langt frå vatnet slik at det får stå igjen eit belte med skog mellom stien og vasskanten. Dette vil dempe uroinga mellom turgåarar og vassfugl.“Andre stader anbefaler de ein avstand på minst 20 meter mellom stien og vasskanten.
- Dersom vegen vert bygd utgjør det ikkje berre eit vesentleg tap for meg/oss, men vi må også rekne med ein god del ureining på (rest-)grunnen vår og i vatnet som skader natur og miljø. Dette har det tidlegare vore skreve mykje om i „Møre“ kor mykje skade og forargelse det har ført til på andre stader.

GENERELT:

- Traseevalget for vegen må revurderast og fjernast minst 40m frå vasskanten – ikkje berre ved „Bukta“. Alle grunneigarane som har kome med innspel til planarbeidet vil ha vegen lenger bort fra vatnet enn det viser på planen. Samtidig påstår Kommunen at dei tek omsyn til næringsinteressene ved å plassere

turvegen så nær vasskanten som mogeleg. Dette har ingenting med omsyn å gjere – grunneigarane veit vel best kva dei er best tente med. Invendingane frå grunneigarane i heile planomtalen vert ikkje tekne alvorleg. Spesielt når det gjeld plassering av vegen, blir alle argument berre overkjørde med den uttalelsen at friluftsopplevinga kan bli hindra.

Eg synst at denne uttalelsen har svært lita betydning i forhold til vekta av dei argumenta som er komne frå grunneigarane og andre parter. Hugs også at det er vi som kjenner terrenget best og skal leve på, av og med det også i framtida.

NB: Til ein stor grad har akkurat dei same grunneigarane som er berørte av ein eventuell turveg blitt skadelidande før og bidratt til velvære for „ålmenta“. Først har areala vore som vart byggefelt blitt oreigna, så vart det lagt ned kraftlinje i marka, så vart det utbygging av Vikebygdvegen, så laga vi til massevis med skogsvegar på vår kostnad som også blir brukt som turvegar og nå skal eigedomen ved og tilgjenget til Rotevatnet bli innskrenka/øydela.

- Kalkulasjonen som Kommunen har lagt fram om plantiltaket og vedlikehald hittil, har vist seg å vere utilstrekkelege. Her lurar Kommunen befolkninga. Det er openbart at Kommunen har kasta bort altfor mykje pengar allereie med planarbeidet for denne vegen og burde no endeleg legge denne planen til sides og konsentrere seg om det som verkeleg er viktig for heile befolkninga. Når Botnavegen med gang- og sykkelveg er ferdig, vert "Turvegen" på nord- og austsida av Rotevatnet heilt overflødig og unødvendig. "Turvegprosjektet" vil berre føre til store doble kostnader for Volda Kommune som strir med trong økonomi og heilt sikkert har meir naudsynste prosjekt å bruke pengar på enn å bygge to parallelle vegar med kostnadar deretter.
No skriv Kommunen sjølv at "For økonomien i Volda Kommune, vil det på kort sikt vere ei utfordring å finne midlar til å gjennomføre eit prosjekt som dette som eitt samla tiltak." Og vidare skriv Kommunen: „I første fase kan ein gjennomføre rydding av vegetasjon og etablere sti med mellombelse klopper og elvekryssingar i turvegtrasèen. Truleg vil slike enkle tiltak i betydeleg grad kunne organiserast gjennom dugnadar i samarbeid med lag, organisasjonar og einskildpersonar.“
- (NB! No er det ein sti igjen.) Viss dette skulle kome, vil eg berre gje beskjed på førehand at det ikkje blir aktuelt, at forskjellige personar trækker rundt i marka på min grunn for å gjere førebuande arbeid for ein veg eller sti.
- Eg protesterar på og er imot at det blir etablert eit ekstra "Friområde" for ålmenta på grannen sin grunn (gnr 27/bnr 7) med tilkomstveg over nabogarden.

Tiltaket "Turveg på nord og austsida av vatnet" har store negative verknader for natur, landbruk og miljø og for denne og komande generasjonar. Dei som vil gjennomføre dette prosjektet er ansvarlege for konsekvensane det kan kome til å ha.

Eg veit at mange argument i dette innspelet har vore nemnde før, men sidan det nå er ein ny situasjon, ber eg om at tidlegare argument nå vert tekne opp til ny vurdering.

Eg håper at merknadane mine kan vere til nytte og ser fram til eit godt resultat og ber Fylkesmannen i Møre og Romsdal om å revurdere Volda Kommune sitt vedtak I denne saka.

Med vennleg helsing
Monika Heltne Pøhlmann-Kairies

Vedlegg

Tidlegare innsende dokument i denne saka

vert sendt via e-post postmottak@volda.kommune.no

Volda Kommune,
Sektor for Utvikling v/Torgeir Stensø
Stormyra 2
6100 Volda

München, 07.02.2016

**Gjeld melding om Politisk vedtak. Nytt offentlig ettersyn - Detaljreguleringsplan Turveg Rotevatnet.
Arkivsak 2012/151. Arkivkode 2011009.**

Eg har lese gjennom planen og vedlegga og vil gjerne fremje mi meining, og ønskjer at mine punkt blir omfattande svara på og tekne alvorleg denne gongen av Kommunestyret, Formannskapet og ordføraren. Eg legg difor ved alle tidlegare innsende dokument. I dette brevet legg eg fram nokre punkt som eg spesielt vil peike på, og eg synst bør prioriterast.

1. Er Arbeidet med Botnavegen sett i gang? Kvifor er det ingen framgang der? Har kommunen brukt opp all kapasitet (både personal og økonomi) på å kaste bort pengar på ein turveg? Kommunen lova at Botnavegen skulle prioriterast. Kvifor har det ikkje skjedd noko syneleg her enno?
2. Når kjem Kommunen til å betale det den er skuldig – (sakskostnadane som vart kravde frå Advokat Hove for grunneigarane innan fristen i 2015)? Kvifor starta kommunen prosessen på nytt før den har gjort opp for seg frå siste omgang?
3. Kva kostar heile planarbeidet og omsetjinga av planen? Korleis vil Kommunen finansiere dette? Korleis vil kommunen erstatte krav frå grunneigarane – (det blir mest sansynleg ikkje aktuelt med løysningar for kvar enkelt)?
4. Kva kostar vedlikehaldet av denne stien/vegen? Kva er kalkulasjonen av dette?
5. Kor stort er arealet som blir berørt av planframlegget – (vennligst oppgje totalt areal i m²)?
6. Eg kan ikkje sjå at kommunen har forandra på Planomtalen til "Detaljreguleringsplan Turveg Rotevatnet" sidan 2012 bortsett frå at nausretten har vorte teken bort. Har Kommunen tenk å overføre planleggingsarbeidet til fagfolk med kompetanse innanfor slikt planleggingsarbeid og koordinasjonsarbeid?
7. Eg ønskjer endeleg klarlegging om det til slutt er snakk om ein "Sti" eller ein "Veg".
8. Eg protesterer imot at det blir etablert eit ekstra "Friområde" på grannen sin grunn (gnr 27/bnr 7). Her har eg aldri blitt høyrte! Dessutan må trasévalget for vegen revurderast og fjernast minst 40m frå vasskanten.
9. Eg kan ikkje sjå at planen frå 25.11.2015 er ny og ønsker ein verkeleg ny detaljreguleringsplan, der det er tatt med svar på alle spørsmål som er blitt stilte tidlegare av alle berørte partar og viser til vedlagde dokument, spesielt "Innspel+Merknadar+Protest til Planframlegget PLANID 2011009-Reguleringsplan Turveg Rotevatnet-Offentleg Ettersyn-Sak 191_12 Monika November 2012". Her har eg enno ikkje fått tilstrekkeleg svar på alle mine spørsmål.
10. Korleis sikrar Kommunen naturvernkrava når det gjeld raudlista arter som er berørte (t.d. vipe og oter)?
11. Planen er i strid med stortingsmeldinga om friluftsliv. Planen er i strid med fleire overordna planer, mellom anna Kommunedelplanen for Volda sentrum. Planen grip i urettmessig form inn i landbruksareal (dei løysningane som har vorte framlagde er utilstrekkelege).
12. Tek dei kommunale myndighetene og ordføraren på seg ansvaret for dei store negative verknadane som "Tiltaket turveg på nord og austsida av vatnet" har for denne og komande generasjonar? Og korleis vil dei overta dette ansvaret?

Eg håper at merknadane mine kan vere til nytte, og eg ser fram til at planen til slutt blir lagt til side og ikkje vert vedteken.

Med vennleg helsing

Monika Heltne Poehlmann-Kairies

VOLDA KOMMUNE

Kommunalteknisk avdeling

Torgeir Stensø

6101 VOLDA

Lauf, 22.05.2003

MELDING OM POLITISK VEDTAK - REGULERINGSPLAN ROTEVATNET

Dykkar ref.: TST-02/03250 Arkivkode: L12 & 30

Eg viser til dykkar brev av 05.03.2003 / 10.03.2003 / 12.03.2003.

Då eg er ein av dei grunneigarane (GNR.20/BNR.22) som vert skadelidande på grunn av reguleringsplanen/vegen på nordsida av Rotevatnet, vil eg gjerne fremje mi meining i nokre punkt som eg meiner bør takast omsyn til og min tvil om det er rett å lage denne vegen i det heile.

A) Generelt

1. For meg er det til no diverre ikkje råd å sjå nøyaktig kvar vegen eventuelt skal gå. Då eg til no ikkje har fått/ sett noko nøyaktig kart med målestokk. Etter dei karta/planane som til no er komne, ser det ut som om vegen skal gå tett ned til vasskanten. Mellom anna på grunn av dette er eg betenkt når det gjeld veglina.
2. Til no er det i det heile teke ikkje klargjort kva slags kvalitet/nytte eller bruk/bruksrett vegen skal ha. Kor brei skal den vere? Skal den ha fast vegdekke (asfalt) eller grus, singel, sand eller jordbotn? Er den planlagd som rein tur-/spaserveg eller skal den nyttast som landbruksveg, sykkelsti, rideveg eller for langrenn om vinteren? Alt etter korleis vegen eventuelt skal nyttast tykkjer eg at det er meir eller mindre betenkjeleg å bygge vegen i det heile. I alle høve er det ønskjeleg med detaljerte opplysningar om dette.

B) Innvendingar og Spørsmål

1. Denne delen av eigedommen tett ved vatnet har vorte og vert nytta av familien til fritid og bading i generasjonar. Dersom det no skal bli offentleg tilgjengeleg mister vi livskvalitet og fridom på eigen grunn. Verdien av eigedommen, i det heile, vil gå tydeleg ned i verdi både reint materielt og immaterielt sett.
2. Måten denne saka vert handsama på tykkjer eg har lite å gjere med hovedmålsetjingane dykkar i kommunen. Sjå Kommuneplan 1996 - 2008 side :

"For arealbruken skal følgjande retningsliner leggjast til grunn: Dyrka og dyrkbar jord må vernast om. Inngrep i jordbruksareal for å ivareta andre samfunnsinteresser må gjerast med stor varsemd. o.s.b. ..."
3. Kva for vederlag/skadebot/erstatning/godtgjersle kjem kommunen til å gje oss for den planlagde vegen? Sannsynlegvis ein som på ingen måte står i høve til tapet.
4. Dersom vegen vert bygd utgjør det ikkje berre eit vesentleg tap for meg/oss, men vi må også rekne med ein god del ureining på (rest-)grunnen vår og i vatnet. Dette har tidlegare ført til mykje skade og forargelse andre stader. Eg viser som døme til dei mange stykkja i "Møre" der Olav Vassbotn fortvilar over alt rotet og hæverket i Elvadalen og nå nyleg på same staden opprydningsaksjonen til Volda Jeger- og Sportsfiskarlag. Må det lagast ein veg til (som kostar mykje pengar) der det beint fram byd inn pøbel og tankelause folk til enno ein stad å ureine? Kven sørgjer for reinhald og orden på og langs vegen og vatnet?
5. Vi (grunneigarane) har og ein del dyr som beiter på eigedomane. Kven skal sørgje for dei avgrensningane og gjerda som trengst? Kven passar på at dyra ikkje skader seg på bortslengde boksar, flasker, glassbrot og anna søppel?
6. Det er absolutt forståeleg at det er fint å gå rundt Rotevatnet. Det vert og gjort mest dagleg av mange som bur i Volda. Eg forstår berre ikkje kvifor det ikkje er nok å gå tett ved vatnet halve vegen og resten av vegen nytte den fine og svært godt utbygde gangvegen langs Vikebygdvegen. Utsikta til vatnet og naturen er minst like fin derifrå som nede i fjøresteinane. Ein har ikkje hatt inntrykk av at det har vore nokon mangel på veg i så måte. Det som imidlertid manglar og har mangla på denne vegen i 50 år og meir er ein brukbar veg frå Rotevassvegsskiftet og inn i Vassbotnen. Denne vegen har vore trafikkfarleg og til forargelse for folk i bygda i fleire generasjonar. Og no når det er golfbane i Vassbotnen og i fylgje planen den gamle gode badeplassen på Sandane skal opprustast og frigjevast er det meir enn på tide å gjere noko med Botnavegen i staden for å kaste bort pengar på å ødelegge natur og landbruk for å bygge ein veg som ingen eigentleg har bruk for - snarare tvert imot. Og i staden bør de bruke pengane på ein Botnaveg som alle kan leve med. Eg tvilar på om

golfspelarane og familiene som skal in på Sandane med ein flokk ungar vil gå / springe rundt vatnet med utstyret sitt. Og dei som absolutt vil gå ved vasskanten kan gå Rotsetstranda - kvifor ikkje - der er det veg.

C) Råd og Anbefalingar

Dersom det skjer at denne beklagelege vegen likevel vert bygd, så meiner eg at det ville vere betre om han låg i ein avstand til vatnet på minst 30 - 40 m.

- Der ligg det alt straumleidningar som av og til må sjåast etter og dermed blir lettare tilgjengelige frå vegen.
- Nettopp på vår grunn ligg det eit lite naturområde/biotop nær vatnet. Sameleis er det ellers på mange av dei andre eigedomane. Dette ville bli skada av vegen og ville heller ikkje vere særleg god grunn til å bygge veg på.
- Personleg ville eg og mine då ha mindre ubehagelegheiter p. g. a. vegen.
- Dei som går langs vegen ville då ikkje verte så frista til å kvitte seg med avfall ved å kaste det i vatnet.

Eg er sikker på at mange av dei andre grunneigarane er like lite samde i og glade over planen dykkar som eg er.

Eg håper i all høve at informasjonen snart blir betre og meir nøyaktig (sjå A, B).

Vidare håper eg at vi, grunneigarane, vert høyrde og at innvendingane våre vert tekne alvorleg og vert tekne omsyn til sidan det er vi som kjenner terrenget best og skal leve på av og med det også i framtida.

Med helsing



Monika Poehlmann

PS:

Eg har fått vite at det finst ei stor gruppe grunneigarar som skriftleg har protestert mot denne vegen. Med dette vil eg og bli oppført på denne lista.

vert sendt via e-post postmottak@volda.kommune.no og fmmrpostmottak@fylkesmannen.no til

Til Fylkesmannen i Møre og Romsdal
v/ Volda Kommune
Stormyra 2
6100 Volda

og

Volda Kommune
Stormyra 2
6100 Volda

München, 31.08.2014

**Gjeld klage på vedtak i Volda kommunestyre, sak PS88/14.
Detaljreguleringsplan Turveg Rotevatnet. Arkivsak 2012/151.**

Eg har lese gjennom planen og vedlegga og vil pa det sterkaste protestere mot nemnde vedtak.

1. Gjennom heile planprosessen har det knapt vorte teke omsyn til grunneigarane sine meiningar og argument. Alt i 2004 vart det vedteke at fleire punkt i saka kravde klarlegging og meir nøyaktig svar frå planleggaren si side før planprosessen vert ført vidare. Men – til dags dato står desse punkta opne. Vi, grunneigarane, kjem med funderte argument, medan planleggarane ser ut til å ta avgjerder alt etter som dei lystar. Eg forstå ikkje at Volda Kommune vel personar utan røyter i Volda og dessutan med lita (eller inga?) kompetanse i eit slikt planleggingsarbeid som hovudansvarlege for koordinasjonen i eit meget sensibelt prosjekt.
Planleggarane motseier seg sjølve på fleire punkt i de to diokumenta "Melding om politisk vedtak – PLANID 2011009 – Detaljreguleringsplan Turveg Rotevatnet" og "Framlegg til Detaljreguleringsplan Turveg Rotevatnet – Planomtale".
T.d. "Melding om politisk vedtak – PLANID 2011009 – Detaljreguleringsplan Turveg Rotevatnet" side 9 arealet i planframlegget er totalt 14,5 da.
"Framlegg til Detaljreguleringsplan Turveg Rotevatnet – Planomtale" side 19 areal innanfor plangrensa 86, 4 da ... osv.
2. Eit døme på usakeleg argumenta er t.d. å skrive at den raudlista fuglen Vipe, som før hekka talrikt i årneset, er borte fordi ein angjeveleg driv jakt på henne i Søreuropa, og ikkje fordi det har vorte laga Friområde for ålmenta midt opp i reira til fuglane.

3. Det har vorte skrive frå Volda Kommune si side at alle grunneigarar skal ha rett til å bygge naust på sin grunn. Eg kan ikkje sjå at dette har vorte teke med i planmlegginga og konsekvensanalyser. Utanom dei grunneigarane som alt har konkrete planar om naust, har alle vorte låva naustrett. Kva for konsekvensar dette har for tursti/veg-planlegginga er fråværande i kommunen sitt planleggingsarbeid.
Miljøfalog utredning AS har korkje fått informasjon eller har kunna teke stilling til dette. Her er det ein mangel (feil) i den vedtekne planen. Mellom anna av denne grunnen kan dette vedtaket ikkje vere gjyldig.
4. Som døme på manglande informasjon om planleggingsarbeidet, nemner eg ei personleg sak. På grannen sin grunn (gnr 27/bnr 7) er det fastlagt eit ekstra "Friområde" for ålmenta. Dette fekk eg ingen informasjon om før lenge etter at fristen var gått ut for å kome med innspel og/eller merknader.
5. Når Botnavegen, med gang- og sykkelveg, er ferdig som planlagt, vert "Turvegen" på nord- og austsida av Rotevatnet heilt overflødig og unødvendig. "Turvegprosjektet" vil dessutan føre til stor / dobbelt kostnar for Volda Kommune som strir med trong økonomi og heilt sikkert har meir naudsynte prosjekt å bruke pengar på enn å bygge to parallelle vegar med kostnadar deretter.
6. I starten av planprosessen var det snakk om ein "tursti" men korleis prosjektet skulle sjå ut eller gjennomførast, vart det først litt etter litt gjeve heller vage opplysningar om. Etter svært konkrete spørsmål frå grunneigarane si side, viste det seg at "stien" hadde vorte til ein "veg" med ei breidde på til saman 6 – seks meter med grøfter på kvar side og helst fast vegdekke. Dessutan utrysta med gatebelysning og høve til vinterstid å brøyte vegen med brøytebil. På spørsmål frå grunneigarane om dei får løyve til å passere vegen med eigne landbruksfartøy på eigen grunn, har dei enno ikkje fått noko svar på.
7. Dei fleste innbyggjarane i Volda veit lite eller ingenting om turvegprosjektet (særleg når det gjeld kostnader, utforming, ingrep i naturen og landbruket) bortsett frå at det er kjekt å ha og at grunneigarane er imot det.

Tiltaket "Turveg på nord og austsida av vatnet" har store negative verknader for denne og komande generasjonar. Dei som med all makt vil gjennomføre dette "kjekt å ha prosjektet" er ansvarlege for konsekvensane det kan kome til å ha.

Eg ber Fylkesmannen i Møre og Romsdal om å vurdere Volda Kommune sitt vedtak I denne saka.

Eg håper at merknadane mine kan vere til nytte og ser fram til eit godt resultat.

Med vennleg helsing

Monika Heltne Pöhlmann-Kairies

VOLDA KOMMUNE

Stormyra 2

6100 VOLDA

Lauf, 11.01.2012

INNSPEL ANGÅANDE

VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID FOR REGULERINGSPLAN TURVEG ROTEVATNET.

VOLDA KOMMUNE, PLANID: 2011009

Dykkar ref.: 2011/2128 Arkivkode: L12

Eg viser til dykkar brev av 07.12.2011.

Då eg er ein av dei grunneigarane (GNR.20/BNR.22) som berre vil bli skadelidande i tilfelle det blir bygd turveg på nordsida av Rotevatnet, vil eg gjerne fremje mi meining, mine merknadar og min protest i denne saka.

1. Datoen varselsbrevet dykkar vart sendt syns eg var på eitt svært upassande tidspunkt midt i adventstida når folk flest er svært opptekne, blir ein konfrontert med eit svært overraskande varsel uten førevarsel og blir gitt knapp tid som frist for meldingar – eg undrar om dette vart valt med vilje. Eg håpar at Kommunen i framtida vil handsame innbyggjarane/grunneigarane på ein annan måte.
2. Eg forstår ikkje korleis kommunen kann kome med ny meldingsfrist utan at alle punkt som er blitt nemnd frå grunneigarane før er blitt behandla fullstendig og omfattande. Derfor sender eg med kopi av brevet eg sende til kommunen i 2003 og gjer merksam på at eg ikkje har forandra meininga mi sidan 2003 og opprettheld alle punkt som er oppførte der.
3. Det kartet som vart send til grunneigarane viser ei stipla linie, der det blir angitt eit planareal som skjer av tilgangen til vatnet for kvar einaste grunneigar. Sjølv om det står skrive at den endelege regulerte planen skulle femne om eit betydeleg mindre areal, syns eg at denne uttalelsen ikkje er klar nok – heller tvert imot. Ein skal vel få kjensle av at kommunen er kjekk dersom den berre tek eit mindre areal, sjølv om dette kanskje er av størst betydning for oss alle dersom det handlar om tilgjenge til vatnet for både menneske og dyr og evt. fiskerett og naturvern ved vasskanten. Det som er endå meir forvirrande er at nøyaktig det same arealet ved vatnet vart utpeikt som naturvernområde i reguleringsplanen (DATO: 06.01.2004 TEIKNNR.: 2 SIGN: TST). Det er altså

svært enkelt å bruke eller lage mykje meir nøyaktige planar. Kvifor kann ikkje befolkninga og grunneigarane få ein skikkeleg plan som ein kan folholde seg til???

4. Ein kan undrast på korleis saker vert handsama i Volda.

På den eine sida skal all grunn som ligger nedanfor Vikebygdvegen vernast som landbruksområde og delvis som naturvernområde, og derfor er det ikkje lov å bygge fleire hus i dette området eller skilje frå tomter, men på den andre sida skal det byggast veg som går tvers gjennom dette verneverdige området. Den ser ut til å som kutte av tilgangen til vatnet og kan bli ein kilde til søppel og skit i vatnet, på vegen og på gardane langs vegen. Eg syns desse to uttalelsane stå i strid med kvarandre.

5. Sidan eg stort sett er i utlandet brukar eg intensivt informasjonsmuligheita som nettet tilbyr. Der kom eg over ein artikkel i Volda-nytt frå 01.09.2011, som eg tolker slik at vegen allereie før september var ferdig og klar til å bli grusa! Utdraget har eg lagt ved og ønskjer meir informasjon om korleis ein slik sak allereie kan kome på nettet i starten av september som avgjort sak, og grunneigarane blir informert i midten av desember! Eg håper at dette var ein dårleg vits.

6. Dessuten vil eg gjere merksam på at eg ønsker å bli informert på førehand dersom nokon skulle sette stikker på grunnen vår og kvifor dei gjer det.

7. At det blir sett i gang reguleringsarbeid for Botnavegen syns eg er flott. Takk for at dette prosjektet som vart påpeika av grunneigarane vert prioritert og sett i gang!

Eg hadde diverre ikkje muligheit til å underteikne på fellesbrevet fra grunneigarane på Heltne, Rotevatn og Vassbotn som allereie er blitt sendt til dykk, men eg kjenner til innhaldet i dette brevet. Herved vil eg difor gjere merksam på at eg støtter innhaldet i dette brevet fullt ut.

Eg håper at grunneigarane, vert høyrde og at innvendingane våre vert tekne alvorleg og tekne omsyn til sidan det er vi som kjenner terrenget best og skal leve på av og med det også i framtida.

Med helsing



Monika Poehlmann

Vedlegg

brevet frå meg til Volda Kommune datert Lauf, 22.05.2003

voldanyttside2

blir sent via e-post postmottak@volda.kommune.no til

VOLDA KOMMUNE
Samordnings og utviklingsstaben
Stormyra 2
6100 VOLDA

München, 20.11.12

Innspel, Merknadar og Protest angående Planid.: 2011009

Framlegg til Reguleringsplan for Turveg Rotevatnet

Offentleg Ettersyn Sak 191/12

Sak PS 130/11

K-sak PS 54/11

Monika Pöhlmann-Kairies GNR20/BNR22

Dykkar ref.: tidlegare TST-02/03250 & 2011/2128

Arkivkode: 22011009 (og tidlegare L12 & 30)

Akivsak nr. 2012/151 (og tidlegare 191/12)

Eg viser til dykkar brev og e-post av 05.03.2003 / 10.03.2003 / 12.03.2003 / 07.12.2011 / 20.06.2012 / 19.10.2012 / 12.11.2012.

Då eg er ein av dei grunneigarane (GNR.20/BNR.22) som berre vil bli skadelidande i tilfelle det blir bygd turveg på nordsida av Rotevatnet, vil eg gjerne fremje mi meining, mine merknadar og min protest i denne saka som eg meiner bør takast omsyn til og min tvil om det er rett å lage denne vegen i det heile.

1. Sjå „Planomtale“ side 4 avsnitt 1.6.

Eg krev at det først blir klargjort ein skikkelege plan angående erstatning og sikring av eigedomen t.d. gjerde osv. før trasseen blir rydda og nytta som sti som ein overgangsløysning fra Volda Kommune si side.

2. Sjå „Planomtale“ side 5 avsnitt 1.7.

Eg trur Volda Kommune ikkje ser på grunneigarane som del av Kommunen i denne samanhengen sidan det i alle fall ikkje har noko med trivsel for oss å gjere at denne vegen blir planlagt eller bygd.

Dessutan er eg sikker på at der finst andre måtar å oppfylle hovudmålsettinga i kommuneplanen, enn det å bygge ein veg rundt vatnet; korleis hadde det vore med ei opprusting av Volda sentrum...??? Der er alle inbyggjarane meir til stades og omgjevne av rot og dårlege gater og fortau.

„Særlege omsyn“ tyder på at Kommunen synst at det er deira ansvar å ta ifra andre eigendomen som ein har arbeidd hard med i fleire generasjonar.

Det er ikkje råd å lage ein veg som dekkjer behovet til eitt kvart individ heller ikkje når det gjeld denne turvegen – det burde ikkje vere målsetjinga.

Denne turvegsplanleginga er i alle fall ikkje helsefremjande for grunneigarane som er plaga av heile prosessen og alt som følgjer med.

3. Sjå „Planomtale“ side 6 avsnitt 1.7.

Eg er ikkje av den meining at det å bygge ein 3 meter bred veg plus 3 meter grøfter (tilsamman 6 meter gjerne med fast vegdekke) har noko med å „fremje det enkle friluftslivet“ å gjere. Dessuten er heile dette området ikkje allment tilgjengeleg som det er forutsett i stortingsmeldinga nr39 om friluftsliv. Derfor synst eg at foretaket til Volda Kommune med å sette i gang „såkalla sikring av grunn“ står i strid med stortingsmeldinga.

Dett er meir en ulogisk at ein trur at turgåarar har behov for å starte ein tur til t. d. Melshornet eller Dinglavatnet nedanfrå Rotevatnet. Dette argumentet virker svært konstruert og helt meningslaust. Ein kann ikkje samanlikne nord- og sørsida av Rotevatnet i denne samanhengen.

Det er ikkje nødvendig å bygge ein veg nede ved strandlinja for å få ei sammanhengande rundløype ... den eksisterar allereie i form av fotvegen langs Vikebygdvegen og er allereie sammanhengande. Men det som framleis mangler er ei utbygging av Botnavegen med gangfelt.

4. Sjå „Planomtale“ side 7 avsnitt 2.1.

Planområdet til denne vegen er på ca. 230 da og har ei lengde på ca. 2,4 km. Men det området den øydelegg er mykje større.

Eg fatta ikkje relasjonen når eg ser på kva det heile så øydelegg. Denne vegen omfattar ikkje berre dei omtala 230 da – ein må då ta i betrakning heile landbruksarealet nedafor Vikebygdvegen og Botnavegen . Eg tippar på at det arealet som blir skada heller omfattar over 1.000 da og dette berre for å få ein veg som er 2, 4 km lang.

Kvifor er all grunn mellom Vikebygdvegen og Vatnet i Kommuneplanen verna som

landbruksområde og kvifor blir det gjort eit unntak i vernesona i akkurat dette tilfellet, og som øydelegg eit av dei siste samanhengande landbruksareala i Volda fullstendig – kanskje det er behov for aktivt landbruk i framtida slik som ein ser det andre stader i verda ... skal vi ete turvegen når oljen er borte ? ;-)

5. Sjå „Planomtale“ side 7 og 8 avsnitt 2.4.

Eg ser at vipe som er observert ved vatnet er registrert som raudlistart og det står her at vipa hekka før ved fremste delen av Rotevatnet. Før Årneset og området rundt Årneset vart tilgjengeleg for „ålmenta“ fanst det ei mengd viper som hekka i og ved Årneset. Kvar er dei nå og kvifor er dei borte? Eg krever at dei tapte naturverdiane blir tekne alvorleg omsyn til og ikke bare sett opp som ei uinteressant liste. Eg reknar med at også mange andre arter kjem til å forsvinne dersom ålmenta tek overhand rundt Rotevatnet. Eg ønsker at det blir gjort ei skikkeleg vurdering av kva skader som allereie har oppstått og konsekvensane i samband med den planlagde vegen.

6. Sjå „Planomtale“ side 8 avsnitt 2.5.

Kommunen sier at strendene har „berre“ privat rekreasjonsverdi. For meg som grunneigar har dette „berre“ ei stor betydning. Vil det seie at alt som „berre“ er privat burde kunne nyttast og utnyttast av ålmenta for å ha noko betydning etter Kommunen si mening?

7. Sjå „Planomtale“ side 8 avsnitt 2.6.

Eg synst det arbeidet som er og blir gjort av grunneigarane blir for lite verdsett. Akkurat i vårt tilfelle har vi hatt store vansker med å bevare kulturlandskapet og det er ofte fleire nabogardar som blir brukte til fellesbeite for å få eit brukbart beiteareal, siden det som er igjen av jorda etter diverse tidlegare oreigningar er for lite for kvar enkelt.

8. Sjå „Planomtale“ side 8 avsnitt 2.7.

Siden det allereie verkar som om det er avgjort at det skal bli fleire vegar nedover gardseigedomane, kvifor har ikkje Kommunen allereie lagt det fram i denne planen? Spekulerar de på at det er enklare å kjøyre over grunneigarane etter at dei allereie har blitt audmjyka av hele denne planleggingsprosessen, eller har Kommunen tenkt seg at alle bebuarane i byggefeltet skal trakke gjennom hagane og tuna utan løyve? For det er nemlig det som kjem til å skje – kva slags vern har de med i planlegginga når det gjeld dette?

9. Sjå „Planomtale“ side 8 avsnitt 3.2.

Kva for eit brev er det vi skal ha fått som er datert 07.12.2012?

10. Sjå „Planomtale“ side 9 avsnitt 3.3.

Eg krev dei same rettane som ein Golfklubb. Eg synst også at det er mykje tryggare for ålmenta når dei held seg lenger unna strandlina – og som eg allereie kravde i 2003 er det prinsipielt mykje betre og tryggare å bygge vegen – viss han i det heile skal byggast –

minst 30 til 40 meter ifra strandlina.

Eg ønsker meir opplysning om innhaldet i den naturfaglege vurderinga.

11. Sjå „Planomtale“ side 10 avsnitt 3.3.

Alle grunneigarane som har komt med innspel til planarbeidet vil ha vegen lenger bort fra vatnet en det viser på planskissene. Samtidig påstår Kommunen at dei tek omsyn til næringsinteressene ved å plassere turvegen så nær vasskanten som mogeleg. Dette har ingenting med omsyn å gjere – grunneigarane veit vel best kva dei er best tente med.

12. Sjå „Planomtale“ side 11 avsnitt 3.3.

Kommunen påstar at erfaringane deira tilseier at det ikkje vil oppstå eit omfattande problem når det gjelder hærverk, søppel og ureining langs vegen på eigedomane, i og ved vatnet. Er Kommunen blind for de som har hendt t. d. i Årneset og Elvadalen? Eg har fremdeles ikkje fått noko skikkeleg svar på spørsmålet mitt og krev at dette problemet vert teke alvorleg og er ikkje tilfreds med det svaret eg fekk => „... søppel på private eigedomar kan ikkje utelukkast,..“

13. Sjå „Planomtale“ side 14 avsnitt 3.3.

Det blir fleire stader nemnt at areala mellom turvegen og vatnet skal vere privat eigendom. Men vi skal verken få erstatning eller lov til å sette opp gjerde eller liknande for å verne eigedom og beitedyr. Og fri ferdsel skal gjelde. Kva har det då å betyde at det er privat? Betyr det at Kommunen må betale mindre både i erstatning og for vedlikehald? Og betyr det også at ålmenta skal ha rett til alt medan grunneigarane skal få lov til å ha alle finansielle ulemper heilt for seg privat?

14. Sjå „Planomtale“ side 15 avsnitt 3.3.

Kommunen er ikkje samd i at Botnavegen erstattar behovet for turveg. Det kan Kommunen gjerne synest, sjølv om Botnavegen, viss den blir opprusta, i realiteten erstattar veldig mykje av turvegen.

Kommunen vil absolutt ha ein veg rundt Rotevatnet og argumenterer med at det har vore eit utviklingstiltak i fleire 10-år. Eg synst ikkje at det er noko alvorleg argument. Eg har også villa mange ting i fleire år ... pluss at det kanskje finst gode grunnar til at det ikkje er blitt ein veg ennå og tenk om ting kanskje har forandra seg i løpet av alle disse 10-åra eg har ikkje inntrykk av at verda står still i Volda, men synst det er meningslaust å drive og presse gjennom eit tiltak berre fordi ein for mange år sidan hadde lyst til dette.

Kommunen vil legge vegen best mogleg i terrenget. Kvifor vel ikkje Kommunen den trasseen som allereie er der p.g.a. kraftlina; den ligg veldig fint til og øydelegg ikkje omgivnaden og er godt skjult og vart den gongen valt som den beste for hele området. I tillegg kjem at der kraftlina ligg har ein mykje betre utsikt mot vatnet og Rotsethornet siden

terrenget er litt høgare. Dette er allereie blit nemnt fleire gonger, men her har vi heller ikkje fått eit tilfredsstillande svar.

15. Sjå „Planomtale“ side 17 avsnitt 3.3.

Her mangler det ein god del av uttalelsene mine. For det første har eg ved synfaringen sagt at eg er imot turvegen av forskjellige grunnar som har blitt framlagde for Kommunen før, og eg har ikkje forandra på desse synspunkta. Ellers har eg sagt at dersom det i det heile blir aktuelt med denne vegen bør han på eigedomen vår ligge ca. 30 til 40 meter lenger oppe i terrenget (ca. der kraftlina går) p.g.a. forholda i terrenget. Der Stensø ønsker vegen er det våtmark og nokre små elveutløp og ein ser ikkje vatnet derifra heller. Det er mykkje bedre utsikt til vatnet når ein kjem litt lenger opp i terrenget. Viss det skal vere mogleg for ein kvar grunneigar å få sette opp naust, så burde også vegen ligge tilstykkeleg langt unna vasskanten. Strandlina ved grunnen vår er alt anna en bein, den går i svingar, og der Stensø ønsker vegen, ligg han delvis berre 1 meter frå vasskanten. Derfor har eg kome med det forslaget at vegen i det minste burde ligge oppom grana som er vist på bildet, då ligg vegen nemleg kanskje verkeleg 10 meter ifrå vasskanten. Dessuten hadde eg på de tidspunktet synfaringa fann stad ikkje nokon informasjon om at det skulle bli tillaga ekstra „Friområde“ på naboegedomen. Dette er eg imot siden det vil skape ekstra ulempe for oss på vår grunn; eg er sikker på at dei som bruker dette „Friområdet“ ikkje berre vil halde seg til dette „Friområdet“, men breide seg ut imot og over røysa vår og dei vil nok bruke ein god del meir av grunnen vår for å kome seg til dette „Friområdet“. Eg og naboane har og ein god del beitedyr som er innegjerda, men trenger tilgjenge til vatnet som drikkevatn. Her må det, i tilfelle vegen kjem, bli sett opp gjerde ovanfor og nedanfor turvegen og i skilje mot naboen gnr 27 / bnr 6. På denne nabogarden har det aldri vore noka gardsdrift nede ved vatnet så eg forstår at deira interesse for dette området er mindre en for den delen av eigedomen lenger aust. Men for meg medfører dette store ulemper sjølv nå når der ikkje vert drive. Og ein kann gå ut ifrå at det øydelegg heile arbeidet som har vorte gjort på vår grunn dersom det blir „Friområde“ direkte ved siden av det arealet som vi brukar til beiteland for å bevare kulturlandskapet. Dessutan har Kommunen i denne Planomtalen ikkje med eit einaste ord nemnt konklusjonen til Miljøfagleg Utredning AS: „Genrelt er det best å leggje stien* tilstykkeleg langt frå vatnet slik at det får stå igjen eit belte med skog mellom stien og vasskanten. Dette vil dempe uroinga mellom turgåarar og vassfugl.“

Andre stader anbefaler de ein avstand på minst 20 meter mellom stien og vasskanten, akkurat som eg har sagt, men ikkje blitt høyrte eller teken alvorleg i det heile.

*) NB: og her er det til og med snakk om ein sti og ikkje om ein veg på 3 – 6 meters breidde

16. Sjå „Planomtale“ side 19 avsnitt 3.4.

Kven er det som har bestemt at det ikkje er naudsynt med ei konsekvensanalyse? Vi grunneigarar har kravd dette og vi høyrer vel også med i det såkalla samfunnet – eller ...?
Eg har inntrykk av at vi igjen ikkje blir tekne alvorleg.

17. Sjå „Planomtale“ side 21 avsnitt 4.3.

Planføresegnene tillet at ein turveg får ha ei maksimal breidde på 3 meter. Kvifor planlegg Kommunen denne vegen med den maksimale breidda etter lova? Til turformål ville det klare seg med mykje mindre.

Vegen blir alltid nemnt med 3 meters breidde, men etter profildeikningane er ingrepet i naturen i virkelegheita 6 meter breidt. Eg går ut ifrå at Kommunen til einkvar tid reknar avstanden ifrå vasskanten til vegen med ytterkanten der inngrepet startar (dvs. „grøft/skjæring“). Det må klargjerast korleis avstanden vert rekna!

18. Sjå „Planomtale“ side 23 avsnitt 4.7. o. l.

Kommunen bør ta omsyn til heile konklusjonen til Miljøfaglig Utredning AS og ikkje bare plukke ut enkelte deler som høver til Kommunen (Stensø) sine planar; sjå t.d. Møre frå 6. oktober 2012 side 10

19. Sjå „Planomtale“ side 24 avsnitt 4.9.

„Ein viktig del av arbeidet med å legge til rette for vern og bruk av kulturlandskapet er å gjere det tilgjengeleg for ålmenta.“ Dvs. at kven som helst bør ha rett til å trakke over markane våre og det blir da av Kommunen kalla „vern av kulturlandskap“!

20. Sjå „Planomtale“ side 26 avsnitt 4.15.

Her er det snakk om ein pris på omlag kr 2000,- pr meter. Kva inneheld denne prisen og kva slags meter er det her snakk om? Kommunen må klargjere dette.

Dessuten må Kommunen kome med reelle løysingar angående erstatning for tap av grunn og dei ulempene som vegbygginga og vegen fører med seg for grunneigarane.

21. Sjå „Planomtale“ side 29 avsnitt 6. §3.1

Her er det oppført fleire punkt som aldri har vore snakk om før og som tyder på at vegen i fremtida kann kome til å bli meir og meir som ein vanleg veg/gate. Skal en turveg asflaterast? Og skal ein turveg ha straumlinje med gatebelysning? Og kva slags inverknader og ekstra ulemper kan dette eventuelt få for naturen ... og naturopplevelsane ... ?

22. Tidlegare (i 2004) har Kommunen lagt til side planane om turveg rundt Rotevatnet m.a. fordi den var i strid med Kommuneplan 1996 – 2008. I den nye Kommuneplanen er brått Vikebygda og Volda lagt sammen. Er dette kanskje grunnen til at vi plutselig vart konfonterte med ein ny plan om vegbygging rundt Rotevatnet i 2011 igjen?

23. Etter mi meining blir alle invendingane frå grunneigarane i heile planomtalen ikkje tekne alvorleg spesielt når det gjeld plassering av vegen/stien blir alle argument berre overkjørde med den uttalelsen at friluftserfaringa kan bli hindra. Eg synst at denne uttalelsen har svært lita betydning i forhold til vekta av dei argumenta som er komne frå grunneigarane og andre parter. Hugs også at det er vi som kjenner terrenget best og skal leve på, av og med det også i framtida.

Til ein stor grad har akkurat dei same grunneigarane som er berørte av ein eventuell turveg blitt skadelidande før og bidratt til velvære for ålmenta. Vi har først blitt oreigna det arealet som vart byggefelt, så vart det lagt ned kraftlinje i marka, så vart det utbygging av Vikebygdvegen, så laga vi til massevis med skogsvegar på vår kostnad som også blir brukt som turvegar og nå skal eigedomen ved og tilgjenge til Vatnet bli innskrenka/øydelagt ... Ein kann lure på kva turvegpådrivarane og den ofte nemnte „ålmenta“ hadde gjort viss dei hadde blitt behandla på denne måten? ...Og kva finner Kommunen på som neste trin? Skal vi kanskje åpne dørene til husa våra fordi det er kjekt for ålmenta å sjå seg om der? Ein gong må det vel kanskje være nok!

24. Kvifor er Høgskulen i Volda med på mottakarlista til e-posten frå Kommunen? Kva for rolle har dei i denne samanheng?

25. I e-posten frå Kommunen fra 19.10.2012 står det at „Detaljreguleringsplanen omfatar ... m.a. å legge til rette“ Kva meir inneber det siden de skriver „m.a.“

26. I fleire uttalelsar står det at ålmenta skal ha fiskemuligheiter i Rotevatnet. Inntil I dag har grunneigarane åleine hatt denne fiskeretten på sin eigen grunn. I framtida skal vel alle få høve til å stå kvar som helst langs heile vasskanten og fiske sjølv om grunneigarane framleis eig (?) strandlina.

27. Fordi vi nå er komne i ei ny planperiode gjentek eg det eg skreiv tidlegare.

Dersom det skjer at denne beklagelege vegen vert bygd, så meiner eg at det ville vere betre om han låg i ein avstand til vatnet på minst 30 - 40 m. Der ligg det alt straumleidningar som av og til må sjåast etter og dermed blir lettare tilgjengelige frå vegen. Nettopp på vår grunn ligg det eit lite naturområde/biotop nær vatnet. Sameleis er det ellers på mange av dei andre eigedomane. Dette ville bli skada av vegen og ville heller ikkje vere særleg god grunn til å bygge veg på. Personleg ville eg og mine då ha mindre ubehagelegheiter p. g. a. vegen. Dei som går langs vegen ville då ikkje verte så frista til å kvitte seg med avfall ved å kaste det i vatnet.

Denne delen av eigedomen tett ved vatnet har ved siden av bruken som beiteareal vorte og vert nytta av familien til fritid og bading i generasjonar. Dersom det no skal bli offentleg tilgjengeleg mister vi livskvalitet og fridom på eigen grunn. Verdien av eigedomen, i det heile,

vil gå tydeleg ned i verdi både reint materielt og immaterielt sett.

Ein skal vel få kjensle av at kommunen er kjekk dersom den berre tek eit mindre areal, sjølv om dette kanskje er av størst betydning for oss alle dersom det handlar om tilgjenge til vatnet for både menneske og dyr og evtl. fiskerett og naturvern ved vasskanten. Det som er endå meir forvirrande er at nøyaktig det same arealet ved vatnet vart utpeikt som naturvernområde i reguleringsplanen (DATO: 06.01.2004 TEIKNNR.: 2 SIGN: TST). Ein kan undrast på korleis saker vert handsama i Volda. På den eine sida skal all grunn som ligger nedanfor Vikebygdvegen vernast som landbruksområde og delvis som naturvernområde, og derfor er det ikkje lov å bygge fleire hus i dette området eller skilje frå tomter, men på den andre sida skal det byggast veg som går tvers gjennom dette verneverdige området.

28. I alle fall må Kommunen nå halde lovnaden sin om å prioritere Botnavegen.

Med helsing

Monika Pöhlmann-Kairies

NB: Eg har ny adresse og navn (sjå øverst på sida)

Roy Inge Heltne
Vikebygdvegen 67
6104 Volda

VOLDA KOMMUNE	
2012/151	Ansvarlig: Utv Storste
18 MAI 2017	
Planid 2011009	
Klassering: 3	

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

V/ Volda kommune

Postmottak

6100 Volda

Klage på vedtak reguleringsplan turveg Rotevatnet, sak 2012 / 151

Eg ynskjer at Fylkesmannen tek ei vurdering av om saka er handsama på ein måte som har gjeve kommunestyret og andre politiske organ god nok informasjon til å kunne handsame saka på rett bakgrunn.

Dette er ei sak som har gått att og fram i 25 år, og i desse åra hatt ulike vedtak, anker og endringar. Felles for prosessen er at handsaminga av saka har vore som å balansere på ei line, der det har vore, og fortsatt er, stor usikkerheit fleire vesentlege punkt i saka. Det er også å bemerke at i alle desse åra er saka handsama av en og same sakshandsamar noko som gjer at saka heilt frå starten av har gått i same spor og såleis har og er lagt fram på ein svært einseitig måte. Planane har også møtt kraftig motstand frå fleire faglege hald. Etter mi oppfatning viser saka tydelig at ein ide har gått langt framfor dei faglege råda.

Eg ankar saka på fylgjande grunnlag:

- Mange av påstandane i saka er basert på synsing, ikkje faglege råd og dokumenterte fakta.
- Det er brukt missvisande og feilaktige bildemateriale i saksopplysningane for å marknadsføre vegen. Dette er også innrømma i svar på eit av mine spørsmål i saka.
- Det er ikkje gjort ei nyare vurdering av behovet for vegen. Behova er heller ikkje dokumentert.
- Den naturfaglege utgreiinga har store hol og er lite tillitsvekkande.
- Konsekvensane for landbruket og øydelegging av dyrka mark er ikkje godt nok utgreia.
- Det er ikkje gjort forsøk på å legge fram alternative løysingar.
- Viktige dokument, kostnadsberekninga, er halde borte i saksutgreiinga.

Til kommunen vil eg minne om at Kultur- og Kirke departementet har gjeve ut ein vegleiar for tilrettelegging av turveiar, løyper og stiar. Det er verdt å merke seg fylgjande punkt:

side 12, pkt 2.2 Registrering

Det oredordnede planarbeidet bør starte med en registrering som tar med følgende momenter:

- *Behov for turtraseer i henhold til oppsatte mål.*
- *Eksisterende traseer og kvaliteten på disse.*
- *Mulige nye turtraseer*
- *Hva som kreves for å få til det ønskede nye traseer, eller for å beholde/utbedre eksisterende.*

Det er ikkje gjort ei nyare vurdering av desse punkta. Sidan sakshandsamaren tok til å arbeide med denne saka for 25 år sidan så har mykje sjeidd i og rundt Volda sentrum. Saka Turveg rundt Rotevatnet har heile tida vore handsama som eiga sak, ikkje behovsprøvd opp mot eksisterande tilbod, ikkje vurdert opp mot andre moglege turveggar. Det vert påstått (udokumentert) at det er mange som ynskjer denne vegen. Det er mulig, men det er også mange som ynskjer å bevare denne strandlinja og heller satse på andre prosjekt. Også dei har rett til å bli teke omsyn til.

Det er også, i svar på eit av mine spørsmål, innrømma at det manglar vesenlige tilkomstvegar mellom Vikebygdvegen og turvegen, men at desse må takast inn i ein anna plan.

Dette viser vel i si tydelighet at planen ikkje er heilskapeleg og har vesentlege manglar.

Side 14, pkt 2.4 Trasevalg og omgivelser.

Den bør plasseres sentralt i boligområdene, men utformes slik at ferdsele ikke føles sjenerende i forhold til bruken av private utearealer.

Sjølv om vegen ikkje går inntil bustadar, så er det vel godt kjent at måten den er lagt på vil øydelegge mesteparten av det som kan kallast privatliv, både for grunneigarar og andre som ynskjer å ha ein fredelig plett å kunne nytte.

Side 15, pkt 2.4 Trasevalg og omgivelser

Randsonen mot vann og vassdrag er sårbar, og for å ta tilstrekkelig hensyn til plante- og dyreliv bør denne sonen ha en bredde på opp mot 20-30 meter.

Dette punktet er vel brote i stort sett heile lengda av vegen, og det har heller ikkje vore utvist vilje til å auke buffersona som tilrådd, men lagt berre ut frå det udokumenterte og påstått ynskje om nærleik til vatnet.

Denne planen må leggest til sides og takast fram den dagen kommunen meiner at heile området mellom Vikebygdvegen og Rotevatnet må omregulerast for å sikre vidare utvikling i bygda. Eg er heilt trygg på at den dagen det skjer så vil ein slik vegtrase bli lagt vesentleg lenger vekk frå vatnet slik at strandlinja vert verna. Vert den bygt slik som no planlagt er heile strandlinja øydelagt, for all framtid, for alle.

Eg ber om at Fylkesmannen gjer om kommunen sitt vedtak.

Volda 16.05.2017


Roy Inge Heltne

Magnus Vassbotn
Botnavegen 48
6104 Volda

21.05.2017

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
v/ Volda Kommune, Postmottak
Stormyra 2
6100 Volda

KLAGE PÅ VEDTAK - DETALJREGULERINGSPLAN FOR TURVEG, ROTEVATNET.

Ovanfornemnde reguleringsplan vart den 27.04.2017 godkjend av kommunestyret.

Argumenta som har blitt nytta for å forsvare prosjektet er i hovudsak **beitra folkehelse**, lett tilgjengeleg område som vert attraktivt for **friluftsliv, leik, rekreasjon, fiske og bading**. Generelt auka trivsel for ålmenta.

Folkehelse – Volda har pr. d.d. rikeleg med turstiar, turvegar, skogsbilvegar og traktorvegar med forskjellig hellingsgrad og standard; meir enn tilstrekkeleg for eitkvart føremål og grad av mosjon og helsetilstand.

For dei som er dårlege til beins har ein strekninga frå Årneset til Vassbotn, langsetter stranda på vest, sør- og aust-sida av Rotevatnet. Denne strekninga utgjer omlag 2/3 av den totale strekninga rundt vatnet, og er fri for stigning og trafikk. Vidare har ein gamlevegen frå Andanaset og innover mot Hjartåbygda, som også er fri for stigning og trafikk. I tillegg til dette finst fleire kortare vegar og stiar som ikkje er verdt å ramse opp.

For dei som er friskare til beins er moglegheitene endå fleire. Vegane opp til Dinglavatnet, Rotevassetra, Botnasetra og Høgedalen er berre nokre av døma.

Det kan derfor trygt seiast at folkehelsa allereie er meir enn godt nok skjøtt med tanke på turvegar, og det er ingen grunn til å tru at dei som ikkje allereie mosjonerar pr. d.d. kjem til å byrje med dette sjølv om det dukkar opp ein ny veg i same kategori som ein allereie har frå før. Med andre ord er argumentet om folkehelse ikkje relevant.

Friluftsliv, leik, rekreasjon, fiske og bading – Dette er beitre argument enn argumentet om folkehelse. Langs nordsida av Rotevatnet finst nokre brukbare fiskeplassar, og nokre fine badeplassar/ leikeplassar. Fleire av desse kan ein imidlertid allereie bruke, etter avtale med grunneigar.

I høve spørsmålet om friluftsliv etc., finst der samstundes svært gode argument for å *la være* å bygge vegen langs nordsida av vatnet. Nedanfor følgjer eit noko omskrive utdrag frå ein kommentar eg hadde til saka i november 2012:

Sett vekk ifrå Voldsfjorden, med relativt sett grov sjø, ferjer og anna båttraffikk, er nord- og austsida ved Rotevatnet det einaste området innan gangavstand frå Volda sentrum, der ein kan padle, ro, fiske (gratis), symje, vindsurfe, gå på skeiser etc. i lite berørte friluftsområde, skjerma frå folk flest. Dette er noko kven som helst kan nytte seg av, når som helst. I den samanheng må det nemnast at det finst gode moglegheiter for leige av robåt/ kano/ kajakk og fiskeutstyr. Dersom ein sjølv har t.d. kano eller kajakk, er det uproblematisk å parkere ved Årneset og sjøsetje han der, og nyte ein padletur med sluk eller oter på slep, i ro og mak det meste av tida. Ikkje minst for eldre og funksjonshemma, eller andre med redusert mobilitet, er t.d. ein båtturn med bistand ein svært gjennomførbar tur i det fri, og det næraste ein kjem villmark utan å måtte reise betydeleg lenger unna sentrumsområdet (t.d. Alldalsvatnet).

Dersom det vert bygd turveg på nord- og austsida av vatnet, kan ein sjølvsagt framleis bedrive slike aktivitetar, men verdien av dette vil verte sterkt redusert. Kombinasjonen av natur, kulturlandskap og mangel på publikum gir ei friluftsoppleving ein ikkje finn på sørsida av vatnet, der det er gangveg. Denne vesle lomma av fredeleg natur er ein friluftsverdi Volda for ein kvar pris må ta vare på for framtida. Ein turveg langs denne strekninga vil etter alt å døme ha ein negativ effekt på hekkande fugl, og ikkje minst den raudlista oteren. I so måte forsvinn i stor grad dei viktigaste faktorane innan friluftsliv, nemleg frittlevande artar, fred, ro, og dertil avkopling. Å øydeleggje eit slikt område for ettertida kan i beste fall beteiknast som ein litt gammaldags tankegang, då det gjengse synet i desse miljøorienterte tider (nasjonalt og internasjonalt) i all hovudsak går ut på å bevare nettopp slike verdiar som dette området representerar, og då særleg i sentrumsnære område.

Dersom ein gangveg langs den aktuelle strekninga vert ansett som eit godt tiltak for å fremje moglegheitene for friluftsliv i Volda, bør ein i so måte revurdere bruken av dette begrepet. I Volda sentrumsområde har me, som nemnd ovanfor, mange vegar, men berre eitt vatn. I eit samfunn som vert stadig meir urbanisert, er slike stader som Rotevatnet i noværande tilstand ein uerstatteleg rekreasjonsressurs. Her har det offentlege eit ansvar overfor framtidige generasjonar av friluftinteresserte voldingar. Alle faktorar må vegast opp mot kvar andre. Kva er mest verdt? Endå ein turveg, eller dette eine vatnet?

Ut ifrå desse argumenta vil eg tore å påstå at moglegheitene for å bedrive friluftsliv i Volda sentrumsområde totalt sett ikkje vert styrka av tiltaket. Tvert imot, so vert dei meir begrensa og smalare.

Problemstillingane rundt landbruk og artsmangfald er også tunge argument som talar imot dette prosjektet, men desse vil eg ikkje gå nærare inn på, då dei er tilstrekkeleg omtala av andre grunneigarar.

Oppsummert vil eg kategorisere prosjektet som eit ufornuftig, dårlig gjennomtenkt «kjekt å ha»- prosjekt, som totalt sett vil koste meir enn det smakar.

Med Helsing

Magnus Vassbotn

Vil med dette gje mi fulle støtte til all argumentasjon frå grunneigarar i saka,men vil i denne omgang peike på dei reint etiske omsyna.

.For oss som bur langs vatnet og for voldingar generellt ,er Rotevatnet eit uvurderleg rekreasjonsområde.Slik også for meg og storfamilien.Bruket har gått i arv og det er i dag aktivt landbruk i form av forproduksjon.Vatnet og fri tilgang til det,betyr mykje

for livskvaliteten for meg og familien. Vi som bur her er og skattebetalarar til Volda kommune.I eit demokrati skal vel vår røyst og bli høyrd i saka?

Å bygge ein turveg, vil ved sida av å vere eit stort inngrep i naturen,og nær bustad,skape eit stort sår i sjela vår.Er politikarane i Volda meir opptekne av prestisje,som dette for enkelte har vorte,enn å lytte til berørte partar,? Etter å levd med «Turvegsaka» i mange år,har eg erfart at dei fleste i Voldasamfunnet har ei innstillig til prosjektet som «kjekt å ha»,men at det absolutt ikkje er naudsynleg.Her finnst flust av turstiar både i Vikebygda og elles i Volda som berre ventar på å bli tekne i bruk!!Slik situasjonen er i dagrundt Rotevatnet ,har ein ei variert turløype,anten ein vil gå ,sykle eller jogge.Med nærleik til vatnet på nordsida,frå Vassbotnen til Rotevasskiftet,kjem her eit lenge etterlengta gangfelt.Her må seiast at grunneigarane i dette området ,har vore svært positive til grunnavståing,sjølv om det i stor grad vil berøre deira eigedom-men dei ser at dette er viktig for å trygge mjuke trafikantar,.På sørsida er der allereie gangfelt..Eg vonar Fylkesmannen vil konkludere med at planen må leggast til sides pga.alle tungtvegande argumenta mot.

Med helsing Oddbjørg Egge

Sendt fra [E-post](#) for Windows 10

Greg. og Herdis Rotevatn
Botnavegen 5
6104 Volda

VOLDA KOMMUNE	
2012/151	Torgste
24 MAI 2017	
Planid	2011009
Klassering S	

Volda 23.mai 2017

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Gjeld klage på vedtak i Volda kommunestyre, sak PS 42/17 Reguleringsplan Turveg Rotevatnet. Arkivsak 2012/151.

Melding om vedtaket motteke 3. mai. Fristen for levert protest er overhalden.

Vi vil på det sterkaste protestere mot nemnde vedtak .

Jordbruk.

Den «nye» reguleringsplanen som ligg føre er , reelt sett, den gamle. Formalfeilen, dei ugyldige reguleringsføresegnene knytt til naust, er retta opp. Elles finn vi nokre nye formuleringar og mindre endringar i teksten. Det reelle innhaldet er ikkje endra. Skadeverknadene er dei same som før for alle problemområda: Jordbruk, natur- og miljø, kulturminne, kulturlandskap og for rekreasjon og folkehelse. Vi viser difor til førre klagen vår av 23. juni 2014 .Alle punkta vi tek opp der er like mykje gjeldande no som då (sjå vedlegg 1.)

Heilt frå 2003, då denne saka starta, har kommunen unngått å gå inn i dei problema vi har peika på. Kommunen har bagatellisert problema og feia dei til sides.

Det kan difor vere illustrerande å sjå på merknadane våre av 2. februar 2016 til planen (vedlegg 2), og samanhalde dei med kommentarane til brevet vårt som vi finn i sakspapira (kommentarar til innkomne merknader s. 11, 12 og 13).

Vi har konkrete spørsmål til kommunen, men får ikkje svar. Vi blir møtte med vage formuleringar som ikkje forpliktar kommunen på noko punkt. Og vi vert møtte med motseiande og urette påstandar:

Ser vi på reguleringsføresegnene § 3.1.1 Friluftsområde. Under retningsliner står det: *Eksisterande rettar til bruk av områda mellom turvegen og vatnet skal gjelde. ..*

Dette er ikkje rett! Dei rettane vi har til å drive jordbruk på gardane våre her skal ikkje gjelde lenger.

Korleis kan vi drive beitebruk når vi ikkje får nytte gjerde ? (§3.1.1c: *Det er forbode å settje opp gjerde ...*) .

Korleis kan vi drive vedhogst når det er «forbod mot alle typar inngrep» (§ 3.1.1a)?

Kvar skal vi gjere av overskotstein frå jordbruksdrifta når vi ikkje får lov å nytte egne rydningsrøyser? (Sjå s. 13, kommentarane til kommunen : *Sjølv om det er lang tradisjon for å nytte areal ved strendene ved Rotevatnet til rydningsrøyser, eksisterer det ikkje ein rett for bruka i området til å fortsette ein slik praksis. ...*).

Kan sakshandsamaren «knipse» vekk ein sjølv sagt rett, for ein kvar gardbrukar, å nytte egne rydningsrøyser til gardsdrifta ,på eigen gard og grunn?

Eksisterande rettar til bruk av områda mellom turvegen og vatnet skal gjelde. ..

Nei. Dei eksisterande rettane våre i Friluftsområdet (som vi skal eige) skal ikkje gjelde lenger, ifylgje innhaldet i § 3.1.1

Kva rett skal gjelde i dette området ? Kven skal ha ansvaret ? Kven skal drive skjøtsel? Skal landskapet gro att?

Kan ein godkjenne ein reguleringsplan der retningslinene til reguleringsføresegnene er i motstrid til sjølve innhaldet i føresegnene?

I klagen vår til fylkesmannen i 2014 peika vi på dei omfattande problema og skadeverknadene turvegen vil få for framtidig jordbruk for 19 gardsbruk på Heltne , Rotevatn og Vassbotn. Det er lite hjelp i at området har NLF- status når føresetnadene for å drive jordbruk langt på veg kan verte øydelagde.

Vi er redde for at turvegen kan føre til at heile kulturlandskapet mellom Vikebygdvegen, Botnavegen og Rotevatnet vert tapt for matproduksjon for all framtid.

Saka dreiar seg såleis også om jordvern.

Jordvern.

§ 9 . Etter jordloven § 9 må dyrka jord ikke brukes til formål som ikke tar sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må heller ikke disponeres slik at den ikke er egnet til jordbruksproduksjon i framtiden. (...)

Storting og styringsverk har, dei seinaste åra, skjerpa krava til jordvern.

Vedtaket i Stortinget om jordvern i Prop. 127 S (2014-2015), Innst. 56 S (2015-2016) - Vedtaket seier:

Stortinget fastsetter det årlige målet for omdisponering av dyrka mark til 4 000 dekar. Stortinget ber regjeringen sørge for at målet nås gradvis innen 2020.

Som ein konsekvens av vedaket i Stortinget har **Fylkesmannen i Møre og Romsdal** gitt følgjande uttale;

«Stortinget vedtok 8. desember 2015 samrøystes eit strengare vern av matjord, og skjerpar målet for årleg omdisponering av dyrka mark frå maksimalt 6000 daa til 4000 daa. Målsettinga skal skje gradvis, og omdisponeringsmålet skal vere nådd innan 2020.

Matjord er ein av dei aller største og viktigaste ressursane vi har, og må vernast om. Med eit nasjonalt mål om å auke matproduksjonen og sjølvforsyningsgraden, så må vi verne om landbruksareala. Stortinget sitt vedtak er ei skjerpa bestilling til kommunar, utbyggjarar, regionale mynde m.fl. om at jordvernet skal vektleggast endå sterkare enn tidlegare.

Kommunane er landbruks- og planmyndigheit etter jordlova og plan- og bygningslova, og har dermed eit lokalt ansvar for jordvernet, som er ei nasjonal interesse. Det nye nasjonale omdisponeringsmålet krev streng praktisering av jordvernet i kommunane si arealplanlegging. Det skal difor sær s gode og veldokumenterte grunnar til for å omdisponere viktige jordbruksareal.

28. 7.2016, for under eit år sidan, har Fylkesmannen i Møre og Romsdal følgd opp Stortingsvedtaket med denne uttalen:

«I brev til landets kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn seier landbruks- og matminister Jon Georg Dale at han har tillit til at kommunane og fylkeskommunane i si forvaltning og planlegging følgjer opp målet Stortinget har fastsett.»

Og:

«Møre og Romsdal er blant dei fylka som omdisponerer mykje dyrkajord til anna enn landbruk. KOSTRA-tal frå 2015 viser at det er omdisponert 403 daa fulldyrka jord i Møre og Romsdal av totalt 6341 daa fulldyrka jord i heile landet. Det er berre i Sør Trøndelag, Rogaland og Oppland det er omdisponert meir fulldyrka jord enn i Møre og Romsdal.»

Og:

«Næringskomiteen på Stortinget har kommentert følgjande; «Komiteen meiner at det er viktig at Fylkesmannen har moglegheit til å gje motsegn når jordvernet ikkje vert tilstrekkeleg teke omsyn til,» og at «ein streng praktisering av plan- og bygningslova er, etter komiteens sitt syn, det viktigaste verkemiddelet for å sikre eit sterkt jordvern.». Fylkesmannen må som ein konsekvens av nasjonale mål og styringssignal, leggje seg på ei restriktiv line i saker som gjeld jordvern og omdisponering av matjord. Dersom kommunane i Møre og Romsdal tek omsyn til jordvernet i sine planer, vil ikkje Fylkesmannen som sektormynde ha motsegn i kommunale planprosesser.»

Vidare skriv Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

«Mål om sterkare jordvern enn dagens praksis

Landbruksnæringa er på lik line med andre næringar, og kanskje i enda større grad, avhengig av kjente arealmessige rammer og moglegheit for utvikling. Fylkesmannen meiner at kommunar i Møre og Romsdal har meir å gå på når det gjeld å prioritere jordvern. Dette må til for å nå dei nasjonale målsettingane om mindre tap av dyrka jord, auka matproduksjon og større sjølvforsyningsgrad.

Jordbruksareala er viktige som grunnlag for ei næring som bidreg til sysselsetting, busetnad, verdiskaping, eit levande kulturlandskap og matberedskap.

Jordvern er derfor ikkje ei særinteresse, men eit samfunnsansvar.»

Landbruksdirektoratet har skrivt ein kronikk om det kommunale ansvaret i høve vedtaket i Stortinget. Dette vart publisert like før jul, i Adressavisen 28.12.2016. Denne kronikken er også vist til på heimesidene til Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Kronikken heiter «*Vern av matjord er kommunenes ansvar*»

ØRN ROLFSEN Adm.dir. i Landbruksdirektoratet og GEIR GRØNNINGSÆTER Direktør
Landbruksdirektoratet, er forfattarar av artikkelen.

Dei skriv at:

Den vedtekne jordvernstrategien er nasjonal, og ansvaret for å iverksette den ligg hos alle kommunane i landet. Kommunen er lokal arealplanmyndighet. Ansvaret for forvaltning av arealressursane ligg derfor til kvar einskild kommune.

Dette har fylkesmannen peika på også til Volda kommune:

Volda kommune. Kommunedelplan E39 Volda sentrum – Furene.

Fråsegn til 2.gongs offentleg ettersyn (dagsett 30.06.2014) :

Fylkesmannen skriv (på s. 3) : Fylkesmannen har som oppgåve å sjå til at kommunane utfører si arealplanlegging i tråd med nasjonalt lovverk og føringar. I St.prp. Nr 1 (2009-2010) står det at det er eit særleg relevant mål at ressursforvaltninga er berekraftig og klimariktig med eit sterkt jordvern. Landbruks- og matdepartementet si melding nr 9 til Stortinget (2011-2012) seier mellom anna at det er viktig med eit sterkt jordvern og ein politikk som utnyttar jordbruksareala, sidan Noreg har eit avgrensa areal for matproduksjon. Vidare seiast det at det er viktig å ta i bruk verkemiddel i plan- og bygningslova for å sikre dyrka mark for framtidige generasjonar. ..

og

Mellom fylkesvegen og Rotevatnet er det LNF, slik at vegen har vore ei naturleg grense mellom landbruk og bustader. Når det gjeld grensa mellom landbruk og bustader på sørsida av vegen, er det naturleg at Heltneelva er ei slik jordvernsgrense.....

og vidare s.4

*Nesten 40 dekar fulldyrka jord utgjer ein stor ressurs for matproduksjonen. **I tillegg til nedbygginga, vil framlegget bryte med den naturlege jordverngrensa som Heltneelva utgjer, slik at det opnast opp for ei vidare nedbygging austover langs vatnet....** (vår utheving)*

og

Ut frå desse momenta fremjar Fylkesmannen motsegn mot planframlegget når det gjeld arealet på austsida av Heltneelva (AB-F-5 og G-3).

Det er , nettopp, aust for Heltneelva , langs vatnet, den omhandla turvegen er tenkt bygd !

Framlegget om å ta omlag 40 dekar jordbruksjord av gnr.20 bnr 1 til bustader varslar Fylkesmannen motsegn mot. Turvegen, som er planlagt i same området, tek omlag 87 dekar ut av jordbruksjorda!

Som vi har peika på tidlegare, jamfør vedlegga, vil turvegen føre til omfattande ulemper og skadeverknader for framtidig jordbruksdrift for alle dei 19 gardsbruka vegen vil skjere gjennom. Mange av grunneigarane har uttrykt otte for at det vert slutt på jordbruksdrifta om turvegen kjem.

Jordbruksdrifta i heile dette kulturlandskapet er sett i spel, og *det opnast opp for ei vidare nedbygging austover langs vatnet.*

Jordvern handlar om maten på bordet for komande generasjonar.

Kulturlandskapet

Då saka kom opp første gongen i 2003 var kulturavdelinga hjå Møre og Romsdal fylkeskommune uroa over fylgjene for kulturlandskapet.

I eit brev til Volda kommune, datert 30.05.03, skriv Fylkeskonservatoren mellom anna :
Kulturlandskapet strekk seg frå vegen og heilt ned til strandkanten. Strandsona er utan vesentlege utfyllingar. Forbindelsen mellom garden/tunet og vatnet er samanhengande og «lesbar». Vi er negative til å dele opp dette arealet med ein veg. Vi vil derfor føreslå å legge vegen langs eksisterande veg slik at våtmarksområdet fell saman med kulturlandskapet på nedsida».

Alternativet Fylkeskonservatoren peika , gangveg langs Botnavegen, er no under utbygging.

Kulturlandskapet som føresetnad for biologisk mangfald vert understreka i Naturmangfaldloven. Der heiter det mellom anna (NOU 2004:28):

Kulturlandskapet fremstår mange steder som svært artsrikt. Det gamle jordbruket, slik det ble drevet i Norge langt inn i forrige århundre, var preget av kontinuerlige inngrep som ga grunnlag for høy diversitet. Eksempler på artsrike kulturlandskap er urterike slåtteenger, fuktige naturenger, seterområder og kystlyngheier. Det biologiske mangfoldet i jordbrukslandskapet er hovedsakelig knyttet til åkerskillene, kantsonene og åkerkantene. Hele 90 % av biodiversiteten i jordbrukslandskapet er knyttet til disse landskapselementene. Stabile kantsoner, det vil si kantsoner med veletablert flerårig vegetasjon, er svært viktige for det biologiske mangfoldet på artsnivå.

Vassdragsbeltene er av de områdene som har størst artsrikdom og biologisk produksjon. Blant annet utgjør de svært produktive våtmarksområdene viktige leve-, hekke-, beite-, trekk- og overvintringsområder for en rekke fuglearter. Av de ca. 250 fugleartene som er påvist hekkende i Norge, er mellom 60 og 70 arter i større eller mindre grad knyttet til ferskvann. For mange truede eller sårbare arter har vassdragene med kantsoner dessuten en avgjørende funksjon som

leveområde eller for artens spredning. Norge er for øvrig det eneste landet i verden der atlantisk laks, sjorøye og sjoorret forekommer i samme vassdrag.

Det er tvillaust at ein 6 m brei urban turveg med gatelys langs nordsida av Rotevatnet vi redusere verdien av kulturlandskapet han skjer av, og vil og føre til store skadeverknader for natur- og miljø.

Kan reguleringsplanen godkjennast når ein held han opp mot omsynet til jordbruksdrifta, jordvernet, kulturlandskapet og natur- og miljø?

Mvh


Greg. Rotevatn


Herdis Rotevatn

2 vedlegg

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Greg. Rotevatn
Botnavegen 5
6104 Volda
gnr 27 bnr 12
gregrotevatn@hotmail.com
Telf 97 56 30 12

Volda 23. juli 2014

Volda Kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Gjeld klage på vedtak i Volda kommunestyre, sak PS88/14. Detaljreguleringsplan Turveg Rotevatnet. Arkivsak 2012/151.

Vi vil på det sterkaste protestere mot nemnde vedtak .

Er reguleringsplanen for turveg Rotevatnet i strid med Kommuneplanen for Volda?

Dette spørsmålet har vore reist ved fleire høve, første gong i brev frå grunneigarane til kommunen 04.12. 2003. Sakshandsamaren har ikkje gitt svar på spørsmåla om dette, ei heller er det drøfta i sakspapira.

I Kommuneplanen, det viktigaste styringsdokumentet til kommunen, kan vi lese under «Langsiktig del, felles planføresetnader s. 4 : *Hovudmål og retningsliner for bruk av naturressursane :* *Målsetjing: Det er eit hovudmål for kommunen å ta vare på naturressursane, naturmiljøet og biologisk mangfald på ein slik måte at ein ikkje øyder føresetnader og livsgrunnlaget for framtidige generasjonar. «Føre- var» prinsippet ----*

Vidare finn vi under *Retningsliner: For arealbruken skal følgjande retningsliner leggjast til grunn: Dyrka og dyrkbar jord må vernast om. Inngrep i jordbruksareal for å ivareta andre samfunnsinteresser må gjerast med stor varsemd. Gjennom arealplanlegginga skal ein ta vare på kvalitetane i natur- og kulturlandskap og nærmiljø, ---»*

Etter at grunneigarane i 2003 reiste spørsmålet nemnt ovanfor, har planen for turveg vorte monaleg utvida: Omfanget av nedbygginga har auka, bandlagt areal har auka, fylgjene for moglege jordbruksdrift for alle involverte gardsbruka har vorte forverra (jamfør reguleringsføresegnene), fylgjene for natur og miljø har vorte forverra, skaden for kulturlandskapet er meir omfattande og kvalitetane for friluftsliv og rekreasjon har vorte meir forringa.

Etter vårt syn bryt planen for turveg grunnleggjande med føringar i Kommuneplanen for Volda.
Kva meiner Fylkesmannen ?

Konsekvensutgreiing for jordbruket manglar.

Det vart tidleg klart (2003) i planprosessen at ei vegbygging langs Rotevatnet på nordsida ville få omfattande og alvorlege fylgjer for landbruket i dette kulturlandskapet for all framtid. Ein slik veg skjer over alle byteliner mellom bruka , endrar gjerdeproblematikken heilt og avskjer beitande husdyr frå drikkevasskjelda. Dette for å nemne berre to av problema .

Avbøtande tiltak vart etterlyste. Ikkje noko konkret kom på bordet, berre vage formuleringar om at ein skulle finne løysingar.

Med m.a. dette som bakgrunn gjorde Volda kommunestyre 25.11.04 i sak 01 10/04 slikt vedtak:
« P 3. Kommunestyret sender dei delane av planen som omhandlar turveg på nord- og austsida av Rotevatnet tilbake til DPF. I det vidare arbeidet ber ein om at det vert funne løysingar som førebygg konflikter mellom ferdsel, næringsinteresser, natur og miljøkvalitetar m.m. »

Dette vedtaket i kommunestyret har ikkje vorte fylgt opp av sakshandsamaren.

Les ein p 2.6 Landbruk (s. 8) i sakspapira , kan ein få inntrykk av at jorda til dei 19 bruka langs Rotevatnet har liten verdi som jordbruks jord.. Det er langt frå tilfelle.
Førebur Volda kommune ei omregulering av heile dette jordbruksområdet til utbyggingsføremål ?

Dei fleste av dei 19 bruka er under konsesjonslova og har med det bu- og driveplikt.
Mest all slåttemark i dette landskapet vert halden i hevd og vert hausta. Storfe, sauer og hestar nyttar beita. Dei bøndene ved tettstaden Volda som har jordbruket som leveveg, er heit avhengige av denne jorda. I framtida kan desse areala vere avgjerande for om lokalbefolkninga får mat på bordet !

No er dette jordbruksarealet sett i spel.

Grunneigarane har fleire gonger vendt seg til kommunen og bede om ei konsekvensutgreiing for jordbruket. Ei slik utgreiing må utførast av kompetente og uhilda fagpersonar.

Vi har ikkje fått ei slik utgreiing.

Sakshandsamaren syner til ein svært kortfatta og generell omtale av jordbruket i området forfatta av landbrukssjefen i Volda kommune.

Det er urovekkjande at lanbrukssjefen unnlet å gå inn på dei viktigaste konfliktområda landbruket møter om vegen vert bygd.

Når sakshandsamaren på s. 24 i planen kallar utsegna frå landbrukssjefen i kommunen for:»*landbruksfagleg vurdering/konsekvensvurdering*», er det i beste fall ein villeiande påstand.

Eg viser til protestskrivet av 27.12.2012 advokat Bjørn Kristian Hove sende på vegner av 15 av dei berørte grunneigarane Det er opplysande å studere kva Hove seier om konsekvensar for jordbruket.

Når vi no, etter at ovanfor nemnde brev vart forfatta, og vi ser reguleringsføresegnene for planen, er det klart at konsekvensane for framtidig landbruksdrift for dei 19 gardsbruka turvegen skjer gjennom, vert dramatisk forverra i høve til det ein kunne frykte .

Konsekvensane vert omfattande ikkje berre for 230 da regulert areal, men for heile kulturlandskapet mellom Rotevatnet, Vikebygdvegen og Botnavegen, eit areal på omlag 1000 da.

Dette er omlag all dyrka jord og beitemark for alle dei gjeldande bruka

Heile arealet mellom vatnet og turvegen er lagt ut til offentleg bruk . No misser grunneigarane , i all hovudsak, rettane sine her men vert pålagde plikter! Dette er meir destruktivt enn ran og slår beina under jordbruksdrifta!

I § 3.2 under Reguleringsføresegner kan vi lese: «*Innfor føremålet (?) friluftsområde LNF-LF2,LNF-LF3,LNF-LF4,LNF-LF5 er det forbod mot alle typar inngrep, med unnatak av naustbygging og tiltak som er naudsynte for landbruksdrifta. Sistnemnde tiltak må vurderast særskilt og alternative lokaliseringar må vurderast først .---*»

Siste passus i sitatet ovanfor syner i klartekst at det i **praksis** vert mest uråd å drive aktivt landbruk på arealet mellom Rotevatnet og Vikebygdvegen/Botnavegen. Dette arealet omfattar mest all innmark for dei 19 gardsbruka!

Føresegnene legg opp til at kva gardbrukar må søkje kommunen til dømes om å halde ved like

dreneringsgrøftene på eigedomen sin (grøftene munnar ut i Rotevatnet). Det må søkjast om å få deponere overskotstein i samband med grøfting, fornying av eng og for åkerbruk. Bøndene må såleis søkje kommunen om løyve til å nytte egne rydningsrøyser! (Rydningsrøysene ligg i all hovudsak ved Rotevatnet).

Under slike restriksjonar kan ein ikkje drive jordbruk.

Med desse grunngevingane:

Kan Fylkesmannen godkjenne utbyggingsplanen som ligg føre utan at det vert gjennomført ei konsekvensutgreiing for jordbruket ?

(Viser her til «Forskrift om konsekvensutredning , paragraf 4 , underpunkt f»)

Konsekvensutgreiing for natur- og miljø på feil grunnlag.

Har Miljøfaglig utredning AS fått villeiande informasjon frå Volda kommune om kva slag utbygging det er snakk om? Alt tyder på det.

I utgreiingsdokumentet er nemninga «tursti» konsekvent brukt. Tursti er noko heilt anna enn det planen legg opp til : Ein i alle måtar urban veg med tre meters breidde , med skuldrar og skjeringar og som skal lyssetjast !

Vurderingane for konsekvensar for natur- og miljø og tilrådingar i utgreiinga må sjåast i lys av at det er ein «tursti» Miljøfagleg utredning AS har hatt som utgangspunkt.

Volda kommune sin planleggar vel også å sjå bort frå viktige tilrådingar i rapporten, og bagatelliserer konsekvensane for natur- og miljø ved ei utbygging. (sjå s. 23 i reguleringsplanen).

Den naturfaglege vurderinga har fleire manglar. Mest alvorleg er kan hende omtalen den raudlista oteren får, han er ikkje eingong førd opp på artslista!

På s. 8 i rapporten vert det nemnt at det er observert spor etter oter, truleg individ som er komne opp frå Øyraeleva på matsøk.

Lokalkjende kjenner til at det er ein livskraftig populasjon av oter som har Rotevatnet med tilstøytande elvar og bekkar som sin faste levestad. Ein kan observere oter og spor etter oter til alle årstider .

Naturtilhøva for oter er gode i Rotevatnet: Vatnet er fiskerikt med fleire elvar og gytebekkar. Området har stor strukturrikdom. Vatnet har djupe og grunne soner med siv og tilstøytande våtmarker. Strandlina på nordsida av vatnet (her vegen er planlagd) er i dag lite eksponert for ferdsl. Her finn oteren store rydningsrøyser som gir gode gøyme- og ynglestadar.

Ein av dei siste observasjonane av oter eg kjenner til var då fleire personar 07.07.2014 kunne sjå fire dyr(familiegruppe?) i Rotevasselva, truleg på veg til «dagplassen» etter matsøk i elva.

Det er tvillaust at ei vegbygging langs nordsida av Rotevatnet vil måtte få alvorlege konsekvensar for natur og miljø. Utbygginga vil føre til at vatnet blir «strypt» av vegar og blir «urbanisert.»

Dei mange artane som hekkar langs nordsida av vatnet, fleire av dei raudlista, vil miste leveområdet sitt. Det same gjeld truleg oteren og andre pattedyr som held til her . Den lokale hjortestamma vil og misse eit viktig vårbeite.

Eg meiner at det må utarbeidast ei ny konsekvensutgreiing for natur og miljø som byggjer på rette føresetnadar.

Korleis ser Fylkesmannen på dette?

Moldholene, automatisk freda kulturminne i fare.

Søraust for Ridebana på Vollane (27/1), nær vatnet, ligg Moldholene.

Moldholene er det jordstykket bøndene på Rotevatn, gjennom hundreåra, henta mold frå som dei brukte m.a. til å mele kornåkrane seint på ettervinteren/våren for å kunne få starte våronna tidleg nok.

I dag kan vi sjå dette kulturminnet som «groper» i grunnen.

Etter reguleringskartet å døme, kjem den planlagde turvegen i konflikt med Moldholene. Moldholene er ,etter lovverket, automatisk freda kulturminne.

Kva gjer fylkesmannen med dette ?

Botnavegen. Det gode alternativet.

Heilt sidan planen for gangveg på nordsida av Rotevatnet vart kjend, fekk kommunen mange innspel om alternativet Botnavegn. Det er no vedteke å utbetre Botnavegen og å byggje gangveg/fortau langs han. No vil mjuke trafikantar få ein god og trygg turveg rundt heile Rotevatnet. Botnavegen er også vegen som fører til dei mange stiane og skogsvegane aust og nord for Rotevatnet. Den planlagde turvegen er lagd parallelt med Botnavegen/Vikebygdvegen i ein avstand på få hundre meter.

Det er ikkje trong for ein parallell til ein utbygd Botnaveg.

Tilgang til Rotevatnet, rekreasjon og folkehelse.

Desse tre punktta i avsnittsoverskrifta har vore planleggaren sine kronargument for vegutbygginga på nordsida av Rotevatnet.

I dag har folket i Volda direkte tilgang til omlag 2/3 av strandlina av Rotevatnet. I sør går vegen gjennom Rotsetstranda,tett inntil vatnet. Her er det utmark og allmannaretten gjeld. På vestsida ligg Volda stadion med omland, eit offentleg område. I nordvest ligg badeplassen Årneset og i aust Botnasanden som no er regulert til utbygging. Den delen av foket i Volda som vil ha «lett» tilgang til Rotevatnet har det no, i rikeleg mon.

Dei, som i tillegg, ynskjer meir fred og ro og oppleve eit urørt kulturlandskap, kanskje med beitande husdyr. Ein stad der du kan få ei god stund med fiskestonga, studere fugle-og dyrelivet, finne fine fotomotiv .Dei har nordsida av Rotevatnet- no Dei som ynskjer å gli inn til stranda med kajakken for å nyte roa du finn i strandkanten på nordsida av Rotevatnet, dei har høve til det - i dag. Eller, etter ei ykt med skeiser på isen ein fin vinterdag. Då kan du finne ein god rasteplass på ein stein i ei rydningsrøys i strandkanten på nordsida av vatnet og nyte stilla. Slik kan det vere enno.

Dette er rekreasjon og folkehelse!

Å byggje ein veg gjennom dette landskapet, tett innåt vatnet, er konsum.

Det kan verke paradoksalt men: Ved å gi eit «gode»til lokalbefolkninga kan du kome i skade for å ta frå dei større gode og varigare verdiar. Dette kan kome til å skje om turvegen på nordsida av Rotevatnet vert bygd. I tillegg vert natur- og miljø, kulturlandskapet og jordbruksdrifta ofra.

Folket i Volda tettstad «treng» ikkje denne vegen.

Han vert tvillaust meir til skade enn til gagn – om han vert bygd.

Mvh

Greg. Rotevatn

Herdis Rotevatn

Kopi : Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Uedlegg 2

Greg. Rotevatn
Botnavegen 5
6104 Volda
gregrotevatn@hotmail.com
Telf 97 56 30 12

Volda 2.februar 2016.

Volda kommune
Sektor for utvikling
Stormyra 2
6100 Volda.

Detaljreguleringsplan turveg Rotevatnet. Arkivsak nr. 2012/151

Merknader til planen.

Vi syner til våre tidlegare innsende fråsegner til saka. Skadeverknader og problem som turvegen vil føre med seg, har til no vorte «høvla» ned i sakspapira og nærast gjort til inkje. Problema har såleis ikkje «kome på bordet» og vorte drøfta i dei politiske organa.

Vi bed difor formannskapet/kommunestyret ta opp til drøfting problemområda vi vil peike på nedanfor, og kome med konkrete svar.

Kommuneplanen.

I Kommuneplanen, det viktigaste styringsdokumentet til kommunen, kan vi lese under «Langsiktig del, felles planføresetnader s. 4 : *Hovudmål og retningsliner for bruk av naturressursane :* *Målsetjing: Det er eit hovudmål for kommunen å ta vare på naturressursane, naturmiljøet og biologisk mangfald på ein slik måte at ein ikkje øyder føresetnader og livsgrunnlaget for framtidige generasjonar. «Føre- var» prinsippet ----* Vidare finn vi under *Retningsliner: For arealbruken skal følgjande retningsliner leggjast til grunn: Dyrka og dyrkbar jord må vernast om. Inngrep i jordbruksareal for å ivareta andre samfunnsinteresser må gjerast med stor varsemd. Gjennom arealplanlegginga skal ein ta vare på kvalitetane i natur- og kulturlandskap og nærmiljø---*»

Korleis kan ein gangveg på nordsida av Rotevatnet «harmonere» med måla og retningslinene ovanfor, kva meiner formannskapet/kommunestyret?

Jordbruket.

Gjerdeplikt.

Dersom turvegen vert bygd, vil han skjere over alle bytelinene mellom gardsbruka og opne opp heile landskapet for beitedyr.

Vil Volda kommune ta ansvar for dette og, som avbøtande tiltak, syte for at fullgodt gjerde med naudsynte grunder vert sett opp og halde ved like?

Drikkevatn for beitedyr.

Turvegen vil, slik planen ligg føre, avskjere beitande husdyr frå drikkevasskjelda, Rotevatnet. Vil Volda kommune syte for at det vert lagt opp drikkevatn som erstatning for den tapte drikkevasskjelda?

Drengrøfter.

Drengrøftene i kulturlandskapet gangvegen vil skjere av har, naturleg nok, avlaup til Rotevatnet. Vil Volda kommune bere ekstrakostnadene turvegen vil føre til med omsyn til å halde ved like drengrøftene som går til Rotevatnet?

Rydningrøysene.

For å kunne drive jordbruk på steinrik morenejord, som vi har i Vikebygda, må overskotsstein frå drifta deponerast på rydningrøysene. Desse ligg i stor mon i strandsona av Rotevatnet.

Vil Volda kommune gi garantiar for at rydningrøysene, som kvart bruk har i strandsona, kan brukast i framtida om ein turveg vert bygd?

Moldholene.

Søraust for Ridebana på Vollane (27/1), nær vatnet, ligg Moldholene.

Moldholene dekkjer eit areal på fleire da og strekkjer seg frå vasskanten omlag 100m oppover i terrenget.

Moldholene er det jordstykket bøndene på Rotevatn, gjennom hundreåra, henta mold frå som dei brukte m.a. til å molde kornåkrane seint på ettervinteren/våren for å kunne få starte våronna tidleg nok.

I dag kan vi sjå dette kulturminnet som «groper» i grunnen .Omfanget av molduttaket er så omfattande at det må ha vore i bruk i svært lang tid.

Etter reguleringskartet å døme, kjem den planlagde turvegen i konflikt med Moldholene.

Dette kulturminnet har diverre «gått under radaren» til arkeologen som gjorde undersøkingane. Eg syner til rapporten s. 9 , punkt 5.2 underpunkt 2:*Det finnes nedgravinger langs Rotevatnet som er «moldhole» og de vart brukt til ca. 1940. Masser som var gravd og samlet i dette området ble dekket over veier å forebygge frysing.*

Sitatet ovanfor syner tydeleg at arkeologen har mistydd den informasjonen underteikna gav under synfaringa (Gregor Rotevatn er i dokumentet vist til som informant).

Det som står i rapporten om Moldeholene er ikkje rett.

Som fylgje av dette har Moldholene ikkje vorte granska av arkeologen.

Det ligg føre fleire arkeologiske rapportar som gir kunnskap om jordbruksdrift og busetnad på Rotevatn i førhistorisk tid:

Dokumentasjonen syner at det har vore jordbruksdrift for meir enn 2000 år sidan og at det må ha vore fast busetnad for meir enn 1000 år sidan på Rotevatn .

Med dette som bakgrunn er det , med stor overvekt, sannsynleg at deler av Moldholene er langt eldre enn året 1537 og såleis må vere eit automatisk freda kulturminne.

Sjå Lov om kulturminner (kulturminneloven): Kap II §3, §4 og §9.

Som vi har peika på ovanfor har Moldholene ikkje vorte»fanga opp» i den arkeologiske rapporten . Dette mishøvet har Volda kommune , som tiltakshavar, plikt til å få retta opp.

Vil Volda kommune ta fatt i dette og syte for at naudsynt arkeologisk gransking vert utført ?

Eller vil formannskap/kommunestyre syte for at vegen vert lagt på nordsida av Moldholene?

Vi vonar no at formannskapet/kommunestyret vil ta fatt i dei utfordringane vi har peika på, og tek gangvegsaka opp til ny heilskapleg vurdering.

Mvh

Greg. Rotevatn

Herdis Rotevatn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 MoldeÅlesund, 31. mai 2017
bkh/nw**Klage over Volda kommunes Vedtak – Reguleringsplan Turveg Rotevatnet (Planid 2011009). Klagere: en rekke berørte grunneiere.**

Jeg viser til Volda kommunes Vedtak 27. april 2017 i sak PS 42/17 og meddeler at følgende grunneiere har anmodet om min bistand:

Hallgeir Heltne	gnr. 20 bnr. 28
Roy Inge Heltne	gnr. 20 bnr. 6
Ståle Solgard	gnr. 20 bnr. 20
Monika Pöhlmann-Kairies	gnr. 20 bnr. 22
Geir Rotevatn	gnr. 27 bnr. 4
Oddbjørg Egge	gnr. 27 bnr. 11
Greg. Rotevatn	gnr. 27 bnr. 12
Paul Robert Rotevatn	gnr. 27 bnr. 3
Bjørg Rotevatn	gnr. 27 bnr. 1
Knut Arne Solberg	gnr. 27 bnr. 16
Magnus Vassbotn	gnr. 28 bnr. 2 og 8
Audhild G. Rotevatn og Tormod Utne	
Siw Rotevatn Vikene og Per Martin Vikene	

Volda kommunestyret gjorde 27. april 2017 i sak PS 42/17 pkt. 1 sålydende vedtak:

«I samsvar med reglane i Plan og Bygningslova § 12-12 vert detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet – slik det går fram av justert plankart datert 30.03.2017 og føresegner datert 30.03.2017 – godkjent.»

Vedtaket påklages på vegne av mine parter rettidig til opphevelse.

I samme sak under pkt. 2 ble følgende formulering **nedstemt**:

«Kommunestyret konstaterer at gjennomføring av planen tvillaust er meir til gagn enn skade, jfr oreigningslova §2 og PBL kap. 16.»

Kommunestyrets vurdering under pkt. 2 er riktig.

Flere av mine parter har sendt egne klager over reguleringsplanvedtaket. Jeg viser i så måte blant annet til

- Roy Inge Heltnes Klage datert 16.05.2017
- Magnus Vassbotns Klage datert 21.05.2017
- Tormod Utne/Audhild G. Rotevatns Klage datert 22. mai 2017
- Greg og Herdis Rotevatns Klage datert 23. mai 2017

Jeg slutter på vegne av mine parter opp om samtlige anførsler og gjør disse til del av nærværende fellesklage. Klagene er grundige og påviser/dokumenterer klare feil ved kommunens vedtak samt ved grunnlaget for vedtaket. Feil kvalifiserende for ugyldighet.

Så vel faktagrunnlaget som usikkerhet knyttet til dette og feil ved kommunens anvendte faktum samt imperativet om anvendelse av «føre var-prinsippet», taler med vekt for at planvedtaket ikke er gyldig og må oppheves. Dette vil måtte utvikles ytterligere for tilfellet Volda kommune nå ikke straks av eget tiltak tar klagen til følge og legger bort plansaken.

Kommunestyrets voteringer 27. april 2017 **slår selv fast at reguleringsplanvedtaket mangler gyldighet / er ugyldig**. Det er ganske nettopp hensikten med en reguleringsplanprosess og et reguleringsplanvedtak å avklare om gjennomføring av arealplanvedtaket «tvillaust er til meir gagn enn skade». Når formannskapetets tilråding under pkt. 2 fall (med 13 for og 14 røyster mot), faller også det rettslige grunnlaget for reguleringsplanvedtaket bort. (Og det til tross for at 18 røysta for og 9 imot reguleringsplanen.)

Et reguleringsplanvedtak er i realitet også et vedtak som hjemler tvangsserverv for gjennomføring av vedtatt arealbruk. Ved slike vedtak gjelder legalitetsprinsippet. Legalitetsprinsippet har Grunnlovs rang og kalles gjerne «lovskravet». Ethvert inngrep fra det offentlige i private borgers rettsstilling må som konsekvens ha hjemmel i lov, hvis det ikke bygger på annet kompetansegrunnlag som avtale m.v.

Når 14 av 27 kommunestyrerepresentanter ved konkret votering ikke slutter opp om en konstatering av at «gjennomføring av planen tvillaust er til meir gang enn skade», mangler reguleringsplanvedtaket hjemmel i lov (jf. oreigningslova § 2), med ugyldighet som konsekvens.

Jeg ber på slik bakgrunn om at Volda kommune nå kort og godt tar konsekvensen av kommunestyrets votering og legger bort denne plansaken.

Klagen stiles Fylkesmannen, men sendes Volda kommune til forberedende behandling, jf. fv1. § 33, idet minnes om at kommunen selv plikter å oppheve ugyldige vedtak.

Med vennlig hilsen



Bjørn Kristian Hove
advokat

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Att. Volda kommune

Postmottak

Stormyra 2

6100 Volda

Molde, 31. mai 2017

**PLANID 2011009 – REGULERINGSPLAN FOR TURVEG ROTEVATNET.
KLAGE PÅ POLITISK VEDTAK OM GODKJENNING AV DETALJREGULRINGSPLAN**

Norsk ornitologisk forening – NOF v/sakshandsamar Alv Ottar Folkestad og gjennom sending pr. e-post frå Volda kommune via ein av grunneigarane i det aktuelle området, er gjord kjend med ovafor nemnde vedtak i kommunestyremøte i Volda 27.04 2017. Sendinga blei motteken 11.5 2017. NOF har tidlegare i planprosessar i plansaka erklært seg som interessepart og hatt innspel i to rundar, 2004 og 2014, ved første tilfellet innspel med naturfagleg verdivurdering av planområdet, ved andre tilfellet gjennom formell klage på vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplanen. Ved begge høva har foreininga grunngeve kvifor ein ser seg som formell interessepart – ved å representere ålmenne interesser og verdier knytt til natur og dyreliv i planområdet og med særleg fokusa på fuglelivet.

Innleiingsvis finn NOF grunn til å uttrykke undring over å finne seg på lista over inviterte deltakarar i planprosessen. Korkje leiar i NOF Møre og Romsdal eller sakshandsamar (no og i føregåande rundar) kan sjå å ha teke mot nokon slik invitasjon. Samstundes er det i planomtale og saksdokumenta ikkje er råd å finne referanse til eller kunnskap frå dei innspela og vurderingane foreininga hadde i første omgang, eller til dei faglege vurderingane og kritiske merknadane som var grunnlaget for formell klaga ved første gongs eigengodkjenning av planane. Slik sett har foreininga inntrykk av å vere halden utafor prosessane både under utarbeiding av planane og i høyringsprosessen, utan at det i seg sjølv skal bety så mykje for den rolle NOF har og tek i saka.

NOF definerer seg med sin ålmenne ståstad som taleorgan for «den umælende part» i saka, dvs. den fauna og flora som utgjer livsformene i dette kulturlandskapet og som også i planomtalen er omtala som viktige verdier i seg sjølv, og i møte med og opplevingsgrunnlag for dei som turvegen skal byggast for som ferdselsåre. Ut frå dette meiner NOF og å vere

klagepart i saka. Med tilvising til ein sett klagefrist på tre veker frå motteken melding om vedtak, konstaterer foreininga at klaga vert framsett innfor fristen. Klaga vert sett fram som følger:

Norsk ornitologisk foreining avdeling Møre og Romsdal vil med dette klage på vedtak i Volda kommunestyre den 27.04 2017, sak PS 42/17 «Planid 2011009 – reguleringsplan turveg Rotevatnet – handsaming etter nytt offentleg ettersyn».

Grunngjeving:

- 1. Sakshandsamingsfeil***
- 2. Faktafeil og mangelfulle/misvisande vurderingar i planomtale***
- 3. Faktafeil og manglande referansegrunnlag for naturfagleg notat***

Vi vil utdjupe dette i det etterfølgjande:

- 1. Sakshandsamingsfeil***

I innspel frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal i tidlegare prosessar i denne plansaka er det peika på at det vil vere sakshandsamingsfeil dersom ikkje konsekvensane for naturmiljøet vert vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12, jfr. og §§ 4-5 og 7. I førre runde (2014) var ikkje dette med i planomtalen, berre synt til naturfagleg notat. I denne runden er det ført inn eit nytt kapittel, 4.12, som blir kalla prinsippvurdering i høve naturmangfaldlova §§ 8-12, og som tidlegare var ein del av saksutgreiinga. Her er det gått gjennom dei fem nemnde paragrafane, men utan at det er gjort anna enn å dra ein rask og enkelt konklusjon om at

§ 8 kunnskapsgrunnlaget er godt nok fordi det i tillegg til naturbasen er innhenta kunnskapsrapport av firma som har god fagkompetanse. Både i tidlegare innspel frå NOF og frå andre er det påpeika manglar i kunnskapsgrunnlaget i den nemnde fagrapporten, og det må derfor i det minste kunne krevjast ei vurdering i høve til det som er påpeika og stilt spørsmålsteikn ved for å kunne grunngje kvifor konklusjonen likevel må kunne bli av kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg. Det er svært vanskeleg å sjå at det som er ført under dette punktet tilfredstille kravet til ei nøktern og fagleg vurdering av kunnskapskravet.

§ 9 – Føre-var-prinsippet. Avsnittet tar utgangspunkt i at det er tilstrekkeleg opplyst kva verknader reguleringsplanen kan ha for naturmiljøet og at det ikkje ligg føre fare for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet. Det er all grunn til å stille spørsmål ved denne vurderinga når sjølv turvegprosjektet har som føresetnad ein veg i 3 m breidde, med grøfter og vegskuldrar i ei vegsone på 6 m som må fundamentarast til å kunne nytte traktor for vedlikehald. I tillegg skal det leggest til rette for veglys. Dette vil måtte innebere ein gjennomgripande påverknad på alt av sigevass-system i det hellande terrenget ned mot vasskanten og med permanente endring det vil måtte få for vegetasjon og dermed også dyrelivet. Turvegen vil såleis måtte medføre ei samanhengande endring i føresetnadene for den overgangssona som i dag er mellom vasskanten og det bakanfor liggande landskapet. Derfor *kan* ikkje den konklusjonen som er gitt på denne paragrafen vere rett.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning. Også her må det etterlysast ei nøktern og faktabasert vurdering i høve til det paragrafen tek sikte på. Dersom bruken av landskapet blir endra *må* det og ha påverknad på økosystemet. Kravet må derfor vere å konkretisere kva dette vil innebere, ikkje bortforklare og bagatellisere når det er sjølvinnlysande at dersom målsetjinga er at vegen skal opne for auka (sterkt auka?) bruk av landskapet, vil det

nødvendigvis medføre endringar i og belastningar av dei økosystema som er der i dag og eventuelt har vore før og kunne gjenopprettast.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar. Det gir unekteleg eit stusseleg inntrykk ein mangel på forståing av kva som ligg i denne paragrafen fokus blir sett på at tiltakshavar har betalt kostnadene ved planprosessen og at ein har tenkt å følgje opp dei tiltak som er nedfelt i planen. Det bør i planprosessen vere eit minimum at det på fagleg og kunnskapsmessig grunnlag er gitt ei nøktern vurdering av kva miljøforringingar tiltak etter planen vil føre med seg og kva det i så fall vil innebære å avbøte eller avverge dette.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Det ver sagt at slik planen med tilhøyrande føresegner er utforma, vert skadane på naturmangfaldet avgrensa til eit minimum. På må det vere eit rimeleg krav å få vurdert på kva kunnskapsgrunnlag og kva erfaringar dette er vurdert, og korleis er eit minimum definert.

I sum er det NOFs konklusjon at skal ein ta naturmangfaldlova, §§ 8-12 på alvor, må krav til prinsippvurdering av desse paragrafane ha eit vesentleg høgare ambisjonsnivå enn det som er presentert i planomtalen og vedtaksgrunnlaget i denne saka i Volda kommunestyre. Konklusjonen er derfor at dette må kunne karakteriserast som ein sakshandsamingsfeil, jamfør innspelet frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Når det gjeld pkt. 2. Faktafeil og mangelfulle/misvisande vurderingar i planomtale og pkt 3. Spørsmål om mandat, faktafeil og manglande referansegrunnlag for naturfagleg notat, vil NOF vise til vedlagde utdjupeing i klage datert 30.juli 2014, som stort sett vil vere gjeldande også for vedtaksgrunnlaget for siste planvedtak. I planomtalen har sakshandsamar ein gjennomgang i høve til kva som var sagt, formulert og forstått mellom oppdragsgjevar og oppdragstakar, men denne gjennomgangen stadfester likevel langt på veg det som har vore påpeika frå fleire, at det hos oppdragstakar nok har vore ei litt anna forståing av kor omfattande dei fysisk/tekniske inngrepa ville bli, jamfør uttalen om at dei nok ikkje skilde så klart mellom «tursti» og «turveg».

Ut over dette er det grunn til å merke seg at nyare og oppdatert kunnskap stadfester at konsulentfirmaet har feilvurdert førekomst og betydning av oter, og det er og rapportert inn førekomst av fugleartar som i høgste grad set klare krav til både landskap og ferdsel (trane).

NOF avd. Møre og Romsdals kontaktperson i saken er:
Alv Ottar Folkestad, telefon: 94316064. E-post: aof@albicilla.no

På vegne av styret i NOF avd. Møre og Romsdal



Olbjørn Kvernberg

(sign)

Leder

Alv Ottar Folkestad

Naturvernkontakt

NOF avd. Møre og Romsdal
v/Olav Runde
Kveldsro
6096 Runde

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Att. Volda kommune
Rådhuset
6100 Volda

30. juli 2014

**KLAGE PÅ VEDTAK I SAK PS 88/14 VOLDA KOMMUNESTYRE 19.06.2014 –
REGULERINGSPLAN TURVEG ROTEVATNET.**

Vi syner til vedtak i Volda kommunestyre den 19. juni 2014, sak PS 88/14 med eigengodkjenning av «Reguleringsplan turveg Rotevatnet. Planid.: 2011009» og til melding om vedtak i brev til bl.a. grunneigarar datert 26.06.2014. Klagefrist er 30 dagar frå motteke brev eller ein er kjend med vedtaket. Endeleg syner vi til e-post sendt Volda kommune datert 27.07.2014 kl. 0000 med melding om klage på vedtaket. Her følgjer brev med grunngjeven klage.

Norsk Ornitologisk Foreining avdeling Møre og Romsdal vil med dette klage på vedtak om eigengodkjenning, sak PS 88/14 «Reguleringsplan turveg Rotevatnet, Planid.: 2011009».

Grunngjeving:

1. *Sakshandsamingsfeil*
2. *Faktafeil og mangelfulle/misvisande vurderingar i planomtale*
3. *Faktafeil og manglande referansegrunnlag for naturfagleg notat*

Vi vil gå nærare inn på grunngjevingane i det følgjande:

Innleiingsvis finn vi det naudsynt å peike på at vi under tidlegare planprosess for framlegg til reguleringsplan for turveg Rotevatnet har hatt innspel (sambrev med Naturvernforbundet 15.05.2003, og eige, utdjupande innspel i brev 07.03.2004). Vi har på denne måten gitt til kjenne at vi ser på oss sjølve som interessepart i saka og som representant for å ta i vare ålmenne interesse og verdier. Ut frå dette finn vi grunn til å etterlyse kvifor ikkje vår organisasjon er på adresselista over interessepartar som har vore haldne orienterte om ny planprosess for den aktuelle reguleringsplanen og som har vore inviterte med i orienteringsmøte m.m., jamfør planomtale, med status som høyringspart.

Så konkret til utdjuping av grunngjeving for klage:

1. *Sakshandsamingsfeil*

Vi finn grunn til å syne til brevet vårt av 07.03.2004 med faktaoppsummeringar og vurderingar. Så langt vi kan sjå, vil desse framleis fullt ut stå ved lag, burde ha vore inkluderte i ny planprosess og planomtale, og vil vere eit viktig referansegrunnlag for klaga vår. Vi ser det som sakshandsamingsfeil at innspelet ikkje er teke med inn i ein ny formalprosess for framlegg til reguleringsplan.

I innspel frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal er det peika på at det vil vere sakshandsamingsfeil dersom ikkje konsekvensane for naturmiljøet vert vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12, jfr. og §§ 4-5 og 7. Vi kan ikkje sjå at dette gjort. Vedlegg av eit notat med naturfagleg vurdering oppfyller ikkje dette kravet, og slett ikkje når det som trass alt finst av tilrådingar om naturfaglege omsyn, vert sett til side. Sjå elles eigne merknader til naturfagnotatet. Notatet gjev ingen vurderingar i høve til dei nemnde paragrafane i naturmangfaldlova. Desse krava må kommunen som lokalt planmynde sjølv sjå til vert oppfylte. Tilvising til at Fylkesmannen har uttrykt positiv innstilling til planutkast og at ein kan rekne med at Staten vil vere positiv til framtidig tilskotsfinansiering for gjennomføring, kan ikkje setje til side kravet om vurdering etter naturmangfaldlova og kan i verste fall stille spørjeteikn ved om det er så å forstå at klageinstansen allereie har gitt førehandslovnader om plangodkjenning. Jamfør planomtale side 13 og 26.

2. Faktafeil og mangelfulle/misvisande vurderingar i planomtale

Naturleg nok er det i planomtalen lagt vekt på hovudmålsetjing i kommunedelplanen. Her er det klar vekt på fysisk/økonomisk sikring av areal og fysisk aktivitet, men eitt av dei særlege omsyna skal og vere bl.a. miljø og landskap. Planomtalen kommenterer ikkje det sjølvsagde i at dette er eit omsyn som lett vil verte skadelidande, medan dei øvrige, særlege omsyna og med det også hovudmålsetjingane, kan oppfyllest gjennom val av alternativ (side 5 i planomtalen).

Hovudlina i friluftspolitikken er å fremje det enkle friluftslivet bl.a. i harmoni med naturen som kan gå føre seg i allment tilgjengelege, naturprega område. Også her vil ein turveg langs Rotevatnet etter vår oppfatning kome i motstrid til den skisserte hovudlinja, etter som det krev omfattande og varige inngrep og endringar i «naturprega landskap».

Eit eige avsnitt i tettstadsanalysen for Volda om Rotevatnet er sitert i planomtalen på ein slik måte at det ser ut til at manglande gangsamband langs nordsida av vatnet gjev brot i overordna grøntstruktur frå fjell til fjord. Dette er i beste fall misvisande når kommunestyret i PS 71/14 har gjort vedtak om utbygging av gangveg langs Botnavegen (parallelt med Rotevatnet). Vidare sitat frå tettstadsanalysen gjeld den viktige funksjonen av vegetasjonsbelta langs elvedrag og vatn. Dette er og bør vere eit viktig funksjonsomsyn, der nettopp funksjonen er det sentrale. I planomtalen er det einseitig hovudvekt på ein fysisk turveg langs nord- og austsida av Rotevatnet. Dette er ny, misvisande framstilling, etter som gangvegsamband langs Botnavegen stettar dette behovet, samstundes som vegetasjonsbelta langs vassdrag og vasskant kan haldast intakte, medan dei vil bli skadelidande ved utbygging av veg langs vatnet (planomtalen side 6). Pkt. 2.4 i planomtalen side 7 og 8 blir nærare omtala i punktet om naturfagleg rapport. Tilsvarande har vi kommentert pkt. 3.1 om deltakarar i planprosessen innleiingsvis i dette brevet (side 8 i planomtalen).

I kapittel 4, skildring av planframlegget, er det i punkta 4.5 om terreng, 4.6 vegetasjon og 4.7 om naturmangfald/biologisk mangfald, stikkordsmessig kommentert dei to første, medan det siste har fått noko meir omtale på side 22-23 i planomtalen, bl.a. kommentarar frå sakshandsamar/kommunen. Naturfagnotatet er meir inngåande omtala i pkt 3 nedanfor, og det er her mest naturleg å fokusere på kommentarane. Her er det vist til krava i naturmangfaldlova §§ 7-12 som bakgrunn for naturfagnotatet, men utan at det frå kommunen si side vert gått konkret inn på krava og på den måten stette kravet om slik vurdering som er nemnt i innspel frå Fylkesmannen. Dette så mykje meir som den nøkternt sett viktigaste tilrådinga i naturfagnotatet vert sett til side, sjølv om heller ikkje denne tilrådinga på nokon måte er i samsvar med råd og retningslinjer som er praktiserte på grunnlag av fagleg underbygde vurderingar andre stader i verda. Dessutan er det i planomtalen sett fokus på folkehelse, trivsel og naturopplevingar for fleire tusen innbyggjarar for å kunne akseptere negative konsekvensar for einskilde artar vassfugl i det berørte området. Etter vår oppfatning er dette både

eineståande og oppsiktsvekkande når eitt av hovudargumenta andre stader i planomtalen er å legge til rette for utvida *naturopplevingar* for befolkninga. Dette så mykje meir som det er restar av eitt av våre mest skadelidande økosystem det gjeld, særleg i låglandet, nettopp natur med plantar, dyr og fugl i overgangen mellom vatn/vassdrag og kringliggande landskap. Denne omtalen må etter vår oppfatning vere bygt på fundamental mangel på kunnskap om og forståing for grunnlaget for verdier, liv og heilskap i eit levande landskap. I røynda vert dette endå meir tydeleggjort i avsnittet 4.10 om born og unge sine interesser, og 4.11 om folkehelseprespektivet (side 25 i planomtalen), der det vert understreka at det er viktig at born har lett tilgang til naturområde for å kunne bli trygge i å ferdast i naturen og at folk må få spennande naturopplevingar. Vi er fullt ut samde i desse avsnitta isolert sett, men då må første bod vere å ta vare på naturen som natur og ikkje legge til rette for fysisk aktivitet åleine på ein måte som øydelegg grunnlaget for å ha ein natur å oppleve. Jamfør elles innspelet vårt i brev av 07.03.2004.

3. Spørsmål om mandat, faktafeil og manglande referansegrunnlag for naturfagleg notat

Som det går fram av notatet frå Miljøfagleg utredning og av e-postkorrespondanse mellom oppdragsgjevar og oppdragstakar, er utgangspunktet for notatet å gje ei vurdering av biologisk mangfald med hovudvekt på fugl, men og på andre element. Det går ingen stad fram at dette skal vurderast etter krava i naturmangfaldlova §§ 8-12, jfr. §§ 4-5 og 7. Etter rapporten er det tydeleg at det ikkje kan ha vore særleg kommunikasjon mellom oppdragsgjevar og oppdragstakar når det gjeld det konkrete planutkastet i terrenget, jamfør t.d. figurtekst til figur 6 og at veggen blir omtala som natursti.

Oppdraget er løyst og notatet formulert etter standardmetode for naturtypekartlegging med mal for kartlegging og prioritering av nasjonalt viktige naturområde. Like eins er nytta standardmetode for konsekvensvurderingar av naturinngrep etter Statens vegvesen si handbok frå 2006, altså før naturmangfaldlova vart vedteken og sett i kraft. Dette er kartlegging og verdivurdering som ikkje utan vidare er eigna til å vurdere problemstillingane etter naturmangfaldlova sine §§ 8-12 på lokalt plan og ut frå det perspektiv som den lokale planstyresmakta må legge til grunn. Når dette i i all hovudsak vert bygt på vurdering av verdier etter den norske raudlista, vert omsynet til natur avkorta og konsentrert til berre det som har betydning etter nasjonal evt. internasjonal målestokk og ut frå omsynet til natur og artar som allereie er hamna i ein sårbar-kritisk situasjon, ikkje på ei framtidretta forvaltning av natur og naturverdier med sikte på å unngå å hamne i ein sårbar-kritisk situasjon. Ansvar for natur etter naturmangfaldlova lokalt må ta utgangspunkt i dei verdiane som finst lokalt og ansvaret for mangfald og verdier i lokal målestokk. Det er dette vi har summert opp i vårt brev av 07.03.2004. Det er viktig at Volda tek utgangspunkt i at vassdragsnatur og vatn i låglandet er ein særdeles sterkt avgrensa ressurs, og at landbruket sitt kulturlandskap i sentrumsnære område er i ferd med å bli borte og i beste fall er sterkt oppstykkka. Dette er tilhøve som naturfagnotatet ikkje tek stilling til i det heile, heller ikkje bruk av nær historisk og tilgjengeleg kunnskap om korleis kulturlandskap og naturtilhøve i dette landskapet var for 50-60 år sidan, korleis det har endra seg, og årsakene til at det har endra seg. Det seier heller ingen ting om potensialet for at det mangfaldet som eventuelt har gått tapt i denne perioden, kan byggast opp att. For lista over 66 observerte fugleartar er det ikkje opplyst om den representerer dagens situasjon (2012) eller eventuelt over kor langt tidsrom. I notatet er det sagt at det vart gjort «fleire» korte synfaringar i april/mai, medan det i vedleggslista syns å gjelde to turar, 15. og 26.04, og ei «lenger» synfaring den 22.05 som i vedlegget er oppført som «ei synfaring gjennomført tidleg morgon». Vi vil ikkje kritisere oppdragstakar, etter som oppdraget synes noko «laust» i kanten også frå oppdragsgjevar, men vi finn god grunn til å hevde at faktagrnnlaget i beste fall er svært avgrensa. Jamfør såleis førekomst av oter, som i notatet er vurdert som streifdyr som kjem via Øyraelva, men som av lokalbefolkninga er dokumentert med fast tilhald og ynglande. Meir alvorleg er at det vert dregne kategoriske konklusjonar på dette grunnlaget om at samla sett har naturmangfaldet

liten verdi. I så fall i høve til kva? Er dette på nasjonalt, regionalt eller lokalt nivå? Om det er meint å vere på lokalt nivå, altså innan Volda kommune, er det all grunn til å gå konklusjonen i møte. I alle fall må det grunnjevast. I tillegg må kravet også vere å vurdere i høve til det som fins av historisk kunnskap og vurdere potensialet for å bygge opp att det som eventuelt har gått tapt (t.d. så vidt nærliggande artar som vipe og stare og funksjonen som jaktområde for hekkande hønsheuk i nærleiken). Den skjønsmessige profilen av mangfaldsvurderinga står i motsetnad til vurderinga middels negativ for konsekvensen av eventuelt utbygging, som i seg sjølv må ha som føresetnad at mangfaldet har ein viss verdi. Dette står i sin tur i kontrast til at ved enkle, avbøtande tiltak vil verknadene for vassfugl bli lite/inkje negativ. Det fins ingen referanse for slike vurderingar, og utgangspunktet synest å vere av reint skjønsmessig karakter. Det bør ikkje akseptrast for denne type planarbeid og naturinngrep. Vurderingane og det som er sagt om avbøtande tiltak står i skarp kontrast til det som finst på nettet av lett tilgjengeleg kunnskap om forstyrningseffekt frå menneskeleg aktivitet for fugl. Referansmateriale er stort, men berre ein kort oppsummeringsartikkel over 79 artiklar frå USA illustrerer det vi snakkar om: Sjølv det vi reknar som vanlege, lite sårbare artar, t.d. stokkand, har ein fluktavstand på 20 m og ein reaksjonsavstand på 80-90 m, og studiar viser markert vektta hos individ som stadig må flyge unna, samanlikna med dei som ikkje blir uroa. Konklusjonen er ein tilrådd avstand på 250 m for menneskeleg ferdsel om ein skal ta omsyn til våtmarksfugl i eit område. Det er verdt å merke seg at studiar syner større reaksjon på folk til fots enn motorkøyretøy og båtar. Minimumsavstand er i desse artiklane rådd til å vere 150 m frå hekkelokalitetar. Ut frå dette finn vi derfor god grunn til å hevde at nemnde notat ikkje er godt nok og ikkje relevant for dei problemstillingane som etter vår oppfatning er sentrale for turveg langs nordsida av Rotevatnet.

For NOF avdeling Møre og Romsdal



Alv Ottar Folkestad
sakshandsamar

Vedlegg:

Word-kopi av brev med innspel til tidlegare reguleringsplanframlegg datert 07.03.2004

NOF avdeling Møre og Romsdal

6500 KRISTIANSUND

Volda kommune

6100 VOLDA

7. mars 2004

REGULERINGSPLAN «TURVEG ROTEVATNET» OFFENTLEG ETTERSYN

Vi syner til ovafor nemnde framlegg til reguleringsplan som har vore utlagt til offentlig ettersyn. Vår foreining har vore med på tidlegare innspel i denne saka, jamfør sambrev med Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, dagsett 15.05.03.

Fråsegn:

Norsk Ornitologisk Foreining avd. Møre og Romsdal vil på det sterkaste gå imot godkjenning av reguleringsplan for turveg langs nordsida av Rotevatnet slik det er synt i framlegget som har vore lagt ut til offentlig ettersyn i Volda kommune. Foreininga grunnjev sitt standpunkt nedanfor.

Etter å ha sett nærare på saka både med utgangspunkt i den diskusjonen som har vore lokalt det siste året, og når det gjeld det vi oppfattar som overordna og prinsipielle målsetjingar for forvaltning av areal med tanke på omsyn til ein levande og fungerande natur, finn vi grunn til å kome med eit nytt innspel. Dette fordi vi meiner tidlegare innspel har vore framstilt meir positivt i høve til planføremålet enn meininga var, men mest fordi det etter vår oppfatning er naudsynt med ei betre og meir gjennomgåande vurdering av prosjektet med tanke på viktige arealbruksprinsipp i høve til overordna miljømål, og når det gjeld reint faglege vurderingar av tiltaket i høve til dei delmål reguleringsplanframlegget har sett.

Vårt utgangspunkt er følgjande:

1. Rotevatnet er eitt av dei svært få låglandsvatna i Volda kommune og det einaste sentrumsnære. Vatnet må karakteriserast som stort etter målestokken i denne regionen og har såleis relativt lang strandlinje. Med unntak av utlaupsosen er alt av meir langgrunne strandsoner med meir eller mindre naturgitt vegetasjon i og langs vatnet å finne på den aktuelle strandstrekninga.
2. Området avgrensa av Årneset i vest, Vikebygdvegen/Botnavegen og Botnasanden i nord og aust er i dag det siste, samanhengande sentrumsnære kulturlandskapet dominert av tradisjonelt landbruk som ikkje er infisert av bustadbygging i vesentleg grad.
3. Avstanden frå dagens vegnett (Vikebygdvegen/Botnavegen) til Rotevatnet langs den aktuelle strekninga varierer mellom om lag 150 og 400 m, stort sett i ein avstand på 250-300 m. Husa og tun ligg med få unntak meir enn 200 m frå strandlinja. Strandsona er i dag såleis gjennomgåande lite/svært lite påverka av menneskleg aktivitet frå landsida, truleg til og med mindre no enn under tidlegare tiders landbruksdrift.

4. Vass og våtmarksfuglfaunaen ved Rotevatnet merker seg ikkje ut og har ikkje vore karakterisert som spesielt verneverdig i høve til det som finst i denne naturtypen andre stader, men det som har vore av våtmarksfugl (ender, vadefugl og våtmarkstilknytte småfuglar) i denne delen av Volda, har alltid vore knytt til strandområda og landbruksarealet langs den aktuelle strekninga (kunnskap attende til 1950-talet). Det er såleis det einaste sentrumsnære landskapet i Volda som har naturgjevne føresetnader til å halde bestandar, små eller større, av denne faunatypen. Ut frå naturgjevne tilhøve er dessutan vilkåra for desse faunaelementa svært avgrensa i Volda kommune i det heile og må såleis også verdivurderast i høve til kommunen sitt biologiske mangfald.
5. Eksisterande vegnett og turvegnett i og nær Volda sentrum omfattar samanhengande bilveg rundt heile Rotevatnet (skogsveg Rotsetstranda, Botnavegen, Vikebygdvegen, Rv 651). Rotsetstranda er mykje brukt som turveg. Det same er Botnavegen. Ut over dette er det eit tett nett av både skogsveggar og turveggar/stiar rundt Volda sentrum.
6. Det er etter måten kort veg, også til fots, frå sentrumsområda og kringliggande bustadfelt i Volda til gode og varierte tur- og opplevingstilbod i skog og mark. Tilkomsten til resten av strandsona rundt Rotevatnet må karakteriserast som svært god.
7. Volda er skule- og utdanningssentrum, med bl.a. lærarutdanning, der miljøfag/biologiske fag og idrett/friluftsliv har hatt viktige tradisjonar. Både høgskulen og skulane elles i Volda har behov for tilbod om eit breiast mogleg spekter av levande natur og kulturlandskap innafor rekkevidde.
8. Volda kommune har teke mål av seg til å vere helse- og miljøkommune. Dette må forplikte på ein heilskapleg måte, særleg med tanke på berekraft også i høve til naturmiljøet og det levande livet i naturen.

Når vi ser dette opp mot planane om ein turveg i samsvar med det som er skissert i framlagde reguleringsplan, vil situasjonen verte som følgjande:

- Det vert teke sikte på ein turveg med standard som har som føresetnad bruk av traktor og bil for vedlikehald/drift, og med veglys. Vegen er planlagt i ein avstand på gjennomgåande 10-20 m frå strandkanten, maksimalavstand om lag 70 m på eit par punkt, og blir denne vegen bygt, vil strandlinja rundt så godt som heile Rotevatnet ha veg i avstand 10-20 m.
- Ei viktig sone i den naturlege vegetasjonssoneringa frå sivsone og strandkant til tørt land vil i praksis verte barbert bort frå landskapet rundt Rotevatnet, dermed og det dyrelivet som er knytt til denne viktige overgangssona.
- Sambandet mellom det bakanforliggande kulturlandskapet og strandsona i Rotevatnet vert fysisk broten langs heile den attverande strekninga som i dag er utan slike inngrep. Dei dyre- og fugleartane som held til i området i dag, vil ikkje ha rømingssveg mot vegetasjonssoner og område på landsida i høve til båtrafikk på vatnet, slik det er i dag. Tilsvarende vil dei artane som har tilhald i kulturlandskapet ikkje ha rømingssveg mot uforstyrta vegetasjonsbelte langs strandsona ved menneskleg aktivitet i landbruksområdet.
- Eit avgrensa område er avsett til føremålet naturvern. Avstand frå planlagt veg til strandsona i dette området er gjennomgåande 30-40 m, på det meste om lag 70 m, total lengde 250 m. Det er ikkje gjeven noko kvalifisert vurdering av forstyringseffekt av menneskleg aktivitet og avstandskrav hos aktuelle fugleartar med tanke på om føremålet vert tilfredstilt.

Sett opp mot dei erfaringar som finst generelt med tanke på menneskelege inngrep og aktivitet i høve til dyre- og fuglelivet, kan det konstaterast at ein veg som skissert, vil blokkere for etablering av så godt som alt av det som i dag finst av hekkande og ynglande fugl og dyr langs den aktuelle strekninga av

Rotevatnet, om lag 2,5 km. Rett nok kan ein i byparkar oppleve at eit fåtal av dei mest vanlege og tolerante fugleartane let seg mate og tilsynelatande kan trivast godt blant folk og ferdsel, men dette er ikkje dei artane som bør vere dimensjonerande for miljøomsyn og kravet til å oppretthalde ein levande natur med tanke på arealbruk.

Vassdrag og våtmarker høyrer med til dei naturtypene som har vore under aller største press frå nedbygging og menneskleg aktivitet og ferdsel. Slike område i låglandet og nær busetnad har vore særleg skadelidande i vårt land. Det er derfor spesielt viktig at slike restområde kan takast vare på, også inn mot tettbygder og sentrumsområde. Det er slike område som i storbyar rundt i verda (også Oslo!), i dag haustar ros fordi framsynte planleggjarar skjerma dei for nedbygging allereie for generasjonar sidan.

Viktig er det og å dra delar av landskapshistoria med seg i form av kulturlandskap. I ein slik samanheng har jordbrukslandskapet langs nordsida av Rotevatnet etter kvart vorte ein eineståande del av det sentrumsnære landskapet i Volda, avgrensa som det er av vatnet på den eine sida og bilvegar rundt på alle kantar, men stort sett med gardsbruka og tuna slik dei har vore i lang tid attende. Dette burde vere eit spesielt opplevings- og kunnskapsaktivum i det sentrumsnære området. For vår foreining er det spesielt viktig å peike på den verdi eit slikt variert kulturlandskap har for å oppretthalde eit rikt og variert dyreliv, særleg med tanke på fugl.

Vi finn vidare grunn til å kome med nokre merknader i høve til dei innspela som er nemnde i vedlegg 1 til saksprotokollen:

Vi ser ei sentral og etter vår oppfatning uløysande konflikt i målsetjinga med reguleringsplanarbeidet: På den eine sida å legge grunnlaget for vidareutvikling av friluftslivstiltaka langs Rotevatnet, på den andre sida i størst mogleg grad ta omsyn til landbruk, skogbruk, natur og miljø. Dette kjem særleg iaugefallande til uttrykk i dei isolert sett gode intensjonane om å legge ut eit område til naturvern ut frå omsynet til vassfuglar både som hekkeområde og som beiteområde. Problemet er berre at avstandskravet for dei aktuelle fugleartane i høve til menneskleg aktivitet ikkje på nokon måte kan gå i hop med dei areala og avstandane det er snakk om her. Derfor finn vi grunn til sterkt å understreke at det er langt frå å peike på verdiar og kva som er viktig å ta vare på dersom det skal realiserast ein tursti, til det å ta dette til inntekt for at det framlegget som er lagt fram no, har teke omsyn til dei same interessene på ein tilfredstillande måte. Særleg viktig er det å sjå samanhengar og heilskapsverdiar i eit heilt landskap og ikkje gjere det mistaket å omforme sumeffekten til detaljerte einskilddproblem med enkle problemløysingar, slik vi meiner det er gjort i høve til vårt tidlegare innspel.

Vi finn avslutningsvis interessant å ta utgangspunkt i målformuleringane for «Reguleringsplan turveg Rotevatnet» med tanke på korleis desse målsetjingane kan oppfyllest:

- Sjå langt vi kan sjå, ligg Volda kommune langt framme når det gjeld målsetjinga om å utvikle sentrumsnære friområde og friluftsområde på ein måte som stimulerer alle grupper av innbyggjarar til fysisk aktivitet. Det må likevel vere gode høve til å vidareutvikle slike område endå meir utan å ta i bruk strandsona langs nordsida av Rotevatnet.
- Derimot må det aktuelle reguleringsplanframlegget stå i direkte motstrid til målformuleringa om å utvikle eit tilbod om naturoppleving av høg kvalitet, lett tilgjengeleg for alle grupper av befolkninga. Slik vår foreining ser det, vil tiltaket tvert om øydelegge noko av det viktigaste ved den kvaliteten området har i dag, nemleg som eit levande og vel fungerande, variert kulturlandskap med etter måten rikt fugleliv.

- Om målsetjinga for å etablere ein samanhengande, bilfri turveg rundt Rotevatnet er knytt til ein snittavstand frå vatnet på 10-20 m, er dette den einaste målsetjinga som er avhengig av ei slik vegløyising. Slik vår foreining ser det, må det likevel vere eit endå betre alternativ å bygge gangveg langs eksisterande vegnett på nordsida av vatnet og på den måten kunne oppleve både kulturlandskap og vatn i ein levande heilskap frå utsiktspunkt langs denne vegen.
- Vidare ser vi den aktuelle turvegen som ein klar motstrid mot målformuleringa om å ta best mogleg omsyn til grunneigarinteresser, kulturminne, natur- og miljøkvalitetar, jamfør merknader framanfor.
- NOF skal ikkje avise at ein turveg langs vatnet isolert sett kan verte ein trivselsfaktor, men foreininga vil hevde at den trivselsfaktoren eit landskap med levande liv i, ikkje minst med ein rik og variert fuglefauna, også er betydeleg og vil kunne verte endå viktigare i framtida. Derfor vil vi hevde at utfordringa må vere å finne alternativ som sikrar begge desse trivselsfaktorane. Vi har peika på ei aktuell løysing ovanfor.
- Når det gjeld målsetjinga om å legge til rette for aktivitet og badeplassar på Årneset og Botnasanden, kan dette ikkje vere avhengig av ein turveg langs vasskanten av Rotevatnet.

Konklusjon:

Norsk Ornitologisk Foreining avdeling Møre og Romsdal vil på det sterkaste gå imot godkjenning av reguleringsplanen for turveg langs nordsida av Rotevatnet. Dersom Volda kommune skulle eigengodkjenne denne planen, er det vår klare oppfatning at overordna styresmakter bør overprøve saka med tanke på å sikre dei funksjonane kulturlandskapet på nordsida av Rotevatnet har hatt og framleis har.

For Norsk Ornitologisk Foreining avd. Møre og Romsdal

Alv Ottar Folkestad



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kari Mette Sundgot	Arkivsak nr.:	2018/111
		Arkivkode:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
85/18	Formannskapet	22.05.2018
72/18	Kommunestyret	31.05.2018

ÅRSMELDING 2017 - VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Økonomisjef Kari Mette Sundgot orienterte om saka.

Anders Egil Straume fekk permisjon kl. 15:45.

Gunnar Strøm kom med framlegg om å utsette saka.

Røysting utsetting:

Utsettingsframlegget fekk ei røyst (Gunnar Strøm) og fall, sju røysta imot.

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 22.05.2018 til kommunestyret:

Årsmelding 2017 for Volda kommune vert teken til vitende

Administrasjonen si tilråding:

Årsmelding 2017 for Volda kommune vert teken til vitende

Vedleggsliste:

- Årsmelding Volda kommune 2017

- Årsmelding SSIK 2017
- Årsmelding NAV Ørsta/Volda
- Årsmelding Landbrukskontoret Ørsta/Volda
- Årsmelding PPT Ulstein/Hareid/Ørsta/Volda
- Analysenotat Kommunebarometeret

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Administrasjonen sitt framlegg til årsmelding for Volda kommune 2017 er med som vedlegg til saka. Det same er årsmelding frå interkommunale samarbeid.

Saksopplysningar/fakta:

Årsmelding er utarbeidd av sektorleiarar og sett saman av stabsfunksjonane økonomi og personal. Revisjonen har nytta årsmelding saman med rekneskapen for 2017 i revisjonsmelding 2017. Kontrollutvalet har handsama årsmelding i møte 15. mai. Uttale frå møte ligg som vedlegg til sak om Rekneskap 2017.

Vurdering og konklusjon:

Årsmelding 2017 for Volda kommune bør takast til vitende.


Rune Sjurgard
Rådmann

Kari Mette Sundgot
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Årsmelding 2017 for Volda kommune vert sendt til:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Vest Kontrollutvalssekretariat
- Sektorleiarar Volda kommune
- Søre Sunnmøre kommunerevisjon



ÅRSMELDING

2017

VOLDA KOMMUNE

INNHALD

1	RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR.....	3
2	SEKTORANE	4
2.1	INNLEIING.....	4
2.2	PERSONAL OG ORGANISASJON.....	5
2.3	ØKONOMISTABEN	12
2.4	OPPLÆRING OG OPPVEKST	14
2.5	HELSE OG OMSORG.....	24
2.6	SERVICE OG KULTUR.....	39
2.7	TEKNISK	43
2.8	UTVIKLING	53
2.9	BARNEVERN.....	58
3.	VOLDA KOMMUNE SIN ØKONOMISKE SITUASJON	74
3.1	Resultat 2017	74
3.2	Frie inntekter.....	75
3.3	Eigedomsskatt.....	77
3.4	Generelle statstilskot.....	77
3.5	Finansområdet	78
3.6	Investeringar	82
3.7	Diverse nøkkeltal.....	86
3.8	Fondsmidlar	88
3.9	Risikovurdering	89
3.10	Disponering av årets resultat	89
3.11	KOSTRA- tal.....	90
4	PERSONALPOLITIKK.....	94
4.1	Stillingsressursar og tilsette.....	94
4.2	Sjukefråvær.....	95
4.3	Helse, miljø og tryggleik (HMT).....	96
4.4	Medarbeidarundersøking 10-faktor	96
5	BEREDSKAP	98
6	VEDLEGG	99

1 RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR

Årsmeldinga viser at Volda kommune har høgt aktivitetsnivå og leverer jamt over gode tenester. Det at innbyggjarane får rette tenester til rett tid og rett nivå er saman med samfunnsutvikling det viktigaste oppdraget til ein kommune. Ein kom ikkje fram til realisering av kulturhus i samarbeid med Høgskulen. Derimot kom det i stand partnerskap for planlegging av ny idrettshall på Campus-området. Det er handsama mange reguleringsplanar som legg til rette for utvikling i kommunen. Ambisjonsnivået for investeringar er for høgt i høve til kapasitet for gjennomføring. Det største enkeltprosjektet er Øyra skule. Kommunen har god økonomistyring. I dei tre siste åra har det vore ekstraordinære forhold på landsplan som har gitt kommunane uventa høge skatteinntekter. Dette saman med at pensjonskostnaden har vorte vesentleg lågare, har resultert i gode rekneskapsresultat. Dette gjeld også for Volda, og ved at kommunen også har eigedomsskatt har dette gitt høve til oppbygging av driftsfond. Det gir kommunen noko større økonomisk handlingsrom. Utfordringa er å få god nok oversikt over alle samanhengar og unngå at resultatata kjem som overrasking, enten det går i pluss eller minus. Dette vert det jobba med. Samtidig må ein vere budd på at rammevilkåra i kommunane vert trongare.

Regjeringa si perspektivmelding som vart lagt fram rett før stortingsvalet varslar om at offentleg sektor må effektivisere og prioritere strengare som følgje av mindre inntekter frå petroleumsindustrien, auka utgifter med demografi og pensjon. Effektivisering og betre løysingar er venta å kome gjennom innovasjon og digitalisering. Denne meldinga peikar også på klima, integrering og inkludering som område der vi må lykkast for å ha berekraft. Volda kommune er både i gang med tiltak og har registrert behov for prioritering for å møte desse utfordringane. Det er m.a igangsett innovasjonsprosjekt i helse- og omsorgssektoren, og Styrk Arbeid fekk kommunen sin innovasjonspris. Det er kjøpt inn I-padar til elevar i skulen med sikte på at alle elevane etter kvart skal ha digitale læringsverktøy. Som relativt stor busettingskommune generer det store statstilskot. Kommunen har opparbeidd god kompetane på integrering av flyktningar og har gode tiltak. Redusert busetting gir over tid lågare inntekter. Dette må ein vere merksam på og vurdere tiltak for å redusere utgiftene tilsvarande. Auken i sjukefråveret viser at vi må spisse satsing på førebygging og oppfølging. Endring i klima har auka risikoen for flaum og naturskade. Det er sett i gang planlegging med sikte på tiltak i Melshornsida i Volda sentrum. Det er i løpet av året også avdekt behov for kraftig opprusting av infrastrukturen innanfor vatn og avløp. Dette vert ei av dei større satsingane på folkehelse i åra framover.

Volda kommune har stabile og kompetente tilsette. Vi får mange gode søkjarar til ledige stillingar og rekrutterer godt. I 2017 gjennomførte vi medarbeidarundersøking med systematisk oppfølging med handlingsplanar og tiltak for å utvikle leiarar og arbeidsmiljøet.

2017 statuerer store endringar i kommunesektoren. Stortinget har sanksjonert samanslåing av 111 kommunar til å verte 43. Volda og Hornindal skal verte til nye Volda. Prosessen mellom Hornindal og Volda har kome godt i gang, og det er ei god samarbeidsånd mellom desse to kommunane både politisk og administrativt. Dette er ein stor prosess der mange framover får doble funksjonar, og vi må bu oss på at «gamle» Volda skal avviklast for å byggje ein ny kommune som skal stå klar til drift 1. januar 2020.

Eg er stolt av å vere rådmann i ein kommune i utvikling med engasjerte politikarar som vil innbyggjarane det beste, og med flinke og arbeidsvillige tilsette som står på for det same kvar dag

Commented [KMS1]:

gjennom året. Det er også ein styrke at vi har tillitsvalte som er ein ressurs for å ivareta formålet kommunen har som tenesteytar og samfunnsutviklar.

2 SEKTORANE

2.1 INNLEIING

Tabellen under syner rekneskap og budsjettala for 2017, samt avvik mellom budsjett og rekneskap:

Driftsrekneskapet, fordelt på Sektor			
Tall i 1 kroner	Regnskap 2017	Rev. budsjett 2017	Avvik (budsjett - regnskap)
Utgifter	1 948 073	1 954 071	5 998
Inntekter	-9 911	-65 984	-56 073
Rådmannen	1 938 161	1 888 087	-50 074
Utgifter	3 660 880	4 868 408	1 207 528
Inntekter	-2 179 827	-1 484 983	694 844
Samfunn og rådgjeving	1 481 053	3 383 425	1 902 372
Utgifter	29 089 832	22 039 816	-7 050 016
Inntekter	-14 492 288	-2 370 430	12 121 858
Personal og organisasjon	14 597 544	19 669 386	5 071 842
Utgifter	8 413 735	8 562 691	148 956
Inntekter	-2 504 906	-1 788 092	716 814
Økonomi	5 908 829	6 774 599	865 770
Utgifter	9 759 050	8 837 312	-921 738
Inntekter	-486 153	-120 000	366 153
NAV Kommune	9 272 897	8 717 312	-555 585
Utgifter	267 213 888	256 011 266	-11 202 622
Inntekter	-60 391 363	-51 520 340	8 871 023
Opplæring og oppvekst	206 822 524	204 490 926	-2 331 599
Utgifter	269 186 438	254 511 593	-14 674 845
Inntekter	-78 835 996	-66 395 644	12 440 352
Helse og omsorg	190 350 442	188 115 949	-2 234 493
Utgifter	14 605 530	14 353 127	-252 403
Inntekter	-4 173 623	-2 014 790	2 158 833
Service og kultur	10 431 907	12 338 337	1 906 430
Utgifter	3 343 463	2 561 713	-781 750
Inntekter	-149 076	-	149 076
Politisk verksemd	3 194 387	2 561 713	-632 674
Utgifter	78 416 571	79 652 596	1 236 025
Inntekter	-39 861 486	-43 034 939	-3 173 454
Teknisk	38 555 086	36 617 656	-1 937 429
Utgifter	27 210 504	24 616 775	-2 593 729
Inntekter	-27 210 504	-23 426 939	3 783 565
Sjølvkosttenester	-	1 189 836	1 189 836
Utgifter	10 151 723	10 877 632	725 909
Inntekter	-4 185 950	-3 899 618	286 332
Utvikling	5 965 774	6 978 014	1 012 240
Utgifter	23 337 651	29 886 218	6 548 567
Barnevern Volda kommune	23 337 651	29 886 218	6 548 567

Nærare omtale på økonomi kjem under kvar sektor.

2.2 PERSONAL OG ORGANISASJON

Personal og organisasjon, sektorleiar Berit Lyngstad

Eining

Personal og løn

IKT

Innvandring

Personal- og organisasjonsavdelinga omfatta i 2017 løns- og personalstaben, IKT og Innvandring. Løns- og personalstaben har ansvar for rådgjeving og støtte til leiarane i personalspørsmål. Utvikling av arbeidsgjevarstrategiske verktøy og leing av utviklings- og arbeidsmiljøprosessar ligg også til avdelinga. Koordinering av innvandringsarbeidet og IKT er budsjettert under personal- og organisasjonsavdelinga, og personalansvaret ligg hos personalsjefen. Spesialrådgjevar i seksjon Innvandring rapportera fagleg direkte til rådmannen. Frå 1. januar 2017 vart IKT organisert under SSIKT, og fagansvar for IKT-konsulentane vil ligge hos dagleg leiar SSIK, men dei vil framleis ha Volda kommune som arbeidsgjevar. Frå 1. januar 2018 vil også arbeidsgjevaransvaret vere i SSIKT.

Årsverk og stillingar

	Ansatte %	Antall	Kvinner	Menn	Antall <50 %	Herav Kvinner	Menn
Personal og organisasjon	12,45	18	13	5	5	4	1

Personal- og organisasjonsavdelinga har pr. 31.12.17 til saman 12,45 % stillingsressursar fordelt på 18 personar:

- Personalsjef 100%
- Løn- og personalmedarbeidarar 520%
- Lærlingkoordinator 30%
- Ansvarleg Compilo 10%
- IKT-personale 300%
- Rådgjevar innvandring 50%
- Hovudtillitsvalde og hovudverneombod 235%

Staben består av 13 kvinner og 5 menn.

Økonomi

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik 2017	Rekneskap 2016
Utgifter	11 519 789	12 008 287	488 498	7 547 442
Inntekter	- 2 621 297	- 1 266 970	1 354 327	- 2 142 528
Personal og løn	8 898 492	10 741 317	1 842 825	5 404 914
Utgifter	5 507 436	6 007 244	499 808	4 784 169
Inntekter	- 186 666	- 163 460	23 206	- 218 217
IKT	5 320 770	5 843 784	523 014	4 565 952
Utgifter	12 053 616	4 024 285	- 8 029 331	13 116 695
Inntekter	- 11 684 325	- 940 000	10 744 325	- 12 668 701
Innvandring	369 291	3 084 285	2 714 994	447 993
Personal og organisasjon	14 588 553	19 669 386	5 080 833	10 418 859

Budsjettert ramme var på vel 19,7 millionar. Rekneskapen for 2017 viser eit mindreforbruk på 5,1 million kr. Hovuddelen av mindreforbruket skuldast høge inntekter knytt til tilskot og prosjekt på busetnads- innvandringsfeltet.

Folkehelse

Personal- og organisasjonsstaben leverer interne tenester til leiarar, avdelingar og tilsette. Ved å ha fokus på Helse- miljø og tryggleik, godt arbeidsmiljø og førebygging av usemje og konfliktrar, gode rutinar og retningsliner for samhandling og oppfølging, kan vi vere med på å påverke det totale arbeidsmiljøet i kommunen.

Løn- og personalstaben

I tillegg til løn og dei forvaltningsmessige oppgåvene på personalområdet, har det vore stor aktivitet knytt til organisasjonsutvikling i 2017.

Aktivitet	Forklaring
Medarbeidarundersøking 10-faktor	Førebuing av undersøking, ansvarleg for 3 leiarsamlingar og utarbeiding av rapportar
Internopplæring	Ansvarleg for internopplæringsprogram for leiarar, personarm med stab- og støttefunksjonar og andre som har nytte av tema. Arrangert annakvar tysdag frå 1400-1530 i perioden 24.01.17-14.12.17. Døme på tema er rekruttering, sjukefråvær, HMS, avvik i Compilo, Konflikt og varsling Våren 2017 arrangerte kommunane i sju-stjerna felles 40 timars HMS-opplæring for verneombod, tillitsvalde og leiarar.

Aktivitet	Forklaring
	Hausten 2017 vart det gitt særskilt opplæring i Kartlegging av risiko (ROS) for alle leiarar i organisasjonen, og alle einingane gjennomførte ein slik kartlegging i løpet av hausten 2017.
Nytilsettopplæring	Nytilsettopplæring vart gjennomført 30. januar og 11. september
Lønspolitikk	Våren 2017 vart det satt ned ei arbeidsgruppe av sektorsjefar, hovudtillitsvaldevog personal som utarbeida lønspolitikk for Volda kommune.
HMT-plan	Våren 2017 vart det utarbeida ein overordna HMT-plan for heile organisasjonen, vedteken i AMU 30.06.17.
Lønsforhandlingar	Hausten 2017 vart det gjennomført forhandlingar i kap 4, 3 og 5.
Konflikthandteringsrutinar	I 2017 vart det utarbeida nye rutinar for handtering av konflikhtar, vedtatt i AMU 090217.
Arbeidsmiljøutval	Amu har avholdt 4 møter i 2017
Partssamarbeid	<p>Kontaktmøte: møte med arbeidsgjevar, hovudverneombod og hovudtillitsvalde ein gong i månaden.</p> <p>Administrasjonsutvalet: hatt tre møter i 2017</p> <p>Lokale STIM-møter: alle arbeidsplassar skal ha gjennomført møter med leiar, tillitsvalde og verneombod</p>

Kommunesamanslåing med Hornindal

Personalstaben har vore involvert i mange aktivitetar knytt til arbeidet med kommunesamanslåing, t.d. kartlegging på personalområdet. I tillegg har personalsjefen vore med i planlegginga av og vore delaktig i ulike prosessar, som til dømes SWOT-analyse av Volda kommune, felles møte med tillitsvalde i Hornindal og Volda, og rekruttering av t.d. kommunikasjonsrådgjevar og prosessleiar digitalisering i ny kommune. Personalsjefen er møtesekretær og sakshandsamar for Partssamansett utval og sakshandsamar for Fellesnemnda på personalområdet.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

I 2017 vart det gjennomført vernerunde i avdelinga. Det vart og gjennomført 2 møter i STIM-gruppa.

Seksjon innvandring

Tabellen under viser status på busettjings- og integreringsfeltet i Volda kommune 2011-2017.

Aktivitet	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011
SUM flyktningar busett u/FAM	38	38	40	31	26	27	21
Busett inkl. FAM	54	52	49	34	29	35	30
Busett frå asylmottak u/EM	30	34	32	26	21	19	15
Overføringsflyktningar (OFF)	5	0	0	0	0	2	0
Einslege mindreårige (EM)	3	4	8	5	5	6	6
Familiesameinte (FAM)	16	14	9	3	3	8	9
SUM personar m/integreringstilskot	214	184	157	159	166	157	156
Flytting i tilskotsperioden	10	9	12	13	11	8	7
Tal deltakarar INTRO	95	77	56	47	49	53	51
Avslutta program	34	17	15	20	19	20	18
Deltok mindre enn 2 år	11	3	8	7	7	4	8
Deltok meir enn 2 år	2	1	0				
Stans av INTRO; høgt fråver, anna	0	0	1	0	2	0	1
Overgang til NAV-tiltak, anna	7	3	4	2	3	5	6
Overgang til grunnskule	10	4	0	3	4	3	2
Overgang til arbeid	7	6	7	6	2	6	5
Overgang til utdanning	10	4	3	5	8	5	1
SUM overgang arbeid/utdanning	17	10	10	11	10	11	6
Resultat Volda	50%	59%	67%	55%	53%	56%	33%
Resultat nasjonalt		46%		44%	47%	47%	47%

I 2017 vart det busett 38 flyktningar; 26 menn og 12 kvinner. Desse er frå Syria (18), Irak (6), Iran (5), Eritrea (4), Afghanistan (3), Palestina (1) og Sudan (1). 17 er einslege vaksne, 2 vaksne flytta til familie, 3 er einslege mindreårige (EM), og 4 barnefamiljar derav 8 vaksne og 10 barn. 9 av 38 vart busett frå Volda mottak før nedlegginga 01.03.17. 5 kom som overføringsflyktningar (OFF). Dei øvrige kom frå andre mottak. 20 av 34 vaksne/familjar vart busett i private bustader. Det vart nytta 3 kommunale bustader; 2 familiehusvære og 1 hybel. 16 vart familiesameint med herbuande flyktningar. 10 flytta frå Volda i integreringstilskotsperioden, medan 8 flytta til Volda. Halvparten flytta til Volda grunna skulegang på Høgskulen i Volda. Dei øvrige gjeld tilbakeflytting til Volda etter ei buperiode i anna kommune.

I 2017 deltok 95 i introduksjonsprogrammet (INTRO), i 2016: 77 og i 2015: 56. Dvs. at 18 fleire deltok i INTRO i 2017 enn i 2016, og 39 fleire i 2017 enn i 2015. Resultatoppnåinga med overgang til arbeid/utdanning i 2017 er 50%. Dette er 9% lågare enn i 2016, og 12% lågare enn i 2015. Samstundes har tal deltakarar med overgang til grunnskule etter INTRO auka. I 2017 hadde 10 overgang til grunnskule, i 2016: 4 og i 2015: 0. Tek ein med desse har Volda ei måloppnåing i 2017 på 79%, i 2016: 76% og i 2015: 67%. Det er ei positiv utvikling og auka resultatoppnåing få år etter avslutta INTRO. Butid aukar tilknyttinga til arbeidslivet og utdanningssystemet, og færre vert avhengig av stønad til livsopphald:

- Status for 2014-kohorten 4 år etter avslutta INTRO: 11 av 14 som framleis bur i Volda er sjølvberga økonomisk. Dette utgjer eit resultat på 79%.
- Status for 2015-kohorten 3 år etter avslutta INTRO: 10 av 12 som framleis bur i Volda er sjølvberga økonomisk. Dette utgjer eit resultat på 83%.

- Status for 2016-kohorten 2 år etter avslutta INTRO: 10 av 15 som framleis bur i Volda er sjølvberga økonomisk. Dette utgjer eit resultat på 67%.

Volda er satsingskommune til staten i busetjings- og integreringsarbeidet, og den forpliktande samarbeidsavtalen med IMDi gjeld for perioden 2015-2018. Kommunen er dermed i posisjon til å søke utviklingsmidlar for å vidareutvikle og betre resultatane i kvalifiseringsarbeidet. Statlege utviklingsmidlar gir rom for innovasjon og proaktiv tilnærming, og auka kunnskap og kapasitet for å gi gode og tilpassa tiltak. I 2017 er det prøvd ut fleire kommunale kvalifiseringsarena; kantine på rådhuset, serviceteam, gartneri, lærlingplassar for vaksne flyktningar og jobbmentor i språk- og arbeidstrening. I tillegg til ekstern finansiering har kommunestyret løyvd midlar til eigenfinansiering av innovasjonsprosjekta.

Under følgjer oversikt over tilskot på feltet i 2017:

Tilskot frå	Type tilskot	2016	2017
IMDi	Integreringstilskot	31,4	35,4
IMDi/fylke	Norskopplæring, grunnskule (for asylsøkjjarar)	14,7	10,4
IMDi	EM-tilskot for arbeidet med einslege mindreårige	4,2	16,9
Bufetat	Refusjon frå Bufetat til EM-arbeidet	8,6	0
UDI	Vertskommunetilskot for asylmottak	2,9	1,5
IMDi	Ekstratilskot knytt til funksjonsh./åtferd (bundne fond)	6,1	6,0
SUM	Tilskot frå staten	67,9 mill	70,2 mill

I 2017 vart kr 8,9 mill. refundert til kommunale tenester frå bunde fond/særskild ekstratilskot, til arbeidet med oppfølging av flyktningar.

Tilskot frå	Innovasjonsprosjekt kvalifisering av flyktningar	Tilskot
IMDi	Kommunal språkpraksisarena	400 000
Fylkeskommunen	Entreprenørskap som integrasjonsverktøy (2016/2017)	500 000
NAV	Kimen sosial entreprenør	600 000
SUM	Tilskot frå staten og fylkeskommunen	1 500 000

Rapportering på mål

MÅL 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
IKT		
Brukarane skal vere tilfredse med dei tenestene IKT yter.		IKT har vore under sterkt press over lang tid. Samstundes har overgangen til SSIKT ført til ein del meirarbeid. Det har også vore gjennomført eit stort IKT-løft i skulesektoren som har krevt mykje kapasitet.
IKT-investeringar skal gje positiv kost/nytte		
Innvandring		
Busetje flyktningar i samsvar med gjeldande kommunestyrevedtak og samarbeidsavtale med IMDi		K-sak 95/16: Vedtak om busetjing av inntil 40 flyktningar, inkl. EM. Ramma vart nedjustert av IMDi til 39, inkludert 3 EM, i brev av 03.03.17. Det vart busett 38 i 2017, den 39. vart busett i januar 2018.
50 % av flyktningane skal bu i privat bustad innan tre år etter busetjing		Det vert i dag nytta få kommunale bustader til busetjing av nye flyktningar. I 2017 vart 53% busett direkte i private bustader.
30 % av flyktningane skal eige privat bustad innan seks år etter busetjing		Vi har ikkje statistikk som gir grunnlag for å måle resultatet. I 2017 kjøpte to familiar eigen bustad i Volda.
Løn og personal		
Administrere gjennomføring av medarbeidarundersøking		Medarbeidarundersøking 10-faktor gjennomført i mars månad.
Profesjonell rekruttering som fremjar Volda kommune som arbeidsgjevar		Vi har gode rutinar, og greier med få unntak å skaffe rett kompetanse. Vi har store utfordringar knytt til rekruttering av (og behalde) sjukepleiarar. Det er ei utfordring som arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane ønskjer å jobbe med i fellesskap..

Sjueoppfølging som fremjar nærvær		Sjuefråværet for 2017 var høgare enn i 2016.
Tilsette og leiarar får pålitelege svar på spørsmål		Det er høg kompetanse på alle område i Løn- og personalstaben. I meir krevjande saker nyttar ein KS og KS Advokat.
Korrekte tenester til rett tid		
Initiere prosess for å implementere bruken av Kvalitetslosen i heile organisasjonen (avklare systemansvarleg funksjon, gjennomgang av rutiner og organisering av opplæring)		Vi har gjennomført opplæring, men det gjenstår arbeid for å kome i mål i heile organisasjonen.

2.3 ØKONOMISTABEN

Økonomistab, sektorleiar Kari Mette Sundgot

Eining - Økonomistab

Økonomiavdelinga har fagansvar for rekneskap og økonomistyring. I tillegg har avdelinga ansvar for utadretta tenester som innkrevjing av skatt og avgifter, og Husbankordninga med Startlån, bustøtte og tilskot. Som stabseining har vi eit ansvar ut i avdelingane med oppfølging innan økonomistyring og finansforvaltning. I dette ligg også ansvaret med opplæring innan fagområda. Avdelinga har vidare ansvaret med å føre rekneskapen til Volda kyrkjeleg Fellesråd. Det siste året har også avdelinga fått ansvaret med å koordinere mellom kommunen og innkjøpssamarbeidet i Ålesund.

Årsverk og stillingar

Sektor	Ansatte %	Antall	Kvinner	Menn	Antall <50 %	Herav Kvinner	Menn
Økonomi	9	10	9	1	2	2	

Økonomistaben består pr 31.12.2017 av 10 personar (900 % stillingsheimlar). I 2017 har vi leigd inn tidlegare rekneskapsansvarleg i 60 % stilling. Dette for å sikre god opplæring i ei overgangsfase. Avdelinga har i 2017 fått ny leiar.

Økonomi

Sektor og eining	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	Rekneskap 2016
Utgifter	8 413 735	8 562 691	148 956	8 302 887
Inntekter	- 2 504 906	- 1 788 092	716 814	- 2 233 094
Økonomi	5 908 829	6 774 599	865 770	6 069 793

Tildelt ramme var 6,8 mill, medan rekneskapen syner eit netto forbruk på 5,9 mill kr. Avdelinga har med andre ord hatt eit mindreforbruk på 0,9 mill kr i høve budsjett. Vakanse og permisjon i stillingar, samt meirinntekter i høve til budsjettet er hovudforklaringane til mindreforbruket.










Folkehelse

Folkehelsearbeid inneber å svekke det som medfører helserisiko, og styrke det som bidreg til betre helse. Avdelinga har fokus på det psykiske arbeidsklimaet internt, gjennom utstrakt samarbeid og godt miljø mellom arbeidstakarane. Den fysiske delen vert teke omsyn til ved å kjøpe heve- og senkebord når det er behov for det, samt at kontora ligg slik til at det vert ein del gåing.

Teneste- og utviklingsmål

- | | | |
|---|---|---|
| <ul style="list-style-type: none"> ➤ Tilsette på økonomiavdelinga skal gi støttetjeneste til alle einingar i kommunen som gir grunnlag for god oversikt og god økonomistyring ➤ Vi skal vere imøtekomne og serviceinnstilt ovanfor kundar og brukarar av våre tenester. | <ul style="list-style-type: none"> ➤ God finans- og økonomiforvaltning ➤ I samarbeid med leiarane i kommunen skal vi vere støtte og pådrivar for betre kvalitet i arbeidet med rapportering | <ul style="list-style-type: none"> ➤ Leie budsjett- og økonomiplan-prosessar som sikrar brei involvering og brei kunnskap om kommunen sine rammevilkår |
|---|---|---|

Rapportering på mål

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Vere à jour med føring av rekneskapen gjennom året, og utarbeide tertialrapporter og årsrekneskap i samsvar med lov og regelverk		Ok
Innfordring av korrekte skatter og avgifter til rett tid, samt vere ajour med innfordringa av kommunale krav		Ok
Betale fakturaer til rett tid		Vi mottar purringar som er unødvendig. Arbeider med betre rutinar for å redusere
Starte arbeidet med å etablere felles økonomifunksjon med Hornidal kommune (økonomireglement, rutinar, kontoplan m.m)		Hovudfokus i 2017 har vore kartlegging. Arbeidet vert vidareført i 2018.
Sektorane oppleve god støtte og opplæring		Evaluering frå sektorane
Økonomirapportering basert på gode oppdaterte rekneskapsgrunnlag, tidleg oppdaging av ev avvik og prognoser som gir god oversikt over økonomisk status		Målet er å bli meir ajour med fordelte utgifter og refusjonskrav ut. Som eit minimum må dette bli ajour ved kvar tertialrapport
Nærver min 93,1 %		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette		Gjennomført august
Utviklingsarbeid for å auke andel elektronisk faktura (i tråd med nasjonal satsing)		Vi er i dag oppe i 50 %. Arbeider også med å gjere behandlingane, spesielt konteringane meir effektiv i form av automatikk.

2.4 OPPLÆRING OG OPPVEKST

Opplæring og oppvekst, sektorleiar Per Ivar Kongsvik		
Eining	Leiar	Ansvarseining
Stab opplæring og oppvekst	Per Ivar Kongsvik	Skulesjef
		Skulesjef - logoped
		Barnehage
Helsestasjon	Anne Aarsnes Skrede	Leiande helsesøster
		Kommune-jordmor
Barnehage	Ann Iren Ulvedal	Styrar Sollia barnehage
	Inger Anne Holm	Engeset barnehage
	Nina V. Telseth	Mork barnehage
	Synne Buer	Austefjord barnehage
	Synne Buer	Folkestad barnehage
	Evy Ulvestad	Lauvstad barnehage
	Dagny R. Wangen	Oppigarden barnehage
Grunnskule med SFO	Inger Anne Kvamme	Rektor Volda ungdomsskule
	Ove Tennfjord	Rektor Austefjord skule
	Tom Erik Bogen	Rektor Folkestad skule
	Else Riise Bjørneset	Rektor Dalsfjord skule
	Monica Ertresvåg	Rektor Mork skule
	Steinar Ose Velle	Rektor Øyra skule
	Norunn Velsvik	Rektor Bratteberg skule
	Eli Mette Lütchke	Rektor Vikebygda skule
Kulturskule	Einar Yngve Opsvik	Rektor kulturskulen
Volda læringscenter	Stian Bjerkvik	Rektor vaksenopplæringscenteret

Årsverk og stillingar 2017

Eining	Ansatte %	Antall	Kvinner	Menn	Antall <50 %	Herav Kvinner	Menn
Stab opplæring og oppvekst	5,50	7	6	1	2	2	
Helsestasjon	9,75	18	17	1	9	9	
Barnehage	66,43	83	80	3	16	16	
Grunnskule med SFO	155,63	221	182	39	74	64	10
Kulturskule	5,61	12	9	3	7	7	
Volda læringscenter	20,96	24	15	9	3	3	
Opplæring og oppvekst	263,88	365	309	56	111	101	10

Folkehelse

Sektoren ønsker å bidra til at barn og unge får ein aktiv og helsefremjande oppvekst, med leik og moro, fellesskap og glede. Fokus på glede over fysisk aktivitet saman med sunt kosthald må starte tidleg. Ved å ha eit helsefremjande fokus kan ein danne grunnlaget for gode vanar og livslang læring.

Henta frå kvalitetsplanen for sektoren.

Alle i sektoren skal bidra til at barn, unge og vaksne har tru på framtida og mogelegheitene som ligg der: At dei meistrar sjølve livet.

I dette ligg det at fysisk og psykisk helse har stor merksemd i alt arbeid i sektoren.

Godt kvalifiserte og engasjerte vaksne på helsestasjonen, i barnehagar og skular og er ein av dei viktigaste ressursane kommunen har for å medverke til god psykisk og fysisk helse hjå barn og unge.

Klima

Haldningar og kunnskap om klima er integrert i fagområda i rammeplanen for barnehagane sitt innhald, og barnehagane driv haldningsskapande arbeid gjennom heile året. I det faglege arbeidet i skulane er haldningar og kunnskap om klima integrert i fleire av kompetansemåla i skulen.

Etikk

Dei etiske retningslinjene er kjende for dei tilsette i sektoren og vert følgde.

Innkjøpspraksis

Alle som gjer innkjøp i sektoren kjenner til regelverket om offentlege innkjøp og det er ein føresetnad at dette vert følgt.

Omtale av 2017

Tenestemråda samhandlar særleg i det førebyggjande arbeidet retta mot psykisk helse og overgangar. Vidare arbeider ein på tvers av tenestemråda når det kjem til læringsmiljø, psykisk helse og digital mobbing. Det har teke tid å etablere gode og tenlege strukturar og rutinar, og sektoren justerer framleis der oppvekstsjefen ser det er formålstenleg.

I 2017 vart kvalitetsplan for sektoren ferdigstilt og vedteke av kommunestyret. Ein av intensjonane med planen er at den skal verke samlande for sektoren; ein felles plattform som på tvers av ulikt lovverk knyter tenestene saman. Planen skal bidra til heilskapleg og samordna innsats på tvers av ulike fagområde.

Helsestasjon

Det har vore eit år med aukande arbeidsoppgåver, fleire pålagte oppgåver og meir krav frå brukarar og samarbeidspartar. Samstundes har det vore vanskeleg å rekruttere helsesøstre i ledige stillingar. Dette har ført til stor arbeidsbelastning på personalet.

Fødselstala held seg relativt høgt, 95 fødslar i 2017.

Ungdata undersøking vart gjort i 2017 og syner utfordring innan psykisk helse i ungdomsgruppa.

Det vart ikkje utført 8.klasse samtalar hausten -17, helsestasjonen i Dalsfjord har vore stengt og det var redusert trefftid på alle skulane pga bemanningssituasjonen.

Noko av kommunen sine frie midlar til styrking av barselomsorg, helsestasjon og skulehelseteneste vert brukt til kommunepsykologstillinga. Det har derfor vore mogleg å søke på ekstra tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet. Frå 1. september fekk vi 20% jordmorstilling til styrking av barselomsorg med tidleg heimebesøk (jfr Nasjonal fagleg retningslinje for barselomsorg), og frå oktober familierettleiar i 50% stilling til familiar med ekstra utfordringar.

Det har vore vanskeleg å få søkjarar til helsesøsterstillingane i 2017, men dette ser ut til å løyse seg for 2018. Meir samarbeid med barnehagane og skulehelsetenesta vil bli styrka.

Skulehelsetenesta inngjekk samarbeid med fysioterapeut i det førebyggjande arbeidet i overgang barnehage - skule når det gjeld fysisk aktivitet og kosthald. Det er også utarbeidd undervisningsopplegg til 5. klasse.

Det var stor innvandring i 2017. Flyktningstraumen 2015 og 2016 førte til høgt tal busette flyktningar i 2017 (38 personar). 22 familiejenforente kom i tillegg.

Totalt var det 127 nye innan smittevernoppfølging i 2017, inkludert miljøundersøking.

Det vart utført mykje vaksinerings innan smittevern. Tilbod om vaksine mot humant papillomavirus (HPV) til jenter 20 -25 år, som førebygging av livmorhalskreft, skal fortsette til sommar 2019. Det vart satt 1200 doser. Influensenvaksine 650 doser og Hepatitt B vaksine til tilsette 105 doser.

Gledeleg i 2017 var innkjøp av eigen kommunal el-bil til helsestasjonen

Utfordringar for 2018:

- vidareføre tenestetilboda som er iverksett gjennom styrkingsmidlar frå Helsedirektoratet
- rekruttere og behalde fagkompetanse
- felles helsestasjon for ungdom og studentar for Volda og Ørsta ved Nye Øyra skule
- utvikle gode samarbeidsrutiner for barn og unge i kommunen
- vidareutvikle samhandling gjennom Norsk Helsenett ved å kunne sende informasjon til samarbeidspartar
- innføring av HPV vaksine til gutar

Barnehage

Kommunen har god barnehagedekning. Det er auka pressområde på Mork/Egset, og ikkje alle barn i nærområdet får barnehageplass i Mork barnehage.

Voldaprojektet 2013-2018 er ein del av studien ”Barn i Midt-Noreg”. Alle barnehagane i kommunen har vore med i prosjektet. Målet er å gje personalet meir kunnskap om psykisk helse hos barn. Det blir samtidig gjennomført forskning for å sjå effekten av opplæringa, og for å få meir informasjon om psykisk helse om barn i barnehagealder. Dette året har vi opplæring i observasjonsmetoden «Med blick på barnet». Metoden er utvikla for å heve kvaliteten i barnehagen. Gjennom forskning veit vi at gode relasjonar er den mest sentrale faktoren når det kjem til god barnehagekvalitet. Alle yrkesgrupper i barnehagen har fått tilbod om å kompetanseheving i regi av Volda kommune.

Den første fagsamlinga mellom barnehage og helsestasjon «Saman for barna i Volda» vart gjennomført i mai. Målet med samlinga var å få innsikt i kvarandre sine arbeidsområder og etablere eit tettare samarbeid mellom helsestasjon og barnehage.

Det er etablert nettverk for spesialpedagogane og støttepedagogane. Ein av spesialpedagogane våre nyttar deler av stillinga si som koordinator. Koordinator har ansvar for nettverksmøta og gje rettleiing og råd til barnehagane. Lågterskeltilbod.

Dei to eldste barnegruppene får også i år tilbod om vasstilvenning. Opplæringa er eit samarbeid mellom Volda kommune og VTI- Symjegruppa. 12 av 13 barnehagar er med på opplæringa. Barnehagen som ikkje var med har eige opplegg.

Det siste året er det satsa på å få bygd ut infrastruktur i barnehagane som gjer det mogleg å møte barn og tilsette sine behov for å nytte teknologiske hjelpemidlar i det daglege arbeidet. Vi vil framover prioritere kompetanseheving til dei tilsette i pedagogisk bruk av IKT-verkty.

Satsingsområda skal bidra til at ein når målet om å tilby gode barnehagar med høg kvalitet. Kompetansehevinga som er sett i gong vil på sikt lette arbeidet for dei tilsette og samtidig sikre kvaliteten overfor barn og føresette.

Særleg i sentrumsbarnehagane er det behov for å betre det fysiske miljøet ute og inne for å stette krava til ein moderne barnehage. Oppvekstsjefen er glad for at kommunestyret ser behova og har bede administrasjonen greie ut ei eventuell strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum, og at administrasjonen legg fram ei slik utgreiing med fokus på lokalisering, kapasitet, økonomi og pedagogiske konsekvensar for barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset.

Grunnskule

Ny Øyra skule vart teke i bruk i 2017, og gir elevar og vaksne gode og formålstenlege lokale til læringsaktivitetane. På same tid er det knytt uro til at elevane i sentrum manglar tilfredsstillande kroppsøvningsfasilitetar som inkluderer basseng. Viss Volda Campus Arena vert realisert vil det gje elevane ved Øyra skule og Volda ungdomsskule gode fasilitetar. Då vil det stå att å finne løysing på behovet for basseng til symje- og livbergingsopplæringa for elevane frå Mork, Øyra, Bratteberg Vikebygda og Volda ungdomsskule.

Ein avtale med Høgskulen i Volda gir skulane noko tid i bassenget på Idrettsbygget. Oppvekstsjefen skulle gjerne sett at elevane hadde meir tid i basseng for å kunne sikre at elevane har gode symjeferdigheiter og at ein elles har tilstrekkeleg tid til at elevane når dei nye kompetansemåla i læreplanen.

To av skulemodulane som vart frigjort etter at ny Øyra skule stod ferdig er flytt til Mork skule, som har hatt ein auke i elevtalet. Desse skulemodulane fungerer godt, og har fått ei god plassering på skuleområdet.

Også ved Volda ungdomsskule er det behov for utbetringar/rehabilitering for å kunne møte dei krava til standard og funksjonalitet ein set i dag. Oppvekstsjefen er glad for at arbeidet med å planlegge rehabilitering/utviding av skulen er i gong.

Fire lærarar byrja i 2017 på vidareutdanning gjennom den statlege satsinga på vidareutdanning for lærarar: *Kompetanse for kvalitet*.

Gjennom 2017 har Udir si satsing Vurdering for læring halde fram. Vi vidarefører nettverksarbeidet vårt på tvers av skulane. Alle skulane deltek, også Volda læringscenter og Kulturskulen. Arbeidsmåten/strategien er kompetanseheving, utprøving og praksisendring. *Det overordna målet med satsinga er at skuleeigar og skular vidareutviklar ein vurderingspraksis som har læring som mål. Det skal skje gjennom auka kompetanse og auka forståing for vurdering som reiskap for læring.*

Det er etablert gode nettverk mellom skulane innan spesialundervisninga, språkopplæringa for elevar frå språklege minoritetar og psykisk helse.

Saman med to barnehagar og Volda læringscenter deltek to av grunnskulane i den statlege satsinga *Kompetanse for mangfald*. Målet med satsinga er at tilsette i barnehagar og skular skal vere i stand til å støtte barn, elevar og vaksne med minoritetsbakgrunn på ein måte som fører til at desse i størst mogleg grad fullfører og står utdanningsløpet.

I 2016 vart det utarbeidd ein IKT-strategi for grunnskulane. Strategien har elevane si læring som mål, der Ipad skal nyttast som verkty i grunnleggjande lese-, skrive-, og rekneopplæring i 1.-4. klasse. Ein har som mål å styrke den ordinære undervisninga for å femne om fleire av elevane for slik redusere behovet for spesialundervisning.

I 2017 har det vorte arbeidd intensivt med den digitale satsinga i barnehagar og skular. Volda kommune har etter måten mange einingar innan barnehage- og skuledrifta, og det har vore krevjande å få på plass naudsynt infrastruktur.

I løpet av våren vil alle elevar i grunnskulen ha si eiga digitale eining/device, anten i form av iPad eller chromebook/PC.

Parallelt har det vorte sats på kompetanseheving mellom lærarane, og det er gjort avtale med høgskulen i Volda om vidareutdanning for alle lærarar og leiarar innan digitaldidaktikk i løpet av dei to komande åra.

Vaksenopplæring inklusiv introduksjon og busetting

Volda læringscenter hadde i 2017 eit nytt hektisk år, der samla deltakartal i introduksjonsprogrammet enda på rekordhøge 94 personar. I 2017 busette VLS 38 flyktningar derav 2 EM. I tillegg fekk ein 16 familieinnvandringar, og 1 person vart busett som alternativ mottaksplassert. Det resulterte i ei samla busetting på 55 personar, som var ei auke på 6 personar frå 2016.

01.03.17 vart det ordinære mottaket i Volda kommune lagt ned, og elevtalet vart som konsekvens av det noko redusert. For VLS er det likevel deltakarane i introduksjonsprogram som krev dei store ressursane, og høg busetting førte til at aktivitets- og ressursbehovet ved senteret ikkje endra seg i større grad. Særlig programrådgjevarane opplevde eit auka behov for ressursar knytt til oppfølging av dei mange deltakarane i introduksjonsprogrammet.

VLS gir også tilbod til EMA- elevar, og mottaket hadde 2017 ei rimeleg stabil drift med om lag 30 bebuarar i snitt som får tilbod om kvalifisering ved Volda læringscenter.

Høg busetting over fleire år resulterte til at ein i 2017 måtte utvide med ei ekstra grunnskuleklasse. Skuleåret 2017-18 får 60 elevar tilbod om grunnskule ved Volda læringscenter.

Resultat for 2017 viser at 47% av dei busette flyktningar i Volda hatt overgang til skule/arbeid etter avslutta introduksjonsprogram. Ei av årsakene til nedgang er at fleire har hatt utdanning som mål og dermed grunnskule som overgang, noko som i statistikken ikkje blir rekna som overgang. Medrekna grunnskule er resultatet på 78%.

Volda kulturskule

Kulturuttrykk og kulturaktivitet er sentralt for utvikling av fellesskap og identitet i alle samfunn. Eit aktivt kulturliv på lokalt nivå er også viktig for ei levande bygd, trivsel og busetnadsløyst. Det er eit mål for Volda kulturskule å vere ein synleg og aktiv lærings- og kulturinstitusjon i Volda.

I motsetnad til det som er tendensen nasjonalt, har Volda kulturskule i 2017 hatt god auke i talet på søkarar. Frå hausten 2017 står ca. 70 elevar på venteliste.

Kulturskulen flytta i august inn i nye lokale på Øyra skule. Dei fysiske rammene har forbetra undervisningssituasjonen monaleg, og det ligg godt til rette for å drive eit aktivt arbeid og samarbeid.

Kjerneaktiviteten for kulturskulen er undervisning, individuelt og i grupper, konsertar og utstillingar. Dette tek det meste av skulen sine ressursar. Kulturskulen har hatt konsertar med elevar på 12-konsertar i kyrkja, på institusjonar, på alle grunnskulane i kommunen og ein eigen sommarkonsert i juni. I tillegg blir ein stadig utfordra på å ta med elevar på ulike arrangement i det lokale frivillige kultur- og organisasjonsliv. Det har og vore eit mål å bidra med litt underhaldning på alle kommunestyremøte.

Kulturskulen har eit aktivt samarbeid med Ørsta om drift av «Sunnmøre ungdomssymfoniorkester». Orkesteret har i mange år hatt to tradisjonelle konserthelgar, ei før jul og ei helg i april/mai. I 2017 hadde orkesteret i tillegg ei svært aktiv helg med øving og «Drømmekonsert» i samarbeid med og med prosjektstøtte frå UNOF (De unges orkesterforbund) og Sunnmøre kammersmusikkfestival. Fire unge musikarar frå Barratt Dues musikkinstitut var med som musikarar og inspiratorar på denne konserten.

Orkesteret har medlemmer frå alle kommunane på Søre Sunnmøre, og opplever vekst både musikalsk og i tal på medlemmer.

Kulturskulen har eit godt samarbeid med Sunnmøre Kammermusikkfestival om tilbod til elevane om meisterklassar, talentkonkurrans og ikkje minst konsertopplevingar.

I tillegg har ein i 2017 hatt samarbeid med kulturskulen i Stryn, høgskulen i Volda, og storbandet «Mixmasters» om konsertar i Volda og Stryn.

I samarbeid med ungdomsklubben, Ørsta kulturskule og med tilskott frå UKM vart det i januar og februar arrangert «Bandcamp». Dette var eit prosjekt som hadde til hensikt å stimulere til auka bandaktivitet og deltaking på UKM.

Eit årelangt samarbeid med Volda skulekorps er og vidareført, m.a. med dirigentteneste og eit aktivt aspirant og rekrutteringsarbeid, organisert gjennom kulturskulen.

Ein ny rammeplan for kulturskulen er utarbeidd av Norsk Kulturskoleråd. Denne legg føringar for arbeidet i kulturskulen, presenterer fagplanar og gir skuleslaget ei pedagogisk retning og struktur. I samarbeid med dei andre rektorane/kulturskulane i Sjustjerna er det initiert eit prosjekt med felles pedagogisk utviklingsarbeid med utgangspunkt i den nye rammeplanen. Dette blir gjennomført på felles samlingar 2 – 3 gongar pr. år. Det er eit mål å drive dette arbeidet i fleire år. Rektorane i Sjustjerna har elles eit godt samarbeid og fagleg fellesskap.

Fleire i det lokale kulturliv ynskjer eit samarbeid med kulturskulen. I samsvar med den nye rammeplanen kunne kulturskulen ha starta opp fag med dans, teater og skapande skrivning. Eit tettare samarbeid både med t.d. Aasentunet, grunnskulane, folkemusikkmiljøet og høgskulen kunne vore fruktbart for kulturskulen. Slik stoda er i dag med avgrensa ressursar til både til faget og administrativt arbeid, vil ein i tida fram over legge vekt på å skape stabilitet og vere forsiktig med å sette i gang nye tilbod og prosjekt. Kulturskulane i Volda og Ørsta samarbeider elles tett om både prosjekt og undervisning, og ein vil initiere eit tettare samarbeid framover.

Økonomi

Sektor og eining	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	Rekneskap 2016
Utgifter	13 282 734	12 286 784	- 995 950	13 200 984
Inntekter	- 22 252 958	- 23 071 409	- 818 451	- 27 774 230
Stab opplæring og oppvekst	- 8 970 225	- 10 784 625	- 1 814 401	- 14 573 245
Utgifter	9 156 316	7 992 851	- 1 163 465	7 823 367
Inntekter	- 3 953 847	- 1 998 908	1 954 939	- 2 218 875
Helsestasjon	5 202 469	5 993 943	791 474	5 604 492
Utgifter	84 090 379	81 391 275	- 2 699 104	82 115 207
Inntekter	- 15 115 006	- 14 617 989	497 017	- 15 766 199
Barnehage	68 975 374	66 773 286	- 2 202 088	66 349 007
Utgifter	124 853 798	120 128 537	- 4 725 261	121 449 282
Inntekter	- 14 267 463	- 9 505 109	4 762 354	- 10 288 270
Grunnskule med SFO	110 586 335	110 623 428	37 093	111 161 012
Utgifter	4 960 130	4 551 288	- 408 842	4 694 570
Inntekter	- 1 134 096	- 1 103 657	30 439	- 1 228 475
Kulturskule	3 826 034	3 447 631	- 378 403	3 466 095
Utgifter	30 870 530	29 660 531	- 1 209 999	26 583 227
Inntekter	- 3 667 993	- 1 223 268	2 444 725	- 1 781 938
Volda læringscenter	27 202 538	28 437 263	1 234 725	24 801 289
Opplæring og oppvekst	206 822 524	204 490 926	- 2 331 599	196 808 650







Opplæring og oppvekst fekk tildelt ei ramme på kr. 204 490 925,- for 2017. Rekneskapen viser eit forbruk på kr. 206 822 524,-. Sektoren har med andre ord hatt eit meirforbruk på kr. 2 331 598,- som tilsvarar 1,1 % av tildelt ramme.














Generelt er det god økonomistyring og budsjettdisiplin som pregar sektoren.





Løns- og driftsbudsjetta i sektoren er stramme, og oppvekstsjefen har vanskar med å sjå at ein no kan hente ut meir gevinst i drifta av barnehagane og grunnskulane. Det er gjennom samordningar i drifta sektoren kan effektivisere.

Asylmottaket for vaksne vart nedlagt i 2017. Det førte til færre elevar ved Volda læringscenteret og mindre inntekter. Volda læringscenter er dimensjonert til å kunne gje opplæring til 40 ungdommar frå asylmottaket for einslege mindreårige. Dei 40 plassane i mottaket var i 2017 ikkje fylt opp, noko som også ga Volda læringscenter færre elevar og mindre inntekter enn budsjettert.

Elle ser ein at det gjennom barnehage- og skuleåret kjem barn og/eller elevar med særskilte behov som er kostnadskrevjande, og som det i utgangspunktet ikkje er teke høgde for i dei økonomiske rammene.

MÅL 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Barselomsorga skal følgje nasjonal fagleg retningslinje.		Grunna prosjektmidlar vart det frå 15.09.17 oppstart med tidleg heimebesøk av jordmor
Etablere/vidareføre gruppetilbod <ul style="list-style-type: none"> ✓ For barn som opplever skilsmisse ✓ Jentegrupper i ungdomsskulen – 2 pr år ✓ Lågterskel foreldrerettleiing ✓ Gruppetilbod psykisk helse for minoritetsungdom 		Skilsmissegruppe OK. Ei Jentegruppe i 2017. Grunna prosjektmidlar vart det frå oktober tilsett foreldrerettleiar i 50 % stilling. Gruppetilbod psykisk helse for minoritetsungdom utsett.
Styrke innbygarane sin kunnskap om kosthaldet og aktivitet gjennom tverrfagleg samarbeid inn mot foreldre til 1. klassingar.		
Gjennomføre ettervaksinering med HPV-vaksine av jenter fødte i -91 t.o.m. -96 (nasjonal satsing). Skal vere slutført 01.07.19		
Etablere felles helsestasjon for ungdom og studentar ved nye Øyra skule		Vart iverksett januar 2018
Etablere formalisert samarbeid mellom helsestasjon og barnehage		Har hatt felles fagseminar og har samarbeid om kosthaldsbrosjyre og barnehagestart.

MÅL 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Tidleg oppdage barn som treng ekstra hjelp og støtte og utarbeide rutinar for tiltak og oppfølging		
Oppretthalde minst 50 % pedagogtettleik i dei kommunale barnehagane		
Tilsyn og godkjenning av barnehagar etter oppsett plan.		
Sikre kompetanseheving i samband med ny rammeplan i barnehagane		Slik kompetanseheving er igongsett
Gjennomføre overgangssamtalar barnehage-barneskule-ungdomsskule		Vil vidareutvikle innhaldet i høve til struktur/form/innhald
Volda skal ha ei skulefritidsordning som støttar den språklege og sosiale utviklinga til elevane.		Særleg for born frå språklege minoritetar er SFO ein viktig arena for språkleg utvikling.
Innføre Ipad som pedagogisk verkty i barnehage og småskulen		Målet er nådd pr mars 2018
Grunnskulepoeng og resultatata på eksamen skal vere høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet.		
Talet på elevar som på dei nasjonale prøvene presterer på meistringsnivå 1 i 5. klasse og meistringsnivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse, skal reduserast med 15 % samanlikna med skuleåret 15/16		Målet er ikkje fullt ut nådd
Med støtte i gode program styrke den psykiske helsa til barn og unge		Opplæring og oppvekst er inne i fleire prosjekt i dette arbeidet som Tidleg inn, Voldaprojektet og Zippys venner. Volda kommune har i tillegg eigen psykolog
Ei styrking av den ordinære undervisninga skal redusere behovet for spesialundervisning.		Er inne i ein endringsprosess, men framleis tidleg til å kunne sjå resultat
Alle einslege mindreårige flyktningar skal gå ut med greidd grunnskuleeksamen		
60 % av deltakarane i introduksjonsprogram skal gå over til arbeid eller vidaregåande utdanning etter avslutta program.		Ikkje nådd fullt ut. Ei årsak er at fleire av deltakarane har utdanning som mål, og har halde fram u

MÅL 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
		grunnskule. Tek ein med desse deltakarane er måloppnåinga 78 %
Utarbeide rammeplan og mål for kulturskuledrifta		Det er ikkje utarbeidd eigen rammeplan, men Norsk kulturskuleråd har utarbeidd slik plan som er teke i bruk
Identifisere og styrke tiltak som reduserer sjukefråværet		Det er sett i gong tiltak i samarbeid med BHT for å finne tiltak som styrkar nærværet. Tidleg enno til å rapportere på resultat
Informasjon på kommunen sine heimesider skal vere oppdatert.		
Utarbeide kvalitetsplan for sektoren		Vedteke av kommunestyret i januar 2017

2.5 HELSE OG OMSORG

Helse og omsorg, sektorleiar Svein Berg Rusten		
Eining	Leiar	Ansvarseining
Stab helse og omsorg (inkl. service)		Felles kommuneoverlege Volda-Ørsta Pleie- og omsorgsleiar Kjøkenavdelinga Driftsavdelinga
Sjukeheim 2.etasje	Lise Charlotte Ekros	Hasletunet/ Seljetunet Piletunet/ Kleppetunet
Sjukeheim 3.etasje	Ann Sølvi Heltne	Ottastova/ Karvestova Kapteinstova/ Klokkarstova
Heimetenester	Elsebeth Goodell Melle	Dagavdeling Heimetenester Leiar sone 1
Heimetenester omsorgsbustader	Astrid Dimmen	Barstadtun Fjordsyn Mork bustader Leiar heimetenester, omsorgsbustader
Rus og psykisk helseteneste	Elin Høydal Vatne	Koordinerande psykososialt kriseteam Leiar rus og psykisk helseteneste Leiar Gnisten dagsenter Leiar døgntilbod psykisk helse Styrk arbeid
Tenesta for funksjonshemma	Ingunn Gjengedal	Hamna dagsenter Avlastning born og unge/Barnebustadar
Butenesta for funksjonshemma	Oddbjørg Langøy	Kleppevegen Bømarka Severinhaugen
Førebygging, rehabilitering og legeteneste	Mona Kile	Helsesjef Leiar Frisklivssentralen Sjefs-fysioterapeut Kommune-ergoterapeut Interkommunal nattlegevaktordning Legetenesta, kommunal del (frå 2014) Legetenesta, privatpraktiserande del (frå 2014)
Tildelingskontor og stab	Malene Rovde	Tildelingskontor og stab

Årsverk og stillingar/Organisering

	Ansatte %	Antall	Kvinner	Menn	Antall <50 %	Herav Kvinner	Menn
Administrasjon og service	28,43	42	31	11	20	18	2
Sjukeheim 2. etasje	29,46	39	37	2	6	6	
Sjukeheim 3. etasje	31,85	48	45	3	13	13	
Heimetenester	27,26	38	35	3	5	5	
Heimetenester omsorgsbustader	41,02	60	58	2	14	13	1
Rus og psykisk helseteneste	21,77	27	23	4	3	3	
Tenesta for funksjonshemma	21,77	34	30	4	18	18	
Butenesta for funksjonshemma	30,61	51	35	16	21	12	9
Førebygging, rehabilitering og legeteneste	17,91	32	25	7	14	9	5
Helse og omsorg	250,08	371	319	52	114	97	17

Faste tilsette som fekk auka stilling i 2017:

Tal tilsette	Kjønn K/M	Gjennomsnitt % auke	Samla omgjerding til faste stillingar
22	21K/ 1M	20	442%

Ved utgangen av året var det 10 lærlingar i sektoren, derav ein på sentralkjøkkenet.

Årsverk administrasjon/fellestenester:

80% kontor/sentralbord, 2 årsverk leiarstillingar, 1,2 årsverk sekretær, 3 årsverk sakshandsamar, 50% kreftkoordinator, 60% bustadkoordinator, 1 årsverk sjåfør, 2 årsverk teknisk drift og hjelpemiddel, 60% datakonsulent og 75% vaskeri.

Kontinuerleg utviklingsarbeid pregar kvardagen på dei fleste områder. Dette gjeld både i høve tenesteutfordringar, samhandlingsreforma, teknologiske løysingar, økonomiforvaltning og organisering av sektoren. Tildelingskontoret har mest all forvaltning av plassar og fullført sakshandsaming med tildeling av tenester. Det er fatta 1110 tenestevedtak i 2016 (774 i 2015). Av desse har 31 fått avslag. Funksjonen *koordinerende eining(KE)* er knytt til tildelingskontoret. Elektronisk samhandling over Helsennett gjennom GericaElinker vidare utvikla i 2016 og slik kommunikasjon har blitt sentralt og viktig i forvaltninga. Vi ser ein sterk vekst i denne kommunikasjonsforma. I 2015 var det begrensa statistikk ein fekk ut, i 2016 var det betre. Her er eit utval av dei det vart kommunisert mest med, men samla var det 19 ulike aktørar ein mottok eller sendte meldingar til.

	Volda sj.hus		Volda legesent.		Apotek		Ålesund sj.hus		Hornindal legesent		Samla	
	Fått	Sendt	Fått	Sendt	Fått	Sendt	Fått	Sendt	Fått	Sendt	Fått	Sendt
2015			1281	1602							5082	2151
2016	3185	1023	2130	2400	854	5	447	120			7272	3855
2017	3244	971	2685	2737	1063	0	459	0	42	15	7493	3723

Kreftkoordinator

Prosjektmidlar frå Kreftforeininga er inne i sitt siste år med stønad. Ordninga har vore i gang sidan oktober 2012. *Kreftkoordinatorstilling* i 50 %.

Delegering

Med bakgrunn i funn frå arbeidsmiljøkartlegginga som vart avslutta seinhaust 2016, har det vore gjort eit omfattande arbeid med delegeringsarbeid i sektoren, først frå sektorsjef til einingsleiarar, deretter frå einingsleiarar til teamleiarar. Dette har vore eit viktig og strategisk arbeid for drifta av sektoren.

Kompetanseheving

Det er høgt fokus på kompetanseheving, både for dei med høgskuleutdanning frå før og for dei med grunnutdanning på lågare nivå.

Gjennom ”*Kompetanseløftet 2017*” har vi fått tilskot til fylgande tiltak frå Fylkesmannen i Møre & Romsdal:

- Ein person starta på yrkesopplæring i helsefag og ein på bachelorutdanning i sjukepleie.
- Ein tilsett har fullført vidareutdanning i kreftomsorg/ lindrande behandling. I tillegg er ein til under utdanning.
- Frivilligkoordinatorane starta vidareutdanning ved Verdighetscenteret i Bergen.
- Ein person skal starte på tverrfagleg vidareutdanning i psykososialt arbeid med barn og unge hausten 2018.
- Midlar til tre personar, som fullførte vidareutdanning i sakshandsaming på høgskulenivå.
- Midlar til ein person i velferdsteknologi. Ein person, vidareutdanning i leing, 10 personar på teiknspråkkurs og 20 tilsette heva kompetansen i førebygging av seksuelle overgrep for menneske med utviklingshemming. I sektoren har 44 personar gjennomført læringsverktøyet ”demensomsorgens ABC, perm 1. Same verkty, perm 2 har 17 personar gjennomført og ”eldreomsorgens ABC psykiske lidingar i eldre år har 11 personar gjennomført. Seks personar har gjennomført ABC-opplæring i velferdsteknologi. I tillegg fekk ein midlar til heving av kompetanse i geriatri.

I tillegg fekk kommunen midlar til sju innovasjonsprosjekt;

Kvardagsrehabilitering(50.000,-), Ernæring til personar med demens(100.000,-), ernæring(135.000,-), rekrutteringspatrolje(50.000,-), utvikling av skulehelsetenesta(75.000,-), aktiv kvardag(100.000,-) og førebyggjande heimebesøk(50.000,-).

I 2017 nytta sektoren avtalen om e- læring med Norsk Helse Informatikk godt. Det vart fullført meir enn 2100 kurstimar av våre tilsette. Dette er eit viktig supplement for kompetanseheving.

Velferdsteknologiens ABC vart påstarta i samarbeid med dei fleste kommunane i Møre og romsdal og fylkesmannen. Ei gruppe på seks personar får opplæring i ulike tema omkring velferdsteknologi, som dei i 2018 skal overføre til lokale kurs/ opplæring.

Fagdag i sektoren

Kommunestyret løyvde midlar til satsing på fagutvikling gjennom innføring av fagdagar. Desse vart etablerte i 2017 og rullerer jamt i dei ulike einingane. Kvar eining har blitt samde om korleis dei ynskjer organisering av fagdag. Det ligg fast på turnus for nokre, der alle med 40% stilling eller meir er med.

Folkehelse

Å kunne bu heime i eigen bustad så lenge som råd, er eit definert mål og satsingsområde for innsatsen

til helse- og omsorg. Både omsorgsplan og demensplan omtalar dette. Sektoren har mange lågterskeltilbod, fleire ulike dagtilbod/aktiviseringstilbod for ulike målgrupper. På ulike måtar set ein fokus på folkehelsearbeid, der både kropp, sjel og lekam har fokus.

Den kulturelle spaserstokk, rullatormaraton, kvardagsrehabilitering, førebyggjande heimebesøk til alle som fyller 80 år, allsidig kulturtilbod med filmar, konsertar, sangstunder, balansetrening, sykkeltrim med motiveiv syklar, frivilligkoordinatorar som legg til rette for både hundebesøk, lesestunder, aktivitetsvennar, barnehagebesøk, skuleelevar som engasjerer eldre på ulike vis og etter kvart omlegging av matproduksjonen til kok- server, er alle eksempel på måtar å drive folkehelsearbeid på.

Klima

Sektoren har hatt to elbilar i snart 5 år, ved neste avtaleperiode for leasingbilar, vil helse- og omsorgssjef ta med i vurderinga om fleire bilar med elektrisk framdrift. Plastforbruk, system for papirinnsamling og andre aktuelle og forbrukssaker blir ofte tema på ulike nivå i sektoren. All plast frå innkjøpsemballasje til sentralkjøkkenet vert samla inn, dagleg omkring ein storsekk til resirkulering.

Ein må likevel innrømme at dagleg drift i sektoren har oftast fokus på effektivitet og det å rekke over daglege gjeremål, der klimavenleg drift ikkje alltid har fokus. Store forflytningsbehov og dårleg tid utfordrar klimafokuset! Ein har likevel forbruksfokus, f.eks på mat og medisinsk forbruksmateriell. Ved store innkjøp lagt ut på Doffin er miljøperspektivet alltid er tildelingskriterium.

Etikk

Dei etiske retningslinene er tema både i leiarmøte og personalmøte i dei ulike einingane. Retningslinene er kjende og vert følgde.

Innkjøpspraksis

Kommunale innkjøpsrutiner er gjennomgått på dei ulike arbeidsplassane, for at innkjøparar skal kjenne regelverket for offentlege innkjøp. Store innkjøp på vegne av sektoren vert styrt av sektorleiinga. Mindre innkjøp av andre kan oppstå pga 24/7 tilbod og faste bestillarar ikkje er på jobb eller småinnkjøp/ bruk av gåvemidlar.

Omtale av 2017

Felles kommuneoverlege

Samfunnsmedisinske utfordringar og overvaking, sakshandsaming og rådgjeving for begge kommunar. Spesielt gjeld dette miljøretta helsevern, smittevern, psykisk helsevern, folkehelse spørsmål, samhandlingsspørsmål internt i/og mellom dei to kommunane og i «Sjustjerna Helse og Omsorg» og eksternt, og - i aukande omfang - mellom kommunane/ Sunnmøre regionråd (samhandlingsgruppa) og Helse Møre og Romsdal HF.

Samfunnsmedisinske vurderingar i samband med utviklingsarbeide både innanfor og utanfor tenestene. Implementering av nasjonale retningslinjer på fagfeltet. Klager og klagesakshandsaming. Det er til saman ei 100% samfunnsmedisinsk stilling.

Av saker kommuneoverlegen har arbeidd spesifikt med kan nemnast:

- Deltaking i drøftingar i Sjustjerna om framtidig legevakt og Prosjektrapporten «Framtidig Legevakt på Søre Sunnmøre » om utvida legevaktsamarbeid for heile Søre Sunnmøre for å kunne etterkomme nye nasjonale legevaktskrav.
- Kommuneoverlegen er beden om å utgreie ei sak for Volda og Ørsta kommune om kva tiltak som alt no er nødvendige i samband med innfasing av Akuttmedisinfor skrifa frå 01.05.2018 av (melding er komt om nasjonal utsett frist).
- Kommuneoverlegen har søkt tilskot for Volda frå Helsedirektoratet til kurs for innfasing av Akuttmedisinfor skrifa, slik at alle (også ut over legane) som utfører legevaktarbeid skal oppfylle kompetansekrava i akuttmedisin og valds- og overgrepshandtering. Etter årsskiftet vil kommuneoverlegen på vegne av Volda kommune (vertskommune for den interkommunale legevaktssentralen) i tillegg søke kr. 240 000 til tilsvarande kurs for 26 sjukepleiarar i det felles akuttmottaket ved Volda sjukehus.
- Omfattande arbeid i samband med tilsyn og systemrevisjon innanfor Miljøretta helsevern i skular og barnehagar i dei to kommunane.
- Deltaking i prosessar og utarbeiding av saksframlegg og innspel til ”Utviklingsplanen for Helse Møre og Romsdal 2018 -2022” om Sjukehusstruktur, Akuttkirurgi og beredskap, oppgaveoverføring frå helseforetaket til kommunane, konsekvensar for innbyggjarane, kommunane/kommunehelsetenestene og lokalsjukehus.
- Kommuneoverlegen er av «Sjustjerna helse og omsorg» beden om å starte utgreiing av ei «Felles samfunnsmedisinsk eining» for samtlege kommuneoverlegar på Søre Sunnmøre. I utgreiinga vil også bli lagt inn teknisk hygienisk personell på deling innanfor miljøretta helsevern
- Noverande kommuneoverlege fråtrer i stillinga 15.05.2018 grunna alder.

Sentralkjøkkenet

Sentralkjøkkenet har jamn leveranse til ca 180 porsjonar fullkost dagleg til sjukeheimen og omsorgsbustader. Ny kjøkkenleiar vart tilsett i okt.2017. kommunestyret har vedtatt omlegging av produksjon frå kok- kjøll til kok- server. Dette er eit prosjekt det vert jobba med utover 2018.

Hjelpemiddelformidling

Arbeidet er i hovudsak montering, utlevering, gi opplæring i bruk, innhenting og reparasjon av hjelpemiddel, som forlenga arm til hjelpemiddelsentralen i Møre og Romsdal. I tillegg har ein ansvar for internkontroll og dokumentasjon på kommunalt medisinsk- teknisk utstyr. Det er reduksjon i talet aktive brukarar i 2017, men talet hjelpemiddel inn og ut aukar vesentleg frå 2016. Gode og tilgjengelege hjelpemiddel er ofte nøkkelen til å kunne gi teneste på lågast mogleg nivå, og at folk dermed kan bu lenger i eigen heim.

Årstal Volda	Folke-Tal	Tal aktive brukarar	Brukarar i % av folketal	Brukarar med utlån	Nye brukarar	Hjelpe-middel utlevert	Innlevert hjelpe-middel	Samla verdi for utlevering
2011	8573	798	9,3	247	66	1651	461	5.154.062
2012	8650	782	9,0	265	72	1774	656	6.382.866
2013	8827	734	8,3	278	84	1607	1283	4.810.025
2014	8909	912	10	249	59	1522	746	4.833.667
2015	8990	997	11,1			2588	1525	5.066.335
2016	9060	1051	11,5		81	1676	814	5.967.236
2017	9178	1026	11,2	288	82	2218	1267	5.910.788

Nav Hjelpem.sentral Møre og Romsdal - kommunestatestikk for Volda 2011, 2012, 2013,2014, 2015, 2016 og 2017. Kjelde: Fylkesstatistikk

Bygg, bueningar og planar

Målgruppe	Type bustad	Tal plassar/ bustader	Planar budsjett/ øk.plan
Alle	Sjukeheim/ institusjon	74 + 3	
Utviklingshemma	Omsorgsbustader	19	2018: +4
Eldre	Omsorgsbustader	104	2019: planlegging nye bustader 2018 + 19 oppgradering kjøkken Folkestadtun
Diagnosar innan rus/ psykisk helseteneste	Omsorgsbustader	16	2018: +7
Avlasting barn/ unge	Omsorgsbustader	4	
Barnebustader	Institusjon	2	
Andre	Kommunal utleigebustad	83	
Legesenteret	Legekontor		2019 + 20: planlegging, ombygging/ utviding
Tilsette	Kontor		2018: Innreie 4 etg

Sjukeheimen 2. og 3. etg

Sjukeheimen har 74 pasientrom med 77 plassar i døgkontinuerleg teneste.

I 3.etg er 4 bugrupper. Klokkarstova er ”forsterka” bugruppe der ein tek imot utskrivingsklare pasientar og øyeblikkeleg hjelp(KAD/ØH) pasientar. Kapasiteten på Klokkarstova er 9 rom med 12 plassar, der 1,5 av desse plassane skal vere tilgjengelege til KAD-pasientar.

Ei viktig utfordring framover vil vere å behalde fagpersonell og rekruttere nye inn. Årsverka ein har og behova ein skal stette, gjer det utfordrande å dekke heile døgnet utan bruk av kortvakter. Kommunen vil truleg få større utfordringar framover med nye oppgåver, endra sjukdomsbilete og nye grupper som kjem inn i sjukeheim og treng behandling. Terskelen for tildeling av sjukeheimplass er høg. Behovet for teknisk hjelpemiddel er aukande, pasientane som får plass på sjukeheimen utfordrar både på utstyr, kompetanse og kvalitet.

2 etg. har 37 plassar for aldersdemente (18 av dei skjerma), fordelt på fire bugrupper.

Etter tilsyn frå fylkesmannen i 2016, med fokus på rutiner og prosedyrar knytt til bruk av tvang og makt til personar utan samtykkekompetanse, har det vore jobba målretta både på systemnivå, men ikkje minst også på kompetansehevande tiltak. Ein fekk lukka alle avvik, like viktig har fokuset på rett kompetanse og rutinar/ kultur vorte del av kvardagen.

Stillinga for sjukeheimslege har vore 80 % + 10% ein av fastlegane, har vore krevjande. Mange pasientar inn og ut, spesielt knytt til Klokkarstova, utfordrar legekompentansen og kapasiteten.

Bruken av institusjonsplassane i 2017 viser at det er fleire som har budd på institusjonen samanlikna med 2016. Dette er utfordrande, då fleksibiliteten ein treng for å heile tida kunne handtere situasjonar som oppstår, vert vanskeleg og faren for å ikkje kunne ta imot utskrivningsklare pasientar aukar. Dette

har konsekvensar for etterspurnad på heimebaserte tenester og kva utfordringar dei heimebaserte tenestene må løyse.

Type teneste	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Langtidsopphald	23365	23091	22.660	23.503	23.096	23.282
Korttidsopphald	3229	2867	2416	2.641	3.144	2.866
Avlastingsopphald	168	212	162	186	305	163
Øyeblikkeleg hjelp(ØH)	72	127	142	104	99	
Samla beleggsprosent	98,8	97,36	93,96	97,86	98,64	97,41
Liggedøgn totalt	26834	26297	25.380	26.434	26.644	26.311

Matematisk kapasitet liggedøgn på sjukeheimen i høve tal rom er 27.010 pr. år, med full bruk av dei tre dobbeltroma, 28105. Kommunen måtte betale for 69 døgn utskrivingsklare pasientar frå sjukehus i 2017.

Øyeblikkeleg hjelp

Statistikken viser var KAD- tilbodet vart nytta av 28 personar/ 72 døgn i 2017. Nedgangen har vore pga mangel på plassar/ auke i korttidsopphald. Årsaker til innlegging har vore:

	Fall	Smerte	Rus	Sosialt	Infeksjon	Palliasjon	Demens	Anna	Samla
2014	13	5	2	4	9	2	3	2	40
2015	9	8	6	8	15	2		1	49
2016	8	5	0	4	14			16	47
2017		8	3		5			12	28

Heimetenestene

Statistikken viser at utetenesten har hatt ei lita auke i talet på brukarar i 2017. Helsetenester i heim aukar, praktisk bistand og matombering ligg relativt stabilt gjennom heile året, medan det stadig minkar på talet på tryggleikstelefonar. Ein reknar med at talet brukarar med tenesta tryggleikstelefon, vil ta seg opp ein heil del i 2018 og 2019, då det no skal kjøpast inn nye digitale alarmer.

Ein hadde gjennom heile fjoråret eit snitt på ca 220 brukarar av dei ulike tenestene. Gjennom heile 2017 har ein ytt tenester til ca 330 brukarar. Heimetenesta har ytt palliativ pleie til 12 pasientar, 4 av dei døydde i eigen heim. Det vart sett i verk dei tiltak som er naudsynte for at pasient og pårørande skal vere ivaretekne på ein trygg og forsvarleg måte, dette krev ressursar og kompetent personell, mellom anna bakvakt på natt i terminalfasen, ettersom heimetenestene ikkje har full sjukepleiedekning på natt.

Dagsenteret for eldre

Gjennom året har Dagsenteret hatt 39 brukarar. Ved utgangen av 2017 var det 29 brukarar med innvilga plass, fordelt på to avdelingar. Personalet arbeider målretta med å utvikle nye og tilrettelagde aktivitetar, der fokuset er retta mot fysisk trening og tilbod om aktivitetar ute i frisk luft. Dette er i tråd med målsetjinga om at personar skal ha høve til å bu i eigen heim lengst mogleg, best mogleg. Dei har arrangert fleire «opne» kulturopplevingar for alle på Omsorgssenteret. Nye aktivitetstilbod som har kome til er kor og dramagruppe.

Dagsenteret driv aktiv fysisk trening med brukarane. Dette er eit ledd i arbeidet med at brukarane skal kunne bu heime lengst mogleg. Avdelinga har kjøpt eigen motiview-sykkel, og har tilbod om trim kvar dag t.d. balanse og styrketrening, styrke-gruppe, senioryoga og fast turgruppe. Dagsenteret har bygd utandørs trimpark, og har samstundes «oppgradert» uteområdet og gjort det meir veileigna og brukarvennleg til alle årstider.

Heimetenestene, omsorgsbustader

Denne eininga har ansvar for Fjordsyn, Barstadtun og Mork bustader, tre døgnbemanna bygg for eldre med ulike hjelpebehov. Til saman har dei tre bustadane 71 husvere. I nokre av leilegheitene bur ektepar, slik at talet brukarar kan variere. Kvar av bustadane har ein teamleiar.

2017 har vore eit år med stort fokus på kompetanseheving. Ein har utarbeidd kompetanseplan som er førande for opplæringa. På fagsida har det vore jobba mykje med sjølvstudieopplegget Demensomsorgens ABC, der 21 medarbeidarar fullført perm 1 og fortsatte med perm 2 på hausten. Ni andre personar vart ferdig med perm 2. Medan to medarbeidarar starta med perm 1 på hausten. Den innførte fagdagen er eit stort framsteg som sikrar at alle møter opp, får same informasjon og blir meir involvert i prosessar. Tiltaket sikrar også at ein når ut til alle fast tilsette med naudsynt opplæring.

Butenesta for funksjonshemma

Eininga består av tre samlokaliserte bukompleks med fleire omsorgsbustader. Desse er godt samkøyrde og ein nyttar personal både på tvers av bustadane og på Hamna/avlastinga. Dei fleste tilsette tykkjer det er positivt. Nye brukarar med omfattande hjelpebehov har ført til utfordringar for å nytte ressursane mest mogleg effektivt.

Kort omtale av arbeidsområdet

Talet på brukarar i butenesta har auka med tre, to av desse har flytta til Volda frå nærliggande kommunar. Det vert ytt teneste til 36 brukarar.

Omfanget på tenestetilbodet er frå få timar i veka til 24/7. Arbeidet omfattar det meste frå økonomisk bistand, drift av hushald, hjelp til gjennomføring av daglege gjeremål, fritidsaktivitetar, kontakt med andre tenesteområde, familie o.s.b.

Det er fatta vedtak om å nytte langvakter på 2 av arbeidsstadane. Vedtaka er godkjente av arbeidstilsynet. Den eine arbeidsstaden nyttar langvakter berre i samband med ferieavvikling. Arbeidet vil fortsette framover då det viser å vere positivt både for brukarar og personale.

Hamna dagsenter

Ei målsetting ved Hamna dagsenter er å tilrettelegge for eit godt kommunikasjonsmiljø. Å bli sett og forstått, er heilt grunnleggande for opplevinga av livskvalitet og verdigheit.

Tilbodet til brukarane ved Hamna dagsenter blir individuelt tilrettelagt utifrå den einskilde sine behov for aktivisering, trening og meistring. For mange er dagsenteret ein arbeidsplass der tilpassa arbeidsoppgåver gir auka sjølvkjensle, glede og meining i kvardagen.

Det er i 2017 starta eit arbeid med å opprette eit alternativt sysselsettingstiltak for nokre av brukarane ved dagsenteret i samarbeid med Styrk arbeid og Volda opplæringscenter.

Menneske med utviklingshemming er ofte inaktive grunna nedsett fysisk funksjonsevne og treng difor ekstra motivasjon og tilrettelegging. Ved dagsenteret tilbyr vi følgjande fysiske aktivitetar; vedproduksjon, riding, symjing, turar i skog & mark, postrunder, fotball, trening inne i sal m/fysioterapeut, sanseavdeling samt spenningskurs på Bjorli.

Brukartalet fordeler seg slik; 9 brukarar frå Ørsta og 17 frå Volda.

Avlasting for barn og unge, samt barnebustader

Hovudmålsettinga ved avlastinga for barn & unge er å gi avkopling og kvile til foreldra.

For at foreldre skal oppleve at det er godt for dei at barna er på avlastning er det viktig at innhaldet i avlastinga er tilrettelagt slik at borna trivast og på dette viset gjere foreldra trygge på at borna blir tatt godt vare på.

Tilbodet til brukarane av avlastingstenester blir individuelt tilrettelagt utifrå den einskilde sine behov for aktivisering, trening og meistring.

Barnebustad er heimla etter Helse- og omsorgstenestelova, § 3-1, § 3-2 c, og er eit omsorgs- og oppveksttilbod til born og unge i alderen 0-18 år. Tilbodet kan bli gitt til born som er så omsorgskrevande, til trass for omfattande avlastningstiltak, at dei må ha eit tilbod utanfor heimen.

Borna i barnebustad må forhalde seg til mange tenesteytarar, og det er ofte fleire personalbytte i løpet av ein dag. I 2017 innleia ein samarbeid med Voldaskulen om utveksling av personale knytt til barn med samansette behov. Dette håper ein skal vere med på å utvikle tenestetilbodet til barn som treng ekstra oppfølging.

Rus- og psykisk helseteneste

Eininga består av psykisk helseteam, rustenesta, døgnbemanna omsorgsbustader, dagtilbodet Gnisten og arbeidstilbodet STYRK.

Denne eininga gav totalt tenester til 291 brukarar i 2017. Frå 2016 til 2017 har vi hatt ein auke på 49 pasientar med vedtak om teneste etter helse og omsorgstenestelova. Tenesta har i 2017 klart å dreie behov for tenester meir over til lågterskeltilboda, som er meir bærekraftig på sikt.

Døgnbemanna bustader

I 2017 gav tenesta døgntenester frå Sevrinhaugen 7 til 26 brukarar. Av desse var 10 heimebuande og 16 bebuarar i omsorgsbustader. Dette er ein auke på 3 brukarar frå 2016, alle desse er heimebuande. Ein varig bustad kan førebyggje risiko for tilbakefall og redusere behovet for opphald i institusjon. 7 omsorgsbustader er under oppføring på Øvre Rotset/Tormyrvegen vil avhjelpe situasjonen for brukarar med samansette lidningar. Endringane som kjem i forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar, ligg forventning om adekvat bustad i form av bustad med bemanning for å kunne ta i mot utskrivingsklare pasientar rask og hindre nye innleggingar.

Utetenestene

I løpet av 2017 gav Psykisk helseteam tilbod til 120 brukarar. 38 av desse var nyttilviste og 53 vart avslutta i løpet av året. Dette er ein auke på 8 brukarar frå 2016. Lengre ventelister på poliklinikk og eit mindre nålauge i spesialisthelsetenesta er årsaker til dette.

Rustenesta gav tilbod til 60 brukarar i 2017. Det vart tilvist 9 nye brukarar og 12 vart avslutta. Dette er ein auke på 1 person frå 2016. Personar med ROP-lidningar er ei sårbar gruppe som er i behov av samansette tenester. Brukerplan-kartlegging for 2017 viser at 51% av brukarane i Rustenesta utset andre for vald, eller er sjølve valdsutsette.

Dagsenter

Møteplassen Gnisten hadde 28 aktive brukarar i 2017. Gnisten er midlertidig plassert på legeloftet. Lokala er små og kapasiteten sprengt. I 2017 har ein forhandla med Opplysningsvesenets fond om

langtidleige av Prestegarden til dette føremålet. Det er venta at dagsenteret kan flytte inn i nye lokalar første halvår 2018 og med dette kunne tilby trenester til langt fleire og setje tenesta betre i stand til å møte utfordringar vi opplever å ha allereie og ventar meir av i framtida.

Lågterskel arbeids- og kvalifiseringstiltak

STYRK- arbeid er eit lågterskel arbeid- og aktivitetstilbod fordeltakarar som ikkje klarer å nyttiggjere seg andre NAV-tiltak. Det er NAV som tilviser deltakarar til tiltaket. Styrk-arbeid gav tilbod om arbeidstrening til 30 personar i 2017. Dette er om lag ei tredobling av talet frå 2016. Vi fekk 16 nye deltakarar i 2017. 10 vart avslutta i løpet av året. 3 vart avslutta på grunn av overgang til ordinært arbeid eller lønstilskot, 4 ved overgang til andre NAV-tiltak og 3 flytta til anna kommune.

Forankra i partnerskapet kommunen har med den statlege delen av NAV har Styrk-arbeid teke på seg å administrere og ta i mot alle under 30 år som søker sosialhjelp og vert omfatta av aktivitetsplikta. Styrk-aktiv gav tilbod til 21 sosialhjelpsmottakarar i 2017. I løpet av sommarferien hadde ein 13 deltakarar på aktivitetsplikt. På hausten fekk ein åtte nye deltakarar, fem av desse gjennomførte aktivitetsplikta ved ein ekstern arbeidsgivar.

Styrk- arbeid opplever stor velvilje og godt omdømme og har i 2017 hatt eit godt samarbeid med store aktørar som Veidekke og Mesta, men også i mindre lokale einingar som Volda Bilsenter, Bertel O'Steen, Nille og Arne Gjerde Linjerydding. I tillegg kjem andre sektorar og avdelingar i kommunen.

For å kunne handtere denne auken har vi teke på oss fleire arbeidsoppgåver. Skogryddingsprosjekt, samarbeidet med Volda Sogelag og Sunnmøre Museum, faste oppdrag av Sanitetskvinnene, avtale med kyrkjekontoret og privatpersonar tek kontakt for mindre flytteoppdrag, enkelt vaktmeister- og hagearbeid.

Styrk-arbeid blir brukt som arena for avtening av samfunnsteneste i regi av kriminalomsorgen. I 2017 har to personar avtent samfunnsteneste.

Styrk arbeid vann innovasjonsprisen i 2017 for prosjekt skogrydding i Elvadalen, Der ein har fått etablert og vidareutvikla eit samarbeid med andre tenesteytarar og avdelingar i kommunen. Dette er eit flott prosjekt som er med på å bygge omdømme til Styrk-arbeid som får gode ringverknader for delakarar som skal vidare ut i arbeidslivet etter arbeidstrening i Styrk-arbeid.

Styrk-arbeid har etter kvart blitt kjent rundt om i regionen, både gjennom media, sosiale media og fagdagar der fagfolket samlast. Ein har hatt besøk av både Ulstein kommune og Herøy kommune, for omvising og informasjon om korleis ein har bygd opp tenestene, då dei ser til Volda for å byggje opp liknande tilbod. I tillegg har ein tett dialog og fleire møtepunkt med Ørsta kommune, då dei søker erfaringar korleis dei kan byggje ut småjobbsentralen og ta i mot deltakarar på aktivitetsplikt på lik line med Styrk-arbeid.

Førebygging, rehabilitering og legeteneste

Folkehelse- og frisklivsordinator

Begge desse funksjonane har vore nede over lenger tid. Arbeidet for å vidareføre og evt kombinere desse funksjonane blei påbegynt i 2017. Sakshandsamar var kommuneoverlege Arne Gotteberg. Den administrative tilrådinga blei godkjent av kommunestyret. Kompetansekravet knytt til stillinga blei fysioterapeut då dette er økonomisk gunstig. Dette vil bli revurdert ved evt. seinare utlysningar. Det er no tilsett ny folkehelse- og frisklivsordinator som startar i stillinga 01.05.18.

Fysio/ergoterapitenesta

Det er totalt 4.8 årsverk i den kommunale fysio-/ergotenesta. Disse er delt opp i ulike presentar som gjenspeglar satsingsfeltet i tenesta. Ressursane vert fordelt slik: 40 % kvardagsrehabilitering, 40 % fysio, 20 % til fagansvar fysio/ergo, 50 % på kortidsavdelinga Klokkekarstova, 110 % ordinær fysioterapiressurs og 20 % skulehelseteneste.

Ergoterapi har to heile årsverk fordelt slik: 40 % kvardagsrehabilitering, 140 % ordinær ergoterapiressurs og 20 % demensteam.

Satsingsområda i 2017 har vore skulehelseteneste, palliasjon og kognisjon.

Avtalefysioterapeutane: det er pr i dag 6 avtalefysioterapeutar, ein gjeldande nedtrappingsavtale går ut mai- 18. Medio 2018 er alle fem driftsheimlane på 100%. I ein ledig heimel vart ein spesialist i psykomotorisk fysioterapi tilsett sist haust.

Frå 01.01.17 vart det nasjonalt vedteke å fjerne diagnoselista og det blei innført automatisering av eigenandelstak 2. Fysioterapitenesta har eit eigna journalsystem til dette arbeidet, men får ikkje høve til å kople det på Helsenett og derav blir rapportering av eigeandelar tidkrevjande, der ein må rapportere til Helfo via excellark. Fysioterapitenesta er heilt avhengig av å kunne ha eit funksjonelt fagsystem for å kunne handtere krav til utføring av tenesta. Pr. i dag operer tenesta to program der ingen fullt funksjonelle program til å utføre ei god og effektiv teneste.

Førebyggjande helsearbeid i fysio/ergotenesta:

Skulehelsetenesta Dette er eit ledd i ei målretta satsing på førebyggjande helsearbeid og tverrfagleg styrking av skulehelsetenesta. Skulehelsetenesta har utarbeida årshjul med oversikt over opplegget skulehelsetenesta tilbyr. Det vart på hausten 2016 søkt på restmidlar frå Kompetanseløftet 2020 og det blei innvilga 70 000,- som har kome godt med i utvikling, kompetanseheving og promotering av tenesta.

Førebyggjande heimebesøk til eldre er eit tilbod til alle 80 åringar som ikkje har omfattande helse- og omsorgstenester. Det blei sendt ut 47 invitasjonsbrev der 34 heimebesøk blei gjennomført. Positiv svarprosent på 74%. Dei som takka nei til besøk, takka ja til skriftleg informasjonsmateriell tilsendt i posten,.

Eldretrimmen er eit veletablert treningstilbod for eldre der fysioterapitenesta stiller med instruktør 1x i veka.

Det er også fallførebyggjande grupper på Omsorgssenteret, ei i regi av fysioterapeut og ei i regi av Dagsenteret for eldre i samarbeid med fysioterapitenesta.

Kompetansebygging

Velferdsteknologi er framtida og ergoterapeutane har ei sentral rolle her. Dei har delteke på fagdagar og nettverkssamlingar knytt til dette temaet. Ein ergoterapeut sit i eit tverrfagleg team som har starta på Velferdsteknologiens ABC i regi av KS.

Det er nyleg etablert eit fagnettverksgruppe på Sunnmøre oppimot palliasjon for fysio/ergotenesta. Ergoterapitenesta er med i styringsgruppa i fagnettverket.

Læringsnettverk knytt til pasientforløp i regi av KS og Folkehelseinstituttet- Det gode pasientforløpet er ein del av ei nasjonal satsing. Det er eit tverrfagleg samansett forbedringsteam i Volda der FRL har

to representantar inn i teamet: ein fysioterapeut og ein ergoterapeut. Første samling var 25.10.17 og strekk seg over 18 mnd. med fleire samlingar.

Investering 2017- Fysio/ergotenesta fekk innvilga 400 000,- til ei etterlengta oppgradering av utstyrsparken. Dette har bl.a ført til at vi har fått ein god, funksjonell treningssal for alle aldersgrupper og funksjonsnivå. Vidare har det blitt kjøpt inn testmateriell til bl.a kognitiv testing.

Kurs og kompetanseheving tenesta har gjenspegla satsingsområda for 2017. Fagdagar og kompetanse er satt i system med årshjul og prioriterte satsingsområder.

Kvardagsrehabilitering

I perioden 01.01.17 – 31.12.17 var det totalt 24 søkjarar. 5 av desse vart kartlagt, men trekte sjølve søknaden av ulike grunnar. Av dei 19 personane som gjennomførte kvardagsrehabilitering, var 13 kvinner og 6 menn. 7 av desse var innlagt sjukehus i rehabiliteringsperioden. Gjennomsnittleg alder var 82 år. 9 brukarar var 80 år eller yngre. 12 brukarar budde i sentrumsområde, medan 7 budde i distrikt.

Kommunal legeteneste

I februar- 17 starta nyttilsett sjukeheimsoverlege i 80% stilling. I tillegg er det ein 10% tilplikta fastlegeressurs inn mot korttidsavdelinga. Arbeidsmengda på sjukeheimsoverlegen har auka etter samhandlingsreforma. Bebuarane på sjukeheimen har no eit meir komplekst sjukdomsbilete med tilhøyrande utfordringar knytt til medisinsk behandling og pleie, og korttidsavdelinga opplever eit stort trykk og har i tillegg ØH plassar både innan somatikk og rus/psykiatri. Avdelinga skal også serve palliasjonspasientar. Sjukeheimsoverlegen ynskjer auka legeressurs for å dekke behova på sjukeheimen, og systemarbeidet lir fordi det kliniske arbeidet sluker stillinga.

Turnuslege som før- turnuslegen som har vore i haust har også hatt helsetasjonen.

Privatpraktiserande legeteneste

Det har over ei 3 årsperiode blitt spelt inn til administrasjonen i budsjettsamheng at det er for få legeheimlar i kommunen i forhold til behovet. Det er over 9000 innbyggjarar og om lag 4000 studentar. Kommunene har ansvar for at legetenesta har nok kapasitet etter gjeldande lovverk. Dette er eit arbeid som blir prioritert og løfta opp som politisk sak i 2018.

Utfordringar samla i eininga:

- fagsystem fysio/ergo- lite funksjonelt for drifta og går utover effektiviteten i tenesta. Skaper frustrasjon over tid.
- effektiv bruk at kvardagsrehabiliteringsressursane- må bl.a bli betre på rekruttering av brukarar
- legeressurs: fastlegeheimel og sjukeheimsoverlege
- aukande sjukefråvær

Økonomi

Sektor og eining	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	Rekneskap 2016
Utgifter	28 159 791	24 859 142	- 3 300 649	32 721 439
Inntekter	- 35 623 119	- 26 887 390	8 735 729	- 28 882 478
Administrasjon Helse og omsorg	- 7 463 328	- 2 028 248	5 435 080	3 838 961
Utgifter	34 913 096	34 287 323	- 625 773	29 539 634
Inntekter	- 2 657 857	- 2 568 938	88 919	- 1 643 129
Sjukeheim 2. etasje	32 255 239	31 718 385	- 536 853	27 896 505
Utgifter	31 143 425	30 325 890	- 817 535	27 316 349
Inntekter	- 2 515 333	- 2 336 070	179 263	- 2 248 369
Sjukeheim 3. etasje	28 628 092	27 989 820	- 638 272	25 067 980
Utgifter	22 172 819	21 013 572	- 1 159 247	19 313 076
Inntekter	- 2 543 860	- 1 552 957	990 903	- 1 465 503
Heimetenester	19 628 958	19 460 615	- 168 344	17 847 573
Utgifter	37 718 239	36 696 199	- 1 022 040	35 512 800
Inntekter	- 3 826 387	- 3 567 022	259 365	- 2 386 130
Heimetenester omsorgsbustader	33 891 852	33 129 177	- 762 675	33 126 670
Utgifter	20 532 760	20 204 625	- 328 135	20 488 260
Inntekter	- 4 784 757	- 3 418 894	1 365 863	- 5 448 644
Rus og psykisk helseteneste	15 748 003	16 785 731	1 037 728	15 039 616
Utgifter	18 762 675	15 033 150	- 3 729 525	17 045 971
Inntekter	- 5 185 004	- 5 082 830	102 174	- 4 766 758
Tenesta for funksjonshemma	13 577 671	9 950 320	- 3 627 351	12 279 213
Utgifter	34 910 190	34 230 292	- 679 898	32 213 374
Inntekter	- 1 864 890	- 2 533 823	668 933	- 1 766 335
Butenesta for funksjonshemma	33 045 300	31 696 469	- 1 348 831	30 447 039
Utgifter	30 279 465	28 172 468	- 2 106 997	27 534 475
Inntekter	- 13 408 235	- 12 261 171	1 147 064	- 12 163 517
Førebygging, rehabilitering og legeteneste	16 871 230	15 911 297	- 959 933	15 370 958
Utgifter	10 593 977	9 688 932	- 905 046	9 928 135
Inntekter	- 6 426 553	- 6 186 549	240 004	- 6 237 554
Service Helse og omsorg	4 167 425	3 502 383	- 665 042	3 690 581
Helse og omsorg	190 350 442	188 115 949	- 2 234 493	184 605 095

Helse- og omsorgssektoren har etter revidert budsjettamme kr. 188 115 949,- for 2017.













Nettoforbruket etter siste korrigeret utrekning på ressurskrevjande brukarar kr. 190 350 442,-, som gir eit meirforbruk på 2 234 493,-, eit avvik på vel 1,1 %.



Sektoren har hatt eit sterkt fokus på forvaltning gjennom 2017, men nokre av einingane har hatt faglege utfordringar som har medført vesentleg innleige utover tildelt lønsramme. Innanfor såkalla ressurskrevjande tenester, er det både fleire personar og utvida tenester til fleire som har gitt utfordringar. Gjennom gode prosessar har desse kostnadane blitt godt dokumentert og knytt til enkeltvedtak, slik at toppfinansieringa frå staten har auka mykje.

Høgt sjukefråvær påverkar bruk av variable lønskostnader, då ein ofte må gjere forskyvingar og innleige som er kostnadsdrivande. Til grunn for å måtte gjere dette, ligg eit krav om naudsynt sjukepleiefagleg kompetanse ein må ha.

Resultatmål

Inkludert definerte mål, både frå plo, helseavdeling og Hamna dagsenter

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Medarbeidarsamtale med alle fast tilsette		Helse- og omsorg har innarbeidd gode rutinar no for medarbeidarsamtalar. Gjennom året skal alle tilsette ha gjennomført dette.
Initiere innovative/nytenkjande tiltak: Å prøve ut og ta i bruk velferdsteknologi		Screening av vannlatingsrytme på nokre pasientar, ”Tena identifi”. Epialarm med varsling mot handholdt mobil, heimetenestene.
Handhaldne terminalar i heimetenesta kopla til fagsystemet Gerica gir oversikt over ATA (ansikt til ansikt tid) for å planleggje betre ressursbruken.		Ordning innført tidlegare, men utvida til fleire tenestekområder.
Nærvær på 91 %		Juni og juli har nærværsprosenten vore 88,74 %.
Månadleg økonomirapportering med fokus på å halde økonomisk ramme på alle nivå i sektoren.		Rutine vedr. månedleg rapportering gjennomført. System yterlegare forbeta i 2018. Månadleg gjennomgang på leiarmøte.
Kvardagsrehabilitering er implementert frå prosjekt til ordinær teneste		Måltal –Effekt av kvardagsrehabilitering skal målast kvarttalsvis ved standardisert og anonymisert evalueringsverktøy og rapporterast til kommunestyret.
Tildelingskontoret er forvaltareining i sektor helse og omsorg, rett teneste på rett nivå.		Rett teneste på rett nivå. Nytt er kravet om venteliste, som vert litt målestokk for status. Standardardar vert forankra i kommunestyre.
Aktiv omsorg og frivillig koordinering i eldreomsorga. Deltaking i kulturelle aktivitetar. Frå prosjekt til implementering av Frivilligkoordinatorar i eldreomsorga ved sjukeheim og døgnbemanna bustad	  	Tal frivillege som engasjerer seg i høve brukarane. Tal kulturelle arrangement og tal deltakarar på arrangementa, både avdelingsvis og større arrangement t.d. kulturelle spaserstokk. Kartlegging tre gongar i 2017, januar, august og november.
Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus vert overtekne innan fristen, og kommunen skal ikkje betale for liggjedøgn på sjukehus		Januar og februar opplevde både sjukehus og kommunesektor ein uvanleg pågang eldre med influensasjukdom/ tilleggstilstandar. Periodevis gjennom året har vi hatt betalingsdøgn, samla 69 døgn.
Forpliktande oppfølging av tiltaksplanane for å utvikle leiingsdyktigheit og styrka arbeidsmiljø i heile sektoren, jfr oppfølging etter arbeidsmiljøundersøkinga		Milepelsoppfølging med involvering av tillitsvalte og verneombod.

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Etablere arena og program for kompetanseutvikling og for å drive utviklingsarbeid.		Kompetansaplanar på einingsnivå og sektornivå er utarbeidde. Fagdagar er planlagt og oppstarta i alle einingar og skal mellom anna bygge på behova som kjem fram i kompetanseplanane.
Gjennomføre utviklingsprosess for å peike ut tydeleg retning, konkretisering av mål og satsingsområde for å løyse utfordringane i sektoren, slik at ein får kontroll med utgiftsveksten.		Sak og prosess er i gang saman med THO(tenesteutval for helse- og omsorg). Har hatt dette oppe som sak både i leiarmøte og strategigruppa i sektoren.

2.6 SERVICE OG KULTUR

Service og kultur, sektorleiar Inger-Johanne Johnsen

Eining

Kultur

Servicekontor

Årsverk og stillingar

Sektor	Ansatte %	Antall	Kvinner	Menn	Antall <50 %	Herav Kvinner	Menn
Service og kultur	11,70	16	16	0	6	6	

Omtale av 2017

Volda folkebibliotek hadde 39.500 besøkande i 2017. Skulelevar og flykningar er blant dei gruppene som besøker biblioteket flittigast. Biblioteket og Volda filmteater samarbeidde om to arrangement som blei kalla «etter filmen»; Volda filmteater viste film først og deretter var det debatt på biblioteket. Ungdomsklubben har lånt biblioteklokalet til arrangement fleire gongar.

I samarbeid med fylkesbiblioteket og AOF arrangerte biblioteket seks nybegynnarkurs i bruk av pc og nettbrett. Til saman deltok 38 stk.

Biblioteket arrangerte også tre animasjonsfilmkurs for born, i samarbeid med animatøren Ivan Dujmusic, til saman 15 born deltok på desse.

«Lån ein volding» blei arrangert 32 laurdagar i 2017, og biblioteket hadde 12 besøk/orienteringar frå skuleklassar og 12 andre arrangement – dei fleste i samarbeid med organisasjonar i lokalsamfunnet.

Frivilligsentralen har som ein av sine primære oppgåver å bidra til *møteplassar*: Mat og prat, seniornett, flyktningsguiden, sommarprogram for barnefamiljar med totalt 18 aktivitetsdagar gjennom heile skuleferien og TV-aksjonen er nokre døme på dette. Frivilligsentralen har også ansvar for kulturformidling for eldre i institusjon gjennom den kulturelle spaserstokken, og samarbeider med frivilligkoordinatorane i eldreomsorga for å få til kulturaktivitet på omsorgsenteret.

Vidare er det ei viktig oppgåve for frivilligsentralen å bistå frivillig sektor med registrering og søking av midlar.

Volda filmteater har hatt ein forholdsvis stor nedgang i antal besøkande; 8.904 solgte billetter i 2017, mot 14.809 (2016) og 15.379 (2015). Ei viktig årsak til dette er at kinoen var stengt i over 5 månader pga oppussing på samfunnshuset.

Ungdomsklubben hadde fram til i mai 2017 tilhald i Salongen (2. etg) på samfunnshuset. Dette er eit lite lokale – berre eit rom – og gir lite moglegheit til mangfold i tilbodet. Oppslutninga om klubben var dalande, og frå mai 2017 blei klubben stengt på grunn av renonvering av samfunnshuset. Ungdomens kulturmonstring blei arrangert i samarbeid med Ørsta kommune. Ungdomsklubben samarbeidde blant anna med kulturskulen om å arrangere BandCamp, og fleire av musikerene som deltok på BandCamp, deltok også i Ungdomens kulturmonstring.

Arbeidet med kulturminneplanen til Volda kommune blei slutført i 2017, og planen blei vedtatt av kommunestyret i februar 2018.

Hovudområda for servicekontoret er informasjon mot publikum, sentralbord, sekretariat for dei politiske utvala og arkiv. I tillegg har servicekontoret mellom anna systemansvar for fleire datasystem, redaktøransvar for kommunen si heimeside og for kommunen sine kontoar på Facebook, Twitter og Instagram, arkivansvar, postføring, ansvar for hustrykkeri, ansvar for praktisk oppfølging av den overordna informasjonssikkerheita, gjennomføring av val, sal av eigedomsopplysningar og tenester etter alkohol- og serveringslova.

Hausten 2016 tok Volda kommune i bruk digital kommunikasjon til innbyggjarar og bedrifter. Dette har fått god oppslutning blant innbyggjarane i Volda kommune, og kommunen ligg no på 2. plass i fylket når det gjeld prosentvis oppslutnad blant innbyggjarane.

Omsyn til miljøet, lågare portoutgifter og sikker oppbevaring er både kvar for seg og til saman gode grunnar for at innbyggjarane tar i bruk digital postkasse. For Volda kommune har bruken av digital kommunikasjon betydd effektivisering og omkring 110.000 kr mindre i portoutgifter.

Det vart totalt halde 71 møte og handsama 575 saker i dei ulike utvala.

	2014	2015	2016	2017
Formannskapet	220	200	254	225
Driftsstyret	46	40	67	23
Tenesteutval for oppvekst og kultur				20
Tenesteutval for helse og omsorg				14
Forvaltningsstyret	64	89	90	89
Valnemnd	9	11	18	12
Valstyret	4	6	8	14
Kommunestyret	169	156	181	150
sSakkyndig nemnd for eigedoms- skatt (inkl. klagenemnd)	185	180	16	28
Totalt	697	682	634	575

Driftsstyret blei frå 2. halvår erstatta av to utval: Tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK) og Tenesteutval for helse og omsorg (THO).

Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne, eldreråd og ungdomsrådet skriv eigne årsmeldingar, og er derfor ikkje med i denne oversikta. Totalt har servicekontoret ansvar for 13 utval.

Samanslåing av Hornindal og Volda kommunar frå 1.1. 2020 vil ha store konsekvensar for kommunen sin dokumentasjon, og det er viktig å sette i gang tiltak tidleg i gjennomføringsfasa for å unngå informasjonstap og legge til rette for effektiv forvaltning i den nye kommunen. Arbeidet med å avslutte og etablere nye arkiv er ressurs- og arbeidskrevjande og servicekontoret starta derfor hausten 2017 med å avlevere eldre arkivmateriale til depot hos Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal. Dette arbeidet vil halde fram i 2018, særleg med tanke på å sikre arkiv med rettigheitsdokumentasjon og å få redusert ordningsetterslepet til Volda kommune.

Økonomi

Sektor og eining	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	Rekneskap 2016
Utgifter	9 004 700	8 340 581	- 664 119	10 828 098
Inntekter	- 3 498 008	- 1 675 328	1 822 680	- 6 172 378
Kultur	5 506 692	6 665 253	1 158 561	4 655 720
Utgifter	5 600 830	6 012 546	411 716	6 080 192
Inntekter	- 675 615	- 339 462	336 153	- 1 153 973
Servicekontor	4 925 215	5 673 084	747 869	4 926 219
Service og kultur	10 431 907	12 338 337	1 906 430	9 581 938

Service og kultur fekk tildelt ei ramme på kr.12.338.337,- for 2017. Rekneskapen viser eit mindreforbruk på kr. 1.906.430. Det er fleire årsaker til mindreforbruket:

- Reduserte portoutgifter på grunn av digitalisering/effektivisering gjennom bruk av SvarUt (Digital postkasse).
- Auka inntekter
- Redusert drift/stenging av ungdomsklubben

Generelt er det god økonomistyring og budsjettdisiplin som pregar sektoren.





Innkjøpspraksis





Innkjøpa som sektoren gjer, er i tråd med innkjøpsavtalane Volda kommune og innkjøps samarbeidet har gjort.

Etikk

Dei etiske retningslinjene for Volda kommune er kjende for dei tilsette i sektoren og vert følgde.

Rapportering på mål

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Aktiv informasjon om kommunen sine tenester, tilrettelegging av tenester på skjema og profilering av Volda		Gjennomsnittleg antal nyhendeoppslag pr veke på Facebook, Twitter og heimesida.
Elektroniske skjema på heimesida skal gi forenkla tenester for brukarane og frigjorde ressursar i administrasjonen.		Antal tenester det vert utvikla skjema for. Anslag på effekt for brukar og frigjort tid
Ingen negativ omtale av avdelinga i media		
Avklare lokale for ungdomsklubben og ta ein gjennomgang av behovet for bemanning samanlikna med opplegg i samanliknbare klubbar i andre kommunar.		Ungdomsklubben har ikkje vore i drift sidan mai 2017

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Ungdomsklubben skal opparbeide eit fungerande crew i rett aldersgruppe		
Arrangere fire debattmøter i biblioteket		Biblioteklova seier mellom anna at <i>"Folkebibliotek skal være en møteplass og arena for offentlig samtale og debatt"</i> .
Volda filmteater skal ha eit besøkstal på minimum 14000.		Kinoen hadde 8904 besøkande og nådde dermed ikkje målet. Dette har samanheng med at kinoen var stengt i omkring 5 månader.
Frivilligsentralen skal arrangere minimum eit opplæringstiltak/kurs for frivillig sektor		
Alle institusjonane i kommunen få tilbod om eit variert kulturtilbod frå den kulturelle spaserstokken.		

2.7 TEKNISK

Teknisk og Sjølvkost, sektorleiar Rune Totland		
Eining	Leiar	Ansvarseining
Sentralt teknisk	Rune Totland	Leiar kommunalteknisk avdeling
		Maskindrift teknisk sektor
		Teknisk sektor, ingeniørløn til fordeling
		Personal- og lagerbygg (Myrtun)
Veg og park	Edvin Løforll	Kommunale vegar
		Kommunale veglys
		Gartnarområdet
		Kyrkjegardar
Brann	Roy Inge Heltne	Brannsjef
		Seksjon brannvern
		Feiing (sjølvkost)
Eigedom	Kjell Magne Rindal	Leiar eigedomsavdelinga
		Eigedomseininga, ingeniørløn til fordeling
		Eigedom utleigebygg med frivillig momsreg.
		Eigedoms-eining, skule og barnehage
		Eigedoms-eininga, pleie og omsorg
		Eigedoms-eininga, administrasjon, kultur og idrett
		Eigedoms-eininga, utleigebustader
Vatn og Avløp	Lars Fjærvold	Vassforsyning
		Avløpsområdet

Årsverk og stillingar

Eining	Ansatte %	Antall	Kvinner	Menn	Antall <50 %	Herav Kvinner	Menn
Sentralt teknisk	21,00	24	3	21	4	3	1
Brann	4,72	33	1	32	29	1	28
Eigedom	33,22	50	25	25	21	6	15
Teknisk og Sjølvkost	58,94	107,00	29,00	78,00	54,00	10,00	44,00

Økonomi

Sektor og eining	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	Rekneskap 2016
Utgifter	12 099 896	13 095 895	995 998	12 676 390
Inntekter	- 11 285 170	- 13 849 998	- 2 564 828	- 11 541 666
Sentralt teknisk	814 726	754 104	1 568 830	1 134 724
Utgifter	8 490 008	8 835 277	345 269	8 741 742
Inntekter	- 193 529	- 364 119	- 170 590	- 580 058
Brann	8 296 479	8 471 158	174 679	8 161 684
Utgifter	43 322 420	42 774 824	- 547 596	39 333 547
Inntekter	- 26 634 402	- 26 820 957	- 186 555	- 25 103 930
Eigedom	16 688 018	15 953 867	734 151	14 229 617
Utgifter	14 504 247	14 946 600	442 353	15 523 123
Inntekter	- 1 748 384	- 1 999 865	- 251 481	- 3 217 372
Veg og park	12 755 862	12 946 735	190 873	12 305 751
Teknisk	38 555 085	36 617 656	1 937 429	35 831 776
Utgifter	16 699 951	13 048 423	- 3 651 529	14 861 048
Inntekter	- 16 699 951	- 12 488 718	4 211 233	- 14 861 048
Vatn sjølvkost	-	559 705	559 705	-
Utgifter	9 062 009	9 972 993	910 983	7 112 435
Inntekter	- 9 062 009	- 9 419 329	- 357 320	- 7 112 435
Avlaup sjølvkost	-	553 664	553 664	-
Utgifter	1 448 544	1 595 360	146 816	1 519 038
Inntekter	- 1 448 544	- 1 518 892	- 70 348	- 1 519 038
Feiing sjølvkost	-	76 468	76 468	-
Sjølvkosttenester	-	1 189 836	1 189 836	-

I budsjettarbeidet for 2018 vart det avdekt to feil i budsjettet til teknisk sektor. Eine feilen var at fordelingskontoen til ansvar 7000 ikkje var i balanse. Forventa inntekt på fordelte lønskostnader var 1,8 millionar for høg. I tillegg låg der budsjettet med ei inntekt på 0,5 mill, på ansvar 7011, eit ansvar som også skal gå i balanse ved å fordele kostnader. Denne feilen vart oppdaga i slutten av september, og det vart sett i verk tiltak for å minske overskridinga ved årslutt. Der vart mellom anna sett i verk innkjøpsstopp for innkjøp som ikkje var tvingande nødvendig for å oppretthalde drifta. Desse tiltaka vart sett i verk i heile sektoren. Under eining sentralt teknisk lukkast vi å redusere underskotet frå forventa 1,8 mill til 1,5 mill. Sektoren kom ut med eit overforbruk på 1,9 mill, altså 0,4 mill lågare enn forventa. Veg og park greidde ved innsparing på slutten av året å redusere forbruket sitt, slik at

avdelinga kom ut med eit mindreforbruk på 0,2 mill. Dette mindreforbruket hadde nok vore høgare dersom ikkje vinteren med mykje snø, kom så tidleg som i november. Brann hadde eit mindreforbruk på 0,17 mill.

Eigedom hadde eit meirforbruk på 0,7 mill. Omlegginga som er gjort i budsjett for 2018 vil gjere det lettare å forut sjå korleis ein ligg an i løpet av året for heile sektoren, slik at ein kan styre mot balanse for 2018.

Veg og park

Veg og park har gjennomført svært mange driftsoppgåver. Fleire av sentrumsvegane har blitt re asfaltert. Vi har halde planen for utskifting av veglys (til LED lys) og vi har hatt eit godt samarbeid med kyrkjekontoret vedkomande drift av gravstadane. Medarbeidarsamtalar og vernerunder er gjennomført. Vi har svart på spørsmål frå publikum og kome ajour med svarfristen på 4 veker. Vidare har vi lagt fram forslag til asfaltering av kommunale vegar som i dag er grusvegar og fått midlar til slik gjennomføring for dei fleste av desse vegane. I fjor sommar hadde vi eit stramt program for park og uteområda som vi har ansvaret for. Dette gjennomførte medarbeidarane i lag med sommarvikarar på ein framifrå måte, noko svært lite klager frå ålmenta tyder på. Vi fekk gjennomført fleire tiltak knytt til skiltplanar og handsama mange saker knytt til graveløyver og arrangement av ulike slag. Vi har arbeida målretta med å ha ei god servisehaldning. Dette har medarbeidarane erfaring med, men det er viktig å utvikle dette vidare.

HMS og trafikktryggleik

Det har vore satsa målretta på vernerundar i 2017. Deler av avvika er retta og fleire vert retta etter naudsynthe løyvingar vert gjeve for 2018.

Vi har skifta ut ein del manuelle bommar (fysisk sjølvluukkande) slik at dei ikkje vert ståande opne i brøytesesongen. Nesten 1200 veglys er skifta i samsvar med LED-utskiftings programmet. Vi har hatt fleire saker i forvaltningsutvalet vedkomande skiltplanar med tanke på tryggleik.

Satsingar 2018

Asfaltering av om lag 15km grusveg. Bygging av ekom-anlegg til Folkestad. Oppstart av ekom anlegg Volda – Grodås. Oppgradering av turvegen mellom Volda stadion og E39. Målretta arbeid med servise haldninga vår til publikum/bebuarar og andre einingar i kommunen. Innføring av FDV system (elektronisk system for drift og vedlikehald av veg og park).

Brann og redning 2017

Beredskapsavdelinga

Beredskapsavdelinga hadde totalt 91 utrykkingar i 2017. Branndepota på bygdene deltok i 6 av aksjonane. Depotet på Dravlaus fekk ny brannbil på tampen av året. Ein ny VW transporter med topp moderne slokkesystem erstattar ein gamal pick-up frå 1985.

Det har vore tre brannar i bygningar men ingen som har ført til store skadar. Den mest dramatiske var i Omsorgssenteret der ein liten brann førte til røykspreiing slik at nokre bebuarar måtte evakuerast.

Avdelinga prioriterte gjennomføring av ROS analyser for brann i kommunen og ROS analyse for helsefare for tilsette i avdelinga. Dette var ein stor jobb som kravde mykje tid og ressursar. Med dette

fekk ein også lukka alle avvika som var etter tilsyn frå Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap.

Øvingar har vore gjennomført etter oppsett plan både i sentrum og på bygdene. Røykdykkarane har gjennomført lovpålagd fysisk test og helsekontroll og halvparten av varm røykdykkar øving i Ålesund. Bedriftshelsetenesta gjennomførte kurs om helsefagar og fare for eksponering av giftige stoff basert på vår ROS-analyse.

Kurs og opplæring: Førstehjelpskurs for Dravlaus og Steinsvik depot. 5 mann PLIVO kurs i lag med helse, politi og Avinor. 4 Tverfagleg akuttmedisinsk kurs, 2 instruktørkurs overflateredning, 2 utrykningsførarsertifikat, 1 grunnkurs, 1 befalskurs trinn 3.

Førebyggande avdeling

Vi fekk tilsett ny branningeniør hausten 2017. Han har ansvar for tilsyn med særskilde brannobjekt og bustadtilsyn/feiing. Godt førebyggande brannvernarbeid er svært viktig og vi må ha høg fokus på dette framover, særskilt i dei utsette gruppene i samfunnet.

Feiinga vart i 2017 utført av kommunal tilsett feiar. Vi ser tydeleg at det å ha kommunal feiar er ei styrke og at vi med det kan gje innbyggerane ei god teneste. Vi har, i tråd med den nye førebyggande forskrifta, jobba med ei omlegging i rutinar for feiing. Tidlegare har feiing vore utført med faste intervall. No skal ein gå over til behovsbasert feiing der intervalla vert fastsatt ut frå behov, fyringsmønster, risiko og fleire andre faktorar. Ein ser at dei aller færrest treng feiing anna kvart år. Intervall på mellom 4 og 6 år vil oftast vere rikelig nok, og dermed frigjere resursar til innsats der behovet er størst.

Utfordringar 2017

Vi ser at brannvernet oftare og oftare vert kalla ut til helseoppdrag og andre oppdrag som tradisjonelt ikkje har ligge til brannvernet sitt arbeidsområde. Dette er ting brannmanskapa ikkje har opplæring i og som det heller ikkje er system eller resursar for å ivareta. Det er uheldig, særskilt på bygdene, at mannskapet vert kalla ut til hendingar som dei ikkje har kompetanse til, og som heller ikkje tradisjonelt sett ligg naturleg innfor brannvernet sitt ansvarsområde.

Den nye førebyggande forskrifta har ført til ein del ekstraarbeid i 2017. Intervalla for tilsyn i særskilte brannobjekt og bustadar, og feiing, skal no ikkje vere etter faste intervall men basert på risiko, behov, fyringsmønster og ei rekke andre kriterier. Meininga er at resursane skal nyttast der risikoen er størst. Dette er også etter vår erfaring rett, men er ein stor jobb som vi må ta over tid for å få innarbeidd nye og funksjonelle rutinar. Etter kvart må kommunen også ta til med både feiing og tilsyn med fritidsbustadar. Skal vi ha sjanse til å nå over alt så vil det vere heilt naudsynt å tilsette ein feiar til. Det må også nemnast at kommunen tidlegare har hatt to feiarar og at dette også er med i gjeldande brannordning. Det vil vere naturleg å sjå dette i samheng med kommunesamanslåinga.

Vatn og avløp

Vatn

Volda kommune har ståande pålegg frå Mattilsynet om å få plangodkjent og godkjent alle dei 10

vassverka kommunen har. Dette vart ikkje gjennomført i 2017 og vert forskyvd vidare inn i 2018 og truleg lenger grunna ressursmangel. Kvaliteten på vatn var gjennom heile 2017 god på alle vassverka.

Fyrde vassverk fikk ei betydeleg oppgradering, men er framleis ikkje godkjent i samsvar med dei nye krava i forskrifta. Kommunen har også motteke søknad og gjennomført befaring på Høydal vassverk som ynskjer kommunal overtaking, men administrasjonen har ikkje hatt kapasitet til å følgje opp saka.

Hjartåbygda vassverk sto også klart i 2017 med ny pumpestasjon på Åsen. Anlegget har nokre driftsutfordringar, men det kan virke som om dei største innkøyringsproblema no er over. Anlegget blei heller ikkje bygd for å stette dei nye krava i drikkevassforskrifta og risikerer ei større ombygging innan kort tid.

Porsemyrvegen var det største VA prosjektet i 2017 som vil halde fram gjennom heile sommaren i 2018. Her skal vatn og avløp i heile Porsemyrvegen skiftast ut og heile gata skal reetablerast med fortau og gatelys. Det er også inkludert utskifting av VA leidningar frå Porsemyrvegen til Storgata, samt ned til Anders Vassbotnvegen gjennom Kylnevegen.

Av utfordringar ser administrasjonen at få ressursar skal gjennomføre store, mange og omfattande prosjekt samstundes som dei daglege driftsutfordringane og oppgåvene blir større og fleir. Ressursane på VA står ikkje i stil med dei oppgåvene eininga har.

Avløp

2017 vart eit utfordrande år for avløpssektoren i kommunen. Hovudreinseanlegget på Vikeneset hadde fleire større havari og reinseanlegget på Søre Bjørkedalen er overmodent for utskifting.

Det blei kjøpt inn eigen avløpsbil for å skilje mellom arbeid på vatn og avløp og kva utstyr og ressursar som blir brukt på dei ulike oppgåvene. Dette har fungert bra og ein ser nytten av denne investeringa i det daglege arbeidet. At arbeidsbasen framleis ikkje har rein skitten sone er ei stor bekymring for administrasjonen.

Satsinga for 2018 er å komme lang ti arbeidet med nytt reinseanlegg for Volda sentrum, samt å få investert i nytt avløpsanlegg på Søre Bjørkedalen og ferdigstille oppryddingsarbeidet på Folkestad.

Eigedom

Eigedom arbeidar i breitt område med ansvar for investering, FDV og reinhald. Alle fagområda må handle godt saman frå planlegging og bygging, til driftsfasen i kommunale bygg.

Gjennom 2017 har det vore arbeidd med mange store investeringsprosjekt. Øyra skule vart tatt over av Volda kommune og har vore ein stor og omfattande byggeprosess. ROP – bustadar på Rotset har vore bygd, eit innovativt prosjekt for spesialtilpassing av brukargruppe. EPC – prosjektet har vore i full gjennomføringsfase og har hatt ei rekke utfordringar knytta til totalentreprenør, dette har ført til mindre forseinking. Volda ungdomsskule har vore gjennom ei tilstandsanalyse som skal over i mogleighetsstudie. I tillegg gjennomføring av mindre investeringsprosjekt, der i blant ferdigstilling av FDV base i Prestegata 33 og kapasitetsutviding Mok skule.

FDV og reinhald har vore tett på i gjennomføringsfasen både i EPC og ferdigstilling av Øyra skule. I tillegg til dette er det gjennomført 3978 aktivitetar gjennom FDV på dei kommunale bygga. Dette er store og små oppgåver knytt til ansvarsområdet. Dette tilsvara ca.18 ulike tiltak pr. arbeidsdag i 2017.

Det er blitt tilsett teknisk ansvarlig i eigedom som inngår i teknisk team, dette for å sikre at dei stadig meir omfattande tekniske anlegga i kommunen blir drifta på ein god måte, der ein reduserer risiko i størst mogleg grad.

Gjennom samarbeid med eigedomsforvaltninga i sjustjerna og tildelingskontora i dei kommunane har vi i samarbeid med høgskulen i Volda fått utvikla «nonverbal» materiell for korleis bu i norsk bustad.

HMS: Avdelinga har strukturert årshjul med medarbeidersamtalar, ROS analyse i avdelinga og vernerunde med meir. I 2017 gjennomførte vi asbestopplæring av alle tilsette, utarbeiding av prosedyre for risikovurdering av arbeidstakars eksponering for asbest fiber, prosedyre for handtering av asbestholdig materiell og grovkartlegging av asbest i alle kommunale bygg.

Folkehelse: Eigedom har gjennom sine prosjekt fokus på tilrettelegging for gode og funksjonelle bygg for sine innbyggjarar. Kommunale bustadar som er blitt ledige har i stor grad blitt renovert til god standard. Det er gjort ei rekke inneklimateiltak i kommunale bygg som skular og barnehagar.

Klimaplan/miljø: EPC prosjektet sin gjennomføring vil gi innsparing i forbruket av straum i kommunen, i tillegg har kommunen etablert 6 nedgravne avfallsløysingar knytt til dei kommunale bustadane, i tillegg nedgravd løysing i tilknytning til Øyra skule.

Innkjøpspraksis: Eigedom har fokus på gjennomføring av innkjøp i tråd med god innkjøpspraksis gjennom handtering av lovverket for offentlig anskaffing. Fagområdet er komplisert og med dei store tunge prosessane som kommunen har er det naudsynt med ekstern kompetans, dette har eigedom sikra seg gjennom eksterne rammeavtalar.

Utfordringar eigedom

Eigedom har stadig ansvar for meir kommunal bygningsmasse utan tilførsel av arbeidskraft, nye bygg er meir krevjande FDV med stadig større og meir tekniske anlegg, samt større areal å reingjere. For å sikre godt vedlikehald på eksisterande og nye bygg bør ein tilføre meir arbeidskraft i avdelinga. Vi ser også auka trend til at ein ikkje får inn tilbod ved utlysing av mindre byggeprosjekt, dette trass i god tilkjenne gjering til moglege interessentar. I dag har avdelinga 2 tømrrarar som arbeidar med investering, ein bør vurdere fleire inn som kan variere arbeidet mellom investering og vedlikehaldstiltak der lønn blir betalt i tiltaka.

Vi ser at bruken av kommunale bustadar er krevjande med hard bruk av bustadane, eigedom er einaste kommunal teneste som kan krevje tilgang til bustaden for kontroll. I bustadsosial handlingsplan er det foreslått å tilsette ein person i eigedom som skal drive med oppsøkande HMT arbeid ut i den enkelte bu eining. Gjennom systematiske besøk og opplæring/oppfølging av bebuar meina vi å kunne få ned vedlikehaldskostnaden til kommunen, samstundes som ein gjer den enkelte person i stand til å kunne leige ekstern bustad, eller ta vare på eigen bustad i framtida.

Folkehelse

Gjennom førebyggjande tiltak, som tilsyn med piper, eldstadar og særskilte brannobjekt, samt informasjon og kurs/opplæring, legg vi til rette for at innbyggjarane i Volda skal få den informasjon som trengs for å bu trygt, og at dei skal kunne opphalde seg i offentlege bygg utan fare for liv og helse med tanke på brann. I samarbeid med dei andre naudetatane har vi ei redningsteneste som sikrar at innbyggjarane får naudsynt hjelp om dei vert råka av brann eller ulukke.

Vatn og avløp er i høgste grad folkehelse. God kvalitet på drikkevatt og god kvalitet på avløpsreinsing bidrar til ein sunn og frisk befolkning. Folkehelseinstituttet gjennomfører frå og med 2017 eit forskingsprosjekt kor ein prøver å sjå på samanheng mellom drikkevatt og sjukdom. Når svara frå

dette prosjektet kjem er framleis uklart, men vil kunne være med på å betre og endre måten vi tenker på drikkevatt på.

Gode og robuste barrierar og system for å sikre reint drikkevatt er høgt oppe på prioriteringslista til vatn og avløp.

God reinsing av avløpsvatn er svært viktig særleg der ein slipp avløpsvatn ut i ferskvatt og stadar kor folk badar og oppheld seg for å forhindre bakteriespreiing og sjukdom.

Klimaplan

Alle tiltak på vatn og avløp bør være robuste og framtidsretta, med lågt energiforbruk. Materiala ein nyttar bør også være klimavennlege og resirkulerbare.

Innkjøpspraksis

Vatt og avløp har varierende innkjøpspraksis ut i frå kva som skal kjøpast inn. Er innkjøpet komplekst eller kan by på problem har ein nytta seg av innkjøpsavtalen ein har med Odin prosjekt og nytta denne til å gjennomføre innkjøp. Ved enklare og meir definerte innkjøp har administrasjonen sjølv gjennomført konkurranse utan assistanse.








Administrasjonen skal forsøke å gjennomføre meir opne anbuds konkurransar med definert behov i staden for produkt og løysingar. Men det er ikkje alle innkjøp som er eigna til dette, og administrasjonen har liten erfaring med slike innkjøp.








Etikk






Ein forsøker å følgje dei etiske retningslinjer kommunen har til ein kvar tid.

Rapportering på mål

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Alle skriftlege førespurnadar skal gjennomgå ein mottakskontroll og få tilbakemelding innan 4 veker	 	Her har kommunalteknisk avdeling kome svært langt dette året, og er ajour ved utgangen av 2017. Grøn for brannavdelinga Grøn for eigedom Oransj for VA. Det er ikkje til å stikke unner ein stol at VA slit med å besvare og følgje opp alle innkomne sakar på ein tilstrekkeleg og tilfredstillande måte.
Tilpasse standard på tenestene og gjere tiltak for å halde budsjettamma		Her jobbar vi med å legge om rekneskapsystemet slik at det vert

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
		<p>mogleg for sektoren å ha oversikt gjennom året.</p> <p>OK for brann</p> <p>OK for eigedom – ynskjer betre system og omlegging som beskrive</p> <p>Grøn for VA. Ein held seg til driftsbudsjett, men ein kan trekke litt for å ikkje ha klart å investere for heile låneopptaket.</p>
Behalde og rekruttere personell	 	<p>OK for brann – OK – eigedom</p> <p>Gul for VA. Ein ser at lønningane for fagarbeidarar, samt høge krav til deltaking i vaktordningar kan virke mindre positivt for rekrutteringa til disse stillingane. Kommunen fekk ikkje tilsett personane ein ynskja grunna for låg lønn.</p>
Nærver på min 90 %		
Brannberedskapen skal opplevast som god		
Brannberedskap som tilfredsstillar dimensjoneringsforskrifta og vurdert risiko i heile kommunen		Har gjennomført ROS analyse. Analysen viser ingen behov for strakstiltak, men nokre utfordringar dei komande åra.
Lukke avvika brannvernet fekk i 2016 etter tilsyn frå Arbeidstilsynet og DSB.		Ikkje utført rein/skitten sone i stasjon og branngarderobe. Feiar har fått garderobe. Arbeidstilsynet har gjeve utsetjing til 31.12.2018
Risikobasert tilsyn i særskilte brannobjekt		Pga sjukefråvær er vi ikkje i rute med tilsyn. Dei viktigaste objekta er tekne så det reknast ikkje som kritisk.
Feiing etter behov og tilsyn kvart 4 år i alle bustadar.		Ajour med feiing. Bustadtilsyn startar opp att til vinteren. Må vurdere meir feieresursar for å tilfredsstille krav i den nye forebyggande foreskrifta.

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Brannmannskapa gjennomført opplæring, øving/kurs og tryggleiksutstyr slik at dei kan utføre redningsinnsats på ein trygg måte		Vi fekk tilført kr 150.000,- til opplæring, noko som har hjelpt godt på. Men stadig nye krav gjer at det er viktig å halde kontinuitet i opplæringa.
Førebyggjande brannvernsopplæring for alle 6. klassingar i kommunen		Alle skulane deltok. Til saman opplæring for 9 6.klasser. Prosjekt i samarbeid med eltilsynet.
Vedlikehald, rehabilitering og oppgradering for å gi brukarane brukarvenlege lokale så langt det er mogleg innanfor den kommunale bygningsmasse		Gjennomføre innovative prosjekt, planmessig gjennomføring av oppgradering, rehabilitering, vedlikehald, samt ny bygg.
God prosjektstyring ved koordinering og planlegging med rett progresjon i høve regulering, finansiering og grunnkjøp.		Gul på VA. Prosjektgjennomføringa må standardiserast og gjennomførast likt uavhengig av kven som gjennomføra prosjekta. Det vart i 2017 starta eit prosjekt for å standarisere VA installasjonar på tvers av kommunegrensene på Søre Sunnmøre. Dette arbeidet vil gjere arbeidet med prosjektgjennomføring enklare og meir forutsigbar for prosjektleiarane. Andre prosjekt i sektoren er på betringens veg. Vi har no god kontroll på prosjekt som er under gjennomføring. Der trengst meir fokus på samarbeid mellom prosjektleiarane og koordinering mot regulering og grunnkjøp.
Fokus på miljø, sørgje for gode tiltak blir gjennomført i tråd med kommuneplan med satsing på klima og miljø.		Gjennomføring av EPC – programmet, samt nedgravde avfallsløysingar.
Starte arbeidet med å etablere ein oppgradert eller ny base for driftsoperatørane ved Myrtun i samsvar med arbeidsmiljølova.		Finansiering for prosjektering er på plass og prosjektnummer er oppretta. Ein må ta ei runde for å avklare kor kommunen får areal til ei utviding. NB! Denne finansieringa gjeld kun prosjektering. Ein veit ikkje kor mykje kapital ein treng for å gjennomføre sjølv utbygginga.
Regelmessige møter med alt personell og rutine på enkeltvis samtalar		Gjennomført

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
/medarbeidarsamtale med alle tilsette etter avtalt intervall.		
Utarbeide rutinar og standardar for arbeidet som vært gjennomført ved drift og vedlikehald av kommunale vassverk og avløpsreinseanlegg		Dette arbeidet har avdelinga ikkje ressursar til å prioritere. Dette lider også gjennomføring av beredskapsøvingar og oppdatering av kritiske dokument som ROS analyse og beredskapsplanar.
Få på plass eit FDV system tilpasse drift og vedlikehald av vassverk og avløpsreinseanlegg og leidningsnett.		FDV system vart kjøpt inn og kurs avholdt. Men ein klarte ikkje å komme i gang med å nytte systemet.
Utvikle kompetanse på innovative innkjøp etter modellen i Leverandørutviklingsprogrammet. Gjennomføre alternative innkjøpsmodellar med fokus på innovasjon og betre oppfølginga av leverandørar og entreprenørar som utførar oppdrag for kommunen.		Dette vert teken tak i når der kjem eigna prosjekt. Så langt er der ikkje starta nokon prosjekt i dette formatet.
Initiere innovative/nytenkjande tiltak	 	Rapportere på antal prosjekt som vert initiert. Dette har ikkje vore jobba med i 2017, og med kommunereforma som prioritet, har ikkje sektoren meir kapasitet. Har starta opp med å endre rutinar for tilsyn og feing frå periodisk til behovs- og risikobasert. Dette gjer at resursane kan nyttast betre der dei trengs mest.

2.8 UTVIKLING

Utvikling, sektorleiar Jørgen Vestgarden

Eining

Plan

Landbruk

Kart, oppmåling og byggesak

Årsverk og stillingar

Eining	Ansatte %	Antall	Kvinner	Menn	Antall <50 %	Herav Kvinner	Menn
Kart, oppmåling og byggesak	9,00	9	5	4			
Utvikling	9,00	9,00	4,00	5,00	0,00	0,00	0,00

Dei 9 stillingsheimlane er fordelt på 1 leiar, 1,5 på bygge- og delesak, 2 på kart/oppmåling, 1 kommuneplanleggjar/miljø og 3 planleggjarar.

Økonomi

Sektor og eining	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	Rekneskap 2016
Utgifter	4 340 172	4 778 187	438 015	4 080 368
Inntekter	- 1 108 058	- 541 160	566 898	- 1 441 452
Plan	3 232 114	4 237 027	1 004 913	2 638 916
Utgifter	1 150 352	1 313 151	162 799	1 222 189
Inntekter	- 142 380	-	142 380	- 84 626
Landbruk	1 007 972	1 313 151	305 179	1 137 563
Utgifter	4 661 199	4 786 294	125 095	4 582 727
Inntekter	- 2 935 511	- 3 358 458	422 947	- 2 388 934
Kart, oppmåling og byggesak	1 725 688	1 427 836	- 297 852	2 193 793
Utvikling	5 965 774	6 978 014	1 012 240	5 970 272

Sektoren fekk tildelt ei ramme på kr 6 987 014 for 2017. Rekneskapen viser eit forbruk på kr 5 965 774 som betyr at eit mindreforbruk på kr 1 012 240. Det er i hovudsak tre grunnar til mindreforbruket:

- Refusjon på ei langtidssjukemelding

- Mindre utgifter til felles landbrukskontor grunna blant anna vakanse i ei stilling og noko uttak av foreldrepermisjon
- Gradert uttak av foreldrepermisjon

Sjølv med noko redusert kapasitet har vi klart å få inn budsjetterte gebyrinntekter.

Omtale av 2017

Bygge- og delesak

Vi har hatt god framdrift på bygge- og delesakar. Tilsyn og oppfølging av ulovlegheiter har vore nedprioritert grunna generelt stor arbeidsmengd på byggesak.

Omfanget av byggesøknadar i alt for 2017.

	I alt	Ramme-søknad	Eit-trinn	Søknad utan ansvar	Dispensasjons-søknadar
Tal på mottekne søknadar	82	9	47	26	20
Tal på handsama søknadar	97	16	52	29	26

Søknad om igangsetting, mellombels bruksløyve og ferdigattest

	Igangsetting	Mellombels bruksløyve	Ferdigattest
Tal på handsama søknadar	20	23	72
Gjennomsnittleg handsamingstid	10	7	12

Kart og oppmåling

Det kom inn noke færre rekvisisjonar på oppmålingsforretningar enn tidlegare år. Det er ein god framdrift på oppmålingsavdelinga.

Plan

Planarbeidet i 2017 har hatt stort fokus på kommuneplanarbeidet, der ein no er godt i gang med kommuneplanen sin arealdel, med grunnlag i planprogrammet godkjent av kommunestyret 15.12.2016, og kommuneplanen sin samfunnsdel, godkjent 2016.

Det er utarbeidd fylgjande fagrapportar som grunnlagsdokument for kommuneplanen sin arealdel:

- Bygningsmiljø og estetisk rettleiar
- Kjerneområde landbruk (landbrukskontoret)
- Kommunedelplan for kulturminne
- Retningsliner for leike- og aktivitetsområde
- Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting
- Behovsanalyse arealformål Offentleg og privat tenesteyting
- Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling
- Grunnlagsdokument for ROS-analyse

- Arbeidsnotat Friluftsliv - med kartlegging og verdsetting av Friluftsområde
- Arbeidsnotat Fritidsbusefnad
- Arbeidsnotat Naust
- Arbeidsnotat setrar-med utkast til retningslinjer
- Barnetrakk Volda-hausten 2017
- Arbeidsnotat Klima
- Arbeidsnotat Kollektivtransport
- Arbeidsnotat sykkel
- Arbeidsnotat El-bil

Planavdelinga har også i 2017 vore med i Tettstadutviklingsprosjektet Mellom Bygningane i Volda i samarbeid med Volda Næringsforum og fylkeskommunen.

Vidare har ein også i år fylgt opp prosjektet "Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse", eit prosjekt i samarbeid og med tilskot frå fylkeskommunen. Eit prosjekt som kan medverke til ny kunnskap om folkehelse og utvikling av nye metodar for medverknad i planprosessar. Elles har det vore arbeida med ny Kulturminneplan-, revisjon av bustadsosial handlingsplan og årleg rullering av handlingsprogrammet i Kommunedelplan for Fysisk aktivitet, og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljøtiltak.

Kommunedelplanar godkjende i 2017:

Kommunal planstrategi - revisjon	kommunestyret	2.03.2017
----------------------------------	---------------	-----------

Reguleringsplanar godkjende i 2017:

Planid 2014004 - Områdereguleringsplan - Urbakkfoten - Bustadområde med ny samleveg mot Kleppevegen (kommunal plan)

Planid 2016004 - Detaljreguleringsplan Hytteveg-Botnen i Austefjorden-br 74/2,4 mfl (privat plan)

Planid 2016006 - Detaljreguleringsplan Severinhaugen/Doktorhaugen – omsorgsbustader (Kommunal plan).

Planid 2016009 - Detaljregulering Kapteinsvegen - 18/1- Terrassebygg (privat plan)

Planid 2011009 - Detaljreguleringsplan Turveg Rotevatnet. (kommunal plan)
(Planvedtaket påklaga-klaga vert handsama i 2018).

Planid 2014011 - Detaljreguleringsplan Strand, Byggeplan BK2-mindre vassentleg endring (privat plan)

Oppstart av nye detaljreguleringsplanar i 2017, etter kommunale vedtak og gjennomførte oppstartsmøter:

Planid 2017001 - Detaljreguleringsplan Hyttefelt Bjørkedalen, gnr 91/2,4,5 og 10. (privat plan).

Planid 2017002 - Detaljreguleringsplan Idrettshallm.m Volda Campus Arena (Privat/kommunal plan)

Planid 2017003 - Detaljreguleringsplan for gbr. 18/7, Kapteinsvegen-konsentrert bustadformål (privat plan)

Planid 2017004 - Detaljreguleringsplan Rotsetfjora/"Velsvikeigedomen" til bustadformål (privat plan)

Ut over dette har fylgjande reguleringsprosjekt vore i gang i 2017, og som vert vidareført/slutført i 2018:

Planid 2016001- Områdereguleringsplan E39-Volda Furene ("Volda-tunellen")
(Statens vegvesen/Volda kommune)

Planid 2012012 - Detaljreguleringsplan E39 Volda Hamn – Elvadalen, m.fl - ny bru og kryss Ind.gata.
(Statens vegvesen/Volda kommune)

Planid 2016002 - Detaljregulering Samleveg Lisjenakkvegen - Solhøgda (kommunal plan)

Planid 2016003 - Detaljreguleringsplan Samlevegstandard Del av Kleppevegen (kommunal plan)

Planid 2016008 - Detaljregulering Elvadalen BK1 (30/4) (privat plan)

Planid 2016010 - Detaljregulering Studentbustader -Langvatn-Heltne (privat plan)

Det er i året handsama til saman 5 saker med dispensasjon frå reguleringsplanar og 10 saker med dispensasjon frå kommuneplan/plankrav.

Landbruk

Vi har felles landbrukskontor i saman med Ørsta kommune der Ørsta er vertskommune. Dei lagar til ein felles årsmelding, sjå vedlegg

Folkehelse

Vi har fleire prosjekt som skal medverke for å ivareta eller førebyggje innbyggjarane si helse:

- Nærmiljø og lokalsamfunn som fremje folkehelse; Eit ganske vidt prosjekt som går over fleire år som vår sektor har ansvar for
- Reguleringsplan for turveg rundt Rotevatnet: Ved eventuelt gjennomføring vil dette verte eit viktig folkehelseiltak
- Prosjektering og bygging av turveg/bru mellom Volda sentrum og Presteholmen; Prosjekteringa vart ferdig i 2017 og det er det er planlagt ferdigstilling før sommaren 2018.

Klimaplan

I høve til klimaplan er rutine for oppfølging og kontroll av avfallsplanar i byggesaker etablert og følgjast opp. Elles er også interkommunalt byggesaksforum etablert der deling av kompetanse og erfaringar om klimatiltak skjer jamleg.

















Innkjøpspraksis

Alle som gjer innkjøp ved sektoren kjenner til regelverket om offentlege innkjøp og det er ein føresetnad at dette verte følgd.

Etikk

Dei tilsette på sektoren er kjent med dei etiske retningslinene til Volda kommune og det vert forventat at desse vert følgde.

Resultatmål

SATSINGAR 2017	RESULTAT	KOMMENTAR
Folkehelseperspektivet skal vere med i all planlegging		Høgt fokus
Søke om tilskot til minst eit friluftstiltak jf kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (KIFF-planen)		
Følgje opp KIFF-planen gjennom spelemiddelsøknadar		Det er gjort i to rundar i 2017
Gjennomføre kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområda i kommunen		Ferdig no og er eit grunnlagsdokument for arealdelen til kommuneplan
Halde den økonomiske ramma		Mindreforbruk
Medarbeidarsamtale med alle tilsette		
Kritikkverdige forhold skal varslast i samsvar med kommunen sine rutinar etter arbeidsmiljølova		
Initiere innovative/nytenkjande tiltak		
Nærver skal aukast i høve til 2016 (ambisjonsnivå på min 95 %)		Grunna langtidssjukemelding er ikkje dette målet ikkje nådd
Sjukefråver pga av arbeidsmiljø skal ikkje forekome		
Rett kompetanse i alle stillingar		
Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk		
Alle som vender seg til Volda kommune skal få svar i samsvar med krava i forvaltningslova		
Koordinering av gjennomføring av planar saman med teknisk sektor		Prosesen er starta, men vi er framleis ikkje der vi ønskjer på koordinering mellom sektorane.
Utarbeide høyringsforslag av kommuneplanen sin arealdel med ROS-analyse og konsekvensutgreiing (KU)		Delvis nådd. ROS-analyse og KU er på plass, men planen no er å ha klar høyringsforslag til arealdelen før sommaren 2018
Revisjon av overordna ROS-analyse frå 2013		Utsatt til hausten 2018 grunna arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen.

2.9 BARNEVERN

Barnevernstenesta sine hovudmål er gitt i Lov om Barnevernstenester. Tenesta skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid og bidra til at barn og unge får gode oppvekstvilkår.

Sidan 2014 har Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta stått saman om ei interkommunal barnevernsteneste, med Volda kommune som vertskommune. I mars 2017 vart Hornindal også ein del av vår teneste.

Leiar for tenesta i 2017 var Brynhild Solvang.

Barnevernstenesta			
Eining	Leiar	Ansvarseining	
Barnevernstenesta Hareid Hornindal Ulstein Volda Ørsta	Brynhild Solvang	4700	Barnevernstenesta
		4711	Hareid tiltak i heimen
		4712	Hareid tiltak utanfor heimen
		4721	Ulstein tiltak i heimen
		4722	Ulstein tiltak utanfor heimen
		4791	Volda tiltak i heimen
		4792	Volda tiltak utanfor heimen
		4731	Ørsta tiltak i heimen
		4732	Ørsta tiltak utanfor heimen
		4741	Hornindal tiltak i heimen
Einsleg mindreårige	Torill Osborg Vinjevoll	4742	Hornindal tiltak utanfor heimen
		4739	EM Ørsta
		4799	EM Volda

Eining	Ansatte %	Antall	Kvinner	Menn	Antall <50 %	Herav Kvinner	Menn
Barneverntenesta (vertskommune)	32,70	37	36	1	2	2	1
Enslige Mindreårige EM	30,71	40	24	16	8	6	1
Barnevern	63,41	77	60	17	10	8	2

	Årsverk	Antall	Kvinner	Menn	
Kontorfagleg		2,0	3	3	0
Fagstillingar		30,7	34	33	1
EM Ørsta		17,05	23	14	9
EM Volda		13,66	17	10	7
Barnevernsstenesta		63,41	77	60	17


ORGANISERING

Personalet er organisert og oppdelt i fagteam, der ein arbeider etter fasane i ei barnevernssak. Kvart team har sin leiar. I tillegg har vi hatt øymerka 100 % stilling (fordelt på to personar), som har ein særleg fokus på førebyggjande, tverrfagleg og tverretatleg arbeid i samarbeidskommunane.

Vi har sett inn tiltak for å sikre at tenesta er *ei teneste*, der personalet for eksempel ikkje er tilsett på teamet, men i tenesta. Vi har faglege rettleiingsgrupper på tvers av teama, teamet følgjer sakene så lenge barna treng det i overgangen til ny fase, vi bidreg inn i kvarandre sine problemstillingar, og teamleiarane har felles overføringsmøte kvar veke.

Når det gjeld omsorga for einslege mindreårige flyktningar har vi det vi kallar "Fagteam EM". Her har Volda og Ørsta etablerte bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar, med eige personale som går i døgnturnus. Det er også etablert ei "oppfølgingsteneste"; personale som følgjer opp dei som har flytta ut av bufellesskapen.

Organisasjonskartet vårt frå 2017 ser slik ut:



Fagteamleiarane

Melding og undersøking: Kyrre Grimstad, frå april 2017 Mette Kjalnes Sørvik

Hjelpetiltak: Aina Øyehaug Opsvik

Hjelpetiltak einslege mindreårige flyktningar: Torill Osborg Vinjevoll

Omsorg: Ann Reidun Vik

Omtale av 2017

I 2017 har ein vidareført å ta i bruk *økonomidelen* av fagprogrammet, som ein nyttig reiskap for å få oversikt over kostnadane ved kvart enkelttiltak. Vi starta arbeidet med dette i andre halvdel av 2016. Det har vist seg å vere meir kostnads- og arbeidskrevjande enn vi såg føre oss. Implimenteringa er godt i gang, men vil først ventast å vere fullført i løpet av første halvår 2018.

Vår barnevernsteneste er Mitt Liv kommune og har eit tett samarbeid med Forandringsfabrikken og deira barnevernsproffar. Som mange andre barnevernstenester i Noreg, har vi forplikta oss til å følgje deira anbefalingar for *forsvarleg barnevernspraksis*. Mitt Liv sitt barnesyn og deira verdiar, *openheit, kjærleik, audmjukheit og medverknad*, er styrande for arbeidet vårt. Dette er nyttige direktiv for å trygge at barn og familieane deira møter eit barnevern der *barnet* er i fokus, og der barnet sin stemme vert høyrte og teke sterkt omsyn til. Mitt-Liv-prosjektet har også ført til at vi har tatt i bruk råda deira om «Klokket mot vold» og «Trygg foreldreinfo», vi prøvar ut system for tilbakemeldingar frå barn og unge i tenesta, og tek del på regionale og nasjonale inspirasjonssamlingar, samt eit regionalt leiarnettverk for inspirasjon og dialog med proffane.

Dei siste åra har det vore ein markert auke i saker som gjeld vald. I desse sakene må vi melde til politiet, med påfølgjande dommaravhøyr av borna, og eit omfattande etterarbeid for barnevernstenesta. Vi har erfart at vi grunna mellom anna dette får eit aukande tal henvendingar som krev akuttvurdering på dagtid. For å få til god og effektiv ivaretaking av desse sakene har vi etablert ei akuttvaktordning

innafor arbeidstida. Vi er særns nøgde med denne ordninga og vil halde fram med å vidareutvikle denne.

Vi har ført saker vedkomande 16 barn i nemnds og rettssystemet i 2017, av desse vart 3 saker behandla forenkla.

Vidare har vi delteke på ulike typar kurs og fagsamlingar, og vi har hatt interne opplærings- og skulerings dagar. Kurs arrangert av Fylkesmannen og det regionale nettverket "Mission Possible" har vore prioritert. Gjennom eit samarbeid med Høgskulen i Volda har fleire tilsette fullført vidareutdanninga i «barnevernsarbeid i migrasjonsfamiliar». Kwart team har arrangert eigne fagdagar i tillegg til at vi har hatt interne fagdagar for heile tenesta der vi sjølv har stått for innhaldet.

Alle fagtilsette har faste tider for saksrettleiing med sin teamleiar, dei har tilbod om fagleg rettleiing i grupper, samt medarbeidersamtalar. Vi har arbeidd med organisasjonsutvikling og vårt eige arbeidsmiljø, og vil halde fram med dette som ein kontinuerleg prosess i målet om å vere ein lærande organisasjon.

Tenesta arbeidar stadig med å evaluere eige arbeid for å bli meir effektive og for å finne gode metodar for å arbeide kreativt og målretta. Individuell rettleiing og drøftingar i teamet er derfor viktig. Vi erfarer at tilsette i tenesta har eit høgt fagleg fokus, og kontinuerlig arbeidar for å gjere tenesta betre.

Tverrfagleg og førebyggjande arbeid

Frå oppstart av interkommunal barnevernsteneste har vi øyremerkt ei 100 % stilling fordelt på to personar til å arbeide konkret med å innarbeide eit godt system for tverrfagleg og førebyggjande arbeid. Dette arbeidet vart fullført ut året 2017. Tenesta er svært nøgd med det systemet for tverrfagleg samarbeid som no er innarbeidd og vil halde fram med å vektlegge dette.

Vi har *faste samarbeidsmøter* med alle instansar som arbeider med barn og unge i samarbeidskommunane, samt med politiet. Vi har også hatt både lege-, politi og sosialarbeidarstudentar i praksis. Alle barnehagane og skulane, samt andre instansar, har sin eigen *kontaktperson* i barnevernstenesta. Dette for at terskelen for å ta kontakt skal vere så låg som mogleg. Kontaktpersonane møter til dømes på foreldremøter, personalmøter og andre samanhengar for å informere om vårt arbeid. Vi har elles *presentert* og diskutert barnevernets arbeid på ulike personalsamlingar hos samarbeidsinstansar og på asylmottaka.

I 2016 vart det i samband med prosjektet «Korleis oppdage og hjelpe barna og deira familiar når føresette slit med rus og psykiske vanskar», laga ein rettleiar til nytte for dei som arbeider med barn og unge. Ein finn denne på alle kommunen- sine heimesider, med tittelen «Sjå Meg». I 2017 vart det arbeidd med å implementere denne og dette arbeidet vil verte oppretthaldt vidare i vår teneste.

Mottaks- og undersøkingsteamet

Teamet si hovudoppgåve er mottak, gjennomgang og undersøking av meldingar. Teamet har faste møter, der ein drøftar sakene. Ein legg vekt på å snakke med borna i alle undersøkingar, og det skal kome tydeleg fram i vårt arbeid, kva borna seier om sin situasjon. Vi har fokus på å fylgje dei endringane som lover og føreskrifter legg opp til.

Tabell meldingar og fristbrot 2017 :

	2014	2015	2016	2017	Fristbrot undersøkingar 01.07.2017	Fristbrot undersøkingar 31.12.2017
Hareid	61	72	63	62	20 %	7 %
Ulstein	55	44	66	74	7,50 %	6 %
Volda	90	61	64	75	16,20 %	11 %
Ørsta	75	78	102	118	17,3	14 %
Hornindal				2	0 %	0 %
Samla	281	255	295	331		

Talet på meldingar har auka, og dei fleste meldingane vert undersøkt. Vi har færre fristbrot enn tidlegare ved rapporteringa til fylkesmannen for 2017, samla fristbrot for den interkommunale tenesta i 2016 var 11,6%. Nokre saker er kompliserte, og treng meir tid. Vi har fleire familiar der ein av foreldra har arbeidet sitt på sjøen, det gjer at det kan vere krevjande å rekke undersøkingsfristen på tre månadar.

Hjelpetiltakteamet

Hjelpetiltaksteamet arbeider i hovudsak med å gi friviljug hjelp til heimebuande barn og deira familiar. Hovudandelen barn som tek i mot hjelp frå barnevernstenesta får hjelp frå dette teamet. Det har vore stor utskifting i dette teamet i 2017 grunna sjukemeldingar, permisjonar og at tilsette har endra team. Ved årskiftet var det 11? personar tilsett i dette teamet.

Tal på barn som tok i mot hjelpetiltak i heimen ved utgangen av året:

	2014	2015	2016	2017
Hareid	32	26	38	35
Hornindal				6
Ulstein	41	34	51	50
Volda	57	57	56	58
Ørsta	47	52	74	72
Samla	177	169	219	221

Det har vore eit sterkt fokus på å sikre at kvart barn har tiltaksplan og at desse tiltaksplanane vert evaluerte. Vi ser at dette fokuset har ført til at om eit barn no ikkje har aktiv tiltaksplan er det grunna at den er i ei endringsfase eller at saka er i ei overgangsfase mellom teama.

Famileteamet arbeidar direkte med endringstiltak inn i familiarene og tilbyr familieterapi og anna familierettleiing, til dømes PMTO og Marte-Meo, som er manualbaserte rettleiingsformer. I 2017 har dette teamet fått tilmeldt 57 nye barn (43 i 2016).

Vår erfaring er at mange av dei familiarene som får hjelp har behov for styrking av foreldrekompetansen. Dette er ei utfordring for kapasiteten til familieteamet. Barn med stort skulefråvær, dårleg eller manglande foreldresamarbeid mellom skilde foreldre, er andre problemstillingar vi arbeidar med. Vi har også mange saker der problemstillingane er knytt opp mot at eit barn i ei familie har funksjonshemming og/eller psykiske vanskar, dette verkar inn på heile familien

og det kan være ei utfordring for foreldra å orientere seg om kva hjelpetiltak kommunen har å tilby. I arbeidet med alle barna og familiarne er det eit samarbeid med andre tenester. Vi er særskilt merksame på dette, og ser at eit godt tverrfagleg samarbeid er avgjerande for at barnet og familien skal få god hjelp.

Omsorgsteamet

Omsorgsteamet tek seg i hovudsak av oppfølging av barn og unge som bur utafor heimen, i fosterheim eller i institusjon. Ein følger også opp dei som har fylt 18 år, og som har ønska *ettervern*. Unge vaksne som bur/har budd i fosterheim eller institusjon har krav på ettervern fram til fylte 23 år. Vi har også ansvar for tilsynsordninga gjeldande fosterbarn/ungdom som bur i Hareid, Ulstein, Volda eller Ørsta.

Ved utgangen av 2017 hadde teamet ansvar for oppfølging av 84 barn. Ved rapporteringa pr 31.12.2017 var 49 av desse under omsorg av kommunen/barnevernstenesta. I tillegg budde 7 barn/ungdomar i fosterheim eller institusjon med foreldra sitt samtykke. I tillegg kjem 28 ettervernsungdomar.

Oversikt over barn med tiltak utafor heimen i åra 2014 - 2018(0-18 år)

	Som eit frivillig tiltak				Barn under omsorg			
	2014	2015	2016	2017	2014	2015	2016	2017
Hareid	2	2	1	1	15	15	13	13
Ulstein	6	5	5	2	14	16	17	17
Volda	5	1	1	1	14	12	12	11
Ørsta	1	0	1	3	17	16	9	9
Samla	14	8	8	7	60	59	51	49

Unge vaksne med ettervernstiltak (18-23 år)

	2014	2015	2016	2017
Hareid	0	1	0	2
Ulstein	12	7	8	9
Volda	7	12	9	9
Ørsta	4	4	10	8
Samla	23	24	27	28

Som tabellen viser, er talet på barn i ulike omsorgstiltak varierende frå år til år, der nokre saker blir avslutta og nye kjem til. I 2017 har det blitt overført 8 barn frå andre team til omsorgsteamet. Dei fleste av dei bur i fosterheim. Pr. 31.12.2017 budde 6 barn i institusjon, her av ein over 18 år. Desse høyrer til Volda kommune 1, Hareid kommune 2, Ørsta kommune 1 og Ulstein kommune 2. 8 ungdommar mellom 18 og 23 blei avslutta i løpet av året. 2 av dei har fylt 23 år og er såleis ute av barnevernstenesta.

Kravet i barnevernslova, om at alle barn i fosterheim skal ha sin eigen omsorgsplan, er oppfylt 100 % i 2017. Kravet om tiltaksplan for alle barn som bur i fosterheim/institusjon med samtykke frå foreldre og eventuelt ungdom over 15 år (hjelpetiltak) er delvis oppfylt. Målet om at alle fosterbarn og fosterforeldre skal ha inntil to/fire besøk/samtaler per år med barnevernstenesta er også oppfylt. Vi har arbeidd mykje med dette i 2017, og har oppnådd betre resultat enn tidlegare år. Det er laga nye rutinar som vil ha høg prioritet også i åra som kjem. Dette gjeld også oppfølging av biologiske foreldre.

HJELPETILTAKA FOR EINSLEGE MINDREÅRIGE FLYKTNINGAR (EM) FOR VOLDA OG ØRSTA

Busetjing og flyttingar i 2017:

- Ørsta: Kommunen busette fire EM i 2017, ein i første halvår, tre i andre halvår. Tre flytta inn i bufellesskapa og ein flytta inn i fosterheim i Ulstein kommune. Ein ungdom fekk familiegjenforeining.
- Volda: Kommunen busette tre EM i 2017. Desse tre vart busett i andre halvår og flytta inn i bufellesskapet. Ein ungdom fekk familiegjenforeining.

Drift

Ørsta:

Sidekroken bufellesskap: Fem ungdommar har budd i bufellesskapet i 2017. I tillegg har ein hatt ein ungdom frå ordinært barnevern buande i periodar i Sidekroken. Bufellesskapet har også fulgt opp ein familie med fleire born frå ordinært barnvern.

Einhøgda bufellesskap: Seks ungdommar har budd i bufellesskapet i 2017. Bufellesskapet har i tillegg fulgt opp tre ungdommar frå ordinært barnevern.

Oppfølgingstenesta: 13 ungdommar har blitt følgt opp av oppfølgingstenesta i løpet av året.

Ingen ungdommar i Ørsta har hybel på framleige eller bur i kommunale bustadar.

Det er knytt 17,05 årsverk til EM Ørsta.

Volda:

Smilebakken bufellesskap: 12 ungdomar var knytte til bemanninga i bufellesskapet ved utgangen av 2017, totalt har 11 ungdomar budd i bufellesskapet i løpet av 2017. Ein av ungdomane som no er delvis knytt til bemanninga i Smiebakken har einetiltak med eigen bemanning.

Oppfølgingstenesta: 15 ungdomar har blitt følgt opp utanfor bufellesskapa i løpet av året.

Det er knytt 13,66 årsverk til EM-tenesta i Volda.

Felles for Ørsta og Volda:

Oppfølgingstenesta har i tillegg tatt oppdrag frå øvrig barnevern, der det har vore behov for oppfølging på hybel. I 2017 har oppfølgingstenesta hatt oppfølging av to frå øvrig barnevern.

Finansiering av tiltaket

Frå 1.1.17 er refusjonsordninga avslutta og erstatta med eit EM-tilskot pr EM ein buset, i tillegg til integreringstilskotet som er likt for alle flyktningar. For 2017 ser det no ut som den nye finansieringsordninga gir større inntekter knytt til tiltaka både i Ørsta og i Volda. Samstundes gjer denne finansieringsordninga tiltaka meir sårbare for svingingane i busetjingstal, samt at også flyttingar ut av kommunen og familiegjenforeiningar i større grad vil påverke innektene til kommunen enn det har gjort før.

Tilsynsførarordninga

Status barn vi har tilsynsansvar for pr 31.12.2017

	2016	2017
VOLDA	28	28
ØRSTA	19	20
HAREID	16	14
ULSTEIN	12	17
Totalt	75	80

Sjølv om der er like tall , td Volda, så betyr ikkje det at det er roleg gjennom året. Nokre går ut pga alder, nokre flyttar, og nye kjem inn.

For 2017 var 54 krav om tilsyn oppfylt, medan 20 ikkje var oppfylt.

Grunnlag for ikkje oppfylt krav er fordelt slik :

	Antall :
Manglar 1 av 4 besøk	6 stk
Manglar 2 av 4 besøk	4 stk
Har ikkje tilsynsførar (nye saker)	3 stk
Tilsynsførar slutta i løpet av året	4
Tilsynsførar følger ikkje opp	3

Tilsynsførarordninga er frå styresmaktene anbefalt å ligge til ein annan instans enn barnevernstenesta. Denne ordninga har aldri, verken på landsbasis eller i våre kommunar, fungert etter intensjonane om at barn som bur i fosterheim skal ha sin eigen tilsynsførar som skal følgje opp og besøke dei 4 ggr pr år.

Vi har øymerka ei 50% stilling til oppfølging av tilsynsførarordninga, og det har vore lagt ned eit stort arbeid med å søke å betre ordninga.

Det er fleire årsaker til at barn ikkje har fått dei tilsynsbesøka dei har krav på. Desse kan vere utanforliggende, og gjeld tilhøve som barnevernstenesta ikkje har kontroll på. Her har ein sett seg nøydd til å avslutte oppdragstakarar og finne nye tilsynsførarar. For at ordninga skal fungere, krev det jamn oppfølging i form av rettleiing og kontroll av talet på besøk, samt rapportering. Når dette blir følgt opp, viser det seg at tilsynsordninga fungerer betre.

Ansvar for opplæring av tilsynsførarar er overført frå Bufetat til kommunane, og ein ser føre seg at det er naudsynt å arrangere minimum eitt slikt kurs pr. år. Dette har ein diverre ikkje fått til i 2017.

Økonomi

I barnevernstenesta rapporterer ein til SSB etter Kostrafunksjonane 244, 251 og 252.

Kostr 244 skal innehalde *alle driftsutgifter*, og er for oss fordelt mellom samarbeidskommunane etter ein fordelingsnøkkel ut ifrå talet på barn 0-17 år i kommunen. Denne delen av verksemda er mest forutsigbar og mogleg å styre.

Kostr 251 (hjelpetiltak i heimen) og Kostr 252 (barn som bur utafor heimen) er noko mindre forutsigbare, då ein ikkje veit kva behov som vil dukke opp i løpet av eit år.

Den samla rekneskapen for samarbeidskommunane ser slik ut for 2017

(her er tala for tiltaka for einslege mindreårige flyktingar også med for Volda og Ørsta):

KOSTRA-funksjon	Hareid	Ulstein	Ørsta	Hornindal	Volda	Totalt
F244 Barnevernteneste	-	-	-		3 830 617	3 830 617
F251 Tiltak utan omplassering	971 851	1 281 765	1 161 641	14 263	1 282 841	4 712 361
F252 Tiltak med omplassering	6 421 481	10 700 540	7 459 499		5 278 166	29 859 686
F252 Tiltak med omplassering EM			14 057 333		11 247 227	25 304 560
Samla kostnad pr. kommune	7 393 332	11 982 305	22 678 473	14 263	21 638 851	63 707 225
Innkravt á konto gjennom året - netto	10 320 000	19 000 000	32 040 000	380 390	22 414 000	84 154 390
Rest refusjonsbeløp pr. kommune	- 2 926 668	- 7 017 695	- 9 361 527	- 366 127	- 775 149	- 20 447 165

For EMI er der ny refusjonsordning frå 01.01.2017 der refusjonssummen vert utrekna etter ein stykkpris.

Refusjonsbeløpet vert utbetalt direkte til busetnadskommunen.

Funksjon 244 vert fordelt etter barnetal pr 01.01 i rekneskapsåret.

Utgifter til sakkyndig bistand (advokatutgifter o.a) vert likevel dekt av aktuell kommune.

Rekneskapen viser at Hareid og Hornindal får tilleggsrekningar, medan Ulstein og Ørsta får reduksjon.

Hareid var høgare budsjettert enn behovet tilsa i 2016. Det førte til at ein i budsjettet for 2017 reduserte. Så viser det seg at Hareid etter rekneskapet for året 2017 får tilleggsrekninga

Volda

Sektor og eining	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	Rekneskap 2016
Utgifter	23 337 651	29 886 218	6 548 567	16 278 978
Barnevern Volda kommune	23 337 651	29 886 218	6 548 567	16 278 978

Rekneskapen viser at forbruket på tiltakssida har hatt 6,6 mill i mindre forbruk i 2017. Dette skuldast ei meir inntekt på EM-tiltaket på 3,3 mill. Det resterande er på 251 og 252.

Kostra 251 (tiltak i heimen) og Kostra 252 (barn som bur utafør heimen)

Desse funksjonane tek føre seg utgifter for enkeltbarn og familiar, noko som kan vere svært vanskeleg å forutsjå frå år til år. Dei kan også vere vanskeleg å skilje i budsjettssamanheng, fordi eit barn kan variere mellom tiltak i og utanfor heimen i løpet av eit år.

Hjelpetiltaka kostar, men det er særleg tiltaka for barn som bur utafør heimen som er kostnadskrevjande. Dette gjeld i hovudsak når barn må flyttast i fosterheim eller institusjon: Når Fylkesnemnda har vedteke omsorgsovertaking for eit barn, har det statlege barnevernet, BUF- etat avgjerande innverknad på kva tilbod barnet skal få og kvar i landet det skal bu. Ei handsaming i Fylkesnemnda er ressurskrevjande på fleire område, også økonomisk. Når barn så får ein annan plass å bu, ofte i andre delar av landet, fell i stor grad også utgiftene til samværsreiser for familien/foreldre/søsken på barnevernstenesta. I tillegg skal ein representant frå barnevernstenesta besøke barnet /fosterheimen/institusjonen fleire gonger pr år. I mange høve krev situasjonen for barnet at barnevernstenesta må stille på samarbeidsmøter langt oftare enn dette minimumskravet, noko som fører til auka kostnader.

Viss barn ikkje lenger kan bu ilag med sine foreldre er det langt rimelegare viss vi finn ein fosterheim i staden for at barnet må bu i institusjon. I nokre høve må likevel fosterforeldra "kjøpast fri" frå sin ordinære jobb for å vere heime med barnet på heil tid. Då kan ei fosterheimsplassering verte nesten like kostnadskrevjande som ein institusjonsplass.

BUF-etat refunderer i dei fleste høve kommunane sine utgifter som overstig kr 31 500 pr måned. Imidlertid har BUF-etat kutta ned på kva dei refunderer og ikkje, og kommunen sin eigenandel ved plasseringar av barn i institusjon har gått kraftig opp dei siste åra. Dette er ein ønska politikk frå statlege styresmakter, der ein ser at færrest mogleg barn bur i barnevernsinstitusjonar. I nokre tilfelle er dette ikkje til å unngå, særleg når vi snakkar om ungdomar som ein ikkje klarer å finne eigna fosterheim til.

Den kommunale eigenandelen for ein institusjonsplass var i 2013 på kr 30 000 pr måned. I 2014 vart den auka til kr 50 000, og i 2017 var den på kr 68 700 pr måned. Når reiser og andre utgifter kjem i tillegg, kan ein rundt rekne at ein institusjonsplass kostar kommunen omlag 1 million kroner pr år. Likeeins har det vore ein kraftig auke i den kommunale eigenandelen for opphald i senter for foreldre og barn, MST (multisystemisk terapi) og andre nødvendige hjelpetiltak som BUF-etat driftar.

Det er også viktig å vere merksam på at det kan vere omfattande tiltak inne i ein familie, som til dømes foreldrerettleiing eller familierapi, men utan at dette belastar Kostra 251 eller 252. Det dekkast over lønnsutgiftene på Kostra 244, då vi nyttar våre eigne tilsette i Familieteamet. I nokre tilfelle vert det også sett inn omfattande tiltak i heimar som eit alternativ til plassering.


KOSTRA TAL

Volda Volda Hornindal Ulstein Hareid Ørsta Landet
2016 2017

KOSTRA TAL

	Volda 2016	Volda 2017	Hornindal	Ulstein	Hareid	Ørsta	Landet
Andre nøkkeltall							
Effektivitet Barnevern	114	94	0	0	121	198	0
Framsikt							
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år(B)	6,3 %	6,1 %	2,4 %	4,6 %	6,0 %	6,0 %	5,0 %
Andel netto driftsutgifter til barn som er plassert av barnevernet (f.252)(B)	61,9 %	70,7 %	0,0 %		56,7 %	41,7 %	59,1 %
Andel netto driftsutgifter til barn som ikke er plassert av barnevernet (f.251)(B)	8,1 %	5,5 %	20,4 %		8,7 %	8,6 %	11,2 %
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244)(B)	30,0 %	23,8 %	79,6 %		34,6 %	49,7 %	29,7 %
Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder(B)							
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk(B)	16,4	16,5	11,4	20,8	19,2	27,6	15,3
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år(B)	3,4 %	4,0 %		4,1 %	5,9 %	5,3 %	4,9 %
Brutto driftsutgifter per barn (funksjon 244)(B)							
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (f. 252)(B)	210 104	375 568			291 864	448 292	427 060
Brutto driftsutgifter per barn som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251)(B)	17 707	16 882			20 250	12 232	37 988
Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak(B)	92 789	148 400	5 000	0	105 614	158 601	168 743
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak(B)	132 520	194 667	24 500		159 414	94 671	205 834
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten(B)	8 398	11 967	593		9 579	5 636	10 264
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år(B)	4,9	4,9	2,8	3,4	4,7	3,1	4,8

Ståstedanalyse 1




Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år

Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn i barnevernet

Volda	6,1 %	137 412
Hareid	6,0 %	97 035
Hornindal	2,4 %	18 375
Ulstein	4,6 %	
Ørsta	6,0 %	59 903
Landet	5,0 %	126 464

Utgiftsbehov og kriteriedata



Volda Hareid Hornindal Ulstein Ørsta Landet






Indeks innb. 0-1 år (3%)	96,4 %	108,9 %	89,6 %	96,6 %	92,3 %	100,4 %
--------------------------	--------	---------	--------	--------	--------	---------



















Indeks innb. 2-5 år (6%)	85,4 %	109,4 %	75,2 %	100,0 %	103,4 %	100,3 %
Indeks innb. 6-15 år (14%)	105,7 %	104,0 %	109,8 %	116,6 %	107,3 %	100,0 %
Indeks innb. 16-22 år (11%)	120,6 %	102,5 %	119,4 %	107,2 %	101,7 %	100,0 %
Indeks barn med enslig forsørger (41%)	83,9 %	113,3 %	68,3 %	86,1 %	94,2 %	99,6 %
Indeks lavinntekskriteriet (26%)	74,9 %	76,4 %	27,1 %	81,9 %	44,8 %	100,3 %
Utgiftsbehov - Barnevern (sum)	88,9 %	101,0 %	69,9 %	92,6 %	84,6 %	100,0 %

Rapportering på mål

Teneste og utviklingsmål 2017

- Vere lett tilgjengelege – for barn, for alle som har med barn og unge å gjere, og for ålmenta
- Bidra til tidleg innsats i samarbeid med andre tenester for barn og unge
- Arbeide førebyggjande
- Gi likt tilbod til alle barn i Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta med behov for barnevernstenester
- Vere ei fagleg oppdatert og kompetent teneste – som har barnet i fokus
- Prioritere trivsel og eit godt arbeidsmiljø blant dei tilsette
- Utvikle ein lærande organisasjon

Hovedmål	Resultat	Resultatmål/Tiltak
Økonomi		Tertialrapportering i høve avvik i budsjettet
Sikre eit kvalitativt godt barnevernsarbeid		Evaluere alle tiltak fortløpande
		Overhalde fristane som barnevernslova set for arbeidet
		Vidareutvikle samarbeidet med Barnevernsproffane i «Mitt Liv-prosjektet»
		Vidareutvikle rutinar og kvalitetssikring av arbeidet på alle nivå

		Sikre alle barn tiltaks- og omsorgsplanar
		Vidareføre arbeidet med brukarevaluering i alle saker
		Sikre at alle barn som bur utafor heimen har sin tilsynsførar, og at ordninga vert utført på ein fagleg tilfredsstillande måte
Sikre involvering, medverknad og engasjement frå dei tilsette		Gjennomføre medarbeidersamtaler kvar haust
		Utarbeide kompetanseplan for tenesta
		Involvere personalet i drift og utvikling av tenesta
		Sjå til at alle tilsette får høve til kurs og opplæring
		Fagleg rettleiing til alle fagtilsette
		Arbeide for nærvær på min 90 %
Samarbeide med andre		Vidare deltaking i det regionale nettverket «Mission Possible»
		Sikre deltaking i tverrfaglege samarbeidsfora i samarbeidskommunane
		Vidareføre ordninga med faste kontaktpersonar for alle barnehagar og skuler
		Utarbeide gode årsmeldingar og presentere utviklinga på feltet for våre lokale politikarar
Drift		Utarbeide informasjonsplan for tenesta
		Implementere økonomidelen av fagprogrammet «Familia»
		Vurdere innføring av scanning og elektronisk arkiv
		Utarbeide rutinar for internkontroll på alle områder i tenesta
		Samarbeide med omliggande kommunar om døgnbasert barnevernsvakt

Sjukefråvær

For den samla tenesta hadde vi eit sjukefråvær på 7,85 % i 2017 (mot 7.39 % i 2016%). Alle fagtilsette har fulle stillingar, men nokre er sjukemeldt i delar av stillinga pga kroniske sjukdomar. Nokre sjukemeldingar, over kortare eller lengre tid, kan også skuldast stort arbeidspress, stress og tøffe påkjenningar ved det å jobbe i barnevernet. Det vert lagt stor vekt på å følgje opp dei sjukemeldte, og det vert søkt å finne gode løysingar for den enkelte. Ein stor del av dei tilsette i barnevernstenesta er også i den alderen der ein har omsorg for eigne barn i førskule- og i skulealder. Vi har derfor ein nokså stor del eigenmeldingar, der foreldre er heime nokre dagar pga eigen sjukdom eller med sjuke barn. Eg kan ikkje sjå, og har heller ingen signal frå tillitsvalde eller verneombod, om at vi har sjukemeldingar som skuldast dårleg arbeidsmiljø eller omorganiseringssprosessen i seg sjølv.

Folkehelseperspektivet

Barnevernstenesta si verksemd bidreg i all hovudsak til å betre folkehelsa. Det er eit mål å kunne kome tidleg inn for å hjelpe barn og familiar slik at problema ikkje veks seg for store, særleg med tanke på barn si psykiske utvikling. Samarbeid med andre som arbeider med barn og unge er derfor ein høgt prioritert del av verksemda vår.

Etikk

Brukarmedverknad er viktig for arbeidet vårt. Vi nyttar familieråd og nettverksmøter som viktige metoder for vårt arbeid og legg vekt på å sikre oss tilbakemeldingar frå barna og foreldra vi samarbeidar med. Det er viktig for oss å strebe etter å møte barnet og foreldra med respekt og vi er opptekne av at dei skal kjenne seg ivaretekne i møtet med oss.

3. VOLDA KOMMUNE SIN ØKONOMISKE SITUASJON

3.1 Resultat 2017

Tabellen under viser hovudtala i rekneskapen for 2017:

Økonomisk oversikt - Drift			
Tall i 1 kroner	Regnskap 2017	Regulert budsjett 2017	Avvik
Brukerbetalinger	-27 071 193	-26 016 461	1 054 732
Andre salgs- og leieinntekter	-53 891 794	-48 710 952	5 180 842
Overføringer med krav til motytelse	-221 170 924	-189 870 755	31 300 170
Rammetilskudd	-300 215 814	-291 404 000	8 811 814
Andre statlige overføringer	-45 198 685	-45 439 110	-240 425
Andre overføringer	-1 286 996	-2 220 500	-933 504
Inntekts- og formuesskatt	-209 347 312	-206 007 000	3 340 312
Eiendomsskatt verk og bruk	-3 855 436	-3 850 000	5 436
Eiendomsskatt annen fast eiendom	-13 047 829	-13 050 000	-2 171
Andre direkte og indirekte skatter	-753 804	-700 000	53 804
Sum driftsinntekter	-875 839 787	-827 268 778	48 571 009
Lønnsutgifter	472 132 215	466 621 542	-5 510 673
Sosiale utgifter	118 355 419	136 230 956	17 875 537
Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod.	96 286 829	91 810 283	-4 476 546
Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjenesteprod.	90 350 129	74 353 764	-15 996 365
Overføringer	60 533 805	70 546 996	10 013 191
Avskrivninger	38 355 625	38 355 625	0
Fordelte utgifter	-41 834 341	-52 516 212	-10 681 871
Sum driftsutgifter	834 179 683	825 402 953	-8 776 729
Brutto driftsresultat	-41 660 104	-1 865 824	39 794 280
Renteinntekter og utbytte	-7 037 353	-6 010 000	1 027 353
Gevinst finansielle instrumenter	-4 047 865	-2 000 000	2 047 865
Mottatte avdrag på lån	-183 329	-50 000	133 329
Sum eksterne finansinntekter	-11 268 547	-8 060 000	3 208 547
Renteutgifter og låneomkostninger	20 441 985	20 895 000	453 015
Tap finansielle instrumenter	1 777 238	0	-1 777 238
Avdrag på lån	25 305 001	25 305 000	-1
Utlån	152 720	130 000	-22 720
Sum eksterne finansutgifter	47 676 944	46 330 000	-1 346 944
Resultat eksterne finanstransaksjoner	36 408 397	38 270 000	1 861 603
Motpost avskrivninger	-38 355 625	-38 355 625	0
Netto driftsresultat	-43 607 332	-1 951 449	41 655 883
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	-21 489 982	-21 489 982	0
Bruk av disposisjonsfond	-20 836 898	-20 836 898	0
Bruk av bundne fond	-16 997 862	-6 084 297	10 913 565
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0
Sum bruk av avsetninger	-59 324 742	-48 411 177	10 913 565
Overført til investeringsregnskapet	6 567	0	-6 567
Avsatt til disposisjonsfond	21 489 982	22 484 982	995 000
Avsatt til bundne fond	40 035 814	27 877 644	-12 158 170
Sum avsetninger	61 532 362	50 362 626	-11 169 736
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk	-41 399 712	0	41 399 712

Volda kommune sitt rekneskap for 2017 viser eit mindreforbruk på 41,4 mill kroner. Kommunen brukte oppsparte midlar (disposisjonsfond) på 20,8 mill for å få dette resultatet.

Om Volda kommune ikkje hadde tatt inn denne inntekta ville mindreforbruket vore på 20,6 mill kr.

Mindreforbruket kan forklarast ved at kommunen fekk vesentleg høgare skatteinntekter og rammetilskot frå staten, men den største forklaringa ligg i at pensjonskostnaden vart 15,9 millionar lågare enn budsjettert. Sektorane har jamt over hatt god oversikt og oppsummert vart det også eit mindreforbruk på drifta.

Mindreforbruk 2017	41,4 mill kr
Meirinntekter skatt og rammetilskot	12,1 mill kr
Lågare pensjonskostnadar enn forventa	15,9 mill kr
Meirinntekter utbytte og renteinntekt	1,7 mill kr
Mindreforbruk i tenesteproduksjon	11,7 mill kr

Netto driftsresultat

Brutto driftsresultat inkluderer ikkje finansområdet. Netto driftsresultat er difor den beste resultatindikatoren når ein skal vurdere den økonomiske situasjonen til ein kommune.

I 2017 vart netto driftsresultat 43,6 mill kr for Volda kommune, noko som er ca 41,6 mill kr betre enn budsjettert.

Netto resultatgrad

Netto resultatgrad illustrerer kor stor del av driftsinntektene som kan nyttast til finansiering av investeringar og avsetningar. Vi får netto resultatgrad ved å sjå netto driftsresultat i % av driftsinntektene. Tabellen under viser netto resultatgrad for 2015-2017:

Netto resultatgrad			
År	2017	2016	2015
Netto driftsresultat	43 607 332	22 435 362	24 602 765
Sum driftsinntekter	875 839 787	826 203 122	765 080 146
Netto resultatgrad	4,98 %	2,72 %	3,22 %

Teknisk beregningsutvalg tilrår at netto resultatgrad bør vere 1,75%, mellom anna for å ha eigenfinansiering av investeringar, og for å kunne møte hendingar som ein ikkje har tatt høgde for.

3.2 Frie inntekter

Det overordna formålet med inntektssystemet er å gjere det mogleg for kommunane å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. For å oppnå dette målet vert det ved fordelinga av rammetilskotet

teke omsyn til strukturelle ulikskapar i kommunane og fylkeskommunane (utgiftsutjamning) og ulikskapar i skatteinntektene (inntektsutjamning). Rammetilskottet utgjer saman med skatteinntektene dei frie inntektene som kommunane fritt disponerer innanfor dei gjeldande lover og forskrifter. Det vert også gitt eit skjønstilskott for å korrigere for forhold som ikkje blir ivaretekne godt nok i fordelingsystemet elles. Inntektssystemet inneheld i tillegg verkemiddel som utelukkande er grunnjevne med regionalpolitiske målsetjingar.

Tabellen under viser kor mykje Volda kommune fekk i frie inntekter i 2017:

	KS - prognose	Rekneskap 2017	Budsjett 2017
Rammetilskot		223 803 395	
Brutto innbyggjartilskot	211 051 000		
Utgiftsutjamning	4 673 000		
Overgangsordning INGAR	6 540 000		
Saker med særskilt fordeling	1 749 000	1 750 000	
Regionsentertilskott	1 695 000	1 695 000	
Overgangsordning - kommunar som skal slås samman	624 000	624 000	
Ekstra skjønn tildelt av KMD	4 129 000	5 218 830	
RNB 2017 - endringer i rammetilskot	507 000		
Eingongstilskot - kommunesamanslåing		21 500 000	
Inntektsutjamning	45 625 000	45 624 589	
Sum rammetilskot	276 593 000	300 215 814	291 404 000
Skatt på inntekt og formue	209 347 000	209 347 312	206 007 000
Sum frie inntekter	485 940 000	509 563 125	497 411 000

Under følgjer omtale av dei mest sentrale punkta:

Brutto innbyggjar- tilskot

Alle kommunar fekk kr 23 313,- pr innbyggjar (etter folketal pr 1 juli 2016), og dette utgjorde kr 211 051 000 for Volda kommune.

Utgiftsutjamning

Skilnadene mellom kommunane i Norge er til dels store når det gjelder kostnadsstruktur og demografisk samansetning. Både etterspørselen etter kommunale tenester og kostnadene ved produksjonen vil difor variere kommunane imellom. Målet med utgiftsutjamninga er å fange opp slike variasjonar. Ein tar frå dei relativt sett lett drivne kommunane og gir til dei relativt sett tungdrivne. Volda kommune blir definert som ein tungdriven kommune, og fekk kr. 4 673 000,- i netto utgiftsutjamning. Utgiftsindeksen vår var 1,0091. Det vil seie at i 2017 var Volda kommune 0,91% dyrare å drive enn ein gjennomsnittskommune.

INGAR

Føremålet med inntektsgarantiordninga (INGAR) er å gi kommunane ei meir heilskapleg skjerming mot brå nedgang i rammetilskotet, og dermed gjere inntektssystemet meir fleksibelt og føreseieleg. Ordninga sikrar at ingen kommunar har ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er lågare enn 300 kroner per innbyggjar under berekna vekst på landsbasis, før finansiering av sjølve ordninga. Vi fekk kr. 6 540 000 i 2017.

Skatt på inntekt og formue

Dess større skatteinntektene er, til mindre vert inntektsutjamninga.

Skatteinngangen på 209 347 312,- kr utgjorde 77,2% av landsgjennomsnittet pr innbyggjar. Tilsvarande tal for 2016 var 79,6% av landsgjennomsnittet.

Inntektsutjamning

Kommunar med låg skatteinngang får kompensasjon for dette. Volda kommune sin skatteinngang i 2017 var 77,2 % av landsgjennomsnittet pr innbyggjar. Vi har som eit resultat av dette blitt tilført kr. 45 625 000 netto i inntektsutjamning.

Inntektsutjamninga blir finansiert ved at skattesterke kommunar får eit netto trekk i sine skatteinntekter.

Skjønnskott

Volda kommune mottok kr. 7 593 000 i skjønnskott. 4 624 000 av desse er knytt til kommunereforma i form av 4 mill kr til infrastruktur i form av ekstraskjønn frå KMD

3.3 Eigedomsskatt

Eigedomsskatten vart vidareført på all eigedom i heile kommunen i 2017. Det vart gitt fritak for ideelle organisasjonar og lag. Nyoppførte bustadar fekk også fritak første året etter at dei vart tatt i bruk. Det vart bestemt å framleis nytte seg av bustadverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for eigedomsskatten.

Det er inntektsført kr. 16 903 000,- i eigedomsskatt for 2017.

3.4 Generelle statstilskot

Tabellen under viser dei generelle statstilskota for 2016:

Andre generelle statstilskot	Rekneskap 2017	Budsjett 2017
Integreringstilskott flyktningar	35 363 120	35 997 000
Grunnskulereform 97/Investering skulebygg	843 884	
Kompenasjonstilskott omsorgsbygg	2 726 649	
Kyrkjebygg	31 546	3 790 000
Sum	38 965 199	39 787 000

Integreringstilskott flyktningar

Kommunen fekk kr. 35 363 120,- i integreringstilskott for busetjing av flyktningar i 2017.

Grunnskulereform 97/Investering i skulebygg

Det er ei statleg finansieringsordning vedkommande investeringane som vart gjort i samband med grunnskulereform 97 (både rente- og avdragskompensasjon). Dette utgjorde kr. 437 142,- i 2017.

I 2001 blei det vedtatt ei ordning med rentekompensasjon for skulebygg, med ei total ramme for heile landet på 15 milliardar over 8 år. Volda kommune investerte for 24,5 millionar, og fekk kr. 406 742,- i rentekompensasjon i 2017.

Sjukeheim/omsorgsbustader

Vi får både avdrag og rentekompensasjon ved bygging av sjukeheim og omsorgsbustader. Dette utgjorde kr. 2 726 649,- i 2017.

Kyrkjebygg

Rentekompensasjonen på kr. 31 546,- inkluderer investeringsprosjekt som er utført av kommunen på vegne av kyrkjeleg fellestråd og/eller er utført i regi av fellestrådet.

3.5 Finansområdet

Gjeld og låneportefølje

Volda kommune har ei slik samansetjing av langsiktig gjeld pr 31.12.2017:

Langsiktig gjeld	2017	2016	2015
Pensjonsforpliktingar	955 450 551	889 864 072	848 548 841
Lånegjeld (inklusive sertifikatlån)	932 105 809	904 704 685	779 692 344
Sum langsiktig gjeld	1 887 556 360	1 794 568 757	1 628 241 185

Dei kommunale rekneskapsreglane vedkommande pensjon blei endra i 2002. Som eit resultat av dette er pensjonsforpliktingar nå definert som langsiktig gjeld i balanserekneskapen til kommunen, jamfør tabellen ovanfor.

Ein kan grovt sagt seie at den langsiktige lånegjelda til kommunesektoren kan delast inn i 2 kategoriar, sjå tabellen under. Vi har ordinære lån som vert nytta til å finansiere investeringane til kommunen. Desse utgjer omlag 875 mill kr ved slutten av året. Den andre kategorien er Startlån, og er Husbanklån (omlag 56,4 mill kr) som etter bestemte vilkår vert lånt ut vidare til innbyggjarane. Avdrag og renteutgifter som vi betalar til Husbanken, skal i prinsippet vere lik avdrag og renter vi mottar frå låntakarane.

Volda kommune si langsiktige gjeld til låneinstitusjonar er som vist i tabellen under:

Langsiktig lånegjeld	2017	2016	2015
Ordinære lån	875 697 850	851 002 851	724 061 311
Startlån	56 407 959	53 701 834	55 631 033
Sum langsiktig lånegjeld	932 105 809	904 704 685	779 692 344
Netto lånegjeld pr innbyggjar	106 414	91 767	78 625

I 2017 har Volda kommune hatt eit ordinært låneopptak på 50 mill kr. Dette er lågare enn budsjettert som følgje av at ein ikkje har klart å gjennomføre investeringar som planlagt. I tillegg er der 81 mill kr som er forskottert frå ledig likviditet. Låneopptak på desse er vedteke i budsjettet for 2017, men er først tatt opp i første kvartal 2018.

Låneporteføljen er slik samansett pr 31.12.2017:

Lån	Saldo 31.12	Rente	Forfall
Sertifikatlån ff 010318 DnB	180 136 000	1,29	1. mar. 2017
NKB fast rente til 12/2023	150 000 000	2,25	21. des. 2017
NKB 3M nibor - var margin u avdrag (imm)	150 420 520	1,48	20. des. 2017

Lån	Saldo 31.12	Rente	Forfall
NKB fast rente til 12/2023	170 000 000	2,25	21. des. 2017
NKB 3M nibor - var margin u avdrag (imm)	56 563 330	1,48	20. des. 2017
NKB 3M nibor - var margin u avdrag (imm)	87 683 000	1,48	20. des. 2017
NKB 3M nibor - var margin u avdrag (imm)	40 000 000	1,48	20. des. 2017
NKB 3M nibor - var margin u avdrag (imm)	21 525 000	1,48	20. des. 2017
NKB 3M nibor - var margin u avdrag (imm)	19 370 000	1,48	20. des. 2017
SUM	875 697 850		

I tillegg til låna over har Volda kommune to renteswappar (rentebyteavtaler)

Renteswap/rentebyteavtale er ein kontrakt mellom ein bank og kommunen om byte av rente.

Volda kommune har 2 aktive rentebyteavtaler (renteswapper) pr 31.12.2017:

- 1) Rentebyteavtale med Sparebank 1 SMN inngått i juli 2011. Starttidspunkt var desember 2013. Volda kommune betaler fast rente på 4,33% til banken (av eit beløp på 50 mill kr). Banken betaler flytende rente (3mnd Nibor) av eit beløp på 50 mill kr til Volda kommune. Denne rentebyteavtale har sluttidspunkt desember 2018.
- 2) Rentebyteavtale med DNB NOR inngått i august 2011. Starttidspunkt var desember 2013. Volda kommune betaler fast rente på 4,47% til banken (av eit beløp på 50 mill kr). Banken betaler flytende rente (3mnd Nibor) av eit beløp på 50 mill til Volda kommune. Denne rentebyteavtalen har sluttidspunkt juni 2021.


Nøkkeltal låneportefølje

	31.12.2017
Rentebindingstid	2,38 år
Vekta gjennomsnittrente	2,09 %
Rentebyteavtale i % av portefølje	10,73 %
Rentebinding under 1 år	54,27 %
Rentebinding over 1 år	39,70 %
Flytende rente (pt)	6,03 %
Rentesensitivitet om 1 % auke	5 620 242 kr

Det er ikkje heile den ordinære langsiktige lånegjelda som belastar økonomien til kommunen. Vi kan vise det ved å ta utgangspunkt i tabellen under:

Ordinære langsiktig lånegjeld	2017	2016	2015
Omsorgssatsing	37 147 993	39 468 328	41 788 659
Sjølvkost (vatn og avlaup)	91 892 672	78 522 429	65 586 930
Investering i skulebygg	37 186 797	38 826 329	40 465 861
Kyrkjebygg	2 883 989	3 126 827	3 368 787
Grunnskolereform 1997	17 763 000	17 763 000	17 763 000
Lån som belastar kommunen sin økonomi	688 823 399	673 295 938	555 088 074
Sum	875 697 850	851 002 851	724 061 311

Figuren under viser at det er 21% av kommunen si låneportefølje som har rentekompensasjon eller kjem under sjølvkostområdet:



Det er abonnentane som gjennom avgiftene betaler finanskostnadene innanfor VAR-området. Av den ordinære lånegjelda er om lag 91,9 mill kr knytt til VAR (Vann, Avløp Renovasjon)- lån.

Fram til og med 2017 har vi fått i rentekompensasjon frå staten vedkomande investeringar (kr 17.763.000) i samband med grunnskulereforma 97. I tillegg får vi rentekompensasjon vedkomande investeringar i skulebygg (ordninga vart innført i 2001). Kompensasjonsgrunnlaget her i 2017 er omlag 37,2 mill kr.

Vi får også avdragskompensasjon kr (+ renter) frå staten i samband med investeringar i omsorgsbustader og omsorgssenteret. I 2017 var kompensasjonsgrunnlaget omlag 37 mill kr.

Kapitalkostnadar

Tabellen under viser kapitalkostnadar knytt til låneporteføljen for 2017:

Kapitalkostnad	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik
Avdragsutgifter	25 305 001	25 305 000	
Renteutgifter startlån	874 660	800 000	74 660
Renteutgifter ordinære lån	19 567 232	20 095 000	527 768
Sum kapitalkostnad	45 746 893	46 200 000	453 107

Vi ser av tabellen ovanfor at finansutgiftene i 2017 vart kr 527.768,- mindre enn budsjettet. Volda kommune budsjetterer med minimumsavdrag på dei langsiktige låna. Verdien av anleggsmidlane (bygningar, transportmidlar etc) og attverande levetid til desse, er avgjerande for kor mykje vi må betale i årlege avdrag. Minimumsavdrag kan bli rekna ut etter 2 ulike metodar, forenkla metode og avansert metode. Volda kommune nyttar metoden som gir den lågaste avdragsbelastninga pr år (avansert metode). I 2017 vart avdraga på våre lån kr. 25 305 001,-.

Finansinntekter

Tabellen under viser finansinntektene til Volda kommune for 2017. Budsjettala er også med.

Finansinntekter	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik
Renteinntekter Formidlingslån	739 156	600 000	139 156
Ordinære renteinntekter	2 273 894	1 500 000	773 894
Utbytte Tussa	3 910 950	3 910 000	950
Avkastning	4 047 865	2 000 000	2 047 865
Andre finansinntekter	113 353	0	113 353
Sum finansinntekter	11 085 218	8 010 000	3 075 218

Utbytte Tussa

Det ordinære utbyttet frå Tussa var kr. 3 910 950,- i 2017.


Aktiva, plasseringar i obligasjonsfond, pengemarkedsfond og eigedomsfond

Volda kommune si portefølje er plassert hos Storebrand. Tabellen nedanfor viser porteføljen fordelt på aktivaklasser og fond ved utgangen 2017:

Aktiva	Verdi pr 31.12.2017	Andel
Storebrand Norsk Kreditt IG 20	12 543 081	20,8 %
Storebrand Global Kreditt IG	8 461 705	14,0 %
Sum obligasjonsfond	21 004 786	34,8 %
Storebrand Likviditet	21 886 827	36,3 %
Storebrand Rente+	10 126 684	16,8 %
Sum pengemarkedsfond	32 013 511	53,1 %
Storebrand Eiendomsfond Norge KS	7 276 083	12,1 %
Sum totalt	60 294 380	100,0 %

* Markedsverdi ekskl. bankbeholdning.

Porteføljen ga en avkastning på 3,86% i 2017, som er 1,58% over referanseindeksen. Alle aktivaklasser bidro til et godt resultatet for året. Nedenfor er porteføljens utvikling i 2017 sammenliknet med benchmark/referanseindeks.



Det er etablert et sett av forhåndsdefinerte referanseindekser for å kunne evaluere forvalternes avkastning i forhold til markedet forøvrig. En referanseindeks gir uttrykk for en veid sammensetning av verdipapirene (f.eks. obligasjoner) i et marked. Endringer i indeksens verdi viser markedets utvikling i gjennomsnitt.

Alle Storebrands fond og pensjonsmidler har krav til samfunnsansvar.

Vurdering og håndtering av finansiell risiko

Kommunen vurderer fortløpende sin finansielle risiko i porteføljen.

3.6 Investeringar

Tabellen under viser investeringane for 2017.

Investeringsprosjekt	Regnskap 2017	Revidert budsjett 2017	Avvik
IKT Volda kommune	1 421 595	1 154 614	266 981
Interkommunale IKT investeringar	708 680	1 652 973	-944 293
Oppgradering Win Tid/Min Tid	-	52 635	-52 635
Infrastruktur IKT Oppvekst	2 687 187	1 550 000	1 137 187
Kjøp av Gbr 19/94 "Corner"	1 553 775	1 554 000	-225
Volda rådhus - Inventar (GAR)	88 957	419 089	-330 132
Digitalisering byggesaksarkiv (ijj)	-	63 971	-63 971
IKT-satsing i grunnskulen (khe)	449 063	500 000	-50 938
Helsestasjon - Elbil	250 000	230 000	20 000
Nettbrett barnehage og skule	2 057 520	1 500 000	557 520
Kombidamparar avdelingskjøkkena (jn)	-	595 000	-595 000
Håndstyrte terminalar PLO	-	103 145	-103 145
Utskifting av fatvaskarar (SBR)	200 788	543 181	-342 394
Buss	-	950 000	-950 000
Trygghetsalarmer	-	400 000	-400 000

Investeringsprosjekt	Regnskap 2017	Revidert budsjett 2017	Avvik
Omsorgssenteret - Inventar og utstyr	1 246 752	1 200 000	46 752
Skinner i tak for takheiser	-	3 000 000	-3 000 000
Bil til driftsteknikar	250 000	250 000	-
Ny bil - Hamna dagsenter	484 739	500 000	-15 261
Omsorgssenteret, utskifting av utstyr på kantine	553 978	500 000	53 978
Volda u-skule, opprusting	384 779	3 711 585	-3 326 806
Ny Øyra skule (ki)	60 960 388	105 916 584	-44 956 196
Volda u-skule, oppussing - sjå 501001 (ki)	44 875	-	44 875
Omsorgsbustader, erstatning for Mork bustader (ki)	-	1 200 000	-1 200 000
Ombygging Folkestadtun	115 487	1 332 293	-1 216 806
Bygging av midlertidige husvære - ved Maurtua	1 415 587	410 363	1 005 224
ENØK tiltak (i henhold til klimaplanen)	268 620	262 149	6 471
Volda rådhus, brann - oppattbygging og servicetilrettelegging	-	3 150 021	-3 150 021
Omsorgssenteret - takteking (KMR)	832 456	968 418	-135 962
Alarmanlegg Omsorgssenteret (KMR)	385 564	-	385 564
Forprosjekt Campus Høgskulen	526 313	350 000	176 313
Rådhus 2. etasje, ombygging (amf)	87 931	-	87 931
Oppgradering Mork/Nilletun	33 476	1 168 805	-1 135 329
Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen	208 194	18 120 609	-17 912 415
Lyskjelder kinosal	-	486 744	-486 744
Voldahallen - tilstand, rehabilitering, nybygg (KMR)	-	646 004	-646 004
Volda omsorgsenter automatisk døråpner	-	142 780	-142 780
Fjordsyn - Fellesareal barn	97 683	200 000	-102 317
Etablere FDV/ombygging FDV avdeling	1 069 637	775 110	294 527
Leikeplassar (skular/barnehagar)	75 494	1 000 000	-924 506
ROP (rus og psykisk helse) 7 stk (midl.bustadar)	15 605 114	21 738 884	-6 133 770
EPC gjennomføringstiltak	27 397 944	77 166 030	-49 768 086
Mork skule - kapasitetsutviding	1 441 322	2 000 000	-558 678
Oppgradering Prestagata 33	222 247	1 350 000	-1 127 753
Oppgradering kommunale bygg	1 502 064	6 917 300	-5 415 236
4.etasje omsorgssenteret	30 406	3 200 000	-3 169 594
Oppgradering Røyslida/Smalebakken	96 933	5 000 000	-4 903 067
Ny barnehage sentrum	95 953	1 000 000	-904 047
Nytt tak Prestegata 33	1 088 188	850 000	238 188
EPC opsjon etablering 3. etg - Ivar Åsen bygget	660 775	16 000 000	-15 339 225
Fjordsyn - spesialtilpasning for brukar	33 619	500 000	-466 381
Barneavlastinga - ombygging/oppgradering	872 844	1 250 000	-377 156
Oppgradering ventilasjon vaskeriet - Omsorgssenteret	-	400 000	-400 000
Folkestadtun - oppgradering	-	1 000 000	-1 000 000
Barnehagar avbøtande tiltak	297 745	500 000	-202 255
Kjøp/bygging av bustadar til flyktningar (KMR)	-	6 000 000	-6 000 000
Nærmiljøanlegg Folkestad skule	173 176	181 250	-8 075
Etablering 2 bustadsmodular - Rotset	168 495	2 705 000	-2 536 505

Investeringsprosjekt	Regnskap 2017	Revidert budsjett 2017	Avvik
Utviding av Mork barnehage	143 901	1 983 000	-1 839 099
Skatepark (ga)	-	250 000	-250 000
Myrtun på Rotset, tilbygg for vassverket	4 755 251	5 715 501	-960 250
Engeset/Klepp, 3. byggesteg	1 355	-	1 355
Diverse grunn sentrum	2 503 690	2 480 853	22 838
Kommunale vegar, utbetring (aaa)	1 974 715	2 000 000	-25 285
Trafikktrygging og miljøtiltak (aaa)	702 013	900 000	-197 987
Friluftslivstiltak (rt)	159 248	1 002 600	-843 352
Bustadfelt Urbakkfoten - Håmyra (aaa)	206 898	-	206 898
Utbetring veg frå Rotevatn til Vassbotn (aaa)	5 825 109	21 589 471	-15 764 362
Næringsområde Øvre Rotset	859 577	8 930 674	-8 071 097
Bustadfelt på bygdene	39 125	-	39 125
Kommunal del sentrumsutvikling	542 910	8 886 034	-8 343 124
Hamnekvart/Elvadalen - prosjektering m.m. (T.Stensø)	731 749	-	731 749
Elvadalsprosjektet	65 109	-	65 109
Utbygging felt Bratteberg	-	639 253	-639 253
Hjartåbygda, behandlingsanlegg vatn (aaa)	1 313 203	-	1 313 203
Vikeneset og Mork Silanlegg (AAAS)	-	5 415 951	-5 415 951
Utbygging bustadfelt K 10, Klepp	1 089 619	3 993 003	-2 903 385
Sambindingsveg over Håmyra	11 272 971	12 736 104	-1 463 133
Lerkane - Storgata, veg og rundkøyring	589 668	-	589 668
VA-anlegg Gymnasvegen - Porsemyrvegen (rt)	584 532	-	584 532
Skulebakken Haugen Lauvstad	6 722 086	6 679 524	42 562
Plentraktor (2015)	-	34 375	-34 375
Flomsikring Volda sentrum Melshornsida	4 907 897	2 911 869	1 996 028
Veghøvel (2015)	3 444 961	2 700 000	744 961
Utbygting veglys til LED finansiert ved straumsparing	5 128 539	4 963 540	164 999
Traktor (2015) (rto)	-	320 000	-320 000
Bustadfelt Gôtene, Lid (rto)	79 125	-	79 125
Flomførebygging Heltneelva	206 691	2 981 288	-2 774 597
Fast dekke kommunale areal/vegar finansiert drift	592 722	614 738	-22 016
Kommunal andel Volda Idrettspark	812 500	812 500	-
Maskiner og køyretøy til parkdrift	-	857 303	-857 303
Maskiner og køyretøy til vegdrift	-	978 125	-978 125
Avløp samleinvestering	1 019 337	1 958 859	-939 522
Utskifting av felleleidning Porsemyrvegen - And. Vass. Veg	-	725 000	-725 000
Digitalisering	189 174	535 000	-345 826
Ny base for kommunalteknisk drift, Myrtun	42 320	1 500 000	-1 457 680
Leidningsutskifting	-	1 500 000	-1 500 000
VA utskifting Porsemyrvegen 2017	2 406 358	3 500 000	-1 093 642
Ny bil - avløp	362 528	500 000	-137 472
Avløpsreinseanlegg Fyrde	-	1 000 000	-1 000 000
Avløpsreinseanlegg Dravlaus	89 745	1 000 000	-910 255
Omlegging av avløpsleidning Øyra skule	179 218	1 740 000	-1 560 782

Investeringsprosjekt	Regnskap 2017	Revidert budsjett 2017	Avvik
Trafikktrygging og parkering Oppigarden og Sollia barnehagar (rto)	4 153	-	4 153
Sansehagen - oppgradering av hagen	-	500 000	-500 000
Full rehabilitering av Skinnvikbrua	112 113	1 500 000	-1 387 887
Vatn samleinvestering (LF)	2 640 132	475 501	2 164 631
Leidningsutskifting (LF)	276 052	1 500 000	-1 223 948
VA utskifting Porsernyrvegen 2017 (LF)	1 017 581	3 500 000	-2 482 419
Naudstraumsagregat (LF)	-	1 300 000	-1 300 000
Reservevatn frå Ørsta (LF)	-	4 500 000	-4 500 000
Nytt vassinntak Lauvstad vassverk (LF)	-	5 300 000	-5 300 000
Nytt vassinntak Dravlaus vassverk (LF)	74 553	2 700 000	-2 625 447
Prosjektering oppgradering av vassverk (LF)	-	600 000	-600 000
Digitalisering vassverk (LF)	33 212	535 000	-501 788
Prosjektering av Dinglavatn dammar (LF)	-	400 000	-400 000
Ny base for kommunalteknisk drift, Myrtun (LF)	-	1 500 000	-1 500 000
Overvassleidning Klokkarvegen - Kleppevegen (LF)	-	4 000 000	-4 000 000
Høgdebaseng Fyrde (LF)	926 233	500 000	426 233
Bjørnevegen reduksjonskum	62 847	500 000	-437 153
Engesetgeila reduksjonskum	34 129	500 000	-465 871
Heltnevegen trykkforsterking	1 044 471	500 000	544 471
Dalsbygdvegen reinvestering, sikring mot utrasing (rto)	753 581	750 000	3 581
Mannskapsbil - grønt og park	838 535	-	838 535
Pickup/varebil med kran	767 541	-	767 541
Ny renovasjonsløyising - Kommunale utleigebygg	1 175 351	970 000	205 351
Volda Fiskerihamn	700 000	700 000	-
Program GIS (jv)	-	272 969	-272 969
Digitalt kartleggingsprosjekt (lke)	-	283 803	-283 803
Nødnett (RIH)	57 344	544 356	-487 012
Brann - Beredskapsmateriell og kjøretøy	704 741	700 000	4 741
Feiing	-	183 484	-183 484
Formidlingslån - ordinære avdrag	-234 735	-	-234 735
Formidlingslån - EKSTRA-ordinære avdrag	234 735	-	234 735
SUM	198 912 756	453 368 215	-254 455 459

Som tabellen viser er det stor differanse mellom det som Volda kommune har ambisjon om å gjennomføre av investering og det som er gjennomført. Vel 254,5 mill kroner står igjen som restverdi ved årsslutt. Det siste halve året er det arbeidd godt med planlegging og prioritering i forhold til investeringar. Målet er at vi i 2018 har fått på plass eit budsjett basert på det som er realiserbart å gjennomføre.

3.7 Diverse nøkkeltal

Skattedekningsgrad og rammetilskotsgrad

Skattedekningsgraden viser kor stor del av driftsutgiftene som blir dekt av skatt på formue og inntekt, og viser kor mykje skatteinntektene har å seie for finansiering av drifta. Kommunar med høg skattedekningsgrad er mindre avhengig av andre driftsinntekter (vice-versa).

Rammetilskotsgraden viser tilsvarende kor mykje av drifta som blir dekt av rammetilskotet frå staten. Tabellen under viser nøkkeltala for dei 3 siste åra:

	2017	2016	2015
Rammetilskot	300 215 814	260 078 170	250 765 956
Skatteinntekter	209 347 312	206 754 873	193 969 561
Sum driftsutgifter	834 179 683	805 650 234	740 827 631
Rammetilskotsgrad	35,99 %	32,28 %	33,85 %
Skattedekningsgrad	25,10 %	25,66 %	26,18 %
Samla	61,09 %	57,94 %	60,03 %

Vi ser av tabellen ovanfor at rammetilskotsgrad og skattedekningsgrad auka med omlag 3% frå 2016 til 2017. Forklaringa til det er at kommunen har fått mykje meir i rammetilskot og skatteinntekter enn det som var forventa.

Brutto investeringar i % av driftsinntektene

Tabellen under viser kor mykje brutto investeringar utgjer av dei totale driftsinntektene.

	2017	2016	2015
Sum driftsinntekter	875 839 787	826 203 122	765 080 146
Investeringar	198 912 756	186 328 370	95 004 196
Brutto investeringar i % av driftsinntektene	22,71 %	22,55 %	12,42 %

Renter og avdrag (eksklusive renter formidlingslån) i % av driftsinntektene

Nøkkeltala i tabellen under seier oss kor mykje brutto finanskostnader (frå driftsrekneskapen) utgjer av sum driftsinntekter:

	2017	2016	2015
Renter og avdrag i % av driftsinntektene	5,12 %	4,66 %	4,71 %

Likviditet

I dette avsnittet skal vi sjå på likviditeten til Volda kommune. Det vil bli sett nærare på utviklinga i arbeidskapitalen, stamlikvidar samt likviditetsgrad 1 og 2.

Arbeidskapitalen blir definert som differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, og er i teorien den kapitalen som er tilgjengelig til investeringar og innkjøp. Tabellen under er ikkje korrigert for premieavvik.

Tabellen under viser endringa i arbeidskapital for dei 3 siste åra.

Arbeidskapital	2017	2016	2015
Omløpsmidler	282 718 833	350 040 799	304 840 606
Kortsiktig gjeld	143 333 051	149 215 689	131 766 796
Arbeidskapital	139 385 782	200 825 110	173 073 810
Endring i Arbeidskapital	-61 439 328	27 751 300	-8 457 312

Arbeidskapitalen har blitt redusert frå 2016 til 2017 med omlag 61 mill kr. Dette har som forklaring etterslepp på låneopptak i 2017.

Tabellen under viser likviditetsgrad 1 og 2.

Likviditetsgrad 1 seier noko om kommunen si evne til å dekke kortsiktig gjeld. Dette nøkkeltalet bør vere større enn 1, og vert utrekna med å dividere pengebeholdning (kasse, bankinnskott) med kortsiktig gjeld.

Likviditetsgrad 2 vert rekna ut ved å dividere omløpsmidlar med kortsiktig gjeld, og må være større enn 2 dersom kommunen skal ha god likviditet. Tabellen under viser likviditetsgrad 1 og 2 for dei tre siste åra.

Likviditetsgrad 1 og 2	2017	2016	2015
Kasse/bankinnskudd	113 074 759	163 972 665	118 405 350
Omløpsmidler	282 718 833	350 040 799	304 840 606
Kortsiktig gjeld	143 333 051	149 215 689	131 766 796
Likviditetsgrad 1	0,79	1,1	0,9
Likviditetsgrad 2	1,97	2,35	2,31

Dersom ein tek utgangspunkt i kontantbeholdning/kontantar og korrigerer for likvider som er bundne til ulike formål (ubrukte lånemidlar, bundne fondsmidlar, konto for skattetrekk), kjem vi fram til kor mykje kommunen har i stamlikvidar. Tabellen under viser stamlikvidar for dei 3 siste åra:

	2017	2016	2015
Kasse/bankinnskudd (*)	95 871 553	146 516 653	101 425 812
(-) Bundne fond	45 038 402	24 136 609	30 152 068
(-) Unytta lånemidlar	-81 678 506	24 731 449	14 128 544
Stamlikvidar	-30 845 356	97 648 595	57 145 200

(*) = Skattetrekkkonto er trekt ut

Stamlikvidane har blitt redusert med omlag 128 mill kr frå 2016 til 2017. Store delar av dette kjem som følge av at store delar av investeringskostnadane (81,7 mill kr) er betalt av ledige likvide midlar og ikkje finansiert med lån som budsjettert. I tabellen kjem dette fram som negativt tal under unytta lånemidlar. Låneopptak er tatt opp 1 kvartal 2018. Auken i bundne fond kjem av midlar til kommunesamanslåing som er utbetalt med ikkje nytta i 2017.

3.8 Fondsmidler

Det er 4 ulike fond i kommunerekneskapen:

- Bundne driftsfond
- Ubundne driftsfond (inkludert disposisjonsfond)
- Ubundne investeringsfond
- Bundne investeringsfond

Volda kommune har ved utgangen av 2017 om lag 174 mill kr på ulike fond:

	2017	2016	2015
Ubundne driftsfond	59 893 744	60 043 333	31 956 285
Bundne driftsfond	45 038 402	21 830 827	23 880 691
Ubundne investeringsfond	60 454 883	62 488 914	65 214 241
Bundne investeringsfond	8 968 000	2 305 782	6 271 377
Sum	174 355 029	146 668 856	127 322 594

Bundne driftsfond

Bundne driftsfond kan berre brukast til bestemte formål i driftsrekneskapen. Pr. 31.12.2017 hadde Volda kommune i underkant av 45 mill kr i bundne driftsfond (fordelt på 96 ulike fond). Dei store fonda her er:

- Sjølvkost området kloakk 0,4 mill kr.
- Sjølvkostområdet vassverk 2,1 mill kr.
- Sjølvkostområdet feiing 1,0 mill kr.
- Fond for kompensasjonsmidlar for næringslivet i Volda (auka arbeidsgjevaravgift) utgjer omlag 2,6 mill kr.
- Konesjonsfond for kraftfondet 1,5 mill kr.
- Midlar til kommunesamanslåing 25,5 mill kr

Ubundne driftsfond

Tabellen under viser utviklinga til disposisjonsfondet i perioden 2015-2017:

	2017	2016	2015
Disposisjonsfond	59 893 744	60 043 333	31 956 285
Sum	59 893 744	60 043 333	31 956 285

Disposisjonsfond kan nyttast fritt på både investering og driftsbudsjettet. Eit viktig føremål til disposisjonsfondet er å kunne møte utgifter som det ikkje er tatt høgde for.

All bruk av disposisjonsfond må vedtakast av kommunestyret.

I tabellen over har vi ikkje med disponering av årets overskot. Framlegg til korleis dette vert foreslått disponert er omtale i kap. 3.9

Ubundne investeringsfond

Ubundne investeringsfond kan nyttast til eigen- eller del-finansiering av kommunale investeringsprosjekt. Fonda utgjer samla omlag 60,4 mill kr ved 31.12 2017.

Dei ubundne investeringsfonda til Volda kommune skriv seg i hovudsak frå sal av Volda kommunale el-verk og Tussa-aksjar (utgjer i overkant av 51 mill kr ved utgangen av året). Desse midlane vart i si tid likviditetsmessig plassert i finansmarknaden (aksje, obligasjon og pengemarknadsfond). Ved eventuell bruk av investeringsfonda til å finansiere investeringar må plasseringa i obligasjon - og aksjemarknaden bli tilsvarende redusert.

Bundne investeringsfond

Bundne investeringsfond kan berre brukast til bestemte formål i investeringsrekneskapen, og er på kr 8 968 000,- ved utgangen av 2017. Dette er ein auke på om lag 6,5 mill kr i høve til 2016. Hovudforklaringa til auken er 4,6 mill kr knytt til formidlingslån.

3.9 Risikovurdering

Volda kommune står framfor store investeringar og forpliktingar knytt til eksterne sine investeringar. Dette gjer at lånegjelda veks og at kapitalkostnadane aukar. Vi har tidlegare i årsmeldinga sett at store delar av låneporteføljen ligg med kortsiktige renter, noko som gjer oss sårbar ved renteauke. Ein auke på 1 % i rente medfører om lag 5,7 mill kr i auka rentekostnad.

Den nye kommuneloven som no er ute på høyring endrar reglane for berekning av minimumsavdrag på lån. Dette gjer at Volda sine avdrag vil auke med fleire millionar kr pr år.

I perspektivmeldinga til regjeringa ser vi forventningar om effektivisering i kommunal tenesteproduksjon som følgje av mindre inntekter og auka kostnadar til pensjon og demografi.

Alle desse faktorane gjer at vi har risiko i økonomiforvaltninga vår. Volda har i dag midlar på disposisjonsfondet. Det er viktig å styrke dette fondet slik at vi kan ta høgde for både ønska utvikling og sikring i forhold til dei ulike risikomomenta som ligg der.

3.10 Disponering av årets resultat

Rekneskapen 2017 vert lagt fram som sak der vi rår til at mindreforbruket i 2017 vert sett av til disposisjonsfond. Samtidig så ønskjer vi å «øyremerke» delar av disposisjonsfondet til rentereguleringar. Dette for å kunne handtere uforutsette renteendringar framover.

Tilrådinga som vert lagt fram er:

«Årets rekneskapsmessige resultat på 41,4 mill kr vert sett av til disposisjonsfond. 12 mill kr av desse vert «øyremerka» rentereguleringsfond.

3.11 KOSTRA- tal

KOMMUNE – STAT –RAPPORTERING (KOSTRA) er et nasjonalt informasjonssystem for å få fram relevant styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjonen om kommunale tenester og bruken av ressursar på ulike tenesteområde blir registrert og stilt opp på ein måte som bør være relevant og interessant for avgjerdstakarar, både nasjonalt og lokalt.

Informasjonen skal tene til betre grunnlag for analyse, planlegging og styring, og såleis gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål blir nådd. KOSTRA tek sikte på forenkling av innrapportering frå kommunesektoren til staten med utgangspunkt i prinsippa om at data i størst mogleg grad skal vere nyttige for både kommunesektoren og staten, og at data berre skal registrerast ein gong med sikte på å bli brukt fleire gonger.

KOSTRA har som mål å bringe fram relevant, påliteleg, aktuell og samanliknbar styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjonen skal gi grunnlag for betre statleg og kommunal styring og betre dialog mellom kommunane og innbyggjarane.

I tabellane under har vi henta ut Volda kommune og gjort samanlikningar med Hornindal, Ørsta, snittet for landet utan Oslo, snittet for Møre og Romsdal og snittet for kostragruppe 11. Kostragrupper vert definert etter folketal, bundne kostnader og frie disponible inntekter pr innbyggjar. Volda er definert i gruppe 11, som er mellomstore kommunar med middels bundne kostnader pr innbyggjar og middels frie inntekter.

Kostrata som vert presentert her er foreløpige tal for 2017 og baserer seg på tal sendt inn frå kommunane den 15. mars 2018. Endelege Kostra-tal kjem 15. juni og baserer seg på ferdige reviderte rekneskapstal frå kommunane.


Nøkkeltal

Nøkkeltal	Volda 2016	Volda 2017	Hornindal	Ørsta	Landet uten Oslo	Møre og Romsdal	Kostragruppe 11
Frie inntekter i kroner per innbygger	51 289	55 460	71 718	53 431	53 540	54 343	55 114
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,7 %	4,6 %	2,3 %	1,2 %	3,7 %	3,3 %	2,6 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	91 767	106 414	78 049	75 232	70 244	86 766	78 476
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	99,7 %	110,6 %	77,7 %	95,3 %	84,0 %	99,8 %	86,0 %
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	7,9 %	10,3 %	18,7 %	7,8 %	9,9 %	6,5 %	6,5 %
Eiendomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter	2,0 %	1,9 %	0,0 %	2,4 %	3,2 %	4,3 %	3,6 %
Salgs- og leieinntekter i prosent av brutto driftsinntekter	10,1 %	10,3 %	13,0 %	13,2 %	14,0 %	13,6 %	13,2 %

Prioriteringar – netto driftsutgifter pr innbyggjar

Tabellen under viser korleis Volda sine prioriteringar for både 2016 og 2017. For 2017 kan vi samanlikne tala med dei andre kommunane.

Netto driftsutgifter pr innbyggjar	Volda 2016	Volda 2017	Ørsta 2017	Hornindal 2017	Møre og Romsdal 2017	Kostragruppe 11 2017	Landet uten Oslo 2017
Pleie og omsorg	17 402	17 900	18 580	20 420	18 463	16 938	17 098
Grunnskole	13 272	14 534	12 915	11 764	13 796	14 196	13 461
Barnehage	8 141	8 391	9 277	9 170	8 724	8 328	8 326
Adm, styring og fellesutgifter	4 701	4 884	4 454	4 387	4 324	4 654	4 520
Sosiale tjenester	2 028	2 140	1 928	1 057	2 385	2 967	2 781
Kommunehelse	2 247	2 264	2 062	2 474	2 391	2 670	2 578
Barnevern	2 036	1 016	228	180	1 534	1 515	1 602
Kultur og idrett	1 101	1 290	1 474	1 728	1 819	2 103	2 217
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	765	790	537	863	652	573	671
Andre områder	2 698	2 693	2 796	3 616	2 683	2 905	2 427
- Brann og ulykkesvern	1 009	1 020	975	1 590	963	933	820
- Kommunale boliger	-348	-392	-142	-301	-175	-29	0
- Samferdsel	1 391	1 522	1 511	2 391	1 030	1 251	960
- Næringsforv. og konsesjonskraft	-155	-257	-196	-564	154	26	-25
- Kirke	801	800	648	500	711	724	672
Totalt	54 391	55 902	54 251	55 659	56 770	56 850	55 681



Kvalitet

Tabellen under viser Volda kommune sin kvalitetsindeks pr tenesteområde. Kvalitetsindeksen viser kor gode teneste er i prosent av landsgjennomsnittet. Indeks over 100 prosent betyr betre enn gjennomsnittet.

Kvalitet	Volda 2014	Volda 2015	Volda 2016	Volda 2017
Total	96,3 %	96,2 %	100,6 %	85,5 %
Grunnskole	100,4 %	106,4 %	90,5 %	80,8 %
Barnehage	99,7 %	108,9 %	113,5 %	114,0 %
Barnevern	94,3 %	93,0 %	95,3 %	99,7 %
Pleie og omsorg	81,1 %	81,7 %	98,7 %	74,9 %
Kommunehelse	91,0 %	84,0 %	99,5 %	105,5 %
Sosiale tenester	136,5 %	119,8 %	135,0 %	141,3 %
Kultur og idrett	78,5 %	72,4 %	84,7 %	28,6 %
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	100,7 %	31,6 %	59,8 %	25,5 %
Brann og ulykkesvern	84,6 %	101,1 %	90,7 %	96,2 %
Samferdsel	65,6 %	68,3 %	72,1 %	135,1 %
Kommunale boliger	114,7 %	86,9 %	80,1 %	52,4 %
Vann, avløp og renovasjon	147,4 %	149,6 %	144,4 %	73,1 %

Som vi ser ligg både barnehage, kommunehelse, sosiale tenester og samferdsel i 2017 over landsgjennomsnittet.

Kommunebarometeret

Kommunebarometeret er ei måling som Kommunal Rapport kjem ut med kvart år. Kommunane vert rangert etter 152 nøkkeltal (henta mellom anna frå Kostra) på tvers av 12 ulike områder.

Volda havnar på ein 42. plass i den foreløpige utgåva av kommunebarometeret, justert for . Nøkkeltala er klart betre enn økonomiske føresetnadar og klart betre enn normalen i Kommune-Norge. Det er ei klar overvekt av nøkkeltal som viser positiv utvikling det siste året, når vi tek hensyn til kor tungt vekta kvart nøkkeltal er i barometeret. Utviklinga er om lag på linje med normalen i Kommune-Norge, som også har fleire nøkkeltal som er betra enn forverra.

Kommunebarometeret	Volda 2015	Volda 2016	Volda 2017	Endring 16-17
Totaltabellen	91	97	42	55
Rangering inntektsnivå	379	346	346	0
Kostnadsnivå	170	227	241	-14
Grunnskole	65	109	181	-72
Pleie og omsorg	284	334	207	127
Barnevern	378	377	248	129
Barnehage	51	21	9	12
Helse	289	140	123	17
Sosial	282	232	148	84
Kultur	328	320	224	96
Økonomi	209	235	142	93

Miljø og ressurser	33	95		
Saksbehandling		231	196	35
Vann, avløp og renovasjon	100	25	31	-6

Tabellen viser kva plass Volda vert rangert samanlikna med alle kommunane i Norge. Volda er i toppsikte innan barnehage (9. beste kommune) og den svakaste plasseringa i barnevern (248. plass).

Meir detaljar ligg i analysenotat som ligg som vedlegg til årsmeldinga.

4 PERSONALPOLITIKK

4.1 Stillingsressursar og tilsette

Sektor	Tilsette			Antall <50 %	Herav Kvinner	Menn
	%	Antall	Kvinner			
Rådmann	1,00	1				
Samfunn og rådgjeving	2	2				
Personal og organisasjon	12,45	18	13	5	4	1
Økonomi	9	10	9	1	2	
Opplæring og oppvekst	263,88	365	309	56	111	101
Helse og omsorg	250,08	371	319	52	114	97
Service og kultur	11,70	16	16		6	
Politisk verksemd	1,30	2	1	1	1	
Teknisk	58,94	107	29	78	54	10
Utvikling	9,00	9	5	4		
Barneverntenesta	63,41	77	60	17	10	8
Volda kommune	682,76	978	761	217	303	229

Volda kommune har pr 31.12 17 682,76 årsverk fordelt på 978 tilsette. Av desse er 761 kvinner og 217 menn. Tala for kvar sektor vil ikkje vere heilt nøyaktig, men det totale talet stemmar Tal på årsverk vil variere gjennom året, alt etter som det er vakansar, nytilsettingar eller andre høve som kan spele inn. Av dei 978 tilsette er det 303 som jobbar mindre enn 50 %. Ikkje uventa er kvinner den største gruppa her. Både arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane er klar over utfordringane med deltid, særleg i Helse og omsorgssektoren, men vi ser at det er om lag like mange med deltid i Opplæring og oppvekst. Det vil vere nyttig å gå inn i tala og sjå på samanhengar mellom stillingsstorleik, alder, kjønn og t.d sjukefråvær.

4.2 Sjukefråvær

	2017		2016	
Fråværsdata	Dagsverk	Fråværsprosent	Dagsverk	Fråværsprosent
Moglege dagsverk (Alle dagsverk som er med i sjukefråværsstatistikken)	179 495		174 815	
Eigenmeldt fråver dagsv.	2093	1,17 %	2020	1,16 %
Sjukemeldt fråver 1-3 dagsv.	167	0,09 %	274	0,16 %
Sjukemeldt fråver 4-16 dagsv.	1 786	1,00 %	1 763	1,00 %
Korttidsfråver (1-16 dagar)	4 046	2,25 %	4 057	2,32 %
Fråvær 17-56 dagsv.	5 617	3,13 %	4 711	2,69 %
Fråvær over 56 dagsv.	6 144	3,42 %	4 854	2,78 %
Langtidsfråver (>16 dagar)	11 761	6,55 %	9 565	5,47 %
Total fråversdagar	15 807	8,81%	13 622	7,79 %

Sektorvis fråværsprosent:

Sektor	Fråvær 2017	Fråvær 2016
Samfunn og rådgjeving	3,59 %	25,62 %
Personal og organisasjon	4,33 %	4,16 %
Økonomi	2,05 %	4,40 %
Opplæring og oppvekst	7,19 %	6,64%
Helse og omsorg	12,09 %	9,53 %
Service og kultur	3,45 %	5,73 %
Teknisk	8,28 %	9,47 %
Sjølvkostnader	3,33 %	8,45 %
Utvikling	11,33 %	2,46 %
Barnevern	7,93 %	7,33 %

Det har vore ei auke i sjukefråværet frå 2016 til 2017. Om ein ser vekk frå 2014 (9,78%) er det totale fråværet i 2017 det høgaste det har vore på 10 år. Samanlikna med 2016 er det særleg langtidsfråværet som har stege, frå 5,47 % i 2016 til 6,55 % i 2017. Det er verd å merke seg at det totale fråværet i 2016 på 7,79 % er det lågaste vi har hatt dei siste 10 år.

Både politisk nivå, administrasjonen og leiarane er bekymra for denne utviklinga. I oktober 2017 vart rådmannen i eit oversendingsframlegg frå kommunestyret bedt om å ta grep. I 2018 vil det bli satt i gang eit prosjekt for å auke nærværet i heile organisasjonen. Prosjektet vil starte i Helse- og omsorg.

4.3 Helse, miljø og tryggleik (HMT)

I 2017 vart det laga overordna HMT-plan for kommunen, vedteken i AMU 30.06.17. Gjeldande internkontrollhandbok var vedteken i kommunestyret 2. mars 1995, og var moden for omarbeiding og tilpassing til gjeldande lovverk og føreskrifter. Den overordna planen viser ei oversikt over organisasjonen, ansvar og mynde i arbeidet, plan for opplæring i kartlegging av risiko og utarbeiding av tiltaksplan.


I august og september vart det gjennomført opplæring i alle leiargruppene i gjennomføring av ei slik kartlegging, og i løpet av hausten kartla 93 % av alle arbeidsplassane risiko og utarbeida tiltaksplan.

I 2017 vart det også satt fokus på det lokale partssamarbeidet. Møter mellom leiarar, tillitsvald og verneombod skal gjennomførast jamleg på alle arbeidsplasser. I Volda har vi valt å kalle desse gruppene for STIM-grupper, som står for *samarbeid, tryggleik, inkludering og miljø*.

4.4 Medarbeidarundersøking 10-faktor

I perioden 6.-19. mars vart det gjennomført ei web-basert medarbeidarundersøkinga kalla 10-faktor. Undersøkinga vart sendt ut til alle tilsette, inkludert dei med små stillingar og vikarar. Undersøkinga vart sendt ut til 992 tilsette, og 720 svarte. Det gir ein svarprosent på 73, noko vi er godt nøgde med.

I samband med undersøkinga vart det gjennomført tre utvida leiarsamlingar, to førebuande og ei der ein såg på resultatata. På den siste leiarsamlinga vart det bestemt at vi skulle ha eit felles fokus på faktoren meistringsorientert leing. I tillegg har alle avdelingar hatt egne prosessar der dei har gått gjennom resultatata og valt seg ut to faktorar dei skal jobbe spesielt med.



5 BEREDSKAP

Kommunane har ei sentral rolle i arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap.

Rolla er tydeleggjort gjennom kommunal beredskapsplikt, slik denne kjem fram m.a. i ”sivilbeskyttelsesloven”.

Beredskapsplikta pålegg kommunen å arbeide heilskapleg og systematisk med samfunnssikkerheit og beredskap, og understrekar samtidig kommunens viktige rolle som samordnar og pådrivar i dette arbeidet.

Status planar

Kommunen sine planar for handtering av krise er pr. dato:

- Overordna ROS-analyse (2015)
- Kommuneplan, samfunnsdel 2016-2028 (vedteken i K.styret 25/6-16 PS-sak 55/16)
- Planprogram arealdel 2018-2030 (vedteken i K.styret 15.12.2016)
- Kommunal planstrategi vedteken i K.styret 02.03.2017 PS-sak 16/17
- Reglement for kommunen sitt beredskapsarbeid.
- Beredskapsplan/Plan for Kriseleiing i Volda kommune
- Kvalitetssystem for beredskapsarbeidet
- Fagplanar (går fram av vedlegg 5 i Beredskapsplanen)

Aktivitet i kriseleiinga

- Møte i kriseleiinga i januar 2017.
- Kommunen fekk mange meldingar frå fylkesmannen om ekstremveir gjennom året utan at ein etter konkrete vurderingar fann å sette krisestab. Det vart likevel gitt melding til sektorane om at dei måtte foreta evt. tiltak for å motverke.
- Kommunen tok del i Kurs i bruk av CIM- krisestøtte verkty med 3 stk.
- To varslingsøvingar i regi av Fylkesmannen der den eine var bruk av satellitt-telefon.
- Fagsamling for kommunale beredskapsansvarlege 31.05 og 01.06 på Sæbø.
- Møte i Beredskapsrådet 15. juni 2017
- Saman med politiet hadde beredskapskonsulenten innlegg på Høgskulen sitt oppstartsmøte for nytt semester 14. august.
- Innstallert naudstrømsagregat på rådhuset. Er klargjort og testa.
- PLIVO-øving på flyplassen 17. oktober.
- Øving «Fårikål» (Fylkesmannen si årlege kriseøving) 23.oktober 2017
- Beredskapskonsulenten var observatør på Beredskapsøvelse Volda sjukehus 9. november

Tilsyn frå Fylkesmannen

Kommunen hadde tilsyn med kommunal beredskapsplikt frå Fylkesmannen i mars 2017.

Tilsynet avdekka to avvik:

- At det i ROS-analysen (den overordna risiko og sårbarheitsanalysen) manglar ei vurdering av kommunen si evne til å oppretthalde si verksemd etter at uønska hending har skjedd. Ei slik vurdering (analyse) er gjennomført i 2017 og attendemelding til Fylkesmannen og kontrollutvalet er utført.
- At Volda kommune oppfyller ikkje forskriftskrava til øving av beredskapsplanen.
- «Kvalitetssystemet» justert i høve til forskriftskravet og kommunen har inneverande år oppfylt forskriftskravet ved at kriseleiinga har øvd på kommunen sin beredskapsplan.

Attendemelding til Fylkesmannen og kontrollutvalet er utført.

6 VEDLEGG

Volda kommune er med i fleire interkommunale samarbeid. Årsmeldingar til desse ligg alle som vedlegg til sak om årsmelding. Dette gjeld:

SSIKT, Søre Sunnmøre IKT

NAV, Ørsta/Volda

Landbrukskontoret, Ørsta/Volda

PPT, Ulstein, Hareid, Ørsta og Volda

VOLDA - ÅRSMELDING 2017

KAP 4. NAV / SOSIALAVDELINGA

Folkehelse

Arbeidslina ligg til grunn i NAV, fokus på arbeid skal vere ein raud tråd i det meste av arbeidet vårt. NAV sin verksemdstrategi har m.a. «arbeid først» som mål. Forsking viser at det å vere utan arbeid aukar dødeligheit, helseproblem og forbruk av helsetenester. Å kome tilbake til/vere i jobb/aktivitet aukar sjølvkjensla og gir betre både generell og psykisk helse.

Høg yrkesdeltaking gir det einkilde menneske økonomisk sjølvstende og handlingsrom, og er samstundes den viktigaste arenaen for sosial inkludering. Å lukkast med å styrke brukarane sine mogelegheiter for å kome i arbeid/aktivitet, er eit viktig bidrag i eit folkehelseperspektiv.

Antal årsverk/stillingar

	Tal stillingar	Kjønn M K	Stillingsstorleik (antal 50% >)	Totalt årsverk
Kommune	8 - sosialkuratorar/ rettleiarar 1 - gjeldsrådgj.	Kvinner – 10	6 - 100% 1 – 85% 1 – 80% 1 – 60%	8,75 komm. årsverk Av desse: 0,5 årsverk – vakant hausten 2017 0,05 årsverk – permisjon
Stat	18 – rettleiarar 2 – avd.leiarar 1 - leiar	Kvinner – 15 Menn - 6	20 – 100% 1 – 80%	19,9 årsverk Av desse: 0,5 årsverk til settekontor

Vakanser 2017:

Antal årsverk	Periode	Årsak
0,5	010917 – 311217	Avgang til alderspensjon. Intern utlysing av stilling, ingen kvalifiserte søkjarar.
0,05	010117 - 311217	Omsorgspermisjon

OMTALE 2017

Hovedmål	Delmål (arbeidsmål)
1. Ein velfungerande arbeidsmarknad med høg yrkesdeltaking	1. Fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad
2. Eit inkluderende samfunn som sikrar alle mogelegheit til deltaking	2. Eit inkluderende arbeidsliv
3. Sikre økonomisk tryggleik for den einskilde	3. Verksemdar med ledige jobbar får dekkja sitt behov for arbeidskraft
4. Bekjempe fattigdom og utjamne økonomiske og sosiale ulikskapar	4. Bidra til at personar med nedsatt funksjonsevne kan ha ein aktiv kvardag
5. Ei helheitleg, effektiv og brukarorientert arbeids- og velferdsforvaltning	5. Eit økonomisk og sosialt bærekraftig pensjonssystem
	6. Betre levekåra for dei vanskelegast stilte
	7. Tenester og informasjon tilpassa brukarane sine behov
	8. Rett stønad til rett tid
	9. Effektiv drift og god gjennomføring av reformer

NAV har også i 2017 jobba mot ovannemnde hovudmål og delmål. Prioriterte målgrupper har vore ungdom, personar med nedsett funksjonsevne, innvandrar utanfor EØS-land og langtidsledige. Til grunn for arbeidet vårt ligg verksemdstrategien for Arbeids- og velferdsetaten og styringsdokument frå Arbeids- og velferdsdirektoratet. Både Mål – og disponeringsbrev for den statlege delen av NAV og Nasjonale mål, hovedprioriteringar og tilskott innanfor dei sosiale tenestene i arbeids- og velferdsforvaltninga (Kommunebrevet), gir retning og val av satsingsområder. Kommunen sine satsingar og prioriterte områder har vore styrande på lik line med statlege føringar.

Internt jobba vi våren 2017 med prosess knytt til omorganisering. Frå mai organiserte vi oss i 2 avdelingar, inkl. ei eiga gruppe som primært jobbar med sosiale/kommunale tenester. Gruppa har eigen koordinator/fagansvarleg. Vi tilsette også 2 avdelingsleiarar, som saman med NAV-leiar utgjør leiargruppa i kontoret

Hjellbakkane Barnehage Stiftelse	Sparebank 1 Søre Sunnmøre	724 332	01.05.2033
Hjellbakkane Barnehage Stiftelse	Sparebank 1 Søre Sunnmøre	76 216	01.10.2018
Fyrlykta Kulturhus SA	Sparebank 1 Søre Sunnmøre	212 114	11.09.2024
Kvakk AS (Bratteberg barnehage)	Husbanken	42 227 457	
Garantiar for husleigedepositum 62 stk	Volda kommune (gjennom NAV)	937 350	
Garantiar for husleigedepositum 22 stk	Private bustadar (gjennom NAV)	244 650	
Sum garantiar		102 948 831	

Volda kommune har ikkje hatt tap på garantiar i 2017.

I 2017 er det gjort vedtak om å stille kommunal garanti til Stiftelsen Varmtvassbassenget på kr. 180 000. Denne er ikkje effektuert.

Note 5 Aksjar og andeler i selskap

Konto	Selskap	Balanseverdi
22 120 000	7718 egenkapitalbevis i Sparebank1 Søre Sunnmøre	802 672,00
22 141 400	Eigenkapitalinnskott KLP	17 642 253,00
22 170 010	484 stk. Tussa Kraft AS (B-aksjar)	138 101 525,00
22 170 021	54 stk. Norske Skogsindustrier ASA (A-aksjar)	2 088,45
22 170 060	Folkestad Vassverk BA	7 500,00
22 170 090	166 stk. Furene as	31 500,00
22 170 100	45 stk Sunnmøre Kulturnæringshage AS	60 210,00
22 170 120	14 stk. Dag og Tid AS	1 902,00
22 170 160	2040 stk. Volda Skisenter AS	209 000,00
22 170 180	104 stk Bygderadio Vest AS	25 823,20
22 170 190	3 stk. Høydal Vassverk LL	6 000,00
22 170 230	50 stk. AV-Senteret AS	50 000,00
22 170 300	2 stk. LL Dalsbygd Vassverk	12 720,00
22 170 310	16,89 stk. LL Dalsbygd Kloakklag	160 000,00
22 170 350	40 stk. Muritunet AS	40 000,00
22 170 370	2 stk. Rovdefjordbrua as	10 000,00
22 170 380	85 stk. Hareid Fastlandssamband as	45 806,00
22 170 420	10 stk Fefast as	30 632,00
22 170 430	300 stk Voldsfjordkryssing AS	300 000,00
		157 539 631,65

Note 6 Avsetninger og bruk av avsetninger

Tall i 1 kroner	Regnskap 2017	Revidert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2016
DISPOSISJONSFOND				
Disposisjonsfond pr. 1.1	60 043 333	60 043 333	60 043 333	31 956 285
Avsatt til driftsregnskapet	21 489 982	44 984 982	0	37 906 211
Forbruk på investeringsregnskapet	-802 672	-802 672	0	-300 000
Forbruk på driftsregnskapet	-20 836 898	-20 836 898	-18 896 898	-9 519 163
Disposisjonsfond pr. 31.12	59 893 744	83 388 745	41 146 435	60 043 333
UBUNDNE INVESTERINGSFOND				
Ubundne investeringsfond pr. 1.1	62 488 914	62 488 914	62 488 914	65 214 241
Avsatt til ubundne investeringsfond	3 625 277	3 625 277	0	2 428 327
Bruk av ubundne investeringsfond	-5 659 308	-6 445 957	0	-5 153 653
Ubundne investeringsfond pr.31.12	60 454 883	59 668 235	62 488 914	62 488 914
BUNDNE INVESTERINGSFOND				
Bundne investeringsfond pr. 1.1	2 136 158	2 136 158	2 136 158	6 271 377
Avsatt til bundne investeringsfond	6 831 841	0	0	109 727
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	-4 075 322
Bundne investeringsfond pr. 31.12	8 968 000	2 136 158	2 136 158	2 305 782
BUNDNE DRIFTSFOND				
Bundet driftsfond pr. 1.1	22 000 451	22 000 451	22 000 451	23 880 691
Avsatt i driftsregnskapet	40 035 814	5 377 644	5 377 644	12 189 514
Bruk i driftsregnskapet	-16 997 862	-6 084 297	-5 874 297	-14 239 378
Bundet driftsfond pr. 31.12	45 038 402	21 293 798	21 503 798	21 830 827

Note 7 Transaksjoner mot kapitalkonto

	DEBET	KREDIT
INNGÅENDE BALANSE 25990000 - Kapitalkonto		219 926 380,39
25990600 Kapitalkonto anlegg aktivering		198 912 756,05
25990600 Kapitalkonto anlegg avskrivning	38 355 624,97	
25990640 Kjøp av aksjer og andeler		2 757 961,00
2599016* Mottatte avdrag på utlån	7 073 090,82	
2599066* Utlån		3 707 719,71
25990670 Oppskrivning utlån		160,00
25990180 Bruk av midler fra eksterne lån	161 409 954,72	
2599068* Avdrag på eksterne lån		27 598 876,00
25990750 Aktivering av pensjonsmidler		68 371 429,00
25990250 Endring pensjonsforpliktelser	64 966 668,15	
25990260 Endring skyldig arb.g.avgift av netto pensj. forpliktelse	619 811,47	
SUM	272 425 150,13	301 348 901,76
UTGÅENDE BALANSE	248 850 132,02	
KONTROLLSUM	521 275 282	521 275 282

Note 8 Interkommunale samarbeidstiltak med Volda kommune som kontorkommune

Følgjande interkommunale samarbeidstiltak har kontoradresse i Volda:

- Hamna dagsenter (organisatorisk plassert under Helse- og omsorg)
- Nattlegevakta for Søre Sunnmøre (organisatorisk plassert under Helse- og omsorg)
- Felles kommuneoverlege Volda-Ørsta (organisatorisk plassert under Helse- og omsorg)
- Barneverntenesta Hareid – Ulstein – Volda – Ørsta

Tiltak	Kortsiktige krav per 31.12.17	Langsiktig gjeld per 31.12.17	Kortsiktig gjeld per 31.12.17
Hamna dagsenter	-1 368 028	0	0
Nattlegevakta	-71 797	0	14 193
Felles kommuneoverlege	-800 076	0	0
Barneverntenesta	-1 126 887	0	3 503 620

Note 9 Finansielle omløpsmiddel

Konto	Namn	01.01.2017	Bevegelse	31.12.2017
21838311	Aksjar Storebrand Global Kreditt	8 667 609	-205 923	8 461 686
21838330	Aksjar Storebrand Likviditet	19 407 338	2 479 460	21 886 798
21838331	Aksjar Storebrand Norsk Kreditt IG 20	13 693 513	-1 150 459	12 543 054
21838520	Aksjar Storebrand Rente+	9 647 552	479 167	10 126 719
21838560	Aksjar Storebrand Eiendomsfond Norge KS	6 807 168	491 336	7 298 504
	Sum	58 223 180	2 093 580	60 316 760

I oppstillinga ovanfor kjem ikkje utbytte frå Storebrand Egedomsfond AS med, då desse blir utbetalt direkte. Utbyttet frå Storebrand Egedomsfond AS utgjer kr 280 264 per 31.12.2017.

Samla gevinst på finansielle instrumenter per 31.12.2017 var kr 2 373 848.

Note 10 Vesentlege postar

Sjukepengerefusjon

Volda kommune betalar løn i sjukemeldingsperioden og krev refusjon for dette frå NAV trygd. I 2017 mottok Volda kommune kr 31 269 090 i sjukepengerefusjon frå NAV Trygd. Dette er ei auke på 22,26% i forhold til 2016.

Sjukepengar	2017	2016	%vis endring
Refusjon sjukeløn	22 834 766	18 197 866	25,48 %
Refusjon fødselspengar	6 747 338	6 028 192	11,93 %
Refusjon feriepengar	1 686 986	1 349 222	25,03 %
Sum	31 269 090	25 575 280	22,26 %

Driftstilskot til private barnehagar

I 2017 har Volda kommune betalt ut kr 32 235 465 i driftstilskot til private barnehagar i kommunen.

Tap på krav

Volda kommune førte vekk kr 168 390,- i realiserte tap. Det er satt av kr 500 000 i delkrederavsetning som skal dekke framtidige forventa tap på krav.

Avtale om overføring av justeringsretten for mva

- I 2012 inngjekk Volda kommune avtale med utbyggaren av Smiebakken 4 (bustad for einslege mindreårige innvandrarar) om overføring av justeringsretten for meirverdavgift. Denne avtalen tilfører Volda kommune kr 743 165 netto i momskompensasjon fordelt over 8 år rekna frå og med 2012.
- I 2015 inngjekk Volda kommune tilsvarande avtale med utbyggaren av byggefeltet Myragjerdet II i Dravlausbygda. Denne avtalen tilfører Volda kommune kr 141 544 netto i moms-kompensasjon fordelt over 10 år rekna frå og med 2015.

Periodiseringar

- Lånerente påløpt, men ikkje betalt per 31.12.2017, er utgiftsført med kr 2 325 029 i 2017-rekneskapen. Totalt lånerente for 2017 vart kr 20 441 985.
- Forventa krav frå tilflyttarkommunar for integreringstilskot for innvandrarak som har flytta til andre stader i Norge, er avsett med kr 779 663.
- Løn som er påløpt i rekneskapsåret 2016, men utbetalt først i januar 2017 vart kr 6 608 292. Dette vart flytta frå 2017-rekneskapen til 2016-rekneskapen.
- Refusjonskravet til Helsedirektoratet som gjeld særleg ressurskrevjande brukarak vart estimert til vel kr 16,7 mill i 2017. Fristen for utsending av det endelege kravet er 3.april 2017.

Note 11 Anleggsmidler

Tekst	5 år	10 år	20 år	40 år	50 år	Tomter	Sum alle anlegg
Anskaffelseskost	33 598 621	38 365 347	60 776 932	629 497 998	406 041 744	94 150 035	1 262 430 676
Avskrivning	-20 723 761	-12 210 451	-17 705 916	-85 548 123	-54 387 540	0	-190 575 791
Netto 01.01.2016	12 874 860	26 154 897	43 071 016	543 949 874	351 654 204	94 150 035	1 071 854 885
Tilgang i rekneskapsåret	7 513 219	8 931 686	21 676 607	135 288 521	20 466 075	5 036 648	198 912 756
Avskrivninger i rekneskapsåret	-3 972 112	-3 663 521	-3 189 958	-18 381 878	-9 148 156	0	-38 355 625
Bokført verdi 31.12.2016	16 415 967	31 423 062	61 557 665	660 856 517	362 972 123	99 186 682	1 232 412 016

Vurderingsreglane for balanseføring av verdier står i §8 i *Forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner)*.

- 5 år: EDB utstyr, kontormaskinar og liknande
- 10 år: Anleggsmaskinar, maskinar, inventar og utstyr, verkty og transportmidlar og liknande
- 20 år: Brannbiler, parkeringsplassar, trafikklys, teknisk anlegg (VAR), reinseanlegg, pumpestasjonar, forbrenningsanlegg og liknande
- 40 år: Bustadar, skular, barnehagar, idrettshaller, vegar og leidningsnett og liknande
- 50 år: Forretningsbygg, lagerbygg, administrasjonsbygg, sjukeheim og andre institusjonar, kulturbygg, brannstasjonar og liknande.

Tomter vert ikkje avskrivne.

Industritomter i Volda kommune

Byggefelt	Ledig 01.01.2017		Klargjort i 2017		Selt i 2017		Ledig 31.12.2017		Prisar per 2017	
	Tomter	K-areal	Tomter	K-areal	Tomter	K-areal	Tomter	K-areal	Tomter	Verdi
Furene		1 800 m ²	0				1			430 000
Rotset	1		1				1			400 000
Rotset		25 000 m ²						ca 25 000 m ²		12 500 000
Totalt			1				2			

Industri tomter er ikkje oppdelt på same måte som i bustadfelt. Arealet kan ved førespurnad delast i fleire tomter avhengig av kva kjøpar og seljar (kommunen) ynskjer.

Tomter i kommunale byggefelt

Byggefelt	Ledig 01.01.2017		Klargjort i 2017		Selt i 2017		Ledig 31.12.2017		Prisar per 2017	
	Tomter	K-areal	Tomter	K-areal	Tomter	K-areal	Tomter	K-areal	Tomter	Verdi
Engeset/Klepp Byggesteg II+III		2				1		1	275 000	825 000
K-10	2				1		2		800 000 kr/ 1 000 m	
Heltne/Bratteberg	1				1				310 000	394 000
Bratteberg, austre del	7				1		6		310 000	5 580 000
Dalsbygd/Myraskogane	6						6		127 000	762 000
Steinsvik, Treneset	7						7		94 000	658 000
Hjartåbygda	1						1		56 000	56 000
Folkestadbygda, Steinhaugen	14						14		122 000	1 708 000
Straumshamn	7						7		127 000	889 000
Bjørkedal, Revsholen	1						1		114 000	114 000
Lid, Gotene	8						8		118 745	949 960
Fyrde	3	1					3	1	226 500	679 500
Totalt	57	3	0	0	3	1	55	2		

Tomteprisane vert indeksregulerte.

Byggeaktiviteten på kommunale tomter er liten for 2017, og det kommunen har å tilby i sentrum er svært lite. Rundt om i 8 ulike bygder var der til saman 57 byggeklare tomter ved inngangen av 2017.

Volda kommune har mange byggeklare tomter rundt om i dei ulike bygdelaga, men di verre er det ikkje der folk vil bu.

Sidan 2001 har Volda kommune hatt ei ordning der kommunen betalar ein kronenum til dei som vil bygge i krinsar der det ikkje er tilgjengeleg kommunale tomter. Den lokale forskrifta for denne ordninga er formulert slik at utbetaling av tilskot fyrst skjer då det vert gitt bruksløyve for tiltaket. Då ordninga vart innført, vart tilskotssummen sett til kr. 80.000,- (pr. 15.02.2001), og er sidan justert opp til kr. 100.000,- frå 2014, med indeksregulering pr. 15.07.2014.

I 2017 vart det utbetalt 2 slike tilskot, med til saman kr. 215.768,-.

Note 12 Langsiktig gjeld

Lån	Långivar	Renter	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016	Betalingsfrist
Kommunens lånegjeld			-932 105 809	-904 704 685	
24399104	Sertifikatlån Nordea verdipapirmarknaden	1,286 %	0	-130 136 000	innfridd
24399105	Sertifikarlån DNB verdipapirmarknaden	1,286 %	-180 136 000		15.03.2018
Sum sertifikatlån			-180 136 000	-130 136 000	
24619030	9900.201.00315 Kommunalbanken	3 mnd Nibor + 0,7%	-87 683 000	-87 683 000	19.06.2030
24619040	9900.201.00854 Kommunalbanken	Fast rente på 2,25% fram til 21.12.2023	-170 000 000	-170 000 000	17.12.2025
24619050	9900.201.00860 Kommunalbanken	3 mnd Nibor + 0,7%	-150 420 520	-175 725 521	17.12.2025
24619060	9900.201.00864 Kommunalbanken	3 mnd Nibor + 0,7%	-56 563 330	-56 563 330	17.12.2025
24619061	9900.201.10110 Kommunalbanken	3 mnd Nibor + 0,7%	-61 525 000	-61 525 000	19.03.2031
24619063	9900.201.20519 Kommunalbanken	3 mnd Nibor + 0,7%	-19 370 000	-19 370 000	16.09.2037
24619064	9900.201.60297 Kommunalbanken	Fast rente på 2,25% fram til 21.12.2023	-150 000 000	-150 000 000	19.06.2041
Sum Kommunalbanken			-695 561 850	-720 866 851	
24619885	9914.63.13531 D.N.S. Husbank 2008	flytande, gj.snitt 1,651%	-978 471	-1 032 835	
24619886	9914.63.20734 D.N.S. Husbank 2009	flytande, gj.snitt 1,651%	-3 489 462	-3 667 371	
24619985	9914.63.26855 D.N.S. Husbank 2010	Flytande, gj.snitt 1,651%	-5 617 368	-6 014 363	
24619986	9914.63.33166 D.N.S. Husbank 2011	flytande, gj.snitt 1,651%	-6 547 071	-6 849 507	
24619987	9914.63.38827 D.N.S. Husbank 2012	flytande, gj.snitt 1,651%	-11 480 558	-11 979 552	
24619988	9914.63.45343 D.N.S. Husbank 2013	flytande, gj.snitt 1,651%	-5 976 989	-6 222 062	
24619989	9914.63.52315 D.N.S. Husbank 2014	flytande, gj.snitt 1,651%	-4 962 295	-5 149 835	
24619990	9914.63.67826 D.N.S. Husbank 2015	flytande, gj.snitt 1,651%	-3 802 095	-3 935 058	
24619991	9914.63.71131 D.N.S. Husbank 2016	Flytande, gj.snitt 1,590%	-8 553 650	-8 851 251	
24619992	9914.63.71131 D.N.S. Husbank 2017		-5 000 000		
Sum Husbank (Formidlingslån)			-56 407 959	-53 701 834	

Avdrag	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Rekneskap 2016
Ordinære avdrag (skjema 1A)	25 305 001	25 305 000	21 475 931
Låneavdrag påløpt ikkje betalt (skjema 1A)	0	0	0
Betalt avdrag	25 305 001	25 305 000	21 475 931
Beregnet minimumsavdrag	25 305 001		21 475 931
Differanse	0		0

Lån Volda kommune har i Kommunalbanken, er såkalla bulletlån utan avtalefesta avdrag i løpetida, men med full innfriing ved betalingsfristen. Volda kommune sitt låneavdrag vert berekna etter såkalla minimumsavdrag (vektingsmodellen) der ein held formidlingslåna og ekstraordinære låneavdrag utanfor. Ein brukar vekta attståande levetid for kommunen sine anleggsmiddel ved utrekning av minimumsavdrag. Vektinga i denne modellen vert gjort etter rekneskapstal pr. 31.12. i rekneskapsåret.

Avdrag formidlingslån (Husbank)	Rekneskap 2017
05100 Avdrag på innlån ordinære avdrag	2 293 875
Betalt avdrag	2 293 875
Avsetning til fond nedbetaling Husbanken	Rekneskap 2017
05500 Avsetning til fond nedbetaling Husbanken	4 595 887
Sum betalt avdrag og avsetning til fond nedbetaling Husbanken	6 889 762
09200 Avdrag på utlån ordinære avdrag	-2 059 140
09200 Avdrag på utlån ekstraordinære avdrag	-4 830 622
Mottatt avdrag frå vidareutlån	-6 889 762
Differanse	0
Fond nedbetaling Husbanken	Rekneskap 2017
Inngående balanse per 01.01.2017	-104 220
Avsetning til fond nedbetaling Husbanken	-4 595 886
Utgående balanse 31.12.2017	-4 700 106

Bokføring av avdraga for formidlingslån frå Husbanken, både innlån og utlån, ordinært og ekstraordinært skjer i investeringsrekneskapen. Fondsavsetjing nedbetaling Husbanken skal brukast til ekstraordinært avdrag på innlån.

Rentebytteavtale (rente-SWAP)

Ein rentebytteavtale er ei avtale om å bytte vilkår på lån eller innskot. Den eine parten byter flytande mot fast rente, og den andre parten byter fast rente mot flytande rente.

Rentebytteavtalen er uavhengig av dei underliggande låna.

Volda kommune har 2 aktive rentebytteavtaler (renteswapper) pr 31.12.2017:

- 1) Rentebytteavtale med Sparebank 1 SMN inngått i juli 2011. Starttidspunkt var desember 2013. Volda kommune betaler fast rente på 4,33% til banken (av eit beløp på 50 mill kr). Banken betaler flytende rente (3mnd Nibor) av eit beløp på 50 mill kr til Volda kommune. Denne rentebytteavtale har sluttidspunkt desember 2018.
- 2) Rentebytteavtale med DNB NOR inngått i august 2011. Starttidspunkt var desember 2013. Volda kommune betaler fast rente på 4,47% til banken (av eit beløp på 50 mill kr). Banken betaler flytende rente (3mnd Nibor) av eit beløp på 50 mill til Volda kommune. Denne rentebytteavtalen har sluttidspunkt juni 2021.

Note 13 Langsiktige bindingar utover langsiktig gjeld

Leigeavtalar for hus (husleigeavtalar)

I 2017 hadde Volda kommune kr 7 384 751 i leigegifter der kommunen er leigetakar. Kr 2 005 419 av betalt husleige gjeld leigde lokale for det interkommunale barnevernet.

Leigeavtalar for grunn (festeavgift)

Volda kommune betalte kr 789 446 i grunnleige (festavgift) i 2017 basert på 45 ulike avtalar.

Finansiell leasing

Leasingavtalar som vert definerte som finansielle, skal først i investeringsrekneskapen under føresetnad av at dei har ein totalverdi på kr 100 000 eller meir. Volda kommune har ikkje hatt finansielle leasingavtalar i 2017.

Operasjonell leasing

Leasingavtalar som ikkje vert definerte som finansielle, er operasjonelle og skal først i driftsrekneskapen.

Volda kommune har registrert 32 leasingavtalar med restverdi pr. 31.12.2017. 15 avtalar gjeld leasing av bilar, 15 gjeld leasing av kopimaskinar og 2 gjeld leasing av kaffemaskinar.

Note 14 Resultat for gebyrfinansierte kommunale sjølvkosttenester

2017 - Drift sjølvkost	Vann	Avløp	Feiing
Direkte driftsutgifter	7 539 807	3 588 380	1 225 673
Indirekte driftsutgifter	421 357	302 718	220 809
Rentekostnad	992 229	689 413	0
Avskrivninger	2 019 705	1 633 664	21 652
Gebyrgrunnlag	10 973 098	6 214 175	1 433 899
Gebyrinntekter	11 749 831	6 463 015	1 399 118
Årets finansielle resultat (pluss=overskudd)	776 733	248 840	-34 781
Avsetning til sjølvkostfond og dekning av fremførbart underskudd	776 733	248 840	-34 781
Saldo sjølvkostfond/fremførbart underskudd pr 1.1.17	1 264 062	148 140	1 008 891
Alternativkostnad ved bundet kapital på sjølvkostfond eller fremføring av underskudd	37 782	7 846	19 590
Saldo selvkostfond/fremførbart underskudd pr 31.12.17	2 078 577	404 826	993 700
Nøkkeltall:			
Årets finansielle dekningsgrad i %	7 %	4 %	-2 %

Bundne fond Vatn, Avløp og Feiing					
Fond 31.12.2017:	2013	2014	2015	2016	2017
Vatn	592 235	1 278 573	645 273	1 264 062	2 078 578
Avløp	9 564 662	6 824 403	3 783 326	148 140	404 826
Feiing	-210 909	115 894	686 215	1 008 891	993 700
Endring i fond 2017:					
Vatn	614 305	686 338	-633 298	618 789	814 516
Avløp	1 101 365	-2 740 259	-3 041 078	-3 635 186	256 686
Feiing	307 089	326 801	570 322	322 676	-15 191

Note 15 Ytingar til leiande personar, tilsette årsverk m.m

Tekst	2017	2016	2015	2014	2013
Godtgjersle ordførar (100% still, 50% lønn)	453 464	453 464	885 500	865 100	836 579
Godtgjersle varaordførar (30%)	272 078	272 078	88 550	86 510	83 657
Løn rådmann (100%)	1 188 000	1 154 000	1 131 000	1 100 000	1 045 500
Søre Sunnmøre Kommunerevisjon	487 616	427 190	412 312	371 658	449 760
Søre Sunnmøre Kontrollutvalssekr.	331 496	323 305	298 500	285 658	250 108

Lønsopplysningane for ordførar, varaordførar og rådmann er pr 31.12. i rekneskapsåret. Løna til ordførar og varaordførar er knytt til Stortingsrepresentantane si årlege godtgjersle. Noverande ordførar har avtale om 50% godtgjersle i 100% stilling, og varaordførar har difor 30% godtgjersle.

Tekst	2017	2016	2015	2014	2013
Årsverk totalt	678,68	699,54	680,82	629	626
Årsverk kvinner	526,94	537,73	526,53	487	486
Årsverk menn	151,74	161,81	154,79	142	140
Tilsette totalt	973	942	949	836	807
Tilsette kvinner	755	727	717	634	636
Tilsette menn	218	215	232	202	171

Tala for åra 2013 og 2014 i tabellen ovanfor er henta frå det såkalla PAI-registeret (Personal-Administrativt-Informasjonssystem). Dette var praksis dei 2 åra. I tala for 2015 og 2016 har Personalstaben gått tilbake til teljemåten frå 2012 og tidlegare der Volda kommune sitt personalregister er utgangspunkt. I 2017 er tala henta ut i frå Agresso sin stillingsadministrasjon pr. 31.12.17.

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Arne Gotteberg

Arkivsak nr.: 2016/217

Arkivkode: G21

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
17/18	Tenesteutval for helse og omsorg	16.05.2018
87/18	Formannskapet	22.05.2018
74/18	Kommunestyret	31.05.2018

VIDARE UTGREIING OM FRAMTIDIG LEGEVAKT- OG AMBULANSESAMARBEID. LOKALISERING AV AMBULANSESTASJON

Handsaming:

Vedtak frå tenesteutval for helse og omsorg vart ettersendt 18.05.2018.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 22.05.2018 til kommunestyret:

- Volda kommunestyre meiner at vidareutgreiing av sak om framtidig lokalisering og struktur på ambulanse-, legevakt- og helsesamarbeid på Søre Sunnmøre er særskild viktig. Saka har klare helse- og beredskapskonsekvensar for innbyggjarane, for den totale akuttberedskapen, for kommunane/det kommunale helsetenestetilbodet og for akutttilbodet i Helse Møre og Romsdal HF/Volda sjukehus. I saka må bringast inn konsekvensar av nye tunnellar og vegløyningar, under dette at Volda-tunnelen mellom sjukehusområdet og Furene vil redusere utrykningstida mellom Volda og Ørsta betydeleg. Ein må også sjå på effektene av kommunesamanslåing (ar) og mulegheiter for nye nye kommunesamarbeid (Stranda) Det er ei sak vi må ha nødvendig tid på.*
- HMR sin konklusjon om å flytte ut ambulansetenesta frå sjukehuset, og at ein ikkje lenger (som no) kan integrere interkommunal legevakt i sjukehuset sitt akutt mottak representere ei stor endring i den gode ordning og samhandlande tenking og praksis vi i kommunane har hatt saman med Volda sjukehus i ca. 15 år. Dette har vore i tråd med tidlegare tilrådingar frå helsemyndighetene og Samhandlingsreforma sine mål.*
- HMR bør ha eit meir heilskapleg perspektiv på utvikling av helsetenestene i krysningpunktet mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta og ikkje la eit lenge kjent og isolert pålegg frå Arbeidstilsynet til ambulansestasjonslokalet føre til kortsiktig grep som hindrar ei fullgod beredsskapsordning. Det er nettopp dette som vil skje ved å trekke ambulansetenesta ut av ei integrert ordning i akutt mottaket og samstundes med ein månads frist for kommunane til å gi innspel*

på plassering av ambulansestasjonen ein heilt annan stad og med ønske om framtidig samlokalisering med interkommunal legevakt der. Med dei krav som kommunane har til forsavarleg sakshandsaming er dette ikkje mogleg.

4. *Volda kommunestyre tilrår difor å ta dette i to steg (a og b):*
 - a. **Først** *forholde seg til avvik og pålegg frå Arbeidstilsynet.*
 - I. *Vurdere å søkje ny dispensasjon. Det kan visast til denne saka og HMR sin utbyggingsplan for Volda sjukehus - heunder mulegheit å samarbeide med kommunene med tanke på snarleg realisering. Viss dette ikkje er ein farbar veg kan*
 - II. *HMR aleine eller i samarbeid med Volda kommune inngå midlertidig leigeavtale for ambulansestasjon i lokaler nært sjukehuset. Det er kjente lokaler (mellom anna i internatdelen av tidlegare Hjelppeleieskule) som kan vere aktuelle.*
 - b. **Deretter** *ta nødvendig tid å utgreie den totale saka i punkt 1 vidare.*
 - I. *Konsekvens-utgreie det som er nødvendig. Under dette rapporten «Beredskapsanalyse ambulansetjenesten i Midt-Norge» og konsekvensar av denne for framtidig legevaktlokalisering. Anna å utgreie er konsekvensar for drift av akuttmottaket ved Volda sjukehus når samhandlinga med kommunane om interkommunal nattlegevakt og legevaktsentral for Nødnett Helse/nasjonalt legevaktnummer 116 117 med 5 sjukepleieårsverk og kommunal legeressurs skal trekkast ut.*
 - II. *Ta politisk prinsippavgjerd når det gjeld modell for framtidig lokalisering og struktur på ambulanse- og legevaktstasjonar og på den totale helseberedskapen på Søre Sunnmøre.*
5. **Volda kommunestyre ber om at ein opprettheld ein integrert og/eller nærlokalisert ambulansesestasjon ved Volda sjukehus inntil punkt 4 b er avgjort.**
6. *Volda kommunestyre gjer framlegg om å sett ned ei felles tverrfagleg/administrativ arbeidsgruppe/prosjektgruppe mellom Helse Møre og Romsdal HF/Volda sjukehus, «Sjustjerna helse og omsorg» og med særleg representasjon frå dei kommunane som forslaget om flytting av ambulansesestasjon har konsekvensar for.*

Gruppa skal mellom anna

 - a. *arbeide med dei spørsmålsstillingane på kort og på lang sikt, som ligg i saka.*
 - b. *ha eit mandat og ein tidsfrist*
 - c. *levere forslag/innstilling til kommunane ved rådmennene via «Sjustjerna Helse og Omsorg» og til Helse Møre og Romsdal HF ved direktøren. Involvering/innspele frå ulike faggrupper og dei mest relevante verksemder både innanfor HMR/Volda sjukehus og kommunane og høyring frå brukarane er obligatorisk del av arbeidet.*
7. *Volda kommunestyre ser særst positivt på utbyggingsplanane for Volda sjukehus, og at det i allereie i 2019 er planlagt prosjektering. Dette er avgjerande viktig for utvikling av sjukehuset, og kommunestyret vil samtidig peike på at HMR har ei omrømingstid med mellombels plassering av ambulansesestasjon fram til det er gjort vedtak om byggstart for ny sjukehusfløy. Da bør ein etter nærare utgreiing mellom partane kunne ha på plass ei felles løysing for legevakt (kveld/helg/natt) og ambulansesestasjon nær Volda sjukehus.*

Handsaming:

Kommuneoverlege Arne Gotteberg orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Tenesteutval for helse og omsorg - 16.05.2018:

8. Volda kommunestyre meiner at vidareutgreiing av sak om framtidig lokalisering og struktur på ambulanse-, legevakt- og helsesamarbeid på Søre Sunnmøre er særskild viktig. Saka har klare helse- og beredskapskonsekvensar for innbyggjarane, for den totale akuttberedskapen, for kommunane/det kommunale helsetenestetilbodet og for akuttilbodet i Helse Møre og Romsdal HF/Volda sjukehus. I saka må bringast inn konsekvensar av nye tunnellar og vegløyningar, under dette at Volda-tunnelen mellom sjukehusområdet og Furene vil redusere utrykningstida mellom Volda og Ørsta betydeleg. Ein må også sjå på effektene av kommunesamanslåing (ar) og mulegheiter for nye nye kommunesamarbeid (Stranda) Det er ei sak vi må ha nødvendig tid på.
9. HMR sin konklusjon om å flytte ut ambulansenesta frå sjukehuset, og at ein ikkje lenger (som no) kan integrere interkommunal legevakt i sjukehuset sitt akutt mottak representere ei stor endring i den gode ordning og samhandlande tenking og praksis vi i kommunane har hatt saman med Volda sjukehus i ca. 15 år. Dette har vore i tråd med tidlegare tilrådingar frå helsemyndighetene og Samhandlingsreforma sine mål.
10. HMR bør ha eit meir heilskapleg perspektiv på utvikling av helsetenestene i krysningpunktet mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta og ikkje la eit lenge kjent og isolert pålegg frå Arbeidstilsynet til ambulansestasjonslokalet føre til kortsiktig grep som hindrar ei fullgod beredsskapsordning. Det er nettopp dette som vil skje ved å trekke ambulansenesta ut av ei integrert ordning i akuttmottaket og samstundes med ein månads frist for kommunane til å gi innspel på plassering av ambulansestasjonen ein heilt annan stad og med ønske om framtidig samlokalisering med interkommunal legevakt der. Med dei krav som kommunane har til forsavarleg sakshandsaming er dette ikkje mogleg.
11. Volda kommunestyre tilrår difor å ta dette i to steg (a og b):
 - a. **Først** forholde seg til avvik og pålegg frå Arbeidstilsynet.
 - I. Vurdere å søkje ny dispensasjon. Det kan visast til denne saka og HMR sin utbyggingsplan for Volda sjukehus - heunder mulegheit å samarbeide med kommunane med tanke på snarleg realisering. Viss dette ikkje er ein farbar veg kan
 - II. HMR aleine eller i samarbeid med Volda kommune inngå midlertidig leigeavtale for ambulansestasjon i lokaler nær sjukehuset. Det er kjente lokaler (mellom anna i internatdelen av tidlegare Hjelpepleieskule) som kan vere aktuelle.
 - b. **Deretter** ta nødvendig tid å utgreie den totale saka i punkt 1 vidare.
 - I. Konsekvens-utgreie det som er nødvendig. Under dette rapporten «Beredskapsanalyse ambulansetjenesten i Midt-Norge» og

konsekvensar av denne for framtidig legevaktlokalisering. Anna å utgreie er konsekvensar for drift av akuttmottaket ved Volda sjukehus når samhandlinga med kommunane om interkommunal nattlegevakt og legevaktsentral for Nødnett Helse/nasjonalt legevaktnummer 116 117 med 5 sjukepleieårsverk og kommunal legeressurs skal trekkast ut.

- II. Ta politisk prinsippavgjerd når det gjeld modell for framtidig lokalisering og struktur på ambulanse- og legevaktstasjonar og på den totale helseberedskapen på Søre Sunnmøre.

12. Volda kommunestyre ber om at ein opprettheld ein integrert og/eller nærlokalisert ambulansesestasjon ved Volda sjukehus inntil punkt 4 b er avgjort.

13. Volda kommunestyre gjer framlegg om å sett ned ei felles tverrfagleg/administrativ arbeidsgruppe/prosjektgruppe mellom Helse Møre og Romsdal HF/Volda sjukehus, «Sjustjerna helse og omsorg» og med særleg representasjon frå dei kommunane som forslaget om flytting av ambulansesestasjon har konsekvensar for.

Gruppa skal mellom anna

- a. arbeide med dei spørsmålsstillingane på kort og på lang sikt, som ligg i saka.
- b. ha eit mandat og ein tidsfrist
- c. levere forslag/innstilling til kommunane ved rådmennene via «Sjustjerna Helse og Omsorg» og til Helse Møre og Romsdal HF ved direktøren. Involvering/innspeil frå ulike faggrupper og dei mest relevante verksemder både innanfor HMR/Volda sjukehus og kommunane og høyring frå brukarane er obligatorisk del av arbeidet.

14. Volda kommunestyre ser særst positivt på utbyggingsplanane for Volda sjukehus, og at det i allereie i 2019 er planlagt prosjektering. Dette er avgjerande viktig for utvikling av sjukehuset, og kommunestyret vil samtidig peike på at HMR har ei omrømingstid med mellombels plassering av ambulansesestasjon fram til det er gjort vedtak om byggestart for ny sjukehusfløy. Da bør ein etter nærare utgreiing mellom partane kunne ha på plass ei felles løysing for legevakt (kveld/helg/natt) og ambulansesestasjon nær Volda sjukehus.

Administrasjonen si tilråding:

15. Volda kommunestyre meiner at vidareutgreiing av sak om framtidig lokalisering og struktur på ambulanse-, legevakt- og helsesamarbeid på Søre Sunnmøre er særst viktig. Saka har klare helse- og beredskapskonsekvensar for innbyggjarane, for den totale akuttberedskapen, for kommunane/det kommunale helsetenestetilbodet og for akutttilbodet i Helse Møre og Romsdal HF/Volda sjukehus. I saka må bringast inn konsekvensar av nye tunnellar og vegløyningar, under dette at Volda-tunnelen mellom sjukehusområdet og Furene vil redusere utrykningstida mellom Volda og Ørsta betydeleg. Ein må også sjå på effektene av kommunesamanslåing (ar) og mulegheiter for nye nye kommunesamarbeid (Stranda) Det er ei sak vi må ha nødvendig tid på.

16. HMR sin konklusjon om å flytte ut ambulansenesta frå sjukehuset, og at ein ikkje lenger (som no) kan integrere interkommunal legevakt i sjukehuset sitt akuttmottak

representere ei stor endring i den gode ordning og samhandlande tenking og praksis vi i kommunane har hatt saman med Volda sjukehus i ca. 15 år. Dette har vore i tråd med tidlegare tilrådingar frå helsemyndigheitene og Samhandlingsreforma sine mål.

17. HMR bør ha eit meir heilskapleg perspektiv på utvikling av helsetenestene i krysningpunktet mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta og ikkje la eit lenge kjent og isolert pålegg frå Arbeidstilsynet til ambulansestasjonslokalet føre til kortsiktig grep som hindrar ei fullgod beredsskapsordning. Det er nettopp dette som vil skje ved å trekke ambulansetenesta ut av ei integrert ordning i akuttmottaket og samstundes med ein månads frist for kommunane til å gi innspel på plassering av ambulansestasjonen ein heilt annan stad og med ønske om framtidig samlokalisering med interkommunal legevakt der. Med dei krav som kommunane har til forsavarleg sakshandsaming er dette ikkje mogleg.
18. Volda kommunestyre tilrår difor å ta dette i to steg (a og b):
 - a. **Først** forholde seg til avvik og pålegg frå Arbeidstilsynet.
 - I. Vurdere å søkje ny dispensasjon. Det kan visast til denne saka og HMR sin utbyggingsplan for Volda sjukehus - heunder mulegheit å samarbeide med kommunene med tanke på snarleg realisering. Viss dette ikkje er ein farbar veg kan
 - II. HMR aleine eller i samarbeid med Volda kommune inngå midlertidig leigeavtale for ambulansestasjon i lokaler nært sjukehuset. Det er kjente lokaler (mellom anna i internatdelen av tidlegare Hjelpepleieskule) som kan vere aktuelle.
 - b. **Deretter** ta nødvendig tid å utgreie den totale saka i punkt 1 vidare.
 - I. Konsekvens-utgreie det som er nødvendig. Under dette rapporten «Beredskapsanalyse ambulansetjenesten i Midt-Norge» og konsekvensar av denne for framtidig legevaktlokalisering. Anna å utgreie er konsekvensar for drift av akuttmottaket ved Volda sjukehus når samhandlinga med kommunane om interkommunal nattlegevakt og legevaktsentral for Nødnett Helse/nasjonalt legevaktnummer 116 117 med 5 sjukepleieårsverk og kommunal legeressurs skal trekkast ut.
 - II. Ta politisk prinsippavgjerd når det gjeld modell for framtidig lokalisering og struktur på ambulans- og legevaktstasjonar og på den totale helseberedskapen på Søre Sunnmøre.

19. Volda kommunestyre ber om at ein opprettheld ein integrert og/eller nærlokalisert ambulansesestasjon ved Volda sjukehus inntil punkt 4 b er avgjort.

20. Volda kommunestyre gjer framlegg om å sett ned ei felles tverrfagleg/administrativ arbeidsgruppe/prosjektgruppe mellom Helse Møre og Romsdal HF/Volda sjukehus, «Sjustjerna helse og omsorg» og med særleg representasjon frå dei kommunane som forslaget om flytting av ambulansestasjon har konsekvensar for.

Gruppa skal mellom anna

 - a. arbeide med dei spørsmålsstillingane på kort og på lang sikt, som ligg i saka.
 - b. ha eit mandat og ein tidsfrist
 - c. levere forslag/innstilling til kommunane ved rådmennene via «Sjustjerna Helse og Omsorg» og til Helse Møre og Romsdal HF ved direktøren.

Involvering/innspel frå ulike faggrupper og dei mest relevante verksemder både innanfor HMR/Volda sjukehus og kommunane og høyring frå brukarane er obligatorisk del av arbeidet.

21. Volda kommunestyre ser særst positivt på utbyggingsplanane for Volda sjukehus, og at det i allereie i 2019 er planlagt prosjektering. Dette er avgjerande viktig for utvikling av sjukehuset, og kommunestyret vil samtidig peike på at HMR har ei omrømingstid med mellombels plassering av ambulansetasjon fram til det er gjort vedtak om byggstart for ny sjukehusfløy. Da bør ein etter nærare utgreiing mellom partane kunne ha på plass ei felles løysing for legevakt (kveld/helg/natt) og ambulansetasjon nær Volda sjukehus.

Vedleggsliste:

Brev 09.05.2018 frå Helse Møre og Romsdal: Samarbeid mellom interkommunal legevakt og HMR på Søre Sunnmøre

Geodata/Helse Midt-Norge: Beredskapsanalyse: Ambulansetjenesten i Midt-Norge

Brev 08.05.2018 frå ordførar Jørgen Amdam til Helse Møre og Romsdal HF: Kommentarer til lokalisering av ambulansetasjon i Volda/Ørsta

Brev 10.05.2018 frå legane i Ørsta kommune.

Uprenta saksvedlegg:

«Sjustjerna helse- og omsorg»: Prosjektrapport – Framtidig legevakt på Søre Sunnmøre

Samandrag av saka:

Med bakgrunn i «Legevaktprosjektet» og vidare oppfølging av dette tok ordførar Jørgen Amdam på vegne av «Sjustjerna helse og omsorg» før jul initiativ til møte med Helse Møre og Romsdal HF ved direktøren. Møtet blei først halde i Ålesund 04.05.2018. Det var der drøfta kommunane sine ønsker om å sjå på mulegheitene til å vidareutvikle det mangeårige og gode legevakt- og ambulansesamarbeid vi har hatt med base i akuttmottaket ved Volda sjukehus. Som eit første steg er det sendt inn førespurnad frå kommuneoverlegen om å legge ei felles kvelds- og helgelegevakt for Volda og Ørsta til eller nær til Volda sjukehus? Seinare kan det vere eit mål å realisere intensjonar i «Sjustjerna helse og omsorg» sin Prosjektrapport - «Framtidig legevakt på Søre Sunnmøre» - altså ei stor fellesordning.

Det blei i møtet gitt positive tilbakemeldingar og skryt frå kommunane på dei utbyggingsplanane for Volda sjukehus, som er under utvikling. Det blei spurd om desse kunne omfatte ein nærlokalisert felles legevakt og ambulansetasjon og påpeika eventuell kommunal økonomisk medverknad for rask realisering av dette. Tilbakemeldingane (sjå brev datert 09.05.2018) var at kommunane ikkje kan rekne med å planlegge ei integrert interkommunal legevakt i sjukehuset sitt akuttmottak. Spørsmålet om nærlokalisering er ikkje besvart. Grunna pålegg frå Arbeidstilsynet vedkomande arbeidsmiljøfaktorar ved noverande ambulansetasjon - tek HMR sikte på å gå ut med eit anbod for å finne nye og eigna lokalar til ambulansetasjon i rimeleg nærleik til eit geografiske området – «målepunktet» - over berekna utrykningstid slik det kjem fram gjennom Geodata sin «Beredskapsanalyse for ambulansetjenesten i Midt-Norge» Dette er ei strategisk tilvising (allokeringsanalyse) med bakgrunn i her og no situasjonen og må ikkje forvekslast med ei «risiko og sårbarheitsanalyse» Den seier heller ikkje noko om eksterne konsekvensar, framskriving av

nye vegsamband/tunellar og kommunikasjonar, om fjellovergangar og stengte vegar osb. Rapporten er ikkje konsekvensutgreidd og kvalitetssikra til dømes med tanke på andre samarbeids- og samhandlingsfaktorar i den totale helseberedskapen (slik som er det viktigaste innhaldet i denne saksutgreinga)

Tilrådinga frå HMR – ut frå berekningane frå Geodata – er at noverande ambulansestasjon bør flyttast til eit område nærare Ørsta og at det er ein stor fordel å med samlokaliserte ambulanse- og legevaktstasjonar. Det er gitt ein frist til kommunane på ein måned (10. juni) å uttale seg til lokaliseringsspørsmålet. Så dette handlar ikkje berre om utflytting av ambulansetenestene frå den samlokaliserte modell med legevaktene i akuttmottaket. Det kan ha stor betydning for noverande og framtidig lokalisering av interkommunale legevaktordningar, spesielt for Volda og Ørsta

Å splitte opp etablert og mangeårig vel utprøvd samarbeid mellom Volda sjukehus og kommunane i «Sjustjerna helse og omsorg» vil kunna ha mange konsekvensar – også for akuttmottaket og akuttberedskapen ved Volda sjukehus slik publikum og vi innanfor helsefaga har vendt oss til det i innpå 5 år. Ørsta og Volda kommunar har i alle år har hatt eit nært og godt helsesamarbeid og stått skulder ved skulder når det gjelder helseberedskap og akuttfunksjonane ved Volda sjukehus. Ein må unngå, under slikt tidspress og denne vinkling, å bli spelt ut mot kvarandre. Det bør forventast at det vert ivra for å finne midlertidige løysingar for ambulansen i eller nær sjukehuset som Arbeidstilsynet kan godkjenne, slik at vi får betre tid på dei store og prinsipielle spørsmåla.

Det er difor særst viktig at Volda og Ørsta kommunar er samde om at denne saka må takast i to steg: først ei midlertidig løysing for ambulansestasjonen i eller nær sjukehuset og så – i neste omgang – den beste totalløysinga for akutt helseberedskap i distrikta våre, herunder legevaktstasjon (ar) og omsynet til å ta i vare eit vel fungerande lokalsjukehus med gode akuttfunksjonar. Vi må unngå i hastverk å rive ned det som er vel utprøve og bygd opp over mange år. Det er støtte for at dette ikkje er i hastesak i ein uttale frå legane i Ørsta 10.05.2018 (vedlagt) der det mellom anna heiter: « Det har ikkje vore opplevingar der ambulansen har kome for seint fram til pasienten grunna lokalisasjon i Volda slik vi har sett det.»

Volda kommune sin viktigaste konklusjon er difor: å oppretthale ein integrert eller nærlokalisert ambulansesestasjon ved Volda sjukehus inntil framtidig legevakt, ambulansestructur og total helseberedskap i distrikta er avgjort

Saksopplysningar/fakta:

Bakgrunn

Samarbeidet mellom Volda sjukehus og omliggande kommunar/Sjustjerna helse og omsorg vedkomande legevakt, ambulanse og akuttmedisinske tenester/akuttmottak har i mange år vore eit føredøme på god samhandling. Det starta alt på 1990-talet med felles vaksentral for Volda og Ørsta kommune lokalisert til sjukehuset. Dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre har sidan 2003 hatt avtale om legevaktformidling og legevaktsentral ved akuttmottaket, der ambulansesestasjonen har vore lokalisert. I 2014 blei legevaktsavtalen utvida til å omfatte Nødnett helse og henvendingar på nasjonalt legevaktnummer 116 117. Avtale om felles nattlegevaktordning for 6 av dei 7 kommunane i «Sjustjerna helse og omsorg» ved akuttmottaket blei inngått 2008/2009.

Gjennom praktisk arbeidsdeling og bruk av felles ressursar i akuttmottaket har dette – etter kommunane si erfaring og vurdering - vore ein vinn-vinn situasjon for alle partar. Kommunane betalar for 5 årsverk sjukepleiar i akuttmottaket og tilfører legeressursar kvar

natt (kl 22-08). Dette har gjort det muleg å oppnå gode og trygge akutt-tenester for innbyggjarane og for kommunane. Og Helse MR har kunne drifte eit vel fungerande og fagleg sterkt akuttmttak i Volda sjukehus, av stor betydning for helseberedskapen på Søre Sunnmøre. Det er stor tryggleik for befolkninga når dei er antatt alvorleg sjuke at dei beveger i rett retning mot ein tryggleiksbase som eit vel fungareande sjukehus er.

Når legevakta er på eller nær ved sjukehuset kan vaktlegen få utført røntgen og laboratorietestar og få felles vurdering med sjukehusspesialist. Ein slepp ekstratransport til sjukehuset for dette. Ting kan avgjeast mykje tryggare der og då, og innlegging i sjukehus kan reduserast eller unngåast når sjukehuset sitt apparat blir brukt på rett måte. Dette er av stor betydning for pasientane og for pasienttryggleik.

Det er også ei kjennsgjerning at ved akutte problem vender mange pasientar seg direkte til sjukehuset. Så det er av stor verdi at personell i sjukehuset sitt akuttmttak då kan samhandle med den kommunale legevakta for vurdering av tilfellet og at dei også kan samhandle med ambulanspersonell både innanfor akuttmttaket og i samband med utrykning. Ambulanspersonell blir ein viktig personellressurs i dette fellesskapet og unngår fagleg einsemd.

Spørsmål frå kommunene om vidare utvikling av samarbeidet

Sjustjerna helse og omsorg har i 2017 utgreidd prosjektrapporten «Framtidig legevakt på Søre Sunnmøre» og det blei nedsett ei arbeidsgruppe. Det var lagt opp til at (sitat)

«Arbeidsgruppa skal gjennomføre samtaler/forhandlingar med Møre og Romsdal HF for å avklare kva for syn HF har på eit samarbeid med ei interkommunal legevakt. Samarbeidet kan omfatte ambulansetenesta og andre støttefunksjonar rundt legevaktordninga.

Arbeidsgruppa oppfattar seg som ei forhandlingsgruppe for å få brakt klarheit i om HMR vil ha ei samlokalisering/nærlokalisering mellom den interkommunale legevakta og sjukehuset i Volda. Når dette er brakt i klarheit vert sjølve legevaksaka, prosjektrapport «Framtidig legevakt på Søre Sunnmøre» handtert vidare av 7-stjerna helse og omsorg. Ordførar og rådmannsgruppa kan då ta innhaldet i prosjektrapporten opp igjen til drøfting»

Dette blei diskutert i møte med HMR den 03.11.2017 der det kom fram eit ønske om å få eit partssamansett utval for å arbeide vidare med samarbeidsmodellar for framtidige tenester.

Ordføraren i Volda etterlyste før jul 2017 på vegne av kommunane på Søre Sunnmøre den vidare framdrift og ba om eit møte med HMR. I februar 2018 ba kommuneoverlegen i Volda og Ørsta om sonderingar med HMR med tanke på ei mindre, felles legevakt for Volda og Ørsta på ettermiddagar og kveld/helg fram til nattlegevakta tek over ved eller i nærleiken av akuttmttaket. Dette for å imøtekomme nye og utvida krav heimla i «Akuttmedisinforskriften» og andre kvalitetskrav til legevaktene.

I mellomtida har HMR lagt fram og vedteke ei stor Utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal. I denne er det ei optimistisk Utbyggingsplan som også omfattar Volda sjukehus. For Volda sjukehus er der ulike utbyggingsalternativ med hovudvekt på nytt areal til sengepost (ar) og poliklinikk (ar) og ombygging/utviding av akuttmttaket. Vi i kommunane set stor pris på desse planane då dei gir positiv optimisme for Volda sjukehus. I samband med dette har vi sett muligheiter til å forsterke optimisme ved å vidareutvikle det gode samarbeidet, som er omtala ovanfor, gjennom å nærlokalisere fleire tenester. Herunder meiner vi det er høgst aktuelt å drøfte kommunal økonomisk medverkad i realisering av nye lokaler for legevakt- og ambulasesasjon, som både stettar kommunane og HMR sine behov og krav, både faglege og juridiske. Her kan ein vurdere ulike modellar, m.a ei muligheit der ein utgreier nærare om Volda kommune, som vertskommune skal stå som utbygger i nært

samarbeid med andre Sjustjernekommunane og HMR viss ein ønsker leigeavtale for ambulansestasjonen.

Tilbakemeldingar, rapportar og samanfattande oppsummering frå HMR

Det etterspurde møtet (sjå ovanfor) blei først halde hos HMR den 04. mai 2018 – les vedlagte brev. Direktøren beklaga at det, grunna tunge prosessar med utviklingsplanen, hadde teke så lang tid, og at dei vesentlege spørsmål kommunane har hatt, ikkje er blitt besvart før. Direktøren understreka også særst tydeleg at Arbeidstilsynet meiner at det ikkje er forsvarleg å drive ambulansestasjonen i noverande lokaler, som på kort varsel kunne bli stengde.

Før møtet var vi gjort kjent med at Helse Midt-Norge (HMN) gjennom Geodata har utarbeidd ein Beredskapsanalyse «Ambulansetjenesten i Midt- Norge» for å analysere dagens ambulansestructur, responstid og tilgjengelegheit opp mot antatt behov i 2030.

Geodata sitt oppdrag (kortversjon):

*«Plassér ambulansestasjonene innenfor responstidambefalingene slik at de samlet sett vil rekke ut til **flest mulig** hendelser med hastegrad «akutt» basert på antatt behov i 2030»*

Dette er ei strategisk tilvising (allokeringsanalyse) over her og no situasjonen og må ikkje forvekslast med ei «risiko og sårbarheitsanalyse» Den seier ikkje noko om eksterne konsekvensar, framskriving av nye vegsamband og kommunikasjonar, om fjellovergangar og stengte vegar, tunnellar osv.) Den er ikkje konsekvensutgreidd og kvalitetssikra til dømes med tanke på samarbeids- og samhandlingsfaktorar av største betydning for den totale helseberedskapen (sjå ovanfor). Korleis den skal brukast og fortolkast har ikkje vore sendt ut på høyring.

Geodata anbefaler ovanfor HMN at ambulansestasjonen i Volda blir flytta til Ørsta

Samanfattande oppsummering frå møtet 04.05.2018 i brevet frå HMR:

- Arbeidsmiljøforholda ved Volda ambulansestasjon er ikkje tilfredsstillande (arbeidstilsynet) – dette medfører at ein må gå ut for å skaffe nye lokaler som etterkjem arbeidsmiljø og funksjonskrav til ambulansestasjonar
- Ein vil så snart som mogeleg gå ut med eit anbod for å finne nye og eigna lokalar for dette, så nær målepunktet for mest likeverdig lokalisering for befolkninga (jfr. Beredskapsanalyse) - med opsjon (viss kommunane vil det) på framtidig samlokalisering av felles legevakt- og ambulansestasjon
- HMR kan ikkje på fagleg grunnlag planlegge ei integrert interkommunal legevakt og akuttmottak med dei nasjonale føringar som er gitt, og med dei erfaringar ein har gjort seg i eige føretak over tid.
- Bygningsmessig utviklingsplan som skal sikre Volda sjukehus sin funksjon og kapasitet i tida framover, opnar ikkje for investeringsmidlar eller areal vert nytta til legevakt og ambulansestasjon
- HMR vil be kommunane på Søre Sunnmøre, med utgangspunkt i Sjustjerna Helse og Omsorg, om innspel på plassering av ambulansestasjon, med ønske om framtidig samlokalisering med interkommunal legevakt, i eit område så nær det geografiske området (Målepunktet) som «Beredskapsanalyse for ambulansetjenesten i Midt-Norge» tilrår
- Frist for tilbakemelding frå kommunane/Sjustjerna helse og omsorg er 10. juni 2018

Vurdering og viktige punkt:

Det er kome to brev til kommunen i samband med opphøyring av skuledrift i lokalet. Det første brevet er frå Trygve Helset, datert 5. april 2016. I brevet frå Helset kjem han med eit bod på kjøp av skulebygget og ein eigedom på 500 m². Bodet er på kr. 100 000,-. I brevet argumenterer Helset med at han er næraste nabo og grunneigar av skuleplassen, delar av grunnen under skulebygget og omliggande område. Han meiner at kjøpet vil styrke eksisterande næringar som blir drive på gardsbruket 92/1, som igjen vil gi auka skatteinntekter til Volda kommune.

Det andre brevet kjem frå Bjørkedal grendalag, datert 14.11.2017. Grendalaget har etter nedlegginga av skulen, hatt ein munnleg avtale med kommunen om bruk av skulebygget og skuleområdet. Dette meiner dei er ein dyr og lite tilfredstillande avtale for dei, og dei ynskjer å vite vilkår for ei ev. overtaking. Grendalaget peikar vidare på at skuleplassen er den einaste plassen i bygda der det er lagt til rette for leik og idrett, og at plassen er viktig for å kunne vareta oppvekstvilkåra til born og unge. Dei ynskjer at bygda får disponere plassen, anten

som kommunal leikeplass eller leikeplass som bygda eig og har ansvar for. Grendalaget er meir usikker i samband med ei ev. overtakinga a sjølve skulebygget då dette er eit stort bygg som er dyrt i drift, men dei ynskjer å vite vilkåra for å kunne bestemme om dette er aktuelt.

I samband med vurdering av avhending, er det sett nærare på eigarforholdet på tomta der skuleplassen og skulebygget ligg. Tomta, som har gards- og bruksnummer 92/8 og ein størrelse på 2400 m², er i matrikkelen delt inn i to areal. Eit på ca. 1900 m² der skuleplassen og delar av bygget ligg, og eit på ca. 500 m² der resterande del av skulebygget ligg. Etter gamle rettsdokument finn ein at Volda kommune i 1956 kjøpet eit tilleggsareal på 1918 m². I dette dokumentet vert det omtalt noko som vert kalla «gamle tomta» på 503 m². Desse to areala samsvarer med størrelsen på dei to delane av tomt 92/8.

Administrasjonen har fått ei rettsleg vurdering av eigarforholdet på tomta som seier at det er uomtvisteleg at Volda kommune eig av den delen av tomta som er på 1918 m², samt skulebygget, men det er ikkje kome til ein konklusjon av rettsgrunnlaget for etablering av den opphavslege tomta på 503 m². Den rettslege vurderinga gir indikasjonar på at tomta er eigd av Volda kommune, men det føreligg ein viss prosessrisiko knytt til spørsmålet.

Vurdering og konklusjon:

I vurdering av avhending er det to areal som bør behandlast kvar for seg. Det eine arealet er skuletomta med leikeplassen, medan det andre er skulebygget og den delen av tomta bygget ligg på.

Skuleplassen med leikeområdet ligg innanfor dei 1918 m² som kommunen eig, og kommunen står dermed fritt til å bruke eller avhende denne delen av tomta. Administrasjonen vurderer det som viktig å sikre gode leike- og aktivitetsområde i området, og ynskjer difor å sikre at skuleplassen framleis kan nyttast som areal for leik og idrett for grenda.

Skulebygget ligg delvis inne på den delen av tomta der eigarforholdet ikkje er klart. For å kunne avhende bygget til ein tredje part, må kommunen ha ei avklaring på retten til grunnen. Dette kan anten gjerast ved å kome til einigheit med eigar av hovudbruket, eller ved å få ei rettsleg fastsetting av eigarforholda. Sidan eigar av hovudbruket har uttrykt vilje for å kjøpe skuletomta og bygget, er det også eit alternativ å vurdere ei avhending til han etter forhandling. Dersom ei slik forhandling ikkje skulle kome fram, bør ein gjere ei avveging av dei kommersielle interessene som ev. måtte ligg i saken (kor mykje skulen er verdt om ein skulle solgt den fritt), dei prosessøkonomiske interessene (risikoen og kostnadssida ved eit søksmål) og dei allmenne interesser (kva er skulen sin alternative nytting, som grendelagshus eller anna).

I brevet frå eigar av hovudbruket legg han inn eit bod på kjøp av skulebygget og eit område på 500 m². Det framstår i brevet som at han er av den oppfatning at han eig arealet på 1900 m² men ikkje arealet på 500 m², men dette er noko uklart og må avklarast vidare i ei ev. forhandling av kjøp.

Med bakgrunn i ovanstående utgreiing tilrår administrasjonen følgjande:

Det vert gjennomført forhandling med eigar av hovudbruket med tanke på avhending av skulebygget og den delen av tomta der dette står. Dette arealet vert skild frå eigedom 92/8.

Resterande areal av tomta, med skuleplassen, blir i kommunal eige, men grendalaget får disponere området fritt mot at dei held det ved like og tek vedlikehaldskostnadane.

Området der skulebygget ligg er i kommunedelplanen regulert til offentleg føremål, og det må søkast om dispensasjon ved anna bruk av arealet. Søknad om dispensasjon, bruksendring og ev. ombygging må ein ny eigar fremje på vanleg måte.

Helse og miljøkonsekvensar:

Skuleplassen og leikearealet kan framleis nyttast til leik og idrett for bebruarane i grenda.

Økonomiske konsekvensar:

Kommunen vil ikkje lenger ha kostnadar med drift av eigedomen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen konsekvensar

Rune Sjurgard
Rådmann

Kjell Magne Rindal
eigedomssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Bjørkedal grendalag v/Lars Kåre Kile
Trygve Helset

Trygve Helset
Nørdalsvegen 42.
6120 Folkestad

Volda Kommune
Stormyra 2.
6100 Volda

VOLDA KOMMUNE	
Saker Innrif	2016/576
Arv	Eig Fjeltn
7 APR 2016	
Arkivnr:	Emne 2
Klassering P:	614
Klassering S:	

BOD PÅ KJØP AV 92/8 BJØRKEDAL SKULE.

Når skuledrifta skal leggest ned frå hausten 2016, vil det ikkje lenger være behov for skulebygg i bygda.

Då eg er nærmaste nabo og grunneigar av skuleplassen, deler av grunnen under skulebygget og omliggande område, ser eg det naturleg å leggje inn eit bod på kjøp av skulebygget og eigendomen på 0,5 dekar.


Dette for å styrke eksisterande næringar som blir drive på gardsbruket 92/1, som igjen vil gi auka skatteinntekter til Volda kommune.

Etter undersøkelser på kva lignande skulebygg har blitt solgt for, legg eg med dette inn eit bod pålydande kr 100 000,- (Eithundretusen kroner).

Volda kommune vil då bli kvitt eit «problem», og løpande utgifter knytt til skulebygget vil opphøre.

Bjørkedal 5. april 2016.

Med vennlig helsing


Trygve Helset

BJØRKEDAL GRENDALAG

Organisasjonsnr.: 917 824 525
Bankkonto: 3992 06 31065
E-post: bj.grlag@gmail.com

Sakshandsamar: Direkte telefon:
Lars Kåre Kile 90823466
Dykkar referanse: Dato:
Skulesaka 14.11.2017

Volda kommune
Rådhuset
6100 Volda

Skulen og skuleområdet på Bjørkedalen

Volda kommune la ned Bjørkedal skule i 2004, og Bjørkedal Nærskule vart etablert som ein privatskule driven av foreldregruppa og andre eldsjeler i bygda. Nærskulen fekk bruke skulebygninga og skuleområdet vederlagsfritt mot å ta dei kostnadene som drifta medførte, inkludert vedlikehald og investering i tidhøveleg undervisningsutstyr.

I 2010 vart Bjørkedal barnehage etablert i skulebygninga på liknande vilkår. Også dette medførte naturleg nok investeringar og stor innsats frå folk i bygda.

Barnehagen måtte leggjast ned i 2014 på grunn av sviktande barnetal, og i 2016 vart elevtalet så lite at det ikkje lenger var forsvarleg å drive Bjørkedal Nærskule.

Dermed vart ansvaret for skulen og skuleområdet tilbakeført til Volda kommune frå 1. august 2016, i samsvar med vedtak i kommunestyret frå 2005.

Der står vi no, med eit skulebygg som er dyrt i drift og som krev snarleg vedlikehald om det ikkje skal forfalle, og ein skuleplass som gror igjen om det ikkje vert sett i verk tiltak for å forhindre det. Forfallet kjem fort når ting ikkje blir brukt, og vi kan berre spekulere på korleis det ville sett ut på skuleområdet no utan desse 12 åra med privat skule- og barnehagedrift.

Bjørkedal grendalag har det siste året hatt ein munnleg avtale med kommunen om bruk av skulebygget og skuleområdet. Dette er ein dyr og lite tilfredsstillande avtale for oss. For å kunne planlegge fornuftig bruk av fellesbygga i bygda må vi vite om det er aktuelt å overta skulen og/eller skuleplassen. Då må vi vite vilkåra for slik overtaking, og det hastar, slik at vi kan planlegge og kome i gang med naudsynt vedlikehald før det er for seint.

Bygdefolket har investert mykje i skulebygget og skuleområdet den tida Bjørkedal Nærskule og Bjørkedal barnehage har vore i drift. Skulesaka har vore drøfta på to årsmøte i grendalaget, og der var det klare forventningar om at bygda må få tilbod om å overta skulen og skuleområdet vederlagsfritt.

Skuleplassen er den einaste plassen i bygda der det er lagt til rette for leik og idrett. Det er stor semje om at den må bygda kunne disponere, anten som kommunal leikeplass eller leikeplass som bygda eig og har ansvar for. Dette er viktig for å kunne vareta oppvekstvilkåra til barn og unge.

Synet på skulebygninga er meir differensiert. Bygget er stort og dyrt i drift, kanskje større enn bygda har bruk for. Men det er viktig å få vilkåra for overtaking på bordet, slik at ein har grunnlag for å bestemme seg eller eventuelt be om forhandlingar. Det kostar litt å rive eit slikt bygg også.

For Bjørkedal grendalag

Lars Kåre Kile
-styreleiar-



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2018/901

Arkivkode: 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
76/18	Valnemnda Kommunestyret	31.05.2018

SIRIL BRATTEN - SØKNAD OM FRITAK FRÅ POLITITISKE VERV

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Siril Bratten får fritak frå vervet som vara i tenesteutval for oppvekst og kultur ut valperioden.*
- 2. Som ny 6. varamedlem i tenesteutval for oppvekst og kultur vert valt.*

Vedleggsliste:

Søknad om fritak frå politiske verv Siril Bratten, datert 26.04.2018.

Oversikt over medlemmer i tenesteutval for oppvekst og kultur.

Uprenta saksvedlegg:

Kommunelova

Saksopplysningar/fakta:

Siril Bratten har flytta frå Volda og søker dermed om fritak frå vervet sitt som 3. vara i tenesteutval for oppvekst og kultur.

Kommunelova seier følgjande:

§ 15. Uttreden. Suspensjon.

1. Den som taper valgbarheten til et folkevalgt organ i valgperioden, trer endelig ut av dette. Hvis tap av valgbarhet skyldes registrert utflytting fra kommunen eller fylkeskommunen for to år eller mindre, trer vedkommende ut av vervet for den tid utflyttingen varer.

§ 16. Opprykk og nyvalg.

2. Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmer inn i den nummerorden de er valgt.

Dersom Siril Bratten får fritak, rykker Eivind Indresøvde opp som ny 3. vara. Det nye varamedlemmet som blir valt, kjem inn som 6. vara, jf § 16 i kommunelova.

Suppleringsval skal skje frå den same gruppa som den som trer ut (jf kommunelova § 16 nr 3), i dette tilfellet gjeld det Senterpartiet, Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Venstre og Miljøpartiet dei Grøne si gruppe i forvaltningsstyret.

Når det skal veljast nytt varamedlem til dei ulike utvala, står det i kommunelova § 36 punkt 2:

Skal det velges to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert på den enkelte liste. Skal det velges fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to. Skal det velges seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre. Skal det velges ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og skal det velges flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare består av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg av arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal disse reglene følges så langt det er mulig. Når det gjelder representasjon av begge kjønn i styret i selskaper som er eid av kommuner og fylkeskommuner i fellesskap, vises til kapittel 12 A.

Dei same reglane gjeld for varamedlemer. Ver merksam på at kjønnsbalansen for varamedlemene skal bereknast separat frå dei ordinære medlemene av utvalet. Varalista for tenesteutval for oppvekst og kultur har, dersom Siril Bratte får fritak, 3 kvinner og 2 menn. Det skal soleis, i følgje kommunelova § 36 punkt 2, veljast ein mann som vara til utvalet.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at Siril Bratten får fritak frå vervet i tenesteutval for oppvekst og kultur.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Siril Bratten

Den som vert valt som varamedlem i tenesteutval for oppvekst og kultur

Servicekontoret – for vidare arbeid

Fra: Siril Bratten[siril_bratten@hotmail.com]
Sendt: 26.04.2018 06:47:56
Til: Postmottak Volda
Tittel: Fwd: Fritak frå verv

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: Siril Bratten <siril_bratten@hotmail.com>
Dato: 23. april 2018 kl. 11:36:50 CEST
Til: "postmottak@voldakommune.no" <postmottak@voldakommune.no>
Emne: **Fwd: Fritak frå verv**

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: siril_bratten@hotmail.com
Dato: 23. april 2018 kl. 11:19:29 CEST
Til: post@volda.kommune.no
Emne: **Fritak frå verv**

Eg vil i denne søknaden søkje om å få fritak frå vervet mitt i oppvekst og kultur utvalet i Volda kommune. Eg vil søkje dette fordi eg har flytta og har ikkje moglegheit for å møte til møte.

Vennleg helsing Siril Bratten.

TOK Tenesteutval oppvekst og kultur i Volda kommune 2017-2019					
Tlf.privat	Tlf.Arbeid	Representantar	Vararepresentantar	Tlf.privat	Tlf.Arbeid
		SP, AP,SV OG MDG			
		Rebekka Riise Bjerknes leiar (SP)	1. Idar André Flo V		
		Uthman Abu Harbid (AP)	2. Anne Lise Fredly AP		
		Alf Jakobsen	3. Siril Bratten SP		
		Inghild Remøy	4. Eivind Indresøvde		
			5. Janne Heggvoll SV		
			6. Henriette Hafsås Tsakos, MDG		
			7.		
		KRF			
		Henning Holsvik	1. Erlend Krumsvik		
			2. Margaret Theresa R. Kornberg		
		FRP			
		Edvin Dale	1. Eiliv Halkjelsvik		
			2. Jenny Venås		
		H			
		Per Svein Krøvel	1. Odd Martin Velsvik		
			2. Elisabeth Velle		

PS 77/18 Orienteringssaker



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

NOTAT

Til: Ordfører Jørgen Amdam
Kommunestyret

Sak: Samansetjing av fellesnemnda

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd / Sakshandsamar	Dato
2018/1065	7062/2018	033	SVK/INGJOH	23.05.2018

SAMANSETJING AV FELLESNEMNDA

Fellesnemnda for Nye Volda kommune er sett saman av fem kommunestyrerepresentantar frå Hornindal kommune og fem frå Volda kommune, vald av kommunestyra i dei to kommunane.

Kommunestyregruppene for Volda Kristeleg Folkeparti, Volda Høgre og Volda Framstegsparti stiller spørsmål ved om val av nytt medlem til Fellesnemnda (KST sak 66/18) er i samsvar med inndelingsloven, i og med at den partimessige fordelinga ikkje er vektlagt ved val av ny representant. Etter vedtaket i KST sak 66/18 har Senterpartiet totalt fire av 10 representantar i fellesnemnda (to frå Volda og to frå Hornindal).

Kommunestyregruppene for KrF, H og FrP viser til § 26 i inndelingslova der det at «Nemnda bør spegle av innbyggjartalet i dei enkelte kommunane eller fylkeskommunane...», og hevder at «det må kunne reisast sterk tvil om 40 % Senterparti-representasjon speglar innbyggjartalet i Volda (eller Nye Volda)».

Helge Mogstad hos fylkesmannen i Møre og Romsdal har i telefonsamtale i dag stadfesta inndelingslova refererer til *innbyggjartal* og ikkje den *partimessige* fordelinga av representantar i fellesnemnda. Det er fleirtalet i kommunestyret som avgjer kven som blir valt som Volda sine representantar i fellesnemnda. Vedtaket i KST sak 66/18 er såleis gyldig.

Dersom fleirtalet i kommunestyret ønsker å handsame saka på nytt, må saka først handsamast av valnemnda før den går vidare til kommunestyret for endeleg avgjerd.

Rune Sjugard
rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Ordførar Jørgen Amdam

Rådhuset i Volda

Volda den 22. april 2018

KRAV OM AT SPØRSMÅLET KVEN SOM SKAL GÅ INN SOM NYTT MEDLEM I FELLESNEMNDA FRÅ VOLDA ETTER FRIDE SORTEHAUG, VERT LAGT FRAM FOR KOMMUNESTYRET 31. MAI 2018. TIL NY HANDSAMING

Vi viser til sak PS 66/18 «Val av nye medlemmer i Fride Sortehaug sine verv i nemnder og utval», den 26.04.2018.

Før kommunestyret handsama saka, hadde Valnemnda fremma innstilling på kven som skulle gå inn i dei ulike nemnder/utval. – Under kommunestyret si handsaming av saka – etter at ny varaordførar var valt, greip dirigentbordet (avtroppande varaordførar og ordførar) inn og kravde at Valnemnda måtte møtast på nytt i det varaordførarvalet hadde gjort dette «nødvendig».

Det vi vil hevde er at det som då skjedde med omsyn til val av NYTT MEDLEM I FELLESNEMNDA ikkje er i samsvar med det Inndelingslova §26 seier om korleis denne nemnda bør vere samansett. Vi refererer frå denne paragrafen: ***Ved samanslåing av kommuner og fylkeskommuner og ved deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b skal det opprettast ei fellesnemnd til å samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga eller delinga. Nemnda bør spegle av innbyggjartalet i dei enkelte kommunane eller fylkeskommunane.....*** .

Ikkje i nokon av dei 2 møta Valnemnda hadde i samband med val av representant til Fellesnemnda etter Sortehaug, var dette «lovkravet» i §26 i Inndelingslova nemnt – noko det så absolutt skulle ha vore. Det var heller ikkje nemnt av ordføraren under handsaminga av saka i kommunestyremøtet.

Status etter valet som vart gjort, er at av Volda's 5 medlemmer i Fellesnemnda kjem no 2 medlemmer frå Volda Senterparti – dvs. 40% av medlemene.

Vi vil vidare nemne at av Hornindal sine 5 medlemmer i Fellesnemnda har Senterpartiet der også 2 medlemmer. Senterpartiet har såleis samla i FELLESNEMNDA for Nye Volda, 40% av utvalsmedlemene (4 medlemmer av 10).

Vi vil hevde at det må kunne reisast sterk tvil om 40% Senterparti-representasjon «speglar innbyggjartalet i Volda (eller Nye Volda)».

Etter valet av ny varaordførar, vil vi nok antyde at «møteleiinga tidvis vart noko andsleis enn vanleg».

Ordføraren og avtroppande varaordførar argumenterte for at den nye varaordføraren bør sitje i Fellesnemnda. Vi vil ikkje setje fram krav om korkje det eine eller andre her, men respekterer ordføraren sitt framsette synspunkt. Dette får Valnemnda/Kommunestyret avgjere – men vi viser til at dette vil kunne vere praktisk mogeleg ved at den nye varaordføraren tek Senterpartiet sin eine plass i nemnda. Vi vil her ikkje unnlate å nemne at Volda Høgre er den einaste kommunestyregruppa i Volda med 3 faste medlemmer i Volda kommunestyre, som ikkje har fast representant i Fellesnemnda. – ***Når det er sær s VIKTIG at kommunestyret handsamar denne saka på nytt, så er det m.a. avdi FELLESNEMNDA vil ha funksjon og ansvar som «kommunestyre for Nye Volda» heilt***

fram til «det nye kommunestyret i Nye Volda er konstituert og i arbeid». Det er såleis VIKTIG at Fellesnemnda «speglar innbyggjarane best mogeleg».

Vi tykkjer ellers det er verdt å nemne overfor ordføraren at då vi opprinneleg i Volda valde medlemmer til Fellesnemnda, så drøfta vi oss fram til eit «avtaleval gjennomført som høvetalsval».

Vi krev no med heimel i §32 i kommunelova at denne saka vert sett på saklista til kommunestyremøtet den 31. mai 2018. Kommunestyregruppene til KrF, H og FrP har i alt 13 av 27 representantar i Volda kommunestyre.

Med helsing frå

Volda Kristeleg Folkeparti – kommunestyregruppa – Margrete Bjerkvik, gruppeleiar

(sign.)

Volda Høgre – kommunestyregruppa - Dan Bjørneset, gruppeleiar

(sign.)

Volda Framstegsparti – kommunestyregruppa – Odd A. Folkestad

(sign.)



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik Arkivsak nr.: 2014/739
Arkivkode: 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
3/18	Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne	07.05.2018
29/18	Kommunestyret	31.05.2018

ÅRSMELDING 2017 FOR RÅD FOR LIKESTILLING AV MENNESKE MED Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne - 07.05.2018:

Årsmelding 2017 for Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert teken til vitende.

NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Administrasjonen si tilråding:

Årsmelding 2017 for Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne vert teken til vitende.

Samansetjing:

Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne har fem medlemmer, med varamedlemmer, og er oppnemnd av kommunestyret og dei funksjonshemma sine interesseorganisasjonar for perioden 2015-2019.

Leiar: Sølvi Dimmen - SP
Nestleiar: Kari Gamlem – Norsk revmatikarforbund
Medlemmer: Reidar Haug - AP
Solfrid Nautvik – Ørsta/Volda Handikaplang
Stein Conradsen – ADHD Volda Norge

Vara: Janette Mikalsen – Norsk foreining for utviklingshemma
Sveinung Dale – Volda/Ørsta HLF
Reidun Åslid Bjørlykke – LPP Volda/Ørsta Landsforreninga for pårørande innan psykisk helse

Asbjørn Vollset – Astma og allergi Volda/Ørsta
Anne-Grete Eiken – AP
Ester Kessebom Lien – Krf
Arne Oddmund Torvik - Frp

Arbeidsområde:

Rådet skal drøfte saker som er viktige for funksjonshemma og kome med uttale til aktuelle saker som er under arbeid i kommunen.

Aktivitet:

Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne hadde fem møte og handsama seks politiske saker og hadde oppe 12 orienteringssaker.

Fylgjande saker vart handsama av Kommunalt råd for funksjonshemma i 2017:

Møte 20.02.2017

Politiske saker:

Årsmelding for Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne 2016.

Orienterings- og drøftingssaker:

- Orientering om konferanse for kommunale råd for likestilling av funksjonshemma:
 - Orientering om TT-ordninga
 - Rådsarbeid
 - Tilrettelegging i praksis
 - Frihet til å leve
 - Våg å Leve! Et liv utan grenser?
- Sentrumsprosjektet Mellom bygningane

Møte 13.03.2017:

Politiske saker:

- PPT- avtale om regionalt samarbeid

Møte 08.05.2017:

Politiske saker:

- Høyring - "En mer effektiv og fremtidsrettet hjelpemiddelformidling"

Orienterings- og drøftingssaker:

- Konst. ass. helse- og omsorgssjef Ingunn Gjengedal og leiar for butenestene Oddbjørg Langøyr orienterte om helse- og omsorgssektoren og tenesta for funksjonshemma.
- Eigedomssjef Kjell Magne Rindal orienterte om tilrettelegging for høyrselshemma i kommunale bygg.

- Tilrettelegging for rullestolbrukarar ved Volda kyrkje. Kyrkjeverje Jostein Stråbø orienterte om planar for området rundt Volda kyrkje.
- Nav - Informasjon til våre samarbeidspartar
- Årsmelding for Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne 2016
- Melding om politisk vedtak, plangodkjenning - PBL §12-12 . Reguleringsplan turveg Rotevatnet.
- Pasient- og brukarombudet i Møre og Romsdal - Årsmelding 2016

Møte 25.09.2017:

Møtet vart avlyst fordi rådet ikkje var vedtaksføre.

Møte 20.11.2017:

Politiske saker:

- Årsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021
- Møteplan for politiske møte
- Universell utforming - Volda legesenter

Orienterings- og drøftingssaker:

- Informasjon om akutt-tilbod psykisk helsevern for born
- KS - Universell utforming - tips ved befaring av publikumsbygg og opparbeidet uteareal
- Prosjektrapport - Framtidig legevakt på Søre Sunnmøre

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom , Volda rådhus
Dato: 15.05.2018
Tid: 13.00 – 14.10

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ronald Hagen	Leiar	
Solfrid Førde	Nestleiar	
Jørgen Holte	Medlem	
Ragnhild Folkestad	Medlem	
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	
Torill Rødven Eide	Medlem	
Inge Alexander Bruheim	Medlem	

Faste medlemer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
------	----------

Vara som møtte:

Namn

Frå Vest Kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon møte:

Namn	Stilling
------	----------

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann I sak 23
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef I sak 23

SAKLISTE

- SAK 18/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 19/18 GODKJENNING AV MØTE PROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 20/18 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2018
- SAK 21/18 MELDINGAR
- SAK 22/18 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2017
- SAK 23/18 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2017

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
18/18	033	02.05.2018	15.05.2018	IBM

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Torill Rødven Eide.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
19/18	049	02.05.2018	15.05.2018	IBM

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 12.03.2018.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 12.03.2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
20/18	033&58	03.05.2018	15.05.2018	IBM

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2018

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ikkje merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Volda kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på www.vor.no.

Møteprotokollar til gjennomgang

Kommunestyret	01.03	14.03	22.03	26.04
Formannskapet	27.02	13.03	04.04	17.04 08.05
Forvaltningsutvalet	06.03	10.04		
Ungdomsrådet	14.02	21.03	18.04	
VØR styret	31.01	03.04		
Fellesnemnd for nye Volda kommune	22.02	19.04	07.05	
Tenesteutval for oppvekst og kultur	07.03	11.04		
Tenesteutval for helse og omsorg	15.03	12.04		

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
21/18	033&17	02.05.2018	15.05.2018	IBM

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.
2. Med gitt og tilført informasjon finn ikkje kontrollutvalet grunnlag for å gå vidare med kontrollutvalssak 17/18.

Vedlegg

1. Protokoll frå fellesmøte med kontrollutvalet Hornindal 12.03.2018
2. Melding om vedtak – Årsmelding for kontrollutvalet 2017
3. Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS – Openheitsrapport 2017
4. Tilbakemelding frå rådmannen - Kontrollutvalssak 17-18 Orienteringar frå rådmannen

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
22/18	216	04.05.2018	15.05.2018	IBM

REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2017

Samrøystes vedtak

Ut frå dei opplysningane som ligg føre har kontrollutvalet ingen merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2017.

Vedlegg

Rapportar frå revisjonen B- dokument. Motteke 04.05.2018. **(Unnateke off. innsyn, jf. Offl. § 24, 1 lekk).**

Saksopplysningar

Denne saka er todelt. Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort. Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen vert gjort merksam på ein del tilhøve som det kan vere noko mangel på og/eller kan gjerast betre.

I Kommunelova § 77 nr 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet si oppgave er utdjupa i kontrollutvalsforskrifta § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt påsjå-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året i møtet.

Under finn ein kva som er/vil bli gjort i høve til anbefalingane i vegleiaren:

(RF = Forskrift om revisjon og KF = Forskrift om kontrollutval)

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor RF § 11
Krava her er følgt opp.
2. Krav tilandel for oppdragsansvarleg RF § 12
Revisor har ikkje meldt noko uregelmessig.
3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit. RF § 15
Revisor har levert skriftleg eigenvurdering for 2017.
4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet. RF § 13 og § 14.
*Så langt vi har kjennskap til revisor er ho uavhengig.
Revisor skal vurdere sin uavhengigheit fortløpande.*
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald
*Kontrollutvalet sin kunnskap om kva revisjonsarbeidet omfattar er gjennom erfaring med revisjonen, skriftlege og munnlege orienteringar frå revisjonen og forbundsbasert kontroll på revisjonseininga frå Norges kommunerevisorforbund. Siste forbundsbasert kontroll var i 2016 – og resultatet vart formidla til kontrollutvalet som melding.
I tillegg ligg det føre, jf. vedlegg -dokument frå revisjonen.
Dette dokumentet er omfattande og detaljert, og omhandlar revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for 2017 rekneskapen.
Dokumentet gir kontrollutvalet ei grei oversikt og innsikt i arbeidet revisjonen har gjort. Dokumentet sitt detaljnivå gjer at det er unnateke offentleg innsyn og vil berre vere tilgjengeleg for kontrollutvalet i samband med deira påsjå-ansvar overfor revisjonen.
Frå oppsummeringa:
Kommunen har gode rutinar på vesentlege områder, som i all hovudsak vert følgt.
Leiinga er oppteken av at lover og reglar skal fylgjast, og økonomiavdelinga har god kompetanse for å sikre kvaliteten på rekneskapen. Kommunen brukar no fleire forsystem som gjer at økonomiavdelinga mister oversikta på detaljar (kjem som filoverføring til Agresso) som går på lover og reglar, og det er då spesielt viktig at brukarane av forsystem har kompetanse på dette.
Det er avdekka enkelte manglar vedkomande internkontroll, men revisjonen si vurdering er at desse ikkje medverkar til vesentlege feil i rekneskapen. Forholda er heller ikkje så vesentlege eller av ein slik art at vi har funne det nødvendig å sende nummerert brev.*
6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet
Gjeldande lov og forskrifter har vorte lagt til grunn. Avtale er inngått, og gjeld frå 01.01.2015.
7. Revisjonsstrategi/planlegging.
Revisor har utarbeida revisjonsplanlegging for 2017. Denne var til behandling/orientering i kontrollutvals sak 33/17.
8. Nummerert brev. RF § 4
Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev i 2017.
9. Mislegheiter. RF § 3, RF § 4, KF § 8
Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om direkte mislegheiter i 2017.
10. Revisjonsmeldinga. RF § 5
Revisjonsmelding ligg føre. Den er datert 27.04.2018.
11. Revisor sin møteplikt og møterett. RF § 19, KF § 19.
Revisor har følgt sin møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.
12. Revisor sin opplysningsplikt. RF § 20.
Det er ikkje grunn til å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
23/18	212	03.05.2018	15.05.2018	JS

KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2017

Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2017 datert 27.04.2018.
2. Kontrollutvalet meiner at Volda kommune sitt årsrekneskap som viser kr 523.331.749 til fordeling drift, eit positivt netto driftsresultat på kr 43.607.332 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 41.399.712, som er sett saman av balanse per 31.12.17, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter, notar medreknasamandrag og viktige rekneskapsprinsipp, kan godkjennast.
3. Kontrollutvalet støttar rådmannen sitt forslag til disponering av året sitt rekneskapsmessige resultat: «Årets rekneskapsmessige resultat på 41,4 mill kr vert sett av til disposisjonsfond. 12 mill kr av desse vert «øyremerka» rentereguleringsfond»

Vedlegg:

- Rekneskap 2017 med revisjonsmelding.
- Årsmelding 2017

Saksopplysningar

Det vert vist til dei vedlagde dokumenta: Revisjonsmelding, rekneskap og årsmelding for 2017.

Driftsrekneskapen viser kr 523.331.749 til fordeling drift. (kr 485.821.348 i 2016)

Det kjem fram at rekneskapen av avslutta med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 41.399.712 (Kr 21.489.982 i 2016).

Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2017 dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer flg. om andre lovmessige krav:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak og årsrekneskapen er i rimeleg samsvar med regulert budsjett, men viser avvik på enkelte rammeområder. Avvik er gjort greie for i årsmeldinga.
- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

Rekneskapen

Rekneskapen er oversiktleg og inneheld dei obligatoriske skjema.

Innhaldslista finn ein på side 2.

Notane «1 til 15» gir veldig gode forklaringar/informasjon og bør lesast. Ein viser elles til rekneskapsdokumentet.

Årsmeldinga

1. Rådmannen sine kommentarar – informativ informasjon kjem fram
2. Sektorane
3. Kommunen sin økonomiske situasjon – viktig informasjon til kontrollutvalet i samband med uttale til rekneskapen. Rådmannen kjem med framlegg om at året sitt rekneskapsmessige resultat på kr 41,4 mill kr vert sett av til disposisjonsfond. 12 mill. kr av desse vert øyremerka til rentereguleringsfond.
4. Personalpolitikk
5. Beredskap
6. Vedlegg

Etter kommunelova § 48 nr 5 skal det årsmeldinga opplysast om tilhøve som er viktige for å bedømme kommunen si økonomiske stilling og resultatet for verksemda som ikkje går fram av årsrekneskapen, samt andre tilhøve av vesentleg betydning for kommunen. Dette er i stor grad følgt opp. Det er og eit krav at det i årsrapporten skal gjerast greie for tiltak som er sett i verk og planlagde tiltak for å sikre høg etisk standard for verksemda. Dette er og kommentert under kvar sektor.

Årsmeldinga er enkel, lettlest og oversiktleg.

Ein viser elles til årsmeldingsdokumentet.

Avslutning

Då det i revisjonsmeldinga ikkje kjem fram noko atterhald eller presisering, årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift, gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2017 og resultatet for rekneskapsåret er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, har ein ingen merknad til det framlagde rekneskap for 2017.

I møtet

Rådmann og økonomisjef orienterte og svara på spørsmål.

Møtet slutt.

Ronald Hagen
Leiar

Torill Rødven Eide
Medlem

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte

Fra: Ida Birgitte Marholm[ida.birgitte.marholm@vestkontroll.no]

Sendt: 15.05.2018 14:32:23

Til: Postmottak Volda

Kopi: Rune Sjurgard; Jørgen Amdam

Tittel: VO 04-18 Protokoll frå kontrollutvalsmøte 15.05.2018

Hei

Oversending for behandling, skal som melding til kommunestyret.

Med helsing

logo



Ida Birgitte Marholm

Konsulent

Tlf: 700 30 445/41 47 62 12

ida@vestkontroll.no

Grunngjeve spørsmål - interpellasjon

FO 7/18 Interpellasjon - Handlingsplan for plastforsøpling

Interpellasjon til ordføreren i Volda kommune

Plast held på å bli eitt av dei største miljøproblema våre. Vi fyller havet med små og store plastbitar; eit aukande problem både for dyrelivet og oss sjølve. Kvart år hamnar over 8 mill tonn søppel i havet. Mellom 70 og 80 prosent av dette er plast, og problemet er at den ikkje forsvinn. Ein altfor liten del av plastemballasjen vert gjenbrukt, resirkulert eller brukt til energigjenvinning. Viss ikkje vi endrar måten vi handterer plast på, vil det i 2050 vere meir plast enn fisk i havet. Plasten kan innehalde helse- og miljøfarlege stoff. Den finst no i alle ledd i næringskjeda, og kan til slutt ende på middagsbordet vårt. Plast er dessutan i stor grad laga av fossil olje, og det er difor også bra for arbeidet mot klimaendringar å redusere produksjon og unødvendig bruk av ny fossil plast.

Nokre av kjeldene til mikroplast er slitasje av bildekk, måling og vedlikehald av båtar, måling og vedlikehald av bygg og vegar, granulat frå kunstgrasbanar, vask av tekstilar og anna som hamnar i avløpssystemet og plastavfall kasta i naturen.

Sjølv om dette er eit globalt problem som krev globale løysingar, er det mykje vi kan gjere på kommunalt nivå. Mange privatpersonar ynskjer å gjere ein innsats for å rydde plast og anna avfall på avvegar, og dei ynskjer å vere miljøbevisste forbrukarar. Då er det viktig at kommunen legg til rette!

Vil ordføreren ta initiativ til at kommunen lagar ein eigen handlingsplan mot plastforsøpling?

Moglege tiltak i ein slik handlingsplan kan vere:

- at det finst gode, rimelege innsamlingsordningar som sikrar at mest mogleg plast vert samla inn, sortert og sendt til materialgjenvinning eller energiutnytting
- å ta tak i ulovleg forsøpling lokalt, gjerne i samarbeid med næringsliv og bransjeorganisasjonar
- at alle hamner, både private og kommunale, får på plass godkjend avfallsplan innan utgangen av 2018
- å etablere godkjende vedlikehaldsplassar for båtar, der avrenning, kjemikalier og plast vert samla opp og rensa. Samarbeid om felles mobile spylematter for brukarane i kommunen er ei god løysing.
- byte ut eventuelt gummigranulat på kunstgrasbanar når alternativa føreligg; i mellomtida innføre rutinar for oppsamling av gummigranulat som er på veg vekk frå banen, bl.a. ved å montere oppfangingssilar i kummar ved banen
- innføre gode ordningar for vask av vegar for å hindre avrenning av mikroplast, og få utgreidd om det finst renseløysingar som kan fange opp den opp
- sjekke om det kommunale avløpssystemet er godt nok til å fange opp mikroplast, ev foreslå oppgradering til bruk av best tilgjengelege teknologi for filtrering av mikroplast i avløpsanlegg
- sikre at kommunen søker tilskotsordningar for tiltak mot mikroplast og marin forsøpling <https://holdnorerent.no/2018/01/midler-til-tiltak-mot-marin-forsopling/>
- setje av midlar i kommunebudsjettet til plastrydding, og invitere til samarbeid med skular, barnehagar og frivillige organisasjonar
- samarbeide med landbruksnæringa om innsamling av landbruksplast, og fiskerinæringa om innsamling av plast frå havet
- betre kollektivtilbod og fleire trygge gang- og sykkelvegar for å redusere unødig bilkøyring

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber om å få lagt fram ein enkel handlingsplan mot plastforsøpling innan utgangen av 2018.

SV v/ gruppeleiar Gunnar Strøm

Svar på interpellasjon frå SV v/gruppeleiar Gunnar Strøm

Grunnar Strøm tek opp tema plastforsøpling i interpellasjonen og stiller spørsmålet: «Vil ordføraren ta initiativ til at kommunen lagar ein eigen handlingsplan mot plastforsøpling?» Interpellasjonen inneheld også fylgjande framlegg til vedtak: «Kommunestyret ber om å få lagt fram ein enkel handlingsplan mot plastforsøpling innan utgangen av 2018.»

Volda kommune har i dag inga handlingsplan mot plastforsøpling. I kommuneplanen sin samfunnsdel er heller ikkje plastforsøpling nemnd spesielt, men vi har mellom andre fylgjande mål og strategiar knytt til attvinning og avfall:

MÅL:

Volda kommune skal arbeide for auka attvinning og avfall frå hushald og næringsliv skal ikkje auke meir enn snittet for landet.

STRATEGIAR:

- Satse på haldningsskapande arbeid og god opplæring i alle barnehagar og skular.
- Tilby gode og lett tilgjengelege sorterings- og innsamlingsmoglegheiter.
- Gi god informasjon til innbyggjarar om renovasjonsordninga i kommunen.
- Vidareutvikle kommunens renovasjonsteneste for å sikre miljømessig og økonomisk forsvarleg oppsamling, transport, attvinning og slutthandsaming av avfall.
- Satse på større attvinning frå kommunale verksemdar.

Administrasjonen planlegg å starte opp rullering av handlingsdelen knytt til klima og miljø hausten 2018. Administrasjonen ynskjer ikkje å ha ei eiga handlingsplan mot plastforsøpling, men vil heller at dette takast inn som eit av fleire tema i handlingsplanen for klima og miljø. Grunna arbeidskapasitet ynskjer administrasjonen også at fristen for å ha ferdig handlingsplanen kan settast til «før sommaren 2019».

Administrasjonen takkar for framlegg til konkrete tiltak nemnd i interpellasjonen. Desse vil takast med i vidare arbeid. Administrasjonen ynskjer også å peike på at oppfylging av ein slik handlingsplan krev at det settast av tid og ressursar til gjennomføring.

PS 78/18 Delegererte saker frå avdelingane

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 78/18 Igangsettingsløyve Gbr 10/27

DS 79/18 Løyve til endring Gbr 11/49

DS 80/18 Løyve til endring og igangsetting Gbr 17/240

DS 81/18 Ferdigattest, Kusymrevegen 1 og 3 Gbr 17/180

DS 82/18 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 17/204

DS 83/18 Igangsettingsløyve, riving av bustad Gbr 18/50

DS 84/18 Ferdigattest, Halkjelsgata 26 Gbr 19/518

DS 85/18 Løyve til tiltak, påbygg/ark Gbr 19/527

DS 86/18 Ferdigattest, garasje med bueining Gbr 19/93

DS 87/18 Løyve til tiltak, garasje Gbr 19/858

DS 88/18 Mellombels bruksløyve , turveg Gbr 29/46

DS 89/18 Ferdigattest, Mellombels bygning Gbr 30/196

DS 90/18 Ferdigattest, skinnvik bru Gbr 72/1

DS 91/18 Løyve til endring. garasje gbr 80/8

DS 92/18 Ferdigattest, tilbygg Gbr 103/2

DS 93/18 Løyve til tiltak, bustad og garasje Gbr 146/44

DS 94/18 Ferdigattest Gbr 103/2